

PROSJEKT

SFJ 2019

SAMLEDOKUMENT FOR UTGREIINGANE
30.04.2015

INNHALDSOVERSYN/brukarrettleiing:

PDF-dokumentet er bygd opp på same måte som budsjettokumentet. Du navigerer i dokumentet ved å ta fram bokmerka på venstre side av dokumentet. Du får då fram lista under, og kan «klikke» på aktuell utgreiing.



Ver merksam på at det på dei utgreiingane som har ein  framfor bokmerket, ligg fleire tilhøyrande dokument. Desse får du fram ved å klikke på det aktuelle + teiknet.

-   #01: Arbeidslivskontaktressurs ved dei vidaregåande skulane -saksframlegg HO
-   #02: Oppfølgingstenesta
 -  #04: Lærarressurs, som del av open skule - samandrag og rapport i eitt
-   #05: Dei økonomiske rammene for drift av dei vidaregåande skulane - Rapport
 -  #06: Innsparingspotensiale skule- og tilbodsstruktur - rapport
 -  #08: Innføringsgrupper for minoritetsspråklege - rapport
 -  #15: Gratis læremiddel og elev-PC ordninga - rapport
 -  #16: Læringsamlingar - samandrag og rapport i eitt
 -  #18: Instruktør opplæring samandrag
 -  #19: Drift av landslinetilbod yrkessjåfør Sogndal vidaregåande skule - rapport
-   #20: Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane - rapport frå fagskulestyret
 -  #21: Karriererettleiing - rapport
 -  #22: Utgreiingsarbeid for tannhelsetenesta Fase 1_
 -  #24: Frivillige organisasjonar_Utgreiing
 -  #25/60: Regionalt plan og utviklingsarbeid_Utgreiing
 -  #29: Energi, industri og landbruk
 -  #30: Innovasjon Norge
 -  #31: Kommunale næringsfond
 -  #32: Kunnskap
 -  #34: Reiseliv
 -  #35: Sjømatnæringane
 -  #36: Kommunikasjonsteknologi
 -  #37: Samla vurdering næring
 -  #38: Kollektiv - Bilruter
 -  #39: Kollektiv - Båt
 -  #40: Kollektiv - ungdomstilbodet
 -  #41: Kollektiv - Ferje
 -  #42: Kollektiv - Takst
 -  #43: Kollektiv - Terminalar
 -  #44: Veg - FTU-midlar
-   #46: Veg - Vinterdrift av fylkesveg
 -  #47: Kulturarv
 -  #48: Frivillig sektor
-   #49: Kunstproduksjon
-   #50: Kulturformidling
 -  #52: Internasjonalt arbeid
 -  #59: Klima- og miljøarbeid

Saksbehandlar: Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 15/2745-1

Arbeidslivskontakt ved dei vidaregåande skulane.

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Ressurs til arbeidslivskontakt vert vidareført på skular med yrkesfaglege utdanningsprogram.
2. Ressurs til arbeidslivskontakt vert tildelt skulane ut frå tal yrkesfaglege utdanningsprogram. Kvart utdanningsprogram utløyser 10 % ressurs, likevel slik at minimumsressurs pr. skule vert 20%.
3. Eventuell endring i ressursramma til arbeidslivskontakt i samband med økonomiplanarbeidet, vert innarbeidd med lik ressurs pr. yrkesfagleg utdanningsprogram slik det er lagt til grunn i punkt 2 over.

Vedlegg: 1

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Til møtet i hovudutvalet i oktober, HO-sak 26/14- Budsjett 2015 og økonomiplan 2017-2019 – målekart 2015, og utgreiingsområdet for tilpassing til økonomiske rammes på lang sikt (2017-2019) gjorde fylkesdirektøren ei vurdering av at det (punkt 2.2):

- *truleg vil vere tenleg å endre organiseringa av nokre tenester for å utnytte ressursane best mogleg og eventuelt også kunne redusere ressursbruken noko i løpet av planperioden. Fylkesdirektøren ser det som vesentleg at eventuell ny organisering er på plass før ressursramma eventuelt kan reduserast og meiner at endringane i organisering bør gjerast uavhengig av potensialet for å kunne ta ut innsparing. Kva endringar som eventuelt bør gjerast er enno ikkje tilstrekkeleg utgreidd.*

Fylkestinget gjorde i budsjettsaka, punkt 3, (FT-sak 50/14) slikt vedtak:

Hovudutval for opplæring får fullmakt til å vedta og gjennomføre eventuelle organisatoriske endringar innanfor dei økonomiske rammene for følgjande tenester, med verknad frå hausten 2015:

- a. Arbeidslivskontakt
- b. Oppfølgingstenesta
- c. Systemansvarleg IKT/e-pedagog
- d. Karriererettleiing

I samband med det administrative arbeidet knytt til tilpassing til økonomiske rammer -Prosjekt SFj2019 -fekk sektorane i oppdrag å identifisere utgreiingsområde som grunnlag for å definere innsparingspotensiale i eigen sektor. Arbeidslivskontaktressursen er definert som eitt av i alt 21 utgreiingsområde i sektoren.

Finansutvalet godkjente utgreiingsoppdraga i møte 28.1.15, sak 1/15- Økonomiplan 2017-19 Arbeidsdokument 1/15.

I utgreiingsoppdraget står det at fylkesdirektøren for opplæring skal kartlegge og vurdere omorganisering og eit mogleg innsparingskrav knytt til arbeidslivskontaktressursen på dei vidaregåande skulane. Oppdraget er todelt. Sak om framtidig organisering av arbeidslivskontaktressursen skal handsamast av hovudutval for opplæring i mars, medan sak om innsparing skal innarbeidast som ein del av økonomiplanen for 2016 -2019, og leggst fram for fylkestinget i juni. Hovudutvalet for opplæring har fullmakt til å gjere vedtak om organisering av arbeidslivskontaktressursen. Saksutgreiinga inneheld fire alternative modellar for organisering av tenesta og vurdering av ressursbruk.

Bakgrunn, organisering og ressursbruk

Bakgrunn

Ressursen for arbeidslivskontakt vart oppretta for å tilføre opplæringssektoren kompetanse og å styrke kapasiteten til samhandling mellom vidaregåande opplæring og arbeids- og næringslivet. Arbeidslivskontakten skulle tilføre vidaregåande opplæring kunnskap om arbeids- og næringsliv i nærområdet rundt skulane. I tillegg skulle ressursen styrke yrkesretteiinga i grunnopplæringa, og syte for at unge ser moglegheiter for å etablere næringsverksemd.

Allereie i arbeidet med planen "Framtidige strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane" (FT-sak 018/03) vart arbeidslivskontaktressursen sett på som ein premiss for å kunne få ei vellukka handtering av dei vidaregåande skulane sitt samfunnsansvar. I slutthandsaminga av budsjettet for 2004 gjorde fylkestinget vedtak om at det skulle opprettast arbeidslivskontakt ved dei vidaregåande skulane i Årdal, Høyanger og Florø. Hovudutval for opplæring fekk i oppgåve å følgje opp dette vedtaket. I Hovudutvalssak 06/04 gjorde Hovudutval for opplæring endeleg vedtak om å opprette stilling som arbeidslivskontakt ved Årdal, Flora og Høyanger vidaregåande skular frå 01.08.04.

I dei politiske føringane heitte det at arbeidslivskontakten skal vere den vidaregåande skulen sin *koordinator* for samhandling mellom vidaregåande opplæring og arbeids- og næringslivet. Aktuelle arbeidsområde for arbeidslivskontakten vart vidare definert til å gjelde følgjande:

- halde jamleg kontakt med offentleg og privat næringsverksemd, lokalt og regionalt
- utvikle samarbeid gjennom lokale partnerskap
- legge til rette for oppdragsundervisning
- medverke i høve utplassering av elevar og lærlingar
- samarbeide med instruktørar og faglege leiarar i næringslivet
- styrkje yrkesretteiinga for elevar og lærlingar
- legge til rette for hospitering (skule-bedrift)
- fokusere på entreprenørskap (ungdomsbedrifter, innovasjon og utvikling)

Arbeidslivskontakten skulle i tillegg medverke til å utvikle vidaregåande opplæring som medspelar i internasjonale prosjekt som krev samarbeid mellom norske og utanlandske bedrifter.

Ordninga med arbeidslivskontakt ved dei tre vidaregåande skulane vart evaluert i 2005. Med bakgrunn i evalueringa av ordninga, vart det i hovudutvalssak 17/05 gjort vedtak om at fylkesdirektøren skulle arbeide for at alle dei vidaregåande skulane fekk eigen arbeidslivskontaktressurs, eller samarbeide om ein slik ressurs, innan utgangen av 2007. Opptrapping av ordninga skulle vurderast i arbeidet med Budsjett 2006 og Økonomiplanen 2006-09. Dette var og i samsvar med målsetjinga i Strategisk handlingsprogram for vidaregåande opplæring 2004-07.

I løpet av perioden 2004-2007 vart ordninga med arbeidslivskontaktressurs utvida til å gjelde alle dei vidaregåande skulane, med unntak av Sogn jord- og hagebruksskule.

Sogn jord- og hagebruksskule fekk tilført 50% stillingsressurs som arbeidslivskontakt frå 2011 (HO sak 27/10).

Organisering

Alle dei vidaregåande skulane har i dag 50% stillingsressurs til arbeidslivskontakt. Ressursen er organisatorisk innplassert i den administrative leiinga ved skulane. Den årlege budsjettløyvinga knytt til denne ressursen er på om lag 4,2 mill. kr.

Skulane organiserer og nyttar denne ressursen ulikt. Dei har organisatorisk plassert ressursen der ansvaret for oppgåveløysinga ligg.

Ulike måtar skulane har organisert ressursen på:

- Heile ressursen på ein person (50% stillingsressurs).
- Ressursen inngår som ein del av den totale leiingsressursen, delt på fleire personar i leiinga (som del av stillingsressurs).
- Ressursen delt mellom fagkoordinatorar/teamleiarar innan dei ulike utdanningsprogramma (som del av stillingsressurs).

Skulane har gitt tilbakemelding på kva oppgåver ressursen er med på å løyse. Oppgåvene varierer frå skule til skule, men ressursen vert på alle skulane nytta i samsvar med dei politiske føringane til ressursen. Vidare har skulane gjeve tilbakemelding om at oppgåvene ressursen har løyst har vore avgjerande for skulane sin kontakt med arbeids- og næringsliv.

Skular med yrkesfaglege utdanningsprogram peikar på arbeidslivskontakten si rolle i kontakt med næringslivet; både konkret i forhold til utplassering i faget prosjekt til fordjuping, hospitering for lærarar og elevlar, nettverksarbeid og arbeid med å rekruttere læreplassar.

Både skular med studiespesialiserande og yrkesfaglege utdanningsprogram meiner ressursen er viktig i arbeid med entreprenørskap og internasjonalisering. Ressursen har vore nytta i skulane si rolle som utviklingsaktør, og til å gje elevane eit breiare fagtilbod gjennom lokale prosjekt og undervisningsopplegg.

Skulane er viktige aktørar i lokalsamfunnet, og ressurs til arbeidslivskontakt er sentral for å løyse desse oppgåvene. Rektorane peikar i si tilbakemelding på at etter 10 år med arbeidslivskontaktressurs på skulane, er skulane blitt mykje meir synlege i lokalsamfunnet, og vert rekna med som ein viktig deltakar og medspelar på line med andre aktørar. Nærleik, relasjonar og lokalkunnskap er avgjerande for kvalitet på opplæringa. Dei meiner det er viktig at ressursen vert vidareført, men at den vert vurdert inn som ein del av leiingsressursen.

Fylkesdirektøren si vurdering

Grunngevinga for å opprette ressursen var at ressursen skulle nyttast til å *koordinere* samhandlinga mellom vidaregåande opplæring og arbeids- og næringslivet.

I Sogn og Fjordane gjennomfører 76,7 prosent av elevane vidaregåande opplæring på normert tid. Innan studieførebuande utdanningsprogram er det 90 prosent som gjennomfører på normert tid.

Omlag 50 prosent av søkjarane vel yrkesfaglege utdanningsprogram, og det er 64,7 prosent som gjennomfører denne utdanningsvegen på normert tid. Sogn og Fjordane er blant dei fylka i landet som har færrest elevar som søker lærelass, og i 2014 stod ca. 200 søkjarar utan tilbod om lærelass den 1. august.

Ein god overgangen frå vg2 til opplæring i bedrift aukar sjansen for at ungdom gjennomfører vidaregåande opplæring. Tilgangen på lærelassar og tidleg formidling til lærelass er avgjerande for at fleire ungdomar gjennomfører ei fag- eller yrkesutdanning.

Fylkesdirektøren for opplæring meiner at dei vidaregåande skulane må få ei meir aktiv rolle i formidlingsprosessen frå vg2 til lærelass. Dei vidaregåande skulane kan gjennom dette bidra til å auke tal lærebedrifter og tal elevar som får seg lærelass etter vg2.

Skulane må gjennom bruk av utplassering for elevar i faget prosjekt til fordjuping ha i eit enda tettare og meir forpliktande samarbeid med arbeids- og næringslivet.

Fylkesdirektøren for opplæring meiner at organisatorisk bør ressursen plasserast der ansvaret for oppgåveløysinga ligg, enten hjå skuleleiinga eller andre som har ansvaret for å løyse oppgåvene. Det sentrale er at ressursen i større grad vert retta mot auka gjennomføring innan yrkesfaglege utdanningsprogram.

Fylkesdirektøren har vurdert fire ulike modellar for korleis arbeidslivskontaktressursen kan fordelast. I vurderinga av modellane legg ein stor vekt på korleis organisering av arbeidslivskontaktressursen kan medverke å auke gjennomføringa innan dei yrkesfaglege programområda.

Fire modellar for fordelinga av arbeidslivskontaktressursen:

1. Vidareføre dagens modell (ressurs tilsvarende 50% stillingsressurs pr. skule).
2. Avvikle ressursen på skular utan yrkesfaglege utdanningsprogram og vidareføre ressursen på dei andre skulane som i dag.
3. Avvikle ressursen på skular utan yrkesfaglege utdanningsprogram. Omfordele ressursane på dei andre skulane ut frå tal yrkesfaglege utdanningsprogram. Ressursen pr. utdanningsprogram vert tilpassa den økonomiske ramma, men med ein minimumsressurs pr. skule på 20%.
4. Avvikle ressursen på alle skular.

Modell 1

Vidareføre dagens modell tilsvarende 50% stillingsressurs ved alle dei vidaregåande skulane.

Innsparing

Modellen gir moglegheit for tilpassing til eventuell endring i den økonomiske ramma i samband med økonomiplanarbeidet, med effekt frå hausten 2016.

Konsekvensar

Ved vidareføring av ressursen på alle skular må likevel ressursen i større grad rette oppgåvene inn mot auka gjennomføring.

Modell 2

Avvikle ressursen på skular utan yrkesfaglege utdanningsprogram og vidareføre ressursen på dei andre skulane som i dag (same ressursstorleik på alle skular med yrkesfaglege utdanningsprogram).

Innsparing

Mogleg årleg innsparing med verknad frå hausten 2015 kr 0,694 mill. (reduksjon av ressurs tilsvarande 100% stilling). Dersom den økonomiske ramma for ordninga vert redusert ytterlegare i samband med økonomiplanarbeidet, kan ressursen til fordeling på skulane, med verknad frå hausten 2016, tilpassast den økonomiske ramma med same ressursstorleik på skulane med yrkesfaglege utdanningsprogram.

Konsekvensar

Etter vedtak i skulebruksplanen har ikkje Firda vidaregåande skule tilbod innan yrkesfaglege utdanningsprogram. Hafstad vidaregåande skule har, etter vedtak i skulebruksplanen, tilbod om utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon. Programmet ligg pr. i dag inne som ein del av strukturen for yrkesfaglege utdanningsprogram.

Utdanningsdirektoratet sendte på høyring to alternative forslag til ny struktur og fag- og timefordeling i medium og kommunikasjon med høyringsfrist 31.10.2014. I høyringa er det framlegg om å endre utdanningsprogrammet for medium og kommunikasjon frå eit yrkesfagleg-til eit studieførebuande utdanningsprogram.

Signala frå Kunnskapsdepartementet er at dette vil bli gjeldande frå skuleåret 2016/2017.

Å ta vekk ressursen til arbeidslivskontakt ved Hafstad- og Firda vidaregåande skule vil redusere skulane sitt samarbeid med arbeids- og næringsliv. Begge skulane nyttar i dag ressursen til å gje elevane breiare og meir variert undervisningstilbod i programfag innan studiespesialiserande utdanningsprogram.

Ved vidareføring av ressursen på skular med yrkesfaglege utdanningsprogram må desse også i større grad rette oppgåvene mot auka gjennomføring innan dei yrkesfaglege utdanningsprogramma.

Modell 3

Avvikle ressursen på skular utan yrkesfaglege utdanningsprogram og omfordele ressurs på dei andre skulane ut frå tal yrkesfaglege utdanningsprogram. Ressurs pr. utdanningsprogram vert tilpassa økonomisk ramme, men med ein minimumsressurs på 20%.

Innsparing

Ut frå rekneeksempellet under, med ein ressurs på 10% stilling pr. utdanningsprogram er mogleg årleg innsparing, med verknad frå hausten 2015, kr 1,5 mill. kr. (reduksjon av ressursen tilsvarande 210% stilling). Dersom den økonomiske ramma for ordninga vert redusert ytterlegare i samband med økonomiplanarbeidet, kan ressursen til fordeling på skulane, med verknad frå hausten 2016, tilpassast den økonomiske ramma.

Rekneeksempel

	Fordeling av ressurs skuleåret 2013-2014	Tal utd.prg. yrk.fag.*	%Stillingsressurs pr. skule	Reduksjon % stillingsressurs
Sogn jord- og hagebruksskule	50	1**	20,00	-30
Årdal vgs	50	3	30,00	-20
Sogndal vgs	50	6	60,00	10
Høyanger vgs	50	3	30,00	-20
Dale vgs	50	2	20,00	-30
Hafstad vgs	50	-	-	-50
Mo og Øyrane vgs	50	7	70,00	20
Flora vgs	50	5	50,00	0
Firda vgs	50	-	-	-50
Stryn vgs	50	3	30,00	-20
Eid vgs	50	3	30,00	-20
Måløy vgs	50	5	50,00	0
Sum ressurs	600		390,00	-210

*tala i tabellen baserer seg på framlegg til justert opplæringstilbod vår 2015

** Minimumsressurs på 20%

Konsekvensar

Konsekvensen av å ta bort ressurs til arbeidslivskontakt på skular utan yrkesfaglege utdanningsprogram vil kunne svekke desse skulane sitt samarbeid med arbeids- og næringsliv. Skulane nyttar ressursen til å gje elevane breiare og meir varierte undervisningstilbod innan programfaga. Ved å omfordele ressursen ut frå tal yrkesfaglege utdanningsprogram vil skulane måtte prioritere oppgåvene mot auka gjennomføring innan dei yrkesfaglege utdanningsprogramma.

Modell 4

Avvikle ressursen på alle skular.

Mogleg årleg innsparing med verknad frå hausten 2015 kr 4,2 mill. kr.

Konsekvensar

Ved å ta bort ressurs til arbeidslivskontakt i tildelingane til dei vidaregåande skulane, vil den koordinerande funksjonen mellom arbeids- og næringsliv og vidaregåande opplæring bli betydeleg svekka. Ei slik løysing vil auke presset på leiinga betydeleg, og det vil bli vanskelegare å følgje opp det godt fungerande samarbeidet med arbeids- og næringslivet både med omsyn til utplassering og læreplassar. Kontakten elevane i vidaregåande opplæring får med næringslivet kan verte mindre, og det blir i større grad opp til kvar einskild lærar korleis samarbeid med arbeids- og næringsliv vert løyst.

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å vedta å avvikle ressursen på skular utan yrkesfaglege utdanningsprogram og tildele ressurs til skulane ut frå tal yrkesfaglege utdanningsprogram. Ressurs pr. utdanningsprogram må tilpassast den økonomisk ramma, men med ein minimumsressurs på 20%. Personalmessige konsekvensar må handsamast i tråd med lov og avtaleverk.



Innspel til utgreiingsarbeidet SFJ2019

• **Arbeidslivskontakt**

Ressursen til arbeidslivskontakt bør oppretthaldast. Det er ein viktig lekk i arbeidet med overgangen frå skule til læreplass

Skolenes landsforbund vil støtta at ein går for modell 3 i framlagd utgreiing.

Skolenes landsforbund foreslår at ordninga med arbeidslivskontakt vert organisert slik i framtida :

- Alle skular med yrkesfag bør få ressurs
- Ressursen bør tildelast i høve tal yrkesfaggrupper
- Ressursen bør leggest til yrkesfaglærarane på kvart utdanningsprogram. Fordelar med ei slik ordning er:
 - Ein slepp eit ledd i arbeidet med utplassering, men har direktekontakt mellom yrkesfaglærar og bedrift
 - Yrkesfaglærarane har den beste kunnskapen om elevane på programområdet. Dei kan dermed lettast finna høveleg utplassering
 - Dei har kontaktnettverk i næringa
 - Dei har den beste kunnskapen og kjennskapen til lærefaga
 - Dei har opplæringa i Prosjekt til fordjupning og kontakt med utplasseringsbedrifter
 - Yrkesfaglærarane i teamet er viktige personar for å hjelpa elevane til rette læreplassar
 - Ressursen til utplassering av spes.ped.elevar/Meldingsskjema 1 bør såleis leggest til spes.ped.teamet
- **Ordninga med arbeidslivskontakt vert praktisert ulikt frå skule til skule. Det bør utarbeidast retningslinjer for kva oppgåver og ansvar som ligg til denne funksjonen.**
- **Det bør vera ein samordningsansvarleg i leiinga med ansvar for arbeidslivskontaktane**

For Skolenes landsforbund

Gry Tokvam, leiar og HTV

Erna Hamrum, HTV



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for opplæring

Møtedato: 25.03.2015

Sak nr.: 15/2745-2

Internt l.nr. 11788/15

Sak: 7/15

Tittel: Arbeidslivskontakt ved dei vidaregåande skulane

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Ressurs til arbeidslivskontakt vert vidareført på skular med yrkesfaglege utdanningsprogram.
2. Ressurs til arbeidslivskontakt vert tildelt skulane ut frå tal yrkesfaglege utdanningsprogram. Kwart utdanningsprogram utløyser 10 % ressurs, likevel slik at minimumsressurs pr. skule vert 20%.
3. Eventuell endring i ressursramma til arbeidslivskontakt i samband med økonomiplanarbeidet, vert innarbeidd med lik ressurs pr. yrkesfagleg utdanningsprogram slik det er lagt til grunn i punkt 2 over.

Vidaregåande opplæring i skule: Oppfølgingstenesta (utgreiingsoppdrag nr. 2), rapport

Hovudutval for opplæring vedtok organisering av oppfølgingstenesta med verknad frå 1.8.2015 (HO-sak 8/15) (grunnlag i sak 26/14). Fylkesdirektøren la fram to alternativ med grunnlag i forventa elevtal i regionane, begge alternativ skisserte eit innsparingspotensiale på om lag 1,0 stilling. Alt.1: Vidareføring av gjeldane organisering av oppfølgingstenesta i 10 OT-regionar lagt til dei vidaregåande skulane. Alt.2: Oppfølgingstenesta organisert i 4 OT-regionar, lokalisert til 4 skular.

HO vedtok alternativ 1, med justering av minimums stillingsstorleikar frå 20% til 30%. Vedteken innsparing er 0,6 stilling (tilsvarande om lag 0,4 mill. kr).

Hovudutvalet sitt vedtak omfatta berre stillingsressurs til OT-koordinator. I tillegg er det tiltaksmidlar til bruk i oppfølgingstenesta. Desse midlane vert nytta på ulike måtar:

1. Lønsmidlar som brukast til opplæring i eigne «OT-grupper», i meir eller mindre faste opplæringstilbod gjennom skuleåret. Desse tilboda er anten skulefag eller tilbod som gjev kompetanse arbeidslivet.
2. Kjøp av ulike interne og eksterne opplæringstilbod ved behov.

Oppfølgingsteneste er lovpålagt, organisering og ressursbruk er vedteke av fylkestinget. Stor grad av individuell tilpassing og høg kvalitet kjenneteiknar opplæringstilboda gitt til ungdom som er i oppfølgingstenesta i fylket. Mange av ungdommane får tilbod om arbeidspraksis, som hovudregel vert dette inngått i eit samarbeid med, og finansert av NAV.

Tiltaksmidlar i oppfølgingstenesta vert på eit vis ei anslagsløyving. På grunnlag av erfaringar er tal ungdom som vert tilmeldt OT i løpet av eit gitt skuleår rimeleg føreseieleg, men omfanget av opplæringsbehov varierer ein god del. Rekneskapan for dei siste to åra syner samla mindreforbruk på tiltak i oppfølgingstenesta, for 2013 var mindreforbruket om lag 700 000 kr. og for 2014 1 120 000kr. I tillegg til fordelte midlar til skulane er det ein sentral pott til fordeling ved behov. Potten har vore på om lag 0,2 mill.kr. Behovet for midlar frå potten varierer med tiltaksbehova i OT-regionane, dei siste åra har ingen søkt om midlar.

Forhold som vil påverke behovet for tiltak i oppfølgingstenesta:

1. Det er grunn til å rekne med at elevtalsnedgangen i vidaregåande opplæring vil gje utslag også i færre elevar som har rettar i oppfølgingstenesta.
2. Styrka tiltak i skule for å auke gjennomføringa (redusere fråfall med overgang til OT) i vidaregåande opplæring vil gje færre ungdommar i OT
3. Auka bruk av lærekandidatordninga vil redusere behovet for å ha fullført og bestått alle fag på vg1 og vg2 og såleis redusere tal ungdom som får denne opplæringa gjennom oppfølgingstenesta.

Økonomisk innsparingspotensiale- tre alternativ

1 Redusere tiltaksmidlane med 10%

Konsekvensar: Bruk av tiltaksmidlar dei seinare åra tyder på at ein slik mindre reduksjon ikkje vil få negative konsekvensar for gjennomføring av tiltaka i regi av oppfølgingstenesta.

Innsparing ca. 0,34 mill. kr.

2 Redusere tiltaksmidlane med 30%

Konsekvensar: Større del av opplæringsbehovet for ungdom i OT må skje gjennom kapasitetsutnytting i ordinære grupper. Mindre rom for å organisere egne tilbud gjennom OT. Det vil vere rom for kjøp av interne og eksterne tenester, men i mindre omfang enn det har vore høve til med dagens rammer.

Innsparing ca. 1,0 mill.kr. Syner til forholda som vil påverke tal ungdommar i oppfølgingstenesta.

3 Fjerne tiltaksmidlane heilt

Konsekvensar: All opplæring ungdom i OT har behov for må skje gjennom kapasitetsutnytting i ordinære grupper. Vil gje størst konsekvensar ved dei store skulane med få ledige plassar i gruppene. Mindre grad av individuell tilpassing. Vil ikkje gje rom for kjøp av opplæring på andre opplæringsarenaer. (eks praksis gardsarbeid, truckførarkurs)

Innsparing ca. 3,4 mill. kr.

Saksbehandlar: Susan Husabø, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 15/2725-1

Organisering av oppfølgingstenesta (OT)

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Organiseringa av oppfølgingstenesta vert vidareført med 10 OT-regionar.
2. Stillingsstorleiken for OT-koordinatorane vert med verknad frå 1.8.2015:

OT-region	elevtal frå grunnskulen våren 2015	0,26% OT ressurs per elev	Stillingsprosent for OT- koordinator
Stryn og Hornindal	108	28,08	30
Eid og Selje	136	35,36	35
Vågsøy	69	17,94	20
Gloppen	81	21,06	20
Flora og Bremanger	237	61,62	60
Askvoll, Fjaler og Hyllestad	83	21,58	20
Førde, Gaular, Naustdal og Jølster	289	75,14	75
Høyanger, Balestrand, Gulen og Solund	127	33,02	30
Sogndal, Luster, Vik, Aurland og Leikanger	241	62,66	65
Årdal og Lærdal	89	23,14	20
		379,6	375

3. Eventuell endring i ressursramma for oppfølgingstenesta i samband med økonomiplanarbeidet vert innarbeidd med fordeling etter tal elevar, slik det er lagt til grunn i punkt 2 over.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

I handlingsprogrammet til God- betre- best, Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015 punkt 3.2.1-5 er det vedteke to utgreiingsområde som gjeld oppfølgingstenesta:

1. *Evaluere og revidere retningslinjer for oppfølgingstenesta sitt arbeid*
2. *Utarbeide felles rutinar for oppfølgingstenesta sitt arbeid*

Fylkesdirektøren vil kome attende til dette ved utarbeiding av nytt handlingsprogram for vidaregåande opplæring.

Til møtet i hovudutvalet i oktober, HO-sak 26/14- Budsjet 2015 og økonomiplan 2017-2019 – målekart 2015 og utgreiingsområde for tilpassing til økonomiske rammer på lang sikt (2017-2019), gjorde fylkesdirektøren ei vurdering av at det (punkt 2.2):

truleg vil vere tenleg å endre organiseringa av nokre tenester for å utnytte ressursane best mogleg og eventuelt også kunne redusere ressursbruken noko i løpet av planperioden. Fylkesdirektøren ser det som vesentleg at eventuell ny organisering er på plass før ressursramma eventuelt kan reduserast og meiner at endringane i organisering bør gjerast uavhengig av potensialet for å kunne ta ut innsparing. Kva endringar som eventuelt bør gjerast er enno ikkje tilstrekkeleg utgreidd.

Fylkestinget gjorde i budsjettsaka, punkt 3, (FT-sak 50/14) slikt vedtak:

Hovudutval for opplæring får fullmakt til å vedta og gjennomføre eventuelle organisatoriske endringar innanfor dei økonomiske rammene for følgjande tenester, med verknad frå hausten 2015:

- a. Arbeidslivskontakt*
- b. Oppfølgingstenesta*
- c. Systemansvarleg IKT/e-pedagog*
- d. Karriererettleiing*

I samband med det administrative arbeidet knytt til tilpassing til økonomiske rammer -Prosjekt SFj2019 -fekk sektorane i oppdrag å identifisere utgreiingsområde som grunnlag for å definere innsparingspotensiale i eigen sektor. Oppfølgingstenesta er definert som eitt av i alt 21 utgreiingsområde i sektoren.

Finansutvalet godkjente utgreiingsoppdraga i møte 28.1.15, sak 1/15- Økonomiplan 2017-19 Arbeidsdokument 1/15.

Ei arbeidsgruppe samansett av representantar frå fylkesdirektøren for opplæring og ein rektor har arbeidd med utgreiingsoppdrag 2:Oppfølgingstenesta. Arbeidsgruppa sine modellar for organisering og vurdering av ressursbruk er ein del av grunnlaget for denne saka.

Hovudutvalet for opplæring har fullmakt til å gjere vedtak om organisering av oppfølgingstenesta. Saksutgreiinga inneheld to alternative modellar for organisering av tenesta og vurdering av ressursbruk. Vurderingane av ressursbruk er også del av det utgreiingsarbeidet fylkesdirektøren skal levere som grunnlag for fylkesrådmannen sitt økonomiplanframlegg til fylkestinget i juni.

Bakgrunn, organisering og resursbruk

Bakgrunn

Oppfølgingstenesta vart oppretta ved innføring av Reform-94, og tenesta er lovpålagt. (Opplæringslova §3-6) Lova slår fast at fylkeskommunen skal ha ei oppfølgingsteneste for ungdom som har rett til opplæring etter opplæringslova §3-1, og som ikkje er i opplæring eller arbeid. Tenesta gjeld til og med det året ungdommen fyller 21 år. Lova har ikkje krav til organisering. Sogn og Fjordane har hatt same organisering av tenesta sidan ho vart oppretta.

I forskrifta til opplæringslova, §13-1, er det gjort greie for formålet med oppfølgingstenesta. Målgruppa er ungdom som har rett til vidaregåande opplæring, men som det aktuelle skuleåret ikkje har søkt, eller teke i mot elev- eller læreplass, har avbrote opplæringa eller ikkje er i arbeid. Tilboda ungdom får gjennom oppfølgingstenesta skal primært vere kompetansegejvande og ta sikte på å føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse innanfor vidaregåande opplæring.

Oppgåvene til oppfølgingstenesta går fram av §13-3 i forskrifta.

Fylkeskommunen skal gjennom oppfølgingstenesta

- a) ha oversikt over alle i målgruppa, jf. § 13-2, og aktuelle tilbod for målgruppa. Registrering av ungdom som høyrer til ansvarsområdet for oppfølgingstenesta, og som tenesta formidlar tilbod til, skjer gjennom heile året.*
- b) gi skriftleg informasjon til alle i målgruppa om kva rettar dei har. Foresette til ungdom som ikkje er myndig skal ha same informasjon med mindre denne er underlagd teieplikt etter anna lovgiving.*
- c) etablere kontakt med kvar enkelt ungdom i målgruppa med sikte på rettleiing og oppfølging.*
- d) gi alle i målgruppa tilbod i samsvar med § 13-1, eventuelt i samarbeid med andre aktorar.*

e) etter behov følgje opp ungdom som har teke imot tilbod gjennom oppfølgingstenesta gjennom ei eller fleire rettleiingssamtaler.

Pliktene her gjeld så lenge ungdommen er i målgruppa for oppfølgingstenesta.

Omfang, aktivitet og ressursbruk - Sogn og Fjordane

Rapportane som gjev grunnlag for data på OT-regionnivå i Sogn og Fjordane er ikkje same rapportane som fylkeskommunen rapporterer til Udir på grunnlag av. Det betyr at ein får små differansar i tal som er rapporteringar for fylket samla og tal som er summen av OT regionar. Oppfølgingstenesta i fylket har ein samla stillingsressurs til OT-koordinatorar på 477%, fordelt på 10 OT-koordinatorar. Dei har stillingsstorleikar på mellom 40-67 %. OT-koordinatorane er lokaliserte ved 10 av dei vidaregåande skulane. I tillegg vert det nytta om lag 270% stilling til opplæringstiltak (tiltaksmidlar) i regi av OT. Tre av koordinatorane(Sogndal, Førde og Florø) har meir enn 40% stilling. Ungdomar som vert tilmelde oppfølgingstenesta får tildelt OT-koordinator på grunnlag av heimkommune.

Tabellen under syner tilmelde ungdommar, i Sogn og Fjordane, som er i målgruppa for OT, (dei grå kolonnene), og totalt tal ungdommar tilmelde OT, ved to rapporteringstidspunkt. Ein stor del av dei ungdommane som vert tilmelde er ikkje i målgruppa, fordi dei var i skule/lære eller arbeid på meldingstidspunktet. Koordinatoren må kontakte kvar ungdom, noko som kan vere tidkrevjande. Dersom ungdommen ikkje er i målgruppa, vert det ikkje arbeidd vidare med han gjeldande skuleår. Utgreiinga omtalar vidare berre ungdom som er i målgruppa for oppfølgingstenesta.

Tabell 1.

tal pr 15.2.2014						
Ot region-lokalisert ved vidaregåande skule	Omfattar kommunane	Stillingsstorleik OT-koordinator	Tal ungdom i målgruppa tilmeld OT	Ungdom i OT si målgruppe pr tilsett	% OT ressurs pr ungdom i målgruppa for OT	Totalt tal ungdom tilmeldt OT
14251 Årdal	Årdal,Lærdal	0,4	21	53	1,9 %	35
14252 Sogndal	Sogndal,Luster, Vik, Aurland og Leikanger	0,65	45	69	1,4 %	85
14253 Høyanger	Høyanger, Balestrand, Gulen og Solund	0,4	15	38	2,7 %	46
14254 Øyrane	Førde, Gaular, Naustdal og Jølster	0,67	56	84	1,2 %	87
14255 Dale	Askvoll, Fjaler og Hyllestad	0,4	18	45	2,2 %	28
14256 Flora	Flora og Bremanger	0,65	35	54	1,9 %	76
14257 Firda	Gløppen	0,4	18	45	2,2 %	26
14258 Måløy	Vågsøy	0,4	14	35	2,9 %	21
14259 Eid	Eid og Selje	0,4	31	78	1,3 %	54
14260 Stryn	Stryn og Hornindal	0,4	15	38	2,7 %	44
	SUM	4,77	268	56	1,8 %	502
tal pr 15.2.2015						
Ot- region, lokalisert ved vidaregåande skule	Omfattar kommunane	Stillingsstorleik OT-koordinator	Tal ungdom i målgruppa tilmeld OT	Ungdom i OT si målgruppe pr tilsett	% OT ressurs pr ungdom i OT	Totalt tal ungdom tilmeldt OT
14251 Årdal	Årdal,Lærdal	0,4	21	53	1,9 %	33
14252 Sogndal	Sogndal,Luster, Vik, Aurland og Leikanger	0,65	39	60	1,7 %	103
14253 Høyanger	Høyanger, Balestrand, Gulen og Solund	0,4	22	55	1,8 %	64
14254 Øyrane	Førde, Gaular, Naustdal og Jølster	0,67	49	73	1,4 %	93
14255 Dale	Askvoll, Fjaler og Hyllestad	0,4	13	33	3,1 %	24
14256 Flora	Flora og Bremanger	0,65	60	92	1,1 %	100
14257 Firda	Gløppen	0,4	12	30	3,3 %	19
14258 Måløy	Vågsøy	0,4	24	60	1,7 %	55
14259 Eid	Eid og Selje	0,4	44	110	0,9 %	52
14260 Stryn	Stryn og Hornindal	0,4	23	58	1,7 %	46
	SUM	4,77	307	64	1,6 %	589

Tabell 1 syner stillingsressursar, tiltaksmidlar , tal ungdommar og ressursbruk pr. ungdom, p.r 15.2.14 og 15.2.2015

Tabellen syner gjennomsnittleg tal ungdom pr. tilsett. I februar 2014 var talet 61 og i februar 2015 var talet 64.

Omfang, aktivitet og ressursbruk - Sogn og Fjordane samanlikna med nasjonale tal

Data som er rapportert frå fylka i 2014 syner at 6,2 % av ungdommar i OT si målgruppe tilmelde oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane, medan landssnittet var 9,6%. I Sogn og Fjordane er det ein større prosent av elevkullet som startar i vidaregåande opplæring, og færre som sluttar, samanlikna med nasjonale tal.

Tabell 2.

Fylke	Antall årsverk i OT pr 1.1.2014	Rapport til Udir Tilmelde i målgruppa til OT pr 12.2.14	Samla elevtall 2014	Elevar pr årsverk OT	Ungdom i OT si målgruppe pr tilsett 12.2.14	% tilmeldt i OT si målgruppe (12.2.14)	% OT ressurs pr ungdom i målgruppa i OT 12.2.14	Stillingsbrøk ungdom i eitt årssteg
Vestfold	20,5	1070	9608	469	52	11,1 %	1,9 %	0,64 %
Akershus	14,5	1798	22007	1518	124	8,2 %	0,8 %	0,20 %
Aust- Agder	4,5	433	4825	1072	96	9,0 %	1,0 %	0,28 %
Buskerud	7,5	1154	10219	1363	154	11,3 %	0,6 %	0,22 %
Finnmark	3,4	366	3120	918	108	11,7 %	0,9 %	0,33 %
Hedemark	4,8	719	7488	1560	150	9,6 %	0,7 %	0,19 %
Hordaland	12	1709	20782	1732	142	8,2 %	0,7 %	0,17 %
Møre og romsdal	6	803	10470	1745	134	7,7 %	0,7 %	0,17 %
Nord-Trøndelag	4,9	547	5864	1197	112	9,3 %	0,9 %	0,25 %
Nordland	10,6	1209	9891	933	114	12,2 %	0,9 %	0,32 %
Oppland	6,6	676	7119	1079	102	9,5 %	1,0 %	0,28 %
Rogaland	16	1725	17952	1122	108	9,6 %	0,9 %	0,27 %
Sogn og Fjordane	4,7	288	4653	990	61	6,2 %	1,6 %	0,30 %
Sør-Trøndelag	9,5	1073	11842	1247	113	9,1 %	0,9 %	0,24 %
Telemark	4,8	667	7164	1493	139	9,3 %	0,7 %	0,20 %
Troms	4,9	753	6321	1290	154	11,9 %	0,7 %	0,23 %
Vest- Agder	4,4	538	7323	1664	122	7,3 %	0,8 %	0,18 %
Østfold	7,5	1286	11029	1471	171	11,7 %	0,6 %	0,20 %
Gjennomsnitt					120	9,6 %	0,9 %	0,26 %

Tabell 2 syner elevar i OT, tal ungdommar i målgruppa og ressursbruk pr. fylke i 2014. Tal OT- ungdom i målgruppa per tilsett i OT varierer mellom fylka. Gjennomsnittet for alle fylka, utan Oslo, var i 2014 120 ungdommar per årsverk. I 2014 var talet i Sogn og Fjordane 61 ungdommar per årsverk, og ved tilsvarande rapportering i februar 2015 var talet 64. Tabellen syner fylka sin ressursbruk, årsverk i OT delt på tal ungdom i målgruppa for oppfølgingstenesta. Sogn og Fjordane nyttar meir ressursar per OT- ungdom enn gjennomsnittet i landet. Gjennomsnittet for landet, utan Oslo, er 0,9%, medan i Sogn og Fjordane er den 1,6%. Ut frå tal ungdommar nyttar fylket vesentleg meir ressursar til oppfølgingstenesta enn gjennomsnittet for landet.

Faktorar som vil påverke framtidig «tilgang» av ungdom i oppfølgingstenesta

Prognosane for tal 16 åringer i fylket syner ein nedgang totalt i fylket. Tala frå grunnskulen sitt informasjonssystem (GSI) syner at tal avgangselevar fram til 2024 går litt opp og ned, men hovudutviklinga er synkande elevtal. I 2024 vil vidaregåande opplæring få over 100 færre elevar frå grunnskulen enn i 2015. SSB sine prognosar for tal 16- åringer i perioden 2024-2030 syner same nedgangen. Nedgang i elevtalet i vidaregåande opplæring vil bety nedgang i ungdomsgruppa som kan definerast som målgruppa til oppfølgingstenesta.

Samtidig kan andre faktorar påverke delen av målgruppa som det aktuelle skuleåret har rett til oppfølgingstenesta. Andelen som ikkje har søkt, eller teke i mot elev- eller læreplass, eller har avbrote opplæringa eller ikkje er i arbeid og difor har behov for tilbod gjennom oppfølgingstenesta, vil difor kunne variere. Arbeidsmarknaden for ungdom, tilbod og struktur i vidaregåande opplæring i fylket og avstand til oppfølgingstenesta vil kunne innverke på «tilgangen» av ungdom i oppfølgingstenesta.

Organisering og ressursbruk

Rektorgruppa i fylket vurderer det som svært viktig at tenesta held fram med same desentrale organisering som i dag. Rektorane peikar på at nærleik, relasjonar og lokalkunnskap er avgjerande for kvaliteten på tenesta. Dei ser det vidare som viktig at tenesta vert vidareført, samtidig som dei meiner ein gjennomgang av ressursbruk og ressursbehov med tanke på forbetring av tenesta, vil vere positivt.

Arbeidet med utgreiingsoppdraga i SFJ2019.

Som ein del av utgreiingsarbeidet har fylkesdirektøren for opplæring bede dei vidaregåande skulane melde tilbake på to spørsmål;

a. Kva stilling/ funksjon har OT-koordinatorane i tillegg til stillinga som OT-koordinator?

Tilbakemeldinga frå skulane viser at majoriteten av OT-koordinatorane er rådgjevarar i tillegg til OT-funksjonen. Ledig stillingsressurs ut over desse funksjonane vert fylt opp av undervisning. Ein OT-koordinator er i tillegg koordinator for spesialundervisning, og ein er tilsett i PPT.

b. Kva er konsekvensen av å redusere ressursen til OT på din skule/i ditt område?

Gjennomgåande peikar skulane på at nærleiken mellom oppfølgingstenesta og ungdommane er svært viktig i arbeidet med å hindre fråfall. Den tette koplinga mellom rådgjevingsfunksjonen og oppfølgingstenesta vert framheva som viktig. Skulane listar opp ei lang rekke oppgåver utførde av OT, der arbeid i overgangen mellom grunnskule og vidaregåande opplæring, førebyggjande arbeid med elevar som står i fare for å slutte og utstrakt samarbeid med NAV og næringsliv vert framheva av alle. Per februar 2015 er det registrert til saman 19 elevar i grunnskule og vidaregåande skule der oppfølgingstenesta er involvert i førebyggjande arbeid for å hindre fråfall.

Arbeidsgruppa sine modellar for organisering og vurdering av ressursbruk

Arbeidsgruppa har lagt tallmaterialet som er presentert i tabell 2, samanlikning med andre fylke, til grunn for vurderingane som er gjort m.o.t ressursbruken. Denne syner at vi nyttar vesentleg større ressursar per ungdom i OT enn alle andre fylke, bortsett frå Vestfold (Oslo er ikkje med). Sogn og Fjordane har høge tal for gjennomføring i vidaregåande opplæring, noko vi er stolte av og arbeider for å halde oppe. Arbeidsgruppa meiner at val av framtidig organisering er viktig for at fylket framleis skal halde ein høg kvalitet på tenestene. Arbeidsgruppa meiner også at det let seg gjere å nærme seg landssnittet på ressursbruken og såleis ta ut eit innsparingspotensiale.

Høgre kolumnen i tabell 2 viser kor stor prosent stilling pr. elev på eitt årsteg dei ulike fylka nytta i 2014. Gjennomsnittleg ressursbruk var 0,26% stilling pr. elev. Faktoren er truleg noko låg, fordi samla elevtal er delt likt på tre årskull, medan ein veit at ca 65% av elevane frå vg1 også går vg3 i skule. Arbeidsgruppa har likevel nytta 0,26% stilling som faktor for framtidig ressursbehov i fylket fordi elevtalet frå grunnskulen går ned. Prognose for tal elevar frå grunnskulen går fram av tabell 3 under:

Tabell 3.

Avgangselevar i grunnskulen	OT-regionane											Sum fylket
	Stryn og Hornindal	Eid og Selje	Vågsøy	Gloppen	Flora og Bremanger	Askvoll, Fjaler og Hyllestad	Førde, Gaular, Naustdal og Jølster	Balestrand, Gulen og Solund	Sogndal, Luster, Vik, Aurland og	Årdal og Lærdal		
2015	108	136	69	81	237	83	289	127	241	89	1460	
2016	109	136	82	75	197	83	321	121	254	90	1468	
2017	122	110	66	82	218	102	282	110	257	87	1436	
2018	109	98	70	67	206	89	294	114	246	78	1371	
2019	132	117	74	84	216	95	303	110	238	76	1445	
2020	94	114	80	99	207	79	314	101	236	70	1394	
2021	102	108	79	65	202	91	315	112	256	87	1417	
2022	113	111	72	73	190	74	290	79	236	73	1311	
2023	109	100	77	73	207	67	314	93	237	93	1370	
2024	95	106	76	78	227	72	285	87	232	78	1336	

Kjelde: Elevtalsutvikling GSI 2014 for åra 2015-2020 og SSB framskriving av 16-åringar 2015-2030 for åra 2021-2014

Elevane i vidaregåande opplæring vert tilmelde oppfølgingstenesta på grunnlag av heimkommune. Det er grunn til å rekne med at behovet for oppfølgingstenesta over tid er om lag lik i kommunane.

Arbeidsgruppa har vurdert to modellar:

Alternativ 1 Større OT-regionar og OT lokalisert til færre skular

- Oppfølgingstenesta organisert i fire regionar, lokalisering lagt til Sogndal, Førde, Dale og Eid. Det er dei same regionane som i Karriere Sogn og Fjordane.
- Framlegget inneber ei samanslåing av OT-einingane:
 - ✓ Sogndal og Årdal
 - ✓ Høyanger og Dale
 - ✓ Førde og Flora
 - ✓ Gloppen, Vågsøy, Eid og Stryn

Konsekvensar

- Legg til rette for at oppfølgingstenesta vil kunne få faglege og ressursmessige gevinstar gjennom tettare samarbeid mellom oppfølgingstenesta, Karriere Sogn og Fjordane og fagopplæring (utanom region Dale når det gjeld fagopplæring)
- Lengre avstand til oppfølgingstenesta for ein større del av ungdommen i fylket
- Høgare reisekostnader i oppfølgingstenesta
- OT har ei rolle som koordinerende funksjon mellom ulike aktørar rundt ungdommen (skule, NAV, helsetenester m.m.). Lokalisering av OT til færre einingar i fylket vil kunne gje større behov for å hente informasjon frå skulane som ikkje har tenesta lokalisert hjå seg, med den ressursbruk det kan medføre.

Innsparingspotensiale

- Økonomisk innsparing gjennom reduksjon av stillingsressursar tilsvarande om lag 1 stilling

Alternativ 2- Vidareføre strukturen i oppfølgingstenesta som i dag, med endringar i stillingsstorleik/ressursbruk

- Oppfølgingstenesta organisert som i dag med OT-koordinatorar ved 10 skular
- Justering av stillingsstorleik med utgangspunkt i fordelingsnøkkel på 0,26 % OT-koordinatorressurs per elev
- Ingen stillingar mindre enn 20%

Konsekvensar

- Opprettheld tenesta nær største delen av brukarane.
- Vidarefører det tette samarbeidet mellom oppfølgingstenesta og rådgjevartenesta ved skulane.

Innsparingspotensiale

- Økonomisk innsparing gjennom reduksjon av stillingsressursar tilsvarande om lag 1 stilling

Fylkesdirektøren si vurdering

Fylkesdirektøren registrerer at i innspela frå dei vidaregåande skulane vert nærleik til ungdommane og skulane vurdert å være det viktigaste for oppfølgingstenesta.

Arbeidsgruppa har vurdert to alternativ. Ut frå tilbakemeldingane frå skulane går fylkesdirektøren inn for alternativ 2, som er vidareføring av dagens struktur, der nærleiken til ungdommane og skulane er prioritert.

Fylkesdirektøren har nytta elevtal frå grunnskulen våren 2015 og det nasjonale gjennomsnittet 0,26 % OT-ressurs per grunnskuleelev som grunnlag for fordeling av stillingsressursar. Som tabell 3 syner, svingar tal avgangselevar noko, og det kan verke urimeleg å ta utgangspunkt i berre eitt år. Fylkesdirektøren har difor gjort same utrekninga på gjennomsnitt av avgangselevar i perioden, og det gjev berre små utslag.

Fylkesdirektøren har same tilnærminga til minimumsressurs som arbeidsgruppa, ingen stillingar under 20 %. Regionen som omfattar flest kommunar: Sogndal, Luster, Vik , Aurland og Leikanger er justert noko opp i stillingsstorleik for å kompensere for samarbeidsbehovet for kommunar og NAV-kontor.

I SJF2019 ligg klare føringar om å utgreie innsparingspotensiale og å syne konsekvensane av framlegga. Oppfølgingstenesta i fylket gjer, i lag med skulane, ein god jobb for å hindre fråfall og for å finne løysingar for ungdom som har slutta/ikkje starta, og difor treng rettleiing og opplæring. Nærleik til brukarane, god kompetanse og tett samarbeid med mange instansar vert framheva som viktige suksesskriterium, og er lagt til grunn for fylkesdirektøren si tilråding av framtidig modell.

Trass i at skulane i all hovudsak har meldt tilbake at OT-ressursen ikkje bør reduserast, meiner fylkesdirektøren at det på grunnlag av samanlikning med nasjonal ressursbruk er mogeleg å redusere noko. Arbeidsgruppa sitt alternativ med fire OT- regionar ville kunne innebere ei innsparing på om lag ei stilling. Fylkesdirektøren har valt å lytte til eit samrøystes ønske om ei organisering som prioriterer nærleik. Når ein samtidig skal greie ut innsparingspotensialet i

sektoren, meiner fylkesdirektøren at ressursbruken må kunne reduserast noko for å få større samsvar med ressursbruken i landet elles.

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å vedta å vidareføre organiseringa av oppfølgingstenesta som i dag, men med reduksjonar i stillingane, i samsvar med fylkesdirektøren sitt framlegg.

Tabell 4.

OT-region	elevtal frå grunnskulen våren 2015	0,26% OT ressurs per elev	Fylkesdirektøren sitt framlegg til stillingsprosent for OT-koordinator
Stryn og Hornindal	108	28,08	30
Eid og Selje	136	35,36	35
Vågsøy	69	17,94	20
Gløppen	81	21,06	20
Flora og Bremanger	237	61,62	60
Askvoll, Fjaler og Hyllestad	83	21,58	20
Førde, Gaular, Naustdal og Jølster	289	75,14	75
Høyanger, Balestrand, Gulen og Solund	127	33,02	30
Sogndal, Luster, Vik, Aurland og Leikanger	241	62,66	65
Årdal og Lærdal	89	23,14	20
		379,6	375

Tabell 4, Fylkesdirektøren sitt framlegg til organisering og stillingsstorleik for OT-koordinator.

Etter fylkesdirektøren si vurdering vil framlegget ta i vare kravet til kvalitet på tenesta etter § 13-3 i forskrifta om oppfølgingstenesta. Stillingsreduksjonane vil likevel føre til at tenesta må prioritere oppgåvene i større grad enn i dag.

Så lenge skulestrukturen er som i dag, vil oppfølgingstenesta, innafor ressursrammene vist over, vere i stand til å handtere oppgåvene i tråd med forskrifta. Som nemnt får ungdom i OT tildelt region på grunnlag av heimkommune. Også ved ei eventuell endring av skulestrukturen må fylkesdirektøren syte for at ungdom frå alle kommunane får tildelt OT-koordinator ved behov. Behov for endringar i stillingsstorleik vil ein først sjå etter at eventuelle endringar i skulestruktur er gjennomførde.

Personalmessige konsekvensar av stillingsreduksjonane må handsamast i tråd med lov og avtaleverk.

Fylkestinget sitt vedtak i budsjettsaka (FT-sak 50/14- punkt.3) inneber at hovudutvalet har fullmakt til å vedta og gjennomføre eventuelle organisatoriske endringar innanfor dei økonomiske rammene for oppfølgingstenesta, med verknad frå hausten 2015. Innsparinga som den nye organiseringa vil gje vil først bli endeleg handsama som del av økonomiplansaka i juni 2015. Fylkesdirektøren rår til at eventuell endra ressursramme i høve tilrådinga i denne saka, vert innarbeidd med same fordelingsnøkkel som i fylkesdirektøren si tilråding.

Fylkesdirektøren vil på bakgrunn av saksutgreiinga rå til at oppfølgingstenesta vert organisert som det går fram av tabell 4.

Innspel til sak: 15/2725-1 Organisering av oppfølgingstenesta

Målgruppa:

Målgruppa for Oppfølgingstenesta er ungdom mellom 16-21 år som ikkje er i skule eller opplæring i bedrift. Oppfølgingstenesta jobba og førebyggjande med ungdom i målgruppa som er i fare i å ikkje fullføre vidaregåande skule, lærlingar og lære kandidatlar.

Oppfølgingstenesta er eit lågterskeltilbod til ei utsett gruppe. Hovudmål med arbeidet er gjennomføring av vidaregåande opplæring.

Nettverk:

Ein stor del av arbeidsarenaen for Oppfølgingstenesta er å jobbe i nettverk/gjensidig samarbeid med NAV, barnevern, PP tenesta, miljøkoordinatorar, vidaregåande- og ungdomsskule, næringsliv, BUP, UPH og føresette. Tenesta har faste møte/samarbeid med desse partane for å auke gjennomføringa.

Organisering av Oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane:

- Oppfølgingstenesta er desentralisert med 10 OT-koordinatorar lokalisert på dei vidaregåande skulane. Stillingsstorleik i dag 470%
- Dei store OT-regionane (Florø, Førde og Sogndal) har lågterskeltilbod (OT-prosjekt) til ungdomar som ikkje meistrar skule og arbeid, også kalla OT-klassar. OT-prosjekta vert finansiert gjennom tiltaksmidlar. Til saman gjennom tiltaksmidlar er det finansiert 270% stilling i tillegg til koordinatorressursen.

Dagens organisering av Oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane har vore sterkt medverkande til at vi her i fylket har god oversikt over målgruppa og tett samarbeid med samarbeidspartane som har vore medverkande til gjennomføringane vi i dag har her i fylket. Tidligere utdanningsminister Kristin Halvorsen kåra Sogn og Fjordane/Oppfølgingstenesta til best i landet med ingen ukjente i målgruppa. Noko som er ei føresetnad for å hjelpe ungdommen.

Kommentarar til framlegg til ny organisering av Oppfølgingstenesta:

- Innsparinga det her er snakk om utgjør berre ei stilling, men vil få stor innverknad på det førebyggjande arbeidet. OT i Sogn og Fjordane utfører fleire oppgåver enn det som er lagt til denne tenesta gjennom forskrift til opplæringslova. Det er derfor naturleg at ressursbruken i OT i Sogn og Fjordane ligg over landsgjennomsnittet. Arbeidet som vert gjort ut over det som er forskriftsfesta betyr at vi har ei teneste i fylket som fangar opp fleire ungdommar i faresona og som dermed bidreg vesentleg til at fråfallet er lågare her enn i andre fylke.
- I framlegget vert det foreslått ei halvering av stillingsressursen til fire OT-koordinatorar som dekker til saman sju kommunar. Dette er særst uheldig for ungdomane i desse kommunane.
- Saksutgreiinga ser ikkje ut til å gje vurderingar av kva konsekvensar reduksjonen vil få for ungdom i OT si målgruppe. Det er heller ikkje teke med vurderingar av kva

reduksjonen vil ha å seie for samhandlinga med samarbeidspartane til OT. Det burde vore innhenta innspel til saka frå desse samarbeidspartane.

I utgreiinga foreslår Fylkesdirektøren å bruke tal avgangselevar for å berekne storleiken på stillingane. Ved berre å ta omsyn til avgangselevar vil ein ikkje ta høgde for det systemarbeidet som fell på alle koordinatorane. Det å jobbe i nettverk saman med andre hjelpeinstansar(nemnd over) er ressurskrevjande, men viktig i det fråfallsførebyggjande arbeidet. Direktøren si tilrådde ressursomfordeling fell derfor særleg dårleg ut for dei små- og mellomstore regionane. **Vi meiner at det å jobbe i system , og samtidig halde ei god kvalitet på arbeidet opp mot ungdomane, ikkje let seg gjere med ein ressurs på 20 %.**

Framtidig organisering:

Ei framtidig organisering av oppfølgingstenesta må ha i seg meir enn elevtalet i avgangsklassene ved ungdomstrinnet.

- Alle OT einingane driv systemretta arbeid opp mot samarbeidspartane og føresette. Det bør settast av 30% grunnressurs til dette arbeidet for kvar OT-eining.
- Ved vurdering av storleik på tilleggsressurs utover grunnressurs må ein vurdere tal ungdomar i målgruppa og tal kommunar/reiseavstand ved fastsetting av ressurs.
- Lokalisering av tenesta bør vere som i dag.

Utdanningsforbundet i Sogn og Fjordane
v/ Rune Hovland

Fagforbundet i Sogn og Fjordane
v/Svein Torbjørn Sandvoll

Elin Schei Stuhaug

Svein Hauge

Delta/Parat

NITO

Gry Tokvam

Magne Frøholm

LO forbunda

Skolelederforbundet

Jarl Devik

Akademikerne

Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for opplæring

Møtedato: 25.03.2015

Sak nr.: 15/2725-3

Internt l.nr.: 11836/15

Sak: 6/15

Tittel: Organisering av Oppfølgingstenesta (OT)

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Organiseringa av oppfølgingstenesta vert vidareført med 10 OT-regionar.
2. Stillingsstorleiken for OT-koordinatorane vert med verknad frå 1.8.2015:

OT-region	elevtal frå grunnskulen våren 2015	0,26% OT ressurs per elev	Stillingsprosent for OT- koordinator
Stryn og Hornindal	108	28,08	30
Eid og Selje	136	35,36	35
Vågsøy	69	17,94	20
Gloppen	81	21,06	20
Flora og Bremanger	237	61,62	60
Askvoll, Fjaler og Hyllestad	83	21,58	20
Førde, Gaular, Naustdal og Jølster	289	75,14	75
Høyanger, Balestrand, Gulen og Solund	127	33,02	30
Sogndal, Luster, Vik, Aurland og Leikanger	241	62,66	65
Årdal og Lærdal	89	23,14	20
		379,6	375

3. Eventuell endring i ressursramma for oppfølgingstenesta i samband med økonomiplanarbeidet vert innarbeidd med fordeling etter tal elevar, slik det er lagt til grunn i punkt 2 over.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet for opplæring kom med følgjande framlegg til nytt punkt 2:

Stillingstorleik for OT-koordinatorane vert med minimumsstorleik 30 %, med verknad frå 1.8.2015 etter følgjande tabell:

OT-region	elevtal frå grunnskulen våren 2015	0,26% OT-ressurs per elev og minimum 30% stilling	Stillingprosent for OT- koordinator
-----------	--	--	---

Årdal,Lærdal	89	23,14	30
Sogndal,Luster, Vik, Aurland og Leikanger	241	62,66	65
Høyanger, Balestrand, Gulen og Solund	127	33,02	30
Førde, Gaular, Naustdal og Jølster	289	75,14	75
Askvoll, Fjaler og Hyllestad	83	21,58	30
Flora og Bremanger	237	61,62	60
Gloppen	81	21,06	30
Vågsøy	69	17,94	30
Eid og Selje	136	35,36	35
Stryn og Hornindal	108	28,08	30
		379,6	415

Avrøysting:

Endringsframlegget frå Hovudutvalet for opplæring vart samrøystes vedteke.
Framlegget frå fylkesdirektøren med endringsframlegget frå Hovudutvalet for opplæring vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Organiseringa av oppfølgingstenesta vert vidareført med 10 OT-regionar.
2. Stillingstorleik for OT-koordinatorane vert med minimumsstorleik 30 %, med verknad frå 1.8.2015 etter fylgjande tabell:

OT-region	elevtal frå grunnskulen våren 2015	0,26% OT-ressurs per elev og minimum 30% stilling	Stillingprosent for OT-koordinator
Årdal,Lærdal	89	23,14	30
Sogndal,Luster, Vik, Aurland og Leikanger	241	62,66	65
Høyanger, Balestrand, Gulen og Solund	127	33,02	30
Førde, Gaular, Naustdal og Jølster	289	75,14	75
Askvoll, Fjaler og Hyllestad	83	21,58	30
Flora og Bremanger	237	61,62	60
Gloppen	81	21,06	30
Vågsøy	69	17,94	30
Eid og Selje	136	35,36	35
Stryn og Hornindal	108	28,08	30
		379,6	415

3. Eventuell endring i ressursramma for oppfølgingstenesta i samband med økonomiplanarbeidet vert innarbeidd med fordeling etter tal elevar, slik det er lagt til grunn i punkt 2 over.

Til

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
v/Opplæringsutvalet
v/Fylkestinget sine medlemmar

ASkedalen 2

6863 Leikanger

Måøy 25.03.2015

Ungdomsrådet i Vågsøy (UiV) hadde i møte 25.03.2015 oppe til drøfting dei økonomiske kuttane som er foreslått i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Då med ungdomsrådet sitt fokus på Oppfølgingstenesta (OT) og Miljøkoordinator (MK) sine viktige funksjonar på Måløy vidaregåande skule. For å høyre korleis OT og MK jobbar og kven som er OT og MK sine samarbeidspartar hadde UiV invitert følgjande til å vere med på møtet:

OT-koordinator

Miljøkoordinator

Psykisk helseteneste

Politi

SLT-koordinator

NAV- var dessverre forhindra frå å møte

Helsesyster- var dessverre forhindra frå å møte, men sendte skrifteleg informasjon om helsestasjonen sitt syn på OT og MK sin funksjon.

Eit samrøystes ungdomsråd vart då samde om å sende ei oppmoding til Opplæringsutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkesting om sitt syn på Oppfølgingstenesta og Miljøkoordinator si rolle i den vidaregåande skulen.

Medlemmane i Ungdomsrådet i Vågsøy og samarbeidspartane til OT og MK ser kor viktig dette arbeidet er. Dei har ein svært viktig funksjon for alle elevane på skulen, men spesielt for dei elevane som slit psykisk, faglig og sosialt. Det er den gruppa ungdom som treng hjelp frå OT og MK som er dei som ikkje snakkar si eiga sak. UiV og samarbeidspartane til OT og MK er klare i si oppfatning om at det er svært uheldig at eit tilbod som i så stor grad råkar dei svakaste elevane vert teke bort.

I dag når vi veit at psykiske utfordringar og skulevegring er eit aukande problem blant ungdom, kan begge tenestane vere avgjerande for om ein ungdom droppar ut eller ikkje. Erfaringar frå vår skule er at OT og MK føl tett opp dei elevane som dei ser tidleg i skuleløpet møter utfordringar. Det kan vere med overgangen med å flytte på hybel, økonomi, rus, dårlege sosiale nettverk og hjelp til innpass i betre miljø.

UiV er også uroa for at dersom OT og MK vert redusert, eller fell bort, så vil også tilbod som er på skulen i dag forsvinne:

- Open skule.
- Gratis trening i gymsalen på kveldstid.
- Mulighet for ein heimelaga middag i hyggelig og sosialt lag.
- Tverrfagleg informasjon til hybelbuarar.
- Tverrfagleg informasjon til russen.
- Folkehelseråd på skulen
- Ein tilgjengelig person når ungdomen treng nokon å snakke med. Både i og utanfor skuletida.
- Komme tidleg inn og følgje tett opp dei som er på vei å droppe ut/har droppa ut.
- Viktig forebyggande tiltak.

Dei ulike samarbeidspartane som deltok på møtet var også klare i si oppfatning om at OT og MK var viktige for å kunne gje eit godt tilbod innan folkehelse, psykisk helse og kriminalitetsforebygging.

Ungdomsrådet i Vågsøy ber om at dette vert teke omsyn til når dei økonomiske kutta skal handsamast i fylkestinget:

Det er ei billig investering for å støtte dei svakaste gjennom vidaregåande opplæring at OT-tenesta og MK-tenesta blir verande i skulen.

Med vennleg helsing frå

Ungdomsrådet i Vågsøy

Aurora Sofie Brekke Bergh
leiar

SFJ 2019: SAMANDRAG AV UTGREIINGSOPPDRAGA

1. Utgreiingstittel og –nummer

Vidaregåande opplæring i skule: Lærarressurs, som del av open skule (leksehjelp) (utgreiingsoppdrag nr. 4)

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Korleis blir ressursen organisert og nytta i dag?

Ressursen vert brukt og organisert av miljøkoordinator på dei fleste av skulane. Det er lagt opp til ulike aktivitetar som t. d leksehjelp, spelkveld, mekkkveld på verkstad og mange sosiale aktivitetar. Det er flest hybelbuarar som nyttar seg av tilboda som vert lagt til rette ved open skule. Midlane vert i liten grad brukte til lærarressursar, men mest tiltaksretta arbeid i regi av miljøkoordinator.

Kva er konsekvensen av å ta bort eller redusere ressursen?

Det psykososiale miljøet til hybelbuarane vert forringa, vanskeleg med oppfølging av ulike tiltak med hybelbuarar utan denne ressursen. Dei sosiale aktivitetane på open skule er viktig for utvikling av eit godt skulemiljø, trivsel, helse og fellesskap. Difor kan bortfall av ressursen få konsekvensar for læringsmiljøet og gjennomføringa på sikt.

Kva rolle spelar tiltaket for kvaliteten på opplæringa og gjennomføringa?

Dette er eit miljøskapande tilbod som særleg er viktig for hybelbuarane. Leksehjelp kan gje elevar moglegheit til å fullføre og bestå opplæringa.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Innsparingspotensialet er 0,7 mill. kr årleg dersom ordninga vert teken bort.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Sentraladministrasjonen: Ingen innsparing.

5. Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane:

	Viktig	Mindre viktig	Ikkje relevant
<i>Kvalitet i vidareførte oppgåver:</i>	Viktig. Gjennom leksehjelp-ordninga kan vi hjelpe mange elevar opp på ståkarakter og difor få auka gjennomføring for dei elevane som treng ekstra hjelp i faget.		
<i>Oppgåve- og ansvarsdeling:</i>	Ikkje relevant.		
<i>Funksjonelle bu- og arbeidsmarkn.reg.:</i>	Ikkje relevant.		
<i>Rolla i den regionale partnerskapen:</i>	Ikkje relevant.		
<i>Langsiktige avgjerder:</i>	Oppfølging av hybelbuarar er viktig i åra framover. Bruk av lærarressursen på leksehjelp og arbeidet til miljøkoordinator må sjåast i samanheng i den vidare vurderinga av tilbodet.		
<i>Alternative finansieringskjelder:</i>	Ikkje relevant.		

6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

Dei sosiale aktivitetane og bruk av lærarressurs er viktig for utvikling av godt læringsmiljø, trivsel, helse og fellesskap . Det er viktig å støtte opp om elevane sitt psykososiale miljø med tanke på auka gjennomføring.

7. Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet

8. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

Nei.

Vidaregåande opplæring i skule: Dei økonomiske rammene for drift av dei vidaregåande skulane (utgreiingsoppdrag nr. 5), rapport

I Innleiing

Fylkesdirektøren skal i dette utgreiingsoppdraget kartlegge og vurdere innsparingspotensialet og konsekvensar av eventuell reduksjon i dei økonomiske rammene knytt til tenestene:

- 5100 Utgifter til lokale. Budsjett 2015: 64,223 mill. kr.
- 5150 Forvaltning og fellesutgifter. Budsjett 2015: 50,375 mill. kr.
- 5200 Pedagogisk leining mv. Budsjett 2015: 79,364 mill. kr.
- 5210 Utdanningsprogramma. Budsjett 2015: 335,407 mill. kr.

I tillegg skal fylkesdirektøren vurdere nivået på løyvinga til kjøp av undervisningsutstyr på dei vidaregåande skulane.

I økonomiplanarbeidet er det definert ulike utgreiingsoppdrag. Desse skal kartlegge og vurdere innsparingspotensiale og konsekvensar av eventuelle reduksjonar i løyvingane. Som det går fram av tabellen under, omfattar nokre av utgreiingsoppdraga deler av drifta ved dei vidaregåande skulane knytt til tenestene nemnde over. Desse områda av drifta vert difor ikkje vurderte som ein del av dette utgreiingsoppdraget.

Utgreiingsoppdrag (område av drifta)	Teneste (del av kontoplanen) utgreiingsoppdraget heilt eller delvis er knytt opp mot
1 Arbeidslivskontaktressurs ved dei vidaregåande skulane	5200 Pedagogisk leining m.v.
3 Systemansvarleg IKT-ressurs	5150 Forvaltning og fellesutgifter
4 Læraressurs som del av open skule (leksehjelp)	5200 Pedagogisk leining
6 Innsparingspotensiale skule- og tilbodsstruktur	5100 Utgifter til lokale, 5150 Forvaltning og fellesutgifter, 5200 Pedagogisk leining m.v. og 5210 Utdanningsprogramma
7 Rådgjeving ut over avtalefesta nivå	5200 Pedagogisk leining m.v.
10 Leiingsressurs på dei vidaregåande skulane, ut over avtalefesta nivå	5200 Pedagogisk leining m.v.
14 Miljøkoordinatorressurs ved dei vidaregåande skulane	5150 Forvaltning og fellesutgifter
22 E-pedagogressurs ved dei vidaregåande skulane	5200 Pedagogisk leining m.v.
6.4 Organisering av løn og rekneskapstenestene (Kontorressurs)	5150 Forvaltning og fellesutgifter
6.7.Sentraladministrasjonen – roller og storleik (Kontorressurs)	
6.6 Reinhaldartenestene	5100 Utgifter til lokale
6.7.Sentraladministrasjonen – roller og storleik (Effektivisering inkl. digitalisering)	5150 Forvaltning og fellesutgifter

Midlane til drift av dei vidaregåande skulane er i stor grad knytte til løn. Ut over driftsområda nemnde i tabellen over er det avsett avgrensa midlar på tenestene 5100 Utgifter til lokale og 5150 Forvaltning og fellesutgifter. Midlar utanom løn er i hovudsak basert på normalsatsar. Dette er satsar fastsett for finansiering av t.d. kontorutgifter, service/driftsavtalar, ekskursjonar og

utstyr/undervisningsmateriale knytt til drift av utdanningsprogramma. I tillegg kjem driftsmidlar til husleige og div. avgifter. Det er, etter fylkesdirektøren si vurdering, ikkje grunnlag for å vurdere innsparing på desse driftsmidlane.

Hovudfokuset i dette utgreiingsoppdraget er difor knytt til tenestene 5200 Pedagogisk leining og 5210 Utdanningsprogramma. Teneste 5200 inneheld midlar til skuleleining og andre kostnader som ikkje let seg knyte direkte til dei einstilte utdanningsprogramma. Storleiken på leiingsressursen vert ikkje vurdert i dette utgreiingsarbeidet. Teneste 5201 Utdanningsprogramma inneheld driftsmidlar som t.d. løn til lærarar, ressursar til kontaktlærarar og midlar til materiell og utstyr.

I 2014 vart det tildelt om lag 406 mill. kr til skulane på teneste 5200 Pedagogisk leining og 5210 Utdanningsprogramma. Om lag 95 prosent av budsjettet på desse tenestene er lønsmidlar.

Det er i utgreiinga lagt til grunn at eventuelle innsparingstiltak skal vurderast opp mot grunnprinsippet kvalitet, og kva konsekvensar ein eventuell reduksjon i ressursane har for kvaliteten på den vidaregåande opplæringa.

Det er frå fylkesdirektøren også lagt til grunn at utgreiinga ikkje skal ta føre seg innsparingstiltak som påverkar skule- og tilbodsstrukturen, då struktur skal gjerast greie for i eige utgreiingsoppdrag som skal handsamast våren 2016.

II Grunnlag for ressurstildeling og ressursbruk på skulane

Dei vidaregåande skulane har rammefinansiering med grunnlag i tal grupper og får tildelt ressursar gjennom ansvarsbrev.

I samband med utarbeiding av mål- og strategidokumentet Rom for alle – syn for den enkelte vart det gjort ei vurdering av stykkprisfinansiering i høve dagens fordelingsmodell. Det vart då konkludert med at insentiva i stykkprismodellen i liten grad var foreinlege med føremålet om ein desentralisert skulestruktur. Det vart på bakgrunn av dette tilrådd at den vidare utviklinga av ressursfordelinga til dei vidaregåande skulane skulle baserast på dagens ordning. Arbeidsgruppa kan ikkje sjå at føresetnadene som låg til grunn for denne vurderinga er endra.

Tildelinga av midlar til den pedagogiske verksemda vert styrt av:

- Gjeldande retningsliner for undervisningstimetall pr. elevgruppe. Skulane får tildelt ressursar som svarar til timetalet i faget, uavhengig av tal elevar i gruppene.
- Leiingsressurs, utrekna ut frå tal elevplassar og utdanningsprogram
- Avtaleverk – løn og arbeidstid – ymse normtal
- Gjennomsnittleg lærarløn ved den einstilte skule
- Vedteke opplæringstilbod; fagtilbod, kapasitet og fordeling av grupper på skulane
- Tilleggsressursar etter fylkeskommunale vedtak
- Fylkeskommunale vedtak om særskilde satsingar/tiltak
- Fastlagd skulestruktur

Som eit innsparingstiltak (gjeldande frå 2008) vert ressursen til den pedagogiske verksemda ved skulane årleg redusert med 0,33 prosent, tilsvarande om lag 1,3 mill. kr.

Fylkeskommunen har resultatoverføring. Dette inneber at meir- og mindreforbruk på skulane, så langt fylkeskommunen sin økonomi tillet det, vert overført til skulane året etter. Denne ordninga

gir skulane større handlingsrom og eit meir langsiktig perspektiv og høve til å styre mot planlagde over-/underskot det einskilde år.

III Vurdering av innsparingspotensiale og konsekvensar av eventuell reduksjon i løyvningsnivået

Tal grupper, oppfyltingsgrad i gruppene og tal tildelte lærartimar til gruppene er dei faktorane som i størst grad påverkar kostnadane ved opplæringstilbodet.

1. Tal grupper

Hovudutvalet for opplæring har mynde til å gjera vedtak om opplæringstilbodet, finansiert innafør dei økonomiske rammene som ligg i økonomiplanen. Dette omfattar oppretting av tal grupper og fordeling av grupper mellom skular. Styrande for handsaminga i hovudutvalet for opplæring er skule- og tilbodsstrukturen i vedteken skulebruksplan (FT-sak 26/13).

Opplæringstilbodet må vere tilpassa søkinga til vidaregåande opplæring, tilgangen på læreplassar og arbeids- og næringsliv sitt behov for arbeidskraft/kompetanse.

Skuleåret 2014-2015 er tal grupper 233.

Innsparingspotensiale

Innsparing som følgje av reduksjon i tal grupper må vurderast i samband med den årlege handsaminga av saka om opplæringstilbodet og budsjett og økonomiplan. Gjennomsnittskostnaden pr. gruppe er rekna til om lag 1,4 mill. kr.

Administrativt innsparingspotensiale

Reduksjon i tal grupper vil ikkje gje sentraladministrativ innsparing.

Tal grupper er ein del av grunnlaget for berekning av leiingsressursen på skulane.

Konsekvensar av reduksjon i tal grupper

Nivået på den samla økonomiske ramma til opplæringstilbodet er lagt ut frå erfaringstal. Reduksjon i gruppetalet ut over det som kan forsvarast ut frå redusert søkjartal, kan føre til at fleire ungdomar med rett til vidaregåande opplæring får tilbod på lågare ønskje enn i dag. Dette kan igjen føre til meir omval og fleire grupper året etter.

Reduksjon av grupper vil gje personalmessige konsekvensar.

2. Oppfylling i grupper

Det er ein føresetnad for god ressursutnytting at det er høg oppfylling i oppretta grupper. Tal grupper og oppfyltingsgraden i gruppene påverkar kvarandre gjensidig. Skjerpa krav til oppfylling medfører difor reduksjon i gruppetalet.

Fylkestinget vedtok i saka om skulebruksplanen (FT-sak 26/13), punkt 6:

«Det er ei målsetjing at oppfyltingsgraden skal vere så høg som mogleg. Det skal vere minimum 8 søkjarar med ungdomsrett i kvar gruppe på yrkesfaglege utdanningsprogram og minimum 20 søkjarar med ungdomsrett i kvar gruppe på studieførebuande utdanningsprogram frå skuleåret 2014/15.»

I FT-sak 55/13 vart det gjort slikt vedtak:

«Fylkestinget gjev Hovudutval for opplæring fullmakt til innanfor den økonomiske ramma til opplæringstilbodet å gjere unntak frå vedtak i fylkestinget sak 26/13 pkt.6 om oppfyltingskrav.»

I etterkant av vedtaket i skulebruksplanen vart det behov for å gjere spesifikt vedtak om minimumssøknad til musikk, dans og drama, der plasstalet er 24. Hovudutvalet vedtok i sak om opplæringstilbodet 2014-2015 (HO-sak 34/13) at søkjartalet minimum skal vere 16 på vg1 musikk med 24 plassar, og minimum 16 til saman på vg1 dans og vg1 drama som totalt har 24 plassar.

Dei vidaregåande skulane har for skuleåret 2014-2015 ei oppfylling på i underkant av 94 prosent, om lag som året før. Skuleåret 2014-2015 er det 347 ledige plassar.

I samband med opplæringstilbodet for skuleåret 2015-2016 gjorde hovudutvalet for opplæring vedtak om å starte opp tal 21 grupper som hadde mindre oppfylling enn vedtaket i FT-sak 26/13 føresette.

Økonomisk innsparingspotensiale

Eventuell innsparing som følgje av auka oppfylling (reduksjon i gruppetalet) må vurderast i samband med den årlege handsaminga av saka om opplæringstilbodet og budsjett og økonomiplan.

Administrativt innsparingspotensiale

Skjerpa krav til oppfylling i grupper vil ikkje gje sentraladministrativ innsparing. Tal grupper er ein del av grunnlaget for berekning av leiingsressursen på skulane.

Konsekvensar ved skjerpa krav til oppfylling

Skjerpa krav til oppfylling i grupper vil medføre at tal grupper vert redusert. Dette kan føre til at fleire ungdomar med rett til vidaregåande opplæring får tilbod på lågare ønskje enn i dag. Dette kan igjen føre til meir omval og fleire grupper året etter.

Skjerpa krav til oppfylling vil gje personalmessige konsekvensar.

3. Tal lærartimar

Skulane får tildelt tal lærartimar ut frå fastsette normer for å oppfylle krava til fag- og timefordeling i Kunnskapsløftet. I tillegg kjem ekstra timar for nokre utdanningsprogram.

Fylkesdirektøren har kartlagt mogleg innsparingspotensiale¹ og konsekvensar av eventuell innsparing i tal lærartimar som følgje av:

- 3.1 reduksjon i tal tilleggstimar og delingstimar
- 3.2 samanslåing av yrkesfaggrupper i fellesfag
- 3.3 samanslåing av grupper i språkfag
- 3.4 reduksjon av breidde i programfag
- 3.5 bortfall av lærarar sine undervisningstimar – omdisponering av læraren si undervisningstid

3.1 Redusere tal tilleggstimar og delingstimar

Økonomisk innsparingspotensiale

Skulane samla fekk skuleåret 2014-2015 tildelt om lag 440 tilleggstimar pr. veke for å tilby fleire programfag eller til deling i mindre grupper innan same programfag (jf. vedlegg 1). Dette utgjer

¹ Fylkesdirektøren har stipulert innsparingspotensiale ut frå ein kostnad pr. veketime på kr 35000,-

ein kostnad på om lag 15,5 mill. kr. Tildelingane er heimla i gjeldande regelverk og vedtak i fylkeskommunale politiske organ. Slike tilleggstimar er ein føresetnad for å kunne tilby ønska breidde av programfag, t.d. i utdanningsprogrammet studiespesialisering, der skular med mindre enn tre grupper på kvart nivå får tilleggsressursar for å kunne tilby ønska breidde i fagtilbodet; skular med ei gruppe på kvart nivå får tildelt 38 tilleggstimar pr. veke medan skular med to parallellar på kvart nivå får tildelt 18 tilleggstimar pr. veke. Med den tilbodsstrukturen vi har skuleåret 2014-2015 er det 4 skular med ei gruppe på kvart nivå og 4 skular med ulike kombinasjonar av ei og to grupper på ulike nivå. Skulane samla får tilleggsressursar til studiespesialisering tilsvarande om lag 8,1 mill. kr.

Fylkesdirektøren har vurdert konsekvensen av å redusere tal tilleggstimar på studiespesialisering, med utgangspunkt i vedteke opplæringstilbod skuleåret 2014-2015. Følgjande alternativ er vurderte:

- å ta bort 5 t/v frå kvar skule. Dette vil gje ei innsparing på om lag 1,4 mill. kr.
- å ta bort resten av tilleggstimane på skulane. Dette vil gje ei ytterlegare innsparing på om lag 6,7 mill. kr (samla innsparing vert 8,1 mill. kr ved å ta bort alle tilleggstimane).

Utdanningsprogrammet musikk, dans og drama får tildelt eit tillegg på i overkant av 140 timar pr. veke til instrumentopplæring i musikk, tilsvarande ein kostnad på om lag 5,0 mill. kr. Fylkesdirektøren har vurdert konsekvensen av å redusere tal tilleggstimar til utdanningsprogrammet.

Oppretting av kombinasjonar med to halve grupper knytt til ulike utdanningsprogram i yrkesfaga medfører store tilleggskostnader for å sikre naudsynt deling av gruppene i programfaga. Generelt kan ein rekne 17 tilleggstimar pr. veke for kvar kombinasjon. For skuleåret 2015-2016 er det vedteke starta opp 4 kombinasjonar med to halve grupper. Dette gir ein tilleggskostnad på om lag 2,4 mill. kr.

Administrativt innsparingspotensiale

Reduksjon av tal tilleggstimar og delingstimar vil ikkje gje sentraladministrativ innsparing.

Konsekvensar

Ved å samle tilbod på færre skular vil ein kunne spare tilleggsstimar ved at det blir betre oppfyljing i programfaggrupper. Konsekvensen av dette vil kunne vere at fleire ungdomar må byte skule og ev. flytte på hybel. Ei slik endring må vurderast i samband med utgreiingsarbeidet knytt til struktur.

Det er mogleg å redusere tildelinga av tilleggstimar til studiespesialisering med 5 timar pr. veke i høve tildelinga skulane med tilleggstimar får i dag. Ein slik reduksjon vil gje eit smalare tilbod på skulane men elevane vil framleis kunne velje fordjuping innan begge programområde (programområdet for realfag og programområdet for språk og samfunnsfag). Elevane må med ei slik ressurstildeling ta dei faga som vert tilbydde innan programområdet for realfag eller programområdet for språk og samfunnsfag. Det vil ikkje vere mogeleg å velje vekk eitt av faga.

Dersom heile tilleggsressursen vert teken bort frå skular med ei gruppe på kvart nivå vil desse skulane berre kunne tilby eitt av programområda språk/samfunn eller realfag. Skulane vil med ei slik ressurstildeling berre kunne tilby generell studiekompetanse. Kvar av skulane må framleis ha 5 tilleggstimar pr. veke for å tilby språk på vg3 for dei som ikkje har framandspråk frå ungdomsskulen. Konsekvensen blir at alle elevane har identisk «timeplan» og med 30 elevar i programfaga. Også dei 5 timane til språk på vg3 kan kuttast dersom alle elevane har hatt

framandspråk i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen berre tilbyr eitt språk. Dette føreset at elevane frå grunnskulen er kjent med kva framandspråk dei kan få i den vidaregåande skulen dei soknar til. Ei slik avgrensing av fagutvalet vil kunne føre til at elevane vil oppfatte skulane som A- og B-skular.

Dersom heile tilleggsressursen vert teken bort frå skular med to grupper på kvart nivå vil desse kunne tilby begge programfaga realfag og språk/samfunn. Ei slik ressurstildeling vil elles gje same avgrensing i fagutvalet val som vist for skular med ei gruppe på kvart nivå og skulane vil berre kunne tilby generell studiekompetanse.

Ei slik ressurstildeling i utdanningsprogram for studiespesialisering vil føre til at elevgrupper i store deler av fylket vil få eit opplæringstilbod som i altfor liten grad vil kunne imøtekomme behov for fagleg breidde og fordjuping i sentrale deler av utdanningsprogrammet, samt kvalifisering i høve vidare studiar.

Å redusere tal tilleggstimar til musikk, dans og drama vil føre til at skulen ikkje kan oppfylle krava i læreplanen om individuell opplæring. Reduksjon av tilleggstimar vil gje personalmessige konsekvensar.

3.2 Slå saman yrkesfaggrupper i fellesfag

Gjeldande regelverk legg ikkje føringar på tal elevar i grupper, men elevtalet må haldast innan pedagogisk forsvarlege grenser. Tidlegare føresegner om gruppestorleik og omsynet til den desentraliserte skulestrukturen har vore avgjerande for dimensjoneringa av undervisningslokale. Bygningmessige tilhøve avgrensar difor høvet til å slå saman grupper på nokre skular.

Økonomisk innsparingspotensiale

I samband med ressurstildelinga til skulane er det innarbeidd ein føresetnad om samanslåing av yrkesfaggrupper på vg1 i kroppsøving. Skulane får ut over dette tildelt lærartimar fullt ut i høve vedteke opplæringstilbod.

Etter fylkesdirektøren si vurdering er det mogleg å slå saman to yrkesfaggrupper på vg2 i kroppsøving. Fleire skular praktiserer dette i dag. Ut frå vedteken tilbodsstruktur for skuleåret 2014-2015 utgjer dette ei årleg innsparing på om lag 2,3 mill. kr.

Det vil også vere mogleg å slå saman to yrkesfaggrupper på vg2 i samfunnsfag, då det ikkje er krav til yrkesretting i dette faget. Grunnlaget for innsparing må vurderast årleg og innsparingspotensialet vil kunne variere frå år til år. Ut frå vedteken tilbodsstruktur for skuleåret 2014-2015 ville samanslåing gje ei innsparing i storleiksorden 2,4 mill. kr.

Fylkesdirektøren har også vurdert konsekvensar av å slå saman yrkesfaggrupper i andre fellesfag.

Administrativt innsparingspotensiale

Samanslåing av yrkesfaggrupper i fellesfag vil ikkje gje sentraladministrativ innsparing.

Konsekvensar

Samanslåing av yrkesfaggrupper på vg2 i kroppsøving er etter fylkesdirektøren si vurdering fagleg forsvarleg. Fylkesdirektøren vil likevel peike på utfordringane vi har sett over fleire år med svake resultat og manglande gjennomføring i faget. Samanslåing i kroppsøving gir ikkje arealmessige utfordringar, men vil stille krav til samordning av timeplanen.

Samanslåing av yrkesfaggrupper på vg2 i samfunnsfag krev tilgang på lokale for å slå saman to grupper, noko som vil vere ei utfordring ved nokre av skulane. Samanslåing vil stille store krav til samordning av timeplanen. Etter fylkesdirektøren si vurdering vil samanslåing kunne vere fagleg forsvarleg, men vil forringe kvaliteten på opplæringa i faget ved at det blir mindre tid til oppfølging av den einskilde elev.

Samanslåing av yrkesfaggrupper i fellesfag, ut over det som er nemnt over, vil vere svært krevjande når det gjeld å samordne timeplanen og ha tilgjengeleg naudsynt areal. Samordning vil ha svært uheldige konsekvensar for kvaliteten på opplæringa og vil, etter fylkesdirektøren si vurdering, ikkje vere fagleg forsvarleg. Den nasjonale satsinga på yrkesretting i fellesfaga vil også bli vanskeleg å følge opp. Nedjustering av dei økonomiske rammene for skulane med føresetnad om at flest mogleg grupper på yrkesfag skal slåast saman i fellesfag, vil ta bort skulane sitt handlingsrom til fleksibel organisering av opplæringa og også slik føre til redusert kvalitet på opplæringa.

Å slå saman grupper i fellesfag vil gje personalmessige konsekvensar.

3.3 Slå saman grupper i språkfag

Samanslåing av grupper i språkfag føreset parallellegging av timeplanen på tvers av årsstega og vil, etter fylkesdirektøren si vurdering, vere så organisatorisk krevjande at det ikkje vil vere tilrådeleg.

Å slå saman grupper i språkfag vil gje personalmessige konsekvensar.

3.4 Bortfall av lærarar sine undervisningstimar – omdisponering av læraren si undervisningstid

Skulane får i dag tildelt like mange undervisningstimar til lærarar som læreplanen i faget seier elevane skal ha.

Ut frå skulane sine arbeidsplanar/årsplanar fell det kvart år bort undervisningstimar, t.d. i samband med eksamen, aktivitetsdagar og temadagar. Dette er bortfall av undervisningstimar som i stor grad er kjent på førehand og som, etter fylkesdirektøren si vurdering, bør inngå i planlegginga av skulen sin bruk av lærartimar og den einskilde lærar sin arbeidsplan. Dette vert praktisert i fleire andre fylkeskommunar. Viser her også til arbeidsrettsdom 6. juni 2006 (sak nr. 32/2005, Inr. 17/2006).

Fylkesdirektøren har vurdert innsparingspotensialet, korleis eventuell innsparing kan takast ut og konsekvensar av eventuell innsparing.

Økonomisk innsparingspotensiale

Fylkesdirektøren meiner det er vesentleg at skulane i fylket praktiserer bortteljing av undervisningsfrie timar ut frå same grunnlag. I tillegg er det avgjerande at bortteljinga er på eit nivå som er realistisk for alle skulane og som ikkje bidrar til å redusere kvaliteten på opplæringa for elevane. Ut frå gjennomgang av årsplanane for nokre av skulane har fylkesdirektøren kome fram til eit felles grunnlag for bortteljing (jf. vedlegg 2). Fylkesdirektøren har kome til at eit bortfall på om lag 5 prosent av samla tal undervisningstimar er innanfor dagens praksis og at ein tilsvarande reduksjon i tildeling av lærartimar ikkje vil redusere kvaliteten på opplæringa. For skuleåret 2014-2015 ville dette ha gitt ei innsparing på om lag 12,0 mill. kr.

Gjennomføring av ordninga med bortteljing og utarbeiding av arbeidsplanar må gjerast på den einskilde skule. Det er vesentleg at drøftingar med tilsetteorganisasjonane om gjennomføring av

ordninga skjer på fylkesnivå. Ved ei slik ordning er det ein føresetnad at elevane får oppfylt kravet til minstetimetall i faga.

Administrativt innsparingspotensiale

Det må vere eit mål å halde skulane sitt administrative arbeid knytt til ordninga på lågast mogleg nivå.

Gjennomføring av ordninga vil ikkje ha konsekvensar for det sentraladministrative arbeidet.

Konsekvensar

Reduksjon i tildeling av lærartimar til skulane vil ha personalmessige konsekvensar. Bortteljing av undervisningsfrie timar vil medføre at lærarane sine undervisningstimar vert aktivt nytta anten som planlagt undervisning eller som vikartimar.

IV Midlar til kjøp av undervisningsutstyr på dei vidaregåande skulane

Midlane til kjøp av undervisningsutstyr vert finansiert over investeringsbudsjette. Løyvinga er finansiert ved låneopptak. Frå 2012 har det årleg vore sett av 13 mill. kr inkl. mva til føremålet.

Av løyvinga er 1,6 mill. kr stilt til disposisjon for IKT-tenesta til arbeidet med oppgradering og vidareutvikling av nettverk, serverar og lagring av data ved dei vidaregåande skulane. Resterande midlar skal nyttast til komplettering av undervisningsutstyr i samband med læreplanane og utskifting av gammalt og nedslite utstyr.

Fylkesdirektøren for opplæring gjennomførte i september 2011 ei kartlegging av status når det gjeld undervisningsutstyr ved dei vidaregåande skulane, som grunnlag for notat til hovudutvalet for opplæring, sak 17/11. Utvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

1. På grunn av etterslepet på investeringar i utstyr på vidaregåande skular ber hovudutvalet for opplæring finansutvalet å auke utstyrspotten opp til 16 mill. kr årleg i løpet av økonomiplanperioden.
2. Investeringsbehovet må også sjåast i samband med det vidare arbeidet med mål- og strategiplanen.

Ut frå dei økonomiske rammene for investeringsplanen vart løyvinga auka med 3 mill. kr årleg i økonomiplanperioden, til 13 mill. kr.

Tilbakemeldingane frå dei vidaregåande skulane i samband med økonomiplanarbeidet for 2015, viser at stoda ikkje er endra. Skulane melder at dei er avhengige av at nivået på utstyrsmidlane vert vidareført minst på same nivå for at dei skal kunne oppretthalde kvaliteten på opplæringa. Ein skule melder at løyvinga, som eit innsparingstiltak, kan reduserast t.d. med 10 prosent i eit avgrensa tal år. Arbeidsgruppa meiner ei slik tilnærming vil vere uheldig og at konsekvensen vil vere at etterslepet vil auke.

V Oppsummering

Utgreiinga viser innsparingspotensiale og konsekvensar av moglege innsparingstiltak. Det er vesentleg å vere merksam på at å redusere dei økonomiske rammene for skulane på fleire område samstundes, vil ta bort skulane sitt handlingsrom og føre til redusert kvalitet på opplæringa. Innsparingspotensialet vil bli påverka av elevtalsutviklinga og eventuelle endringar i skule- og

tilbudsstrukturen. Innsparingspotensialet vil også kunne variere frå år til år ut frå endringar i gruppetalet.

Innsparingspotensiale og konsekvensar av moglege innsparingstiltak kan oppsummerast slik:

Tiltak	Årleg innsparingspotensiale i mill. kr	Konsekvensar
Reduksjon i tal grupper ut over det som kan forsvarast ut frå redusert søkjartal	Ikkje kostnadsrekna	Fleire ungdomar med rett til vidaregåande opplæring får tilbod på lågare ønskje enn i dag. Kan føre til meir omval og fleire grupper året etter. Personalmessige konsekvensar.
Skjerpa krav til oppfyljing i grupper	Ikkje kostnadsrekna	Fleire ungdomar med rett til vidaregåande opplæring får tilbod på lågare ønskje enn i dag. Kan føre til meir omval og fleire grupper året etter. Personalmessige konsekvensar.
Redusere tal tilleggstimar til studiespesialisering med 5 timar pr. veke	1,4	Smalare fagtilbod. Personalmessige konsekvensar.
Ta bort resten av tilleggstimane til studiespesialisering	6,7 (samla reduksjon ved å ta bort alle tilleggstimane på studiespesialisering vert 8,1 mill. kr)	Svært smalt fagtilbod; skular med ei og to grupper på kvart nivå vil berre kunne tilby generell studiekompetanse. Alle elvar har identisk timeplan. Ei slik avgrensing av fagutvalet vil kunne føre til at elevane vil oppfatte skulane som A- og B-skular. Elevgrupper i store deler av fylket vil få eit opplæringstilbod som i altfor liten grad vil kunne imøtekome behov for fagleg breidde og fordjuping i sentrale deler av utdanningsprogrammet, samt kvalifisering i høve vidare studiar. Personalmessige konsekvensar.
Redusere tal tilleggstimar til deling i musikk, dans og drama	0	Vil ikkje kunne oppfylle krava i læreplanen om individuell opplæring. Personalmessige konsekvensar.
Samanslåing av yrkesfaggrupper på vg2 i kroppsøving	2,3	Har tilgang på areal. Krav til samordning av timeplanen. Fagleg forsvarleg. Personalmessige konsekvensar.
Samanslåing av yrkesfaggrupper på vg2 i samfunnsfag	2,4	Føreset ledig eigna areal. Krav til samordning av timeplanen. Vi kunne vere fagleg forsvarleg, men vil forringe kvaliteten på opplæringa. Grunnlaget for samanslåing må vurderast årleg. Personalmessige konsekvensar.

Samanslåing av yrkesfaggrupper i andre fellesfag	Ikkje kostnadsrekna	Svært krevjande for timeplanlegginga og for å tilgjengeleg naudsynt areal. Reduksjon av den økonomiske ramma, under denne føresetnaden, vil ta bort skulane sitt handlingsrom til fleksibel organisering av opplæringa. Svært uheldig for kvaliteten på opplæringa. Ikkje fagleg forsvarleg. Personalmessige konsekvensar.
Slå saman grupper i språkfag	Ikkje kostnadsrekna.	Føreset parallellegging av timeplanen på tvers av årsstega. Så organisatorisk krevjande at det ikkje vil vere tilrådeleg. Personalmessige konsekvensar.
Bortfall av lærarar sine undervisningstimar - omdisponering av læraren si undervisningstid tilsvarande 5 prosent av tal tildelte lærartimar	12,0	Innanfor ramma av dagens praksis i arbeidsplanar/årsplanar på skulane. Ikkje konsekvensar for kvaliteten på opplæringa. Personalmessige konsekvensar.
Reduksjon av midlar til undervisningsutstyr	0	Vil redusere kvaliteten på opplæringa. Etterslepet vil auke.
Samla innsparingspotensiale	24,8	

Vidaregåande opplæring i skule: Dei økonomiske rammene for 2014-2015

Tilleggstimar til dei vidaregåande skulane skuleåret 2014-2015

		Tal tilleggstimar
Årdal vidaregåande skule	Studiespesialisering	1421
Sogndal vidaregåande skule	Transport og logistikk	150
Høyanger vidaregåande skule	Studiespesialisering	1421
Mo og Øyrane vidaregåande skule	Transport og logistikk	120
	Heste og Hovslagarfaget	207
	Landbruk og gartnernæring	207
	Naturbruk L	339
	Naturbruk vg3	187
Hafstad vidaregåande skule	Påbygging generell studiekomp.	187
	Studiespesialisering formgjeving	300
Dale vidaregåande skule	Studiespesialisering	1421
Flora vidaregåande skule	Studiespesialisering	448
Firda vidaregåande skule	Studiespesialisering	1172
	Musikk, dans og drama	5349
	Påbygging generell studiekomp.	187
Stryn vidaregåande skule	Studiespesialisering	921
	Transport og logistikk	150
Eid vidaregåande skule	Studiespesialisering	448
Måløy vidaregåande skule	Studiespesialisering	1421
	Naturbruk F	189
	Akvakultur	340
	Sum	16585

drift av dei vidaregåande skulan

ar

1/2 gr

Timar pr. veke
443

ie (utgreiingsoppdrag nr. 5), vedlegg 1

Vidaregåande opplæring i skule: Dei økonomiske rammene for drift av dei vidaregåande skulane (utgreiingsoppdrag nr. 5), vedlegg 2

Grunnlag for bortfall av undervisningsfrie timar

- Første skuledag
- Aktivitetsdag (fjelldag/skidag/turnering)
- ID/OD
- Jule-/årsavslutning
- Kulturell skulesekk
- Temadagar (psykisk helse/ elevorg/trafikk/entreprenørskap (frå utdanning til jobb))
- Studieorientering (frå univ./ høgskule/opplæringskontora/utdanningsmesse (næringslivet)
- Utplassering yrkesfag
- Eksamensperioden (inkl. lesedagar, eksamensdag og siste skuledag)

Utgreiingsoppdrag 6: Innsparingspotensiale skule- og tilbudsstruktur

I Innleiing

Fylkesdirektøren har fått i oppdrag å kartlegge og vurdere eit muleg innsparingskrav innafør tenestene 5150 Forvaltning og fellesutgifter, 5200 Pedagogisk leiing m.v. og 5210 Utdanningsprogramma. For å vurdere dette skal det gjerast eit overslag over innsparingspotensialet ved strukturendringar ut frå utgreiingane som vart utarbeidd i samband med skulebruksplanen (FT-sak 26/13).

II Metode

Fylkesdirektøren vil i dette utgreiingsoppdraget:

1. Få fram innsparingspotensialet som låg i den administrative utgreidde skulebruksplanen og isolere innsparingsverknaden av strukturelle grep.
2. Korrigere innsparingspotensialet som følgje av fylkestinget sitt vedtak i skulebruksplansaka.
3. Synleggjere innsparingsverknaden for driftsområde som er under utgreiing i samband med økonomiplanarbeidet (SFJ 2019) og korrigere innsparingspotensialet for dette. Dette for å unngå å rekne dobbel innsparingseffekt. Få fram rest innsparingspotensiale som følgje av strukturelle grep.

I samband med skulebruksplanen vart det utarbeidd 3 modellar med ulike variantar for organisering av vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane. Konsekvensane av dei ulike modellane vart målt opp mot ein felles «referansemodell» basert på organiseringa av vidaregåande opplæring skuleåret 2012-2013.

I saksutgreiinga til skulebruksplanen er det konsekvensutgreidd ulike modellar for organisering. Spennet i innsparing mellom modellane er på 33 mill. kr. Denne innsparinga knyter seg til strukturelle tiltak. Innsparingane ut over dette, synleggjort i konsekvensutgreiinga, knyter seg til reduksjon i elev- og gruppetalet.

Vedtaket i skulebruksplanen inneber ei innsparing på 37 mill. kr, medrekna kapitalutgifter og sal av eigedomar. Det er då teke ned grupper tilsvarande elevtalsutviklinga fram til skuleåret 2016-2017. I hovudsak kjem innsparinga av reduksjon i elev- og gruppetal.

Tabell 1 viser berekninga av innsparingspotensialet knytt til struktur:

Tabell 1

Innsparingsområde vurderte i skulebruksplanen	Modell 0	Modell 2	Spennet i innsparing vist i utgreiingane til skulebruksplanen	FT-vedtak sak 26/13	Realisert innsparing som følgje av strukturelle grep i vedteken skulebruksplanen	Innsparing som følgje av elevtalsreduksjon 2017-2021 (9 grupper)	Innsparingsverknad av driftsområde under utgreiing	Realisert innsparing korrigert for elevtalsreduksjon og driftsområde under utgreiing	Rest innsparingspotensiale som følgje av strukturelle grep
Drift av vidaregåande skular	-63	-102	-39	-58	5	-13	-6	-13	-26
Hordalandsavtalen	-7	-7	0	0	7			7	-7
Skuleskyss	0	6	6	2	2			2	4
Kapitalkostnader (med sal av eigedomar)	13	13	0	18	5			5	-6
Sum	-57	-90	-33	-37	20	-13	-6	2	-35

Forklaring til tabell 1:

Kolonne (K) 1: Innsparingsområde vurderte i skulebruksplanen
K2: Innsparingspotensialet som låg i modell 0 i skulebruksplanen

- K3: Innsparingspotensialet som låg i modell 2 i skulebruksplanen
- K4: Spennet i innsparingane vist i utgreiingane til skulebruksplanen
- K5: Innsparingsverknaden som ligg i vedteken skulebruksplan (FT-sak 26/13)
- K6: Realisert innsparing som følgje av strukturelle grep i vedteken skulebruksplan
- K7: Innsparing som følgje av elevtalsreduksjon 2017-2021 (9 grupper)
- K8: Innsparingsverknad av driftsområde som er under utgreiing i samband med økonomiplanarbeidet (SFJ 2019)
- K10 Realisert innsparing korrigert for elevtalsreduksjon og driftsområde under utgreiing
- K10 Rest innsparingspotensiale knytt til struktur, jf. modell 2, korrigert for K8

Fylkesdirektøren vil understreke at overslaget over innsparingspotensialet ved strukturelle tiltak ikkje kan nyttast som eit fasitsvar. Dette er ein tankemodell som illustrere innsparingspotensialet ved strukturendringar. Det er knytt stor uvisse til ei slik tilnærming mellom anna fordi kostnadsbiletet truleg vil vere endra som følgje av at ein del av dei strukturelle grepa i skulebruksplanen som allereie er realisert.

1. Innsparingspotensialet knytt til strukturelle grep i skulebruksplanen

Innsparingspotensiale som følgje av strukturelle grep i modell 2:

Tabell 2

Innsparing i modell 2 (elevtalsutvikling og struktur)	-90 mill. kr
Innsparing i modell 0 (elevtalsutvikling)	-57 mill. kr
Innsparing modell 2 (struktur)	-33 mill. kr

Tabellen over viser at 33 mill. kr av innsparinga i modell 2 er knytt til struktur. Dette er maksimalt innsparingspotensiale som følgje av strukturelle grep i modellane som vart utgreidde i samband med skulebruksplanen.

2. Korrigere innsparingspotensialet knytt til strukturelle grep for realisert innsparing gjennom FT sitt vedtak i skulebruksplansaka.

Realisert innsparing som følgje av strukturelle grep i vedteken skulebruksplan:

Tabell 3:

Innsparing i modell 0 (elevtalsutvikling)	-57 mill. kr
Innsparing i vedteken skulebruksplan (elevtalsutvikling og struktur)	-37 mill. kr
Innsparing som følgje av elevtalsreduksjon 2017-2021	-13 mill. kr
Innsparing vedteken skulebruksplan (struktur) korrigert for elevtalsreduksjon 2017-2021	7 mill. kr

Tabellen over viser at ein differanse mellom modell 0 og vedteken skulebruksplan på 7 mill. kr. Vi har då rekna inn 13 mill. kr knytt til elevtalsreduksjon frå 2017-2021. Denne elevtalsreduksjonen var ikkje rekna inn i vedteken skulebruksplan. Dette tyder på at fylkeskommunen har fått ein kostnadsauke på 7 mill. kr som følgje av dei strukturelle grepa i

3. Synleggjere innsparingsverknaden for driftsområde som er under utgreiing i samband med økonomiplanarbeidet (SFJ 2019) og korrigere innsparingspotensialet for dette. Dette for å unngå å rekne dobbel innsparingseffekt. Få fram rest innsparingspotensiale som følgje av strukturelle grep.

I samband med økonomiplanarbeidet er det starta utgreiingsarbeid på fleire område som gjeld drifta av dei vidaregåande skulane. For å unngå å rekne dobbel innsparingseffekt, må innsparingsverknaden for desse områda heldast utanfor. Den økonomiske effekten av dette utgjer om lag 6 mill. kr.

IV Fylkesdirektøren si vurdering

Berekninga over viser eit ikkje-realiserert innsparingspotensiale som følgje av strukturendringar på om lag 35 mill. kr. Det er knytt svært stor uvisse til storleiken på innsparingspotensialet.

I berekninga i denne utgreiinga har fylkesdirektøren nytta føresetnadene som låg til grunn i skulebruksplanen og samanhalde modell 2 med vedteken skulebruksplan. Dette trass i at utgangspunktet for berekningane ikkje er dei same i 2015 som dei var før gjennomføring av skulebruksplanvedtaket. M.a. går nokre av endringane som er iverksett gjennom vedteken skulebruksplan på tvers av strukturen som var lagt til grunn i modell 2. Eit døme på dette kan vere utdanningsprogrammet restaurant og matfag, som i modell 2 var lagt to stader i fylket (Øyrane og Måløy vidaregåande skular), medan tilbodet i vedteken skulebruksplan i tillegg er lagt til Sogndal vidaregåande skule. Å etablere utdanningsprogrammet ved Sogndal vidaregåande skule utløyser ein investeringskostnad på om lag 16 mill. kr, noko som gjev årlege kapitalutgifter på om lag 1,3 mill. kr. Nemnde auke i kapitalutgifter vil gje tilsvarande reduksjon i innsparingspotensialet for modell 2.

Etter fylkesdirektøren si vurdering kan mogleg innsparingspotensiale ved eventuelle framtidige strukturendringar berre visast gjennom konkret utgreiing av modellar for organisering.

Vidaregåande opplæring i skule: Innføringsgrupper for minoritetsspråklege (utgreiingsoppdrag nr. 8), rapport

Bakgrunn

Sogn og Fjordane fylkeskommune får kvart år søknader til vidaregåande opplæring frå ungdommar med minoritetsspråkleg bakgrunn som ikkje har godt nok grunnlag for inntak til vidaregåande opplæring. Desse ungdommane har rett til 3 år vidaregåande opplæring.

Dette gjeld primært ungdommar som har kort opphaldstid i Noreg. Ved inntak til innføringsgruppene vert det etter opplæringslova krevd norsk grunnskule eller tilsvarande. I mange tilfelle er skulegangen frå heimlandet ufullstendig og søkjarane manglar dokumentasjon på gjennomført skulegang. Dei kan også ha kort tid i norsk grunnskule før dei vert søkt over i vidaregåande opplæring. Erfaring viser at desse ungdommane får til dels store vanskar med å tilpasse seg og fylgje opp den ordinære opplæringa i vidaregåande skule, sjølv om ein set i verk særskilde tiltak for å tilpassa opplæringa.

Det vart med bakgrunn i dette starta opp eigne innføringsgrupper for minoritetsspråklege frå hausten 2009.

Talet på minoritetsspråklege søkjarar har auka i fylket og mange kjem som arbeidsinnvandrarar og tek med seg heile familien. For desse elevane kan det vere utfordrande å gå saman med elevar i ordinære klassar grunna mangel på språk og språkforståing. Innføringsgruppene skal lette overgangen mellom nivåa i grunnopplæringa.

Innføringsgruppene har fungert godt og har gjeve gode resultat ved overgang til ordinær vidaregåande opplæring.

Det er krav om minimum 5 deltakarar for å starte tilbodet . I løpet av åra med innføringsgrupper har ledige plassar i gruppa vore fylt opp med minoritetsspråklege elevar som i utgangspunktet søkte ordinære tilbod, men som ikkje meistra dette. Dette har fungert svært godt og elevane kjem styrka tilbake som søkjarar til ordinære tilbod påfølgjande skuleår.

Organisering

Hovudutvalet for opplæring har vedteke oppretting/vidareføring av innføringsgrupper på tre vidaregåande skular i fylket. Då søkjarane i mange tilfelle er knytt til eitt miljø og i svært liten grad kan pendle til skulen, er det vald ei løysing med ei innføringsgruppe i kvar region; på Nordfjordeid, i Førde og i Sogndal.

Ved søknad til ordinære opplæringstilbod påfølgjande år, har søkjarane i innføringsgruppene ikkje krav på førerett eller reservert plass. Dette er i tråd med inntaksforskrifta som vart gjeldande i 2014. I HO-sak 14/1238-1 vedtok hovudutvalet at Innføringsgruppene skal bruke læreplanane i fellesfaga frå vg1 yrkesfag.

Søkjarar til innføringsgrupper må dokumentere karakterar frå norsk grunnskule eller tilsvarande ved innsøking. Dette skal danne grunnlag for vidare innsøking til ordinære tilbod.

Alternativ organisering/samarbeid med kommunane

Avvikling av tilbodet kan medføre at desse søkjarane må få tilbod innan ordinære opplæringstilbod. Dette kan føre til auke i bruken av midlar til særskilt språkopplæring (opplæringslova §3-12) og spesialundervisning (Opplæringslova §5-1). Kostnaden til særskilt språkopplæring utgjer i dag om lag 2,5 mill. kr. Då er elevar i innføringsgruppene ikkje rekna inn. I tillegg gir staten tilskot til dekking av språkopplæring for minoritetsspråklege elevar/lærlingar i vidaregåande opplæring.

Dette utgjør i 2015 i overkant av 0,4 mill. kr. Då elevane har ulike språk- og kulturbakgrunn er det vanskeleg å hente samordningsgevinstar for denne gruppa.

Elevar som i dag er knytt til innføringsgruppene har ikkje rettar etter opplæringslova (innføringsgruppene vert rekna som år 0). Dette inneber m.a. at dei ikkje har rett til spesialundervisning. Ved overgangen til ordinære tilbod vil fleire av denne gruppa kunne løyse ut spesialpedagogiske midlar. Ein gjennomgang av elevar frå innføringsgruppene dei siste tre åra viser at ingen av desse elevane har hatt spesialundervisning gjennom ordinært løp. Minoritetsspråklege elevar gjennomfører i mindre grad på normert tid.

I samband med HO-sak 7/14 vart det frå fylkesdirektøren si side sett på alternativ der kommunane bidrog økonomisk for å få på plass eit slikt tilbod. Dette var det liten interesse for og kommunane har ikkje vore bidragsytarar inn mot dette tilbodet.

I Florø samarbeider Flora kommune og fylkeskommunen om opplæring for minoritetsspråklege. Utgiftene her er delt med 50/50 og utgjør 0,5 mill. kr for kvar bidragsytar. Tilbodet fungerer godt. Dette er grunnskuleopplæring og læreplanen er ikkje henta frå vidaregåande opplæring. Tilbodet er knytt til Flora kommune sine innbyggjarar og det vert i liten grad selt plassar til andre kommunar.

Konsekvensvurdering

Innføringsgruppene er ikkje lovpålagde. Erfaring viser at elevar i innføringsgrupper i større grad blir integrerte og sosialt deltakande. Dei får språkkunnskap og ei forståing av det norske samfunnet som er viktig i høve vidaregåande opplæring. Å ta bort tilbodet vil gje minoritetsspråklege eit svakare grunnlag for å ta del i og gjennomføre vidaregåande opplæring. Vidare vil dette kunne generere auka behov for spesialundervisning og særskilt språkopplæring i ordinære opplæringstilbod.

Vidaregåande opplæring i skule: Gratis læremiddel og elev-pc ordninga (utgreiingsoppdrag nr. 15), rapport

1. Innleiing

Fylkesdirektøren har fått i oppdrag å kartlegge og vurdere eit mogleg innsparingskrav innanfor tenestene 5211 Gratis læremiddel og 5203 Pc-ordninga.

I Opplæringslova § 3-1, siste ledd heiter det:

«Opplæringa i offentleg vidaregåande skole eller i lærebedrift skal vere gratis. Fylkeskommunen har ansvaret for å halde elevane med naudsynte trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr. Elevane kan ikkje påleggjast å dekkje nokon del av utgiftene til dette utover det som følgjer av forskrift. Fylkeskommunen kan påleggje elevane, lærlingane og lærekandidatane å halde seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha.»

Tilsvarande heiter det i opplæringslova §4A-3, siste ledd, om rett til vidaregåande opplæring for vaksne:

«Opplæringa i offentleg vidaregåande skole eller lærebedrift er gratis. Fylkeskommunen har ansvaret for å halde vaksne som får vidaregåande opplæring, med nødvendige trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr. Vaksne som får vidaregåande opplæring, kan ikkje påleggjast å dekkje nokon del av utgiftene til dette utover det som følgjer av forskrift. Fylkeskommunen kan påleggje vaksne som få vidaregåande opplæring, å halde seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha»

Fylkesrådmannen har med heimel i budsjettreglementet mynde til å sjå løyvingane til tenestene 5203 pc-ordninga og 5211 Gratis læremiddel i samanheng og å sjå desse løyvingane i driftsbudsjettet i samanheng med avsette midlar til pc-ordninga i investeringsbudsjettet.

2. Gratis læremiddel

2.1 Bakgrunn for ordninga

Fylkeskommunen sitt ansvar for å syte for gratis læremiddel vart fasa inn med ansvar for elevar i Vg2 frå hausten 2007, elevar i Vg3 frå hausten 2008 og elevar Vg1 frå hausten 2009. Frå 01.08.09 var ordninga innført på alle nivå. I perioden 2007-2009 vart rammetilskotet for fylkeskommunen styrka med særskilt fordeling for å finansiere ordninga. Frå 2010 vart kompensasjonen frå staten fordelt etter den generelle kostnadsnøkkelen i inntektssystemet, med ei løyving til Sogn og Fjordane fylkeskommune på 10,750 mill. kr (tertialrapport 1/10). I økonomiplan 2010-2013 var det, som delfinansiering av PC-ordninga, lagt til grunn innsparing på løyvinga til gratis læremiddel som følgje av forventna auke i bruken av digitale læremiddel og redusert bruk av trykte læremiddel. Ut frå erfaring med bruken av digitale læremiddel som supplement til trykte læremiddel, vart forventninga om innsparing betydeleg nedjustert i det vidare økonomiplanarbeidet.

Dei første åra vart løyvinga fordelt på skulane ut frå sats pr. elev. pr. utdanningsprogram.

Frå 2014-2017 er årleg om lag 2 mill. kr løyvinga til gratis læremiddel omdisponert for å finansiere kjøp av nytt skuleadministrativt system. Frå 2018 er løyvinga varig redusert med om lag 0,9 mill. kr årleg til finansiering av drift av nytt skuleadministrativt system og innsparingskrav på opplæringssektoren. I budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 er løyvinga slik (i mill. kr):

2015	2016	2017	2018
7,316	6,469	7,752	8,841

2.2 Korleis blir tenesta organisert og ressursane nytta i dag

Det er etablert ei ordning med utlån av trykte læremiddel (bøker) frå skulane til elevane. Den einskilde skule administrerer ordninga. Dei vidaregåande skulane får tildelt midlar til ordninga med gratis læremiddel (kjøp og administrasjon) etter satsar pr. elev.

I perioden 2011-2013 vart det årleg tildelt om lag 7 mill. kr på dei vidaregåande skulane til ordninga med gratis læremiddel for elevar (kjøp og administrasjon av læremiddel), medan budsjettløyvinga til føremålet var på i overkant av 9 mill. kr. I 2014 vart det tildelt om lag 6,2 mill. kr til ordninga med gratis læremiddel for ungdom og vaksne i vidaregåande opplæring.

2.3 Satsar for gratis læremiddel

Fylkesdirektøren har vore i kontakt med seks andre fylkeskommunar om satsane til gratis læremiddel. Fylkeskommunane har stor variasjon i kva som ligg til grunn for tildelinga av midlar til kjøp av læremiddel. For ein del av fylkeskommunane er løyvinga innarbeidd i satsane for den totale drifta av skulane, medan andre tildeler satsar pr. elev. Dette gjer det vanskeleg å samanlikne nivået på satsane mellom fylkeskommunane. Fem av fylkeskommunane har satsar for gratis læremiddel på mellom kr. 900,- og 1250,- pr. elev. Ein fylkeskommune har sats på kr. 300,- pr. elev. Til samanlikning var satsane i Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2014 kr. 1100,- pr. elev for studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram og 1320,- pr. elev for studiespesialisering inkl. påbygg.

Tilbakemeldingane viser at andre fylkeskommunar i liten grad tildeler eigne ressursar til skulane for å administrere ordninga med utlån av trykte læremiddel. Dei fleste fylkeskommunane viser til at dette er innarbeidd i elevsatsane eller vert ordna innanfor allereie tildelt bibliotekressurs på skulen. Dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane får årleg tildelt kr. 200,- pr. elev til administrasjon av ordninga.

2.4 Konsekvensar av å redusere løyvinga til gratis læremiddel

Innspel frå dei vidaregåande skulane:

Dei vidaregåande skulane meiner satsane for kjøp av læremiddel ikkje bør reduserast til eit lågare nivå enn for skuleåret 2014-2015. I sine vurderingar viser dei til at både trykte og digitale læremiddel er naudsynte læremiddel i opplæringa. Dei viser vidare til at reduksjon i satsane for kjøp av læremiddel vil medføre at trykte læremiddel må vare lengre og at skulane er mindre frie til å skifte læreverk.

Skulane nyttar i hovudsak bibliotekressursen (utlån og innlevering av bøker) og leiinga (kjøp av læremiddel) til å administrere utlånsordninga. Biblioteket har hovudtyngda av arbeidet. Nokre skular melder i tillegg at kontortilsette tek del i arbeidet med utlån/innlevering av lærebøker. Ein del av

skulane nyttar løyvinga til å finansiere opp stillingar til å ta del i arbeidet med å administrere ordninga eller leiger inn ekstrahjelp i dei mest hektiske periodane. Dei fleste skulane har ein svært avgrensa bibliotekressurs. Konsekvensen av ikkje å få tildelt ressurs til dette arbeidet vil vere større press på bibliotekansvarleg på skulane i periodane med utlån/innlevering av bøker og mindre tid til å ta ansvar for bibliotekfaglege oppgåver, som t.d. rettleiing av elevar, opplæring av elevar, oppsøkjande verksemd, kjeldekritikk m.m. Bortfall av administrasjonsressursen vil også føre til auka press på leiing og kontorphersonalet.

Fylkesdirektøren si vurdering

Ved innføring av ordninga med berbar pc for elevar i vidaregåande opplæring vart det lagt til grunn at satsane for gratis læremiddel skulle kunne reduserast etter kvart som skulane i større grad nytta digitale læremiddel. Ein har seinare gått bort frå målsettinga om økonomisk innsparing som følgje av overgang frå trykte til digitale læremiddel. Dette fordi digitale læremiddel framleis i hovudsak fungerer som supplement til trykte læremiddel. Dersom løyvinga til gratis læremiddel vert redusert vil kravet til bruk av digitale læremiddel auke. Skulane vil vidare i mindre grad få høve til å fornye læremidlane.

Som det går fram av omtalen over ligg satsane for gratis læremiddel i Sogn og Fjordane i øvre sjikt samanlikna med dei andre fylkeskommunane fylkesdirektøren har vore i kontakt med. Skulane i Sogn og Fjordane har avgrensa ressursar avsett til bibliotektenesta. Skulebruksplanen legg til grunn reduksjon både i kontor- og leiingsressursen frå skuleåret 2016-2017. I tillegg er det vedteke utgreiingsoppdrag for å vurdere kontor- og leiingsressursen på skulane. Reduksjon av satsen til administrasjon av ordninga vil medføre auka press på bibliotekteneste, leiing og kontorphersonale på skulen i periodane med utlån og innlevering av læremiddel.

Fylkesdirektøren meiner det vil vere forsvarleg med ein reduksjon i løyvinga til gratis læremiddel tilsvarande 8% i høve tildelinga til skulane i 2014. Dette vil gje ei innsparing på om lag 0,5 mill. kr. I tillegg kjem ledige midlar i den samla løyvinga til gratis læremiddel, etter perioden med omdisponering til kjøp av nytt skuleadministrativt system.

Å ta ned den samla løyvinga for gratis læremiddel til eit årleg nivå på 5,7 mill. kr vil gje følgjande innsparing i økonomiplanperioden:

	2015	2016	2017	2018
Nivå økonomiplan 2015-2018	7,3	6,5	7,8	8,8
Justert nivå 2015-2018	5,7	5,7	5,7	5,7
Innsparing	1,6	0,8	2,1	3,1

Innsparingsnivået i 2018 kan vidareførast ut over 2018.

Den skisserte innsparinga er rekna ut frå elevtalet skuleåret 2014-2015. Løyvingsnivået må justerast for eventuelle endringar i elevtalet i samband med årleg budsjettarbeid og tertialrapportering.

3. Pc-ordninga

3.1 Bakgrunn for ordninga

Ordninga med berbar pc for elevar på vg1 vart iverksett frå hausten 2009 etter vedtak i økonomiplan 2009 – 2012 (FT-sak 37/08). Frå 2011 var ordninga fasa inn for alle nivå (vg1, vg2 og vg3).

I perioden 2011-2015 har det i driftsbudsjettet årleg vore budsjettert med om lag 2,5 mill. kr til å finansiere naudsynt programvare, tryggleikstiltak, drift og vidare utvikling av NDLA (Nasjonal Digital Læringsarena). I 2015 er det sett av 2,9 mill. kr til føremålet.

Det er årleg sett av 5,9 mill. kr i investeringsbudsjettet til kjøp av berbare pc-ar til elevar på vg1. Løyvinga er finansert ved låneopptak, mva-refusjon og eigenbetaling frå elevane.

3.2 Korleis tenesta blir organisert og ressursane nytta i dag

Ordninga med elev-pc (HO-sak 2/13) inneber at:

- Alle får tilbod om elev- PC når dei startar i vidaregåande opplæring
- Elevvar som nyttar seg av tilbodet eig pc'en
- Eigenbetaling frå eleven, mva-refusjon og tilskot frå fylkeskommunen finansierer ordninga. Eigenbetalinga frå elevane tilsvarar lægste sats for utstyrsstipend som eleven får frå lånekassen over tre år¹. Fylkeskommunen sitt tilskot for grunnmodellen var i 2014 om lag kr. 2500,-.

3.3 Vurdering av tiltak for å oppnå økonomisk innsparing

Avvikling av elevpc-ordninga

Berbar pc for elevar er i dag «need to have» og ikkje «nice to have». Bruken av berbar PC er i dag ein så integrert del av opplæringa at fylkesdirektøren ikkje vurderer avvikling av ordninga som eit reelt alternativ. Dersom pc-ordninga skulle avviklast måtte skulane låne ut berbare datamaskiner til alle elevar, noko som vil koste betydeleg meir for fylkeskommunen.

Forsikringar

Dei som i dagens ordning kjøper grunnmodellen får med ei treårig forsikring mot hendelege uhell. Dei som kjøper andre modellar lyt kjøpe forsikring på eiga hand. Forsikringa gjer det enklare og raskare for elevar å få reparert datamaskiner ved skade, og dei er forsikra mot einskilde hendelege uhell som kan skje i skulekvardagen. Ordninga omfattar ikkje fullrisikoforsikring. For skulane er forsikringa ein fordel då elevane raskare kjem i gang att med arbeid på eiga maskin. Prinsipielt kan ein diskutere om det er rett å kjøpe forsikring til dei som vel grunnmodellen sidan ingen andre elevar får tilbodet. Samstundes kan ein snu på det å seie at alle har tilbodet om å kjøpe grunnmodellen om dei vil det. Å ta bort forsikringa vil, gitt same tal selde pc-ar som i 2014, vil gje ei årleg innsparing på om lag 0,4 mill. kr.

Kvalitet på datamaskina

Det er bra kvalitet på grunnmodellen som vert tilbydd elevane. Denne var tidlegare ein såkalla absolutt minimumsmodell, men dette skapte mykje feil, mykje støy, og stal mykje undervisningstid. Maskina skapte også problem i det trådlause nettet på skulane. Det er no relativt lite problem for dei elevane som vel denne modellen. Det er ikkje stipulert innsparingspotensiale ved å redusere kvalitet på grunnmodellen.

¹ Fylkeskommunen har ikkje høve til å pålegge eleven eigenbetaling som går ut over lægste sats for utstyrsstipend.

Tal modellar

Pr i dag kan elevar velje grunnmodellen, men dei kan også velje å oppgradere til mac, kraftigare pc eller kraftigare mac. Fylkeskommunen gir tilskot desse modellane i like stor grad som grunnmodellen, men elevar betaler mellomlegget sjølve (momsrefusjon som for prisen på grunnmodell). Dette betyr at det ikkje er dyrare å tilby fleire modellar, anna enn det meirarbeidet det er å administrere eit større utval av modellar i ordninga. Store prispressarar i marknaden (t.d. diverse nettbutikkar) gjer at fylkeskommunen ikkje klarar å tilby spesielt mykje rimelegare modellar.

Konsekvensvurdering

Utgreiinga viser eit innsparingspotensiale for pc-ordninga på 0,4 mill. kr årleg ved å ta bort forsikring på grunnmodellen. Det er ut over dette ikkje vist innsparingspotensiale. For elevane kan konsekvensen ved å ta bort forsikringa vere at det vert vanskelegare og meir tidkrevjande å få reparert datamaskiner ved skade og/eller at dei må kjøpe forsikring på eiga hand. For skulane kan konsekvensen vere at det, ved skade på maskin, tek lengre tid før elevane kjem i gang att med arbeid på eiga maskin, noko som kan påverke læringsmiljøet.

SFJ 2019: SAMANDRAG AV UTGREIINGSOPPDRAGA

1. Utgreiingstittel og –nummer

Vidaregåande opplæring i bedrift: Læringsamlingar (utgreiingsoppdrag nr. 16)

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Fylkeskommunen arrangerer årlege regionvise læringsamlingar, i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Målgruppa er alle som har teikna lærekontrakt året før, i 2014 ca. 500. Dette er eit tilbod til lærlingar og lære kandidatlar. Lærebedriftene blir inviterte, anten ved fagleg leiar eller instruktør.

Tiltaket synleggjer fylkeskommunen sitt ansvar for opplæringa heilt fram til avlagt fag-/sveineprøve. Når elevane forlet skulen og startar læretida, misser fylkeskommunen kontakten med dei som gruppe. Samlingar i regi av fylkeskommunen er difor ein fin arena til å:

- gå igjennom rettar og plikter for lærlingar/lære kandidatet
- få synleggjort fylkeskommunen sitt opplæringsansvar for heile opplæringsløpet
- få oppfylt mål og tiltak i fylkeskommunale planar (t.d. fylkeskommunal trafikktryggingssplan og deltaking i Den kulturelle skulesekken)
- tilby ein sosial arena, der lærlingane får koma saman
- få treffe lærlingane samla

Fylkesdirektøren ser tilbodet som ein viktig faktor i oppfølginga av opplæring i bedrift.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Kostnaden med tre regionvise læringsamlingar for 200 deltakarar er om lag 0,05 mill. kr. Å arrangere ei fylkesdekkande samling, i staden for tre regionale, vil gi ei innsparing på ca. 0,01 mill. kr.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Ved å innføre ei felles samling, i staden for tre regionale, vil ein spare direkte arbeidstid for 2 medarbeidarar i 2 dagar. Opplegget er likt på kvar regional samling, så det blir inga særleg innsparing i tid til planlegging om ein har tre eller ei samling.

Ved å ta bort heile tilbodet vil ein spare tid til planlegging pluss direkte arbeidstid for 2 medarbeidarar i 3 dagar.

5. Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane:

	Viktig	Mindre viktig	Ikkje relevant
<i>Kvalitet i vidareførte oppgåver:</i>	Viktig. Det er vanskeleg å måle kvalitative utslag på opplæringa i bedrift, avhengig av om ein har læringsamlingar eller ikkje. Fylkesdirektøren meiner likevel at programmet på samlingane, med tema som gjennomgang av rettar og plikter, rettleiing gjennom spørsmål og innspel frå partane i arbeidslivet, bidreg til meir bevisste lærlingar og dermed til auka gjennomføring. Ved å ta bort tiltaket med læringsamlingar i regi av fylkeskommunen, vil ein misse ein arena som bidreg til ei tettare oppfølging av lærlingar/lære kandidatlar og lærebedrifter. Tiltaket er eit element i kvalitetssikringa av opplæring i bedrift.		
<i>Oppgåve- og ansvarsdeling:</i>	Ikkje relevant.		
<i>Funksjonelle bu- og arbeidsmarkn.reg.:</i>	Ikkje relevant.		

<i>Rolla i den regionale partnerskapen:</i>	Ikkje relevant.
---	-----------------

<i>Langsiktige avgjerder:</i>	Ikkje relevant.
-------------------------------	-----------------

<i>Alternative finansieringskjelder:</i>	Ikkje relevant.
--	-----------------

6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

7. Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet

8. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

Det er ikkje behov for å gjere fleire utgreiingar, kartleggingar eller analysar på dette området.

SFJ 2019: SAMANDRAG AV UTGREIINGSOPPDRAGA

1. Utgreiingstittel og –nummer

Vidaregåande opplæring i bedrift: Instruktøropplæring (utgreiingsoppdrag nr. 18)

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Fylkeskommunen har ansvar for kvaliteten på opplæring i bedrift. For å sikre god kvalitet får lærebedriftene tilbod om kurs for faglege leiarar og instruktørar. Kvaliteten på opplæringa er avgjerande for gjennomføring og rekruttering til fag- og yrkesopplæringa. Vi veit at vi treng fleire fagarbeidarar i åra som kjem, og god kvalitet på opplæringa er ein faktor som kan bidra til dette. I dag blir instruktøropplæringa organisert gjennom Fagskulen i Sogn og Fjordane.

Ein reduksjon av løyvinga til instruktøropplæring vil ha negative konsekvensar for lærlingane, lærebedriftene og arbeids- og næringslivet. Sjå punkt 5 for nærare omtale.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Innsparingspotensialet er 0,6 mill. kr ved å ta bort heile løyvinga.

Ved å innføre e-læring som ein del av opplæringa er innsparingspotensialet nærare 0,3 mill. kr.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Løyvinga på 0,6 mill. kr finansierer både administrasjon og gjennomføring av instruktøropplæringa.

5. Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane:

	Viktig	Mindre viktig	Ikkje relevant
<i>Kvalitet i vidareførte oppgåver:</i>	<p>Viktig.</p> <p>Konsekvensen av å ta vekk opplæringa: Mister kontrollen over ein «eins» kvalitetssikring og opplæring av instruktørar. Dette kan påverke gjennomføringa til lærling/lærekandidat. Det kan verte færre bedrifter som vil ta på seg ansvaret med å vere lærebedrift då dei ikkje får den opplæringa som er nødvendig for å vere trygg i rolla som instruktør.</p> <p>Konsekvensen av å redusere løyvinga: Det blir ulik praksis på opplæring av instruktørar. Dette kan føre til at bedrift og opplæringskontor prioriterer vekk denne viktige opplæringa.</p> <p>Konsekvensen av å omorganisere opplæringa: Vi har fått attendemeldingar frå tidlegare deltakarar at det er svært nyttig å treffe tilsette frå andre bedrifter og få eit nettverk å dele erfaringar med. Difor er det viktig med fysiske samlingar. Men vi kan verte meir fleksible med kortare kurs og ta i bruk nye opplæringsmetodar som t.d. e-læring.</p>		
6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet			
Fylkeskommunen som juridisk ansvarleg for all vidaregåande opplæring ser det som svært viktig å arbeide med kvaliteten på opplæringa også i lærebedrift, og tilbyr difor kurs for faglege leiarar og instruktørar.			
7. Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet			
Dette kan t.d. vere bruk av e-læring. Dette krev nærare utgreiing.			

8. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar
Sjå punkt 7

Landsliner: Drift av landslinetilbod yrkessjåfør, Sogndal vidaregåande skule (utgreiingsoppdrag nr. 19)

Bakgrunnen for tenesta

I Reform 94 vart yrkessjåførutdanninga del av vidaregåande opplæring. Opplæringa krev svært kostbart utstyr som ville vere utfordrande for den einkilde fylkeskommune å skaffe og oppdatere. Yrkessjåfør opplæringa vart difor del av ordninga med landsliner. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ei av 11 landsliner for yrkessjåfør opplæring.

Frå hausten 2014 vart opplæringa utvida frå 10 til 19 veker. Dette gjeld lærlingar og vaksne. Vaksne kan bli tekne inn på 19 vekers kurset, dersom dei oppfyller inntakskrava.

Å ta utdanning som yrkessjåfør ved private trafikkskular er kostbart. Gjennom å ta opplæringa ved ein vidaregåande skule (landslinetilbod), om du er vaksen eller lærling, vert prisen ein heilt annan.

Korleis blir tilbodet organisert og nytta i dag?

Yrkessjåfør opplæringa er delt mellom opplæring for lærlingar i yrkessjåførfaget og opplæring av vaksne (over 21 år). Begge desse tilboda er 19-vekerskurs. Opplæringa er delt i teoretisk opplæring, og praktisk øving med køyring, ulukkeberedskap, sikring av last, m.a. Opplæringa, som ligg på Vg3-nivå, vert sett i tett samanheng med vg1 service og samferdsle og vg2 transport og logistikk. Det er til ei kvar tid mellom 21 og 30 deltakarar som gjennomfører opplæringa. Sjølv om dette er landsline kjem dei fleste søkjarar frå eige fylke.

Kva er kostnaden ved tilbodet i Sogn og Fjordane sett opp mot samanliknbare tilbod i andre fylke?

Deler av kostnaden til drift og utvikling av landslinetilbodet vert statleg finansiert.

Fylkeskommunen løyvde i 2015 om lag 1,650 mill. kr til dette tilbodet. Fylkesdirektøren har kontakta 3 andre fylkeskommunar som det kan vera naturleg å samanlikne seg med, og dei bruker om lag same løyving som Sogn og Fjordane fylkeskommune i tillegg til den statlege finansieringa.

Næringslivet sitt behov for arbeidskraft.

Transportnæringa er viktig for fylket, som næring og arbeidsplass. Om transportnæringa i fylket blir svekka vil det få konsekvensar for anna næring og busetnaden i fylket, då dei ikkje vil få dekkja sine behov transporttenester.

Transportnæringa i Sogn og Fjordane er særskild uroa for konsekvensane ved å legge ned, eller redusere tilskottet til landslina for yrkessjåførar i Sogndal. Opplæringskontoret for transport- og logistikk, Lastebileigarforbundet, NHO Transport og Lerum Frakt har uttrykt si uro om landslinetilbodet vert lagt ned eller får redusert tilskottet. Bransjen seier at det dei neste fem åra vil vera behov for om lag 30 -40 nye sjåførar pr år. Dersom ein må reise ut av fylket for å få denne opplæringa er det stor risiko

for at dei ikkje kjem attende for å ta arbeid i fylket etter fullført opplæring. Det er stor etterspurnad etter yrkessjåførar i heile landet.

Bransjen må vere sikra tilgang på sjåførar som har gjennomført ei opplæring i tråd med dei sikkerheitskrav som vert stilte.

Ein viktig del av aktiviteten på landslina, er koplinga til kursaktiviteten ved Sogndal vidaregåande skule. I 2014 vart det gjennomført etterutdanningskurs (lovpålagt) for yrkessjåførar for ca 150 sjåførar. Landslina, og kursaktiviteten der må sjåast i tett samanheng med kursaktivitet for bransjen (transportfag, bygg- og anleggsgfag, etc), og ei nedbygging av landslina vil òg gå utover aktivitet og kvalitet på kursa som vert tilbydd dei ulike bransjane.

For Sogn og Fjordane som bu- og arbeidsområde er yrkessjåførutdanninga god samfunnsøkonomi, då den er særskilt yrkesretta – med kort veg til arbeidslivet etter fullført utdanning.

KONSEKVENSVURDERING

Elevar

- Elevane mister eit tilbod i eige fylke.
- Velje anna utdanning
- Kjøpe seg denne opplæringa på privat køyreskule, noko som vil ha ein pris på om lag kr. 200 000,-
- Reise til eitt av fylka som framleis har landsline for å ta denne opplæringa

Tilsette

- Å ta vekk eller redusere tilbodet vil gje personalmessige konsekvensar
- Ein misser spissa fagkompetanse inn mot transportfaget.

Næringa

- Transportnæringa i fylket misser tilgang og rekruttering til yrkessjåfør

Økonomiske konsekvensar:

Fylkeskommunen løyver 1,650 mill. kr per år til landslinetilbod for yrkessjåførar,

Det vil ikkje vere mogeleg å vidareføre tilbodet dersom tilskotet vert redusert.

Sakshandsamar:

Lars Berle

E-post: lars.berle@sfj.no

Tlf.: 41 53 08 40

Vår ref.

Sak nr.: 15/3155-1

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

12600/15

Dykkar ref.**Dato**

FØRDE, 31.03.2015

Tore Eriksen, FRM

Fagskulen i Sogn og Fjordane - utgreiing innsparing

Bakgrunn

Hovudutvalet for opplæring behandla økonomiplan 2017-2019 i HO sak 26/14. Fagskulen i Sogn og Fjordane er omtalt i punkt 2.1 i fylkesdirektøren si saksutgreiing og punkt 2 a i vedtaket i saka.

Fylkestinget la i sak 50/14 Budsjett 2015 og økonomiplan 2016 (17-18) til grunn at områda omtalt i HO-sak 26/14 var aktuelle områder for utgreiing for å få samsvar mellom inntekts- og utgiftsrammene for fylkeskommunen frå 2017. Fylkestinget skal behandle økonomiplan 2017-2019 i juni 2015.

Finansutvalet har ansvar for å leie økonomiplanarbeidet. Finansutvalet godkjente i møte 28.01.15 kva områder som i den samanheng skal greiast ut.

Styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane skal vise korleis ein kan drifte skulen innanfor

- ei årleg økonomisk ramme på 17,0 mill.kr (dette er ein reduksjon på ca. 6,0 mill. kr samanlikna med årleg økonomisk ramme i 2014)
- ei årleg økonomisk ramme på ca. 10,0 mill. kr (dette er omtrent på same nivå som det statlige tilskotet til fagskuleutdanninga i 2014).

Organisering av Fagskulen i Sogn og Fjordane

Fagskulen i Sogn og Fjordane har ei teknisk avdeling i Førde og ei Maritim avdeling i Måløy. I 2014 var elevtalet¹ 129 fordelt på 79 i Førde og 50 i Måløy. Skulen har ein felles rektor med kontorstad Førde, i tillegg er det felles administrasjon. Kvar avdeling har ein avdelingsleiar.

Avdelinga i Førde blei etablert i 1968. I dag tilbyr skulen høgare utdanning for dei som har relevant fagbrev eller lang relevant praksis innanfor dei tekniske områdene elkraft, bygg, anlegg, automatisering og maskinteknikk. Studiet er godkjent av NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga).

Avdelinga i Måløy tilbyr 2-årig dekk- og maskinoffisersutdanning. Utdanninga gir fagkompetanse som dekksoffiser (styrmann) eller maskinoffiser (maskinist). Studiet er godkjent av Sjøfartsdirektoratet, NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga) og sertifisert av Det Norske Veritas.

¹ Studenttall er omrekna til heilårsekvivalent for regnskapsåret 2014. Det er nytta veking på hhv 7/12 og 5/12 for studentar studieåra 2013/2014 og 2014/2015

Økonomi 2014

Budsjett 2014 for Fagskulen i Sogn og Fjordane

Utgifter til styret	86 000
Administrasjon	1 633 000
Lokala og fellesutgifter, avdeling Førde	3 545 488
Undervisning Førde	8 145 900
Lokala og fellesutgifter, avdeling Måløy	455 000
Undervisning Måløy	7 183 612

I dette ligg også eit pålegg om å betale Måløy vidaregåande skule 800.000,- kr. for reinhold og vaktmeister.

I tillegg dekkast tidlegare underskot inn med kr 1 247 000 i 2014.

Av samla budsjettet på kr 22 296 000 utgjer utgifter til undervisningspersonell 69 %, lokala utgjer 18 % og administrasjon utgjer 7 %.

Østlandssamarbeidet har berekna kostnadar for teknisk fagskuleutdanning til 120 000 kr pr. student, tilsvarande 150 000 kr for maritim fagskuleutdanning og 80 000 kr for helse og sosialfag. Statleg tilskot i 2014 for Fagskulen i Sogn og Fjordane var på 79 000 kr pr. student. Med berre tekniske og maritime utdanningar er det lite realistisk å klare seg utan annen finansiering enn statleg tilskot. Om ein ser bort frå utgifter til lokala er kostnad pr. student ved fagskulen i underkant av kr 142 000 pr. år, noko som er i størrelsesorden kva østlandssamarbeidet har berekna som kostnad for teknisk og maritim fagskuleutdanning. I kostnad pr. student er det rom for å spare inn noko, men størrelsen er avgrensa dersom ein ønsker å levere tilfredsstillande kvalitet på fagteknisk utdanninga.

NOU 2014:14 har vist til ei tredeling av finansieringa; ei grunnløyving, ei resultatbasert løyving og utviklingsmidlar. Det er denne modellen fylkesrådmannen ser på som mest formålstenleg. Fagskulen i Sogn og Fjordane har ei god gjennomstrøyming, lite fråfall av studentar, så ei resultatbasert løyving vil gi ein positiv verknad.

Årleg ramme på 17 millionar

Med dagens organisering vil ein reduksjon i den økonomiske ramma til 17 millionar ikkje være mogeleg utan å redusere tilbodet. Ein stor del av fagskulens utgifter er lønnsutgifter til undervisningspersonell, og eit kutt på 6,0 millionar vil føre til reduksjon på 7-8 undervisningsstillingar. Med ein slik reduksjon vil det ikkje være faglig forsvarleg å oppretthalde dagens tilbod. Dette igjen vil medføre nedlegging av klasser, noko som igjen medfører reduserte statlege tilskot. På sikt vil då truleg avdelingane både i Førde og Måløy bli avvikla. Det er ikkje mogleg å skaffe alternativ finansiering i denne størrelsesorden. Ein moglegheit vil være å innføre studieavgift. Ei slik avgift vil då bli på omkring kr 30 000 i året, noko som det ikkje er marknad for å krevje. Det er i dag ingen tekniske eller maritime fagskular som har studieavgift for heiltidstudiar.

Årleg ramme på 10 millionar

Ein reduksjon på 13 millionar ned til ei total ramme på 10 millionar er ikkje realistisk med dagens organisering. Det vil medføre ein reduksjon av undervisningspersonell på omkring 60 %, som igjen medfører at ein må avvikle dei fleste klasser og mest sannsynleg heile fagskulen. Det er ikkje realistisk å utvide dagens klasser slik at redusert fylkeskommunal støtte kan kompenseres med auka statleg støtte. Ein reduksjon med 13 millionar vil krevje omkring 160 ekstra studentar i eksisterande klasser, og det er ikkje mogleg. Det er heller ikkje mogleg å skaffe alternativ finansiering i denne størrelsesorden. Ein moglegheit vil være å innføre studieavgift, men den vil då bli på kr 60-65 000 i året, noko som det ikkje er marknad for å krevje. Det er i dag ingen tekniske eller maritime fagskular som har studieavgift for heiltidstudiar.

Endra rammer på sikt

Dersom Fagskulen i Sogn og Fjordane skal drivast med ein mindre del fylkeskommunale midlar er det nødvendig å auke tal studentar, samtidig som ein forsøker å drifte skulen meir effektivt. Dette vil krevje både organisatoriske endringar, omprioritering og justering av ressursbruk. Auka tal studentar vil gi auka statleg tilskot til fagskuleutdanninga, noko som vil redusere fylkeskommunen sine utgifter samtidig som fagskulens økonomiske rammer ikkje blir endra så dramatisk som finansutvalet skisserer.

Fagskulen i Sogn og Fjordane ønsker å auke det totale studenttalet og ha større klassar. Dette vil gi betre utnytting av undervisningspersonell og kan sannsynlegvis gjennomførast innanfor dagens økonomiske rammer.

Ved avdelinga i Førde er det plass til 76 fleire studentar ved eksisterande klasser. For å kartlegge om det er lokalt potensial for ei slik årleg auke av tal fagteknikkarar må ein få tettare dialog med opplæringskontora og bransjane for å kartlegge behov og moglegheiter.

For avdeling Måløy er situasjonen noko meir låst. Tal studentar i kvar klasse er avgrensa av størrelsen på undervisningslokala. Her er det studentgrunnlag til å utvide klassene samt opprette nye utdanningar, men det lar seg ikkje gjennomføre med dagens lokale.

For avdelinga i Førde er det mogleg å gjennomføre nokon av studiane på deltid. Det vil medføre betre utnytting av undervisningspersonell og lokale. Deltidstudiar har ein stor grad av sjølvstudium og er godt tilpassa personar som vil kombinere fagteknisk utdanning med fast jobb. Dette er ein studieform som ikkje passer for alle, men som har vist seg å være etterspurt. I kombinasjon med deltidstudiar må det være tilbod på heiltid.

I tillegg til fagskuleutdanning så ønsker fagskulen å etablere eit kurscenter for og med det lokale næringslivet. I eit slikt senter vil ein nytte undervisningspersonalet på fagskulen som kursholdere. Eit slikt senter vil kunne gi inntekter til fagskulen, men fagskulelova tillater kun mindre biinntekter. Kravet er at hovudaktiviteten er fagskule. Eit kurscenter vil derfor ikkje kunne finansiere store endringar i kostnadsrammene. Samtidig vil eit slikt senter være eit godt utstillingsvindaug for fagskulen og være ei effektiv og god marknadsføring av skule.

Fagskulen underviser også i nokon fag innan elkraft for Høgskulen i Sogn og Fjordane. Dette bidreg til ein god ressursutnytting for både fagskulen og høgskulen, og dette er eit samarbeid som ein ønsker å utvide. Høgskulen vurderer for tida å etablere Bachelor Bygg i Førde og då har skulane lufta moglegheita til å samordne ressursane slik at ein får ein god utnytting av undervisningspersonell, samtidig som ein får eit faglig miljø på tvers av skulane.

På sikt vil det kunne være mogleg å redusere fylkeskommunen sine kostnader ved fagskuleutdanninga, men dersom ein ønsker å oppretthalde dagens tilbod bør reduksjon komme som følge av auka statleg tilskot som eit resultat av auka studenttal ved fagskulen.

Som nemnt tidlegare vil endringar i dei økonomiske rammene til fagskulen krevje endringar i forkant. Styret til Fagskulen i Sogn og Fjordane har derfor oppretta prosjektet «Organisering og kvalitetssikring av fagskule».

Prosjektet skal vurdere:

- Ressursbruk og organisering av fagskulen
- Organisering av studiane
- Behov for nye utdanningar
- Kurscenter i tilknytning til fagskolen
- Utvida samarbeid med næringsliv og fagmiljø
- Behov for lokale og moglege alternative lokaliseringar
- Strategi for vidare drift med redusert fylkeskommunal støtte

Målet til prosjektet er å heve kvaliteten på utdanninga og sikre ein god forankring i næringslivet. Som eit resultat av dette arbeidet er det eit mål å auke studenttalet, og då særleg tilreisande studentar. NOU 2014:14 skisserer ein del endringar i fagskulestrukturen i Norge som kan få til dels store konsekvensar for Fagskulen i Sogn og Fjordane og næringslivet i fylket. Styre for fagskulen ønsker å organisere og utvikle skulen i ei retning slik at dei endringane som måtte komme ikkje fører til at deler eller heile fagskuleutdanninga flyttast ut av fylket.

For å oppnå disse måla må tal studentar ved fagskulen aukast, truleg fordelt over fleire utdanningar enn det vi tilbyr i dag. Samtidig må ein ikkje starte opp for små klasser, men heller vurdere om nokon utdanningar kun skal tilbydast kvart 2. eller 3. år. F.eks. har NELFO signalisert at deira medlemmar ser an behovet for fagteknikkarar innan elkraft til ca. 20 personer kvat år. Då er det fornuftig å tilby utdanninga annen kvart år, i staden for kvart år.

Som ein del av prosjektet skal behovet for utdanningar vurderast og derunder behov for lokale til dei utdanningar fagskulen ønsker å tilby. Før disse utgreiingane er ferdig er det ikkje hensiktsmessig å vurdere flytting av fagskulen til rimelegare lokale, det vil kunne hindre vidare utvikling. Prinsipielt så utgreier ein først behovet, deretter vurderer ein kva for ledige areal som er aktuelle.

Prosjektet starta 1.3.2015 og varer til 1.3.2017. Ved prosjektslutt skal fagskulen ha oversikt over kva studiar næringslivet etterspør og ha eit anslag over årleg behov for fagteknikkarar. Fagskulen skal ha ein organisasjon som er effektiv og som samtidig er fleksibel i forhold til utdanningar som blir tilbydd. Ei fagteknikkar utdanning ved Fagskulen i Sogn og Fjordane skal være kjent for god faglig kvalitet og godt læremiljø, noko som vil være god marknadsføring for skulen. Det er eit mål at fagskulen i større grad enn i dag skal kunne trekke til seg studentar frå eit større geografisk område enn i dag.

Konklusjon

Fagskulen i Sogn og Fjordane ser nødvendigheten av auka effektivitet og reduksjon av kostnad pr. student dersom rammene blir redusert. Styret meiner dette kan oppnåast ved auka studenttal og ikkje kutt i dei økonomiske rammene. Kutt i rammene utan først å justere organisasjon og ressursbruk, eller å greie ut behovet for utdanningar vil truleg resultere i kraftig svekking av tilbodet, med mogleg avviking av fagskulen som resultat. Styret meiner det er uforsvarleg å kutte dei økonomiske rammene med hhv 6 eller 13 millionar dersom ein skal drive som i dag

I mars 2017 vil fagskulen ha ein strategi for korleis fagskulen skal kunne drivast med redusert fylkeskommunal støtte, og fagskulen vil ha ein organisasjon som er tilpassa denne strategien. Før dette arbeidet er starta er det ikkje forsvarlig å talfeste størrelsen på fylkeskommunalt tilskot til fagskuleutdanninga.

Styret skulle gjerne hatt meir tid på utarbeiding av konkrete tiltak for innsparing.

Med helsing

Jorunn Kirketeig
styreleiar

Lars Berle
rektor

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

NOTAT til fylkesrådmannen frå fylkesdirektøren

Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane

I samband med økonomiplanarbeidet fekk fagskulestyret følgjande oppdrag:

«Styret for fagskulen i Sogn og Fjordane skal vise korleis ein kan drive Fagskulen i Sogn og Fjordane innanfor:

- Ei årleg økonomisk ramme på 17,0 mill.kr (dette er ein reduksjon på om lag 6,0 mill.kr i høve den årlege økonomiske ramma i 2014)
- Ei årleg økonomisk ramme på om lag 10,0 mill.kr (dette er om lag same nivå som det statlege tilskotet til fagskuleutdanning i 2014).»

Tilbakemeldinga frå styret skal inngå som ein del av grunnlaget for fylkesrådmannen si saksutgreiing til økonomiplansaka i juni.

Fylkesdirektøren viser til tilbakemelding frå fagskulestyret i notat datert 01.04.2015.

I notatet konkluderer styret med at, gitt dagens organisering, vil reduksjon i den økonomiske ramma ned til ei samla ramme på 17 mill. kr føre til reduksjon i klassetalet. Dette vil vidare føre til redusert statleg tilskot. Det vil ikkje vere mogleg å skaffe alternativ finansiering i denne storleiksorden. Truleg vil då skulen bli avvikla på sikt. Styret viser vidare til at ein reduksjon på 13 mill. kr, ned til ei total ramme på 10 mill. kr, ikkje er realistisk med dagens organisering. Ei slik ramme vil krevje at dei fleste klassane og mest sannsynleg heile fagskulen må avviklast.

Fagskulestyret viser til at om skulen skal kunne tilpasse seg nye økonomiske rammer vil det vere behov for tid til omstilling. Styret viser vidare til at dei har sett i verk eit prosjekt¹ med målsetjing å betre kvaliteten på utdanninga, sikre ei god forankring i næringslivet og utarbeide strategi for vidare drift med redusert fylkeskommunalt tilskot. Prosjektet skal vere avslutta våren 2017.

Fylkesdirektøren ser det som ei målsetting å sikre ei kvalitativt god fagskuleutdanning innan dei , til ei kvar tid, gjevne økonomiske rammene. Det er difor rimeleg at fagskulestyret får naudsynt tid til å sikre kvaliteten på utdanninga og førebu tilpassing til ei redusert økonomisk ramme. Notatet frå fagskulestyret, saman med den vedtekte prosjektplanen, svarar tilfredsstillande på korleis styret vil arbeide vidare for å gje svar på bestillinga frå finansutvalet. Fylkesdirektøren vil understreke at prosjektet må leggje vekt på framtidig organisering og kostnadsreduserande tiltak.

I det vidare arbeidet med økonomiplanen må det leggjast til grunn at eit innsparingskrav knytt til Fagskulen i Sogn og Fjordane først kan effektuerast etter 2017.

¹ Prosjektet «Organisering og kvalitetssikring av fagskulen»

PROSJEKTMANDAT FOR

ORGANISERING OG KVALITETSIKRING AV FAGSKULEN

Behandlet dato:	Behandlet av:
23.01.2015	Styret for fagskulein i Sogn og Fjordane
Beslutning: Rektors innstilling til Styret for fagskulen i Sogn og Fjordane: Styret for fagskulen i Sogn og Fjordane starter opp eit prosjekt for å få fagskulen i Sogn og Fjordane godkjent av NOKUT og til å lage eit kvalitetssikringssystem som sikrar at Fagskulen i Sogn og Fjordane jobbar etter dei retningslinjer og krav som eksisterer. . Økonomi: Det avsettes kr1 469 333 til prosjektet fordelt over to år (fordelt på tre kalenderår) <i>Vedtak i Styremøte for styret for fagskulen i Sogn og Fjordane 23.01.2015 Sak 8/15</i>	
Signatur	

Prosjektmandat

Utarbeidet av:	Versjon	Dato	Avdeling
----------------	---------	------	----------

Organisering og kvalitetssikring av fagskulen

1. Beskrivelse av ide

Fagskulen i Sogn og Fjordane skal få NOKUT-godkjenning og levere god kvalitet i henhold til fagskulen sine visjonar og etterleve lovar og reglar.

2. Tidsplan og ressursbehov

- Prosjektet skal foregå i perioden 01.03.2015 til 01.03.2017. og tilsvarar ei 100 % stilling. Prosjektet blir todelt, men periode 1 frå 01.03.2015-01.08.2016 med fokus på å etablere rutinar, gjennomføre nye rutinar, evaluere ny rutinar og justere nye rutinar. Del to av prosjektet bør gå frå 01.08.2016-01.03.2017 med fokus på å utvikle samarbeidet med næringslivet og utvikle skulen i retning av å vere uavhengig av ekstratilskot frå fylket.
- Prosjektleiar får mandat til å gjennomføre prosjektet. Gjennomføring innebærer å komme med forslag til organisasjonsendring, revidere KS-systemet, Dette innebærer å kunne instruere undervisningspersonal og administrasjon på avdeling Førde.

3. Organisering og ansvar

- Prosjektleiar rapporterar direkte til styret. Styret skal til ei kvar tid vere orientert om prosjektets status. Rapportering skjer på Fagskulen sine styremøter.
- Prosjektleiar har ikkje personalansvar men har rett til å instruere administrasjon og undervisningspersonal på avdeling Førde..

4. Hovedmål

- Fagskulen i Sogn og Fjordane skal behalde NOKUT-godkjenning
- Fagskulen i Sogn og Fjordane skal få eit KS-system som er revidert og blir fulgt
- Fagskulen skal utvikle seg til ein robust utdanningsinstitusjon på tertiært nivå
- Fagskulen skal utvikle eit kurs og kompetansesenter i tillegg til fagskuleutdanning

Delmål 1:

Behalde NOKUT-godkjenning og få KEM-utdanninga godkjent.

- Innhald blir definert når endelig rapport og styrevedtak frå NOKUT blir kjent

Delmål 2:

Revidering av KS-systemet

- Forenkle KS-systemet
- Sørge for at KS-systemet er i henhold til alle forskrifter
- Opplæring/Involvering administrasjon og undervisningspersonell
- Gjennomføring/Implementering av KS-systemet
- Forbedre KS-systemet basert på erfaring og tilbakemeldinger
- Sikre at KS-systemet blir brukt og fulgt
- Sikre at man har et fungerende avvikssystem
- Beredskapsplan og risikomatrise

Delmål 3:

Ressursbruk/Organisering ved fagskulen i Sogn og Fjordane, avdeling Førde

- Avklare kva roller ein treng ved fagskulen i Sogn og Fjordane?
 - Fagleg leiar
 - Fagleg ansvarleg
 - Pedagogisk ansvarleg
 - Kontaktlærer
 - Rådgjevar
 - Bibliotekar
 - IT-ansvarleg
 - Kontormedarbeidar
 - Avdelingsleiar

- Rektor
- Definere innholdet i kvar rolle og rapporteringslinjer
- Lesepliktsavtale, 668 for alle fag
- Ressursbruk på samlingsbaserte studentar
- Organisering av bunden tid
- Ressursbruk på samlingbasert studium

Delmål 4:

Organisering av studiet

- Korleis gå frå vidaregåande utdanning til tertiær utdanning
 - Klasseromsundervisning vs forelesning/øvingstimar
 - Korleis bruke klasserom/auditorie
 - Oppfølging av studentar
 - Klasesamråd
 - Klasselærarråd
 - Studentsamtalen (to ganger for året)
 - Tillitsvalgt
 - Oppmøteplikt
- Tema/moduler, korleis fordele ressurser
- Modulbasert/Periodelesing/Semesterbasert/Årsbasert
- Eksamensgjennomføring
- Prosjektgjennomføring
- Lokalt tilpassa emne

Delmål 5:

Lage et system med revidering av studieplanar som fungerer

- Lage system for innhenting av tilbakemeldingar frå studentar, lærarar, sensorar og næringsliv
- Definere styret sitt ansvar
- Definere fagleg ansvarleg
- Definerer rutinar og fristar for evalueringar

Delmål 6:

Informasjonsflyt/Dokumentstyring internt på avdeling Førde

- Hvordan kommunisere
 - Administrasjon/Undervisningspersonal
 - Undervisningspersonal/Studentar
 - Leiing/Studentar
- Møteplanlegging
- Lagring av informasjon
 - Studieplanar
 - Årsplanar
 - Møtereferat
 - Undervisningsopplegg
 - Forelesningsnotat
 - Kompendium
 - Samarbeid med næringsliv
 - Undersøkelsar
 - Funn i kvalitetsarbeidet
- Deling av informasjon
- Kunnskapsoverføring

Delmål 7:

Etablere formelle avtalar og samarbeid med Næringslivet/NAV

- Studieplanar, sjå delmål 5
 - Riktige emner i forhold til behovet i næringslivet
 - Riktig vektig på tema i forhold til behovet i næringslivet

- Kompetansebehov, sjå delmål 8
 - Tilfredstiller fagskulen kompetansebehovet til næringslivet?
 - Riktige utdanninger?
 - Riktig nivå på ferdigutdanna?
- Innleige av eksterne forelesarar?
- Hospitering hos bedrifter
- Praksis
- Prosjektoppgåver

Delmål 8:

Etablere fagskulen som eit kurscenter og utvikle nye utdanningar

- Delta i samarbeid med Maritimt forum ang kompetansebehov i næringslivet
 - Utvikle nye kurs og utdanninger etter behovet som Maritim forum identifiserer
 - Utvikle nye studiar
 - Kva behov har Lutelandet (Hvordan skrote en plattform?)
 - Kva behov har Nordic Mining om de får starte opp?
 - Kva behov har handel og kontor i Sogn og Fjordane
 - Offentleg forvaltning? Lotteristiftelsen, Difi osv
 - Helse, kva må til for å starte opp helsestudiar
 - Primærnæringar: Jordbruk, skogbruk, fruktdyrking, fiskeri
 - Utvikle nye kurs
 - Maritime kurs
 - høgspenkurs
 - Elkraft lab
 - Delta i samarbeidsmøter med Høgskulen/Sunnfjord Energi/SFE
 - Avklare fagskulen si rolle i Elkraftlab'en
 - Test av utstyr og komponenter i elkraftlab'en
 - Tegnekurs til videregående, høgskule og andre eksterne.
 - Ekom-modul
 - Implementer kurs som Maritim forum identifiserer gjennom sin studie
 - HMS kurs/innføring i norsk arbeidliv for utlendinger

Delmål 9:

Lokalisering av Fagskulen i framtida

- Leigeavtalen må seiast opp før 1 aug om ein skal ut til 1 aug 2016
- Evaluere fordelar/ulempar ved samlokalisering med
 - Øyrane vidaregåande skule/Concord
 - Høgskulen i Sogn og Fjordane
 - Forskningscenter/Hellenes

Delmål 10:

Lage forslag for strategi for korleis fagskulen i Sogn og Fjordane skal klare seg utan Fylkeskommunal støtte

- Må sjåast saman med delmål 8 og 9
- Rapport på korleis fagskulen i Sogn og Fjordane skal ta inn det akkumulerte underskuddet innan 2017 og klare seg utan fylkeskommunale midlar.
- Delta i arbeidet med ny strategiplan for 2016-2021.

5. Milepæler

1 April 2015 levere handlingsplan for å få NOKUT-godkjenning

15 juni 2015 rapport på korleis fagskulen skal kunne ta inn akkumulert underskudd og konsekvensar ved å fjerne det fylkeskommunale tilskotet

1 August 2015 definert roller for fagskulen

1 Aug 2015 studieplaner 2015/2016 klare for godkjenning

1 Aug 2015 førsteutkast til KS-system klart og klart til testing

1 Aug 2015 plan for samarbeid med næringslivet klart (fokus på bedrifter med eksisterende samarbeid)
 1 Aug 2015 plan for organisering av studiet klart
 1 Jan 2016 evaluere tilbakemeldingar frå næringsliv
 1 Jan 2016 oppstart av samarbeid med nye bedrifter
 1 Juni 2016 revisjon av KS-systemet basert på tilbakemeldingar
 1 Juli 2016 revisjon av ny organisering av avdeling Førde
 1 Aug 2016 reviderte studieplanar for 2016/2017 klare for godkjenning
 1 Aug 2016 revisjon av samarbeid med næringslivet
 1 Januar 2016 forslag til innhald i eit kurs og kompetansesenter.
 15 Sept 2016 søknadar for nye studium klare
 1 Januar 2017 Fagskulen Sogn og Fjordane kurssentet klart til oppstart
 01 Mars 2017 prosjektrapport.

6. Prosjektleveranser

Revidert KS-system som er testet og implementert
 Sluttrapport for prosjektet som evaluerer måloppnåelsen på prosjekt/delmål som er implementert, testa og revidert.

7. Måling

Godkjent fagskule.
 Godkjent KEM utdanning
 Organisasjon som kjenner til og etterfølger KS-systemet.
 Organisasjon som fungerer sjølv om nøkkelpersonell forsvinner.
 Ein fagskule som utviklar nye utdanningar og kurs etter behovet i næringslivet.
 Ein fagskule som går med overskudd sjølv utan fylkeskommunale midlar.
 Prosjektet levert innanfor tids- og kostnadsramma

8. Økonomi

Kostnadsestimat:		Kommentar
50 % stilling	242 667	01.03-2015-30.09.2015, 7 mnd
100 % stilling	1 178 667	01.10.2015-01.03.2017 17 mnd
Reiseutgifter	48000	6 reiser a 8000
Sum prosjektleiar	<u>1 469 333</u>	
Eigeninnsats Leiing	857 012	Rektor bruker 30 % og avdelingsleiar 20 % av tida på prosjektet i to år
Eigeninnsats undervisningspersonell	960 000	10 lærer, 8 timer i veka 30 uker, 400 kr timen
Sum eigeninnsats	<u>1 817 012</u>	
	<u>3 286 345</u>	
Eigeninnsats Leiing	857 012	
Egeninnsats Lærerer	960 000	
Sum egeninnsats	1 817 012	
Eksterne midlar	<u>1 469 333</u>	Fagskulen får tilbakebetalt kr 530220 om Henning blir prosjektleiar (foreldrepermisjon)
Andel eigeninnsats	55 %	
Andel ekstern finansiering	45 %	

Totalt vil kostnaden på prosjektet over to år bli kr 3 286 345kr kor 55 % er eigeninnsats. Ein vil i 2015 trenge kr 474 667 som ikkje er budsjettert. I 2016 vil prosjektleiar og reisekost komme på kr 856 000 og for 2017 blir ekstrakostnaden på kr 138 667.

Andre område: Karriererettleiing., utgreiingsoppdrag nr. 21, rapport

Kva er karriererettleiing?

Karriererettleiing er ikkje ei lovpålagd oppgåve, men likevel eit nasjonalt satsingsområde, der dei sentrale føringane har vorte sterkare dei siste åra. Regjeringa har mellom anna sett ned eit ekspertutval som skal greie ut korleis livslang karriererettleiing skal styrkast. Hovudinnstillinga frå utvalet vert fremja våren 2016. I dag er systemet at fylkeskommunar som har oppretta partnerskap for karriererettleiing og karrieresenter, får tildelt tilskot frå staten etter fastsette kriteria.

Omgrepet karriererettleiing har ikkje vore vanleg å bruke i det norske utdannings- og arbeidsmarknadssystemet. Internasjonalt har forståinga av kva karriere er, utvikla seg til å dreie seg om «employability» – å vere «sysselsettbar». Karriererettleiing er profesjonelle samtalar som skal hjelpe personar til å bli «sysselsettbare» - å styrke den enkelte sine refleksjonar, motivasjon og ferdigheiter til å handtere eigen karriere. Karrieresentra har som mål å tilby slik karriererettleiing til alle over 19 år. I tillegg skal dei vere ressurscenter og bidra til å auke kvaliteten på rådgjevinga i grunnopplæringa og i NAV.

Kva var bakgrunnen for ressursen og er grunnjevinga framleis aktuell?

Oppretting og organisering av «Karriere Sogn og Fjordane» vart vedteken i hovudutvalet for opplæring i sak 10/12. Saka bygde på evaluering av eit 3-årig prosjekt «Karriere Sogn og Fjordane 2008 – 2011». Hovudfunna i evalueringa var at prosjektet hadde nådd gode resultat når det gjaldt overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule. Evalueringa peika også på manglar:

- Det livslange perspektivet var ikkje fokusert i særleg grad
- Det var i liten grad lettare for brukarane å finne fram til karriererettleiingstilbod etter prosjektperioden. Særskilt gjaldt dette tilbod for vaksne (t.d. realkompetansevurdering)
- Avtalane mellom partane var ikkje forpliktande nok, eller ikkje-eksisterande.
- Arbeidsmarknads- og omstillingsproblematikk var lite fokusert.

Karriererettleiinga i Sogn og Fjordane er basert på at partnerskapen skal ivareta alle innbyggjarar sitt behov for karriererettleiing i eit livslangt perspektiv, både med omsyn til innhald og tilgjenge. Partnerskapen er breitt samansett og det er inngått avtalar med NAV, kommunar, NHO, LO, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Fagskulen i Sogn og Fjordane, Ungt Entreprenørskap og Framtidsfylket.

For å gjere karriererettleiingstenesta så tilgjengeleg og brukarretta som mogleg er det oppretta fire regionale senter. Sentra skal utføre brukarretta tenester mot innbyggjarar som ikkje er i grunnopplæringa, utføre støttetjenester i form av koordineringsoppgåver og vere ressurs for opplæringssektoren og samarbeidspart for arbeids- og næringslivet.

Kunnskapsdepartementet initierte og finansierte prosjekt som «Karriere Sogn og Fjordane 2008-2011» i alle fylke. Etter prosjektperioden har nasjonale føringar og målsetjingar blitt tydelegare og sterkare. Ordninga vert finansiert gjennom årlege tilskot, der formål og kriteria er formulerte slik:

«Formålet med tilskuddsordningen at unge og vaksne i alle livsfaser får et likeverdig tilbud om karriereveiledning. Tilskuddet til de fylkesvise partnerskapene for karriereveiledning skal bidra til å styrke kvaliteten og sikre tilgang til karriereveiledning i hele landet. Tilskuddet skal videre bidra til å samordne informasjon og kunnskap hos alle veiledningsaktørene i fylkene, slik at brukeren får et helhetlig veiledningstilbud.

Grunntilskuddet tildeles fylkeskommuner med fylkesvise partnerskap for karriereveiledning som har:

- en signert partnerskapsavtale mellom minimum fylkeskommunen og Nav-fylke.
- en koordinerende funksjon som styrker samarbeid og samordning mellom veiledningsaktørene i fylket.

- minimum ett fylkesvis karrieresenter som tilbyr gratis karriereveiledning til alle voksne over 19 år, bidrar til kompetanseutvikling for karriereveiledere i grunnskolen, videregående opplæring og Nav og kvalitetssikrer arbeidet gjennom bruk av brukerundersøkelse og årsrapportering til Vox.»

Korleis blir ressursen organisert og nytta i dag?

Karriere Sogn og Fjordane er organisert som ein partnerskap mellom fylkeskommunen, NAV og kommunane i HAFS og Nordfjord. I tillegg har partnerskapen ein samarbeidsavtale med NHO, LO, Fagskulen og Høgskulen i Sogn og Fjordane, Ungt Entreprenørskap og Framtidsfylket.

Organisering/innhald:

- 4 regionale kontor (Dale, Førde, Eid og Sogndal) med til saman 300% fast stilling
- Stillingsressursane er samordna med ressurs til vaksenopplæring etter ei slik fordeling

Stillingsressurs	Vaksenopplæring	Karriererettleiing			Totalt
	Fylkeskommunen	F.komm	Komm.	NAV	
HAFS	20%	35%	30%	15%	100%
Sunnfjord	25%	25%			50%
Nordfjord	25%	45%	30%		100%
Sogn	25%	25%			50%
Sentraladministrasjonen	55%	95%			150%
Totalt	150%	225%	60%	15%	450%

- Vaksenopplæring utgjer totalt 150% stillingsressurs – dette er ei lovpålagd oppgåve knytt til vaksne sin rett til vidaregåande opplæring, etter opplæringslova §4A-3
- Karriere Nordfjord og HAFS har heile stillingar – kommunane bidreg med ca. 30%, NAV 15% stillingsressurs i HAFS og resten er fylkeskommunale karriere- og vaksenopplæringsressursar
- Sogn og Sunnfjord har ikkje medverknad frå kommunane. Dei har halve stillingar med berre fylkeskommunale karriere- og vaksenopplæringsressursar
- NAV bidreg med kontorhald alle stader.

Kva innsparingspotensiale ligg i å avvikle denne ordninga?

Vidaregåande opplæring for vaksne er ei lovpålagd oppgåve som ikkje skal utgreiast for innsparing.

Vaksenopplærings- og karriererettleiingstenestene heng tett saman. Ei endring i karriererettleiingstenesta vil difor få konsekvensar for organiseringa av den lovpålagde tenesta vidaregåande opplæring for vaksne. Samordning av karriererettleiings- og vaksenopplæringsressursen gjev ein effektiviseringsgevinst.

Karriere Sogn og Fjordane vert finansiert gjennom partnerskapen.

Fylkeskommunen løyver årleg 1,145 mill. kr. til karriererettleiing. Det årlege statlege tilskotet utgjer 1,760 mill. kr, NAV bidreg med 0,090 mill. kr og kommunane i partnerskapen bidreg med 0,400 mill. kr. Å ta bort den fylkeskommunale løyvinga vil medføre at fylkeskommunen tapar tilskotet frå partnerskapen med til saman 2,250 mill. kr.

Dersom den fylkeskommunale løyvinga vert halvert, er konsekvensane usikre. Ordninga er ein partnerskap der fylkeskommunen har fått ansvar for midlane og drifta via statlege myndigheiter, for å gje innbyggjarane i fylket likeverdige tilbod. Dersom fylkeskommunen ikkje bidreg nok inn i partnerskapen sjølv, er det lite truleg at dei andre partnarane gjer det.

Partnerskapsavtalane går ut i 2015, og Møreforsk skal gjennomføre evaluering i vår. Det er derfor knytt usikkerheit til kva kommunane vel å gjere etter avtaleperioden. Kommunereforma er og eit usikkerheitsmoment her.

Tabellen under oppsummerer alternativ reduksjon i finansieringa:

	I dag	Halvering fylkeskommunale midlar	Avvikle ordninga
Fylkeskommunen	1.145.000	550.000	0
Stat	1.760.000	1.760.000	0
Kommunar	600.000	0*	0
NAV	90.000	0*	0
Totalt	3.325.000	2.310.000	0

Dersom fylkeskommunen vel å halvere sin del, vil det ikkje lenger vere mogleg å ha heile stillingar i HAFS og Nordfjord. Dette var ein føresetnad frå regionane da partnarskapen vart oppretta, og er grunnen til at NAV gjekk inn med 15% i HAFS. Det kommunale bidraget vil då høgst sannsynleg falle bort.

Dersom ordninga fell bort, må ein vurdere korleis ein vil organisere vidaregåande opplæring for vaksne fordi ressursane ein då sit att med (25% stilling) på kvart kontor, er for små til å handtere den lovpålagde oppgåva.

Kva konsekvensar kan avvikling av ordninga ha å seie for målgruppene?

Individuell karriererettleiing til alle over 19 år:

- Dei over 19 år i Sogn og Fjordane som ikkje er i grunnopplæring, får ikkje tilbod om gratis karriererettleiing
- Spesielt sårbare målgrupper vil vere flyktingar, ungdom som har avbrote vidaregåande opplæring og arbeidsinnvandrarar. (Jf stortingsmelding om utanforskap)
- Sogn og Fjordane vert eit av få fylke utan tilbodet.
- Karriererettleiingstenesta vert no utgreidd av regjeringa, der innstilling vert lagt fram våren 2016. I tillegg vert det arbeidd med ei stortingsmelding «Utanforskap og livslang læring» som òg truleg vil omfatte karriererettleiingstenesta.

Grunnopplæring/NAV

- Systemretta kvalitetsarbeid innan rådgjeving i grunnopplæring/NAV vert svekka
- Fagkompetanse innan karriererettleiing svekkast innan sektoren, noko som kan få konsekvensar for gjennomføring av vidaregåande opplæring for ungdom og vaksne

Vaksne med rett til vidaregåande opplæring:

- Avvikling av karriererettleiing vil gå ut over rettleiing til vaksne med rett til vidaregåande opplæring.
- Organisering av og ressursar til tenesta for vaksenopplæring må vurderast på nytt.
- Nærleik til brukarar vert utfordrande å løyse.

Kva for langsiktige perspektiv er viktige å legge for å vurdere ordninga?

Behovet for arbeidskraft og manglande tilgang på arbeidstakarar vil vere ei utfordring framover. Busetting av flyktingar og arbeidsinnvandring vil utfordre utdanningssystem og arbeidsliv. Karriererettleiing er eit verktøy for å møte desse utfordringane.

Utgreiingsarbeid for tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune

1. Oppdrag og mandat

Oppdrag

- Strukturendring
- Dekking av skyssutgifter
- Effektiviseringstiltak i administrasjon/fag

Mandat

Eit utgreiingsarbeid som skal kartlegge og vurdere eit muleg innsparingskrav innafor tannhelsesektoren på 11 mill. kr.

Prosjektet er delt i to fasar:

Fase 1: Utforme grunnprinsipp for klinikkstruktur, vår 2015

Fase 2: Alternativ klinikkstruktur basert på fastlagde grunnprinsipp, haust 2015

2. Innleiing - Fase 1

For å gjennomføre eit innsparingskrav på 11 mill. kr gjennom strukturendring, dekking av skyssutgifter og tiltak for å effektivisere administrasjon/fag har vi valt desse sentrale grunnprinsipp som vi meiner er nødvendig for å kunne gje innbyggjarane mest mogeleg likeverdige tannhelsetenester med tanke på tilgjenge og kvalitet.

Sentrale grunnprinsipp for innsparingskrav

1. Organisering av tannhelsetenesta per i dag
2. Pasientgrunnlag og tannhelsetilstand
3. Dekking av skyssutgifter
4. Reiseavstand (under 1 time)
5. Effektivisering av drift, ressursbruk og administrasjon/fag
6. Folketalsframskriving
7. Økonomi

3. Lovgrunnlag

Lov om tannhelsetenester vart vedteken av Stortinget 23. juni 1983, og sett i verk frå 01.01.1984. Sogn og Fjordane fylkeskommune har arbeidd systematisk for å få tannhelsetenesta tilpassa ei ny tid og nye utfordringar.

Lov om tannhelsetenesta § 1-3 definerer tannhelsetenesta sine lovpålagde oppgåver slik:

§ 1-3 - Omfang av Den offentlege tannhelsetenesta.

Den offentlege tannhelsetenesta skal organisere førebyggjande tiltak til heile befolkninga. Den skal gje eit regelmessig og oppsøkjande tilbod til:

- a. Barn og ungdom frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år
- b. Psykisk utviklingshemma i og utafør institusjon
- c. Gruppe av eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie
- d. Ungdom som fyller 19 eller 20 år i behandlingsåret.
- e. Andre grupper som fylkeskommunen har vedteke og prioritere.

Gruppene (a-e) er lista opp i prioritert rekkefølge. Førebyggjande tiltak skal prioriterast framfor behandling.

I tillegg til dei prioriterte oppgåvene kan Den offentlege tannhelsetenesta yte tenester til vaksne betalande klientell, slik fylkeskommunen bestemmer.

Gruppe rus og fengsel er heimla i rundskriv: Rundskriv I-2/2006 og I-4/2008 frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) med tilbod om tannbehandling til rusavhengige og innsette i fengsel.

Fylkeskommunen har i dag eit «sørgje for» ansvar for tannhelsetenester medan det i framtida også vil komme eit «følgje med» ansvar.

Andre lover, stortingsmeldingar og fylkestingvedtak som gjev tannhelsetenesta retningslinjer

- Lov om folkehelsearbeid av 1. januar 2012
- Stortingsmelding nr. 35 *"Tilgjengelighet, kompetanse og sosial utjevning – Framtidas tannhelseteneste"*
- Fylkestingsak 6/10 og 50/13 Strategisk handlingsplan for Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane 2010–2013 og 2014–2017
- Fylkesutvalsak 58/11 Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane Organisering og klinikkstruktur
- Fylkestingsak 61/10 Lovdata 2011 Forskrift om dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta, Sogn og Fjordane

4. Samandrag

Med ny klinikkstruktur, endra forskrift for dekking av skyssutgifter og effektivisering av drift, ressursbruk og administrasjon/fag, vil tannhelsetenesta oppretthalde og muleg forbetre kvaliteten på dagens tannhelsetilbod.

Slik tannhelsetenesta er organisert per i dag kan ein ikkje oppnå stor redusering av budsjettet. For å kunne nå tildelte rammer er ei endring i klinikkstruktur, skyssutgifter og effektivisering i administrasjon/fag naudsynt. Dei sentrale faktorane i Fase 1 vil vere grunnlaget for vidare arbeid.

I Strategisk handlingsplan for den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane 2011–2017 heiter det: Etablere fleksibel klinikkstruktur med omsyn til pasientgrunnlag, tilgjengeleg

fagpersonell, teknisk utstyr og tilgang på private tannhelsetenester. Dette viser at behovet for ny klinikkstruktur er uavhengig av innsparingskravet.

Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane hadde ved årsskifte 2014 registrert ca. 30 000 pasientar med rett til tannhelseteneste (etter Lov om tannhelsetenester) og 45 pasientar frå Vik fengsel.

Den store betringa i tannhelsa vi har sett dei siste tiåra, spesielt i gruppene born, unge og unge vaksne, har ført til at tida mellom kvar tannhelsekontroll no skal vere i gjennomsnitt 18 mnd. for dei fleste i denne gruppa. Intervalla blir fastsett individuelt for kvar enkelt pasient. Ca. 10–15 prosent av pasientane har spesielle problem. Gruppe C (eldre og langtidssjuke i institusjon og heimesjukepleie) er ei gruppe som etter kvart vil ha større behandlingsbehov med førebyggjande tiltak.

Dei sosiale skilnadane i helse aukar i Noreg, truleg også i Sogn og Fjordane. Dette må tannhelsetenesta ta omsyn til både i planlegging og i tiltaksarbeid. Vi har ei særleg plikt til syte for at dei strategiar, arbeidsmåtar og tiltak vi satsar på kan bidra til å jamne ut helseskilnadane i fylket vårt. I tillegg må vi rette oss direkte mot risikogrupper og risikopasientar med befolkningsretta og individretta tiltak.

Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har fått redusert driftsbudsjett. For tannhelsetenesta betyr dette eit muleg innsparingskrav på 11 mill. kr.

Pr. i dag er det 27 tannklinikkar der 7 klinikkar ikkje er dagleg bemanna. 13 av klinikkane er einmannsklinikkar. Vi har 48 tannlegar og tannpleiarar. Det er klinikkjef på kvar klinikk. Tannklinikkar som ikkje er i dagleg bruk gjev svært høge driftskostnader.

Det er umogeleg å oppretthalda ei organisering med så mange små tannklinikkar som vi har per i dag når driftsbudsjettet blir redusert i eit slikt omfang. Tannhelsetenesta sin måte å tilpassa seg reduserte budsjettammer er å redusera tal tannklinikkar og styrke sentralklinikkane med meir personale og utvida opningstider. I ny klinikkstruktur vil behandlingsromma og utstyret på tannklinikkanne bli nytta fullt ut frå morgon til kveld, og vil kunne dekkja dagens pasientgrunnlag samt auken i tal prioriterte pasientar i perioden fram mot 2030.

Tidlegare måtte ein på grunn av manglande infrastruktur i stor grad basera klinikkstrukturen på små einingar. Kommunikasjonsmønsteret er no endra. Med ny klinikkstruktur vil alle pasientar få under 1 time reiseveg til tannklinikken, og i Strategisk handlingsplan er det lagt til grunn at akseptabel reisetid mellom skule/heim/arbeid og tannklinikken er ein time kvar veg (og/eller 50 km). Dei fleste barn og unge vil kun måtte reisa til tannklinikken med 1 ½ års mellomrom. Gruppe C og dei med større tannhelseproblem har eit kortare innkallingsintervall og hyppigare besøk hos tannklinikken.

Dekking av skyssutgifter for pasientar i gruppene A, B og C2 var i 2014 kr 516 076. For å oppnå kostnadsreduksjon er det nødvendig å endre forskrifta om skyssutgifter. Dersom ikkje forskriftene blir endra vil det bli ein stor auke i skyssutgiftene pga. lenger reiseavstand.

Framskrivning av folketal og endring i aldersgrupper er viktige faktorar i planlegging av ny klinikkstruktur. Fordi nokre område i Sogn og Fjordane har negativ utvikling i folketalet medan andre område aukar sterkt, vil det vere nødvendig å omprioritere ressursar til dei områda som har sterkast vekst.

Med større tannklinikkar vil fordelinga mellom dei ulike yrkesgruppene i tannhelsetenesta til kvar tid vera optimal. Oppgåvefordeling mellom tannlege/tannpleiar må bli utført etter BEON prinsippet dvs. **best eigna omsorgsnivå**. Tannpleiarane bør ha førstelinjeansvaret for dei prioriterte gruppene. Auka opningstider gir større tilgjengelegheit for pasientane som får lenger reiseveg. Ein vil få full utnytting av behandlingsrom og utstyr. Klinikkanne må ha ein storleik som gjer dei robuste til å ta hand om pasientane ved vakansar, feriar og permisjonar. Storleiken på tannklinikkanne er òg avgjerande for at folkehelsearbeidet kan koordinerast med samarbeidspartane på ein effektiv og god måte.

Ny klinikkstruktur vil gje eit godt grunnlag for å kunne tilby høg fagleg kvalitet, meir stabile og meir tilpassa tannhelsetenester på eit redusert tal offentlege tannklinikkar i fylket innanfor gitte rammer.

5. Sentrale grunnprinsipp for innsparingskravet

Meir om grunnprinsippa som kan føre til ny klinikkstruktur og endring i skyssutgifter:

5.1 Organisering av tannhelsetenesta

Strategiplanen la føringar for organisering av Den offentlege tannhelsetenesta. Den same planen hadde også som mål å etablere eit regionalt odontologisk kompetansesenter på Vestlandet – TkVest. Senteret skal m.a. drive desentralisert spesialistutdanning og forskning, og vil få ein spesialistklinikk i Sogn og Fjordane.

Fylkestingsak 58/11

Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane - Organisering og klinikkstruktur. Det er uavhengig oppdraget innsparingskravet. Målet er at det skal vere mest mogeleg likeverdige tannhelsetenester for innbyggjarane når det gjeld tilgjenge og kvalitet.

Budsjettetert årsverk 2014: 111,76

Tannlege:	40,80
Tannpleiarar:	15,60
Tannhelsesekretær:	45,45
Reinhaldarar:	1,91
Administrasjon og fag:	7
Dental tekniskar:	1

Tannklinikkar

Det er i dag 27 tannklinikkar der 7 klinikkar ikkje er dagleg bemanna (Hardbakke, Hornindal, Innvik, Bremanger, Naustdal, Balestrand og Svelgen). Tannklinikkar som ikkje er i dagleg bruk gjev svært høge driftskostnader.

5.2 Pasientgrunnlag og tannhelsetilstand

Pasientgrunnlag for tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane 2014 Tabellen syner samla tal pasientar, ferdigbehandla og under tilsyn i dei ulike gruppene.

Gruppe	Total tal personar pr. 31.12.2014	Tal pasientar undersøkt, ferdigbehandla	Tal pasientar som ikkje møter eller takkar nei	Prosentdel pasientar under tilsyn
Gruppe A 2	22 851	19 709	115	97 %
Gruppe B	487	430	8	96 %
Gruppe C1	1 035	850	20	87 %
Gruppe C2	2 180	1 539	148	80 %
Gruppe D	3 226	2 138	241	83 %
Rus	157	73	13	80 %
Fengsel		45		

Gruppe A: Barn og unge frå 3-18 år Gruppe B: Psykisk utviklingshemma personar over 18 år
Gruppe C1: Pasientar på institusjon Gruppe C2: Pasientar med heimesjukepleie
Gruppe D: Ungdom frå 19-20 år.

Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane hadde ved årsskifte 2014 registrert ca. 30 000 pasientar med rett til tannhelseteneste etter Lov om tannhelsetenester.

Frå Vik fengsel vart 45 pasientar undersøkt og behandla, totaltid 93,5 timar. Helsedirektoratet har gjeve eit tilskot til tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane for tannbehandling til innsette i fengsel på kr. 130.000 for 2014.

Tannhelsetilstand 2014

God tannhelse er viktig for den generelle helsa, for velvære og livskvalitet. Dei faktorane som gjev god helse er også som regel gunstige for tannhelsa. Tannhelsetenesta registrerar og rapporterar statistikk om tannhelse, dette inngår i KOSTRA – tala som blir publisert av Statistisk sentralbyrå.

Alder	Totalt tal individ i gruppa	Tal individ registrert	Tal DMFT = 0 utan hol	Tal DMFT 1-4 tenner med hol	Tal DMFT 5-9 tenner med hol	Tal DMFT over 9 tenner med hol
5 år	1330	1214	1035 (85 %)	122 (10 %)	41 (3 %)	16 (1 %)
12 år	1380	1252	814 (65 %)	401 (32 %)	33 (3 %)	4 (0,5 %)
15 år	1481	1293	522 (40 %)	565 (44 %)	176 (14 %)	30 (2 %)
18 år	1681	1438	345 (24 %)	615 (43 %)	348 (24 %)	130 (9 %)

Slik det kjem fram i tabellen har barn under 12 år gjennomsnittleg svært god tannhelse. Mindre enn fem hol blir ikkje regna som helseproblem. Ved 12 års alderen er alle dei permanente tennene brotne fram . Perioden 12 til 18 år er viktig for god tannhelse. Tabellen syner at tal pasientar med mindre enn 5 hol er redusert ved 18 årsalder.

Tannhelsa for barn og unge er generelt bra i Sogn og Fjordane , men eit mindretal av barn og unge har spesielle tannhelseproblem, ca. 10-15 prosent.

Det er dokumentert sosial ulikheit i tannhelse. Dei sosiale skilnadane i helse aukar i Noreg, truleg også i Sogn og Fjordane. Dette må tannhelsetenesta ta omsyn til både i planlegging og i tiltaksarbeid. Vi har ei særleg plikt til syte for at dei strategiar, arbeidsmåtar og tiltak vi satsar på kan bidra til å jamne ut helseskilnadane i fylket vårt. I tillegg må vi rette oss direkte mot risikogrupper og risikopasientar (befolkningsretta og individretta tiltak).

Betring i tannhelsa

Det har i dei siste tiåra vore ei markert betring i tannhelsa særleg i gruppa born og unge. Tidlegare vart alle kalla inn til tannhelsekontroll minst ein gong årleg. Den store betringa i tannhelsa, spesielt i gruppene born, unge og unge vaksne, har ført til at tida mellom kvar tannhelsekontroll no skal vere i gjennomsnitt 18 mnd. for dei fleste i denne gruppa. Intervalla blir fastsett individuelt for kvar enkelt pasient. Det er ikkje lenger fagleg rett å kalle alle inn oftare enn det. Det er ingenting som tyder på anna enn at betringa i tannhelsa vil halde fram.

Bruke tid på risikopasientar

Ca. 10-15 prosent av pasientane har spesielle problem. Gruppe C er ei gruppe som etter kvart vil ha større behandlingsbehov med førebyggjande tiltak.

Folkehelsearbeid - førebyggjande tiltak

Tannpleiarane er ein naturleg del av tannhelseteamet og tilbodet ved tannklinikane. Tannpleiarane har fokus på førebyggjande arbeid og folkehelse. Alle klinikkar over ein viss størrelse (3-4 behandlingkontor) bør ha ein tannpleiar.

Betring i tannhelse – og redusert behov for tannhelsekontroll Årstal	5- åringar % utan hol	12- åringar Tenner med hol eller fylling	18-åringar Tenner med hol eller fylling	
1992	63 %	2,4	7,3	Sogn og Fjordane
2008	80 %	1,2	4,5	Sogn og Fjordane
2012	81 %	1,1	4,4	Noreg
2014	86 %	0,8	3,8	Sogn og Fjordane

5.3 Dekking av skyssutgifter

Dekking av skyssutgifter for pasientar i gruppene A, B og C2 var i 2014 kr 516 076.

Lov om tannhelsetenesta § 1-3 definerer tannhelsetenesta sine lovpålagte oppgåver slik:

Kap. 5 §5-1 (Fylkeskommunens ansvar for utgifter) i Lov om tannhelsetenesta heiter det: "Fylkeskommunen skal dekke skyssutgifter i samsvar med forskrift fastsett av fylkeskommunen for pasientar under lov om tannhelsetenester § 1-3 til dei som ønskjer tannhelsehjelp i Den offentlege tannhelsetenesta"

I **sak 61/10** vedtok fylkestinget ny forskrift for deking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane. Den nye forskrifta vart gjeldande frå 1.1.2011

Tannhelsetenesta skal ta seg av dei prioriterte gruppene jf. §1-3 i Lov om tannhelsetenester og forskrifta er difor avgrensa til å gjelde desse gruppene og dei som ikkje får dekka skyssutgiftene på anna måte.

Regelverket for deking av reiseutgifter for prioritert klientell i tannhelsetenesta er tilpassa Pasientreiser (staten sine reglar).

Regelverket er tilpassa andre regelverk for helserelevante reiser og er i tråd med sentrale føringar på dette området. Ein kan ikkje nytte alle reglane i Pasientreiser (staten sine reglar) utan ei tilpassing til tannhelsetenesta. Denne tilpassinga er gjort og det er slik at reglane i pasientreiser gjeld dersom ikkje anna er nemnt i fylkeskommunen si eiga forskrift. Eit døme på dette er deking av skyssutgifter i Sogn og Fjordane er avgrensa til pasientar i prioriterte grupper A, B og C2.

For å oppnå kostnadsreduksjon er det nødvendig å endre forskrifta om skyssutgifter. Dekking av skyssutgifter var i 2014 kr 516 076. Dersom ikkje forskriftene blir endra vil det bli ein stor auke i skyssutgiftene pga. lenger reiseavstand.

5.4 Reiseavstand

Akseptabel reisetid

I Strategisk handlingsplan for tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane FK, klinikkstruktur, er det lagt til grunn at akseptabel reisetid mellom skule/heim/arbeid og tannklinikken er ein time kvar veg (og/eller 50 km). Akseptabel reisetid bygger på at betring i tannhelse har medført at tidsintervalla mellom tannhelsekontrollane for born, unge og unge vaksne no skal vere ca. 18 mnd. Dette betyr at det ikkje lenger er fagleg grunnlag til å ha årlege innkallingar for dei fleste pasientane i gruppene born, unge og unge vaksne. Dei fleste barn og unge vil kun måtte reisa til tannklinikken med 1 ½ års mellomrom. Gruppe C og dei med større tannhelseproblem har eit kortare innkallingsintervall.

Infrastruktur

Tidlegare måtte ein på grunn av manglande infrastruktur, i stor grad basere klinikkstrukturen på små einingar med to tilsette – ein tannlege og ein tannhelsesekretær. Kommunikasjonsmønsteret er endra. Der ein før brukte lang tid for å kome fram og attende mellom tannklinik og heim eller arbeid er nå vegane betre og ferjene færre.

5.5 Effektivisering av drift, ressursbruk og administrasjon/fag

Tannhelsetenesta er ei fylkeskommunal teneste og kan derfor sjå ut over kommunegrensar i måten å organisere drifta på. Det er til saman 80 behandlingsrom på tannklinikane i Sogn og Fjordane. Mange av desse står unytta eller berre delvis er i bruk. Klinikstrukturplanen vil legge opp til reduksjon i tal behandlingsrom. Dei resterande behandlingsromma og utstyret på tannklinikane vil bli nytta fullt ut frå morgon til kveld, og vil kunne dekke dagens pasientgrunnlag samt auken i tal prioriterte pasientar i perioden fram mot 2030.

Administrasjon/fag

I dag har vi ein administrasjon som er spreidd på fleire klinikkar, men alle er ein del av sentraladministrasjonen. Administrasjonen og fagavdelinga bør samlokalisert. Det vil innebere ei effektivisering og betre samordning av arbeidsoppgåvene. Det vil også ha økonomiske innsparingar med mindre reisetid. Samordninga kan ta til frå 01.01.2016. Dette kan på sikt gje ein reduksjon på 2 stillingar.

Sjukdom/fråvær

På små klinikkar med berre ein tannlege og ein sekretær er tenesta veldig sårbar ved sjukdom/fråvær. Om tannlegen blir vekke frå arbeid går sekretæren på jobb utan å ha arbeidsoppgåver. Har sekretæren fråvær blir tannlegen aleine utan hjelp. Ved å ha klinikkar med større behandlarteam er ein ikkje så sårbar i slike situasjonar. Dermed aukar effektiviteten.

Stabile og gode faglege miljø på tannklinikane

For å kvalitetssikre tenestene og stabilisere kompetansen har både arbeidsgjevar og tilsette i tannhelsetenesta eit felles ønske om å etablere store klinikkar med gode fagmiljø. Det er monaleg fleire søkjarar til ledige stillingar på store tannklinikkar enn på små einingar. Nyutdanna tannlegar kan på den måten få fagleg rettleiing og støtte i den første tida i yrkeslivet. Oppgåvefordeling mellom tannlege/tannpleiar må bli utført etter BEON prinsippet, dvs. **best egna omsorgsnivå**. Tannpleiarane bør ha førstelinjeansvaret for dei prioriterte gruppene. Dette inneber betre samfunnsøkonomi. (Ref. Stortingsmelding nr. 35 *"Tilgjengelighet, kompetanse og sosial utjevning – Framtidas tannhelseteneste"*). I dag har ikkje alle klinikkar tannpleiar.

Folketalet og aldersgrupper

Framskrivning av folketal og endring i aldersgrupper er viktige faktorar i planlegging av ny klinikkstruktur. Fordi nokre område i Sogn og Fjordane har negativ utvikling i folketalet medan andre område aukar sterkt, vil det vere nødvendig å omprioritere ressursar til dei områda som har sterkast *vekst*.

Etablering av sentralklinikkar

Den store betringa i tannhelsa gjer at plassering av tannklinikkar nær skular ikkje er like viktig som tidlegare. Avstand til sjukeheimar og andre helsetenester vil få større vekt saman med omsyn til senterstruktur og kommunikasjonsmøtepunkt. Andre faktorar er nærleik til fengsel og reiseavstand til private tannlegar.

Utvida opningstider

Ei redusering av tal klinikkar gir konsekvensar for pasientane i form av lenger reiseveg. Utvida opningstid gir auka tilgjengelegheit for desse pasientane.

Behandling av vaksne, betalande pasientar

Med ny struktur legg til rette for at tannhelsepersonell i avgrensa omfang skal behandle vaksne, betalande pasientar, for å halde på og utvikle brei fagleg kompetanse.

5.6 Folketalframskriving

Sogn og Fjordane har om lag 109 000 innbyggjarar i 2015. Folketalet vil etter prognosane auke med 6500 personar til om lag 115 500 fram til 2030. Det er dei store tettstadane som vil auke mest: Sogndal, Førde, Florø, Stryn. Dei andre har liten eller ingen vekst, og ein del vil få nedgang i folketalet. Folketalframskrivinga vil ha konsekvens for strukturen og framlegg til ressursar i planen. Det vil bli behov for å flytte og endre ressursar i perioden. Betre struktur og større einingar vil meir effektivt kunne nytte kompetansen i yrkesgruppene.

5.7 Økonomi

Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane har fått redusert driftsbudsjett. I statsbudsjettet for 2015 blei det foreslått at fylkeskommunen i Sogn og Fjordane skal spare inn 224 mill. kr fram mot 2019. For tannhelsetenesta betyr dette eit muleg innsparingskrav på 11 mill. kr. Det er umogeleg å oppretthalda ei organisering med så mange små tannklinikkar når driftsbudsjettet blir redusert i eit slikt omfang. Tannhelsetenesta sin måte å tilpassa seg reduserte budsjetterammer er å redusera tal tannklinikkar og styrke sentralklinikane med meir personale og utvida opningstider.

6. Konklusjon

Grunnprinsippa som her er omtalt vil gje konsekvensar og vere grunnlaget for det vidare arbeidet i fase 2. Med tannhelsetenesta sitt arbeid i fase 1 og med vidare arbeid i fase 2 ser vi det sannsynleg at innsparingskravet som er gjeve på 11 mill. kr kan bli innfridd.

Oppsummering av strukturendring, dekking av skyssutgifter og effektiviseringstiltak i administrasjon og fag

Ny klinikkstruktur vil gje eit godt grunnlag for å kunne tilby høg fagleg kvalitet, meir stabile og meir tilpassa tannhelsetenester på eit redusert tal offentlege tannklinikkar i fylket innanfor gitte rammer. Behovet for ny klinikkstruktur er uavhengig av innsparingskravet.

Betringa i tannhelsa, spesielt i gruppene born, unge og unge vaksne, har ført til at tannhelsekontroll no skal vere i gjennomsnitt 18 mnd. for dei fleste i denne gruppa. Ca. 10–15 prosent av pasientane har spesielle problem. Gruppe C (eldre og langtidssjuka i institusjon og heimesjukepleie) er ei gruppe som etter kvart vil ha større behandlingsbehov med førebyggjande tiltak. Sameleis for alle andre risikogrupper og dei med større tannhelseproblem.

Dei sosiale skilnadane i helse aukar i Noreg, truleg også i Sogn og Fjordane. Vi har ei særleg plikt til å syte for at dei strategiar, arbeidsmåtar og tiltak vi satsar på kan bidra til å jamne ut helseskilnadane i fylket vårt. I tillegg må vi rette oss direkte mot risikogrupper og risikopasientar med befolkningsretta og individretta tiltak.

Tidlegare måtte ein på grunn av manglande infrastruktur i stor grad basere klinikkstrukturen på små einingar. Kommunikasjonsmønsteret er no endra. Med ny klinikkstruktur vil alle pasientane få under 1 time reiseveg til tannklinikken. Dei fleste barn og unge vil kun måtte reisa til tannklinikken med 1 ½ års mellomrom.

For å oppnå kostnadsreduksjon er det nødvendig å endre forskrifta om skyssutgifter. Dersom ikkje forskriftene blir endra vil det bli ein stor auke i skyssutgiftene pga. lenger reiseavstand.

Framskrivning av folketal og endring i aldersgrupper er viktige faktorar i planlegging av ny klinikkstruktur.

Med større tannklinikkar vil fordelinga mellom dei ulike yrkesgruppene i tannhelsetenesta til kvar tid vera optimal. Oppgåvefordeling mellom tannlege/tannpleiar må bli utført etter BEON prinsippet dvs. **best egna omsorgsnivå**.

Auka opningstider gir større tilgjengelegheit for pasientane som får lenger reiseveg. Ein vil få full utnytting av behandlingsrom og utstyr. Klinikane må ha ein storleik som gjer dei robuste til å ta hand om pasientane ved vakansar, feriar og permisjonar. Storleiken på tannklinikane er òg avgjerande for at folkehelsearbeidet kan koordinerast med samarbeidspartane på ein effektiv og god måte.

Administrasjon bør samlokalisierast. Det vil innebære betre effektivisering og samordning av arbeidsoppgåvene. Det vil også ha økonomiske innsparingar med mindre reisetid og lønnsutgifter.

24 - Samhandling med fylkesdekkende organisasjonar

Teneste 4802 Folkehelse, og 7164 Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk

Mandat for utgreiinga

Utgreiinga skal kartlegge omfanget av aktivitet og vurdere eit mogleg innsparingskrav knytt til aktivitetane fylkeskommunen har for å støtte frivillig sektor økonomisk og fagleg. Aktivitetane er knytt til fleire programområde og tenesteområde. Denne utgreiinga gjev ei samla vurdering av aktivitetane innan to ulike tenesteområde, for å få fram tydeleg kva for rolle fylkeskommunen har tatt i høve samhandlinga med frivillig sektor. Rolla til fylkeskommunen i høve organisasjonar innan dei omtala fagområda, avgrensar vi til samarbeid med fylkesdekkande organisasjonar. Utgreiinga skal sjå på kva for økonomiske og administrative konsekvensar dette har. Det totale innsparingskravet er identisk med det vi i 2014 betalte ut til organisasjonar i prosjektstøtte og fleirårige avtalar med binding i 2015, med fråtrekk av statlege midlar som vert nytta. Til saman utgjer satsinga ca. 2,3 mill. kr, men berre 0,660 mill. kr vert nytta av fylkeskommunale driftsmidlar.

I tillegg til utviklingsavtalane omtala i denne saka, har vi avtalar med Naturvernforbundet og 4H, som vert dekkja av midlar frå teneste 7163, klima og miljø (2 x 100.000). Utgreiinga om kvifor vi har slike avtalar og effektane av dei, er omtala i denne utgreiinga, mens potensialet for innsparing knytt til desse to avtalane, vert drøfta i utgreiing nr. 59.

Utgreiinga kartlegg og vurderer særleg følgjande problemstillingar:

- Kva er målet/bakgrunn for ordninga med å støtte frivillige organisasjonar økonomisk?
- Kva for samfunnskonsekvensar/effektar har det at fylkeskommunen er inne med økonomiske midlar gjennom fleirårige utviklingsavtalar?
- Kva administrative konsekvensar har det at fylkeskommunen er inne med økonomiske midlar gjennom fleirårige utviklingsavtalar?
- Kva type organisasjonar er det aktuelt for fylkeskommunen å støtte økonomisk, og kvifor?
- Kva innsparingspotensiale er det ved å avvike ordninga
- Kva konsekvensar kan avvikling av ordninga ha for organisasjonane og deira omgjevnader.
- Dersom fylkeskommunen skal medverke til å utvikle og styrke frivilligheit, kva kan eventuelt vere eit alternativ eller supplement til økonomisk støtte til frivillige organisasjonar.

Dei mest sentrale problemstillingane, vi skal ta stilling til, er:

- Har den økonomiske støtta til frivillige organisasjonar noko verknad i høve oppfølging av Regional planstrategi?
- Kva rolle skal FK ha i høve å støtte frivillige lag og organisasjonar
- Kva type organisasjonar skal kunne få eventuell støtte – krav til virkeområde og effektar
- Kan eller skal FK hjelpe organisasjonane i å finne alternative finansieringskjelder?

Bakgrunn for rolla og oppgåvene

Oppgåve er i stor grad knytt til oppfølging av ansvaret til fylkeskommunen, gitt i ulike lover og forskrifter. Lovgivinga plasserer tydeleg ansvar, men er ikkje konkret på korleis vi løyser ansvaret og omfanget av ressursar vi skal nytte til det. Vi har tatt med ei kort omtale av den lovmessige bakgrunnen for arbeidet fylkeskommunen gjer innafor dei fagområda utgreiinga femner om. I vurderingane og utgreiingane vidare vil vi berre kommentere den delen av oppgåvene som er direkte knytt til temaet i utgreiinga.

Lov om folkehelsearbeid

Fylkeskommunen sitt ansvar følgjer av folkehelselova. Formålet med lova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, og jamnar ut sosiale helseskilnaden. Lova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlige helsemyndigheiter set i verk tiltak og samordnar verksemda i folkehelsearbeidet på ein forsvarlig måte. I § 20 om fylkeskommunens ansvar for folkehelsearbeid heiter det at fylkeskommunen skal fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemidla som fylkeskommunen er tillagt. Fylkeskommunen skal understøtte folkehelsearbeidet i kommunane og vere pådrivar for og samordne folkehelsearbeidet i fylket, til dømes gjennom partnerskap.

Viltlova - viltforvaltning

Fylkeskommunen er eit viltorgan etter viltlova, § 4. Føremålet til lova er å sikre forvaltning av viltet og viltets leveområder, i samsvar med naturmangfaldslova. Fylkeskommunen sitt mynde/ansvar er i hovudsak knytt til å fremme en forsvarlig og rasjonell viltforvaltning. Dette skal skje ved å gje opplysning, råd og rettleiing til myndigheter, organisasjonar, bedrifter og einskildpersoner, og gjennom tilrettelegging av arbeidet for organisering av utmarksareal til felles viltområde. Fylkeskommunen sitt ansvar etter forskrift om forvaltning av hjortevilt, er ei konkretisering av oppgåvene etter viltlova, og er knytt til vår rolle som viltorgan med ansvar for å ta i vare hjorteviltet og legge til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på bruk av hjorteviltressursane i samanheng med næring- og rekreasjon. Ansvar er og knytt til planlegging av bestand over kommunegrensar og bidra til samarbeid på tvers av kommunane (kan og gje pålegg om det).

Lakse- og innlandsfisklova - Innlandsfiskeforvaltning

Fylkeskommunen er ein del av den offentlege fiskeforvaltninga (§ 6). Føremålet med lova er å sikre at naturlege bestandar av anadrome laksefisk, innlandsfisk og deira leveområde vert forvalta i samsvar med naturmangfaldslova og gje grunnlag for utvikling av bestandane for å få auka avkastning, til beste for dei som har rettar og fritidsfiskarar. Som del av dette arbeidet ligg det å fremje rasjonell forvaltning og organisering samt å handtere søknadar om tiltak i vassdrag som kan ha negative konsekvensar. Fylkeskommunen skal og gje tillating til utsetting av arter i vassdrag.

Friluftlova - Fremje friluftinteresser

Fylkeskommunen er eit friluftslivsorgan etter friluftlova, § 21. Føremålet med lova er å verne naturgrunnlaget for friluftslivet og sikre allemannsretten til ferdsel, opphald m.m. i naturen, slik at det er mogleg å utøve friluftsliv som ein helsefremmande, trivselskapande og miljøvenleg fritidsaktivitet. Fylkeskommunen sitt mynde/ansvar er i hovudsak knytt til eit generelt ansvar for å fremje friluftinteressene til ålmenta og arbeide for å fremje friluftsføremål i fylket. Departementet kan legge nærare bestemte oppgåver til fylkeskommunen. Fylkeskommunen har og rett til å klage på saker av interesse for friluftsføremål.

Samhandlinga med organisasjonane

Den rolla vi har tatt av økonomisk karakter er ei sjølvpålagt rolle, ut frå den intensjonen som ligg i ansvaret for å utvikle og forvalte viktige fagområde. Men bruk av dette verkemiddelet er og knytt til vår rolle innan regional planlegging og utvikling.

Samarbeidet med basis i rolla som planmynde vert illustrert gjennom to §§ i PBL:

§ 7-1. Regional planstrategi

*Regional planmyndighet skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide en regional planstrategi i samarbeid med kommuner, statlige organer, **organisasjoner** og institusjoner som blir berørt av planarbeidet.*

Sitat frå § 8-3. Utarbeiding av regional plan

*Ved utarbeiding av regional plan skal regional planmyndighet samarbeide med berørte offentlige myndigheter og **organisasjoner**.*

Organisasjonane sjølve har ansvaret nedover til lokallag og medlemmar, og det samarbeidet som der skal skje mot kommunar m.m. Vårt mål er å bidra til å styrke dei organisasjonane som ynskjer å delta i eit partnerskap for samfunnsutviklinga, ut over det å drive egne aktivitetar. Vi vil mellom anna bidra til at desse organisasjonane har eit økonomisk og administrativt fundament til å kunne være ein stabil samarbeidspart over tid. Organisasjonane representerer stor gjennomføringskraft og utløyning av store ressursar for samfunnet, samstundes som dei og sit på kompetanse kommunane og fylket treng for eiga planlegging og utvikling. Innafor alle dei fagområda vi samarbeider med organisasjonar på, sit dei med stor spisskompetanse og forståing for kva som skal til for å få til eit godt folkehelsearbeid, ei god viltforvaltning m.m. Utan å kople saman den kunnskapen organisasjonane sit på, med den fylkeskommunale kompetansen og forvaltningsansvar, vil vi ikkje kunne drive eit systematisk og kunnskapsbasert arbeid.

Vi har difor formulert følgjande mål og forventa effektar av eit langsiktig samarbeid gjennom fleirårige samarbeidsavtalar:

- *Styrke organisasjonane for å auke utløyninga av frivillig potensial og styrke komplementær kompetanse*

- *Styrke samhandlinga i regional planlegging (deltaking og ansvar) – bygge systematisk samhandling*
- *Styrke gjennomføring av viktige tiltak for å nå måla om folkehelse, friluftsliv m.m.*
- *Styrke lokal samfunnsutvikling*

Kort omtale av samarbeidet med frivillig sektor

Samarbeidet med frivillig sektor har alltid vore ein viktig del av arbeidet fylkeskommunen har hatt innafør dei omtalte tenesteområda. Organisasjonane representerer viktig kunnskap og infrastruktur på aktivitet som gjer at det har vore naturleg å kople organisasjonane på dei satsingane fylkeskommunen har arbeida innafør.

På folkehelseområdet er organisasjonar involvert i arbeidet med Trygge Lokalsamfunn, universell utforming, fysisk aktivitet, ernæring, psykisk helse og sosial ulikskap. Organisasjonane har eit apparat dei kan nytte direkte mot einskildpersonar eller grupper av personar det er ynskjeleg å nå med informasjon og ulike tiltak.

Innafor friluftsliv, jakt/fiske er organisasjonane involvert i det meste av arbeidet med kompetanseutvikling gjennom kurs/konferansar, og i arbeidet med nettverksbygging/samlingar for drøfting av samarbeid om forvaltninga av til dømes hjortevilt. Også i gjennomføring av tiltak er organisasjonane heilt avgjerande.

Vi er opptekne at organisasjonane skal få leve sine eigne liv, ut frå eigne interesser og føremål. Samtidig ser både organisasjonane og fylkeskommunen at begge partar tener på eit nært og strukturert samarbeid over tid. Då kan vi nytte styrken til kvarandre og få til ei ansvarsdeling som både er forstått og akseptert, og som tener innbyggerane på ein best mogleg måte.

Det økonomiske samarbeidet har vore konsentrert rundt prosjekt, tilskot og betaling for gjennomføring av ulike tiltak/samlingar m.m. Å basere drift og aktivitet over lang tid på prosjekt og tilskot til einskildtiltak, er krevjande både for søkjar og fylkeskommunen. Gjennom handsaming av søknadar får vi liten påverknad på det vi kanskje meiner er dei viktige satsingane. Det vert og utvikla ein prosjektsøknadskultur som vert adhoc prega, og lite strategisk i si tilnærming. Organisasjonane søker om midlar der dei trur dei får peng, og ikkje i høve kva dei eigentleg meiner det er aller viktigaste å gjera noko med. Dette kjem mellom anna av at det er tid- og ressurskrevjande å søkje om prosjekt, og det må gje utteljing om jobben skal ha vore nyttig. Også for fylkeskommunen kan tilskotsforvaltninga vere vanskeleg av di vi gjennom handsaming får ei fragmentert tilnærming til fagområdet, kompetansen som er der ute m.m. Det må alltid være eit mål at prosjekta/tiltaka som vert gjennomført er knytt opp til meir langsiktige strategiar og mål for utviklinga.

Kartlegging og drøfting av problemstillingar i mandatet

1. Kva er målet/bakgrunn for ordninga med å støtte frivillige organisasjonar økonomisk?

Fylkeskommunen har lovpålagt ansvar for å utvikle og forvalte fagområda som er omfatta av ordninga. Ordninga vart innført for å kome over frå ad hoc samhandling og handsaming av mange søknadar om prosjekttilskot, til eit meir systematisk langsiktig samarbeid som kunne gje:

- Organisasjonane meir føreseielege rammer for arbeidet
- Styrke det faglege og systematiske utviklingsarbeidet i den einskilde organisasjon
- Styrke organisasjonane sitt samfunnsoppdrag gjennom å sjå ut over eigne primærmål, til å delta i å nå samfunns mål
- Styrke samhandlinga mellom organisasjonane på lokalt/regionalt nivå og fylkeskommunen, for å nå dei regionale måla for utvikling
- Styrke samhandlinga mellom organisasjonane på regionalt/fylkesnivå
- Meir langsiktig og systematisk arbeid for å nå dei måla fylkeskommunen har for samfunnsutviklinga.

2. Kva for samfunnskonsekvensar/effektar har det at fylkeskommunen er inne med økonomiske midlar gjennom fleirårige utviklingsavtalar?

Organisasjonane har fått eit tilleggsperspektiv på eige arbeid. Sterkare fokus på til dømes folkehelseaspektet, og gjennomført mange tiltak det offentlege ikkje ville kunne ha gjort. Perspektiva til organisasjonane har blitt med som eit viktig grunnlag for å forstå regionale utfordringar.

Organisasjonane nyttar no sine føremon ute i samfunnet i større omfang enn tidlegare (til dømes: kurs for gode korleis foreldre skal te seg som gode føredøme for ungane, vert gitt som tilbod til alle i eit lokalsamfunn og ikkje berre dei som er «innafor eigen organisasjonssfære»).

Generelt om effektar:

- Fleire langsiktige tiltak i høve born og unge innafor eit bredt spekter av tilbod
- Det er etablert ein systematisk dialog om utvikling og felles forståing for kva vi skal oppnå
- Større forståing og aksept for dei ulike rollene og oppgåvene.

3. Kva administrative konsekvensar har det at fylkeskommunen er inne med økonomiske midlar gjennom fleirårige utviklingsavtalar?

Ordninga er ein betre måte å nytte dei administrative ressursane på. Før nytta vi ressursane stort sett til å handsame søknadar om prosjektstøtte. No nyttar vi tida til faste dialogmøter 2 gonger i året for gjensidig informasjon og utvikling av kunnskap om fagområdet og aktuelle tiltak. Kvaliteten på dei faglege råda har blitt meir treffsikker, og det vert bygd ein felles kunnskapsbase på tvers av offentleg forvaltning og frivillige organisasjonar.

Det har skjedd ei vriding i bruken av dei administrative ressursane, frå fragmentert tilnærming gjennom einskildprosjekt, til meir strategisk og målretta jobbing for å skape effektar i dialog med organisasjonane.

4. Kva type organisasjonar er det aktuelt for fylkeskommunen å støtte økonomisk, og kvifor?

Innafor denne delen av fylkeskommunen si verksemd er det organisasjonar som har aktive lokallag, og vilje og evne til å tenkje ut over egne snevre mål. Dette kan være NJFF Sogn og Fjordane, FNF Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane turlag, Sogn og Fjordane naturvernforbund, 4H Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Idrettskrins, men og dei einskilde krinsane innan idretten. Alle desse har lokallag der aktiviteten skjer. Eit døme på aktivitet kan være fotballkrinsen som berre kunne ha fokus på å få fram fotballtalent. Når dei samtidig har fokus på sunt kosthald, tryggleik, mobbing, og gode vaksne i møte med born, er dei med å skape samfunnseffektar for generasjonar.

Det er og andre type organisasjonar som Redningsselskapet, som ikkje har sterke lokallag, men som opererer på eit regionalt nivå. Slike organisasjonar representerer og viktig kunnskap og aktivitet for store deler av fylket, og som er ein del av det heilskaplege samfunnet vi ynskjer å skape.

5. Kva innsparingspotensiale er det ved å avvikle ordninga

For begge tenestoområda vert mykje aktivitet basert på øyremerka statlege midlar. Til dømes er arbeidet innan teneste 7164 Friluftsliv og økonomisk støtte til organisasjonane i 2015 finansiert heilt over statlege midlar. Totalt vil det i 2015 bli nytta 1,650 mill. kr av statlege midlar. Det er difor ikkje eit innsparingspotensial innafor dette, med mindre finansieringsordninga bli endra og vi må nytte fylkeskommunale driftsmidlar. I 2014 vart 600.000 kr. dekkja over driftsmidlane.

Frå *Teneste 4802 Folkehelse*, er det ei utgiftsramme til organisasjonane på til saman kr. 465.000 (Redningsselskapet 75 000, Fotballkretsen 240 000, Skikrinsen 100 000 og Det Friviljuge Skyttarvesen 50 000). I tillegg har vi ein uspesifisert prosjektpott på 200.000 kr. Samla innsparingspotensial på 665.000 kr.

Det betyr at dei samla ressursane som vert nytta innafor ordninga, er på 2,3 mill. kr, mens det samla innsparingspotensiale på fylkeskommunale driftsmidlar er kr. 665.000,-, med dagens finansieringsmodell.

6. Kva konsekvensar kan avviking av ordninga ha for organisasjonane og deira omgjevnader.

Ved avvikinga av ordninga er vi tilbake til ei ordning der organisasjonane må søkje om midlar på einskildprosjekt, utan føreseielege rammer. Frie midlar forvalta av hovudutvalet er og redusert til eit minimum. Dersom heile innsparingspotensialet vert teke, vil det heller ikkje være frie midlar til handsaming av einskildsøknadar, innan tenestoområde.

Ei avviking av ordninga vil svekke organisasjonane si evne til å drive eit langsiktig og systematisk utviklingsarbeid, når det gjeld dei delane av aktiviteten som har fokus «tilleggsperspektiva». Organisasjonane må då reindyrke rolla si, og ikkje i så stor grad bli ein samfunnsaktør, og fylkeskommunen får færre hjelparar til å gjennomføre tiltak knytt til oppfølging av regionale planar m.m.

Kompetansebygginga gjennom faste dialogmøter vil kunne bli svekka. No har organisasjonane eigeninteresse i deltakinga. Svekka dialogmøter vil og svekke evna fylkeskommunen har for ei kunnskapsbasert forvaltning av fagområda.

Organisasjonane si forplikting og ressursar til å delta i regional planlegging, og gjennomføring av tiltak for å nå felles mål, vil ha eit svakare grunnlag. Heile instrumentet rundt regional planlegging er bygd opp for å skape deltaking og forplikting hjå mange ulike aktørar, både for å forme ut ei felles framtid, men og for å være eit verkty for å skape framtida.

7. Dersom fylkeskommunen skal medverke til å utvikle og styrke frivilligheit, kva kan eventuelt vere eit alternativ eller supplement til økonomisk støtte til frivillige organisasjonar.

I dag er økonomisk støtte berre eit verkemiddel, men dei økonomiske er knytt saman med andre verkemiddel. Dei andre verkemidla er dialogmøter (på leiarnivå to gonger i året) og samarbeid om gjennomføring av satsingar og tiltak/einskildprosjekt.

Økonomi kan aldri være det einaste verkemiddelet for å halde oppe levande organisasjonar som kan ta vare på å nytte frivillig engasjement. Men samtidig er økonomisk føreseielege rammer avgjerande for at dei kan tenkje langsiktig samtidig som dei kan vere ein del av eit samla verkemiddelapparat for utvikling av eit positivt samfunn.

I vår tilnærming til arbeidet har vi nytta dei få midlane vi har, til å etablere nettverk og dialog som eit like viktig verkty som det økonomiske. Gjennom dialogmøta vert det løyst ut kreativitet både i høve samarbeidsformer, samarbeidstema og kunnskap, både mellom det offentlege og det frivillige, men og samhandling mellom organisasjonane. Gjennom det siste året har det utvikla seg fleire samarbeidsprosjekt der organisasjonane nyttar kvarandre, ut frå eigenart og spesifikk kompetanse. Denne arenabygginga må vi søkje å halde oppe og om dei økonomiske verkemidla vert borte. Mange vil nok framleis delta, men insitamentet og forpliktinga til deltaking, slik vi no har nedfelt det i avtalane, vil ikkje vere der i same grad. Vi kan ikkje forplikte dei, utan å gje noko.

Vurdering av tenestoområdet sett i lys av grunnprinsippa

1. Kvalitet i alle vidareførte oppgåver

Langsiktige utviklingsavtalar har vore eit viktig verkty for å få til eit meir langsiktig og systematisk arbeid for å nå måla fylkeskommunen har for samfunnsutviklinga. Kvalitet i samarbeidet betyr systematisk dialog og utvikling av felles forståing for kva vi skal oppnå, og forståing for dei ulike rollene og oppgåvene. Ad hoc kontakt gjennom tilfeldige møter og handsaming av einskildsøknadar gir dårlegare kvalitet ved at det i større grad fører til fragmentering, fagleg sektortenkning og mindre samhandling.

2. Tydeleg oppgåve- og ansvarsdeling

Fylkeskommunen har ei tydeleg rolle som regional utviklar. Ei viktig utviklarrolle er å bidra til at fylket har tenlege organisasjonar som kan ta eit anna ansvar enn fylkeskommunen, og ta andre oppgåver i samfunnsbygginga. Innan denne ordninga er det tydelege oppgåve- og ansvarsdelingar mellom det offentlege og det friviljuge, men samhandling og dialog er heilt avgjerande for å få det til å fungere.

Sterke fylkesdekkande organisasjonar bidreg til sterke lokallag som både driv og utviklar viktige aktivitetar for trivsel, helse, samhold, samfunnsengasjement m.m. Gjennom å styrke det regionale leddet vert lokallaga og knytt opp til å bidra til å møte dei utfordringar og behov fylket har for å utvikle samfunnet i riktig retning. Fylkeskommunen bidreg med økonomi og arena for strateg utvikling og samhandling. Organisasjonane organiserer og gjennomfører tiltak.

3. Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar

Utgreiingsområdet har liten påverknad på utvikling av funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar. Samtidig sit organisasjonane på kunnskap ute i befolkninga om kvalitetar og tenester som er viktig for at folk skal trivast og ha ressursar til å delta i aktivitetar for seg sjølv, familien og andre. Det er denne kunnskapen vi nyttar inn i regional planlegging.

4. Tydeleg rolle i den regionale partnerskapen

Fylkeskommunen og frivillig sektor har heilt ulike roller og ansvar. Fylkeskommunen har ei rolle i å bidra til at tiltak vert gjennomført, men vi har ikkje eit verkemiddelapparat vi har «styring» med. Ei av rollene til fylkeskommunen blir difor å etablere god dialog med dei som har gjennomføringsrolle og gjennomføringskraft, for å få forståing for kva som er viktig for fylket. Utviklingsavtalane og gjensidig forplikting på systematisk dialog bidreg til dette.

Ei anna rolle fylkeskommunen har «tatt på seg», av di ingen andre har tatt den, og vi treng rolla for å utvikle fylket, er å bidra til at organisasjonane får eit økonomisk fundament for verksemda. Dette er viktig for at dei skal kunne tenke langsiktig og strategisk, og ha ei føreseieleg utvikling. Sivil sektor er ein av tre sektorar som gjensidig må kunne spele på kvarandre for å ha balanse i samfunnsutviklinga. Dei to andre sektorane er offentleg sektor og privat sektor.

Vi ser difor tydeleg at den økonomiske støtta til frivillige organisasjonar gir heilt konkrete resultat i oppfølging av Regional planstrategi, og dei regionale planane som har kome i kjølevatnet av dette.

5. Langsiktige avgjerder

Ordninga har ført til at fylkeskommunen nyttar midlane meir langsiktig og kan og jobbe meir systematisk, kvalitativt og langsiktig med å utvikle dei fagområda ordninga er knytt opp til. Ordninga fører og til at samarbeidspartane vert meir langsiktige i sitt arbeid, samtidig som dei vert og meir sårbare dersom den «langsiktige» støtta vert borte eller sterkt redusert.

6. Alternative finansieringskjelder

Organisasjonane har finansiering frå fleire kjelder, og er ikkje avhengige av støtta frå fylkeskommunen for å eksistere som organisasjon. Støtta frå fylkeskommunen skal være ein basis for å kunne tenke utviklingsretta, og ha det som ein plattform for eit breiare samarbeid med andre aktørar, og som grunnlag for å kunne ta del i andre prosjekt og satsingar med eigen finansiering.

Før utviklingsavtalane nytta organisasjonane mykje meir tid på søknadsskriving og rapportering for å løyse ut prosjektmidlar. Tid dei no kan nytte til å drive arbeidet. Av di fylkeskommunen ikkje har sett at det er andre aktørar som har tatt denne rolla som finansiell aktør, har vi tatt den, og ser på den som eit avgjerande element i vår rolle i å bygge nettverk og arenaer for samhandling på tvers av sektorar og aktørar.

Administrative konsekvensar

Ordninga med økonomisk støtte til organisasjonar, er tett kopla saman med forvaltningsansvaret fylkeskommunen har på områda. Dei økonomiske musklane har vore eit tilskot til det administrative arbeidet med å bygge nettverk, bygge kompetanse og drive kunnskapsspreiing som grunnlag for aktivitetar ute.

Andre deler av forvaltningsansvaret vert ikkje rørt av ordninga. Dette gjeld i stor grad for handsaming av søknadar til konkrete fysiske tiltak (kan være private og offentlege søkjarar), samhandlinga med kommunane si viltforvaltning, nettverka mellom offentlege fagpersonar m.m.

Ordninga rører ved fleire stillingar i organisasjonen: 2 på folkehelse, 1 på friluftsliv og jakt/fiske.

Når det gjeld friluftsliv og jakt fiske (*Teneste 7164*) viser fylkesdirektøren til vurderinga av kjernenivå i politisk sak mai 2014, der dette vert sett til 1 stilling, dersom fylkeskommunen skal ha det forvaltningsmessige ansvaret slik det ligg i lova, og som vart overført til fylkeskommunen i 2010.

Når det gjeld omfanget og innhaldet i *Teneste 4802 Folkehelse*, femner utgreiinga om ein svært liten del av aktiviteten. Heile folkehelseområdet skal med i ei eiga meir heilskapleg utgreiing som kjem hausten 2015. Fylkesdirektøren har difor ikkje konkludert med kva for administrative konsekvensar dette kan få isolert sett. Utgreiingsområdet er ein liten, men viktig del av verksemda, og det er uansett omfang vanskelig å sjå kva for administrative innsparinga fråfall av ordninga kan ha på tal årsverk. Dette blir lettare å sjå på den samla utgreiinga for feltet.

Konsekvensvurdering - oppsummering

Ordninga som er greidd ut, er ei blanding av midlar til tilskot til prosjekt i frivillige organisasjonar, og eit meir strategisk arbeid retta mot organisasjonar gjennom fleirårige utviklingsavtalar.

Avtalane har hatt ulik effekt på organisasjonane. For ein del er det økonomiske tilskotet så lite at det ikkje i seg sjølv styrker organisasjonen økonomisk. Der har effektane vore meir at dei har blitt meir medvitne om kva rolle dei kan spele i samfunnsutviklinga, og kva for ressursar og styrker dei sit på, som dei kan nytte i større omfang mot eigne målgrupper eller andre aktørar. For andre har tilskota ført til at dei har fått ei vesentleg meir føreseieleg situasjon og har satt i gang nye langsiktige satsingar. Dette har gitt stor effekt inn i eigen organisasjon for å bli meir målretta og langsiktig i si regionale og lokale rolle. Vi har og sette stor effekt av dette gjennom sterk auka medverknad frå organisasjonar i regional planlegging og gjennomføring.

Fylkeskommunen har eit tydeleg definert forvaltningsansvar innafor områda, men rolla som finansiell part for organisasjonane, ut over å være med på einskildprosjekt, er relativt ny. Rolla vart teke av di vi såg at det var eit stort behov for at nokon tok ei tydeleg rolle i den regionale partnerskapen for dei fylkesdekkande organisasjonane. Ingen andre har teke den rolla, og det er nok og slik at det er fylkeskommunen som er nærast til å ta denne rolla, ut frå det forvaltningsansvaret som ligg til desse to områda, og til rolla som utviklingsaktør i fylket. Utvikling av sterke organisasjonar vert sett på som eit viktig utviklingsbidrag, og har vist seg avgjerande for å skape ei balansert utvikling av samfunnet.

For fylkeskommunen har den nye ordninga med gjensidig forpliktande avtalar gjort at vi har fått meir kvalitet inn i tenestene våre, både av di vi får kunnskap dei andre organisasjonane sit på, og av di vi får drøfta ulike strategiske og praktiske grep for å få til viktige endringar.

Dersom heile ordninga med utviklingsavtalar og einskildtilskot til initierte prosjekt frå organisasjonane vert avvikla, kan det med dagens finansieringsmodell, gje ei innsparing på totalt kr. 665.000,-.

Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at det er andre finansieringskjelder for denne ordninga, ut over det som alt er av finansiering gjennom statlege midlar, medlemskontingentar og sponing. Mange organisasjonar er med i spleiselag der stiftingar m.m. er inne med viktige delfinansiering.

Det er ikkje truleg at det kan bli tatt ut ei administrativ innsparing ved fråfall av denne ordninga isolert sett.

25 - Organisering og finansiering av regional planlegging

60 - Utviklings- og planretta midlar (lokalt og regionalt utviklingsarbeid)

Teneste 7151 – Regionalt plan og utviklingsarbeid

1. Mandat for utgreiinga

Utgreiinga vurderer Teneste 7151 – Regionalt plan og utviklingsarbeid. Utgreiinga er knytt til to ulike oppgåver/roller fylkeskommunen har, innafor same tenesteområde. Den eine oppgåva er knytt til fylkeskommunen si rolle som regional planmynde og arbeidet med regionale planar.

Den andre oppgåva er knytt til fylkeskommunen si rolle i å gje støtte til kommunane sitt planarbeid og arbeid med «ikkje fagspesifikke» utviklingsprosjekt.

Det er gjennom å kople saman desse funksjonane at vi ser dei store vinstane ved å kople saman planarbeid og systematisk utviklingsarbeid, både på regionalt nivå og på kommunalt nivå. Det er derfor også mest tenleg å slå saman utgreiingsoppdrag 25 og 60 til ei utgreiing.

Fylkeskommunen har eit lovpålagte ansvar for å rettleie kommunane i planarbeid og å sikre god kompetanse innan planarbeid. Utviklingsarbeidet er kople til planrolla, for at utviklingsarbeidet på regionalt og kommunalt nivå, ikkje skal henge i luften. Hovudfokus for tenesteområdet er å kople saman plan og utvikling. Utviklingsprosjekta det vert nytta midlar på, vert delvis initiert av fylkeskommunen sjølv, dels initiert gjennom samarbeid med andre regionale aktørar, eller gjennom ein dialog med den einskilde kommune eller i samarbeid mellom fleire kommunar.

Utgreiinga skal vise korleis dei fylkeskommunale driftsmidlane til utviklingsarbeidet vert nytta og kva for konsekvensar ei heil eller delvis avviking av arbeidet vil kunne få.

Vi skal særskilt kartleggje og vurdere følgjande problemstillingar:

- Kva er fylkeskommunen si rolle som samordnar og prosessansvarleg for regionalt plan- og utviklingsarbeid?
- Kva er fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør knytt til plan- og utviklingsarbeid?
- Korleis skal arbeidet organiserast for å få best mogleg resultat med knappe ressursar?
- Kva for kompetanse og bemanning trengs for å gjere jobben?
- Kva for modellar er det mogleg å tenkje seg for å finansiere regionalt og lokalt plan- og utviklingsarbeid?
- Kva for ansvar og rolle kan andre regionale aktørar og kommunar ha i eit systematisk plan- og utviklingsarbeid i fylket?
- Korleis bør ansvaret for oppfølging av regionale planar og bruk av planane som styringsverktøy for eiga verksemd, spegle finansieringa og organisering av planarbeidet?
- Korleis bør ansvaret for plan- og utviklingsarbeidet vere organisert og finansiert for å gje god effekt?

I 2015 har fylkeskommunen budsjettert med 1,9 mill. kr på teneste 7151. Av dette vert det nytta 0,5 mill. kr frå KMD midlar. Det maksimale innsparingspotensialet er difor på 1,4 mill. kr.

Administrativt er det knytt 5 stillingar til arbeidet. Fleire av desse har oppgåver som ligg innafor andre tenesteområder enn det som er omfatta av utgreiinga. Dette er mellom

anna arbeidet med tettstadforming og samarbeidet med regionråda. Disse er ikkje omfatta av utgreingar i denne omgang av di fylkeskommunen nyttar KMD midlar til finansiering av tilskota.

2. Bakgrunn for rolla og oppgåvene

Oppgåvene er i stor grad knytt til oppfølging av ansvaret til fylkeskommunen, gitt i Plan- og bygningslova.

Sitat frå § 1-1. Lovens formål

Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.

Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.

Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.

Sitat frå PBL § 2-1. Kart og stedfestet informasjon

Statlige, regionale og kommunale organer skal legge stedfestet informasjon til rette slik at informasjonen er lett tilgjengelig for bruk i plan- og byggesaksbehandlingen. Kartgrunnlaget skal også kunne nyttas til andre offentlige og private formål.

Sitat frå § 3-2. Ansvar og bistand i planleggingen

Ansvaret for planlegging etter loven ligger til kommunestyrene, regionale planmyndigheter og Kongen, jf. §§ 3-3 til 3-7.

Regional planmyndighet skal veilede og bistå kommunene i deres planleggingsoppgaver.

Sitat frå § 3-4. Regionens planoppgaver og planleggingsmyndighet

Regional planlegging har til formål å stimulere den fysiske, miljømessige, helsemessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklingen i en region.

Regional planmyndighet har ansvaret for og ledelsen av arbeidet med regional planstrategi, regionale planer og regional planbestemmelse etter reglene i kapittel 7 og 8. Regional planmyndighets kompetanse til å vedta regional plan kan ikke overføres eller delegeres til annet organ.

Regional planmyndighet skal sørge for å ha tilgang til nødvendig planfaglig kompetanse for utarbeiding og behandling av planer og planfaglig veiledningsvirksomhet etter loven.

Fylkestinget er regional planmyndighet.

Sitat § 5-3. Regionalt planforum

I hver region bør det være et regionalt planforum. I planforumet skal statlige, regionale og kommunale interesser klarlegges og søkes samordnet i forbindelse med arbeidet med regionale og kommunale planer.

Regional planmyndighet oppretter regionalt planforum. Statlige og regionale organer og kommuner som er berørt av den aktuelle sak, skal delta. Andre representanter for berørte interesser kan inviteres til å delta i planforumets møter. Regional planmyndighet har ansvar for planforumets ledelse og sekretariat.

§ 7-1. Regional planstrategi

Regional planmyndighet skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide en regional planstrategi i samarbeid med kommuner, statlige organer, organisasjoner og institusjoner som blir berørt av planarbeidet.

Planstrategien skal redegjøre for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringer, vurdere langsiktige utviklingsmuligheter og ta stilling til langsiktige utviklingsmål og hvilke spørsmål som skal tas opp gjennom videre regional planlegging. Den regionale planstrategien skal inneholde en oversikt over hvordan de prioriterte planoppgavene skal følges opp og opplegget for medvirkning i planarbeidet.

Kongen kan gi forskrift om innholdet i og opplegget for de enkelte delene av den regionale planleggingen.

Sitat fra § 7-2. Behandling og virkning av regional planstrategi

Forslag til regional planstrategi sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn.. Planstrategien vedtas av regional planmyndighet.

Statlige og regionale organer og kommunene skal legge den regionale planstrategien til grunn for det videre planarbeidet i regionen.

§ 8-1. Regional plan

Regional planmyndighet skal utarbeide regionale planer for de spørsmål som er fastsatt i den regionale planstrategien.

Kongen kan gi pålegg om å utarbeide regional plan for bestemte virksomhetsfelt, tema eller geografiske områder og gjennom forskrift fastsette nærmere bestemmelser om innhold, organisering og om planen skal godkjennes av Kongen. Som del av regional plan skal det samtidig utarbeides et handlingsprogram for gjennomføring av planen. Handlingsprogrammet skal vedtas av regional planmyndighet og rulleres årlig.

§ 8-2. Virkning av regional plan

Regional plan skal legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen.

Sitat fra § 8-3. Utarbeiding av regional plan

Ved utarbeiding av regional plan skal regional planmyndighet samarbeide med berørte offentlige myndigheter og organisasjoner. Regional planmyndighet utarbeider forslag til planprogram i samarbeid med berørte kommuner og statlige myndigheter, jf. § 4-1. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn med minst seks ukers frist. Planprogrammet fastsettes av regional planmyndighet.

Forslag til regional plan sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn med minst seks ukers frist. Regionale planer med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og beskrivelse av planens virkninger for miljø og samfunn, jf. § 4-2 andre ledd.

Rettleiar til Plan- og bygningslova (PBL):

Ansvar for regional planlegging etter loven blir noe mer sammensatt enn for kommunal planlegging, fordi slik planlegging kan skje både ved utarbeiding av regionale planer og gjennom interkommunalt plansamarbeid. Regional planmyndighet (fylkeskommunen) har likevel en særlig viktig rolle som hovedansvarlig for at det skjer en egnet planlegging i regionen, og ev. over regiongrensene. Fylkeskommunen har også et ansvar for å initiere og utvikle interkommunalt plansamarbeid der dette er nødvendig og hensiktsmessig for å løse oppgaver som går ut over den enkelte kommune, etter nærmere regler i lovens [kapittel 9](#). Men loven presiserer at ansvar for nødvendig planlegging over kommunegrense også tilligger kommuner i fellesskap gjennom interkommunalt plansamarbeid. Det vises til [§ 3-4](#) om regionenes planoppgaver og myndighet.

Alle offentlige organer har både rett og plikt til å delta i planleggingen når den berører deres virkeområde, eller deres egne planer og vedtak. De har f.eks. rett til å bli varslet og få planforslag til høring. At de har plikt innebærer at de ikke kan

«stille seg utenfor» planleggingen og på den måten unngå å bli forpliktet av de planene som vedtas. Planleggingen skal være en felles arena som alle relevante myndigheter skal delta i. Hvis viktige sektorer stiller seg utenfor, vil mye av verdien av planleggingen lett kunne falle bort.

For regional planlegging er rolla til fylkeskommunen klart definert og avklart i høve andre regionale aktørar, men og i høve nasjonalt nivå og lokale aktørar. Rolla er å vere ein koordinator, samordnar og vedtaksmynde for å sikre dei formelle prosessane og at planarbeidet gir den naudsynte forankringa hjå dei andre deltakande aktørane.

Koplinga mellom planarbeid og utviklingsarbeidet i kommunane er knytt til føremålet med planlegginga, slik det er formulert i PBL. Vi siterer nokre punkt som illustrerer dette.

Sitat frå § 11-2. Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

§ 11-3. Virkningen av kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal legges til grunn for kommunens egen virksomhet og for statens og regionale myndigheters virksomhet i kommunen. Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer.

Lovteksten seier naturleg nok meir om rolla og dei generelle premissane, enn konkret om korleis vi løyer det gjennom oppgåver og tiltak. Rollene gjennom planverket er og meir knytt til plandelen av rolla, enn utviklarrolla. Utviklarrolla kjem i kjølevatnet og er ein del av det å ikkje bli ein statisk organisasjon, men vere i stand til å prøve ut nye arbeidsmåtar, få ny kunnskap og skape endring saman med dei andre aktørane i fylket.

3. Drøfting av problemstillingar i mandatet

3.1 Kva er fylkeskommunen si rolle som samordnar og prosessansvarleg for regionalt planarbeid?

Regional planlegging er eit av dei områda der fylkeskommunen har ei tydeleg og avklart rolle. Ansvar er knytt til å lei og koordinere arbeidet med å utarbeide regional planstrategi og regionale planar.

Konkrete oppgåver som ligg til planarbeidet i økonomiplanperioden 2016-2019

- Vidareføring og fullføring av regional plan for kysten
- Starte opp og gjennomføring av arbeidet med regional planstrategi
- Følgje opp vedtekne regionale planar og rullering av handlingsprogram knytt til budsjett/økonomiplan.
- Starte opp og gjennomføre nye regionale planar i planperioden som følgje av vedtak i RPS i 2016.

Arbeidet med regional planlegging involverer aktørar på alle nivå og innan alle samfunnssektorar. Det er difor svært viktig med eit tydeleg ansvar og tydeleg legitimitet til å samordne og etablere samarbeidsarena for det regionale planarbeidet. Ei slik legitimering ligg i regelverket, men vert og bygd opp over tid basert på den evna og dei ressursane som vert sett inn i arbeidet.

3.2 Kva er fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør knytt til plan- og utviklingsarbeid?

Rolla er å støtte kommunane i å utvikle gode plansystem for utvikling gjennom direkte rettleiing, etablering av samhandlingsarena og gjennom konkret kompetansebygging. I tillegg legg vi til rette kunnskap gjennom ulike verkty (Fylkesspegel, Fylkesatlas og Plannett), og etablerer prosjekt i samarbeid med andre lokale og regionale aktørar for å styrke kunnskapsgrunlaget for plan- og utviklingsarbeidet.

For å få dette til har fylkeskommunen etablert kompetanse innan GIS og analyse/statistikk. Kompetansen vert nytta i arbeid med statistikk og analysar, m.a. i fylkesspegelen og ved konkrete førespurnadar frå samarbeidspartane i fylket. GIS vert nytta til å illustrere og synleggjere relasjonar, mønster og trendar i form av kart, globusar, rapportar og diagram. Arbeidet vert gjort som støtte for regionalt og kommunalt planarbeid. Vi hentar og ut og legg til rette statistikk som bør brukast i planarbeid. I tillegg gjer ein analysar av statistikken for å kunne finne trendar og samanliknar desse med liknande geografiske einingar. Til dette vert det mellom anna nytta Panda, som er eit analyse- og simuleringsverktøy til bruk i regional og kommunal planlegging. Panda er heile tida under utvikling gjennom eit tett samarbeid mellom SINTEF, KMD og fylkeskommunane. Panda vert og brukt av ei rekke forskingsinstitusjonar og konsulentfirma. Fylkeskommunen brukar det mest til framskrivingar av folketal, flytting, sysselsetjing og bustadbehov. Statistikk og analyse vert konkret nytta til:

- Prognoser og trendar (PANDA analyser)
- Statistikk til Fylkesspegelen
- Regionale planar
- Analyse av bu-, arbeids- og serviceregionar
- Analyse av ulike faktorar i samband med kommunereforma (til dømes reisetidskart)
- Konkrete analysar etter førespurnad frå kommunane for kommunalt plan- og utviklingsarbeid

Andre konkrete oppgåver for GIS kompetansen er:

- Registrering av kulturminne

- Vegplanlegging
- Demografiske analysar og trendar
- Illustrasjon av statistikk
- Eigedomsoversikt
- Stadnamnregistrering
- Illustrasjonar til rapportar
- Sakshandsamings- og publikumsløsning for nettkart

3.3 Korleis kan arbeidet organiserast for å få best mogleg resultat med knappe ressursar?

Regional planlegging er ein fellesarena for alle aktørane i fylket, men det er i hovudsak berre fylkeskommunen som er med å finansierer arbeidet med regionale planar. Andre aktørar, som til dømes statlege regionale aktørar og kommunane, deltek med ressursar i form av eigne tilsette i den grad dei involverer seg i planarbeidet. For det sivile samfunnet, ulike frivillige organisasjonar, er det ei særleg utfordring å få til deltaking. Vi nyttar mellom anna utviklingsmidlar til å sikre deira deltaking i planarbeidet av di dei sit på mykje kompetanse som er viktig for fylket, og er ein viktig gjennomfører av tiltak innafør mange samfunnsområde.

For regional planlegging, kan vi organisere arbeidet på ulike måtar gjennom forpliktande samarbeid mellom aktørane i den regionale partnerskapen. Til no har arbeidet blitt organisert ulikt alt etter kva for planar vi jobbar med, for å finne fram til tenlege organiseringsstrukturar. Vi ser at det er eit sagn å ha eit felles forpliktande regionalt fora for planlegging. Det er lettare å engasjere og forplikte aktørar til deltaking innafør avgrensa regionale planar, der dei kjenner seg trygge på at dei sit med kunnskap og verkemiddel for deltaking og gjennomføring.

Med knappe ressursar er det viktig med ei organisering som set brukarane i sentrum, og ikkje det einskilde fag. Plan og samfunn har gjort eit internt grep av di vi har ansvar for mange fagområde, som alle har bitar inn i å jobba med plan- og utvikling. Vi har difor etablert ein felles plattform med fokus på tre område vi skal nytte faga inn mot. Dei tre er regional planlegging, støtte til kommunane og utvikling av samfunnsbyggande organisasjonar. Denne måten å tenkje på, gjer at vi bygg ned fagskott og ser alle fagområda i hop inn mot dei tre samfunnsområda. Vi trur det gjer meir effektiv ressursbruk og bruk av kompetanse og personell.

Fylkeskommunen er ein stor organisasjon med svært mange og til dels sprikande fag og funksjonar. Det er knapt ein fasit for god intern organisering, men det bør gjerast ei vurdering av om dei tverrgåande funksjonane som planlegging er, burde vore organisert inn mot staben til fylkesrådmannen, for å kunne ta ei tydelegare intern rolle i å samordne fagområda og stå fram meir heilskapleg i høve eksterne partar.

3.4 Kva for kompetanse og bemanning trengs for å gjere jobben?

Dei viktige kompetanseområda er innan planfag, prosessfag, utviklingskompetanse/evne til innovasjon og statistikk/analyse/GIS. Bemanninga vil kunne variere noko alt etter kvar ein er i prosessen med regionale planar/planstrategi. I Sogn og Fjordane var det lite regional planlegging i perioden 2004 – 2011. Fylket hadde i den perioden ein fylkesplan som vart prolongert. I samband med fyrste runde av regional planstrategi, som vart starta opp i 2011, vart det vedteke å ikkje utarbeide ein ny heilskapleg regional samfunnsplan, men bake inn felles føringar for spesifikke regionale planar, i planstrategien.

Sidan 2011 har det vore jobba kontinuerlig med regional planlegging som har kravd auka kapasitet både i plan- og samfunnsavdelinga og i dei ulike fagavdelingane som har hatt hovudansvaret for dei einskilde planane. Utan omlegginga i arbeidsrutinane og endre

fokus frå uttale på reguleringsplanar og dispensasjonssaker, til strategisk planlegging, ville vi ikkje hatt kapasitet til å handtere den regionale planlegginga innafor gjeldande bemanning.

Kapasiteten til regional planlegging heng tett saman med omfanget av regional planlegging, men vi vurderer det til eit minimumsnivå på ein til to stillingar. Kopla til andre ansvarsområde innafor planlegging, er fire stillingar, slik bemanninga er i dag, eit minimum. Kapasiteten er tatt ned med to stillingar, der ein er definert om til ei stilling for analyse/statistikk, og ei til administrative oppgåver innan økonomi/administrasjon. Avdelinga der desse oppgåvene ligg, har ingen andre administrative personar ut over fylkesdirektøren.

3.5 Kva for modellar er det mogleg å tenkje seg for å finansiere regionalt og lokalt plan- og utviklingsarbeid?

For vurdering knytt til finansiering av regionalt planarbeid, har vi under kapittel om «Vurdering av tenesteområdet sett i lys av grunnprinsippa», pkt. 6, sett på ulike finansieringar, ut i frå konkrete erfaringar og døme for fylket. Vi meiner det er openbart at fleire regionale aktørar og kommunane bør kunne delta i finansieringa av spesifikke regionale planar, og at det for einskilde planar og vert opna for finansiering frå privat næringsliv.

Vi trur det er viktig at ansvaret for oppfølging av regionale planar og bruk av planane som styringsverktøy for eiga verksemd, og vert spegla i finansieringa og organisering av planarbeidet. Regionale aktørar som Fylkesmannen, og kommunane, skal følgje opp planane med ressursar i handlingsdelen der eigen verksemd er involvert. Dei vil difor og ha direkte nytte av planlegginga, og vere forplikta gjennom finansiering.

Når det gjeld utarbeiding av regional planstrategi, har vi konkludert med at det ikkje er andre regionale/lokale finansieringar.

Rettleiarfunksjonane og finansiering av planforum er og oppgåver som ligg spesifikt på fylkeskommunen der det er vanskeleg å sjå andre finansieringar. Når det gjeld einskildaktivitetar som plansamlingar, etablering av felles statistikkbase og «sal» av spesifikke analyser, kan det være mogleg med sterkare ekstern finansiering enn i dag. Ei slik endring må i så fall skje gjennom ein dialog og avtale mellom dei ulike målgruppene/brukargruppene.

Når det gjeld utviklingsprosjekt er desse stort sett alltid delfinansiert av andre aktørar. Her er det meir snakk om kor stor denne potten skal være, enn på finansieringsmodellar.

Det er grunnlag for å spørje om det er føremålstenleg med eit spleiselag etter nærare avtalar om dei ulike planprosessane, av di sluttproduktet, dei regionale planane, og er styringsdokument og gjev føringar for prioritering desse aktørane gjer.

3.6 Kva for ansvar og rolle kan andre regionale og lokale aktørar ha ei eit systematisk plan- og utviklingsarbeid i fylket?

Det er dei lokale aktørane som har det største ansvaret for gjennomføring av tiltak. Våre funksjonar er rein støtte til deira arbeid. På analysesida har kommunane eit ansvar for å skaffe seg den kunnskapen dei treng for å drive eit systematisk og langsiktig plan- og utviklingsarbeid. Kommunane manglar i dag både kapasitet og kompetanse til å drive analysearbeid, men det vert å hente inn det det kan finne frå andre, og supplere med egne vurderingar. Dei færraste kommunane vil ut frå eit ressurs spørsmål, vere tent med å tilsette egne personar som skal drive dette arbeidet. Då må det bli ein del av andre stillingar og bli eit venstrehandsarbeid du er inno i samband med større planarbeid, og ikkje driv med kvar dag. Kommunane vil nok ut frå ei slik vurdering til ei viss grad vere

interessert i å bidra i ei felles finansiering av dette arbeidet. Dei fleste vil sjå at det totalt sett for fylket vil være best at denne kompetansen og kapasiteten er organisert samla.

Kommunane har og sjølv ansvar for kompetanseutvikling hjå egne tilsette, men rolla med å få til erfaringsutveksling og utvikling på tvers av kommunane, krev og at andre aktørar deltek. Læringsnettverket for planlegging vi var med på å starte i Sunnfjord, gjennom litt økonomisk støtte i starten, driv no på eigen kjøp og operer heilt uavhengig av fagleg eller administrativ støtte frå regionale einingar. No er det meir slik at vi nyttar nettverket for kopling til regional planlegging, mens dei handterer erfaringsdeling og kompetansedeling og utvikling sjølv.

4. Vurdering av tenesteområdet sett i lys av grunnprinsippa

4.1 Kvalitet i alle vidareførte oppgåver

Kvaliteten av arbeidet vil i stor grad vere styrt av kapasitet og kompetanse hjå den einskilde, og i fylkeskommunen som heilskap. Frie midlar til utviklingsprosjekt vil påverke kvaliteten gjennom at det vert vanskelegare å få satt i gang pilotprosjekt som kan vise veg for fylkeskommunen sitt langsiktige arbeid, og for kommunane i deira arbeid. Pilot Måløy, ope prosjektkontor Sogndal og prosessarbeid for Gaular er døme på prosjekt som ikkje ville bli satt i verk utan prosjektmidlar.

I 2010 vart det gjort ei konkret vurdering av den plankompetansen fylkeskommunen hadde og korleis denne vart nytta inn mot kommunane. Det vart då gjort ei stor omlegging av arbeidet. Fylkeskommunen hadde nytta samla sett om lag 2 årsverk på å handsame kommunale reguleringsplanar og dispensasjonssaker, og gje uttale til kommunane. Dette var ein svært reaktiv måte å jobbe på, som vi meinte tok mykje ressursar, og gav liten effekt. Personressursane vart no vridd over på meir strategisk planlegging og til aktiv fagleg støtte til kommunane i deira arbeid med tettstadforming og attraktivitet. Effektane av dette ser vi mellom anna gjennom at vi har etablert det mest aktive planforum i Noreg (nasjonal KS rapport), som ein møteplass og dialogarena mellom kommunane og regionale aktørar, og utvikling av gode kommunale samfunnsplanar med kopling til handlingsprogram og økonomiplanar. Vi ser og ei veksande lokal forståing for meir forpliktande samarbeid over tid mellom det offentlege, det private og det sivile samfunn.

I omlegginga av oppgåver omdisponerte vi og ei planstilling til å jobbe med analyse/statistikk og etablerte Fylkesspegelen som ein database for kommunal og regionalt plan og utviklingsarbeid. Dette arbeidet har gitt målretta kunnskap inn i kommunane si planlegging og er eit verkty som vert utvikla kontinuerleg saman med kommunane og ulike dataleverandørar på regionalt/nasjonalt nivå.

Regional planlegging kan kanskje bli oppfatta som ei ikkje kontinuerleg oppgåve, av di vi operer med ein 4-års syklus med planstrategi og einskildplanar. Skal vi ha kvalitet i planarbeidet, er det viktig av vi har gode læringsløyper og at arbeidet vert utført som ein del av det kontinuerlege utviklingsarbeidet i fylket.

4.2 Tydeleg oppgåve- og ansvarsdeling

Kommunane og fylkeskommunen har begge klare definerte ansvar og oppgåver i plan- og utviklingsarbeidet. Ut over arbeidet med regionale planar, er det kommunane som sit i førarsete og som og bør initiere og stille krav til kva for tenester dei treng frå regionalt nivå. Dette er grunngevinga for at vi no har fokus på fagleg rettleiing, og ikkje kontroll av planar, og på kunnskap kommunane kan nytte direkte inn i sitt plan og utviklingsarbeid. Arbeidet med Fylkesspegelen og Fylkesatlas er to «databasar» for fakta

som er lagt til rette for direkte bruk av kommunane. Mellom anna ser vi no at fleire kommunar nyttar Fylkesatlas til å teikne inn objekt som skal brukast i sine arealplanar, av de dette systemet er lagt til rette for det. Vi skolerer kommunane i korleis dei kan nytte dette verktøyet.

Fylkeskommunen har og driftsansvaret for Plannett, som er ein kunnskapsbase for planlegging, der kommunane og andre kan søke på einskildtema, som til dømes Universell utforming, Born og unge og få opp alt av fagrapportar, rettleiarar og regelverk knytt til dette temaområdet. Kommunane slepp med det å halde ved like eigne kunnskapsdatabasar, men dei har ein stad dei kan hente ned slik informasjon. Plannett vert utvikla i eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Fylkesmannen.

Fylkeskommunen gjennomfører og to årlege fagsamlingar for planleggarar i samarbeid med Fylkesmannen. Det er etablert ein skriftleg avtale mellom FM og FK som operasjonaliserer samarbeidet til beste for kommunane. Fagsamlingane vert utnytta til kompetansebygging, erfaringsutveksling og dialog omkring felles utfordringar i fylket.

Fylkeskommunen gav i 2011 økonomisk tilskot til å etablere eit plannettverk mellom kommunane i Sunnfjord (SIS). Nettverket resulterte i at det vart utvikla ein felles planstrategi for Sunnfjord, og nettverket er no etablert som ein viktig kunnskapsarena mellom kommunane. Fylkeskommunen og Fylkesmannen har no saman tatt initiativ til å etablere plannettverk i dei andre regionane, på basis av dei erfaringane dei har gjort i Sunnfjord.

4.3 Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar

Etablering av plannettverk mellom kommunane i Sunnfjord vart gjort ut frå eit lokalt ynskje om eit sterkare plansamarbeid av di dei såg regionen som ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion. Plannettverket vart etablert med mellom anna utviklingsmidlar frå fylkeskommunen, og er no eit sjølvgåande nettverk som styrker dei felles planfunksjonane i regionen. Plansamarbeidet er heilt naudsynt for å kunne få til dei naudsynte grepa for ein meir funksjonell region.

Fylkeskommunen legg framleis stor vekt på å bygge plansamarbeidet mellom kommunane, av di vi veit at dette vil det styrke forståinga for samarbeid og utvikling av meir heilskaplege regionar. Vår rolle har i tillegg vore å serve regionane med analyser/statistikk som gjeld samla for kommunane. I 2014/2015 har det vore fleire slike «oppdrag» knytt til drøftingane om ulike kommunesamanslåingar/strukturar.

4.4 Tydeleg rolle i den regionale partnerskapen

Oppgåvene er tett knytt saman med dei tydeleg definerte rollene til fylkeskommunen innan plan- og utviklingsarbeid. Dette er knytt både til definerte roller gjennom lovverket, og gjennom ei akseptert arbeidsdeling på regionalt nivå. Også i høve kommunane har det utvikla seg ei god forståing for rolla, definert som ein støttefunksjon dei etterspør, og ikkje som ei eiga verksemd på sida av som vi berre har tatt oss til.

Rolla er knytt både til å være den eine og tydelege samordnar og koordinering av regional planlegging, og som arenabyggar for plan og utviklingsarbeid, gjennom planforum, plansamlingar og etablering av plannettverk. Det er og knytt til kompetansebygging gjennom dei same tiltaka. Ei anna sentral rolle er kunnskapsbygging gjennom utvikling og oppdatering av Fylkesspegelen, Fylkesatlas og Plannett. I tillegg utarbeidar vi meir målretta analyser for heile fylket og for einskildkommunar eller samanslutnad av kommunar på førespurnad.

4.5 Langsiktige avgjerder

Trender og faktisk samfunnsutvikling må i større grad vektleggjast i plan og utviklingsarbeid for fylket. Vedtaka våre skal stå seg over tid, og dimensjonering og innretning av tenestene må tilpassast framtidige, langsiktige behov. Regional planlegging som femnar om større område enn einskildkommunar og avgrensa bu- og arbeidsmarknadsregionar vert då enno viktigare, for å få dei ulike delane i samfunnet til å henge i hop.

Kommunane sitt arbeid med å være utviklingsaktørar og gode tenesteprodusentar set stadig større krav til god kunnskap om utviklingstrekk, trendar og endringar i omgjevnadane dei må tilpasse seg. Å utvikle eit felles fagmiljø for kommunane og regionen innan statistikk og analyse, vert vurdert til å være heilt avgjerande for å kunne ta dei rette strategiske vala og sette i verk dei rette tiltaka.

For å kunne teste ut å gjere nye grep er det behov for frie utviklingsmidlar. Dette kan både være knytt til at fylkeskommunen sjølv initierer tiltak som kan gje kommunane og regionen betre avgjerdsgrunnlag, men og medspelar for kommunane og andre regionale aktørar, der økonomisk spleiselag ofte er avgjerande for å løyse ut tiltaka.

4.6 Alternative finansieringskjelder

I regionalt planarbeid er det grunnlag for å vurdere konkrete samarbeid gjennom partnerskap lokalt, regionalt, nasjonalt og kanskje og internasjonalt, for å sikre eit breiare finansieringsgrunnlag. Når det gjeld arbeidet med planstrategi, ser vi for oss at det er lite grunnlag å forhandle med andre aktørar om å delta i finansieringa. Vi ser det som lettare å skape aksept for og få gjennomslag for å delta i finansieringa av dei ulike regionale planane som kjem ut som planoppgåver i perioden. Dette betyr at FK tek 100 % ansvar for planstrategiarbeidet, men at dei einskilde planane vert finansierte etter eit spleiselag alt etter type plan og utfordringar dei skal søkje å møte.

Som døme er det i arbeidet med regional plan for vassforvaltning, etablert eit spleiselag der FK dekkar 25 % av kostnadane, staten 25 % og kommunane 50 % av kostnadane. I dei tilhøva der kommunane er veldig sentrale i planarbeidet vil dette kunne være ein aktuell modell, men er lite aktuelle på meir overordna strategiske regionale planar.

I arbeidet med Kystplanen prøver vi å få til ei finansiering der kommunane er heilt sentrale, men der også næringslivet deltek. Planen er såpass tett kopla til det behovet kommunane og næringslivet har at dette bør være ein legitim måte å finansiere arbeidet på. Finansieringa og fordelinga mellom dei ulike aktørane er ikkje avklart. Vi meiner ut frå dette at det i samband med vedtak av regional planstrategi bør ligge inne ei forventning og vurdering omkring deltaking og finansiering av kvar einskild plan.

Utviklingsmidlane vert i dag nytta som ein samhandlingsarena for finansiering av tiltak, forskning, utgreiingar o. a. i samarbeid med ulike aktørar i partnerskapen. Midlane har utløysande effekt, ved at dei fleste av tiltaka ikkje ville ha vore satt ut i livet utan delvis finansiering frå fylkeskommunen.

Når det gjeld arenabygging samarbeider vi med fylkesmannen om finansiering og gjennomføring av mellom anna plansamlingar. Vi søker då saman KMD om midlar til gjennomføring i tillegg til at vi nyttar eige arbeidskraft og noko av eigne midlar.

Når det gjeld utvikling av Fylkesatlas gjer vi det gjennom eit samarbeid med fylkesmannen, der vi kvar for oss dekkar dei lønsmessige kostnadane ved arbeidet. Vi har pr. 2015 ein utgift på teknisk støtte og vedlikehald for Fylkesatlas på kr 15 500 inkl. mva. (kr 31 000 fordelt likt på FM og FK).

Når det gjeld utvikling av data knytt til fylkesspegelen, vert dette gjort gjennom eit fagleg samarbeid med Fylkesmannen, NAV og Høgskulen i S&F. Fylkeskommunen driftar databasen, og legg data fysisk inn, etter innspel frå og tilrettelegging av data frå dei andre aktørane. Samarbeid med nasjonale kompetansemiljø som SSB og ulike fagorgan er og under utvikling og blir viktige informasjonskjelder for å få fram god og målretta analyser for dei som skal ta avgjerder i fylket.

5. Innsparingspotensiale og konsekvensar

Budsjettet for 2015 på teneste 7151, er på til saman 1,9 mill. kr. Av dette er det føresett at 0,5 mill. kr vert finansiert av statlege midlar (KMD). Det totale innsparingspotensialet er difor 1,4 mill. kr.

Nedanfor følgjer ei oversikt over dei mest omfattande alternativa for innsparing av administrative og økonomiske ressursar, samt ei vurdering av konsekvensane dei ulike alternativa kan få. Det er sjølvstøtt mogleg å lage ei rad modellar mellom desse ytterpunkta, men det blir meir ein politisk diskusjon om kva ein ynskjer stå att med av fylkeskommunalt ansvar og oppgåver.

Administrativt er det knytt 5 stillingar til arbeidet. Fleire av desse har oppgåver som ligg innafør andre tenesteområder enn det som er omfatta av utgreiinga. Dette er mellom anna arbeidet med tettstadforming og samarbeidet med regionråda. Desse er ikkje omfatta av utgreiingar i denne omgang av di fylkeskommunen nyttar KMD midlar til finansiering av tilskota. Stillingsressurs vert og nytta inn mot helseovervakinga som ligg under teneste 4802.

Dei 5 stillingane kan vi då splitte opp i ulike funksjonar/oppgåver innan teneste 7151, som til saman utgjer om lag 400 %:

- 100 % på GIS
- 100 % stilling på statistikk/analyse
- 200 % på plan- og utviklingsoppgåver.

For å kunne ta i vare dei lovpålagt oppgåvene knytt til regional planlegging, vil det være mogleg å spare inn Ei samla administrativ innsparing kan ligge i storleiken 250 – 300 %.stillingsressurs

Alternativ 1: Innsparing av 300 % stillingsressurs og kr 1 400 000

Tenesteområde	Innsparing stillingsressurs	Innsparing budsjett
7151	300 %	1 400 000

Dei 5 stillingane kan vi då splitte opp i ulike funksjonar/oppgåver innan teneste 7151, som til saman utgjer om lag 400 %:

- 100 % på GIS
- 100 % stilling på statistikk/analyse
- 200 % på plan- og utviklingsoppgåver.

For å kunne ta i vare dei lovpålagt oppgåvene knytt til regional planlegging, vil det være mogleg å spare inn Ei samla administrativ innsparing kan ligge i storleiken 250 – 300 %.stillingsressurs

Alternativ 1: Innsparing av 300 % stillingsressurs og kr 1 400 000

Tenesteområde	Innsparing stillingsressurs	Innsparing budsjett
7151	300 %	1 400 000

Dei 5 stillingane kan vi då splitte opp i ulike funksjonar/oppgåver innan teneste 7151, som til saman utgjer om lag 400 %:

- 100 % på GIS
- 100 % stilling på statistikk/analyse
- 200 % på plan- og utviklingsoppgåver.

For å kunne ta i vare dei lovpålagt oppgåvene knytt til regional planlegging, vil det være mogleg å spare inn Ei samla administrativ innsparing kan ligge i storleiken 250 – 300 %.stillingsressurs

Dette er det mest omfattande alternativet, og inneber at mesteparten av dagens oppgåver vert avvikla. Vi har ingen kompetanse innan statistikk/analyse eller GIS og kan ikkje halde ved like databaseverktøya Fylkesatlas, Fylkesspegelen og PlanNett.

Vi kan ikkje støtte kommunane med nokon form for statistikk, og heller ikkje serve andre avdelingar med kompetanse innan GIS/analyse.

Fylkeskommunen vil kunne være i stand til å koordinere arbeidet med regional planstrategi, og ha ei viss oppfølging av dei regionale planfunksjonane, som planforum og noko arbeid mot kommunane med strategisk planlegging og utviklingsarbeid. Det vil ikkje vere mogleg å delta i finansiering av utviklingsprosjekt og vi kan ikkje involvere oss administrativt i plan og utviklingsprosessar kommunane måtte ynskje støtte til.

Fylkeskommunen vil og måtte kjøpe analyser og utgreiingar til bruk for dei regionale planane.

Alternativ 2: Innsparing kr 1 400 000

Tenesteområde	Innsparing stillingsressurs	Innsparing budsjett
7151	0%	1 400 000
<p>Dette vil ha som konsekvens at fylkeskommunen kan fortsette med dei administrative og faglege støttefunksjonane vi har i dag, men ikkje ha ressursar til å utvikle tenestene eller sette i gang samarbeidsprosjekt med kommunane, organisasjonar og andre.</p> <p>Eksternt vil ein slik reduksjon kanskje ikkje bli så godt synleg, så lenge vi kan gje dei tenestene vi har i dag. På sikt vil det bli ein ganske uholdbar situasjon av di det vil sette heile arbeidet i ein kvilemodus, og gje lite inspirasjon og motivasjon til å skape noko på vegne av fylket og innbyggerane.</p>		

Alternativ 3: Innsparing 100 % stillingsressurs og 500 000

Tenesteområde	Innsparing stillingsressurs	Innsparing budsjett
7151	100 %	500 000
<p>Dette alternativet inneber at det meste av aktivitetsnivået og tenestene kan halde fram, men det må gjerast tydelege prioriteringar og kutt i konkrete oppgåver. Det å ikkje kutte heile utviklingspotten vil vere ein god stimulans til å kunne få til konkrete naudsynte utviklingsprosjekt. Det vil likevel ikkje vere nok til å kunne samhandle med kommunane, organisasjonane eller andre for å få til litt større samarbeidsprosjekt.</p> <p>Utfordringa ved å kutte ei stilling er at vi har veldig spesialiserte fagområde og funksjonar som støttar opp om kvarandre. Vi har organisert oss slik at vi prøver å minimalisere at vi er sårbare, men misser vi ei stilling vil det gå ut over kvaliteten på dei tenestene vi leverer og vi må gå ut og redusere forventningane til kva vi kan levere. Skal vi gjere analyser, må vi gjere det skikkeleg, elles kan vi like godt la være. Vil vi nytte GIS som eit verktøy i planlegginga, må vi ha god kompetanse på dette osv.</p> <p>Tar vi utgangspunkt i drøftingane om kjernenivå på tenestene frå mai 2014, er vi svært nær denne grensa med dagens bemanning, i og med at vi alt har gjort om på 2 reine planstillingar.</p>		

6. Kompenserande tiltak

Fagområda knytt til teneste 7153 innan plan- og utviklingsarbeid, er lite og sårbart, med mange ulike fagområde knytt saman. Dette gjer at tenestene samla sett fort vert svekka om ein av personane vert borte. Det er likevel slik at av 5 stillingar, der 3 av dei er knytt til planlegging, vil det vere mogleg å redusere på kapasiteten, utan at den samla kompetansen vert for mykje svekka.

Dersom ein vil gå på ei reduksjon i ressursane til plan- og utviklingsarbeidet, gjennom reduksjon av ei stilling og kutte i frie utviklingsmidlar, vil det vere mogleg å kompensere noko for dette. Det kan skje gjennom at det vert gjort ei avgrensing av kva dei frie utviklingsmidlane skal gå til. Dei resterande midlane må då vere bundne opp til å vere støttemidlar for den jobben dei tilsette skal gjere for å kunne fungere mest mogleg optimalt. Dette kan til dømes være at det er midlar til å kjøpe avgrensa statistikkmateriale frå SSB og liknande. Slik vi gjer det i dag, men at vi ikkje kan være med på større utviklingsprosjekt saman med andre aktørar.

7. Konklusjon

Avdelinga har vore gjennom ei ganske stor intern omstilling, der oppgåvene no i stor grad er styrt av direkte lovpålagte oppgåver i tillegg til å ha utvikla heilt konkrete tenester etter uttrykt behov og samarbeid frå andre, særleg kommunane.

For at fylkeskommunen framleis skal å ta i vare rolla som regional planmynde og rolla i å støtte kommunane i deira plan- og utviklingsarbeid, er det viktig å halde opp ein kvalitet på tenestene og ein god nok kapasitet. Det er mogleg å klare dette med reduserte rammer, men det vil krevje sterkare politisk val av kva for rolle det er aller mest viktig at fylkeskommunen tar, og kva for forventningar frå andre vi skal vere med å fylle.

Prioriteringar av innhald og omfang bør utviklast i eit nært samarbeid med partnerskapen, der kommunane er den aller viktigaste parten. Det er den samla innsatsen som kan gje effektar for utvikling av fylket. Ein slik detaljert og konkret drøfting om roller, oppgåver og ressursbruk mellom nivåa, har det ikkje vore rom for i denne runden av utgreingar.

1.	Namn på utgreiingsoppdraget 29: Næring: Energi, industri og landbruk
2.	Kort omtale av utgreiinga Utgreiing 29 femnar om <ul style="list-style-type: none"> - Energi (A) - Industri-satsing (B) - Landbruk (C) Bak dette samlesamandraget finn du utgreiingar for kvar av desse områda, merka med A, B og C. Økonomisk innsparingspotensiale; Det vert samla sett nytta lite fylkeskommunale ressursar til desse tre områda, og den økonomiske innsparinga vil då avgrense seg til maksimalt i underkant av 1 mill kr (dette er regionale utviklingsmidlar frå KMD/Kommunal- og moderniseringsdepartementet).
4.	Administrativt innsparingspotensiale; Til oppfølging av industri og landbruk vert det til saman nytta i underkant av 30% stilling. Til energi (petroleum og fornybar energi) vert det nytta om lag 100% stilling til saman. Innan petroleum er arbeidsinnsatsen til fylkeskommunen viktigare enn dei små midlane som vi bidreg med, og det er neppe forsvarleg å avvike den petroleumsretta innsatsen.
5.	Drøftingsdimensjonane sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane
	<i>Kvalitet i vidareførte oppgåver:</i> Syner til kvar av delutgreiingane
	<i>Oppgåve- og ansvarsdeling:</i> Syner til kvar av delutgreiingane
	<i>Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:</i> Syner til kvar av delutgreiingane
	<i>Rolle i den regionale partnarskapen:</i> Syner til kvar av delutgreiingane
	<i>Langsiktige avgjerder:</i> Syner til kvar av delutgreiingane
	<i>Alternative finansieringskjelder:</i> Syner til kvar av delutgreiingane
6.	Andre prinsipp som er viktige
7.	Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar Syner til kvar av delutgreiingane

1.	Namn på utgreiingsoppdraget 29 A: Energi
2.	Kort omtale av utgreiinga (ev. med sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane) Området har i budsjett 2015/økonomiplan 2016 eit årleg budsjett på 400 000 kroner. Dei åra ONS blir arrangert blir dette ordna med tilleggsøyving. Det verkar vanskeleg å realisere mykje innsparing utan slutte å arbeide med dette. Då både petroleum og fornybar energi er prioritert i verdiskapingsplanen, er eit null-alternativ vanskeleg å realisere – i alle fall på kort sikt.
3.	Økonomisk innsparingspotensiale Ei avviking av støtta til ONS (oljemessa som vert arrangert i Stavanger annakvart år) inneber ei årleg innsparing på 300 000 – 350 000 kroner (det vert nytta om lag 0,7 mill kr på ONS).
4.	Administrativt innsparingspotensiale Næringsavdelinga har samla eitt årsverk i samla ressursinnsats innan petroleum og fornybar energi. Det er vanskeleg å sjå føre seg ei innsparing utan å nulle ut satsinga.
5.	Drøftingsdimensjonane sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane
	<i>Kvalitet i vidareførte oppgåver:</i> Satsinga energi omfattar både petroleum og fornybar energi. Fylkeskommunen sin innsats innber i dag lite midlar, og mest arbeidsinnsats. Arbeidsinnsatsen har til no vore særleg retta mot petroleum. Begge delområda er omfattande fagfelt, og mindre enn eitt årsverk til dette kan vanskeleg vere fagleg forsvarleg.
	<i>Oppgåve- og ansvarsdeling:</i> Særleg den del av satsinga som gjeld olje og gass, har eit vesentleg innslag av politisk initiativ og oppfølging på regionalt nivå. Dette er ei rolle som naturleg ligg til fylkeskommunen, og som vanskeleg kan settast vekk. Innan same delområde har Maritim Forening Sogn og Fjordane teke ansvar for det meir leverandørretta arbeidet.
	<i>Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:</i>
	<i>Rolle i den regionale partnerskapen:</i> Petroleumsrådet er styringsgruppe for satsinga olje og gass i verdiskapingsplanen. Petroleumsrådet er leia av fylkesordførar og fylkeskommunen er elles representert med HPN-leiar og sekretariat.
	<i>Langsiktige avgjerder:</i> Sjå punkt 6.
	<i>Alternative finansieringskjelder:</i> Maritim Forening Sogn og Fjordane sitt leverandørretta arbeid har stor grad av offentleg finansiering (for 2015 INU-FSF midlar). Større grad av eigen- og annan privat finansiering av dette arbeidet er ikkje utenkjeleg på sikt. Når det gjeld det regionalpolitiske påverknadsarbeidet er det mindre aktuelt å sjå føre seg ekstern finansiering.
6.	Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til arbeidsfeltet (tenesteområdet) Ei satsing på energi er motivert ut frå tilgang på og nærleik til naturressursar som storsamfunnet etter dei fleste vurderingar vil kapitalisere på. Konkrete resultat er derimot sterkt påverka av eksterne faktorar (politiske, marknad, etc.). Sogn og Fjordane ligg nær store petroleumsressursar. Historisk har oljeprisane variert mykje, og om dette gjentek seg, vil aktiviteten ta seg opp i løpet av nokre år. Kontinuerleg og tålmodig innsats er viktig. Kontinuitet då vi særleg i nedgangstider vil bli særleg utfordra på «vår del» av aktiviteten. Tålmod då det normalt tar lang tid frå funn til nye utbyggingar vert realiserte. Fylket har store fornybarressursar. Ikkje minst innan vass- og vindkraft. Også her er det viktig med innsats over tid. Mellom anna av di låge kraftprisar no bremsar satsingar som elles ville ha vore meir attraktive.
7.	Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

1.	Namn på utgreiingsoppdraget
	29 B: Utviklingsarbeid retta mot industrien
2.	Kort omtale av utgreiinga
	Utgreiinga peikar på at det er få utgiftspostar som er relevante for innsparing. I arbeidet med industristrategien vert det skapt forventningar om auka innsats. Det kan vere ein strategi å engasjere eksterne samarbeidspartnarar i så stor grad som mogeleg for å møte desse forventningane
3.	Økonomisk innsparingspotensiale
	Kr. 300.000
4.	Administrativt innsparingspotensiale
	Lite (anslagsvis 10 % av ei stilling).
5.	Drøftingsdimensjonane sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane
	<i>Kvalitet i vidareførte oppgåver:</i> Dette må vurderast med utgangspunkt i ferdig industristrategi. Dersom næringsavdelinga skal ha ei rolle som arenabyggar er kr 300.000 minimum årleg innsats.
	<i>Oppgåve- og ansvarsdeling:</i> Med eksisterande stillingsressursar (som anslagsvis er 10 % av ei stilling) må vi prioritere å arbeide gjennom eksterne samarbeidspartar og å arbeide reaktivt.
	<i>Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:</i> Vi vil tape i konkurransen om å vere ein konkurransedyktig region for underleverandørbedrifter og for rekruttering av kvalifisert personell dersom vi ikkje framstår som eit attraktivt industrifylke.
	<i>Rolle i den regionale partnerskapen:</i> Brukar vi mindre ressursar enn i dag, vert vi lite attraktive for nasjonale utviklingsaktørar som SIVA, Innovasjon Norge, Forskringsrådet m.m.
	<i>Langsiktige avgjerder:</i> Det er særleg relevant for fylkeskommunen å arbeide langsiktig med rammevilkår for industrien
	<i>Alternative finansieringskjelder:</i> Få (ingen) alternative finansieringskjelder pr i dag
6.	Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til arbeidsfeltet (tenesteområdet)
	Deler av industrien har ein funksjon som motor for anna aktivitet, underleverandørindustri og tenesteytande næringar. Sogn og Fjordane har viktige fortrinn i tilgang til naturressursar
7.	Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar
	Fagskulen og vidaregåande utdanning som del av ei meir ambisiøst industrisatsing. Samferdsle og industriutvikling

Kort utfyllande omtale


Fylkeskommunen har ikkje sjølv hatt ein proaktiv innsats retta mot industrien samla og over tid. Vi har arbeidd med temaet gjennom ulike kunnskapsatsingar, gjennom langvarig arbeid i bransjesatsingar som olje og gass, matindustrien og energibransjen og i tidsavgrensa omstillingsarbeid. Aktuelt for tida er innsatsen gjennom Maritim Foreining (del av satsinga olje/gass) og eit arbeid for å etablere satsing på fornybar energi. Vi har gjennom Innovasjon Norge alltid følt opp konkrete industriprosjekt.

Fylkeskommunen har sett i gang arbeidet med ein industristrategi som etter planen skal ut på høyring etter vedtak juni 2015. Denne strategien vil omtale fylkeskommunen si rolle i arbeidet med industriutvikling.

Så langt er dette biletet presentert som mogelege konsekvensar av analysearbeidet som grunnlag for ein industristrategi:

Industristrategi Konsekvens av SWOT

Eksempel på innspel



Ut frå dette vil det i tillegg til satsingane elles i verdiskapingsplanen vere trong for 551-midlar (utviklingsmidlar frå staten) til analysearbeid og nettverksbygging. Det er sannsynleg at det meste av framlegga kan integrerast i satsingane kunnskap og innan arbeidet med nyskaping. Eit råd ser ut til å bli at det bør arbeidast meir målretta med akkvisisjon; ei oppgåve der partnerane våre sannsynlegvis kan spele ei viktig rolle m.o.t. ressursinnsats.

Infrastrukturutvikling er viktig innan tilrettelegging for industri. Viser her til omtale av ei kunnskapssatsing og arbeidet innan samferdsle og IKT.

Industristrategien vil sannsynlegvis ta opp trong for politisk lobbyarbeid på temaet rammevilkår. Nettleige, fornybar energi & CO₂-politikk og mogelege incentiv for «kortreist kraft» er nokre døme. Administrasjonen må i tilfelle ha ressursar. Noko av denne lobbyaktiviteten kan gjerast i samarbeid med eksterne, men det er fylkeskommunen som har sekretariatsansvar for dei politiske organa på fylkesnivået. Konsekvensen er meir arbeid med rammevilkår i fylkeskommunen.

Konklusjon: Innanfor arbeidet med industriutvikling er det ikkje nemneverdig innsparingspotensiale. Sogn og Fjordane har eit ressursbasert næringsliv. Deler av industrien er motoren for underleverandørindustri og for tenesteytande næringer.

1. Namn på utgreiingsoppdraget 29 C: Landbruk	
2. Kort omtale av utgreiinga	
I samband med forvaltingsreforma overtok fylkeskommunen nokre oppgåver knytt til landbruk frå 2010. Dette har grovt sett vore 1) politisk handsama fråsegn i samband med jordbruksoppgjeret, 2) politisk handsama fråsegn i samband med Stortingsmelding om landbruk, og 3) utlysing, sakshandsaming og innstilling til løyving av 1,6 millionar kroner til rekruttering og kompetanseheving. Dette siste er midlar løyvde over landbruksoppgjeret.	
3. Økonomisk innsparingspotensiale; Budsjett for 2015 er på kr 300 000.	
4. Administrativt innsparingspotensiale; Total ressursinnsats er om lag 15% stilling.	
5. Drøftingsdimensjonane sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane	
<i>Kvalitet i vidareførte oppgåver:</i>	Ved borttak av ressursane vil fylkeskommunen ikkje lenger koordinere og sakshandsame uttaler til landbruksoppgjeret eller gi andre fråsegner utanom i ekstraordinære tilfelle.
<i>Oppgåve- og ansvarsdeling:</i>	Dagens oppgåver og verkemiddel: statlege midlar til rekruttering og kompetanseheving, regionalt bygdeutviklingsprogram /verdiskapingsplanen, prosjektmidlar disponible for søknad (t.d. kystskogbruket, og frukt og bær), høyringar/ politisk arbeid.
<i>Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:</i>	
<i>Rolle i den regionale partnarskapen:</i>	Fylkeskommunen vil ikkje ha ei rolle i den regionale partnarskapen på område landbruk.
<i>Langsiktige avgjerder:</i>	Fylkeskommunen sluttar å finansiere arbeid innan frukt og bær og trekke seg ut av engasjement rundt kystskogbruk. Ein let Fylkesmannen og Innovasjon Norge ta seg av dette og anna arbeid som fylkeskommunen kunne utført.
<i>Alternative finansieringskjelder:</i>	
6. Oppgåvene som fylkeskommunen har fått innan landbruk er meint til å gje fylkeskommunen ei rolle som næringsutviklar og tilretteleggar for utvikling av landbruket i fylket. Denne rolla vil ein med fleire kutt bygge ned.	
7. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar	

Den viktigaste samfunnsoppgåva til norsk landbruk er å sikre nok trygg og variert mat av god kvalitet. Landbruket medverkar til desentralisert busetjing og næringsliv over heile landet, miljøgode som bevaring av biologisk mangfald, kulturlandskap og dei karbonlagra som skogen og jorda utgjær. Landbruket spelar òg ei viktig rolle for å vidareføre tradisjonell kunnskap og kultur.

Landbruket i Sogn og Fjordane er prega av grasbasert husdyrhald med mjølkekyr, sau og geit. Om lag 7 prosent av mjølka, 9 prosent av lammekjøtet og 15 prosent av geitemjølka i landet blir produsert her i fylket. Sogn og Fjordane har 39 mill. til investeringsstøtte for bønder som vil satse i 2015. Dette er fordelt med 21 mill. til fjøs for mjølk/storfe og 6 mill. til kvar av næringsgreinene sauefjøs, frukt/bær og lokal mat/Inn på tunet.

Vi vurderer følgjande som minimumsaktivitet:

Fylkeskommunen har 1,6 mill frå staten til rekruttering og kompetanseheving til fordeling etter søknad. Arbeidet med dette er i dag fordelt mellom opplæringsavdeling og næringsavdeling, med næringsavdelinga som hovudansvarleg. Innspel til dei årlege landbruksoppgjera. Saker av større betydning for landbruket i fylket, m.a. høyringssaker der vi kan påverke rammevilkåra for vårt landbruk.

1. Namn på utgreiingsoppdraget

30: Næring: Innovasjon Norge (IN).

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. med sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Forvaltning av regionale utviklingsmidlar kap 551 post 60 og rolledeling mellom IN og fylkeskommunen

Fylkeskommunen nyttar Innovasjon Norge (IN) som operatør for den bedriftsretta satsinga. Midlane vert nytta som tilskot til bedrifter, påfyll av tapsfond i samband med utlån og til etablerarordningar. Fylkeskommunen tek seg av saker som gjeld tilrettelegging for næringsutvikling og yter tilskot i slike saker. IN har hatt nedgang i rammene tildelt frå fylkeskommunen dei siste 3 åra. Noko har vore kompensert med midlar frå kap 551 post 61, kompensasjonsmidlar arbeidsgjevaravgift, men nedgangen har likevel vore merkbar.

I tildelingsbrev 2015 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), står det om bruken av midlane: «Nærings- og bedriftsrettede tiltak skal prioriteres». Fylkeskommunen har ansvaret for tilretteleggande næringsretta tiltak og IN for det meste av dei direkte bedriftsretta tiltaka. Dert vert derfor ei vurderingssak kor midlane har størst effekt på måloppnåinga, men når fylkeskommunen i samarbeid med andre aktørar lukkast med tilrettelegginga, må vi sikre at gründerar og innovative bedrifter ikkje møter tom kasse og i verste fall stengt dør hos Innovasjon Norge. Kravet om at midlane skal ha utløyssande effekt gjeld tilskot gitt både av IN og fylkeskommunen. Dei bedriftsretta midlane utløyser i langt større grad midlar frå næringsliv og investorar enn dei tilretteleggande midlane frå fylkeskommunen

Fleire gode etableringar og fleire vekstkraftige bedrifter

Tilskotskapital og eigarkapital er for tida det mest kritiske for bedriftene, og spesielt for gründerbedrifter. Bankane har ein låneprofil i høve til næringslivet. Sogn og Fjordane er registrert som dårlegaste i landet på nyskaping og innovasjon. Fleire gode gründerar og innovative verksemdar er satsingsområde for IN framover. Nærleik til og kunnskap om bedriftskundane skal stå i fokus i IN. Prioriteringane til IN samsvarar godt med måla i Verdiskapingsplanen. Reduserte rammer til IN vil også føre til reduserte overføringar frå KMD til IN til dekking av bemanningskostnader. Det vil bety færre tilsette hos IN og dermed mindre rådgjeving og hjelp til bedriftene i ein periode med store krav til omstilling.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Berre bruk av KMD-midlar. Ikkje noko økonomisk innsparingspotensiale bortsett frå det fylkeskommunen evt betalar for tilleggsoppdrag utover oppdragsbrevet.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Redusere løyvinga til IN og meir til tilrettelegging for næringsutvikling

Å redusere løyvinga til IN og ha meir att til tilrettelegging, gjev inga innsparing. Tidsbruken blir den same om vi løyver 10 mill. eller 40 mill. Tida vi nyttar til oppfølging gjennom året vil også bli stort sett den same. Tvert imot vil meir midlar til tilrettelegging for næringsutvikling bety auka aktivitet og fleire stillingar i fylkeskommunen.

Auke løyvinga til IN og redusert innsats innafor tilrettelegging for næringsutvikling

Auka løyving til IN og redusert innsats innanfor tilrettelegging for næringsutvikling kan føre til innsparing av administrativ kapasitet alt etter kva område i verdiskapingsplanen som vert utfasa.

Det vert i 2015 nytta ca 20% stilling til dette arbeidet.

5.

<i>Kvalitet i vidareførte oppgåver:</i>	Viktig
<i>Oppgåve- og ansvarsdeling:</i>	Viktig
<i>Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:</i>	Viktig
<i>Rolle i den regionale partnerskapen:</i>	Viktig

<i>Langsiktige avgjerder:</i>	Ikkje relevant
<i>Alternative finansieringskjelder:</i>	Ikkje relevant
6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet	
7. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiningar	

Bakgrunn

Forvaltning av regionale utviklingsmidlar kap 551 post 60 og rolledeling mellom IN og fylkeskommunen

Fylkeskommunen nyttar Innovasjon Norge (IN) som operatør for den bedriftsretta satsinga. Midlane vert nytta som tilskot til bedrifter, påfyll av tapsfond i samband med utlån og til etablerarordningar.

Fylkeskommunen tek seg av saker som gjeld tilrettelegging for næringsutvikling og yter tilskot i slike saker.

IN har hatt nedgang i rammene tildelt frå fylkeskommunen dei siste 3 åra. Noko har vore kompensert med midlar frå kap 551 post 61, kompensasjonsmidlar arbeidsgjevaravgift, men nedgangen har likevel vore merkbar.

I tildelingsbrev 2015 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), står det om bruken av midlane: «Nærings- og bedriftsrettede tiltak skal prioriteres». Fylkeskommunen har ansvaret for tilretteleggande næringsretta tiltak og IN for dei direkte bedriftsretta tiltaka. Dert vert derfor ei vurderingssak kor midlane har størst effekt på måloppnåinga, men når fylkeskommunen i samarbeid med andre aktørar lukkast med tilrettelegginga, må vi sikre at gründerar og innovative bedrifter ikkje møter tom kasse og i verste fall stengt dør hos Innovasjon Norge.

Kravet om at midlane skal ha utløyssande effekt gjeld tilskot gitt både av IN og fylkeskommunen. Dei bedriftsretta midlane utløyser i langt større grad midlar frå næringsliv og investorar enn dei tilretteleggande midlane frå fylkeskommunen.

Fleire gode etableringar og fleire vekstkraftige bedrifter

Tilskotskapital og eigarkapital er for tida det mest kritiske for bedriftene, og spesielt for gründerbedrifter. Bankane har ein låneprofil i høve til næringslivet. Sogn og Fjordane er registrert som dårlegaste i landet på nyskaping og innovasjon. Fleire gode gründerar og innovative verksemdar er satsingsområde for IN framover. Nærleik til og kunnskap om bedriftskundane skal stå i fokus i IN. Prioriteringane til IN samsvarar godt med måla i Verdiskapingsplanen. Reduserte rammer til IN vil også føre til reduserte overføringar frå KMD til IN til dekking av bemanningskostnader. Det vil bety færre tilsette hos IN og dermed mindre rådgjeving og hjelp til bedriftene i ein periode med store krav til omstilling. Det blir derfor feil å ta ned IN si bedriftsretta satsing ytterlegare no.

Rolledeling IN og kommunane

Kommunane skal konsentrere arbeidet sitt om etablerarar og småskala næringsliv. Til hjelp i dette arbeidet får dei årleg påfylling av kommunalt næringsfond frå fylkeskommunen. Det er fastsett kapitalgrenser for kva saker kommunane skal ta. Det har vore ein nedgang i rammene også til kommunale næringsfond dei siste åra. Det går ei grense for kor låg ramma til kommunale næringsfond kan vere før vi må vurdere om denne ramma heller skal disponerast av IN.

Økonomisk innsparingspotensiale

Ikkje noko økonomisk innsparingspotensiale bortsett frå det fylkeskommunen evt betalar for tilleggsoppdrag utover oppdragsbrevet.

Administrativt innsparingspotensiale

Redusere løyvinga til IN og meir til tilrettelegging for næringsutvikling

Å redusere løyvinga til IN og ha meir att til tilrettelegging, gjev inga innsparing. Tidsbruken blir den same om vi løyver 10 mill. eller 40 mill. Tida vi nyttar til oppfølging gjennom året vil også bli stort sett den same. Tvert imot vil meir midlar til tilrettelegging for næringsutvikling bety auka aktivitet og fleire stillingar i fylkeskommunen.

Auke løyvinga til IN og redusert innsats innafor tilrettelegging for næringsutvikling

Auka løyving til IN og redusert innsats innafor tilrettelegging for næringsutvikling vil føre til innsparing av administrativ kapasitet alt etter kva område i verdiskapingsplanen som vert utfasa.

1. Namn på utgreiingsoppdraget

31: Næring: Kommunale næringsfond

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. med sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Bakgrunn

Når det gjeld bedriftsretta innsats for å få fleire etablerarar og for å hjelpe fram bedriftene våre er det to hovudaktørar som vi støttar oss på: kommunane og Innovasjon Norge. Kommunane er dei som møter etablerarar først og hjelper fram mange av småbedriftene. For å hjelpe dei i gang tildeler vi midlar frå kommunale næringsfond. Ramma til kommunale næringsfond har gått ned dei siste åra, og i 2015 vart det tildelt 11,33 mill. kr.

Vi brukar ca. 20 % i administrative stillingsressursar i dag til arbeidet med kommunale næringsfond. Ressursane blir brukt til å:

- oppdatere retningslinjer
- kurse kommunane i bruk av midlar og systemet regionalforvaltning.no
- gi rådgjeving i saker
- gå gjennom kommunane sine tildelingar
- gå gjennom kommunane sine årsrapportar for kommunale næringsfond
- tildele midlar til kommunane
- økonomiforvaltning

Vi må bruke så mykje stillingsressursar for å få ordninga til å fungere, for å sikre oss at den har den ynskta effekten. Vi har inntrykk av at dette er viktige midlar for kommunane og deira arbeid med å hjelpe etablerarar og mindre bedrifter.

Det er regionale utviklingsmidlar frå KMD (Kommunal- og moderniseringsdepartementet) vi nyttar til kommunale næringsfond.

Samtidig som vi har utgreidd innsparing i samband med SFJ 2019 har vi gjort ei evaluering av ordninga kommunale næringsfond. Det vi skriv her støttar seg på denne evalueringa.

Redusert innsats

Fylkeskommunen kan redusere sin administrative innsats ved for eksempel å tildele midlane utan kursing og oppfølging, men då kan vi risikere meir feilbruk av ressursar i tillegg til at vi kanskje ikkje oppnår ynskt effekt. Feil bruk av ressursar vil igjen medføre meirarbeid.

Alternative løysing

Dersom det no skulle bli ein situasjon der KMD-midlane frå staten går så mykje ned at vi berre har nokre få millionar til kommunale næringsfond kan ein vurdere å legge pengane inn i Innovasjon Norge. Konsekvensen då er at mange kommunar ikkje har noko å hjelpe seg med når det gjeld næringsutvikling, og at Innovasjon Norge ikkje når så langt ut med råd. Konsekvensen for lokalsamfunnet og brukarane vert då at det ikkje er noko å hente hjå kommunane, og på grunn av strengare prioriteringar hjå Innovasjon Norge vert ikkje tiltaka/prosjekta støtta. Ein annan konsekvens ved å legge pengane inn i Innovasjon Norge er at ein kan misse nærleiken til bedriftene, i og med at kommunane i dag er tett på det lokale næringslivet.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

KMD-midlar som kjem frå staten kan reduserast. Men dette gjev ikkje noko innsparing for fylkeskommunen sine driftsmidlar.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Innsparingspotensialet for fylkeskommunen sine midlar ligg i sparte lønsmidlar tilsvarande 20% stilling.

5. Drøftingsdimensjonane sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

Kvalitet i vidareførte oppgåver:

Viktig: Erfaring syner at ein må legge innsats i kursing og oppfølging for å få den ønska bruken av midlane

Oppgave- og ansvarsdeling:

Viktig: Eit alternativ er å overføre desse midlane til Innovasjon Norge, i staden for til kommunane

Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:

Mindre viktig: Næringsutvikling lokalt vil alltid vere ein del av arbeidet med bu- og arbeidsmarknadsregionar

Rolle i den regionale partnerskapen:

Viktig: Meir samarbeid med Innovasjon Norge

Langsiktige avgjerder:

<i>Alternative finansieringskjelder:</i>	
6.	Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet
7.	Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

I verdiskapingsplanen har vi eit mål om å skape 500 nye arbeidsplassar kvart år. Dette målet heng nøye saman med det overordna målet om auke i folketalet.

Kommunale næringsfond kjem inn under tema nyskaping i verdiskapingsplanen, der vi seier at det offentlege skal utvikle evna si som god hjelpar. Fylket må ha eit apparat med verkemiddel som er i stand til å reagere raskt og vere ein god hjelpar.

Sogn og Fjordane er eit av fylka i landet som kjem dårlegast ut når det gjeld tal nyetableringar, men nye bedrifter hjå oss lever rett nok lenger. Fylket framstår som eit kapitalfattig fylke, med få private investorar som har mykje midlar til å setje inn i næringsutvikling. Tilgang til kapital tidleg i ei bedrift sitt liv er ofte kritisk for å kome over kneika. Det er viktig med eit godt hjelpeapparat (kommunane) som har midlar til å hjelpe etablerarar i ein startfase.

Dei siste åra har ramma på kommunale næringsfond gått ned. I 2015 er ramma på 11,33 mill. kr, 7,1 mill. kr mindre enn i 2013.

I samband med utgreiingsoppdraget har vi gjennomført ei evaluering av ordninga kommunale næringsfond. Vi har blant anna sett på korleis kommunane opplever tildelingskriteria, om stimuleringstilskota har fungert som tilsikta, krava vi har til kapasitet og kompetanse, korleis verkemiddelbruken har vore, rollefordelinga mellom Innovasjon Norge og kommunane og fylkeskommunen si rettleiing og kurstilbod.

I dag får kommunar med konsesjonsavgifter (kraftinntekter) under 2 mill. kr tildelt midlar til kommunale næringsfond dersom dei oppfyller fire krav:

1. retningsliner for bruk og forvaltning av næringsfondet.
2. eit tilfredsstillande næringsapparat, der minimum ein person i 50 % stilling skal vere disponibel for oppgåver knytt til førstelinetenesta og kontaklinformasjon er lett tilgjengeleg for målgruppa.
3. ein strategi for næringsutvikling.
4. årsrapport.

Vi har hatt dagens tildelingskriterium i fire år. Kommunane kan søkje på to stimuleringstilskot: felles fyrstelineteneste og felles næringsfond. Kvart stimuleringstilskot er på kr. 100 000 (per kommune som får innvilga stimuleringstilskot). Når stimuleringstilskota er fordelt vert 60 % av dei resterande midlane fordelt likt mellom kommunane og dei resterande 40 % vert fordelt på grunnlag av folketal.

Evalueringa tyder på at kommunane er nøgde med fordelingskriteria slik dei er i dag. Dei opplever kriteria som rettvis og stabile, men påpeikar at det er viktig at ramma ikkje blir endå meir redusert då desse midlane er viktige for næringsutviklinga i kommunane. Ei lågare ramme gir kommunane fleire utfordringar. Med mindre midlar må dei blant anna velje mellom å støtte mange med små summar eller å tildele midlar til få prosjekt/tiltak men med høgare sum.

Vi stimulerer til nærings samarbeid gjennom stimuleringstilskot. Nordfjord Vekst fekk innvilga stimuleringstilskot etter nye tildelingskriterium i 2012 og i år er det sett av midlar til HAFS Utvikling (men enno ikkje tildelt) som etter planen skal verte operative i løpet av året. Evalueringa syner at vi ikkje kan seie at det er stimuleringstilskota som er utslagsgjevande for nærings samarbeid. Vi har grunn til å tru at det kan ha noko verknad, når tilhøva elles ligg til rette for samarbeid. Når det gjeld HAFS har fylkeskommunen vore med å motivere for nærings samarbeid gjennom utgreiingsmidlar. Midlar til utgreiing og stimuleringsmidlar har nok ein

del å seie, men det er truleg kommunane si positive haldning til eit samarbeid som er det utslagsjevande.

Kommunane/næringssselskapa leverer årsrapport for kommunale næringsfond. Desse rapportane brukar vi tid på å gå gjennom for å vurdere korleis bruken av fonda har vore. I 2014 vart over 50 % av kommunale næringsfond nytta til bedriftsretta støtte. Dette er positivt å sjå at kommunane satsa forholdsvis like mykje på bedriftsretta støtte, i 2014 som i 2013, sjølv om ramma gjekk ned (frå 18,5 mill. i 2013 til 15,63 mill. kr i 2014, men i 2014 brukte vi 1 mill. kr i egne midlar). Kommunane er ògså flinke til å støtte tiltak/prosjekt som rettar seg mot dei prioriterte målgruppene kvinner og unge, men når det gjeld innvandrarar har vi eit forbettringspotensiale. Men vi bør fortsetje å fokusere på bedriftsretta støtte.

Vidare er kommunane tydelege på at rolledeinga mellom kommunane og Innovasjon Norge, slik den er i dag, er klar og fungerer. Dei er ògså nøgde med den oppfølginga dei får i frå fylkeskommunen. Vi nyttar i dag stillingsressurs på ca. 20 % til arbeidet med kommunale næringsfond.

Alt i alt tyder evalueringa på at kommunane er nøgde med ordninga, og midlane framstår som viktige for kommunane og deira arbeid med næringsutvikling. Dersom ramma går ytterlegare ned bør vi diskutere alternative ordningar. Eitt alternativ dersom ramma kun vert på nokre få millionar kroner er å legge midlane inn i Innovasjon Norge. Men då vil ikkje kommunane ha noko å hjelpe seg med, og ein kan misse noko av nærleiken til bedriftene og lokalsamfunnet, i og med at kommunanen i dag er tett på. Og få kan stå i posisjon til å få tilskot frå Innovasjon Norge pga. strengare prioriteringar. Krava vi no har til kommunane vil falle vekk, men vi kan stille krav i oppdragsbrev til Innovasjon Norge. Konsekvensen vert til slutt at Innovasjon Norge vil trenge meir midlar til administrativt arbeid og då vert det samla sett neppe noko innsparing.

1.	Namn på utgreiingsoppdraget 32: Næring: Kunnskap - satsing i verdiskapingsplanen
2.	Kort omtale av utgreiinga (ev. med sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane) Utgreiinga peikar på at det er få utgiftspostar som er relevante; Grunnfinansiering av Vestlandsforskning og driftsfinansiering for 1/3 stilling av fylkesrepresentanten for NFR kan takast vekk. Analyser av bu- og arbeidsområde kan finansierast med statlege 551 midlar (Regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet) og til ein viss grad erstatte analysekostnader i samferdslesektoren. Dersom Næringsavdelinga skal spare stillingsressursar er det mogeleg å spare 1/3 årsverk ved å ta vekk heile ambisjonar. Arbeidet med rekruttering, attraktivitet og omdømmebygging er den ambisjonen som peikar seg ut for å bli teken vekk i frå kunnskapssatsinga. (Om fylkeskommunen elles kan legge vekk arbeidsfeltet er ikkje vurdert)
3.	Økonomisk innsparingspotensiale Driftsutgifter – ekstern finansiering: kr 1.200.000, gjeld grunnløyving Vestlandsforskning og del av stilling i Norges Forskningsråd
4.	Administrativt innsparingspotensiale Personell i næringsavdelinga: 33% stilling
5.	Drøftingsdimensjonane sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane
	<i>Kvalitet i vidareførte oppgåver:</i> Kvalitet føreset ein aktiv eigar av satsinga og med kapasitet til å følgje opp utviklingsarbeidet. Med mindre stillingsressursar må vi prioritere satsing mot bestemte målgrupper (bransjesatsingane) og aktivitet med direkte effekt
	<i>Oppgåve- og ansvarsdeling:</i> Ikkje relevant
	<i>Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:</i> Regionutviding er ein strategi i ei kunnskapssatsing. Vi vil tape i konkurransen om å vere ein konkurransedyktig region for bedrifter og for rekruttering av kvalifisert personell dersom vi ikkje brukar ressursar på temaet.
	<i>Rolle i den regionale partnarskapen:</i> Vi vert mindre attraktiv i rolla som leiar av partnarskapen og mindre attraktiv for nasjonale utviklingsaktørar som SIVA, IN, Forskningsrådet m.m.
	<i>Langsiktige avgjerder:</i> Satsinga kunnskap handlar om å legge langsiktige kunnskapsstrategiar.
	<i>Alternative finansieringskjelder:</i> Få (ingen) alternative finansieringskjelder. Større kommunar med reelt auka rammer kan utføre nokre oppgåver. Dette er speulasjonar.
6.	Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til arbeidsfeltet (tenesteområdet) Konkurransedyktige regionar for framtida må stadig utvikle kunnskapsinfrastruktur inklusiv evna til effektiv kunnskapsdeling. Utgreiingsoppdrag innan opplæringssektoren (fagskulen og vidaregåande opplæring) vil også kunne påverke ei kunnskapssatsing. Fylkeskommunen har eit unyttige potensiale i å bruke utdanning som verkemiddel for regional utvikling
7.	Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar Fagskulen som del av eit meir ambisiøst campus i Førde

1 Innleiing - utgreiingsoppdrag KUNNSKAP

Ei utgreiing om næringsavdelinga si satsing på kunnskap handlar om:

- Ambisjonane i satsinga og dermed trong for fast tilsett personell
- Tre konkrete ambisjonar som er viktige å drøfte:
 - Partnarskapen har ført opp temaet vidaregåande skular som kompetansesenter i samarbeid med høgskule / andre kompetansmiljø som prioritert tema der næringsforum ønskjer å sjå resultat i 2018. Denne ambisjonen vedkjem framlegg om kutt innan vidaregåande opplæring og for fagskulen.
 - Fylkeskommunen sine ambisjonar for å utvikle vårt nære forskingsmiljø og utdanning på høgskule- og fagskulenivå.
 - Fylkeskommunen har gjennom KS invitert kommunane til å prioritere omdømmebygging / attraktivitet som eit element i rekrutteringsarbeidet i fylket. Tanken er at arbeids- og næringslivet skal få tak i ny kunnskap gjennom rekruttering. Denne ambisjonen inneber at vi må prioritere personell til arbeidet

Sidan utgreiinga naturleg nok må handle mest om innsparing på personalsida, er det naturleg å vurdere arbeidsmåte for å nå utviklingsmål. Hovudpoenget er at utviklingsmidlar knytt til arbeid som gir indirekte effektar føreset proaktivt administrativt engasjement ut over sjølve verkemiddel- forvaltninga. Tilrettelegging krev ein «eigar» som følgjer opp.

2 Hovudvurdering

Analyse / rådande tenking

Avansert kunnskap er ein nøkkel for verdiskapingsarbeidet; ikkje minst den delen av verdiskapingsarbeidet som skal vere levedyktig i ein hard internasjonal kommersiell konkurranse i framtida.

Vi ser to rådande strategiar for kunnskapsdeling:

- Partnarskapen samarbeider om effektiv kunnskapsdeling (Dette er rådande europeisk tenking; jf. «trippel helix»-tenkinga og planleggingskonseptet i EU «smart spesialisering»).
- Marknaden tek seg av kunnskapsdelinga. Det offentlege bygger infrastruktur (også kunnskapsinfrastruktur for forskning og undervisning. Vår vurdering: Tenking om at kunnskapsdeling «gir seg sjølv» er vektlagt stadig mindre i fagfora (men er enno del av offentleg debatt).

Økonomiske driftstilskot:

Dette avsnittet handlar om fylkeskommunen sine egne midlar (Ikkje 551-midlane).

- Vi svekker Vestlandsforskning sitt høve til å drive eigenutvikling og til å vere partner for fylkeskommunen dersom vi tek vekk grunnløyvinga. Kr 800.000 pr år er likevel mogeleg å spare heilt eller delvis.
- Vi risikerer at Noregs Forskingsråd let eit nabofylke ta ansvar for sin lokale representasjon i Sogn og Fjordane dersom vi avsluttar spleiselaget der fylkeskommunen finansierer 1/3 av stillinga. Kr 400.000 pr år er likevel mogeleg å spare (summen er oppjustert etter skjønn frå kr 375.000 pr år no).

Utvikling av bu- og arbeidsområde

I mandatet er det nemnt aktivitet for regionforstørring som strategi for utvikling av kunnskapssamfunnet (ref verdiskapingsplanen kap 6.4.2). Vi vurderer at nødvendig arbeid ikkje kan prioriterast ned. Analysearbeid knytt til samfunnsverknader kan utførast med 551-midlar. I tilfelle kan dette år om anna spare midlar på samferdslebudsjettet (Dette vert ikkje innsparing av fast årleg utgift.) Spørsmål om investering og drift kjem ikkje inn på næringsbudsjettet.

Administrativt tilsette i næringsavdelinga:

Dersom vi skal kutte stillingar i næringsavdelinga innan satsinga kunnskap, er det heile oppgåver som må prioriterast vekk:

- Skal vi skjære ned på arbeidskapasiteten, bør vi generelt:
 - Prioritere bransjesatsingar framfor bransjeovergripande arbeid
 - Direkte bedriftsretta arbeid framfor arbeid med meir indirekte verknad
- Rekrutteringsarbeid (Lite arbeidskapasitet brukt i dag)
 - Rekrutteringsarbeid gjennom omdømmebygging og attraktivitet gir svært indirekte effekt. Vi kan prioritere dette ned eller føresetje at vår innsats krev at kommunane aktivt prioriterer arbeidet utan vår hjelp.
 - Vi kan signalisere at framtidig driftsstøtte til Framtidsfylket AS ikkje vil komme etter at «rekomp»-midlane er brukte opp. (Drift kan ikkje takast frå 551-midlane)
- Vi kan gå ut av ulike styre; Kunnskapsparken, næringshagar (observatør i dag), GMU, Njøs næringsutvikling o.l.
- Næringshagearbeidet kan overførast til kommunane gitt at det vert større kommunar
- Skulane som kompetansesenter. (Sjå punkt nedanfor som frårår slik nedprioritering.)

Område der det er vanskeleg å sjå at arbeidsmengda kan gå ned

Arbeid med FoU og Innovasjon saman med NFR, SIVA og Innovasjon Norge:

Forskningsrådet har ein regional agenda som krev fylkeskommunalt engasjement. VRI-programmet vil bli følgt opp med nye program. Regionalt forskingsfond vert vurdert som vellukka. Det er koplingar til KMD sine midlar til omstilling, til Innovasjon Noreg sine satsingar Fram, Nettverksprogrammet, Arena og NCE/GCE og SIVA sine næringshagar, inkubatorar og kunnskapsparkar. Ingen teikn tyder på at dette arbeidet vert redusert. Fylkeskommunen må ha kapasitet til å delta aktivt.

Å få impulsar / kunnskap gjennom internasjonalt arbeid:

Dette arbeidet er på eit minimum. Deltok vi mindre enn i dag, vert vi framandgjorde i høve nasjonal politikktutvikling og vi avstår frå arenaer der vi får impulsar til nytenking.

Ambisjonar der vi ikkje bør kutte og heller gi gass

Vi bør ikkje gjere kutt som hindrar fylkeskommunen i å utvikle *vidaregåande opplæring og fagskuleutdanninga som kompetansesenter for arbeidslivet*. Dette krev meir personell frå sentraladministrasjonen enn det vi brukar i dag. Vårt overslag er at fylkeskommunen treng ei heil stilling iallfall i ein 6-årsperiode. Denne kan prosjektfinansierast i 3 år, men må deretter bli ei fast 100% stilling i sentraladministrasjonen i påfølgjande 3 år før stillinga evt kan kombinerast med andre oppgåver.

Vi må vri innsatsen frå tradisjonelle næringar til dei ekspansive tenesteytande næringane. Dette krev meir arbeidsinnsats; kanskje først og fremst i Innovasjon Norge, men også innan den tilrettelegginga fylkeskommunen har ansvar for.

Konklusjon:


Det kan i beste fall sparast 1/3 årsverk i NA ved at fylkeskommunen reduserer ambisjonsnivå.

Vi kan spare driftstilskotet (grunnløyvinga) til Vestlandsforskning, og til Noregs forskingsråd på i alt kr 1.200.000 årleg

1. Namn på utgreiingsoppdraget	
34: Reiseliv	
2. Kort omtale av utgreiinga (ev. med sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)	
<p>Det har dei seinare åra vore brei politisk semje om at ein skal arbeide med utvikling av reiselivet i Sogn og Fjordane. Det offentlege satsar på reiseliv fordi 1)overrislingseffektane gir omsetning i mange bransjar, 2)reiselivsaktivitet sikrar eit akseptabelt sørvisnivå i bygder som elles ikkje hadde hatt slikt, og 3)det offentlege er sjølv aktør med infrastruktur, vertskapsansvar.</p> <p>I reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010 – 2025 er det definert mange målsetjingar. Vi har relativt god måloppnåing på auka verdiskaping, vinterturisme, men slit sterkt med internasjonale gjestedøgn og tal arbeidsplassar i reiselivet. Det siste gjeld grovt sett alle regionar utanom Bergen, og er vorte eit by/landfenomen.</p> <p>Om fylkeskommunen skal halde fram med avtalene sine med destinasjonsselskapa og Fjord Norge AS, må vurderast utifrå nasjonal og internasjonal utvikling, saman med resultat, måloppnåing og effektar av verkemiddelbruken.</p> <p>Når det gjeld oppfølging av reiselivsplanen og verdiskapingsplanen, så bør målsetjingane ligge fast. Framtidig organisering av reiselivsorganisasjonane og kjøp av tenester, bør også vere gjenstand for vurdering. Målet må vere å få sterke og effektive organisasjonar med konkurransekraft og evne til spesialisering, som kan nå opp i kampen om private, regionale, nasjonale og internasjonale midlar. Desse kan i sin tur føre til betre måloppnåing og nyttige samfunnseffektar i fylket.</p> <p>Arbeidsdelinga mellom fylkeskommunen og Innovasjon Norge kan vere som før.</p> <p>Ei nedskjering av støtta til utvikling av reiselivet i fylket, vil ha mange uheldige konsekvensar. Fylkeskommunen delfinansierer i dag mange former for tiltak, som marknadsføring nasjonalt og internasjonalt, produktutvikling og lokalt og regionalt, og ikkje minst ikkje-kommersiell fysisk infrastruktur. Det er slikt som er naudsynt for turisme, som stiar, klatrestiar, toalett, gjestehamner, skilting, etc, som ingen andre vil ta seg råd å betale fullt ut. Når vi i dag slit med å nå viktige mål i reiselivet i fylket, så trur vi at det skuldast at vi har brukt alt for lite midlar på fellestiltak, produktutvikling, bedriftsutvikling etc. Nedskjeringar vil føre til at situasjonen vil bli forverra, og viktig kompetanse kan gå tapt. Reiselivsbudsjettet har ikkje vore på eit så lågt nivå sidan 1990-talet, og var inntil for nokre år sidan dobbelt så stort. Sjølv då var det ei negativ utvikling i høve fleire målsetjingar.</p>	
3. Økonomisk innsparingspotensiale	5,5 mill kr
4. Administrativt innsparingspotensiale	75% stilling
5. Drøftingsdimensjonane sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane	
<i>Kvalitet i vidareførte oppgåver:</i>	Viktig: Fylkeskommunen fråverande i reiselivsutviklinga. Fjord Norge AS sterkt redusert eller avvikla, som igjen fører til redusert innsats i internasjonal marknadsføring. Reduserte destinasjonsselskap.
<i>Oppgåve- og ansvarsdeling:</i>	Viktig. Fylkeskommunen er eit koordinerande ledd i ei fragmentert næring
<i>Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:</i>	Mindre viktig. Reiseliv held oppe det generelle sørvisnivået i mange småsamfunn
<i>Rolle i den regionale partnerskapen:</i>	Viktig: Sterkt redusert som følgje av manglande ressursar
<i>Langsiktige avgjerder:</i>	Reiselivsplanen må stå ved lag
<i>Alternative finansieringskjelder:</i>	Private, nasjonale, internasjonale
6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet	Alt som er viktig står i reiselivsplanen. Må forståast og brukast.
7. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar	Ingen spesielle


Supplerande grafar på dei neste sider, som grunngjeving for tilrådinga:

MÅL 1: VERDISKAPING (IN)




Figur 1 viser måloppnåing for verdiskaping fram til 2012, men me manglar data for 2013 og 2014.

MÅL 2: TAL TILSETTE I REISELIVET (IN)




Figur 2 viser manglande måloppnåing for tal tilsette i reiselivet. Her burde styringsgruppa etablert prosjekt etter 2 år med nedgang, og evt med oppfølgjande FoU-prosjekt

MÅL 3: TAL GJESTEDØGN (FK)




Figur 3 viser manglande måloppnåing for tal gjestedøgn totalt. Her burde styringsgruppa for infrastrukturprogrammet etablert tønnestav-prosjekt etter 2 år med nedgang, for å finne dei største problema. Eventuell oppfølging med FoU-prosjekt for å finne løysingar.

MÅL 4: TAL GJESTEDØGN NORSKE (FK + DEST)




Figur 4 viser manglande måloppnåing for tal norske gjestedøgn. Her bør styringsgruppa for infrastrukturprogrammet etablere prosjekt etter 2 år med nedgang, for å finne dei største problema. Eventuell oppfølging med FoU-prosjekt for å finne løysingar.


MÅL 5: UTANLANDSKE GJESTEDØGN (FK + FN)



Figur 5 og 6 viser manglende måloppnåing for tal utenlandske gjestedøgn. Her burde styringsgruppa for infrastrukturprogrammet etablere prosjekt etter 2 år med nedgang, for å finne dei største problema. Eventuell oppfølging med FoU-prosjekt for å finne løysingar. Her kan ein også vise til grafen under, som viser situasjonen for Vestlandet og Fjord Norge. Når nedgangen varer lenge, så må ein stoppe opp og finne ut kvifor, og kome med mottiltak.



MÅL 6: VINTERTURISME(FLEIRE)



Figur 7 viser bra måloppnåing på vinterturisme. Her ser ein at dei utanlandske gjestene utgjer ein svært liten del. Det opphavlege målet gjeld for perioden oktober til april, men det var litt vanskar med å skaffe data for denne perioden.

1. Namn på utgreiingsoppdraget	
35: Næring: Sjømatnæringane	
2. Kort omtale av utgreiinga (ev. med sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)	
<ul style="list-style-type: none"> Fylkeskommunen sin rolle som tilretteleggar for marine messer (Aqua-Nor/Nor-Fishing) er ein viktig arena for næringa og bidreg til å synleggjere fylket sitt mangfaldige næringsliv. Fylkeskommunen har ei finansiell utløysande rolle i arbeidet med marine rekrutteringsleirar. Auka aktivitet i internasjonale program og prosjekt kan bidra til å styrke politisk og administrative nettverk samt vere ein «ny» finansiell arena. Vidare utgreiing er bør gjennomførast. Verdiskapingsplanen – Sjømatnæringar: gjennomføre ei mindre omfattande oppfølging av planen? Vi bør samle alle administrasjonen sine oppgåver innan marin forvaltning til ei faggruppe. <p>Det finst ei oppsummering for kvar av utgreiingane (sjå detaljar i vedlagde dokument). Dette skjemaet er berre ei oppsummering av hovudpunkta.</p>	
3. Økonomisk innsparingspotensial	
<ul style="list-style-type: none"> Potensial til å spare i snitt 300 000 kr pr år ved å avslutte fylkeskommunen sitt engasjement som tilretteleggar for fellesstand for marint næringsliv. Kan spare 220 000 kr pr år ved å ikkje arrangere marine rekrutteringsleirar. Auka aktivitet innan internasjonalt arbeid kan ev utløyse inntekter. Her bør ein gjennomføre ei meir grundig utgreiing. 	
4. Administrativt innsparingspotensial	
<p>Å samle oppgåver innan marin næringsutvikling vil bidra til å styrke fylkeskommunen sin marine forvaltingskompetanse, og vil gje mindre fragmentert oppgåvefordeling innan eigen administrasjon. Ved å ikkje handsame hotellbookingar for bedrifter under marine messer: 2 vekeverk i året. Marine rekrutteringsleirar krev ikkje ressursar frå administrasjonen. Dersom fylkeskommunen ikkje makter å gjennomføre deler av Verdiskapingsplanen slik føreset, må ein rigge ned administrativ organisering på denne delen slik at denne ikkje vert overdimensjonert (leiar, koordinatorar, programleiing, næringsforum, sekretariat). Dette vil kunne spare 4-5 vekeverk. Desse kan i staden for nyttast til å gjennomføre tiltak. Totalt innsparingspotensial 20% stilling.</p>	
5. Drøftingsdimensjonane sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane	
<i>Kvalitet i vidareførte oppgåver:</i>	Ved å kutte messer og rekrutteringsleirar vil dette verte oppfatta som redusert kvalitet på våre tilbod, og eit fråver frå desse næringane.
<i>Oppgåve- og ansvarsdeling:</i>	Små deloppgåver kan overførast frå PSA til marin gruppe på NA. Mange oppgåvene vert utført av andre aktørar med NA som bestillar.
<i>Funksjonelle bu- og arb.markn.regionar:</i>	
<i>Rolle i den regionale partnarskapen:</i>	Fylkeskommunen vil verte mindre attraktive som partner.
<i>Langsiktige avgjerder:</i>	Mange av tiltaka er av langsiktig karakter og godt innarbeidd der SFFK får positive tilbakemeldingar
<i>Alternative finansieringskjelder:</i>	Vår finansiering har utløysande effekt på tiltaka, og ein viktig del i allereie eksisterande «spleiselag».
6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet	
Samle kompetanse, meir ryddig fordeling av oppgåver.	

7. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

Avklare ambisjonsnivå med tanke på internasjonal satsing.

Nærare utgreiingar av: Sjømatnæringane

Utgreiingsoppdrag:

Fylkeskommunen si rolle som tilretteleggar for marine messer (Aqua-Nor/Nor-Fishing)

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. med sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

I meir enn 10 år har fylkeskommunen vore initiativtakar til felles stand for fiskeriaktørar frå Sogn og Fjordane (fiskerimessa Nor-Fishing) og akvakulturaktørar frå Vestlandet (med særskilt fokus på aktørar frå eige fylke, gjeld akvakulturmesssa Aqua-Nor). Standane er utforma og marknadsført som ein møteplass, ikkje berre for bedrifter som deltek med leige av areal, men også for alle andre som høyrer til i fylket og som er innom messene. Messene er nok det viktigaste nasjonale og internasjonale møtepunkt for marine næringar, ein plass der «alle» er til stades.

Grunna fylkeskommunen sitt langvarige engasjement har vi i dag ein særst attraktiv plassering i Hall D. Denne plasseringa er knytt til fylkeskommunen som leigetakar.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Om ein ikkje gjennomfører messene, kan det sparast omlag kr. 450 000 kr for Nor-Fishing og kr. 250 000 for Aqua-Nor. Gjennomsnittleg kr. 350 000 pr år.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Ved å ikkje ta på seg hotellbookingar for bedriftene: 2 vekeverk i året.

Lite administrativt å spare ved å droppe Aqua-Nor.

Tre vekeverk å spare ved å droppe Nor-Fishing, næringa vil misse si plassering i den mest attraktive hallen å marknadsføre seg i - og ein viktig møteplass.

5. Drøftingsdimensjonane sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

Kvalitet i vidareførte oppgåver: Marine næringar misser eit godt innarbeidd tilbod i ein særst attraktiv utstillingshall.

Rolle i den regionale partnerskapen: Tilretteleggar.

Alternative finansieringskjelder: Vår finansiering har utløysande effekt, og det vert ingen fellesstand utan vår delfinansiering.

6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

Tilrettelegging av deltaking frå «våre» bedrifter på messer er ein del av vår rolle som arenabyggar

Utgreiingsoppdrag:

Fylkeskommunen sin rolle i arbeidet med marine rekrutteringsleirar

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. med sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

I om lag 15 år har fylkeskommunen hatt eit samarbeide med Opplæringskontoret for fiskeri- og havbruksfag (OKFH) og bedrifter innan fiskeri- og havbruksnæringa om å arrangere rekrutteringsleirer for elevar frå 10. klasse i fylket. Dette har vore eit populært tiltak og dei siste tre åra har det vore ei så stor auke i tal elevar som melder seg på at mange ikkje får plass. Vi arrangerer ein leir for jenter og ein for gutar, og elevane er innkvarterte på «Skulebas» under sin tur langs kysten.

Sjølve arbeidet med planlegging, utlysing, gjennomgang av søknadane, gjennomføring av leirane og etterarbeid vert utført av OKFH som gjer ein framifrå jobb med dette.

Rekruttering er eit av satsingsområda under sjømatnæringar i Verdiskapingsplanen.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Å droppe leirane vil spare kr. 220 000 pr år (50 % av totalbudsjettet). Men dette er eit viktig element i rekrutteringa som vert arbeidd med i Verdiskapingsplanen.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Tek ikkje ressursar frå administrasjonen.

5. Drøftingsdimensjonane sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

Kvalitet i vidareførte oppgåver:	Kvalitet i opplysnings- og rekrutteringsarbeidet vil forringast om tilbodet vert fjerna.
Oppgåve- og ansvarsdeling:	OKFH er utførande part i samarbeidet.
Alternative finansieringskjelder:	Kan invitere næringa til delfinansiering, men dette vil då krevje auka administrative ressursar i å få på plass og følgje opp.

6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

Rekruttering er ein viktig del av arbeidet med Verdiskapingsplanen.

Bakgrunn: Fylkeskommunen sin rolle i arbeidet med marine rekrutteringsleirar

2. Kort omtale av utgreiinga

I om lag 15 år har fylkeskommunen hatt eit samarbeide med Opplæringskontoret for fiskeri- og havbruksfag (OKFH) og bedrifter innan fiskeri- og havbruksnæringa om å arrangere rekrutteringsleirer for elevar frå 10. klasse i fylket. Dette har vore eit populært tiltak og dei siste tre åra har det vore ei så stor auke i tal elevar som melder seg på mange ikkje får plass. Vi arrangerer ein leir for jenter og ein for gutar, og elevane er innkvarterte på «Skulebas» under sin tur langs kysten.

Opplegget med rekrutteringsleirar er kopiert av fleire fylker og kommunar langs kysten, og næringa sjølve ser dette som eit særst godt tiltak. Næringa sin innsats er å ta i mot elevane, fortelje om bedrifta, synleggjere spanande og interessante jobbar innan mange fagdisiplinernæringa, kva kompetanse dei treng og servere mat/drikke.

Sjølve arbeidet med planlegging, utlysing, gjennomgang av søknadane, gjennomføring av leirane og etterarbeid vert i all hovudsak utført av OKFH som gjer ein framifrå jobb med dette.

Rekruttering er eit av satsingsområda under sjømatnæringar i Verdiskapingsplanen. Leirane er også retta mot elevar som skal over i vidaregåande opplæring, og kunnskapen dei får med seg inn i dette kan bidra til at dei veljar meir allsidige utdanningsvegar, i tråd med det næringa treng. Det har vore gjort nokre forsøk frå OKFH på å finne ut om leirane har ein direkte effekt på elvene sine val, og det *har vore* enkeltelevar som har vald «marin» vidaregåande opplæring etter leiren.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Kostnadane ligg totalt på 400-440 000 kr pr år (for begge leirane) og vert delt likt mellom fylkeskommunen og OKFH. Summen har vore konstant gjennom fleire år. Dersom vi veljar å ikkje fortsette med leirane, vil vi kunne spare om lag kr 200 000 pr år.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Dette tiltaket krev minimal administrasjon frå fylkeskommunen sin side.

Rolle i den regionale partnerskapen

Rekruttering er prioritert område i Verdiskapingsplanen og eit tiltak som vi og OKFH ynskjer å fortsette med.

Alternative finansieringskjelder:

Ein kan sjå føre seg at ein utfordrar næringa på å finansiere fylkeskommunen sin del av kostandane til gjennomføringa av leiarane. Dette vil fordre ein god del meir administrativt arbeid av oss. Ikkje lett å sjå kor stor totalt innsparingspotensiale er.

Konklusjon: Totalt vil det truleg vere lite og hente her. Dette har vore eit særst vellukka tiltak gjennom mange år, og eit godt samarbeide mellom OKFH, næringa og fylkeskommunen.

Utgreiingsoppdrag:

Kan auka aktivitet i internasjonale program og prosjekt bidra til å styrke politisk og administrative nettverk samt vere ein «ny» finansiell arena?

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. med sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Verdien av å auke internasjonal aktivitet gjeld i prinsippet ikkje berre sjømatnæringane. Fylkeskommunen har vedteke ein internasjonal strategi 2014-2017 som bør følgjast opp. Vi nyttar i dag så lite administrative og politiske ressursar at vi ikkje makter å ta ut ein gevinst (kunnskapsmessig, kvalitetsmessig, netteveksmessig og økonomisk) gjennom vårt internasjonale engasjement.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Særs vanskeleg å slå fast. Det trengst auka ressursar innan administrasjonen, dette er i første omgang auka utgifter. Om vi vil lukkast, slik som andre fylker gjer, bør desse på sikt lukkast i å finne ekstern finansiering til stillingar og finansiere auka prosjektaktivitet innan fag og tema som er viktige for Sogn og Fjordane.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Vi må auke bemanninga og engasjementet i administrasjon og politisk, før vi seinare evt. kan «hauste» økonomiske og arbeidsmessige inntekter.

5. Drøftingsdimensjonane sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

Kvalitet i vidareførte oppgåver:	Eit auke internasjonalt engasjement kan gje oss meir kunnskap, betre nettverk (administrativt, politisk), høve til å påverke EU (og andre) i saker som er viktige for fylket vårt. Vi også gjen oss eit meir overordna perspektiv, og sette politisk/administrativt arbeid inn i sin større samanheng.
Oppgåve- og ansvarsdeling:	Fylkeskommunen må kunne rådgje kommunar og næringane om moglege interessante internasjonale arenaer og prosjekt/program.
Langsiktige avgjerder:	På sikt vil det gjere fylkeskommunen meir kunnskapsrik og meir attraktiv som samarbeidspartnar.
Alternative finansieringskjelder:	Dette kan i høgste grad bidra til å fine alternative finansieringskjelder for både prosjekt og kanskje kortare engasjement innan område vi ynskjer å prioritere i ein kortare periode.

6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

Oppfølging av vedteke plan. Vidareføring av arbeidsoppgåver fylkeskommunen prioriterer i eit internasjonalt perspektiv.

7. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

Ja, her bør det gjennomførast ei meir omfattande og heilskapleg analyse på tvers av arbeidsfelt.

Utgreiingsoppdrag:

Verdiskapingsplanen – sjømatnæringar

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. med sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

To av dei tre områda under «Sjømatnæringar» har ennå ikkje starta opp. Dette er område der det er tenkt at fylkeskommunen skal ta eit leiaransvar, men så langt har vi ikkje makta å få på plass dette. (ekstern partnar Innovasjon Norge/IN har teke ansvar for tredje satsinga). Dette svekker sjølvstøtta arbeidet med gjennomføringa av planen. I tillegg er dette dårlege signal utad, mot dei næringsaktørar som var med i planfasen, og som er spente på oppfølginga.

Utifrå situasjonen må vi nå vurdere om alle programområda i Verdiskapingsplanen skal gjennomførast i full breidde, eller i ein «lettare» versjon. I så fall må det gjerast klare prioriteringar, og ansvar plasserast. Det vil ikkje vere rett å rigge eit stort «system» (med leiar, koordinatorar, programleiing, næringsforum, sekretariat) og involvere næring og kommunar dersom satsinga innan sjømat ender opp med avgrensa aktivitetar initiert og leia frå NA.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Lite. Kan vurdere om midlar til IN i større grad bør øyremerkast til oppfølging av målsetjingar som er gitt i Verdiskapingsplanen.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Dersom fylkeskommunen ikkje makter å gjennomføre deler av planen slik føreset, må ein rigge med administrativ organisering på denne delen slik at denne ikkje vert overdimensjonert (leiar, koordinatorar, programleiing, næringsforum, sekretariat). Dette vil kunne spare nokre vekeverk. Desse kan i staden for nyttast til å gjennomføre tiltak.

5. Drøftingsdimensjonane sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

Kvalitet i vidareførte oppgåver: Halde opp krav til høg kvalitet i oppgåver som vert gjennomført, og nytte ressursar til gjennomføring heller enn rapportering dersom ein ikkje får i gang program som tenkt.

Utgreiingsoppdrag:

Samle alle administrasjonen sine oppgåver innan marin forvaltning

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. med sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

I dag er ansvaret for marine forvaltningsoppgåver delt mellom to avdelinga (NA og PSA) slik at NA har tildeling av konsesjonar og lokalitetar for akvakultur og koordinering av arbeidet med taretråling medan PSA har forvaltning av fangstbar sel og uttak av skjelsand.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

I dag har fylkeskommunen ingen inntekter frå dette arbeidet.

Ved konsesjonsbehandling av akvakultursøknadar betaler brukarane eit sakshandsamargebyr på kr. 12 000, men dette går inn til statskassa.

4. Administrativt innsparingspotensiale

NA har ei arbeidsgruppe som arbeider med marin næringsutvikling, her under marin forvaltning. Det vil vere naturleg å samle alt arbeid som inneber marin forvaltning til denne gruppa. Dette vil bidra til å styrke fylkeskommunen sin marine forvaltningskompetanse, og vil gje mindre frekvensert oppgåvefordeling innan eigen administrasjon. Tre vekeverk med dagens aktivitet.

5. Drøftingsdimensjonane sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

Kvalitet i vidareførte oppgåver: Vil uansett intern organisering gje god service til brukarane

Oppgåve- og ansvarsdeling: Små deloppgåver overførast frå PSA til marin gruppe på NA

6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

Samle kompetanse, meir ryddig fordeling av oppgåver.

1.	Namn på utgreiingsoppdraget: 36: Næring: Breiband - kommunikasjonsteknologi												
2.	<p>Kort omtale av utgreiinga (ev. med sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)</p> <p>Breiband er i dag å sjå på som basis infrastruktur. Tilgang til breiband og mobil av god kvalitet og med tilstrekkeleg kapasitet er ein føresetnad for deltaking i dagens informasjonssamfunn. Regjeringa satsar på å digitalisere offentleg tenester, men overlèt til leverandørane og kommunane og byggje infrastruktur.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Avgjerande innan helse for velferdsteknologi å kunne ha same velferdsnivå i framtida som i dag • Avgjerande innan undervisning og etterutdanning, digitale læremiddel, læringsplattformer mm • Avgjerande for næringsutvikling • Ny kommunereform vil føre til større geografiske kommunar og for mange større avstand til kommunesentra. • Viktig for rekruttering og busetjing <p>Sogn og Fjordane den dårlegast breibanddekninga i Norge. Spreidd busetnad og utfordrande topologi med fjell og fjordar gjer utbygginga kostbar. Fylkestinget vedtok 17.april 2012 Strategi for breiband i Sogn og Fjordane. Målsettinga i strategien er at alle husstandar i fylket skal ha tilbod om neste generasjon breiband innan 2020.</p> <p>Vi har etablert eit godt samarbeid med kommunane. Fylkeskommunen har i dag ei rolle som bindeledd mellom Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) og kommunane. Denne modellen var mykje av bakgrunn for ei tildeling av 39,5 mill kr frå Nkom i 2014, og som gjer at vi har fått gjennomført mange større breibandprosjekt i fylket. Fylkeskommunen er prosjekteigar over for Nkom, ein modell ynskjer vidareføre. Ved å kutte denne stillingsressursen blir rådgjevingstenesta lagt ned, og kommunane må ha direkte kontakt med Nkom. IT-forum må truleg leggest ned eller redusere aktiviteten vesentleg.</p> <p>Fylkeskommunen rådgir kommunane innan ei rekke områder og arbeider med å styrke kompetansen om breibandutbygging, offentlege innkjøp og oppfølging.</p> <p>Fylkeskommunen</p> <ul style="list-style-type: none"> • søker om statlege midlar på vegne av kommunane. Utviklar og følgjer opp større fylkesprosjekt • byggjer kompetanse i og mellom kommunane (nettverk- og arenabygging) • standardiserer prosessar for gjennomføring av utbyggingsprosjekta • standardiserer anbudsdokument, kontraktdokument og tilsegnsbrev • evaluerer tilbod og deltek i forhandlingar • etablerer og følgjer opp leverandørsamarbeid <p>Vi arbeider godt og har fin framgang, men har likevel mykje arbeid framfor oss.</p>												
3.	<p>Økonomisk innsparingspotensiale</p> <p>Budsjett 2015 / Økonomiplan 2016:</p> <ul style="list-style-type: none"> • 0,5 millionar kroner til breiband og mobil (regionale utviklingsmidlar frå kommunal- og moderniseringsdepartementet, KMD-midlar). • 0,5 millionar kroner til IT-forum Sogn og Fjordane. 												
4.	<p>Administrativt innsparingspotensiale</p> <p>Ei 50% stilling i næringsavdelinga, som er prosjektfinsiert</p>												
5.	<p>Drøftingsdimensjonane sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane</p> <table border="1"> <tr> <td><i>Kvalitet i vidareførte oppgåver:</i></td> <td>Viktig, jfr avsnittet om kommunane</td> </tr> <tr> <td><i>Oppgåve- og ansvarsdeling:</i></td> <td>Viktig</td> </tr> <tr> <td><i>Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:</i></td> <td>Breiband og mobil er her ein viktig føresetnad</td> </tr> <tr> <td><i>Rolle i den regionale partnarskapen:</i></td> <td>Viktig. IT-forum har ei svært sentral koordinerande rolle og har breibandutbygging som eitt av tre satsingsområde. Nettverket og forankringa mellom offentleg sektor, næringsliv og forskingsmiljø er eit viktig konkurransefordel som ingen andre fylke har.</td> </tr> <tr> <td><i>Langsiktige avgjerder:</i></td> <td>Vi har no ei tilskotsordning som har nødvendig statsstøttegodkjenning frå ESA. Tilskotsordninga er ikkje tidsavgrensa, men vil truleg fortsette til alle har eit fullgodt breibandstilbod.</td> </tr> <tr> <td><i>Alternative finansieringskjelder:</i></td> <td>Søknadane vert vurdert ut frå seks evalueringskriterium. Lokal medfinansiering er eit viktig kriterium. Kommunane/fylkeskommunen må delfinansiere inntil 40% av den samla offentlege støtta. Søknader til Nkom får enten fullt gjennomslag eller avslag. Alternativ: Kommunane, næringsliv og innbyggjarane dekker alle kostnader</td> </tr> </table>	<i>Kvalitet i vidareførte oppgåver:</i>	Viktig, jfr avsnittet om kommunane	<i>Oppgåve- og ansvarsdeling:</i>	Viktig	<i>Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:</i>	Breiband og mobil er her ein viktig føresetnad	<i>Rolle i den regionale partnarskapen:</i>	Viktig. IT-forum har ei svært sentral koordinerande rolle og har breibandutbygging som eitt av tre satsingsområde. Nettverket og forankringa mellom offentleg sektor, næringsliv og forskingsmiljø er eit viktig konkurransefordel som ingen andre fylke har.	<i>Langsiktige avgjerder:</i>	Vi har no ei tilskotsordning som har nødvendig statsstøttegodkjenning frå ESA. Tilskotsordninga er ikkje tidsavgrensa, men vil truleg fortsette til alle har eit fullgodt breibandstilbod.	<i>Alternative finansieringskjelder:</i>	Søknadane vert vurdert ut frå seks evalueringskriterium. Lokal medfinansiering er eit viktig kriterium. Kommunane/fylkeskommunen må delfinansiere inntil 40% av den samla offentlege støtta. Søknader til Nkom får enten fullt gjennomslag eller avslag. Alternativ: Kommunane, næringsliv og innbyggjarane dekker alle kostnader
<i>Kvalitet i vidareførte oppgåver:</i>	Viktig, jfr avsnittet om kommunane												
<i>Oppgåve- og ansvarsdeling:</i>	Viktig												
<i>Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:</i>	Breiband og mobil er her ein viktig føresetnad												
<i>Rolle i den regionale partnarskapen:</i>	Viktig. IT-forum har ei svært sentral koordinerande rolle og har breibandutbygging som eitt av tre satsingsområde. Nettverket og forankringa mellom offentleg sektor, næringsliv og forskingsmiljø er eit viktig konkurransefordel som ingen andre fylke har.												
<i>Langsiktige avgjerder:</i>	Vi har no ei tilskotsordning som har nødvendig statsstøttegodkjenning frå ESA. Tilskotsordninga er ikkje tidsavgrensa, men vil truleg fortsette til alle har eit fullgodt breibandstilbod.												
<i>Alternative finansieringskjelder:</i>	Søknadane vert vurdert ut frå seks evalueringskriterium. Lokal medfinansiering er eit viktig kriterium. Kommunane/fylkeskommunen må delfinansiere inntil 40% av den samla offentlege støtta. Søknader til Nkom får enten fullt gjennomslag eller avslag. Alternativ: Kommunane, næringsliv og innbyggjarane dekker alle kostnader												

6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

7. Eventuelle behov for ytterlegare vklaringar/utgreiingar

1. Namn på utgreiingsoppdraget

37: Næring: Samla vurdering av innsatsen innan næringsutvikling

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. med sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Næringsarbeidet er styrt av satsingane i verdiskapingsplanen, og er ein viktig og synleg del av den utviklingsorienterte delen av fylkeskommunen.

Arbeidet er finansiert ved 67 mill kr frå regionale utviklingsmidlar frå kommunal- og næringsdepartementet (KMD-midlar) og ca 5 mill kr frå fylkeskommunale driftsmidlar. I tillegg har næringsavdelinga eit budsjett på 9,7 mill kr til løn og administrasjon.

Økonomisk innsparingspotensial er det vi kan hente frå fylkeskommunale driftsmidlar, men her er behov for ein del slike til midlar oppgåver som er naudsynte, men der det ikkje kan brukast fylkeskommunale midlar. Der er to måtar å vurdere den samla innsatsen: Alternativ bruk av KMD-midlar for å frigjere driftsmidlar på andre sektorar, og kutt i arbeidsområde for å realisere administrativ innsparing i form av lønskostnader. Eit døme her er midlar til omstillingsarbeid i kommunane: Dersom vi kuttar dette til 0, vil det ikkje ha effekt som kostnadsreduksjon for fylkeskommunen, sidan vi ikkje kan bruke desse midlane alternativt.

Det er gjort ein gjennomgang på avdelingane plan og samfunn og kultur, utan at der er funne oppgåver der KMD-midlar kan erstatte driftsmidlar. Det kan tenkjast at det kan nyttast KMD-midlar til prosjekt på samferdsle- og opplæringssektoren, men det er lite truleg at dette vil kunne realisere innsparing på driftsmidlar.

Ein større reduksjon i administrativ kapasitet vil gjere oss ute av stand til å forvalte KMD-midlane, og oppgåver må då kuttast. Arbeidet med å stø og utvikle kommunal næringsutvikling er ikkje utgreidd, men vi reknar dette arbeidet for å vere grunnleggande for mange av dei andre aktivitetane våre. Næringsarbeidet i fylkeskommunen blir i åra som kjem å vere «arenabyggaren», dersom vi skal fylle den rolla krevst eit minimum av økonomisk handlingsrom.

Avdelinga har eit ansvar for å kontrollere at pengane vi tek i mot frå KMD blir brukt i tråd med retningslinjene. Desse arbeidsoppgåvene er lite synlege, men tek ein god del administrativ kapasitet gjennom året, men særleg før rapporteringstidspunktet.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Ca. 0,8 million kr av fylkeskommunale driftsmidlar (grunnstønad Vestlandsforskning)

4. Administrativt innsparingspotensiale

ca. 50% stilling relatert til den økonomiske innsparinga. Dersom det skal reduserast meir, må heile område innan forvaltninga av regionale utviklingsmidlar takast vekk. Desse midlane frå KMD er øyremerkte, og kan ikkje disponerast til driftsrelaterte oppgåver.

5. Drøftingsdimensjonane sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

<i>Kvalitet i vidareførte oppgåver:</i>	Viktig
<i>Oppgåve- og ansvarsdeling:</i>	Viktig
<i>Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:</i>	Viktig
<i>Rolle i den regionale partnarskapen:</i>	Viktig
<i>Langsiktige avgjerder:</i>	Viktig
<i>Alternative finansieringskjelder:</i>	Mindre viktig

6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

Der må vere ein balanse mellom tilretteleggande tiltak (døme FoU, ulike prosjekt) og bedriftsretta tiltak (kommunale næringsfond og Innovasjon Norge).

7. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringsar/utgreiingar

Verdiskapingsplanen er styrande:

Det viktigaste verktøyet for næringsavdelinga er Regional plan for verdiskaping, «Verdiskapingsplanen», som vart vedteken i fylkestinget i juni 2014. Her er hovudområda

- Nyskaping
- Kunnskap

Ressurs- og bransjeorienterte satsingar:

- Fornybar energi
- Sjømatnæringane
- Reiseliv
- Olje og gass
- Landbruk
- Industristrategi

Dersom det må gjerast ei prioritering mellom allereie vedtekne tema, bør kriteriesettet vere arbeidsplassutvikling og innhald av kunnskapsbasert verdiskaping.

Det samla potensialet:

Sektoren Plan og næring disponerer i budsjettet for 2015 100,6 millionar. Av dette gjeld 81,7 mill næringstiltak. Det vidare notatet drøftar innsparingspotensialet i næringsavdelinga sine budsjettmidlar. Som vist seinare, gjeld 9,7 mill personell og administrative kostnader. Dette gir oss 72 mill til verkemiddel. Av dette er 67 mill henta frå øyremerka regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringdepartementet (KMD-midlar) og 5 mill henta frå fylkeskommunale driftsmidlar. Det er gjort ei vurdering av innsparingspotensialet i driftsmidlar som viser at næringsavdelinga uansett bør behalde ca 4 millionar til driftsføremål. Dette blir gjort fordi avdelinga har oppgåver som ikkje kan løysast med KMD-midlar. For desse midlane finst heilt konkrete reglar og føringar som gir rammer for kva desse kan nyttast/ikkje nyttast til.

Konklusjonen er at vi kan frigjere ca 0,8 million av driftsmidlane. Dette gir oss to område å vurdere nærare:

1. Alternativ bruk av KMD-midlar for å frigjere driftsmidlar på andre sektorar/avdelingar
2. Kutte arbeidsområde for å realisere ei administrativ innsparing i form av lønskostnader

Vedk. 1 Alternativ bruk av KMD-midlar for å frigjere driftsmidlar:

Her er det to område som er mest aktuelle, kulturavdelinga (KA) og plan- og samfunnsavdelinga (PSA). Det er gjort ei vurdering av KA der konklusjonen er at det er svært lite av deira driftsbudsjett som kan byttast ut med KMD-midlar, mest gjeld dette prosjekt vi samarbeider om allereie i dag. Når det gjeld alternativ bruk i PSA er dette allereie arbeidd mykje med i samband med budsjett 2015. Det

er fylkesdirektørane si vurdering at det ikkje finst potensial for å setje inn KMD-midlar på område der det blir nytta driftsmidlar i dag. Det kan finnast prosjekt både i opplæringsavdelinga og samferdsleavdelinga som kan finansierast med KMD-midlar, men det er i denne samanheng ikkje identifisert slike, og omfanget er truleg ikkje stort.

Vedk. 2 Kutte arbeidsområde for å realisere administrativ innsparing

I dei vidare vurderingane har vi lagt vekt på å synleggjere det administrative potensialet ved alle dei oppgåvene vi har greidd ut. Når det i oppsummeringa står at vi ikkje har innsparingspotensial, er det fordi oppgåvene blir finansierte med KMD-midlar. I same oppsett vil arbeidsressursen som blir lagt ned på området komme fram i form av %-vis stilling.

Det er viktig å merke seg at ved ei kutting i stillingsressursar der vi handsamar KMD-midlar, og desse ikkje kan nyttast alternativt, kan vi risikere å komme i ein situasjon der vi ikkje får utnytta midlane.

Kva er oppgåva?

Verdiskapingsplanen som vart vedteken av fylkestinget i juni 2014 gir hovudområda vi skal prioritere. I samband med denne er vi tydelege på at næringsavdelinga skal vere «arenabyggaren», det vil seie skape marknadsplassen mellom partar som har interesse i og nytte av eit av fagfelta. For å klare dette må vi ha eit minimum av «arenakostnader» for å ha handlingsrom. I dei fleste tilfella gjeld dette 300 – 500 tusen kroner til ulike mindre tiltak. Der er unntak, og vil vil her særleg nemne tema «nyskaping» der vi har mykje ansvar sjølv. Her vil kostnadene vere høgare, temaet er ikkje mellom ei som er utgreidde.

Tilretteleggande tiltak og bedriftsretta tiltak

Næringsavdelinga sine tiltak kan enkelt delast i to: 1) Tilretteleggande tiltak der vi må ta eit ansvar for å få tiltaket i gang, mellom anna fordi ingen private vil delta i finansieringa. Døme her er forskning og utvikling, og 2) bedriftsretta tiltak som skal hjelpe bedriftene til å følgje opp mange av dei same tiltaka i bedrift, gjerne med eigendelar. Det er nødvendig med ein viss balanse. Både kommunale næringsfond og Innovasjon Norge vert rekna som bedriftsretta tiltak.

Stillingsressursar

I kvar av utgreiingane er det sett opp ein stillingsressurs som gir berekna arbeidsmengde til dette området. Det er ikkje alle stillingane som er finansierte over driftsbudsjettet, nokre er prosjektfinansierte. Av det som er lista under, gjeld dette utgreiing 8, kommunikasjonsteknologi.

I oppsettet under står utgreiingane opplista. Der er merka økonomiske driftsmidlar som er relevante for innsparingane i SFJ 2019, lista opp saman med stillingsressurs. På dei fleste av utgreiingane står det ikkje kronesum. På alle oppdraga er ført ein stillingsprosent som er berekna per arbeidsoppgåve.

Arbeidsfelt	Økonomisk innsparingspotensial (1000 kr)	Stilling adm
36 Kommunikasjonsteknologi		<i>prosjektfinansiert</i>
32 Kunnskap	800	33 %
35 Sjømatnæringar		20 %
29 Industri		10 %
34 Reiseliv	(2000)	75 %
30 Innovasjon Norge		20 %
33 Omstillingsarbeid i kommunane		35 %
29 Energi/olje og gass		100 %
29 Landbruk		15 %
31 Kommunale næringsfond		20 %

Stillingsressursane kan ikkje takast vekk utan at dette får konsekvens for området det gjeld, og som altså er finansiert med øyremerka midlar. I vårt tilfelle er dessverre også den halve stillinga som gjeld kommunikasjonsteknologi knytt til prosjekt, og såleis ikkje ei reell innsparing.

Beløpet på reiseliv står i klamme fordi vi valde å bruke unytta midlar frå tidlegare år til å budsjettet til å gå opp for 2015 med ein rimeleg balanse mellom driftsmidlar og midlar frå KMD.

Dei andre stillingsdelane som er synleggjorde er administrativt arbeid som er naudsynt for å forvalte statlege pengar eller som er sett av til tydelege ansvarsområde utan særlege verkemiddel (energi).

Dersom vi vel å kutte stillingsressursar i den storleiken det er snakk om her, vil altså ei rekkje felt måtte leggest ned eller omfordelast til andre føremål der vi faktisk har administrative ressursar.

Tradisjonelle KMD midlar (551-60) og INU FSF (551-61)

I 2015 blir 551-60 midlane brukt i tråd med budsjett, skildra over. 551-61 midlane er delegerte til den «Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift i kommunane Flora, Førde og Sogndal (INU FSF)». I 2015 er det tildelt 41,2 millionar kroner, der vi delegerer ca 31 millionar til styret i INU FSF. Ca 1 million er brukt til administrasjon i fylkeskommunen og NHO, medan 6 millionar blir sett av til Innovasjon Norge, og 3,5 millionar er sett av til reiseliv.

Næringsavdelinga sakshandsamar kvart år eit større tal saker på vegner at styret i INU FSF som kan vere relativt komplekse. Kvaliteten på sakshandsaminga er god, men avdelinga vil ikkje vere i stand til å gjennomføre denne med særleg mindre stab og dermed fleksibilitet enn vi har no.

Konklusjon:

Sektoren var gjennom ein relativ stor reduksjon i regionale utviklingsmidlar i samband med statsbudsjettet for 2015. Der er eit svært avgrensa potensial på fylkeskommunale driftsmidlar. Dersom vi skal ha ein monaleg reduksjon i lønsmidlar, må fleire av dagens arbeidsoppgåver avviklast.

Utgreiing kollektiv - bilruter

Bakgrunn

I samband med reduserte fylkeskommunale rammer har dei ulike sektorane fått i oppdrag å greie ut innsparingspotensiale knytt til ulike tiltak. I denne utgreiinga skal vi sjå på innsparingstiltak innanfor kollektivtilbodet på land.

Som utgangspunkt for berekning av innsparingspotensiale vert det teke utgangspunkt i budsjettet for 2014.

Vi vil i denne utgreiinga synleggjere inntekts og kostnadsbiletet og kva faktorar som påverkar. Det vil verte greia ut aktuelle tiltak og konsekvensane av desse.

Ruteproduksjonen i Sogn og Fjordane

Ruteproduksjonen med bil i Sogn og Fjordane kostar om lag 355 millionar kroner å produsere. Det er om lag 95 millionar kroner i billettinntekter, slik at nettokostnaden til fylkeskommunen er om lag 260 millionar. Nettokostnaden dersom vi berre skal drive lovpålagde skuleruter vil vere på om lag 170 mill. Dersom vi berre skulle ha lovpålagde skuleruter ville den fylkeskommunale nettokostnaden vore om lag 2/3 av dagens nettokostnad.

I denne utgreiinga skal vi greie ut aktuelle kostnadsreducerande tiltak til 21 millionar kroner. Desse kutta må i hovudsak kome i dei rutene som ikkje er lovpålagde og som netto kostar omlag 90 millionar. Dersom heile kuttet skal takast innanfor den ikkje lovpålagde sektoren betyr dette eit kutt på over 25 % av nettokostnaden. Det vil difor og verte greidd ut tiltak som omhandlar skuleskyss, innanfor dei lovpålagde rammene.

Kostnads- og inntektselement i ruteproduksjonen

Kostnaden med å produsere ruter varierer frå rute til rute. Det er mange variablar som endrar seg i samband med ruteendringar.

Vognløp

For å køyre ei rute treng vi ei vogn. Ei vogn kan berre gå ei rute om gangen. Dersom vi skal ha ei rute på eit tidspunkt utan ledige vogner må vi løyse ut ei ny vogn. Kwart vognløp løyser ut ein minimumskostnad som mellom anna skal dekke dei faste kostnadane.

Skulerutene går til same klokkeslett morgon og ettermiddag. Over 90 % av vognløpa med buss, drosje og turvogn vert utløyst av skuleskyss. Vi har få og enkeltstående tilfelle der eit vognløp ikkje er involvert i skuleskyss. Dei fleste av desse tilfella knyter seg til fylkeskryssande ekspressbussar, t.d. Bergen - Lillehammer.

Sagt med andre ord: Dersom vi sluttar med all kollektivtransport, og berre konsentrerer oss om skuleskyss, vil vi likevel sitje att med over 90 % av dagens tal vogner.

Kilometer

Størstedelen av kostnadane i ruteproduksjonen kan knytast til variable kostnader. Dette er kostnader knytt til drivstoff, vedlikehald, sjåførtimar, slitasje på materiell osv. Fylkeskommunen kjøper årleg

omlag 9,5 millionar rutekilometer med buss. I tillegg kjem produksjonen utført med drosje/turvogn. Det reiser elevar med på om lag 40 % av rutekilometerane.

Kostnaden for rutekilometer varierer frå rute til rute. Til dømes køyrer ei fylkesoverskridande rute både 5 og 10 gonger lenger enn ei ordinær skulerute pr. år. I tillegg kan posisjonskøyringa for ei skulerute utgjere meir enn halvparten av køyrde kilometer fordi den går rute berre eine veg og i tillegg har posisjonskøyring til/frå skulen. Dei fylkeskryssande rutene derimot går rute begge vegar og har difor minimalt med posisjonskøyring. Samla sett betyr det at både dei faste og variable kostnadane pr. kilometer varierer avhengig av kva rute som vert køyrd.

Då rutekjøpet er anbudsutsett er det til sjuande og sist leverandørmarknaden (rutebilselskapa) som prisar ruteproduksjonen. Vi vil i denne utgreiinga legge til grunn stipulerte gjennomsnittskostnader for kvar rutekategori. Desse tala vil aldri kunne stemme heilt overeins med prisane i framtida, men er meint å skulle kunne gi eit bilete over kostnadane.

Inntekter

Dei fylkeskommunale bussrutene har årleg 95 millionar kroner i inntekter. 1/3 av desse inntektene kjem frå kommunane som betaling for billettverdien av skuleskyssen.

Billettinntektene er ei viktig finansieringskjelde for rutedrifta.

Kontraktar for rutekjøp

Bilrutekjøpet er lyst ut på anbod eller på veg til å bli det. I tabellen nedanfor er det lista opp tidsrom for dei viktigaste kontraktane for rutekjøp.

Avtale	Tidsrom	Opsjon	Omfang i kilometer
Busskontrakt Firda Billag	01.01.2010 - 20.06.2016	ingen	5 000 000
Busskontrakt Rutebilane i Bremanger	01.01.2010 - 20.06.2016	ingen	250 000
Busskontrakt Sogn Billag	01.01.2010 - 20.06.2017	ingen	3 500 000
Anbudskontrakt Nordfjord	23.06.2014 - 22.06.2022	2 år	1 600 000
Anbudskontrakt Sunnfjord	23.06.2016 - 22.06.2024	2 år	5 000 000
Anbudskontrakt Sogn	23.06.2017 - 22.06.2025	2 år	2 500 000

Rutefunksjonar

Ei bussrute kan fylle fleire funksjonar. Til dømes kan ei skulerute ta med andre reisande. Vi vil i dette avsnittet gjere greie for dei viktigaste funksjonane i rutedrifta i Sogn og Fjordane.

Skuleruter

Skulerutene går til grunnskule innan kommunen eller til næraste vidaregåande skule.

Dei fleste skulerutene går likt frå år til år. Vi har mange småruter utført med drosjer og andre småbilar som endrar seg relativt ofte. Ulike alderstrinn har ulike skyssrettar og skuletider.

6 åringar har rett på skyss dersom det er meir enn 2 kilometer mellom heim og skule. Gangavstanden til busshaldeplass/påstigningsstad skal ikkje vere over 1 kilometer. Elevar i 2. – 10. klasse har rett til skuleskyss dersom avstanden mellom heim og skule er meir enn 4 kilometer. Gangavstanden for desse elevane kan vere inntil 2 kilometer. For å ivareta desse krava må vi ha mange vogner i drift for å hente dei minste borna nær heimen. Kvar vogn vert minimalt utnytta og får årleg ein beskjeden ruteproduksjon målt i tal kilometer.

Det krev god dialog med skulane og mykje planlegging for å ha ein til ei kvar tid oppdatert og optimalisert skuleskyss. Siste åra har det vore fokusert mykje på dette, noko som har gjeve gode resultat.

I tillegg til å organisere skuleruteproduksjonen godt, har rutebilselskapa, fylkeskommunen og kommunane samarbeidd om å legge til rette /samordne skuletidene slik at vi får ein rasjonell skuleruteproduksjon. Ved slik tilrettelegging kan vi nytte same materiellet til å levere til fleire skular. Utan slik samordning ville det blitt behov for å køyre skuleruter med for eksempel 15 minutt mellomrom mange stader.

Endringar i opplæringslova med forskrifter og andre ønskje frå både grunnskulane og den vidaregåande skulen om endringar, gjer det utfordrande å vidareføre dei gode samordningane som er innarbeidd. Tett dialog mellom fylkeskommunen, kommunane og den vidaregåande skulen vert avgjerande for å få til ein samordna skuleskyss slik lovverket krev.

Vi brukar i dag noko over 200 bussar i skuleruteproduksjonen. I tillegg vert det nytta noko over 150 drosjer, turvogner og foreldreskyssar i skuleskyssen. Annan fylkeskommunal ruteproduksjon nyttar i hovudsak ledige skulebussar. Andre rutekategoriar løyser ut om lag 30 bussar som ikkje vert nytta i skuleruteproduksjon. Dette er i hovudsak fylkeskryssande ekspressruter.

Skulerutene dimensjonerer vognparken og bind over 90% av vognmateriellet vår.

Vi reknar at 2/3 av den fylkeskommunale nettokostnaden til bilrutedrift er knytt til skuleskyss.

Aktuelle innsparingstiltak

Skuleskyssen er omfattande og samansett. Ved å samarbeide godt med skulane og finjustere produksjonen kan det vere mogleg å spare 2,5 millionar kroner. Det må presiserast at kommunane og dei vidaregåande skulane er svært viktige i dette arbeidet.

Konsekvens

Å optimalisere skuleskyssen er svært arbeidskrevjande. Skuletidene til dei forskjellige skulene er i stor grad tilpassa skuleskyssen. Timetalet for dei ulike alderstrinna er i stadig endring. Fylkeskommunen og kommunane må samarbeide for framleis å ha ein rasjonell skuleskyss, til felles beste. Dei gode løysingane ligg der begge partar tilpassar seg.

Optimalisering av skulerutene kan bety lengre reiseveg og reisetid for enkelte elevar innanfor gjeldande regelverk.

Lokale ruter

Lokalrutene er dei rutene som startar og stoppar innan den same kommunen. Lokalruteproduksjonen utgjer om lag 15 % av total ruteproduksjon og har om lag 13 % av inntektene.

Nokre ruter har som funksjon å bringe reisande til og frå bygde- og kommunesenter, andre ruter har som funksjon å bringe folk til korresponderande ruter som går ut av kommunen.

Dei lokale bygderutene går i hovudsak på vekedagar. Dei fleste brukarane er personar som ikkje disponerer eigen bil.

Tilbringarruter er eit tilbod for reisande som skal vidare med eit anna transportmiddel. Rutene går gjennom bygda til og frå korrespondansepunktet. Om du kjem med ekspressbåten til Krakhella, går det buss vidare til kommunesenteret Hardbakke. Om bussen ikkje går, er du avhengig av privatskyss eller drosje. Tilbringarruter går også i helgane. Fredag og søndag, samt høgtider er ofte store reisedagar.

Ledig materiell frå skuleruteproduksjonen vert nytta til desse rutene. I tillegg utnyttar ein ledig sjåførkapasitet. På den andre sida er det låg rutefart og mykje posisjonskøyning, noko som dreg opp kostnaden pr. rutekilometer.

Trafikkgrunnlaget er ikkje alltid det beste, og mange ruter går med svakt passasjergrunnlag.

Aktuelle innsparingstiltak

Ruter eller delar av ruter med få reisande må vurderast. Dei fleste rutene har ulik trafikkbelastning på delstrekking og rutedagar. Det er viktig å finne desse forskjellane slik at ein kan ta bort det minst viktige og ta vare på det beste.

Vi kan spare 6 mill. kr på å legge ned dei svakaste rutene. Dette kan vere heile eller delar av ruter, eller enkeltdagar på ruter. Det er og mogleg å gjere om ordinære ruter til bestillingsruter.

Konsekvens

Om ein vel å legge ned ruter eller rutedagar, vil dette få konsekvens for brukarane. Den reisande må då ordne seg privat, eller leige seg drosje.

Ved å kutte i lokalrutene vil endå fleire bygder stå utan anna rutetilbod enn skuleruter. Enkeltområde som ikkje har skuleskyss vil stå utan noko form for offentleg kommunikasjon.

For dei som ikkje disponerer bil vil det bli krevjande å miste kollektivtilbodet. Det å bu utanfor tettbygd strøk vil krevje at ein klarar seg sjølv i større grad. Ein markant reduksjon i lokalrutene vil føre til at fleire eldre må flytte meir sentrumsnært. Ei styrking av serviceskyssordninga eller etablering av bestillingsruter vil kunne avbøte konsekvensane noko.

For å ha eit heilskapleg kollektivtilbod, der ein kan kome seg tilnærma heilt fram, er det viktig med lokale ruter som korresponderer med regionale og fylkeskryssande ruter. Bestillingsfunksjon på desse rutene krev meir planlegging frå brukaren si side. Likevel er det slik at det er mogleg for dei reisande å kome seg fram, sjølv om det er bestillingsfunksjon.

Regionale ruter (mellom kommunar)

Regionale ruter er fylkesinterne ruter som kryssar ei eller fleire kommunegrense. Desse rutene har mange funksjonar. Det reiser pendlarar, skulelevar, studentar og mange andre reisegrupper. Dei regionale rutene utgjør om lag 35 % av den totale kilometerproduksjonen.

Mange av desse rutene er viktige for å gi dei reisande eit tilbod om å kome seg rundt i fylket. Rutene er sett opp slik at dei korresponderer med andre ruter. På denne måten vert det eit reisetilbod på kryss og tvers i fylket.

Trafikken på dei regionale rutene varierer. Ofte har rutene mykje trafikk på delar av rutestrekka, medan andre delar har mindre trafikk.

Dersom innbyggjarane i fylket skal kunne reise internt i fylket utan å vere avhengig av bil og overnatting, er desse rutefunksjonane svært viktige:

- ∞ Kome seg til og frå større stadar i fylket på same dag - yrkedagar.
- ∞ Kome seg til og frå alle tre sjukehusa på same dag.
- ∞ Kunne dagpendle til vidaregåande skular innan ein time reisetid med buss.
- ∞ Kunne arbeidspendle til dei største stadane i fylket, t.d. Sogndal, Florø og Førde.
- ∞ Kunne vekependle til større stadar og ut av fylket (ettermiddags- og kveldsruter på fredag og søndag).
- ∞ Store reisedagar knytt til jul, påske, helgedagar, vinter og haustferie,

Aktuelle innsparingstiltak

Ved å redusere frekvens, tal dagar og delstrekkingar vil vi kunne få ei innsparing på om lag 6,5 mill. kr.

Rutefunksjonar som er mindre kritiske:

- ∞ Lite brukte ruter på strekkingar med alternative ruter.
- ∞ Gjennomgangssamband, t.d. Vadheim – Sogndal.
- ∞ Rutedagar med lite trafikk. Dx67 ruter vert t.d. reduserte til fredagsruter, eventuelt andre aktuelle vekedagar.
- ∞ Delstrekkingar med liten trafikk – korte ned ruter med lite trafikk på starten/slutten.
- ∞ Dx67 ruter med skulefunksjon vert omgjorde til skuleruter med 190 dagar

- ∞ Sommar-ruter
- ∞ Tidlegruter i helgane
- ∞ Lourdagsruter utanfor tettbygd strøk

Konsekvens

Valfridomen for den reisande til å kome seg rundt i fylket vil verte redusert. Reisebehovet for dei fleste vil bli forsøkt ivareteke, men det må påreknast meir ventetid, fleire overgangar og færre avgangar å velje mellom. Alt etter kor hardt ein vel å kutte, vil det fortsatt vere mogleg å gjennomføre dagsreiser mellom dei fleste regionsentra i fylket, men for dei fleste vil bilen vere eit betre alternativ.

Fylkeskryssande ruter

Fylkeskommunale fylkeskryssande ruter:

Fylkeskryssande ruter bind Sogn og Fjordane saman med nabofylka våre. Rutene spelar og ei viktig rolle i forhold til reiser internt i fylket.

Fylkeskommunen står for ein stor del av dei fylkeskryssande rutene. Historisk er dette ofte lokalruter på kvar side av fylkesgrensa som i si tid vart kopla saman. I dag er dei ein integrert del av ekspressbussnettet der nokre ruter er fylkeskommunale og andre ruter er kommersielle.

Sogn og Fjordane fylkeskommune produserer omlag ein million kilometer fylkeskryssande ruter (ca 11 % av fylkeskommunal ruteproduksjon). Dette er ruter med høg utnyttingsgrad av materiell og sjåfør slik at kilometerkostnaden er etter måten låg. Rutene har billettinntekter på over 15 millionar kroner.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er engasjert i ruter til Ålesund, Lillehammer og Bergen. I tillegg går det nokre sommarruter til Lom og Hol.

På ruter som fortsatt skal vere fylkeskommunale, samarbeider vi med aktuelle fylkeskommunar slik at rutedrifta er best mogleg integrert i dei fylka som rutene trafikkerer. Andre fylkeskommunar har tilsvarende ruter som går inn i vårt fylke. Ikkje alle fylkeskommunar bidreg. Til dømes bidreg ikkje Oslo og Hordaland. Oppland og Møre og Romsdal bidreg med tilsvarende produksjon.

For fleire fylkeskommunar er det utanfor kjerneaktiviteten å skulle engasjere seg i ruter utanfor eige fylke. Dei fleste fylkeskryssande rutene er avhengige av lokaltrafikk på heile strekninga, også i nabofylka. Det er krevjande å ivareta rutene i andre fylke på ein god måte. Billettprodukt, marknadsføring og korrespondansar må ivaretakast.

Det er viktig å legge til rette for desse rutene. Samarbeid med andre fylkeskommunar både med anbudsutlysning, integrering i lokal produksjon og finansiering er viktig. Vidare må staten utfordrast til å delta aktivt på alle fylkesoverskridande ruter.

Kommersielle fylkeskryssande ruter:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har alltid lagt til rette for kommersielle aktørar, slik at dei kan drive på strekningar som dei ser som kommersielt drivverdige. Kommersielle aktørar driv i dag ruter frå Sogn og Fjordane til/frå Oslo, Bergen og Trondheim.

Dei kommersielle rutene utfører ein stor tenesteproduksjon for innbyggjarane i fylket, både på reiser internt i fylket og til dei store byane i nabofylka.

Sogn og Fjordane fylkeskommune betalar ein delvis kostnadskompensasjon på 1 million kr pr. år for å sikre at dei kommersielle rutene er ein del av eit felles kollektivtilbod i fylket. Dette går på felles betalingsløyisingar, kortprodukt, rutekunngjering, korrespondansar, plassgaranti, stoppmønster osv.

Det vert ikkje synleggjort noko potensiale for kostnadsreduksjon på kommersielle fylkeskryssande ruter.

Aktuelle innsparingstiltak

Det er mogleg å justere produksjonen. Dette kan gjerast ved å kutte i frekvens eller ved å stoppe rutene i første tettstad i nabofylket. Til dømes kan Sognebussen stoppast på Voss, der dei reisande kan gå over på tog til Bergen.

Denne type tiltak kan redusere kostnadene med 4 millionar kroner.

Konsekvens

Andelen kollektivreiser på fylkeskryssande reiser er høg i Sogn og Fjordane. Passasjerinntektene finansierer ein god del av kostnadane med ruteproduksjonen. Ved å kutte i rutetilbodet vil det bli færre passasjerar. Dersom rutetilbodet vert for dårleg, finn dei reisande seg andre reisemåtar, t.d. privatbil. Dette betyr at tilskotsbehovet til dei gjenverande rutene aukar. Kutt gir fort ein negativ spiral som tvingar fram nye kutt.

Dei fylkeskryssande rutene er sårbare i forhold til endringar. Alle rutekutt og endringar er risikable i forhold til passasjer og inntektssvikt. Dei reisande vil få færre avgangar å velje mellom og det må påreknast auka ventetid og byte av transportmiddel undervegs. Enkelte rutestrekningar kan bli lagde heilt ned.

Alternativ ruteproduksjon

Bestillingsruter

Bestillingsruter vert utført med buss eller drosje/turvogn. Rutene er kunngjorde til faste tider og vert utført dersom det er passasjerar. Den reisande må sjølv ringe i forkant og bestille turen. Dette er ofte ruter med liten trafikk, men med viktige funksjonar for dei reisande. Tilførsel til andre ruter kan vere eit døme. Bestillingsrutene utgjer i dag om lag 2% av ruteproduksjonen.

Serviceskyss

Serviceskyss er ei skyssordning der ei drosje/turvogn hentar passasjerane på døra. Rutene er utarbeidde i samarbeid med kommunen og lokale lag og organisasjonar. Rutene er tiltenkt reisande som har ærend i bygde- og kommunesenter på dagtid. Reisetidene er kunngjort som ca. tider, og den reisande må melde frå dagen før om ein vil vere med. Serviceskyssen vert utført med drosje eller turvogn. Budsjettet for 2014 var på om lag 3,5 mill. kr. Det er årleg 18 000 reisande med dette tilbodet.

Serviceskyss er ikkje lovpålagt og kan reduserast / fjernast.

Avbøtande tiltak alternativ skyss

Ved eventuelle reduksjonar i lokalruter kan det vere aktuelt å erstatte enkelte ruter med bestillingsruter eller serviceskyss. På denne måten vil vi kunne redusere kostnader.

Tilrettelagt transport TT

TT tenesta er eit tilbod om drosjetransport til personar med varig forflyttingshemming på grunn av fysisk eller psykisk funksjonshemming. Tenesta er tenkt til fritidsreiser, men skal ikkje dekke reiser andre offentlege instansar har ansvar for. Tilrettelagt transport er ikkje meint å vere til erstatning for evt. manglande rutetilbod.

Fylkeskommunen deler ut TT – midlar til kommunane etter folketal. Kommunane behandlar søknadar frå brukarane og tildeler midlar til den enkelte brukar etter fylkeskommunen sine retningslinjer.

Aktuelle innsparingstiltak

TT ordninga kostar 6 millionar kroner. Ordninga er ikkje lovpålagt og kan såleis reduserast eller takast bort. Det er ikkje forslag til innsparingar på denne tenesta.

Konsekvens

Dersom det vert gjennomført kutt i denne tenesta, må personar med forflyttingshemming klare seg utan TT midlar og får dermed mindre høve til å kome seg rundt omkring.

Takstauke

Dei fylkeskommunale bussrutene har om lag 95 millionar kroner årleg i billettinntekter. 1/3 av inntektene kjem frå kommunane som betaling for skuleskyss. 2/3 er inntekter frå andre reisande. Størstedelen av billettinntektene utanom skuleskyssen kjem frå regionale og fylkeskoverskridande ruter. Desse rutene har sterk konkurranse frå privatbilen.

Takstauke utover generell prisstigning vil resultere i færre reisande. Normalt reknar ein at for kvar krone i takstauke får ein berre 50-70 øre ut av marknaden der det er alternative reisemåtar. Sjå eiga utgreiing om takst og billettinntekter.

Aktuelle innsparingstiltak

Med 95 millionar kroner i billettinntekter reknar vi at vi får auka inntektene med mellom 0,6 og 0,8 millionar kroner for kvar prosent ekstraordinær takstauke.

Konsekvens

Ekstraordinær takstauke kan gi færre reisande. Spesielt risikabelt vil dette vere på bussruter med stor konkurranseflate mot personbil.

Vurdering

Totalbudsjettet for ruteproduksjonen er på nærare 260 millionar. Den lovpålagde skuleskyssen utgjer grunnstammen i ruteproduksjonen. Utnytting av ledig materiell frå skuleruteproduksjonen og billettinntekter gjer det relativt rimeleg å produsere bussruter i tillegg til skuleruteproduksjon.

Dersom vi berre skal produsere skuleskyss, sit vi att med 2/3 av kostnadane men berre 40 % av ruteproduksjonen målt i kilometer.

I tabellen nedanfor viser vi andel rutekilometer og bussar fordelt på rutekategori:

	Andel rutekilometer	Andel bussar
Skuleruter	40 %	88 %
Lokalruter	15 %	4 %
Regionale ruter	35 %	6 %
Fylkesoverskridande ruter	10 %	2 %

I denne utgreiinga har vi synleggjort ein kostnadsreduksjon på 21 millionar. For å ivareta viktige samfunnsfunksjonar og billettinntekter er det utarbeidd aktuelle tiltak som ikkje berre inneber reine kutt. Det er og synleggjort korleis dagens rutestruktur kan reorganiserast på ein slik måte at konsekvensane knytt til kutt vert minst mogleg. Det vert t.d. synleggjort tiltak der ruter med viktige korrespondansar, men låge passasjertal, vert omgjort til bestillingsruter.

Innretninga på kutta er slik at det skal få minst mogleg konsekvens for færrast mogleg. I sum kan dette gi ei slagside der det i hovudsak vert kutta i grisgrendte strøk, medan meir (etter lokal målestokk) sentrale strøk slepp unna reduksjonar.

Rutesystemet vi har i dag er samansett og er avhengig av trafikkinntekter. Alle endringar inneber risiko. Det er risiko for at vi ikkje klarar å realisere førespegla kostnadskutt, risiko for utilsikta skadeverknader og det er risiko for at dei reisande finn seg andre reisemåtar slik at trafikkinntektene forsvinn. Dess høgare kostnadskutt , dess høgare risiko.

Rutetilbodet i Sogn og Fjordane er ikkje på same nivå som i meir tettbygde strøk, naturleg nok. Likevel har vi eit rutesystem som gjer at innbyggjarane i fylket har moglegheit til å kome seg fram i fylket, trass ventetid og overgangar.

Det er til ei kvar tid viktig å justere, optimalisere og marknadsrette rutetilbodet. Det er likevel viktig å ikkje gjere for mange og for store grep samstundes. Det er viktig å ta endringane gradvis over fleire år.

Administrative konsekvensar

Fylkeskommunal ruteproduksjon vert kjøpt hos ruteselskapa. Når bussruter vert lagde ned, får det konsekvensar for tilsette i rutebilselskapa.

Reduksjon i rutekjøpet vil i svært liten grad medføre bortfall av arbeidsoppgåver som vert utført av fylkeskommunalt tilsette. Omlegging og endring av rutene for å tilpasse produksjonen til reduserte økonomiske rammer i åra framover, vil krevje auka arbeidsinnsats med ruteplanlegging og kontraktsoppfølging i administrasjonen. Omleggingar vil og krevje prosessar opp mot brukarane, berørte kommunar og politisk leiing.

Oppsummering aktuelle tiltak

Nivå 1				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
38 Bilruter	Skuleruter	Optimalisering av skulerutene i samarbeid med kommunar og vidaregåande skular	Nødvendig med tilpassing for både kommunar, fylkeskommunen og den vidaregåande skulen	1,5
38 Bilruter	Skuleruter	Samordning av skuleskyss med færre vogner i bruk.	Lenger reisetid med omvegar/avstikkarar for ein del elevar.	1
38 Bilruter	Lokalruter, bygderuter	Legge ned/om bygderuter med få reisande	Dei relativt få reisande som blir råka må finne andre alternativ enn bygderuta.	1,5
38 Bilruter	Lokalruter, tilførselsruter	Legge ned/om tilførselsruter med få reisande	Dei relativt få reisande som blir råka må finne andre alternativ enn tilførselsruta	1,5
38 Bilruter	Regionale ruter	Reduksjon i frekvens og færre rutedagar på ruter med lite passasjerar.	Valfridomen for den reisande til å kome seg rundt i fylket vil verte redusert. Reisebehovet for dei fleste vil bli forsøkt ivareteke, men for nokre blir det meir ventetid, fleire overgangar og færre avgangar å velje mellom.	1
38 Bilruter	Fylkeskryssande ruter	Legge ned fylkeskommunale fylkeskryssande avgangar	Lågare frekvens for publikum	1,5
38 Bilruter	Takstauke buss	Ekstraordinær auke i billettprisane på 1 pst.	Prisen på reise som kostar f.eks 100 kroner vil auke til 101 kroner.	0,7
Sum nivå 1				8,7

Nivå 2				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
38 Bilruter	Lokalruter, bygderuter	Legge ned/om bygderuter med fleire reisande og viktige funksjonar	Fleire reisande som må finne andre alternativ enn bygderuta.	0,5
38 Bilruter	Lokalruter, tilførselsruter	Legge ned/om ruter med fleire reisande og viktige korrespondansar	Fleire reisande som må finne andre alternativ enn tilførselsruta.	0,5
38 Bilruter	Regionale ruter	Reduksjon i frekvens og rutedagar på fleire rutestrekningar på ordinære regionale ruter	Valfridomen for den reisande til å kome seg rundt i fylket vil verte redusert. Det må påreknast meir ventetid, fleire overgangar og færre avgangar å velje mellom.	1
38 Bilruter	Regionale ruter	Legge ned/om dagpendlarruter med lite passasjergrunnlag	Dei som blir råka må finne andre alternativ for å komme seg på jobb.	0,5
38 Bilruter	Regionale ruter	Legge ned/om vekependlarruter med lite passasjergrunnlag	Dei som blir råka må finne andre alternativ for å komme seg på til/frå pendlarbustad.	0,5
38 Bilruter	Fylkeskryssande ruter	Reduksjon i frekvens på enkelte strekningar på fylkeskommunale ruter	Dei reisande vil få færre avgangar å velje mellom og det må påreknast auka ventetid og å byte transportmiddel undervegs. Enkelte rutestrekningar kan bli lagde heilt ned.	1
38 Bilruter	Takstauke buss	Ekstraordinær auke i billettprisane på 1 pst.	Prisen på reise som kostar f.eks 101 kroner vil auke til 102 kroner.	0,7
Sum				4,7

Nivå 3				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
38 Bilruter	Lokalruter, bygderuter	Legge ned/om stor del av bygderutene	Fleire reisande som må finne andre alternativ enn bygderuta. På dette nivået er det ein del reisande med lokalrutene	1
38 Bilruter	Lokalruter, tilførselsruter	Legge ned/om stor del av tilførselsrutene	Fleire reisande som må finne andre alternativ enn tilførselsruta. På dette nivået er det ein del reisande med lokalrutene.	1
38 Bilruter	Regionale ruter	Reduksjon i frekvens og rutedagar på mange rutestrekningar på regionale ruter	Valfridomen for den reisande til å kome seg rundt i fylket vil verte redusert. Det må påreknast meir ventetid, fleire overgangar og færre avgangar å velje mellom. Rutene det her er snakk om er viktige for mange og har difor fleire passasjerar.	2
38 Bilruter	Regionale ruter	Legge ned/om dagpendlarruter med brukbart passasjergrunnlag	Dei som blir råka må finne andre alternativ for å komme seg på jobb. Rutene det her er snakk om er viktig for mange og har difor fleire passasjerar.	0,7
38 Bilruter	Regionale ruter	Legge ned/om vekependlarruter med brukbart passasjergrunnlag	Dei som blir råka må finne andre alternativ for å komme seg på til/frå pendlarbustad. Rutene det her er snakk om har ein del passasjerar.	0,7
38 Bilruter	Fylkeskryssande fylkeskommunale ruter	Redusere frekvens og vurdere å stoppe ruter på nærmaste senter i nabofylket (f.eks Voss).	På dei fylkeskryssande rutene er det flest reisande pr. rutekilometer. Ei slik omlegging vil difor råke mange. Det blir betydeleg vanskeligare å reise på tvers av fylkesgrensene.	1,5
38 Bilruter	Takstauke buss	Ekstraordinær auke i billettprisane på 1 pst.	Prisen på reise som kostar f.eks 102 kroner vil auke til 103 kroner.	0,7
Sum				7,6

Utgreiing kollektiv - Båt

Bakgrunn

I samband med reduserte fylkeskommunale rammer har dei ulike avdelingane fått i oppdrag å greie ut innsparingspotensiale knytt til ulike tiltak. I denne utgreiinga skal vi sjå på innsparingstiltak innanfor kollektivtilbodet med båt.

Som utgangspunkt for berekning av innsparingspotensiale vert det teke utgangspunkt i budsjettet for 2014.

Vi vil i denne utgreiinga synleggjere inntekts- og kostnadsbiletet og kva faktorar som påverkar. Det vil verte greia ut aktuelle tiltak og konsekvensane av desse.

Ruteproduksjonen i Sogn og Fjordane

Ruteproduksjonen med båt i Sogn og Fjordane kostar om lag 200 millionar kroner å produsere. Fylkeskommunen betalar om lag 110 millionar, kommunane og helse Førde kjøper båttjenester for om lag 5 mill kroner. Det er om lag 85 millionar kroner i billettinntekter. Over 90 % av inntektene knyter seg til ekspressbåtane til Bergen.

I denne utgreiinga skal vi greie ut aktuelle kostnadsreduserande tiltak i størrelsesorden 15 millionar kroner.

Kostnadselement

Båtrutedrifta er mindre standardisert enn til dømes buss. Størrelse på båt, type, kapasitet, bemanning, alder, fart og universell utforming er nokre av elementa som spelar inn. Med anbod er det til sjuande og sist leverandørmarknaden (trafikksekskapa) som bestemmer prisane.

Som kjøpar er det viktig å arbeide godt med krava som vert lagt inn i anbodskonkurransane. T.d. er krav om spesialiserte farty noko som driv kostnadane oppover, sidan det då kan vere færre tilbydarar.

Kontraktar for rutekjøp

Båtrutekjøpet er lyst ut på anbod. I tabellen nedanfor er det lista opp tidsrom for dei viktigaste kontraktane for rutekjøp.

Avtale	Tidsrom	Opsjon	Omfang i kilometer
Lokalbåt Lærdal, Vik og Høyanger	01.05.2012 - 30.04.2020	2 år	89 334
Lokalbåt Gulen, Solund og Askvoll	01.05.2012 - 30.04.2020	2 år	155 469
Lokalbåt Flora, Bremanger og Vågsøy	01.05.2012 - 30.04.2020	2 år	268 972
Hurtigbåt Bergen - Sogn og Fjordane	01.05.2012 - 30.04.2022	ingen	604 120
Godsbåt Bergen - Gulen, Solund og Askvoll	01.05.2012 - 30.04.2020	2 år	40 248

Rutefunksjonar

Båtrutene tener mange formål. Behovet varierer frå stad til stad. For øyar og veglause grender er båten sjølv livsnerven for innbyggjarane. På stadar med bilveg til omverda kan båtruta tene som raskaste reiseveg. Smørhamn – Florø er døme på dette.

Nokre stadar er det eit yrande liv, med tilhøyrande arbeidsruter, skuleruter og kveldsruter. Andre stadar bur det nokre få menneske, og båten kjem på bestilling inntil fire gonger i månaden.

Ei båtrute kan fylle fleire funksjonar. Til dømes kan ei skulerute ta med andre reisande. Vi vil i dette avsnittet gjere greie for dei viktigaste funksjonane i rutedrifta i Sogn og Fjordane.

Skuleruter

Skulerutene går til grunnskule innan kommunen eller til vidaregåande skule i kommunen / nabokommunen. Der det er nødvendig vert det nytta tilbringarskyss på land.

Skuleskyss utgjer størstedelen av kostnadene i båt drifta. Likevel er ikkje skuleskyssen like dominerande for båt drifta som den er for bussdrifta. Stader utan vegsamband har behov for fleire ruter enn berre skuleruter. På landsida er det mange område som berre har skuleruter.

Aktuelle innsparringstiltak skuleskyss

Skuleruta med vidaregåande elevar frå Solund til Mjømna, i korrespondanse med skulebåt til Austrheim vgs., har med nokre få elevar. Tal elevar varierer frå år til år men har vore minkande siste åra. Ved å legge ned denne ruta kan fylkeskommunen redusere kostnadane sine til skuleskyss med 2 millionar kroner.

Konsekvens

Dei elevane som er avhengig av denne båtruta må flytte på hybel.

Lokale ruter

Lokalrutene er dei rutene som startar og stoppar innan den same kommunen. Dei fleste rutene betener område med få eller ingen alternative reisevegar.

Nokre ruter har som funksjon å bringe reisande til og frå bygde- og kommunesenter, andre ruter har som funksjon å bringe folk til korresponderande ruter som går ut av kommunen.

På stader med mykje folk, er det sett opp både arbeidsruter og kveldsruter. På stader med mindre folk er det rutetilbod ned mot ein tur/retur for veka.

Fylkestinget vedtok i FT sak 11/2010 eit minstetilbod med båt for veglause grender:

Fylkestingsak 11/2010:

Tabell 2 : Rutetilbod avhengig av antal fastbuande.

Fastbuande langs ruta	Ruteproduksjon utan skuleskyss	Ruteproduksjon dersom skuleelevar
1 - 5	1 tur/retur pr veke	Skulerute morgon/ettermiddag
6 - 15	tur/retur 3 dagar pr veke	Skulerute morgon/ettermiddag
16 - 30	tur/retur 5 dagar pr veke	Skulerute morgon/ettermiddag
31 - 40	1 tur/retur 7 dagar pr veke	Skulerute morgon/ettermiddag + 1 tur/retur laurdag + 1 tur/retur søndag
40 +	2 tur/retur mandag - fredag + 1 tur/retur laurdag + 1 tur/retur søndag	2 tur/retur mandag - fredag inkl skuleskyss + 1 tur/retur laurdag + 1 tur/retur søndag

Med tur/retur meiner vi at passasjeren skal kunne reise frå heimen til kommunesenteret om morgonen og returnere til heimen på ettermiddagen. Rutetilbodet må vere slik at det er tilstrekkelig tid til å utføre f.eks. besøk på offentlege kontor og innkjøp av varer.

Denne modellen gir likt rutetilbod uavhengig av bustadkommune.»

Nesten alle kommunar med båtruter kjøper ekstraruter i tillegg til det fylkeskommunale minstekjøpet. Dette gjer kommunane for å syte for eit tenleg rutetilbod for innbyggjarane sine.

Aktuelle innsparingstiltak

Befolkningstala endrar seg og det er enkelte stadar mogleg å nedjustere rutetilbodet i forhold til vedtaket om fylkeskommunalt minstilbod. Ved å redusere frekvens eller legge ned/om ruter vil ein kunne spare 2 millionar kroner.

Konsekvens

Om ein vel å legge ned ruter eller rutedagar, vil dette få konsekvens for dei det gjeld. Den reisande må då ordne seg privat eller late vere å reise.

Det å bu på veglause stader vil krevje at ein klarar seg sjølv i større grad, når rutetilbodet vert redusert. T.d. kan ein markant reduksjon i lokalrutene føre til at fleire eldre må flytte meir sentrumsnært.

På sommaren er lokalrutene viktige for turistar og sommargjester. Nedjustering av lokalrutetilbodet vil ramme desse gruppene også.

Regionale ruter

Regionale ruter er fylkesinterne ruter som kryssar ei eller fleire kommunegrenser. I denne utgreiinga tenker vi spesielt på rutene Eivindvik/Mjømna – Nåra og Måløy – Smørhamn – Florø som regionale ruter.

Desse rutene utgjer ikkje nokon stor del av totalproduksjonen, men er med og bind saman kommunar langs kysten.

Desse rutene er viktige for å gi dei reisande eit tilbod om å kome seg fram i fylket. Deler av rutene har alternative reisevegar. For reisande med alternative reisevegar fungerer dei regionale rutene som snarvegar. Smørhamn – Florø og Mjømna – Nåra er døme på dette.

Trafikken på dei regionale rutene varierer. Ofte har rutene mykje trafikk på deler av rutestrekka, medan andre delar har mindre trafikk.

Aktuelle innsparingstiltak

Det er mogleg å redusere frekvens, tal dagar og delstrekningar der det er alternative omvegar. Dette vil kunne gi ei innsparing på inntil 3,5 mill. kr.

Konsekvens

Valfridomen for den reisande til å kome seg fram i fylket og ut av fylket vil verte redusert. Det vil fortsatt vere mogleg å kome seg fram, men det må påreknast meir ventetid og/eller omvegar.

Fylkeskryssande ruter

Det går 4 ekspressbåtruter mellom Sogn og Fjordane og Bergen. 2 ruter på Sogn og 2 ruter på kysten.

Desse rutene vert operert med store båtar. Gode trafikkinntekter held nettokostnaden nede for fylkeskommunen. Over 90% av billettinntektene på båt kjem frå desse 4 rutene.

Hovudruta på kysten Selje – Bergen – Selje og sommarbåten Bergen – Flåm – Bergen går i tilnærma økonomisk balanse. Sognebåten og Speilvendten får om lag like mykje tilskot kvar.

Aktuelle innsparingstiltak

Frå 1. mai 2015 vert det sett i gang eit innsparingstiltak på Sognebåten. Størrelsen vert redusert frå 190 til 147 seter. Vidare vert det propelldrift i staden for vassjet. Dette tiltaket vil redusere kostnaden med nær 5 millionar kroner pr. år.

Konsekvens

Utifrå trafikkstatistikken er det tilstrekkeleg med 147 seter. Komfortmessig vil nok dei reisande merke at båten er mindre. Vidare har propellanlegg eit anna støy- og vibrasjonsbilete.

Godsbåt

Sogn og Fjordane fylkeskommune driv ei godsbåtrute mellom Bergen og Askvoll. Formålet med ruta er å gi øysamfunna langs kysten eit hensiktsmessig tilbod om framføring av gods. Alternativet for mange øysamfunn er å få gods levert så nær som mogleg etter landevegen, for sidan å frakte det i båt siste strekka. Mange typar gods er vanskeleg å frakte i ordinære passasjerbåtar, t.d. byggevarer.

Ruta tek og med seg varer frå øysamfunna til Bergen, t.d. fisk. For mange er ruta raskaste og rimelegaste framføringsveg.

Ruta går tre dagar for veka og kostar fylkeskommunen noko over 3 mill. kr årleg.

Aktuelle innsparingstiltak

Ved å redusere tal avgangar pr. veke frå 3 til 2 vil det vere mogleg å redusere kostnaden med 1 mill. kr.

Konsekvens

For innbyggjarane som er avhengig av ruta vil ein reduksjon frå 3 til 2 avgangar i veka vere eit tilbakesteg. Spesielt for næringslivet vil det bety auka framføringstid og auka kostnader.

Takstauke båt

Det meste av billettinntektene knyter seg til dei fire ekspressbåtane. Ekstraordinær takstauke kan gi færre reisande. Sidan inntektene utgjer ein så stor del av desse rutene, er det risikabelt å rokke ved noko som kan føre til passasjersvikt.

Aktuelle innsparingstiltak

Alle produkt som har alternativ er sårbare for prisauke. Risikoen ligg i at kunden vel alternativet. Ved ekstraordinær takstauke kan vi få passasjersvikt. Graden av passasjersvikt aukar i takt med takstauken. Vanlegvis reknar vi at for kvar krone vi legg på takstane, så kan vi hente ut 50-70 øre frå marknaden. Vi reknar med at for kvar prosent takstane aukar, vil inntektene auke med om lag 0,5 millionar kroner.

Ein ekstraordinær takstauke på 3 % vil kunne gi ein inntektsauke på om lag 1,5 millionar kroner.

Konsekvens

Billettinntektene på båt knyter seg i hovudsak til dei fire ekspressane til Bergen. Ekspressbåtane har alternative reiseveggar for dei fleste med bil og buss.

Ekspressbåtane er i stor grad sjølvfinansierande. $\frac{3}{4}$ av driftskostnadane på desse båtane vert finansiert gjennom billettinntekter. Det er risikabelt å gjere tiltak som kan råke passasjertala på desse båtane.

Vurdering / Oppsummering

Båt er eit spesielt område der kvar grend har sine lokale forhold og behov. Det er vanskeleg å generalisere. Justeringar innan området krev gode prosessar og er arbeidskrevjande.

I FT sak 11/2010 vart det definert eit minstetilbod med båt til veglause grender. Dei fleste kommunane har i tillegg lagt til pengar for å få på plass sårt tiltrengte ruter, særleg på kveldstid. Kommunale rutekjøp for å styrke kollektivtilbodet, finn vi berre på båt. I denne utgreiinga tek vi ikkje til orde for å redusere minstetilbodet. Det vert likevel føreslege å plukke vekk enkelte tilbod som går utover minstetilbodet, samt ruter der det er alternative reiseveggar.

Administrative konsekvensar

Fylkeskommunal ruteproduksjon vert kjøpt hos ruteselskap. Når ruteproduksjonen vert redusert, får det konsekvensar hos det aktuelle ruteselskapet som utfører produksjonen.

Reduksjon i rutekjøpet vil ikkje redusere arbeidsomfanget som vert utført av fylkeskommunalt tilsette. Omlegging og endring av båttrutene for å tilpasse produksjonen til reduserte økonomiske rammer i åra framover, vil krevje auka arbeidsinnsats med ruteplanlegging og kontraktsoppfølging i administrasjonen. Omleggingar vil og krevje prosessar opp mot brukarane, berørte kommunar og politisk leiing.

Oppsummering aktuelle tiltak

NIVÅ 1				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
39 Kollektiv båt	Skuleruter	Ta vekk skuleskyss mellom Hardbakke og Mjømna/Austrheim for vgs. elevar frå Solund	Skuleåret 2014/2015 er det svært få elevar som nyttar denne ruta. Dei som nyttar denne ruta må flytte på hybel	2
39 Kollektiv båt	Lokalruter	Redusere rutetilbodet til minimumsnivået definert i fylkestingsak 11/10 på stader med svært få fastbuande. Redusere frekvens/ta vekk rutetilbod slik at det er tilpassa tal innbyggjarar langs ruta og reiseaktivitet.	Innbyggjarar som vert råka får færre alternative reisedagar. Redusert tilbod for turistar og sommargjester.	1
39 Kollektiv båt	Ekspressbåtane	Frå 1. mai 2015 vert det sett inn mindre båt på Sognebåten	Komfortmessig vil dei reisande merke at båten er mindre. Vidare har propellanlegg eit anna støy- og vibrasjonsbilete.	5
39 Kollektiv båt	Takstauke båt	Ekstraordinær auke i billettprisane på 1 pst.	Prisen på reise som kostar for eksempel 100 kroner vil auke til 101 kroner.	0,5
Sum nivå 1				8,5

NIVÅ 2				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
39 Kollektiv båt	Lokalruter	Redusere rutetilbodet til minimumsnivået definert i fylkestingsak 11/10 på stader med litt fleire fastbuande. Redusere frekvens/ta vekk rutetilbod slik at det er tilpassa tal innbyggjarar langs ruta og reiseaktivitet.	Innbyggjarar som vert råka får færre alternative reisedagar.	1
39 Kollektiv båt	Godsbåt	Redusere tal avgangar pr. veke frå 3 til 2	Brukarane av ruta får lengre framføringstid på gods.	1
39 Kollektiv båt	Takstauke båt	Ekstraordinær auke i billettprisane på 1 pst.	Prisen på reise som kostar f.eks. 101 kroner vil auke til 102 kroner.	0,5
Sum nivå 2				2,5

NIVÅ 3				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
39 Kollektiv båt	Regionale ruter	Gjere endringar i dei regionale rutene der det er alternative reisemåtar .	Dei som vert råka må berekne lenger reisetid. Det vil og bli nødvendig å bruke alternative transportmiddel som buss og privatbil	3,5
39 Kollektiv båt	Takstauke båt	Ekstraordinær auke i billettprisane på 1 pst.	Prisen på reise som kostar f.eks. 102 kroner vil auke til 103 kroner.	0,5
Sum nivå 3				4

Samla innsparing utgreiing nr 39 Kollektiv båt

15

Utgreiing kollektiv – Ungdomstilboda

Bakgrunn

I samband med reduserte fylkeskommunale rammer har dei ulike sektorane fått i oppdrag å greie ut innsparingspotensiale knytt til ulike tiltak. I denne utgreiinga skal vi sjå på innsparingstiltak innanfor ungdomstilboda på kollektiv.

Som utgangspunkt for berekning av innsparingspotensiale vert det teke utgangspunkt i budsjettet for 2014.

Vi vil i denne utgreiinga sjå nærare på ungdomstilboda innanfor kollektiv. Det vil verte greia ut aktuelle tiltak og konsekvensane av desse.

Oversikt over prosjekta

Fylkeskommunen har tre prosjekt som har vore sentrale i ungdomssatsinga innanfor kollektivområdet:

- ∞ Ungdomskort
- ∞ Lokale transport tilbod for ungdom
- ∞ Trygt heim for ein 50-lapp

Ungdomskort

Ungdomskort er eit tilbod til ungdom mellom 16 og 19 år. Det bur om lag 6 000 ungdomar i alderen 16 - 19 år i Sogn og Fjordane.

Ungdomane kan reise fritt på kollektive transportmiddel i Sogn og Fjordane i 30 dagar for kr 380 kroner .

Dei fleste fylkeskommunar i landet har eit tilbod om ungdomskort. Felles for dei fleste er at ordninga gjeld ungdom frå 16 til 19 år. Prisen og kva transportmiddel tilbodet gjeld på, varierer frå fylke til fylke.

I Sogn og Fjordane gjeld ungdomskortet på fylkeskommunale buss og båtruter, ferjer og kommersielle bussruter.

Økonomi

Budsjettet for 2014 var på 7,2 millionar kroner.

Det vert årleg kjøpt om lag 12 000 ungdomskortperiodar. Trafikktala er svakt synkande. Kostnaden for fylkeskommunen har gått ned siste åra. Redusert bruk er ein faktor. I tillegg er ungdomskorta no elektroniske, noko som gir mindre administrasjon hos busselskapa.

Ungdomane betalar kr 380 for 30 dagar med ungdomskort. Kvar ungdomskortperiode kostar fylkeskommunen om lag 500 kroner.

Endringar i tilbodet

Det er mogleg å auke taksten på ungdomskort. Dersom vi aukar prisen vil inntektene pr. kort auke. Samstundes vil vi få færre brukarar, slik at totalkostnaden med ungdomskort vert redusert. Nokre av dei som vel å ikkje kjøpe ungdomskort vil kunne kome tilbake som ordinært betalande, noko som aukar ordinære billettinntekter. Ein auke frå 380 til 500 vil kunne gi fylkeskommunen ei innsparing på 1,5 millionar kroner.

Ordninga med ungdomskort er ikkje lovpålagt. Dette betyr at ordninga kan avviklast. Det er soleis eit potensiale for å redusere kostnaden med 7,2 millionar kroner.

Konsekvens

Ordninga med ungdomskort er viktig for mange ungdomar. Dei som bur på hybel nyttar ungdomskortet flittig på reiser heim, og på andre reiser rundt i fylket vårt. For ungdommar langs hovudvegane eller i større sentra med godt rutetilbod er tilbodet mykje nytta til og frå fritidsaktivitetar.

Ungdomskortet gjer det mogleg for ungdom å kome seg rundt i fylket utan å vere avhengig av andre til å køyre seg med bil.

Ungdomskortet er med på å etablere gode reisevanar med kollektivtilboda blant ungdom. Ungdomskortet gir ungdomen eit trygt reisealternativ.

Dersom ein aukar prisen på ungdomskortet vil færre nytte det. Dersom ein avviklar ordninga vil ungdomen måtte betale etter vanleg takst, noko som vil redusere reiseaktiviteten med kollektivtilboda.

Lokale transporttilbod (LTU)

Lokale transporttilbod for ungdom er ei tilskotsordning der fylkeskommunen støttar trygg transport for ungdom rundt i kommunane. Kommunane søker om transportstøtte knytt til lokale tiltak. Det er stor variasjon i kva tiltak som det vert søkt om transportstøtte til. Mest vanleg er skyss til og frå ungdomsklubb, skibuss og andre tilstellingar for ungdom.

Det er lagt opp til at kommunane samlar saman søknader frå sin kommune og sender ein samlesøknad til fylkeskommunen. Det er likevel høve til å søke transportstøtte knytt til spesielle arrangement. Enkelte festivalar har t.d. fått delbidrag til å sette opp bussar.

Tiltaket er målretta, og gir ungdom eit kollektivtilbod og eit trygt reisealternativ. til tider og stadar dei sjølve prioriterer.

Økonomi

Fylkeskommunen deler ut ein million kroner kvart år til denne ordninga. I 2014 fekk 19 kommunar tildelt midlar.

Endringar i tilbodet

Tiltaket er ikkje lovpålagt og midlane kan soleis omdisponerast. Fylkeskommunen kan difor spare 1 million kroner årleg på å avvikle denne ordninga.

Konsekvens

Tiltaket er målretta mot å gi ungdom eit trygt kollektivtilbod på tidspunkt og stadar der det vert brukt. Det er kommunane og arrangørane av arrangementa som sjølve må organisere og administrere skyssane. Ordninga støttar soleis opp om lokale tiltak for ungdom.

Konsekvensen av å ta bort ordninga er at ungdom misser eit transporttilbod og sjølve må syte for transport.

Trygt heim for ein 50 lapp

Trygt heim for ein 50 lapp er ei ordning der ungdom har eit kollektivtilbod heim frå fleire større stader i fylket natt til søndag og på nokre andre store helgedagar i løpet av året, t.d. jul og påske. Turane vert utført med drosje/turvogn på vanlege reisedagar og med buss på større reisedagar på strekningar der det er behov.


Reisande under 30 år betalar 50 kr uavhengig av reiselengd. Reisande over 30 år får nytte skyssstilbodet dersom det er plass. Dei betalar 100 kr.

Tiltaket er først og fremst eit trafikktryggingstiltak der målet er å gi ungdom eit trygt reisealternativ heimatt natt til søndag. Rutene er lagt opp med faste klokkeslett og faste reiseruter. Trygt heim for ein 50 lapp er ein viktig del av trafikktryggingarbeidet i Sogn og Fjordane. Ordninga set fokus på risiko for ungdom i trafikken, spesielt knytt til helgekøyring.

Tilbudet er etablert på følgjande stader: Stryn, Eid, Sandane, Florø, Førde, Høyanger og Sogndal

Det reiser årleg om lag 6 000 passasjerar med *Trygt heim for ein 50 lapp*. I all hovudsak er dette reisande frå Førde og Sogndal. Florø, Eid og Sandane har ein del reisande. Stryn og Lærdal har få reisande. Tilbodet i Måløy, Høyanger og Årdal er ikkje nytta siste åra og er i praksis nedlagt i noverande form.

Reisetala endrar seg lokalt frå helg til helg avhengig av lokale arrangement og frå rute til rute. Det er vanskeleg å planlegge rett kapasitet til dei ulike helgane. Variasjonane aukar kostnadene med å organisere tilbudet, det reduserer og kvaliteten i forhold til rett kapasitet til ei kvar tid.



I tillegg til dei ordinære rutene vert det gjeve tilskot til oppsett av buss knytt til ulike arrangement, t.d. Malakoff og ulike russetilstellingar. Tilskotsordninga dekkjer berre ein liten del av arrangørane sine kostnader, men er med å stimulere til at det vert sett opp trygge reisealternativ. Desse tilskota varierar noko frå år til år, men ligg på om lag 200 000 kvart år.

Økonomi

Ordninga kostar årleg 1,5 millionar kroner. Med 6 000 reisande vert dette ein kostnad på 250 kroner for kvar billett.

Ordninga er ikkje lovpålagt og kan soleis avviklast heilt eller delvis. Det ligg ingen kontraktsmessige begrensingar i forhold til å ta bort tilbudet.

Endring av tilbudet

Trygt heim for ein 50-lapp er ei satsing på trafikktrygging blant ungdom over 18 år. Tiltaket starta opp med brei tverrpolitisk støtte og engasjement frå ungdom og interessegrupper med engasjement for trafikktrygging. Trafikktala har gått ned frå over 9 000 reisande i toppåret 2009, til noko over 6 000 i 2014.

Fleire ruter går med dårleg belegg. Ved å justere rutetilbodet slik at det betre treffer behovet, samt ta bort dei svakaste rutene og delstrekningane vil ein kunne redusere kostnadene med 500 000.

Eit anna tiltak for å redusere kostnader kan vere å auke prisen. Dersom prisen vert dobla vil inntektene auke med om lag 300 000 kr.

Konsekvens

Dersom ordninga *Trygt heim for ein 50 lapp* forsvinn misser ungdomen på dei aktuelle stadane eit viktig trafikktryggingstiltak og reisetilbod.

Vurdering/Oppsummering

Sogn og fjordane er eit fylke med etter måten få menneske spreidd utover eit stort område. Kollektivtilbodet for ungdom utanfor hovudvegane og regionsentra er svært avgrensa.

Det vart i åra etter tusenårsskifte satsa på fleire ungdomstilbod. Tiltaka hadde som mål å gi ungdomen eit best mogleg reisetilbod med avgrensa ressursar. I tillegg var trafikktryggleik vektlagt.

Ordningane har fungert men har med åra mista mykje av merksemda og bruken er fallande. Kostnaden knytt til det største tiltaket, Ungdomskortet, er redusert blant anna som følgje av innføring av elektronisk billettering.

Trygt heim for ein 50 lapp treng ein renesanse dersom ordninga skal vidareførast. Informasjonsarbeidet bør integrerast betre med anna trafikktryggingarbeid, t.d. Trygg Trafikk, Statens Vegvesen og politi. I tillegg bør rutene justerast for å treffe behovet best mogleg.

Ungdomstilboda er ikkje lovpålagde og kan såleis leggest ned.

Administrative konsekvensar

Ungdomstiltaka vert kjøpt hos ruteselskapa og drosjene. Når ungdomstiltak vert redusert eller lagde ned får det konsekvensar for tilsette hos desse.

Dersom alle ungdomstiltaka vert lagde ned kan samferdsleavdelinga spare 0,1 årsverk, i hovudsak arbeidsoppgåver knytte til fakturabehandling for Ungdomskortet og *Trygt heim for ein 50-lapp*. Administrative oppgåver knytte til LTU dreier seg om utlysing og behandling av søknader. Der dreier seg om 4 – 6 dagsverk årleg.

Oppsummering aktuelle tiltak

Nivå 1				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
40 Ungdomstilbod	Lokale transporttilbod for ungdom	Legge ned ordninga med overføring av LTU midlar til kommunane	Tilbodet fell vekk. Trafikktryggingstiltak som fell vekk.	1
Sum nivå 1				1

Nivå 2				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
40 Ungdomstilbod	Ungdomskort	Auke prisen på ungdomskortet frå kr 380 til kr 500.	Auke i prisen vil medføre at færre personar vel å kjøpe ungdomskort.	1,5

40 Ungdoms-tilbod	Trygt heim for ein 50 lapp	Auke prisen til 100 kroner for dei under 30 år og til 200 kroner for dei som er over 30 år.	Ordninga vert dyrare for dei reisande.	0,3
40 Ungdoms-tilbod	Trygt heim for ein 50 lapp	Ta vekk ruter som er lite brukt, marknadsføre betre dei som er igjen	Dei som har nytta seg av dette tilbodet må finne andre alternativ. Trafikktryggingstiltak for ungdom vert svekka.	0,2
Sum nivå 2				2

Nivå 3				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
40 Ungdoms-tilbod	Ungdomskort	Fjerne ordninga med ungdomskort	Ungdommane må betale studentpris for alle reisene dei gjennomfører.	5,7
40 Ungdoms-tilbod	Trygt heim for ein 50 lapp	Legge ned mindre brukte ruter i tillegg til dei som vert kutta i nivå 2.	Dei som har nytta seg av dette tilbodet må finne andre alternativ. Trafikktryggingstiltak for ungdom vert svekka.	0,3
Sum nivå 3				6

Samla innsparing

9

Utgreiing kollektiv – drift av fylkeskommunale ferjesamband

Bakgrunn

I samband med reduserte fylkeskommunale rammer har dei ulike sektorane fått i oppdrag å greie ut innsparingspotensiale knytt til ulike tiltak. I denne utgreiinga skal vi sjå på innsparingstiltak innanfor dei fylkeskommunale ferjene.

Som utgangspunkt for berekning av innsparingspotensiale vert det teke utgangspunkt i budsjettet for 2014.


Vi vil i denne utgreiinga sjå på det fylkeskommunale ferjetilbodet. Det vil verte greia ut aktuelle tiltak og konsekvensane av desse.

Ferjesambanda

Fylkeskommunen driv 6 ferjesamband. Budsjettet for 2014 var på omlag 100 millionar kroner. Budsjettramma vert styrka med 25 millionar kroner fram mot 2018 når nye avtalar på 5 av dei 6 sambanda vert fasa inn. Dette fordi prisane i dette anbudet auka kraftig.

Dei fylkeskommunale ferjesambanda hadde i 2013 billettinntekter på nærare 27 millionar kroner.

Trafikk på sambanda i personbileiningar (PBE):



- ∞ I tillegg til tala i tabellen hadde kabelferja til Hisarøy om lag 6.500 pbe. i 2014. Kabelferja starta opp i 2013 og det er for tidleg å seie noko om trafikkutvikling.

Kontraktar for rutekjøp

I tabellen nedanfor er det lista opp tidsrom for dei viktigaste kontraktane for ferjeruter.

Avtale	Tidsrom	Opsjon
Ferja Daløy - Haldorsneset	Dagens kontrakt til 31.12.2018	ingen
Ferja Rysjedalsvika - Rutledal - Krakhella	Dagens kontrakt til 31.12.2017 Ny kontrakt til 31.12.2025	2 år
Ferja Askvoll - Fure - Gjervik	Dagens kontrakt til 31.12.2015 Ny kontrakt til 31.12.2025	2 år
Ferja - Askvoll - Fure - Værlandet	Dagens kontrakt til 31.12.2015 Ny kontrakt til 31.12.2025	2 år
Ferja Måløy - Oldeide	Dagens kontrakt til 31.12.2016 Ny kontrakt til 31.12.2025	2 år
Ferja Stårheim - Isane	Dagens kontrakt til 31.12.2016 Ny kontrakt til 31.12.2025	2 år
Kabelferje Hisarøy	Dagens kontrakt til 30.04.2023	5 år

Måløy - Husevåg - Oldeide

Dette sambandet bind saman Bremanger og Vågsøy. I tillegg trafikkerer ferja Husevågøy. Sambandet fungerer både som lokalsamband og som eit gjennomgangssamband mellom ytre Nordfjord og ytre Sunnfjord. I 2014 reiste det over 100 000 personbileiningar (PBE). Andelen tunge køyrety på over 6 meter er på noko over 10 %.

Sambandet vert trafikkert av ei ferje og har 13 avgangar på vekedagane.

Trafikken over sambandet har auka jamt over ei årrekke. Truleg vil trafikken fortsetje å auke. Bremanger II legg til rette for meir gjennomgangstrafikk på sambandet.

Sambandet er viktig for dei som nyttar det. Det er alternativ omkøyring via Stårheim - Isane. Omkøyringa gir ekstra reiseveg på inntil 1 time og 15 minutt kvar veg.

Utifrå reisestatistikken ser vi at tal reisande er jamt gjennom veka, men noko høgare fredag og søndag, noko som indikerer vekependling og helgeutfart. Vidare er det ein del lastebilar med på vekedagane, men mindre i helgane.

Stårheim - Isane

Sambandet er først og fremst eit gjennomgangssamband mellom delar av Møre og nordsida av Nordfjorden til ytre Sunnfjord. Det går nærare 200 000 PBE over sambandet årleg, noko som er det doble av Måløy-Oldeide. Om lag 40 % av alle PBE på dei fylkeskommunale sambanda reiser med dette sambandet. Andelen tunge køyrety er på nærare 13% og er aukande. Trafikkutviklinga syner ein svak årleg vekst totalt på sambandet.

Stårheim - Isane vert operert med ei ferje. Sambandet har 20 avgangar dagleg i vekedagane.

Det er mogleg omkøyring både via Måløy - Oldeide og Anda - Lote. Ekstra omkøyringstid er på inntil 1 time og 15 minutt.

Askvoll - Fure - Værlandet og Askvoll - Fure - Gjervik

Dette er to trekantsamband som er operert med to ferjer. Det er årleg om lag 100 000 PBE med desse to sambanda. Andelen tungbil er om lag 7,5 % og er minkande.

Sambanda er i hovudsak å rekne som lokale samband. Trafikken over Fure har i tillegg ein funksjon på lengre reiser, då mange nyttar denne vegen sørover mot Leirvik og Bergen. Trafikken

på Askvoll sambanda er jamn over året med ein liten topp på sommaren. Trafikkutviklinga er jamt aukande.

Til øyane Værlandet/Bulandet og Atløy er det ingen andre alternative framføringsveggar, anna enn privat båt. Trafikken til og frå Fure har alternativ veg over Dalsfjordsambandet, noko som gir ein omveg på inntil 40 minutt. Trafikken til og frå Fure er merkbar redusert etter at Dalsfjordbrua vart opna.

Til Værlandet går det 5-6 daglege avgangar i vekedagane. Til Gjervik går det 21 avgangar i vekedagane. Til Fure går det 6 avgangar i vekedagane med Værlandet-ferja, og 4 avgangar med Atløy-ferja.

Rysjedalsvika – Rutledal – Losna – Krakhella

Sambandet har ein årleg PBE på om lag 60 000. Andelen bilar over 6 meter er på om lag 10%. Trafikken er stabil og svakt veksande.

Sambandet tener i hovudsak to funksjonar: Gjennomgangssamband for ytre del av Sognefjorden og tilkomst til øyane i Solund kommune.

Alternativ omkøyringsveg for gjennomgangstrafikk over Sognefjorden er Lavik – Oppedal, noko som kan gi ein omkøyringsveg på inntil ein time. Det er ingen omkøyringsveg til øyane i Solund kommune.

Sambandet vert operert med ei ferje. Det går 9 avgangar i vekedagane til Solund.

Daløy – Haldorsneset

Sambandet har ein årleg PBE på om lag 20 000. Trafikken er stabil.

Sambandet bind saman ytre del av Solund kommune med hovudøya. Alternativ reiseveg er med båt.

Sambandet vert operert med ei ferje. Talet avgangar varierer litt frå dag til dag, i vekedagane går det 16-17 avgangar for dag.

Kabelferja Mjånes – Hisarøy

Sambandet hadde ein trafikk i 2014 på om lag 6 500 pbe. Sambandet vart oppretta i 2013 og det er for tidleg å seie noko om trafikkutvikling.

Kabelferja gjev samband mellom øya Hisarøy og fastlandet. Det er ingen omkøyringsveg med bil. Det vert nytta ei elektrisk kabelferje på sambandet, noko som er unikt i Norge.

Det går 8 ordinære avgangar i vekedagane. Gulen kommune er med og finansierer fleire avgangar.

Aktuelle tiltak for å redusere kostnader på fylkesferjedrifta

Fylkesferjetilbodet er over tid tilpassa lokale forhold, fylkeskommunal økonomi og politiske prioriteringar.

Når det gjeld krav til materiell og gjennomføring av drifta på sambanda vert det nytta nasjonale standardar. Det vert ikkje i denne utgreiinga vurdert å avvike frå nasjonale standardar.

Aktuelle tiltak for å redusere kostnader er knytt til variable kostnader, i hovudsak mannskapskostnad og drivstoff. Auka brukarbetaling vert og vurdert. Aktuelle tiltak vert då:

- ∞ Ta vekk rundturar midt på dag
- ∞ Legge ned Fure ferjekai
- ∞ Takstauke
- ∞ Ta vekk siste tur på kveldstid

Rundtur midt på dag

Ved å ta bort ein rundtur midt på dag på alle dei 5 sambanda vil vi kunne redusere den fylkeskommunale kostnaden med 3 millionar kroner. Dersom vi klarar å få til eit tilstrekkeleg stort opphald midt på dag til at mannskapet kan ta fri, vil innsparinga verte noko større.

Konsekvens

På samband med høg frekvens og alternative omkøyringsvegar vil konsekvensane verte noko meir ventetid eller ein omveg, noko som er kostnadsdrivande for næringslivet og til ulempe for alle reisande på det aktuelle sambandet.

På samband med låg frekvens utan omkøyringsvegar er konsekvensane større for brukarane. Næringslivet kan få ekstrakostnadar i samband med venting på neste ferjetur. Privatpersonar må planlegge godt og må bruke meir tid knytt til reise.

Siste avgang


Ved å ta bort siste avgang på ferjesamband med alternativ omkøyringsveg vil kostnaden kunne reduserast med 2 millionar kroner.

Konsekvens

På samband med alternative omkøyringsvegar betyr dette auka tidsbruk knytt til omvegar eller den reisande må tilpasse seg dei nye tidene. Dette er ein klar reduksjon i tilbodet for alle brukarar av det aktuelle sambandet.

Fure ferjekai

Etter at Dalsfjordsambandet opna i slutten av 2013 gjekk trafikken over Fure vesentleg ned. Tal personbileiningar i 2014 var nesten halvert i forhold til tidlegare år. Sjå tabell nedanfor:



Det er tilsvarende reduksjon i tal passasjerar. Samla passasjertal for alle tre strekningane til og frå Fure var i 2013 14 245 medan det i 2014 gjekk ned til 7 120.

Aktuelle tiltak

Ved at ferjene sluttar å anløpe Fure ferjekai vil kostnaden kunne reduserast med 2 millionar kroner.

Konsekvens

Ferga til og frå Fure er fortsatt raskaste reiseveg for mange reisande, sjølv etter opninga av Dalsfjordsambandet. Dette gjeld spesielt dei som har reisemål nær Fure og nær Askvoll sentrum/øyane utanfor. Om du bur nær Fure og arbeider i Askvoll vil du få ei ekstra reisetid på omlag 30 minutt kvar veg ved å køyre Dalsfjordbrua.

Takstauke

Ved å auke takstane med inntil tre takstsoner kan billettinntektene aukast med inntil 3 mill. kroner.

Konsekvens

Fylkeskommunen nyttar det statlege ferjeregulativet. All ekstraordinær takstauke kan føre til nedgang i reisande. Spesielt på samband med alternativ omkøyringsveg.

Dersom Sogn og Fjordane fylke vel å auke takstane på ferje, betyr det at ein avvik frå eit nivå definert av staten. Dei reisande i Sogn og Fjordane må betale meir for same tenesta enn andre stader i Norge.

Vurdering/Oppsummering

Trafikken på dei fylkeskommunale sambanda er langt mindre enn dei statlege sambanda. Dette betyr lågare brukarbetaling og større offentleg del av kostnadane.

Ingen samband i Sogn og Fjordane er like. Konsekvensen av eit tiltak er ulik alt etter kva samband det gjeld. Det er krevjande å vege store konsekvensar for få, opp mot mindre konsekvensar for mange.

Det er viktig å sjå til at samfunn som er heilt avhengig av ferja har eit minimum av tilbod. På same måte er det viktig at meir trafikkerte samband har eit godt nok tilbod til at regionen kan utvikle seg på ein god måte.

Administrative konsekvensar

Fylkeskommunal ruteproduksjon vert kjøpt hos ruteselskapa. Når ruteproduksjonen vert redusert, får det konsekvensar hos det aktuelle ruteselskapet som utfører produksjonen.

Statens vegvesen administrerer ferjekontraktane som ein del av sams vegadministrasjon. Administrasjonen i fylkeskommunen bidreg med å få definert rutetilbodet som skal kjøpast. Reduksjon i rutekjøpet vil ikkje redusere arbeidsomfanget som vert utført av Statens vegvesen og administrasjonen i fylkeskommunen. Endring av ferjerutene for å tilpasse produksjonen til reduserte økonomiske rammer i åra framover, vil krevje auka arbeidsinnsats med ruteplanlegging og kontraktsoppfølging i administrasjonen. Omleggingar vil og krevje prosessar ut mot brukarane, berørte kommunar og politisk leiing.

Oppsummering av aktuelle tiltak

Nivå 1				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
41: Ferje-samband	Midt på dag ruter	Ta vekk 1 rundtur midt på dag på samband med høg frekvens og lite trafikk	Ekstra ventetid.	1

41: Ferje-samband	Legge ned Fure ferjekai	Legge ned Fure ferjekai	Ekstra reisetid for dei som har ferje til/frå Fure som raskaste reiseveg.	2
41: Ferje-samband	Endre takstmatrise ferje	Flytte alle ferjestrekningar opp ei takstsone	Persontaksten aukar med 1 -2 kroner, personbiltakstane med 6 - 7 kroner og prisen på vogntog med 20 - 26 kroner pr takstsone - alle prisar før rabatt.	1
Sum nivå 1				4

Nivå 2				
Teneste	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
41: Ferje-samband	Midt på dag ruter	Ta vekk ein eller fleire rundturar midt på dag på fleire samband	Ulempe for dei som blir råka i form av ekstra ventetid.	1
41: Ferje-samband	Endre takstmatrise ferje	Flytte alle ferjestrekningar opp ei takstsone	Persontaksten aukar med 1 -2 kroner, personbiltakstane med 6 - 7 kroner og prisen på vogntog med 20 - 26 kroner pr takstsone - alle prisar før rabatt.	1
Sum nivå 2				2

Nivå 3				
Teneste	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
41: Ferje-samband	Midt på dag ruter	Ta vekk rundtur midt på dag på samband som ikkje er redusert på nivå 1 og 2.	Ulempe for dei som blir råka i form av ekstra ventetid.	1
41: Ferje-samband	Siste rundtur	Ta vekk siste rundtur på samband med alternativ omkøyring. Redusere tal dagar med seine ferjer.	Auka tidsbruk knytt til omvegar eller den reisande må tilpasse seg dei nye tidene.	2
41: Ferje-samband	Endre takstmatrise ferje	Flytte alle ferjestrekningar opp ei takstsone	Persontaksten aukar med 1 -2 kroner, personbiltakstane med 6 - 7 kroner og prisen på vogntog med 20 - 26 kroner pr. takstsone - alle prisar før rabatt.	1
Sum nivå 3				4

Utgreiing Kollektiv Takstar/Produktportefølje/Marknadsføring

Bakgrunn

I samband med reduserte fylkeskommunale rammer har dei ulike sektorane fått i oppdrag å greie ut innsparingspotensiale knytt til ulike tiltak. I denne utgreiinga skal vi sjå på inntektssida av kollektivområdet.

Denne utgreiinga tek for seg ulike forhold knytt til billettinntekter på dei ulike rutetypane buss, båt og ferje. Økonomiske konsekvensar vil bli rekna inn i utgreiingsoppdraga om båt, buss og ferje.

Vi vil i denne utgreiinga synleggjere ulike brukargrupper, reiseprodukt, salskanalar, marknadsføring, risiko for inntektssvikt, inntektene si betydning for ulike rutestrukturar og konsekvensar av takstauke.

I kvar av utgreiingane buss, båt og ferje vert inntektssida omtalt. I denne utgreiinga går vi litt djupare i temaet, slik at det ikkje er naudsynt å ta ting oppatt fleire gonger. Dei andre utgreiingane vil vise til denne utgreiinga der det er aktuelt.

Billettinntekter

Dei fylkeskommunale rutene med buss, båt og ferje har årleg billettinntekter på om lag 210 millionar kroner. Mesteparten av desse inntektene knyter seg til langruter og regionale ruter med buss og båt. Dei fire ekspressbåtane mellom Sogn og Fjordane og Bergen tek åleine inn om lag 80 millionar kroner.

Billettinntektene er ei viktig finansieringskjelde. Utan desse inntektene ville det vore vanskeleg å oppretthalde dagens rutestruktur.

Brukargrupper og rutetypar

Vi har mange kategoriar reisande, og målet med reisa varierer.

Skuleruter

Skulerutene er lovpålagde. I tillegg til elevar er det og med andre reisande. Omfanget av skuleruter er stort, slik at desse rutene utgjer ein betydeleg del av rutetilbodet.

Lokalruter

På lokalruta finn vi reisande som skal til kommune og bygdesenter for å utføre diverse ærend. For desse er det viktigast at ruta går på dagtid fleire gonger i veka.

På lokalrutene finn vi og dei som skal vidare med korresponderande transportmiddel. For desse er det viktig at rutene korresponderer både på tur og på retur.

Regionale ruter

Dei regionale rutene går mellom kommunar og større tettstadar. Desse rutene tener både arbeidspendlarar, vidaregåande elevar og andre reisande med ærend i tettstadane. Rutene bind og saman regionane med kvarandre, og gjer det mogleg å kome seg fram i fylket.

Ulike rutedagar har ulik funksjon. Behovet på vekedagane er ulikt behovet i helgedagane. Det er og behov for helgependlar-ruter som går fredag og søndag kveld.

Det er viktig med både god frekvens og rette tidspunkt på dei regionale rutene.

Fylkeskoverskridande ruter

Desse rutene bind saman Sogn og Fjordane med nabofylka. Frekvens og gode korrespondansar er viktig. Konkurransen med bil gjer at pris betyr ein del på desse rutene.

Fleire fylkeskryssande ruter har starta som offentlege ruter og har blitt kommersialiserte etter kvart som inntektsgrunnlaget har blitt tilstrekkeleg. Sogn og Fjordane har mange kommersielle ruter som går gjennom fylket og utfører ein stor ruteproduksjon.

Takstregulativ

Takstregulativet definerer kor mykje den reisande skal betale for ei reise. Regulativet inneheld fleire faktorar:

- ∞ Rabattordningar – Seier kva rabatt ulike grupper har rett på, t.d. studentrabatt.
- ∞ Reiseprodukt – Ulike produkt dei reisande kan velje å kjøpe, t.d. ungdomskort.
- ∞ Takstøre – Pris for ei reisestrekke. I buss- og båtregulativet er prisen gitt etter ein kilometertabell. Prisen pr. kilometer minkar på lengre reiser. På ferje er avstandane delt inn i soner (sonene vert fastsette utifrå avstand)

Staten er overordna takstmynde. Det er bestemt eit system med sosiale rabattar som alle offentleg betalte ruter må ha med i takstreglementet. Dette gjeld desse kategoriane:

- ∞ Barn 50 %
- ∞ Honnør 50 %
- ∞ Ledsager gratis
- ∞ Skule/Student 25 %
- ∞ Militær 50 % / 90 %

Fylkeskommunane har fått delegert takstmynde og står fritt til sjølve å bestemme takstregulativet, men må ha med rabattane ovanfor.

For buss og båt har vi følgjande takstprodukt:

- ∞ Verdikort
- ∞ Studentkort
- ∞ Periodekort
- ∞ Ungdomskort (gjeld og på ferje)
- ∞ Kombikort (buss og båt i same reise)

Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar ulike takstregulativ for buss, båt og ferje. På ferje nyttar vi det statlege ferjeregulativet.

Takstauke

Ved å auke billettprisane kan vi auke inntektene. På buss og båt vert dette vanlegvis gjort ved å auke takstøre, dvs. prisen pr. kilometer. På ferje er det litt meir komplisert. Fylkeskommunen står fritt til å følgje dei nasjonale takstane, men ordningar som nasjonale ferjekort samt innretningar i kontraktane gjer det komplisert å avvike frå det nasjonale takstregulativet. Ei løysing for å kome rundt dette er å endre takstsona. Prisen for kvar takstsona vert då fortsatt lik det statlege regulativet.

Etter kvart som prisane aukar vil det vere reisande som vel seg alternative reisevegar. Det er vanleg å rekne at for kvar krone vi legg på prisen klarar vi berre å hente ut 50-70 øre grunna færre reisande. Ikkje alle ruter er like følsame for prisendringar. Til dømes reknar vi med at ein prisauke på ferje gir mindre passasjersvikt enn ein prisauke på bussruter. Grunnen til dette er at alternative reisevegar for dei ferjereisande er relativt dyre i høve til ein takstauke på nokre kroner. Fleire ferjesamband har heller ikkje alternative framføringsvegar. For buss er privatbilen ein stor konkurrent. Mange bussreiser er difor følsame for prisauke. Dei økonomiske teoriene rundt dette temaet vert kalla for priselastisitet

Eit anna forhold som vert omtalt i teoriene om priselastisitet er at det er viktig med langsiktig tenking rundt prising. Dersom vi misser reisande grunna høgare prisar ein periode, må vi senke prisen med det doble for å vinne tilbake same reisevolumet.

Reiseprodukt og betalingsmåtar

Samfunnet utviklar seg stadig raskare. Det same gjeld utviklinga av reiseprodukt.

Elektronisk billettering har gitt mange nye moglegheiter innan reiseprodukt. Dei reisande kan t.d. no betale med bankkort om bord på transportmiddelet.

Enkelte stader i landet er det no mogleg å kjøpe billetter frå mobiltelefon. I tillegg til reint billett kjøp på mobiltelefonen kan også kortprodukta lagrast på mobiltelefon, til dømes periodekort. Dette gjer at dei reisande ikkje treng å ta med seg kortet, det vert i staden nytta ein QR kode på mobiltelefonen til å validere reisa. Verdikort kan også lagast på mobiltelefon, der ein fyller på ein konto, og så vert ein QR kode brukt til å validere reisa, og beløpet trekt frå konto.

Turistnæringa etterspør booking. Booking er ei ordning der reiseoperatørar kan bestille reiseplass over internett. På denne måten kan dei setje saman rundturar for enkeltpersonar og grupper. Det er etablert booking på dei båtrutene med størst grad av turistar, dette er ekspressbåtane og Flåmsekspresen mellom Flåm og Balestrand.

For å halde på marknadsandelar er det viktig å følgje med på utviklinga og marknaden. Mange av denne typen satsingar er kostnadskrevjande og kompliserte. Det er difor viktig å vurdere grundig kostnadane opp mot nytten før ein satsar.

Rutekunngjering og informasjon.

Rutenettet i Sogn og Fjordane er bygd opp av eit nettverk med ruter som korresponderer slik at det er mogleg å reise på kryss og tvers i fylket. Mange reiser inneber opptil fleire byte av transportmiddel undervegs.

Dei fleste rutene går berre enkelte rutedagar. Dei vanlegaste rutedags-kombinasjonane er vekedagar, fredag, laurdag og søndagsruter. Fredags- og søndagsruter er gjerne tilpassa vekependlarar, medan vekedags-rutene er tilpassa daglege reisebehov / pendling. Det er for dei fleste krevjande å skaffe seg oversikt over aktuelle reisealternativ når ein skal reise kollektivt.

Fellesruteheftet med alle rutene i fylket samla har vore ein viktig informasjonskanal. Etter kvart er det blitt stadig vanlegare å nytte telefonopplysninga 177 eller nettopplysninga som no ligg på KRINGOM.no. Desse nye ruteopplysningsformene gjer det lettare å orientere seg for dei som har høve til å nytte denne typen hjelpemiddel.

Endringar i rutetilbodet

Det er viktig å justere rutetilbodet i takt med utviklinga i reisebehovet. Ved å ha eit marknadstilpassa rutetilbod som dei reisande ynskjer å nytte seg av, får vi billettinntekter som delfinansierer rutedrifta. På denne måten får vi og eit rutetilbod som gjer nytte for seg.

For mange omleggingar på kort tid kan gjere det vanskeleg for dei reisande å finne tenlege reisealternativ. Konsekvensen kan fort verte at mange etablerer andre reisevanar.

I tider der ruteomfanget skal reduserast er det viktig at det vert tenkt langsiktig. Ruteproduksjon er komplisert. Større endringar krev prosessar opp mot brukarane, kommunane og politisk handsaming. Vidare må rutekaballeggast på nytt for å sikre eit heilskapleg rutetilbod og rasjonell drift.

For store endringar på kort tid inneber betydeleg risiko for inntektssvikt og uføresette kostnader.

Vurderingar

Inntektssida er viktig for ruteproduksjonen i Sogn og Fjordane. Mange regionale og fylkeskryssande ruter er i hovudsak finansierte gjennom billettinntekter.

Fokus på eit heilskapleg rutetilbod har vore Sogn og Fjordane sin strategi for å få mest mogleg ut av knappe ressursar. Ruter som korresponderer og som går til stader folk har behov for til rett tid, god ruteopplysning der alle rutetypane er med og eit felles billetteringssystem er viktige stikkord for rutedrifta i Sogn og Fjordane. Godt samarbeid med kommersielle ruter, der desse rutene er integrerte i det totale rutetilbodet, har og vore viktig for rutetilbodet i Sogn og Fjordane.

Takstauke er eit verkemiddel for å auke inntektene. Spesielt på dei lange reisestrekningane og på dagpendling er bilen ein stor konkurrent. For store prispåslag vil redusere talet reisande og er risikabelt.

Justeringar av rutetilbodet i forhold til endra reisebehov og for å justere produksjonen etter gjeldande budsjettammer er ein naturleg del av rutedrifta. Store grep inneber auka risiko for utilsikta verknader, med passasjersvikt og ein urasjonell rutestruktur som konsekvens. Det er viktig med langsiktig og heilskapleg tenking i slike prosessar

Utgreiing kollektiv – Terminalar og venterom

Bakgrunn

I samband med reduserte fylkeskommunale rammer har dei ulike sektorane fått i oppdrag å greie ut innsparingspotensiale knytt til ulike tiltak. I denne utgreiinga skal vi sjå på innsparingstiltak innanfor kollektivterminalar.

Som utgangspunkt for berekning av innsparingspotensiale vert det teke utgangspunkt i budsjettet for 2014.

Vi vil i denne utgreiinga synleggjere funksjonen til kollektivterminalane, kostnadsbiletet og kva faktorar som påverkar desse kostnadane. Det vil verte greia ut aktuelle tiltak og konsekvensane av desse.

Kollektivterminalane i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein omfattande ruteproduksjon med bussar, båtar og ferjer, over heile fylket. På knutepunkt der fleire transportmiddel møtest er det etablert kollektivterminalar. Dette er fasilitetar som skal syte for ei god trafikkavvikling samt legge til rette for dei reisande slik at dei får ei god oppleving av rutetilbodet.

Kollektivterminalane har fleire funksjonar. Først og fremst er dette ein infrastruktur som skal syte for ei trygg og god trafikkavvikling. Med mange store køyretøy og farty innom knutepunkta til dei same tidspunkta vert det sett store krav til veganlegga både på terminalen og inn til/ut frå terminalen. Området må ha ei trafikkorganisering som gjer det mogleg å både køyre, sykle og gå til terminalen på ein trygg og god måte.

Tilrettelegging for passasjerane utover busskur som er vanleg etter vegane, er oppvarma venterom og toalett. På dei større knutepunkta samt dei mest verutsette hamnene er det lagt til rette med denne typen fasilitetar. På enkelte av dei største terminalane som t.d. Sogndal og Førde, er det både ruteopplysningstavler og kiosk.

Dei reisande sine behov for fasilitetar varierer frå knutepunkt til knutepunkt. På stader der dei reisande må vente ei tid på neste buss/båt er det viktig med oppvarma venterom og toalett. Det same gjeld på verutsette stader.

I denne utgreiinga vil vi synleggjere kva tenestnivå som er etablert samt drøfte aktuelle innsparingstiltak og konsekvensar av desse.

Økonomi

Det er budsjettert med 3,5 mill. kroner til venterom og terminalar. Dette er kostnader som er knytte til avtalar mellom fylkeskommunen og eigarar pr. i dag.

I tillegg til direkte leigeavtalar er leige av fleire terminalar innbakt i rutekjøpsavtalar. Kostnaden til kollektivterminalane er då ikkje spesifisert. I denne utgreiinga ser vi på nivået ved alle terminalane som vert nytta i den fylkeskommunale ruteproduksjonen, uavhengig av kva budsjettpost innanfor samferdsle kostnaden ligg under.

I denne utgreiinga er det først og fremst nivået på publikumsfasilitetar som skal vurderast. Desse kostnadene knyter seg til om det er oppvarma venterom og toalett. I det vi tilbyr dei reisande oppvarma venterom og toalett aukar kostnadene betydeleg. Hovudkostnaden knyter seg til

husleige, straum, vask, låserutinar og tilsyn. Desse kostnadene varierer mellom 60 000 kr. til over halvmillionen pr. lokalitet.

Justeringar av leigeavtalar

I alle avtalane er det lagt inn høve til justeringar som kan redusere kostnadane. I praksis knyter justeringane seg til opningstider på venterom, eventuelt å stenge venterommet heilt. Sjølve leigeareala kan i liten grad omdisponerast til andre formål, all den tid funksjonen som kollektivterminal skal oppretthaldast.

Terminalane

Bussterminalar

Det er i dag etablert kollektivterminalar for buss ved trafikk-knutepunkta på Nordfjordeid, Stryn, Sandane, Skei, Florø, Førde og Sogndal.

I tillegg er det etablert fasilitetar i Svelgen, Dale, Vadheim, Høyanger og Årdal.

Desse terminalane har trafikkareal for avvikling av kollektivtrafikken i området. I tillegg er det publikumsfasilitetar som oppvarma venterom og toalett.

Det er ROM eigedom (Eigedomsselskapet til NSB) og Firda Billag som eig dei fleste rutebilstasjonane i fylket. Nokre mindre rutebilstasjonar er i privat eige.

Hamneterminalar

Det er etablert oppvarma venterom og toalett ved hamnene mellom anna i Måløy, Smørhamn, Flora, Askvoll, Rysjedalsvika, Lavik (under oppføring), Leikanger, Sogndal (toalettet er avstengt), Krakhella, Mjømna og Sollibotn.

Ulike kommunar, hamneselskap og private eig terminalane knytt til hamnene.

Oppgradering av kollektivterminalane

I tillegg til ordinært vedlikehald vert det gjennomført større oppgraderingar etter behov. Fleire av anlegga i fylket er gamle med utdaterte trafikk-løysingar og dårleg universell utforming. Staten har fram til no hatt ei tilskotsordning der vi har fått midlar til oppgraderingar etter søknad. Blant andre er Nordfjordeid, Stryn, Førde, Florø og Årdal oppgraderte med støtte frå slike midlar. Staten avvika denne ordninga i 2015. Det er fortsatt behov for betre løysingar på fleire terminalar. Av dei viktigaste som kan nemnast i dag har vi Skei, Sogndal og Florø hamn.

Endringar tilbod

I hovudsak har vi tre former for kostnadsreduksjonar.

- ∞ Redusere opningstid på venterom, eventuelt stenge det.
- ∞ Legge ned kollektivterminalen
- ∞ Ikkje oppgradere til dagens standard med universell utforming og trafikktrygging

Redusere opningstid /stenge venterom

Det kostar mellom 60.000 og 500.000 kroner i husleige, vask, tilsyn og låserutinar for å halde ope eit venterom. Kostnaden avheng både av passasjermengd og lokale forhold. Ordningar der mannskap på siste båt eller buss kan gå over venterommet før det vert stengd for kvelden, er langt rimelegare enn om ein må leige eit vaktelskap til dette. Det er ikkje lovleg med automatisk låsing av venterom, då det t.d. kan vere personar i venterom / på toalett som har vorte sjuke. Vi ser og at behov for tilsyn og vask er minimalt på mindre stader.

Ved å redusere opningstida samt stenge fleire venterom, vil ein kunne spare 500 000 kroner.

Konsekvens

Dersom dei reisande må vente på neste transportmiddel må dei stå ute i ver og vind når venterommet er stengt. På verutsette stader kan dette vere utriveleg for dei reisande.

For reisande med behov for tilgang på toalett kan ventetida følast lang.

Dersom heile kollektivterminalen vert lagt ned, må dei reisande stige av og på langs veggen.

Legge ned kollektivterminal

Nokre kollektivterminalar er mindre i bruk enn andre og har mindre teknisk funksjon i forhold til avvikling av trafikk.

Døme på slike terminalar kan vere rutebilstasjonane i Svelgen og Årdal. Dei vert leigd rimeleg, og gir operatør høve til å stasjonere bilar på anlegget. Andre kostnader som t.d. tilkøyring vert reduserte. Nytteverdien vert rekna som tilnærma lik kostnaden. Ved å legge ned mindre viktige anlegg kan kostnaden reduserast med 300 000 kroner.

Konsekvens

Dei reisande misser tilgang på oppvarma venterom og toalett. Påstigning må gjerast på busstopp langsetter veggen. Operatør må finne alternativ plass til parkering av bussar, noko som aukar posisjonskøyringa. Sentrumsområde misser ein møteplass.

Ikkje oppgradering til dagens standard med universell utforming og trafikktrygging

Fylkeskommunen har ved hjelp av statlege bidrag vore med å finansiere større oppgraderingar på anlegga rundt om i fylket. Trafikkmengda endrar seg. Det same gjer forventningar og krav til universell utforming og trafikktrygging. Sentrumsområda vert stadig meir tilrettelagde for sykling. For å sikre at vi har tidsriktige og hensiktsmessige kollektivterminalar må det vere ei jamn oppgradering av anlegga i fylket.

For å redusere kostnader kan vi velje å redusere denne typen oppgraderingar. Forventa innsparing 200 000 kroner.

Konsekvens:

Vi vil over tid sitje att med utdaterte kollektivterminalar over heile fylket.

Vurdering/Oppsummering

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ei omfattande rutedrift. Det er etablert kollektivterminalar på trafikk-knutepunkt over heile fylket. Desse terminalane skal både sikre ei god og sikker trafikkavvikling, samt at det vert lagt til rette for ei god reise for passasjerane. Fylkeskommunen eig ikkje noko anlegg. Ruteselskapa, kommunane og private aktørar eig anlegga og leiger dei ut til fylkeskommunen. Leigeprisen varierer. Dei fleste leiger ut til fornuftige leigeprisar.

Det er mogleg å justere tilbodet til dei reisande i forhold til terminalar. Funksjonen, nytten og kostnaden varierer frå stad til stad.

Felles for dei fleste tiltaka nemnt i denne saka er at det er mindre stadar med få reisande som er aktuelle for kutt. På mindre stadar hegnar bygdefolket om venteromma sine. Det vert utført dugnad for å halde dei ved like og utleigarane er i hovudsak rimelege på leigeprisane. Relativt sett vert det levert gode tenester til ein rimeleg pris på desse stadane.

Administrative konsekvensar

Fylkeskommunen leiger terminalar og venterom hjå ruteselskap, private og kommunar. Ein reduksjon i desse tenestene får konsekvensar for utleigarane.

Administrasjonen sine oppgåver knytt til terminaltenester knyter seg i hovudsak til fornying av kontraktar kvart 8-10 år, samt når det dukkar opp aktuelle problemstillingar som må løysast, t.d.

behov for justering av leigearaet. Færre terminalar og venterom kan redusere arbeidet noko, men vil ikkje vere målbart i forhold til stillingsheimlar.

Oppsummering aktuelle tiltak

Nivå 1				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
43 Terminalar og venterom	Opningstider	Korte ned opningstidene på venterom og toalett der dette kan redusere kostnader.	Reisande må stå ute medan dei ventar på neste transportmiddel, dersom dei kjem utanfor opningstid.	0,1
Sum nivå 1				0,1

Nivå 2				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
43 Terminalar og venterom	Venterom	Stenge mindre brukte venterom.	Dei reisande må stå ute medan dei ventar på neste transportmiddel.	0,1
Sum nivå 2				0,1

Nivå 3				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
43 Terminalar og venterom	Venterom	Stenge venterom med meir bruk enn på nivå 2	Dei reisande må stå ute medan dei ventar på neste transportmiddel.	0,3
43 Terminalar og venterom	Kollektivterminal	Legge ned mindre kollektivterminalar	Passasjerar må takast på langsetter vegen.	0,3
43 Terminalar og venterom	Oppgradering	Ikkje oppgradere venterom	Etter ei tid vil kollektivterminalane bli utdaterte.	0,2
Sum nivå 3				0,8

Samla innsparing

1

Utgreiing FTU-midlar

14. april 2015

Bakgrunn

I samband med reduserte fylkeskommunale rammer har dei ulike sektorane fått i oppdrag å greie ut innsparingspotensiale knytt til ulike tiltak. I denne utgreiinga er det sett på reduksjon av FTU-midlar.

FTU-midlar

Fordeling av fylkeskommunen sine løyvingar til tilskottsordningane for trafikktrygging er delegert til Trafikktryggingsutvalet.

Tilskot til kommunane (TIK) – løyving på 5 mill. kr i 2015

Formål og rammer for ordninga

Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver midlar til trafikktryggingstiltak i kommunane. Midlane skal i utgangspunktet nyttast til tiltak langs kommunale eller fylkeskommunale veger.

Det er føresett at midlane i hovudsak skal nyttast til trafikktryggingstiltak på kommunale og fylkeskommunale veger i samband med skuleveg og i nærmiljøet der barn ferdast. I spesielle tilfelle kan midlane, dersom kommunane sjølv ynskjer det, og brukast til tiltak langs riksveg. For slike tiltak vert i utgangspunktet kommunen ansvarleg for drift og vedlikehald.

Midlane kan også nyttast til planlegging av tiltak og utarbeiding av lokale trafikktryggingsplanar eller andre prosjekt som FTU ynskjer å støtta.

Forvaltninga av ordninga skjer med grunnlag i instruks vedteken av fylkestinget i juni 2013.

Det kan maksimalt søkjast om 75 pst. av prosjektet/tiltaket sitt kostnadsoverslag. Det er eit krav for tildeling av midlar til kommunane at dei har ein trafikktryggingsplan.

Disponering av midlane

I 2015 var det 20 kommunar som søkte om tilskot. Det vart søkt om tilskott til 54 tiltak med samla kostnad på 20,2 mill. kr.

Frå 2014 vart tilskotsandelen auka til inntil 75 pst. Men då ramma for løyving til tilskottsordning held same nivået som tidlegare, har ein lagt 60 pst. eller lågare til grunn. (Dette var òg hovudprinsippet ved tildelinga i 2014.) Dette på bakgrunn av at det i innstillinga også er lagt vekt på fleire kommunar skal få del i løyvinga, så langt krava til tilskot er stetta.

Det vart gitt tilskott til tiltak som m.a. omfattar veglys, fartsdempende tiltak, busstopp, gang- og sykkelveg og fortau. Kommunane sine tilskott varierte frå 50 000 – 600 000 kr.

Vurdering av kutt i løyvinga

Med ein kommunal eigendel på om lag 40 pst. i 2015 utløyser ordninga om lag 8,3 mill. kr i tiltak for trafikktrygging.

Fylkestinget opna for å redusere den kommunale eigendelen for tiltak til 25 pst. Trafikktryggingsutvalet har likevel ønska å behalde ein eigendel på 40 pst. for kunne tildele midlar til fleire kommunar.

Ordninga har god søknad og er viktig for å få utført tiltak for trafikktrygging i dei fleste kommunane i fylket. Ordninga er også viktig for at kommunane skal ha merksemd på trafikktryggingsarbeidet jf. at tilskotta krev ein godkjend trafikktryggingsplan.

Konsekvensar av reduksjon i løyvinga vil vere at færre kommunar vil få tildelt midlar eller at det berre blir mogleg å støtte mindre tiltak. Med ei redusert løyving vil kommunane finne det mindre interessant å leggje arbeid og ressursar i trafikktryggingarbeidet.

Løyvinga har i dag ei ramme på 5 mill. kr. Skal ein oppretthalde ei slik tilskottsordning krev dette ei løyving av ein viss størrelse. Det krev ressursar å forvalte ordninga (t.d. annonsering, sakbehandling, oppfølging og rapportering) og det blir lagt ned arbeid med søknader i kommunane.

Kva som er nedre grense for løyving for å vidareføre ordninga er vanskeleg å definere. Blir løyvinga lågare enn omlag 2-3 mill. kr bør det vurderast å avvikle ordninga. Alternativt kan midlar omprioriterast til ordinære trafikktryggingstiltak på fylkeskommunen sitt investeringsbudsjett.

Trafikktryggingmidlar (FTU-midlar) – løyving på 1,2 mill. kr i 2015

Formål og rammer for ordninga

I 2015 er budsjettet fordelt på følgjande tiltak:

Tiltak	Beløp
Planlegging	184 000
Tilskott til Trygg Trafikk	181 000
Driftsutgifter FTU	60 000
Trafikktryggingaktiviteter - tilskott	700 000
Trafikktryggingpris	25 000
Reiseutgifter m.m.	50 000
Sum	1 200 000

Tilskottsordninga til trafikktryggingaktivitetar går til gjennomføring av tiltak/prosjekt som fremjar trafikktryggleiken i fylket. Midlane skal i utgangspunktet nyttast til tiltak innafor:

- ∞ haldningsskapande arbeid
- ∞ opplæring
- ∞ informasjon

Midlane kan og nyttast til mindre fysiske tiltak særskilt retta mot mjuke trafikkantar eller til andre tiltak som FTU ynskjer å støtta.

For å få tilskot til tiltak som arrangement og liknande, vert det sett krav om at arrangementet må ha ei trafikal tilknytning innafor hovudtiltakane som er nemnt ovanfor.

Disponering av midlane

I 2015 var det 17 søknader frå barnehagar, skular, lag og organisasjonar. Dei ulike søkarane fekk tilskott til fleire forskjellige tiltak. Samla kostnader for alle søknadane var på om lag 2 mill. kroner. Fleire av tiltaka i søknadane var lite eller ikkje i samsvar med formålet med ordninga, og er følgjeleg innstilt utan tilskot. Nokre av desse tiltaka kan likevel tenkjast å kunna « bidra/leggja til rette for » ein trafikksikkerheitsgevinst.

Det har vore ein tendens til det er dei same aktørane som søker midlar frå år til år. Kva som er grunnen til at ikkje fleire søker er usikkert.

Fylkeskommunen dekkjer etter avtale (frå 1982) mellom fylkeskommunen, Statens vegvesen og Trygg trafikk utgifter til m.a. kontor og tenestereiser for distriktsleiaren. Distriktsleiaren i Trygg trafikk har kontorstad i Statens vegvesen. I 2015 er det sett av 181 000 kroner til dette.

Vurdering av kutt i løyvinga

Konsekvensar av kutt i løyving vil vere at det vil bli sett i verk færre tiltak innanfor trafikktryggingarbeidet. Eventuelle innsparingar for følgje av ei eventuell anna organisering av FTU er ikkje vurdert i denne utgreiinga.

Administrative konsekvensar

Forvaltning av ordningane (sekretariat for FTU) vert dekt av Statens vegvesen gjennom sams vegadministrasjon. Endringar vil såleis ikkje ha administrative konsekvensar for fylkeskommunen.

Oppsummering aktuelle tiltak:

Nivå 1				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
44 FTU-tiltak	Tilskot til kommunane (TIK)	Reduksjon i tilskott	Færre kommunar vil få tilskott	2
44 FTU-tiltak	Trafikktryggingsmidlar (FTU-midlar)	Reduksjon i tilskott	Færre tiltak innanfor trafikktryggings-arbeidet	0,2
Sum nivå 1				2,2

Nivå 2				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
44 FTU-tiltak	Tilskot til kommunane (TIK)	Ingen		0
44 FTU-tiltak	Trafikktryggingsmidlar (FTU-midlar)	Ingen		0
Sum nivå 2				0

Nivå 3				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
44 FTU-tiltak	Tilskot til kommunane (TIK)	Avvikling av tilskottsordning		3
44 FTU-tiltak	Trafikktryggingsmidlar (FTU-midlar)	Avvikling av tilskottsordning og trafikktryggingspris		0,5
Sum nivå 3				3,5

Samla innsparing

5,7



Se mottakertabell

Deres referanse	Vår ref.	Dato
	12/00194-3	02.01.2014

FV 50 Hol-Aurland

Det var med vantro og overraskelse jeg mottok meldingen om at FV 50 Hol-Aurland skulle stenges i jula 2013. Tunnelen har vært opprustet i en lengre periode i høst, og vi var forespeilet åpen tunnel/ veg fra ca. 1. desember. Jeg regner med at driftsansvarlig for vegen har spart driftsutgifter i perioden vegen har vært stengt, og jeg kan derfor ikke se at det ligger økonomiske argumenter til grunn for «julestengningen.»

Hol kommune, og Hallingdal som region, er blant landets største i reiselivsyemed. En tilfeldig stengning i juleferien har store konsekvenser for Hol kommune og hele regionen. Med opplysningene jeg har om FV 50, er den lettere å holde åpen enn RV7 Hardangervidda. Med det været vi hadde jula 2013, kunne vi med all sannsynlighet, hatt åpen veg fra Vestlandet store deler av jula, selv med stengt RV7 om FV50 ikke hadde tatt «juleferie.» For Hol kommune er dette helt uakseptabelt.

Når jeg da i tillegg mottar følgende uttale fra Buskerud Fylkeskommune; (sitat fra epost) ...«Det skal ikke være vegvesenet som beslutter om det er for dyrt å holde vegen oppe. Det er en politisk sak. Vi skal sørge for å rydde opp i dette over nyttår. Det er jo fare for at det samme skjer til påske.»

vitner det om en uholdbar holdning og mangel på rolleforståelse fra Statens Vegvesen.

For Hol kommune er situasjonen uholdbar. Nå må eierne av vegen ta ansvar umiddelbart. Jeg forventer svar på følgende spørsmål fra fylkeskommunene:

1. Kan vi regne med FV 50 som en vinteråpen veg i framtiden?
Hvis svaret på spørsmålet er ja;
2. Hva vil bli gjort for at vi unngår framtidige feriestengninger av FV 50?
3. Hva blir gjort for å bedre regulariteten på FV50?

Jeg vil samtidig be om at det blir tatt initiativ fra Buskerud fylkeskommune for å overta ansvaret for vegstrekningen.

Med hilsen

Tony Arild Kjøl
Ordfører

Godkjent og ekspedert uten underskrift

Kopi til: Aurland Kommune/Vangen 1/5745 AURLAND

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Sogn og Fjordane Fylkeskommune			
Buskerud fylkeskommune - Fylkesordføreren		Postboks 3563	3007 DRAMMEN



Hol kommune
 Ålmannvegen 8

3576 HOL

FV 50 Hol - Aurland.

Viser til Dykkar brev av 02.01.2104 om stenging av Fv. 50 Hol – Aurland jula 2013.

I følgje Statens vegvesen, vegavdeling Sogn og Fjordane, var vegen stengd på grunn av reparasjonsarbeid i Geiteryggstunnelen jula 2013. Dette arbeidet vert styrt av Vegavdeling Buskerud.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje planar om å vinterstenge Fv. 50 Hol – Aurland på vår side av fylkesgrensa. Vegen blir drifta etter driftskontrakt Indre Sogn der Sogn og Fjordane har drifts- og vedlikehaldsansvar for vegen heilt til Myrland. Eksisterande driftskontrakt gjeld til 1. september 2014, då er det ny kontrakt. Det er ingen endringar med tanke på vinteropen veg i ny kontrakt. Kolonnekøyring skal innførast når vêr- og føreforholda er så vanskelege at det er fare for at bilar kan setja seg fast og det er risiko for trafikkuhell grunna dårleg sikt, sterk vind, nedbør eller smal veg. Det skal også leggjast vekt på vêrprognosar og eventuelle andre tilgjengelege vêrdata. I samband med høgtidshelger og vinter- og påskeferie når det er bilistar som ikkje er vande med kolonnekøyring, må det utvisast ekstra aktsemd. Vegen skal stengast heilt for alminneleg ferdsel når det grunna uvêr, rasfare eller andre tryggleiksproblem ikkje er forsvarleg å føre kolonne over strekninga. Det skal ikkje køyrast kolonne mellom kl. 22:00 og kl. 08:00.

Når det gjeld vinterdrifta er det dei til ei kvar tid rådande tilhøva på fjellet som er avgjerande for om vegen kan haldast open eller må stengast. Så lenge tilhøva tillet det blir vegen halden open på vanleg måte både i feriar og elles. At ein høgfjellovergang som dette kan bli stengt i vinterhalvåret på grunn av vêr, ras og rasfare, kan vi nok ikkje sikre oss mot.

Stenginga i jule- og nyttårshelga var knytt til rehabiliteringa av Geiteryggtunnelen. Dette er eit prosjekt som vert styrt frå Statens vegvesen region sør. Kommunen har tidlegare fått informasjon om stenginga frå prosjektleiinga. Dersom kommunen ønskjer fleire opplysningar om Geiteryggtunnelen og stengingane i samband med dette tiltaket, ber vi om at de tek kontakt med Tore Braaten i Statens vegvesen region sør.

Vêret i jule- og nyttårshelga skapte store utfordringar på dei andre fjellovergangane. Om fylkesveg 50 ikkje hadde vore stengt på grunn av tiltaka i Geiteryggtunnelen, ville den nok vore stengt på grunn av uvêr i store delar av denne perioden.

I samband med tiltaka i Geiteryggtunnelen har vi vore tilbakehaldne med kolonnekøyring. Bakgrunnen for dette er manglande sikringsutstyr og kommunikasjon i tunnelen.



Det er planlagt kvilebu på Øyestølen. Dette kan vere med å betre regulariteten noko, då det blir kortare avstand frå kvilebua til fjellet. Det er i all hovudsak vêret som styrer regulariteten. Dette medfører at ein vil få naturlege svingingar frå år til år. Dei siste åra har regulariteten på fylkesveg 50 vore god, sjå vedlegg.

Med helsing

Velaug Veum
Fylkesdirektør

Ole Ingar Hagen Hæreid
nestleiar samferdsleavdelinga

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)
Hol kommune Ålmannvegen 8 3576 HOL

Kopi til:
Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger
Statens vegvesen Region sør, Postboks 723 Stoa 4808 Arendal
Buskerud fylkeskommune, Postboks 3563, 3007 Drammen

Tor Leif Pedersen
Lønborglien 137

5035 BERGEN

Svar - Vinteråpen Fv 53 Tyin - Årdal

Frå 2015 vil det bli innført nytt inntektssystem for fylkeskommunane. For Sogn og Fjordane fylkeskommune vil det nye inntektssystemet medføre store kutt i rammeoverføringane frå staten. I samband med dette har administrasjonen og dei politiske hovudutvala sett i gang eit arbeid for å sjå på område med potensiale for innsparingar/reduksjon av dei fylkeskommunale utgiftene.

Samferdslesektoren vil få den største reduksjonen i dei økonomiske rammene. Det er difor sett i gang eit arbeid innanfor sektoren der vi må vurdere alle moglegheiter for å tilpasse framtidig drift av sektoren i høve til nye økonomiske rammer. I dette arbeidet vurderer vi kortsiktige innsparingstiltak, samt meir langsiktige innsparingstiltak.

Vi er no inne i ein fase der vi skal greie ut både kortsiktige og langsiktige innsparingstiltak. I denne prosessen er det lagt opp til å sjå på eventuell vinterstenging av to fjellovergangar på fylkesvegnettet. Dette gjeld Fv. 50 Hol – Aurland og Fv. 53 Årdal – Tyin der vi mellom anna vil sjå nærare på kva samfunnsinteresser som kan verte skadelidande av ei eventuell vinterstenging. Når det gjeld Fv. 53 Årdal – Tyin konkret vil vi ha ein dialog med Oppland fylkeskommune, kommunane og Statens vegvesen.

I samband med handsaminga av budsjettet for 2015 vil kortsiktige innsparingstiltak bli vedteke av fylkestinget i desember 2014.

Vinterstenging av Fv 53 Årdal – Tyin vil vere eit eventuelt innsparingstiltak på noko lengre sikt. Det er difor for tidlig å seie noko om kva som vil bli den endelege konklusjonen på ei eventuell vinterstenging av Fv. 53 Årdal – Tyin.

Med helsing

Ole Ingar Hagen Hæreid
nestleiar samferdsleavdelinga

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)

Tor Leif Pedersen Lønborglien 137 5035 BERGEN

Utgreiing veg – vinterdrift av fylkesveg

pr. 15. april 2015 kl. 18:20

Bakgrunn

I samband med at Stortinget har vedteke nytt inntektssystem for fylkeskommunane som gir redusert inntektsgrunnlag for Sogn og Fjordane fylkeskommune, har Statens vegvesen fått i oppdrag å greie ut potensiale for innsparing ved vinterstenging av vegar og utsett opning/tidlegare stenging av vinterstengde vegar.

Så langt råd tek vi utgangspunkt i gjennomsnittlege vinterkostnader i gjeldande driftskontraktar. Prisane i driftskontraktane består av ein rundsum og ein mengdebasert del for kvar prosess. Det er den mengdebaserte delen som varierer frå år til år.

Det er stor uvisse knytt til korleis entreprenørane vil handtere endringar i driftsregime strategisk sidan dette vil medføre endra bruk av maskiner og mannskap. Marknadssituasjonen vil også påverke korleis entreprenørane prisar dei ulike elementa i driftskontraktane. Dei potensielle innsparingane vil difor vera usikre.

Framlegga til endring av stengingsregime og mogleg vinterstenging av fleire vegar har ikkje vore på høyring hjå berørte kommunar. Dei føreslegne endringane kan difor ha konsekvensar som ikkje er omtala i dette notatet.

Årdal kommune, E-CO, Buskerud fylkeskommune og Oppland fylkeskommune har kome med innspel/uttale til konsekvensar av vinterstenging av fv. 53 og fv. 50.

Dagens ordning for vinterstengde vegar

Stenging før vinteren

I dag er det veret og snøforholda som avgjer kva tid vi stenger fjellovergangane for vinteren. Det betyr at vi held dei opne så lenge det let seg gjere med bil og plog (dvs. utan fres). Dette varierer frå år til år.

Opning etter vinteren

Opning etter vinteren varierer noko mellom dei ulike fjellovergangane, der vegane opnar til 1. mai, 1. juni eller 14. juni avhengig av klimatiske forhold.

Dei vinterstengde vegane er i ulike funksjonsklassar. Funksjonsklassa seier noko om kor viktig transportfunksjon ein veg har.

Vegar som er vinterstengde i dag


Veg	Driftskontrakt	Funksjonsklasse	ÅDT
Fv. 55 Sognefjellet	Midtre Sogn	C	300/-
Fv. 13 Gaularfjellet	Midtre Sogn	C	100/-
Fv. 92 Bjordal – Matre	Nordhordland	D	150/-
Fv. 243 Aurlandsfjellet	Indre Sogn	D	100/-
Fv. 258 Gamle Strynefjellsvegen	Nordfjord	D	100/-

Dei vinterstengte vegane er som regel mellombels stengt eller nattestengt ein periode før og etter vinterstenginga. Dette varierer med vêrtilhøva det enkelte året. Oversikt over mellombelse

stengingar før vinterstenging, samt periode for vinterstenging for fv. 13 Gaularfjellet, fv. 55 Sognefjellet og fv. 243 Aurlandsfjellet:

	Fv. 13 Gaularfjellet			Fv. 55 Sognefjellet			Fv. 243 Aurland - Lærdal		
	11/12	12/13	13/14	11/12	12/13	13/14	11/12	12/13	13/14
Nattestengt (timar)	191:15	743:00	304:00	612:00	408:00	480:00			
Mellombels stengt (timar)	470:47	275:40	249:20	244:25	260:40	211:25	840:00	507:25	115:30
Vinterstengt (frå dato)	7.12.2011	2.1.2013	2.12.2013	-	12.11.2012	28.11.2013	08.11.2011	25.10.2012	21.10.2013
Opna (dato)	25.4.2012	29.4.2013	30.4.2014	-	1.5.2013	26.4.2014	31.5.2012	31.5.2013	31.5.2014
Krav til opning, i kontrakt)	01.05.	01.05.	01.05.	01.05.	01.05.	01.05.	01.06.	01.06.	01.06.
Dagar stengt	140	117	149		170	149	205	218	222

Av tabellen over går det fram at nokre fjelloverganger har opna tidlegare enkelte år enn krava i driftskontrakten. Dette gjer vi når det er forsvarleg ut frå snø- og vêrtilhøva.



Fv. 55 Sognefjellet

Høgfjellstrekninga i Sogn og Fjordane er 13,9 km lang og går frå Turtagrø i Luster kommune til Oppland grense. Total veglengde på høgfjellstrekninga er 38,5 km. Fv. 55 Sognefjellet er vinterstengt mellom Turtagrø og Leirdalen. Vegen over Sognefjellet er Nasjonal turistveg.

Sognefjellet skal brøytast med bil og plog. Når ein ikkje lengre er i stand til å halda vegen open med bil og plog om hausten skal vegen vinterstengjast. Til påske vert vegen opna til Huldrehaug, om lag 5 km ovanfor Turtagrø. Strekninga som er opna til påske skal haldast open etter påske. Etter vinteren blir vegen opna 1. mai kl. 08:00. Vinterberedskaperen gjeld i perioden frå 1. september til 31. mai kvart år, i den tida vegen ikkje er stengt.

Alternative vegruter er rv. 15 Strynefjellet eller E16 Filefjell.

Fv. 13 Gaularfjellet

Fv. 13 Gaularfjellet er vinterstengt mellom Mel i Balestrand kommune til Mjell i Gaular kommune. Total veglengde er 18,7 km. Vegen over Gaularfjellet er Nasjonal turistveg.

Snøforhold avgjer stenging. Når vi ikkje lenger er i stand til å halda vegen open med bil og plog om hausten skal vegen vinterstengjast. I samband med påska blir vegen brøyta frå Mjell til brøytestasjonen oppe på fjellet. I Sogn blir vegen brøytt til Bårdalen dersom det ikkje er rasfare. Strekningar som er opna til påske skal haldast opne etter påske. I samband med utlysing av driftskontrakt for Midtre Sogn for perioden 2011 til 2016 gjorde Statens vegvesen greie for kostnader og behov for investeringar dersom Gaularfjellet skull haldast meir opne om vinteren. Det vart då vedteke å halde fast på ordninga som er beskriven har (HS-sak 31/2010).

Etter vinteren skal vegen opna 1. mai kl. 08:00. Vi har vinterberedskap i perioden frå 20. september til 15. mai i den tida vegen ikkje er stengt.

Når fjellet er stengt, går alternativ rute om Vadheim via fv. 55 og E39.

Fv. 92 Bjordal – Matre

Fv. 92 kan bli stengt ved Stordalstølen/Bjørkelia hyttegrend og Hestfossen når snømengder eller forhold i fjellet medfører skredfare. Tilsvarande kan vegen også bli stengt mellom Hestfossen og Førde. Total strekning som kan vera stengt er 12 km. Heile den stengde strekninga ligg i Sogn og Fjordane.

Ved vinterstenging skal strekninga mellom Hestfossen og Førde opna innan vinterferien, 1. februar, for å gje tilgang til fjellområdet, medan strekninga mellom Stordalstølen og Hestfossen skal opne innan påske, seinast 1. april.

Når fjellet er stengt går alternativ rute om E39 frå Oppedal til Matre.

Fv. 243 Aurlandsfjellet

Høgfjellstrekninga er 32 km lang og går frå Erdal i Lærdal til Bjørgo i Aurland. Vegen er vinterstengt frå 1. november. Til påske blir det brøyta frå Bjørgo til Kvammadalen i Aurland og frå Erdal til Varahaug bru i Lærdal. Kommunane dekkjer driftskostanden med å halde desse strekningane opne fram til vegen blir opna etter vinteren 1. juni.

Aurlandsfjellet er Nasjonal turistveg.

Når vegen er stengt er alternativ rute om E16 Lærdalstunnelen.

Fv. 258 Gamle Strynefjellsvegen

Gamle Strynefjellsvegen er 27 km lang. Av dette er 10 km i Sogn og Fjordane. Gamle Strynefjellsvegen er Nasjonal turistveg. Vegen er asfaltert i Sogn og Fjordane, men har grusdekke i Oppland. Vegbreidda er 3 meter med møteplassar.

Snøforhold avgjer vinterstenging. Om hausten blir vegen normalt halden open til 15. oktober dersom det ikkje kjem store snøfall. Det er ulik opningsdato etter vinterstenging frå vest og aust. Under normale forhold blir det opna til Videseter hotell til 1. mai, og seinast 1. juni opnar vi frå vestsida av fjellet til Stryn sommarskisenter (Tystigen). Det skal vera fresa fram til Oppland grense til 10. juni, og 14. juni skal heile strekninga vera open. Seinare opningstid på austsida enn vestsida heng dels saman med at det er grusdekke på strekninga, og dette treng å tørke opp ein del før vi set på trafikk. Enkelte år opplever vi at det går snøras på strekninga Videseter – Tystigen etter at vegen er opna.

Når fjellet er stengt er rv. 15 Strynefjellet alternativ rute.

Andre vegar som vi kan vurdere å stenge om vinteren

Utgangspunkt for vurderingane

Eit kriterium for at vegar kan vinterstengast er at det ikkje bur folk på den stengde strekninga, at trafikken er relativt låg om vinteren. I tillegg må det vera høve til omkøyring.

Oversikt over vegar som er vurdert som mogleg å vinterstenge


Veg	Drifts-kontrakt	Funksjons-klasse	Vinterdrifts-klasse	ÅDT/ VDT
Fv. 53 Årdal – Tyin	Indre Sogn	B	DkD	296/ 149
Fv. 50 Hol – Aurland	Indre Sogn	C	DkD	338/ 174
Fv. 93 Vadheim – Guddal (Heldalsheia)	Hafs	D	Vinterveg	74/64
Fv. 665 Heggjadalen (Heggjabygda – Møre grense)	Nordfjord	E	Vinterveg	65/44
Fv. 720 Hjelle - Erdal	Nordfjord	E	Vinterveg	98/87

VDT: Vinterdøgertrafikk, gjennomsnittleg trafikk per døger i perioden desember-februar

Fv. 53 og fv. 50 er høg fjellsovergangar mot nabofylke. Også fv. 665 grensar mot nabofylke (Møre og Romsdal) i nord. Dersom vi skal innføre vinterstenging på desse, må det samordnas med nabofylka.

Oversikt over stenging og kolonnekøyning for dei tre siste vintrane for fv. 50 Hol – Aurland og fv. 53 Årdal – Tyin (tal i timar per vintersesong):


	Fv. 50 Hol - Aurland			Fv. 53 Årdal - Tyin		
	11/12	12/13	13/14	11/12	12/13	13/14
Nattestengt (timar)				164:15	38:00	95:00
Kolonnekøyning (timar)	119:32	80:27	114:20			
Mellombels stengt (timar)	725:15	295:14	2687:13	563:43	258:38	713:34



Lengde på stenging er vist i døger. Vinteren 2013/14 er ikkje representativ for fv. 50 Hol – Aurland. Denne vinteren var det arbeid i Geiteryggtunnelen som gav ein del stenging i periodar.

Oversiktskart

Kart som syner oversikt over vegar som er vinterstengde i dag (blått), og vegar som kan stengast om vinteren (raudt):



Fv. 50 Hol – Aurland

Driftsansvar for høgjellsstrekninga mellom Øyestøl i Sogn og Fjordane og Myrland i Buskerud er lagt til Sogn og Fjordane, som del av driftskontrakten for Indre Sogn. Strekninga er om lag 36,5 km. Av dette er om lag 13 km i Sogn og Fjordane.

Vegen er mellombels stengt i periodar på grunn av uvêr, ras og rasfare. Det blir køyrt kolonne mellom Øyestøl og Nilsegard (i Buskerud) når vêrtilhøva tillèt det. Når vegen er stengt, er det alternativ reiserute om rv. 52 Hemsedalsfjellet. Dette gir auka reiseavstand på om lag 76 km mellom Aurland og Geilo. Rv. 7 over Hardangervidda er eit anna alternativ, med 108 km auka reiseavstand. I enkelte periodar med kraftig uvêr er det berre E16 over Filefjell som er eit reelt alternativ mellom vest og aust.

Fv. 50 Hol – Aurland er ein av mange vegar mellom Austlandet og Vestlandet. Før Lærdalstunnelen vart opna (i perioden desember 1991 til november 2000) var vegen mellombels stamveg. Etter opning av Lærdalstunnelen har trafikken minka, og den viktigaste funksjonen er i dag knytt til trafikk mellom Bergensområdet/Sogn og kommunane i Øvre Hallingdal.


Det er mange tunnelar på fv. 50 mellom Aurland og Hol, dei fleste i Sogn og Fjordane. Rett aust for fylkesgrensa ligg Geiteryggtunnelen. Sidan 2013 har det vore utbetningsarbeid i tunnelen, med berg- og vassikring, elektroinstallasjonar og etablering av styrings- og sikkerheitssystem. Dette blir gjort for å tilfredstille krava i Tunnelsikkerheitsforskrifta. Vi er i gang med eit utgreiingsarbeid for å synleggjere utbetningsbehov og gje framlegg til prioritering av tunneltiltak i Sogn og Fjordane.

Om lag 6 mil av vegen mellom Hol og Aurland er bygd av Oslo Lysverker i samband med Aurlandsutbygginga. Stortinget vedtok at vegen skulle bli riksveg i 1985. Vedtaket bygde på ein avtale mellom Oslo Lysverker og Vegdirektoratet, der Oslo Lysverker skulle yte betydelege tilskot i fleire år – mot at vegen «tas opp som riksveg fra 1. juni 1984, og som helårsveg.» Departementet tilrådde på denne bakgrunn at vegen Hol-Aurland vart riksveg «på de vilkår som Oslo Lysverker og Vegdirektoratet er blitt enige om.» Stortinget sa også at «eventuell nattestegning av vegen vurderes på bakgrunn av vær- og føreforhold, som for andre riksveger.»

På bakgrunn av dette kan ein hevda at vi pliktar å halde vegen open heile året, då fylkeskommunane overtok ansvaret for det vesentlege av øvrige riksvegar med den standard dei hadde og tilhøyrande rettar og plikter slik dei var på overtakingstidspunktet i samband med innføring av forvaltningsreforma 1. januar 2010.

E-CO Energi AS, som drifrar Aurlandsanlegga, er avhengig av tilkomst både frå aust og vest. Kraftanlegga (Vetlebotn) og koplingsanlegg for el-kraft ligg om lag 6 km vest for Geiteryggtunnelen. Koplingsanlegga for el-kraft vil etter kvart bli overteke av Statnett, då dette er rekna som del av det sentrale straumnett.

Figuren under syner variasjon i årsgjertrafikk (ÅDT) på fjellovergangen:



År	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	ÅDT	ÅDT tunge	% tunge
2004	121	172	207	465	408	502	987	740	422	278	169	167	388	49	12,6 %
2005	140	210	303	225	388	478	969	747	405	275	145	175	375	44	11,7 %
2006	158	174	214	385	372	494	978	745	361	299	154	189	378	37	9,0 %
2007	139	174	244	522	411	507	986	787	448	293	169	192	406	41	10,1 %
2008	117	192	303	252	386	525	970	723	404	245	162	163	373	39	10,5 %
2009	136	222	204	451	371	508	941	718	365	318	199	200	387	38	9,8 %
2010	164	227	336	379	364	453	921	719	383	266	150	156	378	39	10,3 %
2011	145	182	207	457	288	634	842	661	344	235	144	114	356	40	11,2 %
2012	130	167	314	387	308	432	789	660	392	260	161	149	348	38	10,9 %
2013	143	237	372	217	283	556	780	495	270				338	45	13,3 %
2014							678	566	320	197	116	175	298	40	13,4 %
2015	137	196													

Kommentarar
- 2013: E16 Gudvangatunnelen stengt pga. brann aug

I staden for vinterstenging kan vi late vere å køyre kolonne på strekninga. Det er også mogleg å lage snuplass på austsida av Geiteryggtunnelen og halde vegen open der dersom den blir vinterstengt i vest.

Fv. 53 Årdal – Tyin

Høggfjellsstrekninga mellom Holsbru og Tyin er om lag 27,7 km lang. Av dette ligg 14,4 km i Sogn og Fjordane. Fylkesgrensa mellom Sogn og Fjordane og Oppland går ved Tynosen. Det er vegavdeling Sogn og Fjordane som har driftsansvar for strekninga, som del av driftskontrakten for Indre Sogn. Vegen er mellombels stengt i periodar på grunn av uvêr, ras og rasfare. Det blir ikkje køyrt kolonne på strekninga, dels fordi det etter at Årdal fekk vegsamband til Lærdal er like raskt å køyre om Filefjell som å vente på kolonne.

I periodar med stengd veg, er alternativ reiserute mellom Øvre Årdal og Tyin via Lærdal og E16 Filefjell. Dette gir auka reiseavstand på om lag 67 km.


Vegen Øvre Årdal - Valdres over Heirsnosi vart opna i 1934. Dagens veg mellom Øvre Årdal og Tyinkryset vart opna i 1962. Vegen har relativt låg standard og går med krappe svingar opp frå Årdal, der slyngar er lagt i tunnel. Strekinga gjennom Jåteli er rasutsett og står på 4. plass på fylkeskommunen si prioriteringsliste over skredsikringstiltak. Dei to første prosjekta på prioriteringslista er i ferd med å bli gjennomført. Det er lite arbeidspendling over fjellet, men nokre bedrifter har avdeling på begge sider av fjellet, eller har inntekter frå gjennomgangstrafikken.

Det er ein del kraftutbygging i området, og vegtraseen ligg i tilsigområdet for Tyin kraftverk. I tillegg har Hydro energi planar om meir utbygging i området. I tillegg er det høgspenningslinje og linkinstallasjonar på strekingar som har behov for tilsyn.

Det er om lag 400 hytter i Årdal kommune og 350 hytter i Vang kommune, inkludert Eidsbugarden, som blir råka av ein eventuell vinterstengd veg. I tillegg er det ein del byggeklare hyttetomter i området. Dette er også eit mykje brukt turområde både sommar og vinter, og fv. 53 er viktig for tilkomsten til dette. Hytteturisme gir bidrag til handel både i Årdal og på Tyinkryset, i tillegg til, saman med innbyggjarar i Årdal, å vera eit viktig kundegrunnlag for skiheisen og andre vinteraktivitetar i Tyin-Filefjellområdet. Dersom vegen blir vinterstengd, har vi fått innspel om at stenginga på austsida bør vera ved Tyin for å sikre tilkomst til parkeringsplassar for Tyin hotell, og dei som skal vidare mot Tynholmen, Eidsbugarden og hytter i området.

Valdresekspressen har fire daglege avgangar over Årdal – Tyin, to i kvar retning.

Årdsdøgertrafikken (ÅDT) er om lag 300 kjt/d, målt ved Holsbru. Figuren under syner variasjon i ÅDT over året:



År	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	ÅDT	ÅDT tunge	% tunge
2004	332	380	411	437		464	783	696	497	352	286	213	443	93	21,0 %
2005	102	243	362	251	289	400	802	705	495	392	249	175	373	41	11,0 %
2006	144	231	227	371	287	444	812	712	519	395	198	140	374	43	11,5 %
2007	72	136	202	283	302	441	807	683	456	362	214	182	345	44	12,8 %
2008	94	92	241	248	323	429	756	635	396	169	203	160	313	38	12,1 %
2009	110	177	175	352	309	417	732	594	420	289	189	196	330	40	12,1 %
2010	173	234	256	255	320	408	743	624	446	313	208	180	348	45	12,9 %
2011	150	176	138	354	289	556	656	532	411	305	213	148	320	44	13,4 %
2012	146	138	204	301	288	395	663	671	656	408	190	158	351	45	12,8 %
2013	156	217	350	197	263	384	664	451	311	273	176	139	299	31	10,4 %
2014	135	177	166	332	275	397		504	362	263	162	144	296	31	10,5 %
2015	113	154													

Kommentarar

- 2012: E16 Filefjell delvis stengt aug-okt

Fv. 93 Vadheim – Guddal (Heldalsheia)

Fylkesveg 93 mellom Vadheim og Guddal kan bli stengt i kortare periodar over Heldalsheia som følgje av ras og rasfare. Det er ikkje kolonnekøyring på strekinga. Omkøyring om Lavik gir 57 km/51 minutt auka reiseveg. Det er også mogleg å nytte kommunal veg mellom Steinset og Høgeli og vidare til Sande. Denne er ein del kortare enn vegen om Lavik, med 14 km, eller 22 minutt, lenger køyreveg.

Fv. 665 Heggjadalen (Heggjabygda – Møre grense)

Fylkesveg 665 er ein lite trafikkert veg mellom Heggjadalen i Eid kommune og Kalvatn i Volda. Alternative ruter er rv. 651 Stigedalen eller E39 Kvivsvegen, noko som gir om lag 56 km lenger reiseveg.

Fv. 720 Hjelle – Erdal

Fylkesveg 720 går utanom Hjelletunnelen på rv. 15, og gir vegsamband til grenda Hjelle. Vest for Hjelle er vegen rasfarleg, særleg i vinterhalvåret. Dersom denne strekninga blir stengt, gir det om lag 2 km lenger reiseveg for trafikk vestover frå Hjelle. Hjelle er skilta til som ein del av Nasjonal turistveg Gamle Strynefjellsvegen.

Utgangspunkt for vurderingane

Ved å innføre fast stengingsregime på fjellovergangane, vil vi spare kostnader til vinterberedskap, mannskap og maskiner, samt ein del mengdekostnader knytt til strøing, salting, brøytestikker etc. Når vi har vurdert potensiale for innsparing, har vi lagt til grunn følgjande:

- ∞ Spart vinterberedskap
- ∞ Sparte kostnader til brøyting og strøing og salting
- ∞ Spart mannskap og maskiner

Så langt råd har vi teke utgangspunkt i gjennomsnittlege vinterkostnader i gjeldande driftskontrakter. Det er uvisse knytt til korleis entreprenørane vil handtere dette strategisk sidan endringane vil medføre endra bruk av maskiner og mannskap. Marknadssituasjonen vil også påvirke korleis entreprenørane prisar dei ulike elementa i driftskontraktane. Dei potensielle innsparingane vil difor vera usikre.

Vi har tidlegare vurdert potensiale for innsparing med vinterstenging av fv. 53 og fv. 50 i perioden 1. november – 1. mai til å vera om lag slik:

Vinterkostnader - stenging høg fjell	Innsparing SFj (mill. kr)	Innsparing andre (mill. kr)	Merknad
Fv. 53 Sogn	2,5		Kan ikkje gjennomførast utan dialog med nabofylka. Må rekne med betydeleg engasjement frå berørte kommunar og trafikantar.
Fv. 53 Oppland		1,5	
Fv. 50 Sogn	2,5		
Fv. 50 Buskerud		2,0	
Sum	5,0	3,5	

Dette har vore lufta politisk med nabofylka, og har gitt noko merksemd i media. Buskerud fylkeskommune og E-CO har gitt uttale til framlegget om vinterstenging av fv. 50. Årdal kommune har kome med innspel til konsekvensar av å vinterstenge fv. 53.

Berekna potensiale for innsparing

Veg	Stengingsperiode	Innsparings- potensiale per år (mill. kr)	Merknad
<i>Vegar som er vinterstengde i dag, men som får endra stengingsperiode</i>			
Fv. 55 Sognefjellet	15. oktober -1.mai	0,3	
Fv. 13 Gaularfjellet	1.november -1.mai	0,3	
Fv. 92 Bjordal – Matre	1.november -1.mai	0,5	
Fv. 243 Aurlandsfjellet	1.november -15. juni	0,5	
Fv. 258 Gamle Strynefjellsvegen	1.november -15.juni	0,1	
<i>Vinterstenging av fleire vegar</i>			
Fv. 93 Vadheim – Guddal *)	1.november -1.mai	0,3	
Fv. 665 Heggjabygda – Møre grense	1.november -1.mai	0,3	
Fv. 720 Hjelle – Erdal *)	1.november -1.mai	0,1	Ev. permanent stenging eller vinterstengd gs-veg
Fv. 50 Hol – Aurland, strekninga Østerbø - Nilsegard	Vinteropen fv. 50 utan kolonnekøyning	0,6	
Fv. 50 Hol – Aurland, strekninga Østerbø - Nilsegard	1.november -1.mai	5,0	Oppdatering av tidlegare kostnader
Fv. 53 Årdal – Tyin, strekninga Øvre Årdal - Tyin	1.november -1.mai	3,7	Oppdatering av tidlegare kostnader
Sum <u>utan</u> vinterstenging fv. 50 og fv. 53		3,0	Utan kolonnekøyning fv. 50
Sum <u>med</u> vinterstenging fv. 50 og fv. 53		11,1	

*)Desse strekningane er ikkje høgfjelloverganger, men har likevel utfordringar vinterstid.

Av tabellen ser vi at potensialet for å innsparing ved å endre stengingsregimet om vinteren er i storleiken 3-11 mill. kr per år.

Det er ein del uvisse i desse tala. Prisane i driftskontraktene består av ein rundsum og ein mengdebasert del for kvar prosess. Det er den mengdebaserte delen som varierer frå år til år.

Det er uvisse knytt til korleis entreprenørane vil handtere endringar i driftsregime strategisk sidan dette vil medføre endra bruk av maskiner og menneskap. Marknadssituasjonen vil også påverke korleis entreprenørane prisar dei ulike elementa i driftskontraktane. Dei potensielle innsparingane vil difor vera usikre.

Ved vinterstenging i perioden 1. november – 1. mai unngår vi kostnader med vinterberedskap i 4 månader. Det er erfaringsmessig i denne perioden vi får det meste av snøfall. Men det kan også koma nedbør som snø i høgfjellet utanom denne perioden. I så fall må vi vurdere tidlegare vinterstenging, eventuell mellombels stenging, dersom det ikkje er forsvarleg å halde vegen open.

Konsekvensar av vinterstenging

Vinterstenging av vegar vil medføre ulemper for dei som nyttar vegen i dag. Det er ikkje så lett for oss å anslå kor store desse ulempene er. Dette er hovudsakleg vegar med relativt lite trafikk. I tabellen under er det synt ein del konsekvensar av å vinterstenge desse vegane. For full oversikt over konsekvensar, bør framlegget sendast på høyring til involverte kommunar.

Fv. 53 Årdal – Tyin

Trafikk mellom Øvre Årdal og Austlandet, inkludert rutebuss (Valdressekspressen) har omkøyning om E16 Filefjell. Auka køyrelengde er om lag 67 km, eller 60 minutt.

Fv. 53 Årdal – Tyn er beredskapsveg dersom vegen mellom Øvre Årdal og Årdalstangen blir stengt som følgje av ras eller andre hendingar. Dette gir konsekvensar for varelevering og pendling på strekninga. Hydro sin fabrikk i Øvre Årdal er avhengig av denne vegen og tåler ikkje lange stengingar. Det blir også lenger transportveg for bedrifter med lokalisering på begge sider av fjellet, og lågare kundegrnlag for bedrifter i Tyn-Filefjellområdet. Vegen kan også vera omkøyingsveg for E16 dersom denne blir stengd. Vinterstenging av Årdal – Tyn kan såleis få store konsekvensar. Hytteområder blir mindre tilgjengelege og mindre attraktive.

Tilkomst til kraftanlegg som treng tilsyn og vedlikehald kan bli vanskeleg vinterstid. Noko kan løysast med snøscooter og helikopter, men det blir meir kostnadskrevjande og mindre fleksibelt enn i dag.

Fv. 50 Hol – Aurland

Då staten overtok denne vegen frå Oslo Lysverker, vart det lagt til grunn at vegen skulle vera vinteropen. Vegen har relativt liten betydning for dei lange reisene mellom Austlandet og Vestlandet, men den er, saman med rv. 7, viktig for Øvre Hallingdal og næringslivet der.

E-CO er avhengig av tilkomst til sine anlegg både frå aust og vest. Dei har kraftanlegg (Vetlebotn) og koplingsanlegg for el-kraft på vestsida av Geiteryggtunnelen. Tilkomst til dette er viktig av omsyn til sikkerheiten for kraftforsyninga. Med vinterstenging vil tilkomst til anlegg blir vanskeleg, då det ikkje er tilgjengeleg med snøscooter.

Hytter på den stengde strekninga blir utilgjengelege med bil, og trafikk mellom Vestlandet og hytteområda i Hol/Geilo får stor omveg. Omkøyning er om rv. 52 Hemsedal som gir 76 km/1 t 6 min eller rv. 7 Hardangervidda som gir 108 km/1t 40 min lenger køyreveg. Turistverksemdar på strekninga, f.eks. Geitryggen, får vanskelegare tilkomst. Det kan også få konsekvensar for handelsnæringa dersom turisttrafikken minkar som følgje av vinterstenging.

Fv. 93 Vadheim – Guddal (Heldalsheia)

Trafikk mellom Guddal og Vadheim har alternativ rute om Nautsund og Lavik eller Sande, eller på kommunal veg til Gaular. Dette gir ein auka reiseavstand på 57 eller 14 km. Det er svært liten trafikk på strekninga.

Hytter kan bli utilgjengelege eller få stor omveg i stengingsperioden

Fv. 665 Heggjadalen (Heggjabygda – Møre grense)

Trafikken på strekninga er svært låg. Den får omkøyning om rv. 651 Stigedalen eller E39 Kvivsvegen. Hytter blir mindre tilgjengelege eller får stor omveg i stengingsperioden.

Fv. 720 Hjelle – Erdal

Det blir tilkomst til Hjelle berre frå aust om vinteren. Dette vil ha små konsekvensar for lokalsamfunnet. Det er svært liten trafikk på strekninga.

Tidspunkt for innføring av eventuelle endringer

Dersom vi skal endre stengingsregimet for vegnettet, må dette fasast inn i samband med utlysing av nye kontraktar.

Veg	Driftskontrakt	Aktuelt frå kontraktperiode	Merknad
Fv. 53 Årdal – Tyn	Indre Sogn	2019-2024	
Fv. 50 Hol – Aurland	Indre Sogn	2019-2024	I staden for vinterstenging kan det vera aktuelt å ikkje tilby kolonnekøyring. I dag er det kolonne på dagtid.
Fv. 93 Vadheim – Guddal (Heldalsheia)	Hafs	2018-2023	
Fv. 665 Heggjadalen (Heggjabygda – Møre grense)	Nordfjord	2020-2025	
Fv. 720 Hjelle - Erdal	Nordfjord	2020-2025	
Fv. 55 Sognefjellet	Midtre Sogn	2021-2026	
Fv. 13 Gaularfjellet	Midtre Sogn	2021-2026	
Fv. 92 Bjordal – Matre	Nordhordland	2018-2023	
Fv. 253 Aurlandsfjellet	Indre Sogn	2019-2024	
Fv. 258 Gamle Strynefjellsvegen	Nordfjord	2020-2025	

Nokre kontrakter har opsjonar som gjer at gjeldande kontraktperiode kan bli noko utvida i forhold til det som er lagt til grunn i tabellen.

Oppsummering av tiltak og konsekvensar

Nivå 1				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
46 vinterstenging av vegar	Fv. 55 Sognefjellet	Utvida stengingsperiode på vegar som er vinterstengde	Sparer kostnad med vinterberedskap, brøyting, strøing, mannskap og maskiner. Dårlegare framkomst for trafikantar/turistar.	0,3
46 vinterstenging av vegar	Fv. 13 Gaularfjellet	Utvida stengingsperiode på vegar som er vinterstengde	Sparer kostnad med vinterberedskap, brøyting, strøing, mannskap og maskiner. Dårlegare framkomst for trafikantar/turistar.	0,3
46 vinterstenging av vegar	Fv. 92 Bjordal - Matre	Utvida stengingsperiode på vegar som er vinterstengde	Sparer kostnad med vinterberedskap, brøyting, strøing, mannskap og maskiner. Dårlegare framkomst for trafikantar/turistar.	0,5
46 vinterstenging av vegar	Fv. 243 Aurlandsfjellet	Utvida stengingsperiode på vegar som er vinterstengde	Sparer kostnad med vinterberedskap, brøyting, strøing, mannskap og maskiner. Dårlegare framkomst for trafikantar/turistar.	0,5
46 vinterstenging av vegar	Fv. 720 Hjelle - Erdal	Vinterstenging av fleire vegar, ingen kolonnekøyning	Sparer kostnad med vinterberedskap, brøyting, strøing, mannskap og maskiner. 2 km omkøyingsveg	0,1
46 vinterstenging av vegar	Fv. 258 Gamle Strynefjellsveg	Utvida stengingsperiode på vegar som er vinterstengde	Sparer kostnad med vinterberedskap, brøyting, strøing, mannskap og maskiner. Ikkje framkomeleg til Stryn sommarskisenter	0,1
Sum nivå 1				1,7

Nivå 2				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
46 vinterstenging av vegar	Fv 93 Vadheim - Guddal	Vinterstenging av fleire vegar, ingen kolonnekøyning	Sparer kostnad med vinterberedskap, brøyting, strøing, mannskap og maskiner. Mellom 14 og 57 km omkøyning. Hytter kan bli utilgjengelege.	0,3
46 vinterstenging av vegar	Fv. 665 Heggjabygda - Møre grense	Vinterstenging av fleire vegar, ingen kolonnekøyning	Sparer kostnad med vinterberedskap, brøyting, strøing, mannskap og maskiner. 56 km omkøyringsveg. Hytter kan bli utilgjengelege.	0,3
46 vinterstenging av vegar	Fv. 258 Gamle Strynefjellsveg	Utvida stengingsperiode på vegar som er vinterstengde	Sparer kostnad med vinterberedskap, brøyting, strøing, mannskap og maskiner. Ikkje framkomeleg til Stryn sommarskisenter	0,1
46 vinterstenging av vegar	Fv. 50 Hol - Aurland	Slutte med kolonnekøyning	Lengre stengingsperiodar	0,6
Sum nivå 2				1,3

Nivå 3				
Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Anslag
46 vinterstenging av vegar	Fv. 50 Hol - Aurland	Vinterstenging av høgfjellsovergangar	Tilkomst til kraftanlegg blir vanskeleg. Hytter på den stengde strekninga blir utilgjengelege med bil, og trafikk mellom Vestlandet og hytteområda i Hol/Geilo får stor omveg. Omkøyringsveg er mellom 76 og 108 km. Turistverksemdar får vanskelegare tilkomst. Negative konsekvensar for handelsnæringa.	5
46 vinterstenging av vegar	Fv. 53 Årdal - Tyin	Vinterstenging av høgfjellsovergangar	Tilkomst til kraftanlegg som treng tilsyn og vedlikehald kan bli vanskeleg. Auka køyrelengde mellom Øvre Årdal og Tyin via Lærdal og E16 Filefjell er om lag 67 km. Beredskap dersom stengt mellom Øvre Årdal og Årdalstangen. Det blir lenger transportveg for bedrifter med lokalisering på begge sider av fjellet, og lågare kundegrunnlag for bedrifter i Tyin-Filefjellområdet. Hytteområda blir mindre tilgjengelege og mindre attraktive.	3,7
Sum nivå 3				8,7

Samla innsparing

11,7



Aurland, 27.06.2014

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Vår ref
14/628-4

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Noralf Distad, 57 63 29 29

Arkiv
K2-Q13

Heilårsopen Fv 50 Aurland - Hol

Aurland kommune er kjent med eit mogleg innsparingstiltak knytt til Fv 50 Aurland – Hol .

Aurland kommune kan på ingen måte godta at denne viktige sambindingsvegen vert vinterstengd.

Aurland kommune vil minna om at Fv 50 har stor verdi for næringslivet i kommunane Aurland og Hol. Dette er knytt til E-Co Energi as sine omfattande anlegg, reiselivsbedrifter, skidestinasjonar og anna næringsliv langs vegen. Vegen har og stor verdi for innbyggjarar og næringsliv i tilknytt regionar.

Aurland – Hol er eit viktig aust-vest samband, og er den kortaste vegen frå Sogn og Fjordane til Geilo og starten på Fv 40.

Vegen som vart opna i 1974 er i hovudsak bygd av Oslo Lysverker som lekk i Aurlandsutbygginga. I tillegg stod Geiteryggen tunnelselskap for bygginga og finansieringa av Geiteryggstunnelen. Vegen vart overteken av Staten i 1985, seinare overtok fylkeskommunane. Føresetnaden for overtakinga i 1985 var at vegen skal vera heilårsveg og døgnoopen. Den føresetnaden står fast og vegen Aurland – Hol skal kan såleis ikkje vera noko anna enn heilårsveg og open heile døgnet.

Med helsing

Noralv Distad
ordførar

Kopi til:

Buskerud Fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
E-Co Energi AS	C.J. Hambros plass 2 C	0164	OSLO
Hol kommune	Ålmannvegen 8	3576	HOL



Se mottakertabell

Deres referanse	Vår ref.	Dato
	12/00194-24	09.09.2014

Uttale Aurland og Hol formannskap

I felles Formannskapsmøte for Aurland og Hol kommune 28. august, drøftet kommunene status og framtidige muligheter i tilknytning til Fylkesveg 50, Hol- Aurland.

Vegen har både regional og nasjonal betydning som ferdselsåre mellom øst og vest. Formannskapene er svært opptatt av at vegen blir prioritert av vegeierne også i framtiden.

Vi forventer at vedlikeholdet, både sommer og vinter, blir prioritert også i de kommende årene. Vi er svært tilfredse med arbeidene som er gjennomført på Geitryggtunnelen, og vi regner vi med at det blir iverksatt tiltak på de tunnelene som ikke er i tilfredsstillende stand.

Kommunene vil i møter i løpet av høsten legge planer for hvordan vi kan styrke reiselivssamarbeidet mellom to av landets største reiselivskommuner. Dette vil styrke næringsutviklingen i distriktene, og i en slik sammenheng vil Fv50 spille en svært viktig rolle.

Vi tar det for gitt at vi i framtiden blir orientert om tiltak som er planlagt på vegstrekningen.

Med hilsen

Formannskapet i Hol
Formannskapet i Aurland

Godkjent og ekspedert uten underskrift

Kopi til:



Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Sogn og Fjordane Fylkeskommune			
Buskerud fylkeskommune - Fylkesordføreren		Postboks 3563	3007 DRAMMEN



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Att. Velaug Mo Veum
Askedalen 2
6863 Leikanger

Vår dato: 30.03.2015
Deres dato:

Vår referanse: 2015/778-23
Deres referanse:

Vår saksbehandler:
Erling Stein Aass, tlf. 32808699

Fv.50 Hol- Aurland. Konsekvenser for Buskerudsamfunnet dersom vegen vinterstenges

Saken var opp til behandling i Hovedutvalget for samferdselssektoren 26.mars 2015, og behandling og vedtak ble som følger:

Avstemming

Enstemmig vedtatt.

Vedtak

1

Av hensyn til lokalsamfunn, næringsliv i Hallingdal, kraftproduksjon og beredskap- er det viktig at fv.50 ikke vinterstenges.

2

Buskerud fylkeskommune ber Sogn og Fjordane fylkeskommune ta initiativ til å bringe aktuelle aktører sammen for å kartlegge og utrede alternative løsninger for finansiering av vinteråpen fv.50, dersom fylkeskommunen ikke finner å kunne finansiere vinterdrift alene.

Vedtaket innebærer at hovedutvalget støttet samferdselssjefens forslag til vedtak, og som ble oversendt som en del av saksframlegget til Sogn og Fjordane fylkeskommune 16.mars 2015. Buskerud fylkeskommune mener det er viktig at fv.50 ikke vinterstenges. Konsekvensene for Buskerud og beredskapen knyttet til øst/vestsambandet vil være for store, og før en beslutning tas er det nødvendig å se på mulighetene for vinteråpen veg ut fra nye og andre forutsetninger.

Dersom Sogn og Fjordane fylkeskommune ikke finner rom for å finansiere vinterdrift, bør det igangsettes en prosess for å utrede alternative løsninger for finansiering så snart som mulig. Aktuelle parter i dette vil i første rekke være E-CO Energi AS, Statnett, lokalt næringsliv i regionen (spesielt innenfor vinterturisme), berørte kommuner og fylkeskommuner.

Med vennlig hilsen

Gro Ryghseter Solberg
Samferdselssjef

Erling Stein Aass
Rådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk og sendes uten signatur

Kopi til:
Statens vegvesen Region Sør Serviceboks 723 4808 Arendal



Vår saksbehandler Erling Stein Aass, tlf. 32808699
Vår referanse 2015/778-22

UTVALG	UTVALGSSAK	MØTEDATO
Hovedutvalget for samferdselssektoren		26.03.2015

Vedlegg

- 1 Notat fra Statens vegvesen region Sør. Fv.50 Mulig vinterstengning
- 2 Notat Regionrådet for Hallingdal Fv.50 som vinteråpen veg
- 3 DC Analyse AS Konsekvensar av vinterstengt Rv.50 Hol- Aurland

Fv.50 Hol- Aurland. Konsekvenser for Buskerudsamfunnet dersom vegen vinterstenges

Buskerud fylkeskommune, samferdselsavdelingen har fått en henvendelse fra Sogn og Fjordane fylkeskommune, hvor de ber om vårt syn på hvilke konsekvenser en vinterstengning vil ha for brukerne, lokalsamfunn, næringsliv i regionen og øst-vest sambandet. Bakgrunn for dette er at fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane fylkeskommune er bedt om å se på et mulig innsparingspotensiale for samferdsel på i alt 130 mill kr pr år. En av flere muligheter man ser på er vinterstengning av veger- blant annet fv.50 Hol- Aurland.

Som en del av sakforberedelsene er det innhentet uttalelser og hhv Hol kommune, Regionrådet for Hallingdal, Statens vegvesen og samtaler med E-CO Energi AS.

Forslag

1
Av hensyn til lokalsamfunn, næringsliv i Hallingdal, kraftproduksjon og beredskap- er det viktig at fv.50 ikke vinterstenges.

2
Buskerud fylkeskommune ber Sogn og Fjordane fylkeskommune ta initiativ til å bringe aktuelle aktører sammen for å kartlegge og utrede alternative løsninger for finansiering av vinteråpen fv.50, dersom fylkeskommunen ikke finner å kunne finansiere vinterdrift alene.

Buskerud fylkeskommune, 9.mars 2015
Gro R. Solberg
samferdselssjef

Bakgrunn for saken

Vegen ble opprinnelig bygget som en del av kraftutbyggingen for Aurlandsvassdraga- vedtatt av Stortinget i 1969. Første del av vegen fra Vassbygdi i Aurland ble bygget som en anleggsveg av Oslo Lysverker, og i konsesjonsbetingelsene lå det at det skulle sikres vinterregularitet på vegen, ved at vegen videre skulle legges i tunnel under Geiteryggen. Selve tunnelen ble bygget av et eget selskap i perioden 1970- 1974, og vegen ble offisielt åpnet i 1974.

Vegen ble overtatt av Staten i 1985, og forutsetningen for Statens overtagelse var at vegen skulle være helårsveg, og holdes åpen på dagtid men stenges med bom på natten. I forbindelse med å tilrettelegge for fergefri forbindelse øst/vest, ble Gudvangatunnelen åpnet i 1991 og Geiteryggtunnelen ble utbedret og rehabilitert. Fra desember 1991 og frem til november 2000 hadde rv.50 status som midlertidig stamveg, og vegen ble døgnåpen helårsveg med kolonnekjøring på vintertid. Vegen ble senere fylkesveg (fv.50) etter regionreformen i 2010.

I dag er fv.50 en døgnåpen helårsveg, og for tiden pågår det en større utbedring av Geiteryggtunnelen. Prosjektet skal være ferdig tidlig i 2016. Dette er et omfattende prosjekt med bergrensk og utskifting av alle tekniske installasjoner for å tilfredsstille "Tunnelsikkerhetsforskriften" av 2009. Prosjektet har en total kostnad på 115 mill kr.

Dagens situasjon og problemstillinger

For å belyse dagens situasjon og utfordringer, har Statens vegvesen region sør har utarbeidet et notat som omhandler trafikkforhold, trafikkavvikling, regularitet, beredskap og økonomi knyttet til vegen og fjellovergangen (vedlegg 1). Videre er det innhentet uttalelser og synspunkter fra både Hol kommune og Regionrådet for Hallingdal, hvor sistnevnte har samordnet uttalelsene fra Hallingdal. Se for øvrig vedlagte notat fra Regionrådet for Hallingdal (vedlegg 2).

Det er også vært kontakt med E-CO Energi AS knyttet til konsesjonsvilkårenes betydning for vegens funksjon og regularitet.

Vintersikker vegforbindelse har stor betydning for reiseliv, øvrig næringsliv og bosetting i øvre del av Hallingdal, spesielt for Hol som er en stor og viktig turistkommune/destinasjon i Buskerud, og en av de største på landsbasis. På strekningen langs fv.50 fra Hovet og vestover ligger bl.a. turiststedene Sudndalen og Myrland med Hallingskarvet skisenter. Dette er turistområder i sterk utvikling, som det satses på, og som har et viktig marked i vest. I dette området ligger i dag mer enn 500 hytter og fritidsleiligheter, og det er godkjente planer for ytterligere 1000 nye hytter i Sudndalen-Myrland.

Ringvirkningene lokalt av hytteutvikling og reiselivssatsing er store. På denne strekningen er det også andre virksomheter og næringsliv, både tjenesteyting og produksjon, som for en del er basert på forbindelsen over fjellet. Her ligger også kommunesenteret i Hol. Vinterstenging av fv.50 vil få negative konsekvenser for næringsliv og bosetting, først og fremst lokalt for Hol kommune, men indirekte også regionalt, med Hol som en del av Buskerud fylke.

Notatet fra Regionrådet for Hallingdal gir en utfyllende beskrivelse av betydning for brukere, lokalsamfunn og næringsliv, og kan kort oppsummeres slik:

- ∞ Veger er infrastruktur som skal tjene samfunnsinteresser, og er like viktig i et lite lokalsamfunn som for en by.
- ∞ Veger er infrastruktur som skal betjene bosetting og næringsliv.

- ∞ Hovedvegene i- og gjennom Hallingdal tjener flere funksjoner; livsnerve for lokalsamfunn og lokalt næringsliv, sammenbinding mellom Vestlandet og Hallingdal, transportkorridor mellom Vestlandet og Austlandet og mellom Bergen og Oslo
- ∞ Fv. 50 har både lokal, regional og nasjonal betydning som ferdselsåre mellom aust og vest
- ∞ Veggen er en livsnerve for lokalsamfunn og lokalt næringsliv
- ∞ Rapport fra TØI 517/2001 viser at fv.50 hadde mye å si for turisttrafikken
- ∞ Rapport fra DC-Analyse AS og VBB Samfunnsteknikk (juli 2001) viser; minst 20 bedrifter innen reiseliv/varehandel ligger langs fv.50 og vil være direkte berørt av vinterstenging, i Øystre Hol er det ca. 800 private hytter der over 20 % har eiere i Hordaland og Sogn og Fjordane, vinterstenging vil føre til redusert bruk av hytter og omsetningstap på 2 mill kr pr år
- ∞ I Øystre Hol og Aurlandsdalen er det registret ca. 100 byggeklare hytter, ved vinterstengt veg vil interessene for disse gå ned
- ∞ Fra 2002 til 2010 er det bygd ca 170 nye hytter i Øystre Hol, og det er ca. 1000 godkjente tomter

Notatet fra Statens vegvesen region sør gir en nærmere beskrivelse av trafikkforhold, trafikkavvikling, regularitet, beredskap og økonomi, men kan kort oppsummeres slik:

- ∞ Trafikktellinger siden 2002, ÅDT på ca. 350 kj/d. Tiltak på rv.7 og E-16 har bidratt til nedgang på fv.50 mot 300 kj/d (2014)
- ∞ Liten tungtrafikk, men jevn over året
- ∞ Mye trafikk omkring helger ferieperioder, sommer og høst. Mye turisttrafikk med busser, bobiler, og MC. Sommerbussrute mellom Ål og Aurland
- ∞ Mye trafikk knyttet til hytter mellom Myrland og grense mot Sogn- avhengig av vinteråpen veg
- ∞ Vinterturisme i øvre Hallingdal og Hol spesielt er i stor grad avhengig av vinteråpen veg
- ∞ E-CO (tidligere Oslo Lysverker) er avhengig av veggen for drift og vedlikehold av Aurlandsverkene
- ∞ Fv.50 er omkjøringsveg for rv.7 Hardangervidda og rv.52 Hemsedal, har fungert som beredskapsveg ved uvær, flom osv som berører veg- og jernbanenettet
- ∞ Dagens driftskontrakt går frem til 2019
- ∞ Utgifter til vinterdrift for Buskerud er på ca.4,5 mill kr pr år

Konsekvenser ved vinterstenging- sammenstilling

Konsekvenser for lokalsamfunn og næringsliv

I hht notatet fra Regionrådet for Hallingdal, kan konsekvenser oppsummeres slik:

1. Det er ingen tvil om at vinterstengt fv.50 vil store deler av reiselivsnæringa i Hol og Ål få dramatiske endringer i rammevilkåra, mange av bedriftene som er bygd opp med Fv50 som et naturlig og nødvendig infrastrukturtiltak, og vil måtte gi opp.
2. En stenging av fv.50 vil kunne få dramatiske konsekvenser, og på sikt føre til konkurransevridning i marked som allerede har sterk konkurranse. Vinterstenging vil få store negative konsekvenser for næringsliv og utvikling i øvre Hallingdal.
3. Diskusjonen om fv.50 er ødeleggende for langtidsplanleggingen. Næringsliv og politikere trenger rammevilkår med et lengre perspektiv
4. Det blir forventet forutsigbar og god framkommelighet med god regularitet og sikker trafikkavvikling også på vinteren. Fv50 må være prioritert som en fullverdig vinterbrøyta veg.

Konsekvenser for veg og trafikkforhold

Et utdrag av Statens vegvesen sitt notat oppsummeres slik:

5. Man mister en beredskapsveg for riksvegene i øst – vest forbindelsen
Både rv. 52 og E16 har god regularitet, og det kan synes som om behovet for vinteråpen fv. 50 ikke er avgjørende, men om denne blir helt vinterstengt vil dens funksjon som beredskapsveg i vinterhalvåret bli eliminert.

6. Endring av driftsregime
Det vært vurdert å redusere vinterstandarden langs rv. 50. Stortinget har behandlet dette, og resultatet har vært at vegens status som vinter- og døgnåpen, med kolonnekjøring, har blitt opprettholdt. Dette driftsregimet har blitt videreført også etter at vegen ble fylkesveg 01.01.2010. Konsekvensen av en vinterstenging vil kunne ha størst betydning for turistnæringen øverst i Hol kommune, som mister vegforbindelse. Imidlertid er det ingen umulighet å kunne opprettholde vinteråpen veg på Buskerudsidan av Geiteryggtunnelen.

7. Driftsveg til Aurlandsverkene
Forutsetninger og den konsesjonen som lå til grunn ved etableringen av vegen og bygging av kraftverkene er vesentlig. Det er å anta at det tilligger et nasjonalt sikkerhetsaspekt for kraftforsyningen med drift av Aurlandsverkene, som fordrer tilgang med helårs vegforbindelse til disse anleggene.

Kraftverk og infrastruktur for el-kraft

Som en del av saksutredningen har det vært dialog med E-CO Energi AS i Aurland som har bidratt med viktig faktainformasjon og synspunkter. E-CO har gjennomgått konsesjonsvilkårene, avtalen mellom Oslo Lysverker (i dag E-CO Energi AS) og Statens Vegvesen/Vegdirektoratet fra desember 1983 og Stortingets beslutning om å ta opp vegen Hol-Aurland som riksveg i mars 1985. På denne bakgrunn viser E-CO til at det i anledning statens overtakelse av vegen i 1985 var en klar forutsetning om at vegen skulle være en helårsveg.

Når det gjelder drift av Aurlandskraftverkene, er E-CO avhengig av adkomst fra både øst og vest. Tilgang fra vestsiden er helt avgjørende, fordi disse driftes fra Aurland. Kraftanleggene (Vetlebotn) og koplingsanlegg for el-kraft ligger på vestsiden av Geiteryggtunnelen, og ligger ca. 6 km vest for Geiteryggtunnelen. Koplingsanleggene for el-kraft vil etter hvert bli overtatt av Statnett, fordi dette regnes som en del av det sentrale strømmettet. Tilgang til denne infrastrukturen via en vinteråpen veg er derfor svært viktig for E-COs drift av Aurlandsanleggene og av hensyn til forsyningsikkerheten.

Samferdselssjefens vurdering og konklusjon

Når det gjelder vegen som øst/vest samband og som en av flere alternative fjelloverganger er fv.50 svært viktig. Rv. 52 og E-16 har god regularitet, men om fv.50 blir helt vinterstengt vil dens funksjon som beredskapsveg i vinterhalvåret bli eliminert. Dersom Stortinget velger E-134 og rv.52 som prioriterte øst/vest forbindelser- og ikke rv.7, vil Buskerud fylke miste en stor grad av fleksibilitet for øst/vest sambandet ved at fv.50 stenges vinterstid. Tilgjengeligheten mellom Hallingdal og Vestlandet blir langt dårligere, og beredskapen knyttet fjelloverganger mellom øst og vest blir dårligere. Rv.52 vil for svært mange bli en for lang omkjøringsveg.

Selv om trafikken totalt sett har gått ned siste året, kan dette ikke tillegges for mye vekt på grunn av mye stengning pga uvær og anleggsarbeidet i Geiteryggtunnelen.

Trafikantene generelt - og turisttrafikken spesielt får et dårligere tilbud, og det vil gå på ut over næringsliv og lokalsamfunn i Øvre Hallingdal. Videre er det viktig å være klar over forutsetningen om at vegen skulle være en helårsveg, ved Stortingets beslutning om å ta opp vegen Hol-Aurland som riksveg i mars 1985.

På bakgrunn av dette, mener samferdselssjefen at det er viktig at fv.50 ikke vinterstenges. Konsekvensene for Buskerud og beredskapen knyttet til øst/vestsambandet vil være for store, og før en beslutning tas er det nødvendig å se på mulighetene for vinteråpen veg ut fra nye og andre forutsetninger. Dersom Sogn og Fjordane fylkeskommune ikke finner rom for å finansiere vinterdrift, bør det igangsettes en prosess for å utrede alternative løsninger for finansiering så snart som mulig. Aktuelle parter i dette vil i første rekke være E-CO Energi AS, Statnett, lokalt næringsliv i regionen (spesielt innenfor vinterturisme), berørte kommuner og fylkeskommuner.

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2,
6863 Leikanger

Att.: Velaug Mo Veum

Dato: 18.03.2015

Vår ref.:

Side: 1 av 2

Vinterstenging av Fv 50 Aurland - Hol

Etter det opplyste skal Samferdselsavdelingen utrede mulige innsparinger for kr. 130 mill., herunder potensialet for innsparing ved vinterstenging av veger og utsatt åpning/tidligere stenging. Fv. 50 Aurland - Hol er en av fylkesvegene som skal være med i utredningen, og E-CO Energi AS (E-CO) er i den anledning bedt om en uttalelse.

I forbindelse med Oslo Lysverker AS' utbygging av Aurlandsvassdraget iht konsesjon av 1969, ble det etablert sammenhengende vegforbindelse Hol-Aurland. Veien ble anlagt med sikte på å være helårsvei, og i tråd med denne forutsetningen har vegen i alle år vært brøytet om vinteren. Som ledd i anleggsarbeidene sørget Oslo Lysverker AS for vinterbrøytingen til og med 1990. E-CO eier Oslo Lysverker AS og ivaretar selskapets interesser.

E-CO har gjennomgått konsesjonsvilkårene, avtalen mellom Oslo Lysverker og Statens Vegvesen/Vegdirektoratet fra desember 1983 og Stortingets beslutning om å ta opp vegen Hol-Aurland som riksveg i mars 1985. På denne bakgrunn viser E-CO til at det i anledning statens overtakelse av vegen i 1985 var en klar forutsetning om at vegen skulle være en helårsveg.

E-CO viser til at avstanden mellom Hol og Aurland 3 i dag er 50 km, og reisetiden er ca. 45 min. Dersom Fv 50 vinterstenges vil avstanden være 211 km, og reisetiden vil være mer enn 3 timer. Dette er uholdbart all den tid E-COs mannskap må kunne dra fra Aurland til Vesterdalstjern flere ganger i uken i vinterperioden. E-COs snøscootere står lagret her for utfart til våre reguleringsanlegg, og en plassering nærmere Aurland 3 er ikke aktuelt da dette vil medføre svært krevende og farlige forhold for å kunne bevege seg med snøscooter opp til fjellplatåene.

Når det gjelder drift av Aurlandskraftverkene, er E-CO avhengig av adkomst fra både øst og vest. Tilgang fra vestsiden er helt avgjørende, fordi disse driftes fra Aurland. Kraftanleggene (Vetlebotn) og koplingsanlegg for el-kraft ligger på vestsiden av Geiteryggtunnelen, og ligger ca. 6 km vest for Geiteryggtunnelen. Koplingsanleggene for el-kraft vil etter hvert bli overtatt av Statnett, fordi dette regnes som en del av det sentrale strømnettet.

Kort oppsummert er en vinteråpen Fv 50 svært viktig for E-COs drift av Aurlandsanleggene og av hensyn til forsyningsikkerheten. Når koplingsanleggene for el-kraft overtas av Statnett vil en vinteråpen veg også være i Statnetts interesse.

Med vennlig hilsen
E-CO Energi AS


Alf Inge Berget
Produksjonsdirektør


Celine Setsaas
Fagsjef Jus

Fra: Hans Kristian Hauge [hanskrhaug@gmail.com]
Til: Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]
Kopi:
Sendt: 02.10.2014 14:38:50
Emne: Fwd: fylkesveg 53
Vedlegg:

----- Videre sendt e-post -----

Fra: Hans Kristian Hauge <HYPERLINK
"mailto:hanskrhaug@gmail.com" hanskrhaug@gmail.com>
Dato: 2. oktober 2014 kl. 10.41
Emne: fylkesveg 53
Til: HYPERLINK
"mailto:post@opplandstrafik.no" post@opplandstrafik.no

Følger av vinterstenging av fy 53 Tyinkrysset Øver Årdal.

Det er 3 reiselivsbedrifter her Tyinholmen Eidsbugarden og
Fondsbu Den Norske Turistforening . Det er også over 800
familiehytter og en fastboende som da blir helt isolert uten
veg i 8 mnd.

En grunneier har nå stoppet planleggingen av et nytt hyttefelt
p.g.a. forslag om vinterstengt veg.

Årdal har da kun vegen langs fjorden med 8 tunneler før Lerdal
og 5 spesielt rasfalle steder på strekningen .

Årdal kommune og fylkeskommunen må forsvare stengingen av fv 53
i plan for samfunnsikkerhet og beredskap, noe direktoratet
skal vurdere .

Fv 53 er beredskapsveg for Årdal.

Ekspressbussene fra Årdal / Oslo Oslo/ Årdal daglig vil bli
nedlagt.

Pendlere og varetransport fra Øvre Årdal til Tyinkrysset og
Østover får 150 km lengre veg tur retur ,noe som vil forurense
mye mer på strekningen.

Hva blir kompensasjon for de 3 reiselivsbedriftene og de 800
familiehyttene og den fastboende.

Det vil koste fylkeskommunen mye mer en og brøyte vegen.

Er det ingen annen mulighet til og finansiere brøytingen vil
vi heller ha bom i Tyinkrysset og Øvre

Hilsen

Hans Kr. Hauge

Interimsstyret for "Åpen Fv50"

Buskerud Fylkeskommune. 3007 Drammen, Veg- eier

Sogn og Fjordane Fylkeskommune. 6863 Leikanger Veg- eier

Statens Vegvesen Region vest, 6863 Leikanger

Kopi; Hol Kommune v/ ordfører

Hol 15/3 2014

Brøyteanbud og forbedrede kontrakts forutsetninger for økt vinter-regularitet på Fv 50

Buskerud Fylkeskommune har de senere år, prisverdig, rustet opp deler av Fv 50 på vei og tunell siden.

Tiltakene her øker både framkommeligheten og sikkerheten for trafikantene. Men for å få en helhet her, må også vinterberedskapen stå i forhold til dette. Vi må heller ikke glemme at en trenger fremkommelig veg hele året, for å holde oppe beredskapen på energiforsyningen til det sentrale Østlandet gjennom selskapet E-CO.

Viser til beskrivelsen i anbudet for brøytingen av vinterdrift; (datert. 2/12 2013)

Generelt;

Vinterdriften skal sikre;

>Forutsibar og god framkommelighet med god regularitet og sikker trafikkavvikling under vinterforhold for alle trafikanter, på en måte som ivaretar miljøhensyn.

>Synlighet, lesbarhet, og øvrige funksjoner for objekter, spesielt med hensyn til trafikkavvikling og tilgjengelighet

>Sikt

>Tilgjengelighet til vegutstyr for de som utfører drift og vedlikehold.

Dette skal oppnås ved å gjennomføre vinterdrift for å begrense lengden av perioder med vanskelige føreforhold forårsaket av vintervær, samt sikre best mulig veigrep og jevnhet i perioder hvor det aksepters snø og isdekke på veien (Fv 50).

For å oppfylle forutsetningene her, som er satt opp i vinterkontrakten, vil Åpen Fv50 komme med en del forbedrings tiltak, også basert på erfaringer fra vinterhistorikken for Fv 50.

Opprinnelig kontraktsgrunnlag kan gi uheldige resultat, og derved redusert regularitet.

Skal en løse disse arbeidsoppgavene som beskrevet her, til det beste for alle, en er avhengig å se litt på tilakene som beskrives her.

Merknader til dokumentasjonen for anbudet som ligger ute:


1. Strekningen for fjellovergangen er fra Myrland til lysreguleringen i Vassbygdi. Hele strekningen er betegnet under høyfjellovergang, noe som Åpen Fv50 finner urimelig. For de andre strekningene er delt inn i to, en for høyfjell og en vanlig vintervedlikehold. Åpen Fv50 mener en må dele oppstrekningen i to, en høyfjellsstrekning; 36,5 km, (kilde stvv), er fra Myrland til Øyestølen, 900 m.o.h. En normal strekning; Øyestølen – Vassbygdi, 24,5 km. Vassbygdi- 2 m.o.h.
2. Hjullastere har krav på 14 tonn. Åpen Fv50 mener at denne er for liten i forhold til fresen, som har samme størrelse som i siste anbud. Nytt krav for hjullastere må være minimum 18 tonn, slik det var i sist anbud.
3. Krav til antall brøytebiler; Det ligger ingen spesielle krav om antall biler. I henhold til syklusen på brøyting må det stå krav til antall biler. Syklusen for brøyting på hele strekningen fra Myrland til Vassbygdi om regnet fra antall km. til hastighet på brøyting, vil det si at syklusen er 3 timer. Brøytebilene, en foran og en bak i kolonnen, klarer da ikke å brøyte strekningen. Kravet må være minimum 4 brøytebiler. 2 på vest og 2 på østsiden.
4. Kolonnekjøring med det utstyret som er spesifisert i anbudet kan de kun kjøre 1 kolonne, dersom det skal kjøres 2 kolonner samtidig (1 fra hver side av fjellet) må det være 4 brøytebiler.
5. Plogene må være spissplog under kolonnekjøring, og dersom det skal brukes 2 brøytebiler må det være spissplog på fremste bilen. Dermed mener Åpen Fv50 at krav til ploger må være 2 spissploger og 2 diagonalploger.
6. Kolonnekjøring kjøres ikke mellom 22-8. Åpen Fv50 mener at nødvendig mannskap må være tilgjengelig, slik at kolonne også kan kjøres nattetid, spesielt da de andre fjellovergangene er stengt ved uvær og trafikkuhell, som eks. Rv 7 og Rv 52.
7. Nattestenging mellom 22-8 ved kolonne gjør at åpningen av veien skjer lenge etter kl 8 neste dag, og regulariteten begrenses. Kostnaden med 24 t åpen veg, øker minimalt da mannskap brøyter likevel.
8. I kolonne er det spesifisert at det skal være brøytebil fremme og bak i kolonnen. Åpen Fv50 mener at av sikkerhetsmessige årsaker må være stor pickup 4x4 eller traktor, slik det blir brukt på Rv 52 pr i dag. Det sikreste bak i en kolonne må være traktor med fres, dersom noen kjører seg fast i kolonnen, og må hurtig trekkes ut. Lastebil med spissplog bakerst, er direkte livsfarlig, om kolonnen skulle stoppe opp. Lastbil med diagonal plog bak vil ha en stor sannsynlighet for å kjøre seg fast.

9. Kolonnekjøring bør fortrinnsvis gå mellom Nilsegarden på Strandavatn og Øyestølen. Men er stenging av veien nødvendig lenge før disse plassene er det mulig å bruke bom på Myrland ved brøytestasjonen og Østerbø i vestre del av vannet ved Osebrekka. Disse 2 bommene har ikke vært i bruk de siste årene i forhold til kolonne.
10. Generelt synes Åpen Fv50 at det bør stilles krav til utstyr aldersmessig, slik at kontraktør stiller med utstyr som er driftssikkert. Gammelt utstyr vil skape begrenset regularitet og unødig stengt vei.
11. Strøsand og salt – det ligger et lite lager i Lærdalstunelen. Alternativt må det hentes sand nedenfor Ål i Hallingdal. Åpen Fv50 mener at det bør ligge et lite lager inne i Geiteryggstunnelen, slik at det ikke skal brukes mye tid på å hente strøsand da det er glatt. Dette er mere økonomisk for kontrakten og også for entreprenøren, og skaper økt trafiksikkerhet.
Det bør stilles resposntids-krav til varmsand, slik at denne kan benyttes på snø og isdekke som sikrer optimalt veigrep. Viser til beskrivelsen under Generelt at vinterdriften skal sikre.
12. Telefondekning på fjellovergangen har blitt dårligere siste året. Har det blitt fjernet noe utstyr av Statens veivesen i forbindelse med oppgradering av Geiteryggstunnelen?
Generelt så må radio/telefondekningen bli bedre på østsiden av Geiteryggstunnelen, da det i dag er 0 dekning her. Dette er med å kunne informere kolonne-trafikanter ang vei-situasjon
13. Vegvesen.no Fv 50 – Bør stå nattestengt om det er slik, og ikke stå stengt pga uvær
14. Under generelt for funksjon av objekter: Tavlene som står på Gol og viser åpen, kolonne eller stengte veier, må vise det som er aktuelle for Fv 50. Slik praksisen er i dag, snues tavla til stengt på Gol kl 1900, og på Hagafoss "henger" ofte tavla på stengt, om veien er åpen.


Viser til pk 1. Om en øker lengden på høyfjellsterkningen her fra 36,5 km til 61 km vil det å fordele kostnadene på antall passerte biler ved det eneste tellepunktet i Geiteryggstunnelen, blir misvisende. Det går mye trafikk på begge sider av Geiteryggstunnelen som ikke registreres
Generelt vil Åpen Fv50 si at det å sammenligne Fv 50 med de andre fjelloverganger basert på antall passerte kjøretøy blir feil. Fv 50 har i en år rekke vært nattestengt, nedprioritert på vintrebredskap, skilting, uten kolonnekjøring, kun ett tellepunkt, samt helt stengt høsten 2013, Trafikktall blir samelignet på ulikt grunnlag, og satt opp mot E-16, E-134, Rv 52 og Rv 7.

Åpen Fv50 forventer at ansvarlige personer i Fylkene og i Vegvesenet tar dette med i videre arbeid, slik at vi sammen kan oppnå en bedre regularitet på Fv 50 vinterstid.

For interimsstyre "Åpen Fv50"; Kjell-G. Haugen



May-Britt Vasby

 3.

Fra: Kjell Gunnar Haugen [kjell-gunnar.haugen@hol.kommune.no]
Til: Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]
Kopi:
Sendt: 18.03.2014 09:32:30
Emne: Bedret regularitet, brøytekontrakt for Fv 50, Hol-
Aurland 2014-2019
Vedlegg: Vinterbrøyting 2014-2019.PDF

Hei

Sender en gjennom interims styret for «Åpen Fv50» et brev ang
brøytekontrakt 2014-2019, og forbedring av forutsetninger for
å ha en optimal vinter-regularitet. Samferdsel Øst/Vest.

Hol Kommune har og sendt er brev i saken til Buskerud
Fylkeskommune med saksnr; 12/00194 Fv50

For Interimsstyret;
Kjell-G. Haugen
Skuledokkvegen 1
3577 HOVET

M; 95980039

Fra: Åshild Johanne Høivik Kjelsnes
[Ashild.Johanne.Hoivik.Kjelsnes@sfj.no]
Til: Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]
Kopi:
Sendt: 18.06.2014 13:07:45
Emne: VS: Trafikktelling og Anbudsgrunnlag for Fv 50,
2009-2019 Brev 4.
Vedlegg: Avtale vedr Stvv og Brøyting av Fv 50 (-2006).pdf;
Grunnlag til anbudbrøyting for 2009-2014.pdf; Brev nr. 4
Buskerud fylke Fv 50.docx; 1401-D2-ID9000c-Prognosevarsling-
hogfjell-20131202.pdf; 1401-D2-ID9100a-
PlogerVinterdriftsutstyr-20131202.pdf; 1401-D1-
Beskrivelse-20131202.pdf; 1401-D2-ID9000b-Kolonnekjoring-og-
midlertidig-stenging-20131202.pdf

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Kjell-Gunnar Haugen [mailto:kj-haug4@online.no]
Sendt: 18. juni 2014 12:55
Til: Åshild Johanne Høivik Kjelsnes
Kopi: Tony Arild Kjøl; May Britt Vasby
Emne: VS: Trafikktelling og Anbudsgrunnlag for Fv 50,
2009-2019 Brev 4.

Hei og takk for en hyggelig samtale, fint at du tok deg tid mellom møtene.

Fylkes ordfører Sogn og Fjordane;
Vi jobber for å få til best mulig regularitet på vinteren , slik at samfunnet som er bygd opp rundt Fv 50 kan fungere. Navnet vårt er "Interesseselskapet Åpen Fv50", og er registret i Brønnøysund med org nr 913 635 264.

Som du ser ut av svaret vi gir til Buskerud, er en deling av ansvaret lenger vest en mulighet som ville lette på en del ting, for alle parter.

Så vårt håp er at Sogn og Buskerud kan sjekke dette politisk ut, og sammen utredede konsekvenser for hvordan dette ville fungere.

Hol og Aurland komme er og to samarbeidspartnere her som vil kunne samarbeides tett med i prosessen.

Vi fikk i går brev fra Stvv vest og fått vite at de vil ha samme størrelse på frese utsyr som før, og det vil ligges strømiddel til Fv 50 inne i Geiteryggtunellen, samt at de vil ha bedre rutiner for skilting av vei og føreforhold. Bra;) Vil med dette ønske et godt samarbeid fremover, sammen vil vi finne de gode løsninger.

Mvh Kjell-G. Haugen, 3577 Hovet
Leder Åpen Fv50
95980039

Kopi Vår sekretær og Ordfører Hol

(Svar fra oss til utvalgsleder for samferdsel i Buskerud)

Hei

Takk for svar. Det var svært godt å høre at Fv 50, som en livsnerve som er helt nødvendig for mange i vårt samfunn, er oppe i dine møter.

Først til kvalitet på det med vintervedlikehold på høyfjellet mellom Hol-Aurland.

Før 2003, da Stvv region sør hadde ansvaret var det ikke de problemene med å ha vinterregularitet på Fv 50, det var den som regel den siste som stengte. Ja til og med Beregensbanen måtte gi tapt.

Nå stenges Fv 50 nær som den første veien over fjellet og brure lang tid på og åpne. Det går nok mye på at samme entreprenør prioriterer utstyret på sine andre fjelloverganger, og da kommer Fv 50 nær alltid i siste rekke- Det er svært frustrerende for mange av de som bor i Hol og har brøytet Fv 50 i flere tiår.

Det er vel ikke til å stikke under en stol at Stvv vest langt på vei ikke mener at Fv 50 bør være vintervei. Så skal det være kvalitet på regulariteten, må vi nok jobbe alle for å få den så god som mulig.

For at dette kunne blitt enklere, hadde det vært ok om Bfk hadde ansvaret til Stondalen, før Fv 50 begynner nedstigningen til Vassbygdi.

Da hadde vi i Buskerud tatt fjellet tilbake, og kunne ha en god styring med regulariteten. Som du så i eposten sist, fulgte det med en avtale mellom Eco og Stvv, som har forpliktet seg å brøyte opp fra Aurland sia og opp mot fjellet. Eco kommer ikke til sine installasjoner om veien stenges på vestsiden. Vi mener at det bør lages en sak på dette, slik at regulariteten blir så god som mulig.

Om dette er en mulighet, kan vi jo og se for oss at de som brøyter opp til Myrland, også kan utvide med å brøyte til Stonndalen, om dette er mulig ved å endre noe på kontraktene til entreprenørenen- Dette skisseres som en mulighet- som vil gi økt regularitet mener vi

Når det gjelder trafikkellepunkt beskrives det i brev nr 4. at vi søker Hovedutvalget om å få til dette på Myrland, der både plass og strøm er ok.

Da er det to muligheter, en enkel teller som via en linse regisserer kjøretøy som kjører forbi, noe ustabil, men rimelig 20 000 kr pluss/minus.

Andre muligheten er å legge sløyfe i veien og den regisserer sikkert både antall og størrelse. Den ville kunne brukes til å beregne trafikken på Fv 50. Stvv reg sør(vedlegg i brev 4., sier til meg, ca 100 000 kr er prisen for et slikt punkt. Vi kunne vel se for oss et spleiselag mellom Stvv, Bfk og Hol kommune- som alle vil ha nytte av disse tallene.

Tekst i brev 4, som var med i epost 10/6; "Pr i dag er det ingen telling for Fv 50, da utstyret et tatt ned som følger av

rehabilitering av Geiteryggtunellen. Det finnes derved ingen data for trafikken over Fv 50 i 2014. Vi søker om at Hovedutvalg for samferdsel i Buskerud Fylke som veieier, før fellesferien, tar ansvar i samarbeid med Statens Vegvesen om å opprette enkle permanente tellepunkt ved Myrland. Da vil vi fange trafikken som går opp på fjellet mellom øst og vest. Dette på lik linje som det telles over Hardangervidda "

Vi vli svært gjerne at dere tar opp disse to punkter i møte 19/6.

Fra vå gruppe, Åpen Fv50, skulle gjerne vært ned å snakket med dere i utvalget, men pga mye som foregår med skoleavslutninger ol, er det ikke lett å komme fra nå, men vi vil gjerne ha en slik dialog til gode etter sommeren.

Mvh Kjell-G. Haugen
95980039
Åpen Fv50.

Legger ved en kopi til vår ordfører i Hol og til vår sekretær

> From: Trond Johansen [Trond.Johansen@bfk.no] > Sent:
2014-06-14 10:03:51 CEST > To: Kjell-Gunnar Haugen [kj-haug4
@online.no] > Subject: Re: Referat, Interessemøte for Fv 50
26/5 1600 > > Referat tatt til orientering.
> Brøytekontrakter behandles i årskifte des/jan. Det ble
under behandlingen reist spørsmål om overføring av utførelse
til Buskerud (SvV Sør), men det forutsetter en større prosess
mellom regionene i SVV, altså mellom Vest og Sør....
> Vi konsentrerer oss om å bestille kvaliteten på
vedlikeholdet mer enn hvem SVV Sør benytter til å utføre
jobben.
>
> Erfaringsmessig har vi spørsmål om fv 50 i hvert møte. Info
bl.a fra dere er omdelt til hele Samferdsesutvalget.
Medlemmene står fritt i å ta opp spørsmål direkte i møtet.
>
> Regner med at vi får en ev henvendelse om nytt tellepunkt,
bakgrunn og kostnad for dette. Vi er alltid klare for å
behandle en eventuell søknad ved første anledning.
>
> Mvh
> Trond Johansen

Fra: Ole Ingar Hagen Hæreid [Ole.Ingar.Hagen.Hereid@sfj.no]
Til: Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]
Kopi:
Sendt: 01.07.2014 09:07:36
Emne: VS: vinteråpen Fv 53 Tyin - Årdal
Vedlegg:

Ber om at e-posten nedanfor vert registrert som ny inngående journalpost i a-sak 14/2474.

Avsendar av e-posten er

Tor Leif Pedersen

Lønborglien 137

5035 Bergen

93064012

HYPERLINK "<mailto:tolp@frisurf.no>"tolp@frisurf.no

Med helsing

Ole Ingar Hagen Hæreid

nestleiar, samferdsleavdelinga

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2, 6863 Leikanger

HYPERLINK "<http://www.sfj.no/>"www.sfj.no | HYPERLINK "<mailto:Ole.Ingar.Hagen.Hereid@sfj.no>"Ole.Ingar.Hagen.Hereid@sfj.no

tlf: +47 57656251 | mob: +47 41530954

Fra: Tore Eriksen
Sendt: 28. juni 2014 13:54
Til: Velaug Mo Veum; Ole Ingar Hagen Hæreid
Kopi: tolp@frisurf.no
Emne: Fwd: vinteråpen Fv 53 Tyin - Årdal

Hei! Jf e-post under frå hytteeigar i Bg. Eg ber om at de svarar på spørsmåla hans. Mvh Tore E.

Videresendt melding:

Fra: "HYPERLINK "mailto:tolp@frisurf.no"tolp@frisurf.no"
<HYPERLINK "mailto:tolp@frisurf.no"tolp@frisurf.no">
Dato: 28. juni 2014 13:23:21 CEST
Til: Tore Eriksen <HYPERLINK
"mailto:Tore.Eriksen@sfj.no"Tore.Eriksen@sfj.no">
Emne: vinteråpen Fv 53 Tyin - Årdal

Hei!

Undertegnede bor i Bergen, og har i 15 år eid en hytte på Tyinstølen i Vang kommune. For å bruke hytten i vinterhalvåret, er vi avhengige av at Fv 53 blir vinterbrøytet og åpen. Diverse reportasjer i mediene indikerer at Sogn og Fjordane fylkeskommune vil kutte ut vinterbrøyting av denne veistrekningen. I den forbindelse har jeg noen spørsmål som jeg håper du kan svare på:

1. Er det endelig avgjort at SogFj fylkeskommune vil slutte å betale for vinterbrøyting av Tyin - Årdal?
2. Hvis ikke, hvor langt i avgjørelsesprosessen er saken kommet?
3. Vil bortfall av S og Fj sitt bidrag føre til at veien blir vinterstengt hele strekningen, eller bare på vestsiden av fylkesgrensen?
4. Har fylkeskommunen oversikt over hvilke samfunnsinteresser som blir skadelidende (Norsk Hydro i Årdal, rundt 1000 (ett tusen) hytteeiere på Sletterust, Torolmen, Tyin, Eidsbugarden) hvis veien blir vinterstengt? (Hyttene vil ikke kunne brukes annet enn i sommerhalvåret)

Lønborglien, 28.06.2014

Med vennlig hilsen

Tor Leif Pedersen

Lønborglien 137

5035 Bergen

93064012

HYPERLINK "mailto:tolp@frisurf.no"tolp@frisurf.no

Vang Kommune
Att: Rådmann Reidar Thune

Tyin-Filefjell Utvikling AS
Børrenøsvegen 21
2985 TYINKRYSSET

15 september 2014

Mulig vinterstenging fv 53 - Tyin - Årdal – tilbakemelding Tyin Filefjell Utvikling (TFU)

Vi viser til ovennevnte - her følger TFU's uttalelse.

Tyin Filefjell Utvikling eier og driver i dag både servering og overnatting, booking og aktivitetsvirksomhet som skianlegg/guiding/kitekurs m.v I Tyinkryssområdet. Samlet omsetning I 2015 vil utgjøre kr 20 millioner og det er fra eierne besluttet betydelige investeringer i nye turistrelaterte produkter de nærmeste årene. TFU har p.t 13 årsverk (opptil 30 ansatte).

En betydelig andel av vår omsetning tilhører vinter relaterte aktiviteter som heiskortsalg / skituleie mv. hvor lokalbefolkningen fra Vang, Årdal og Lærdal står for og utgjør en stor og avgjørende andel av vår omsetning uten at dette tallfestes nærmere her.

En evt. vinterstenging av fv 53 Tyin-Årdal vil forståelig nok få store negative konsekvenser for både skiheisene og serveringsbedrifter i Tyin-Filefjell området hvor nedbemanning og stans i nye investeringer er en meget sannsynlig konsekvens dersom vinterstengning mot formodning skulle bli en realitet.

INNSPILL

Fra TFU'S sitt ståsted tillater vi oss å komme med en oppfordring for å snu den negative oppmerksomheten det mulige forslaget om vinterstenging har å si for berørte parter.

Nasjonal turistveg arbeidsgruppe:

Vi foreslår at det så raskt som mulig nedsettes en arbeidsgruppe som har som målsetting å få veistrekningen Tyin-Årdal innlemmet I Nasjonal Turistvei – prosjektet.: <http://www.nasjonaleturistveger.no>

Dette for å sikre nødvendige og etterlengtede offentlige satsinger og prioriteringer for veistrekningen. Oppnår veistrekningen status som Nasjonal Turistvei vil man for all fremtid være "fredet" for fremtidige trusler om vinterstenging. Andre synergier vil være gratis nasjonal og internasjonal markedsføringshjelp for å tiltrekkes turister til de fantastiske naturområdene noe som alene kan gi verdifull tilvekst til lokalsamfunnene.

Tyin – Årdal strekningen er omgitt av en fantastisk natur enten man er billist, gående eller syklende. Over en kort strekning opplever man både å kunne beskue fantastiske fjelltopper I Jotunheimen samt den irrgroenne Sognefjorden ved Årdal.



Kombinasjonen av Norges fjorder og høyfjell er Innovasjon Norges satsningsområde og gjennom markedsundersøkelser uttalt å være de viktigste årsakene til at utenlandske turister avlegger Norge et besøk.

Markedsføringsbegrepet Innovasjon Norge benytter i sine utlandskampanjer "Power by nature" har sitt utspring i nettopp våre fjorder og høyfjell!

Vi vil på denne bakgrunn oppfordre politikere, næringsliv og innbyggere til å snu den negative oppmerksomheten trusselen om vinterstenging av veistrekningen har og heller kollektivt kreve en økt og nødvendig satsing på fv 53 fordi:

Jotunheimen nasjonalpark:

Strekningen har umiddelbar nærhet til Jotunheimen nasjonalpark hvor de historiske stedene som Tyinholmen og Eidsbugarden befinner seg.

Vettisfossen:

Vettisfossen er Nord-Europas høyeste uregulerte fossefall og en unik turistattraksjon.

1000-meteren:

Strekningen har kort avstand til den gamle bilvegen til Årdal hvor utsiktspunktet 1000-meteren har et fantastisk skue over både fjord og fjelltopper.

Masterplan Tyinkrysset:

Tyinkryssområdet er av verdens fremste alpin-og destinasjons planleggere i selskapet www.ecosign.com vurdert til å inneha det største potensialet for å kunne bli en internasjonal turistdestinasjon i Norge. Veistrekningen Tyin-Årdal og ikke minst Årdals samfunnet vil i den sammenhengen være svært viktig for å muliggjøre en fremtidig storsatsing i Tyinkryss-området.

Strekningen er av Statens Vegvesen allerede vurdert som en av de mest rasutsatte i Oppland Fylke. Det er gjort avsetninger i Nasjonal Transportplan for utbedring av rasutsatte veistrekninger uten at vi er kjent med at det p.t er prioritert midler til utbedring av strekningen Tyin-Årdal. Ny status vil kunne sette fart i en utbedring av veistrekningen.

Årdal har mistet store deler av hjørnestensbedriften Hydro. En oppblomstring av turistvirksomheten som en konsekvens av statlige satsing på veistrekningen først og fremst gjennom Nasjonal Turistvei oppgradering, er en meget god mulighet for å kompensere for nedleggelsen av Hydro.

På vegne av TFU bekrefter vi at vi er villige til å delta i den foreslåtte arbeidsgruppen om også andre aktører finner vårt innspill aktuelt.

Mvh
for Tyin Filefjell Utvikling A/S

Morten Odden
Mob: 480 66 279

Vinterstengd FV 53 Årdal – Tyin?

Vidareutvikle sentral infrastruktur for å møte Årdal sine framtidige kommunikasjonsbehov i regionen og inn og ut av regionen

Hovudmål:

Slutføre ein kommunikasjonsanalyse for Årdal som gjev informasjon om kva kommunikasjonsbehov lokalsamfunnet har, og korleis desse eventuelt kan realiserast og finansierast.

Delmål 1:

- *Etablere ein strategi knytt til kommunikasjon ut og inn av Årdal*

Delmål 2:

- *Etablere ein strategi for kommunikasjon internt i Årdal knytt til ulike målgrupper*

Innhald:

1.	Oppdraget	3
2.	Bakgrunn	4
3.	Historikk og geografi	6
4.	Trafikktal	8
5.	Økonomi	13
6.	Næringsliv	14
7.	Friluftsliv, rekreasjon og vern	16
8.	Hytter	17
9.	Argumentasjon	19
10.	Kjelder og kontaktinformasjon	22
11.	Vedlegg	23
12.	Tabellar og figurar	24

«Årdal - Tyin: Stengd»

Hei hei kan du høyra meg eg trengje hjelp!
Eg sit på hytta utan dekning å vegen e staingd
Hei hei eg kom meg opp men ikkje ne
Fø mykje vind å litt snø skakje meira te

E ha lafta hytta på fjedde, innlagt vatn å straum
HD-Tv på rommi, ein verksarbeidar sin draum
Det e no gale, ei hytta te fleire millionar
Staor tom halve aore på grunn av restriksjonar

Joacim Styve og Raaskinn

1. Oppdraget

Parsellen Øvre Årdal – Tyinkrysset på Fv. 53 er heilårssambandet mellom Vang i Valdres og Årdal i Indre Sogn. Vegen er om lag 35 km lang og ligg i dei to fylka Oppland og Sogn og Fjordane. Fylkesgrensa går ved Tynosen, om lag midveges og like ved det høgste punktet på vegen (1 117 m.o.h.).

Etter at Stortinget våren 2014 vedtok nytt inntektssystem for fylkeskommunane vart inntektsgrunnlaget for Sogn og Fjordane fylkeskommune monaleg redusert. Eit av innsparingsframlegga er å vinterstenge nokre fleire fjellovergangar.

Det er difor behov for å dokumentere kor viktig dette heilårs aust-vestsambandet er for Indre Sogn og øvre del av Valdres.

Vang og Årdal kommunar har etablert eit samarbeid for å sikre at vegen òg i framtida vert vinteropen. I dette arbeidet er det behov for å få oversyn over fakta som kan underbygge kommunane sin argumentasjon. Kommunane har bedt Årdal Utvikling legge til rette for eit slikt arbeid.

Oppdraget er tildelt Vidsyn rådgivning as i Øvre Årdal ved Jan Øhlckers.

2. Bakgrunn

Etter at Stortinget våren 2014 vedtok nytt inntektssystem for fylkeskommunane vart inntektsgrunnlaget for Sogn og Fjordane fylkeskommune monaleg redusert. Eit av innsparingsframlegga er å vinterstenge/utsette opning av nokre fleire fjellovergangar.

Fylkesdirektøren har til hovudutval for samferdsle¹ kome med framlegg om å greie ut konsekvensane av vinterstenging og/eller lengre stenging slik:

«Vinterstenging

Fylkesdirektøren meiner potensial for innsparingar i høve til vinterstenging bør greiast ut. Dette vil både gjelde vinterstenging av nye strekningar/vegar men og utsett opning/tidlegare stenging av allereie vinterstengde vegar.

Resultatet av denne utgreiinga vil vere grunnlag for å vurdere eit eventuelt vidare arbeid med konsekvensutgreiing. Fylkesdirektøren vil leggje til rette for at utvalet kan drøfte eit eventuelt vidare arbeid med konsekvensutgreiingar ved eit seinare høve.»

Hovudutvalet stadfesta dette i møte 29.10.14 med slik vedtak:

«....

2 Hovudutval for samferdsle ber administrasjonen greie ut forslag til ny driftsstandard for fylkesvegnettet i høve til :

- generell drift*
- vinterdrift*
- beredskap*

med ei innsparing på om lag 40 mill. kr årleg i høve til dagens standard når ny standard er etablert for heile fylket.

3 Hovudutval for samferdsle ber om ei utgreiing som syner potensial for innsparingar ved vinterstenging av vegar og utsett opning/tidlegare stenging av vinterstengde vegar.

.....»

Ved handsaminga av budsjett for 2015 og økonomiplan til 2018 fastsette fylkestinget slike rårer for fylkesvegane:

Tabell 1 Budsjett for fylkesvegane Sogn og Fjordane

Mill. kr	2015	2016	2017	2018
Fylkesvegar - nyanlegg, drift og vedlikehald	457,145	395,423	433,050	431,300

¹ Sak 0050/14 «Budsjett 2015 - økonomiplan 2016-2019 - utgreiing av langsiktige innsparingar»

Fylkeskommunen har bedt Statens vegvesen, region Vest (SVV), som sams vegadministrasjon om å greie ut potensialet for innsparingar. Det er ikkje kjent kva tid slik utgreiing skal vere klar.

Innsparingskrava gjer endringar i vintervedlikehaldet på fjellovergangane sannsynlege. Det er fyrst etter at SVV er ferdig med utgreiinga at det er mogeleg å sei noko om kva tiltak, kor omfattande og kvar dei i så fall vert sett inn.

Saka vert truleg handsama av fylkestinget i samband med budsjett og økonomiplan hausten 2015. Endringar vil difor fyrst kunne tre i kraft frå vinteren 2016/17.

3. Historikk og geografi

Vegen Øvre Årdal - Valdres over Heirsnosi vart opna i 1934. Første gong kravet om veg frå Øvre Årdal til Valdres vart fremja, var i 1887. Anleggsarbeidet starta i 1910 av Tyinfaldene A/S. Frå Øvre Årdal er høgdeforskjellen over 1000 meter opp til Heirsnosi. Vegen slynga seg i 42 svingar opp den stupbratte fjellsida.

Ny veg mellom Årdal og Tyinkrysset vart opna i 1962.



Figur 1 Kart over traseen

Den nye vegen går i tre hårnålsvingar som er lagde i tunnel opp til 400 meters høgde. Derifrå stig vegen svakt langs fjellsida til Holsbru, og følgjer deretter austsida av Moadalen opp til Mannsberg og vidare mot Tyinosen. Derifrå følgjer den i det alt vesentlege same traseen som gamlevegen til Tyin.

Brøyteberedskapan på Årdal - Tyin vart redusert då Årdal i 1995 fekk vegsamband austover via Naddvik – Fodnes - Lærdal. Kolonnekøyringa vart avvikla vinteren 95/96.

Seinare er delar av vegen utbetra i samband med modernisering av Tyin kraftverk på 2000-talet. Men strekninga frå 400-meteren opp til Holsbru er framleis smal, svingete og rasfarleg, særleg i Jåteli. Årdal kommune har arbeidd hardt for å få midlar til å utbetre denne strekninga.

Eigedomstilhøve

Dei store grunneigarane langs vegen er:

Årdal:

- Ve, Gnr. 9, brn. 1.
- Moen, Gnr. 10, brn. 1.

Vang

- *Tyinstølen Sameige, Gnr. 9002, bnr. 30*
- *Opdalstølen og Øysterlie Utmarkslag, Gnr. 9001, bnr. 1*

4. Trafikktal²

Vinterstenging³

Vegen har vore mykje stengd om vinteren.

SVV sin instruks⁴ seier korleis vegane skal halde ope/stengt/kolonnekøyring vinterstid:

«Tidspunkt for innføring av kolonnekjøring/styrt trafikkavvikling/stenging

I. Generelt: Kolonnekjøring skal innføres når vær- og føreforholdene er så vanskelige at det er fare for at biler kan sette seg fast og det er risiko for trafikkuhell grunnet dårlig sikt, sterk vind, nedbør eller smal veg. Det skal også legges vekt på værprognoser og eventuelle andre tilgjengelige værdata. I forbindelse med høytidshelger og vinter- og påskeferie når det er bilister som ikke er vant med kolonnekjøring må det utvises ekstra aktsomhet. Vegen skal stenges helt for alminnelig ferdsel når det grunnet uvær, skredfare eller andre sikkerhetsproblemer ikke er forsvarlig å føre kolonne over strekningen.

II. Spesielt for aktuelle strekninger:

1. På Fv. 53 Årdal – Tyin skal det normalt ikke være kolonnekjøring. Under forhold som tilsier at vegen ikke kan være åpen for fri ferdsel, skal vegen normalt stenges. Eksempel på forhold som tilsier at vegen ikke kan være åpen er uvær/dårlig sikt og skred/skredfare. Ved behov for innføring av kolonnekjøring, skal vedtak fattes av byggherre.»

SVV starta fyrst vinteren 2010/11⁵ systematisk registrering av stenging/-kolonnekøyring på dei ulike høgfjellsovergangane.

Tabell 2 Nattestengd og mellombels stengd (t)

	2010-11	2011 -12	2012 -13	2013 – 14
Nattestengd	373	164:15	38	95
Mellombels stengd	553:05	563:43	258:38	713:34

Det er stor variasjon frå år til år. Det er prognosar for vêrtilhøva som avgjer både nattestenging og mellombels stengd.

Trafikktal

Trafikkdata er registrert ved Holsbru (Årdalssida). Køyretøy både vegar er registrert. Tala er diverre ikkje fullgode. Køyretøy som stoppar til fjells og returnerer til Årdal er med. Trafikk austfrå, som ikkje køyrer heilt til Holsbru vert ikkje registrert.

Reelle trafikktal er difor noko høgare enn dei som vert målte. Data gir likevel god indikasjon.

² Desember manglar. 2014-tala kan difor endre seg litt når heile året er komplett.

³ Etter at vegen Naddvik – Fodnes og tunnelen til Lærdal opna i 1995 vart regime for vintervedlikehaldet endra. Ordninga med kolonnekøyring vart avvikla.


⁴ 1401-D2-ID9000b-kolonnekjøring-og midlertidig-stenging-20131202

⁵ Det er truleg mogeleg – med dyrt og krevjande - å finne historiske data for det.

Trafikktal viser eit stabilt nivå med mellom 300 og 400 køyretøy i snitt pr. dag i året.

Årsdøgntrafikk (ÅDT)⁶


Tabell 3 Årsdøgntrafikk



Dei høge tala for store køyretøy i 2003 og 2004 skuldast anleggsarbeid ved Nye Tyn kraftverk.

Virkedøgntrafikk (YDT)⁷

Tabell 4 Virkedøgntrafikk



⁶ Summen av tal køyretøy som passerar eit punkt på ein vegstrekning (for både retningane til saman) gjennom året, delt på tal dagar i året, altså eit gjennomsnittstal for dagleg trafikkmengd.

⁷ Virkedøgntrafikk omfattar virkedagar og vert rekna på same vis som ÅDT


Det er interessant å sjå at virkedøgntrafikken er lågare enn årstdøgntrafikken. I tillegg til effekten av at fritids- og hyttreiser austfrå ikkje er registrert fullt ut, indikerer det at helgetrafikken er høgare enn trafikken på kvardagar.

Tunge køyrety (ÅDT-T)⁸

Årstdøgntrafikk for tunge køyretøy er ikkje registrert. Registreringa av ÅTD og VTD skil derimot ut køyretøy som er lik eller lenger enn 5,6 m. Det meste av dette vil vere busser og/eller tungtrafikk.

Standard på vintervedlikehaldet

Vegnettet er inndelt i vinterdriftsklasser⁹. På Fv. 53 på strekninga Øvre Årdal - Tyinkrysset ligg vegen inne med vinterdriftsklasse DkD.



Figur 2 Vinterdriftsklasser Indre Sogn

Vedlegg 1¹⁰ syner krav til vinterdrift med friksjonsforbetring, godkjende køyretilhøve og innsats ved ulike vêrhendingar.

Gjeldande kontraktstilhøve (drifts- og funksjonskontraktar)

Ny driftskontrakt for Indre Sogn¹¹ starta opp 1. september 2014 og er å rekne som ein 5-års kontrakt. Spesielt for denne kontrakten er at det er tekst i konkurransegrunnlaget som gir opning for ei forlenging av kontrakten i ytterlegare 3 år om både partar er samde om dette. I tillegg er det opsjon på ytterlegare 1 år. Varigheita av kontrakten kan då bli (5+3+1) 9 år.

Driftsrentreprenør er Opedal Drift AS.

⁸ ÅDT-T betyr årstdøgntrafikk, tunge kjøretøy (registrert/tillatt totalvekt > 3,5 tonn).

⁹ Instruks 1401-D2-S10

¹⁰ Utdrag av D2-S10-KravTilUlikeVinterdriftsklasser-20130701

¹¹ DK 1401

Samferdsleavdelinga i fylkeskommunen opplyser at kontrakten er forma slik at det er råd å innføre redusert vintervedlikehald/stenging.

Utbetningsplanar

Avvikling av tunnel nedafor Holsbru

Det ligg føre godkjende planar for å legge vegen utanom ein kort tunnel rett nedanfor brøytetasjonen ved Holsbru på Årdals-sida. Det er her gjeve dispensasjon frå kravet om maksimal stigingsgrad.

Tiltaket er ikkje finansiert.

Skredsikring - Tyinstranda

Frå 2010 til 2012 vart FoU-prosjektet: *Fv. 53 Skredsikring med Wyssen snøskredtårn*, gjennomført på strekninga Tyin – Årdal. FoU-prosjektet gikk ut på å teste eit snøskredtårn som metode for skredsikring. Resultata frå prosjektet er så positive at Oppland fylkeskommune har løyvd pengar til å sikre delar av strekninga med denne metoden.



Figur 3 Snøskredtårn ved Tyinstølen

Fylkeskommune har utsett løyvinga med eitt år, frå 2015 til 2016. Løyvinga er på 25 mill. kr.

Skredsikring Jåteli

SVV har vurdert mogelegheita for skredsikring av Jåteli mellom Holsbru og Øvre Årdal. Løysing med kort tunnel som føresett i *Skredsikringsbehov for riks- og fylkesvegar Region vest*¹² let seg ikkje gjennomføre. Det er føreslege å legge til grunn lengre tunnel med stigning

¹² [http://www.sjf.no/cmssff/cmsmm.nsf/lupGraphics/Rapport%20skredsikringsbehov.pdf/\\$file/Rapport%20skredsikringsbehov.pdf](http://www.sjf.no/cmssff/cmsmm.nsf/lupGraphics/Rapport%20skredsikringsbehov.pdf/$file/Rapport%20skredsikringsbehov.pdf)

som tilfredsstillende stigningskrava i tunnelnormalen, og å auke kostnadsramma for prosjektet til om lag 400 mill. kr.

Ein samfunnsøkonomisk analyse indikerer at det er lønsamt å investere i storleiken 35 mill. kr i skredsikring ved Jåteli for å unngå stenging. Ei investering i denne storleiken vil vere for lita til å få ei tilfredsstillande løysing.

Fylkestinget har sett opp tiltaket som prioritet 4 på lista for rassikring på fylkesvegnettet i *Handlingsprogrammet til Regional transportplan for perioden 2014-2017(23)*¹³:

Tabell 5 Prioriterte rassikringstiltak. Handlingsprogrammet. Regional transportplan

Pril.	Prosjekt/Tiltak	Merknad
1.	Fv. 337 Bjødnabakken/Lindeskreda	Luster kommune: Reguleringsplan ligg føre.
2.	Fv. 55 Renninganeset	Balestrand kommune.
3.	Fv. 722 Flovegen	Stryn kommune: Treng planleggingsmidlar.
4.	Fv. 53 Jåteli	Årdal kommune.
5.	Fv. 55 Kjenes	Balestrand kommune: Alternativ løysing med bru over Esefjorden.
6.	Fv. 609 Heilevang	Askvoll kommune
7.	Fv. 92 Arnafjord	Vik kommune.
8.	Fv. 616 Davikstranda	Bremanger kommune.
Upri.	Mindre tiltak – 10 mill. kr årleg	Behov og fordeling av midlar skal vurderast årleg i eiga sak.

¹³ [Regional transportplan 2014 – 2023, handlingsprogram 2014 – 17.](#)

[Regional transportplan 2014 – 2023, analysar og utfordringar](#)

5. Økonomi

Driftsutgifter dei seinare åra

I perioden frå 01.09.2009 - 31.08.2014 har SVV registrert vinterdriftskostnader på til saman omlag 19 mill. kr fordelt på omlag 12 mill. kr i Sogn og omlag 7 mill. kr i Oppland. I snitt gir dette kostnader til vinterdrift på litt under 4 mill. kr pr. år, med i underkant av 3 mill. kr for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det er rimeleg å tru at kostnaden er aukande, både p.g.a. HMS-krav og nye funksjonskontraktar frå hausten 2014.

Kostnader til drift i sommarhalvåret i denne perioden er om lag 0,5 mill. kr. I tillegg er det gjort noko utbetningsarbeid i dei seinare åra:

- *Grøfter og stikkrenner, justering av asfaltkantar: omlag 0,8 mill. kr*
- *Nytt asfaltdekke på til saman 7 km (2013 og 2014), omlag 7 mill. kr*
- *Fjellreinsk medrekna nett i Jåteli (2011): omlag 1,5 mill. kr*
- *Ny bom på Timbrebakkane¹⁴: 0,5 mill. kr*

Investeringar

Nytt UHF-samband som blir nytta i vinterdrifta (fiber over heile fjellet) vart etablert i 2013.

¹⁴ Nede i Øvre Ardal

6. Næringsliv

Det er gjort, og planlagt store investeringar området. Aktiviteten dannar grunnlag for vekst og utvikling i dei to kommunane knytt til vegen.

Så godt som heile traseen ligg i tilsigsområdet til Tyin kraftverk (1 398 GWh). Her er det bekkeinntak, lukeutstyr mm. som krev tilsyn og vedlikehald heile året.

Hydro Energi har planar om å begynne å bygge Mannsberg kraftverk (12 GWh/år) og Torolmen kraftverk (22 GWh/år), truleg i 2015 eller 2016.

Det ligg to reiselivsverksemdar¹⁵ langs sjølve traseen; Tyinstølen (Tyin Resort AS¹⁶, Org nr 991 424 954) og «Damvokterboligen» (Sletterust Fjellservice as, org. nr. 998 066 913). Det er nesten ikkje registrert aktivitet/omsetning her dei seinaste åra.

Tyin/Filefjell Utvikling as (TFU), org. nr. 983 181 732 eig og driv både servering, overnatting, booking og aktivitetsverksemdar som skianlegg/Guiding/kitekurs mm i Tyinkryssområdet. Det vert opplyst at samla omsetnad i 2015¹⁷ er budsjettert til 20 mill. kr. Eigarane har vedteke monalege investeringar i nye turistrelaterte produkt dei næraste åra. TFU har 13 årsverk (opptil 30 tilsette). Mykje av omsetninga gjeld vinteraktivitetar som heiskortsal/skiutleige mv. Hyttefolk i området og folk frå Vang, Årdal og Lærdal står for ein stor og avgjerande del av omsetninga. Dette er ikkje talfesta.

Vang Auto-Service AS (org. nr. 925 734 543) driv m.a. bilberging på traseen og øvste del av Valdres/Indre Sogn. Dei har stasjonert kapasitet både i Øvre Årdal og Vang. Ved ulykker/ras på E-16 frå Håbakken¹⁸ og austover har dei ingen omkjøringsvei om Fv. 53 vert vinterstengd.

Mange av hyttene i området er festetomter som gir ein viss næringsinntekt til grunneigarane. Tomteleigen er gjennomgåande låg.

Kollektivtrafikk

Valdresekspressen starta med inntil fire daglege avgangar 2. juni 1985. Seinare er rutetilbodet blitt noko justert og i dag er det inntil seks daglege avgangar. Fire vert køyrt av A/S Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap (JVB). Nettbuss Sogn Billag AS og Nettbuss Drammen AS har òg kvar sin avgang.

Frå Årdalstangen og fram til siste haldeplass før Tyinkrysset har det i 2014 vore omlag 5 200 påstigingar når Fv. 53 har vore open. I tillegg er det om lag 200 påstigingar dei dagane vegen har vore stengd.¹⁹

Strekning - direkte råka:

Av dei 5 200 er det registrert 470 påstigingar og 195 avstigingar på haldeplassar etter Øvre Årdal og før Tyinkrysset. Dette er haldeplassar som ikkje vert betjent ved vinterstenging.

¹⁵ I tillegg ligg Tyinholmen, Eidsbugarden og Fondsbu (DNT) langs Fv 252 som går frå Fv 53 på austsida av Tyin til Eidsbugarden. Om desse vert råka av stenginga kjem an på om vegen vert brøytta frå krysset og opp til Tyin-vatnet eller ikkje.

¹⁶ Dette er noko usikkert.

¹⁷ Driftsinntekter 2013 er kr 865 000.

¹⁸ Austsida av Lærdalstunnelen

¹⁹ Tal frå JVB

Indirekte råka:

Ved avreise frå Øvre Årdal mot Tyinkryset var det i 2014 omlag 4 100 passasjerar i bussen.

Avgangar Oslo -Årdalstangen:

Ved avreise frå Tyinkryset mot Årdal var det i 2014 omlag 4 400 passasjerar i bussen (indirekte råka).

Strekning - direkte råka:

Av dei om lag 4 400 er det registrert 107 påstigingar og 525 avstigingar på haldeplassar etter Tyinkryset og før Øvre Årdal. Dette er haldeplassar som ikkje vil bli betjent ved vinterstenging.

JVB har òg beltebiltransport frå Tyin (Svegjistølen) til Tyinholmen og Eidsbugarden i høgsesongen vinterstid.

Anna infrastruktur

Årdal Energi si 22 kV-linje frå Øvre Årdal til Tyinosen forsyner alle installasjonar på fjellet, i tillegg til hytter og Telenor (Søreknipen). Linja følgjer traseen frå Holsbru til Tyinosen og matar deretter mot Tyinholmen og Eidsbugarden på nordsida av Tyin. På grunn av vêrtilhøva treng linja hyppig tilsyn og vedlikehald vinterstid.


Årdal Energi og Årdalsnett vurderer for tida å legge fiber til hyttene i området. Løysinga vil òg krevje tilsyn og vedlikehald heile året.

Fjellet Søreknipen (1 547 m.o.h.) i Årdal og Galden (1 275 m.o.h.) i Vang har linkinstallasjonar for radio/TV/tele som krev vedlikehald.

Det er òg fleire basestasjonar for mobiltelefoni på strekninga. Dei er òg avhengig av stabil straumforsyning.

Pendling

Det er stabile, men små pendlartal mellom dei to kommunane:



Figur 4 Pendling mellom Vang og Årdal

Tala er usikre p.g.a. at fleire verksemdar har avdelingskontor/filial i den eine kommunen, medan hovudkontoret i den andre kommunen vert registrert som arbeidsstad.

7. Friluftsliv, rekreasjon og vern

Tyin - Årdal har ein fantastisk natur anten du er bilist, gåande eller sykklar, sommar som vinter. Over den korte strekninga kan ein sjå alt frå fantastiske fjelltopper i Jotunheimen til den irr-grøne Sognefjorden. Ferdselsåra er difor heilt avgjerande for reiselivssatsinga både i Vang og Årdal.

Området kring Tyin ligg sentralt mellom Aust- og Vestlandet med god vegforbindelse og lett tilkomst. Det er ein viktig innfallspørt til, og ligg delvis innafør Jotunheimen Nasjonalpark og Utladalen Landskapsvernområde. Området er sær s mykje nytta til friluftsliv og turisme både sommar og vinter. Om vinteren vert området mykje nytta til skiturar. Brukarane er i stor grad tilreisande frå heile Sør-Noreg.

Området er sær godt eigna for mange typar friluftaktivitetar. Det gjeld særleg fot- og skiturar, både korte familieturar og meir krevjande langturar. Elles er det gode tilhøve for fiske i mange av vatna nord og sør for vegen og i Tyin.

Området er òg godt eigna til jakt. Det gjeld både småvilt, elg, hjort og villrein. Børsanking er aktuelt i delar av området.

Turistforeininga har T-merka fleire ruter i området.

Norsk folkehjelp, Årdal dreiv fjellteneste i området allereie på 50-talet. I 1974 kunne hytta ”Jotnavåken” ta i mot dei fyrste overnattingane. Hytta blei utvida i 1994 og er i dag på omlag 260 m². I tillegg til beredskap vert det gjennomført varetransport med snøskooter til hyttene i høgsesongen.

Mange Årdølar nyttar òg vegen for å kome til heisanlegga i Tyinkrysset/Fillefjell.

Det fins ikkje alternative område med like god tilkomst til fjellet om vinteren for folk i Årdal.

8. Hytter

Tomter, utbygde og ubygde

Vang kommune

Det er p.t. omlag 350 hytter/ leilegheiter og bustadhus, frå «ovom Høgeset» ut Fv. 53 til fylkesgrensa og Fv 252 til Eidsbugarden som blir råka av eventuell vinterstenging av Fv. 53.

Dette er byggeklare tomter i:

- *Målnesfeltet med 17 godkjente, ubygde tomter*
- *Tyinholfeltn med 17 godkjente, ubygde tomter*
- *Eidsbugarden; omlag 23 godkjente, ubygde tomter*
- *Tyinstølen; 4 godkjente, ubygde tomter*
- *Reikesteinodden; 18 godkjente, ubygde tomter. Her er det ønske om straumframføring.*

Elles ligger det eldre, frådelte hyttetomter som enkeltsaker; kan anslagsvis gi inntil omlag 20 nye hytter over en 10-årsperiode

Spesielle omsyn ved byggesaksbehandling:

Krav til større tank eller hyppigare septiktømming er nemnt som aktuelt å bygge inn ved eventuell vinterstenging.

Planar

Kommunen er ikkje kjent med at det er nye reguleringsplanar på gang i dette området.

Årdal kommune

Det er minst 400 hytter²⁰ i Årdal kommune som er avhengige av vinteropen veg. I tillegg er det omtrent 40 - 50 ubygde hyttetomter på fjellet.

Sidan 2010 er det ført opp 11 nye fritidsbustader i området. Frå 2005 - 2009 ble det ført opp 33 nye fritidsbustader.

Planar

Det er nett vedteken to områdereguleringsplanar på fjellet som legg til rette for ny utbygging/fortetting innanfor eksisterande hytteområde²¹.

Parkering

Det vert lagt til rette for parkering på brøyta plasser langs det meste av traseen. Det er forbod mot parkering i vegbana, men med nokre skilta tilpassingar i påsken.

På Vang-sida er det viktig om eventuell vinterstenging skjer ned i Tyinkrysset eller oppe til Sveggjstølen ved Tyin-vatnet og hotellet/parkeringsplassen der. Med mindre det blir brøyting opp til Tyin hotell, vil det bli stor mangel på parkeringsplassar knytt til leilegheitene på Tyin og hytter/-verksemder inne ved Tyinholfeltn og Eidsbugarden.

I dag er det lagt til rette for parkering ved Sveggjstølen oppe ved Tyin-vatnet. Tilsvarande kapasitet må eventuelt bli etablert i Tyinkrysset.

²⁰ Teljingane er foreteke manuelt, og det er derfor ein viss usikkerheit knytt til tala.

²¹ <http://www.ardal.kommune.no/kunngjering-planvedtak.5615923-155525.html>

Det vil og få følger for vintertransporten med beltebil Tyn – Tyinholmen – Eidsbugarden som AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap driv i dag.



Figur 5 Påskeparkering ved Svegjistølen (Foto: Kjell Arne Berntsen)

På Årdalssida er det lite eller ingen aktivitet mellom Øvre Årdal og Holsbru. Stenging nede i Øvre Årdal vil difor berre ha effekt for tilgang til hyttene rundt Holsbruvatn.

9. Argumentasjon

Faktaoversynet dokumenterer kor viktig dette aust-vest-sambandet er som *hovudferdselsåre mellom Årdal og Austlandet*. Her ligg det i seg sjølv mykje argumentasjon for å halde vegen vinteropen.

Det ligg ikkje føre eigne kost/nyttevurderingar, men kostnadene for fylkeskommunane verkar å vere små i høve til den store samfunnsnyttan for innbyggjarar, næringsliv og besøkande.

Generelt vil ulempene ved vinterstenging vere:

- *Særs negativt for næringslivet på både sider av fjellet, særleg reiselivet*
- *Mindre bruk av området og hyttene vinterstid*
- *Konsekvens for liv, helse og beredskap*
- *Vanskelegare kommunikasjon ved ulukker. Manglar alternativ.*
- *Årdal kjem i ei «bakevje» vinterstid*
- *Vanskelegare å tiltrekke seg kompetanse og arbeidskraft*

Det er likevel på nokre område naturleg å utdjupe dette²².

Beredskap

Samferdsle

Ved ulykke eller lengre stenging av E-16 blir Fv. 53 brukt som omkøyingsveg. Alternativet over Golsfjellet gir mykje lengre omkjøring. Ved ulykke/ras på E-16 frå Håbakken og austover vil det ikkje vere omkjøringsveg med vinterstenging.

Det vil òg bli dårlegare beredskap ved ulukker i retning Årdal og i Årdal. Ved hjelp frå Opplandssida må bilar køyre frå Vang via Lærdal.

Kraft

Det er ikkje usannsynleg at NVE/styresmaktene vil ha synspunkt på leveringstryggleiken for Tyin kraftverk. Det mest kritiske vil vere inntakslukene i Torolmen eller Holsbruvatn, men det gjeld òg:

- *Demning*
- *Luker*
- *Vass-standmålingar*
- *Dieselaggregat (reserve mating ved linjeutfall)*

Mannskap må fysisk på plass i lukehusa for å opne lukene og for å kunne få starte opp att aggregata. All transport til fjells vil ved stengd veg krevje snøscooter-transport inn på fjellet. Dette har klare grenser i høve helse, miljø og tryggleik (HMT). Minimum to mann må rykke ut. I dag er det berre ein mann i driftsvakt. Ekstra mannskap må difor kallast ut.

Ved ras i Jåteli (om det normalt vert brøytta opp til Holsbru) må transporten gå via Lærdal og Tyinkrysset for å kome inn til anlegga i fjellet. Timane går då fort. I godt vêr kan helikopter vere eit alternativ, men òg det kan ta for mykje tid i kritiske situasjonar. Resultatet vil vere redusert tilgang til kritisk utstyr/anlegg.

Nytt kraftanlegg i Mannsberge vil berre forsterke behovet for vegen vinterstid.

²² Det er henta inn synspunkt frå ulike hald, på både sider av fjellet.

Skredvarsling

På vinteren er Fv. 53 observasjonsområde for NVE sin snøskredobservatør, med eit godt bilete av snøtilhøva i Jotunheimen. Observasjonar på Filefjell vil gje dårlegare gyldigheit for regionen Jotunheimen. Dårleg gyldigheit vil gje dårlegare/feil varsel om skredfaren.

Forsyningstryggleik

Vinterstenging vil kunne påverke forsyningssituasjonen. Det gjeld mange verksemdar, når «beredskapsvegen» fell bort. Problemet vil òg gjelde underleverandørar og anna næringsverksemd både i Årdal og Vang.

Ved ras/stenging på Fv. 53 mellom Øvre Årdal og Årdalstangen er det ingen alternativ transportveg for råstoff inn og produkt ut om vegen over fjellet vert vinterstengt. Dette kan skape alvorlege konsekvensar for aluminiumsproduksjonen og kundar/marknad.

Kundegrunnlag

Både Årdal, Vang og Fv. 53 er inngangsport til denne delen av Jotunheimen og Horrungane. Mange som skal inn i området eller er på veg heim handlar lokalt i dei to kommunane.

Mange har dessutan hytte i området rundt Sletterust/Torolmen/Tyin og nyttar butikkane både i Tyinkrysset og Øvre Årdal.

Vinterstenging av Fv. 53 vil ha økonomiske konsekvensar for fleire verksemdar i både i Tyinkrysset og i Øvre Årdal. Fleire av verksemdene har marginal omsetning i vinterhalvåret. Misser dei mange kundar på vinterstid vil det kunne føre til nedlegging. Her er særleg verksemdene i Tyinkrysset utsett.

Døme

Eit døme er Intersport Filefjell AS. På vinteren (og for så vidt om sommaren) har verksemda mange kundar som kjem opp og handlar frå Årdal.

Eit anna døme er skiheisane og serveringsverksemdene i Tyin – Filefjell området. Nedbemanning og stans i nye investeringar er ein sannsynleg følgje av vinterstenging.

Nokre verksemdar har hovudkontor i Vang og filial i Årdal eller omvendt. Eit døme er Ryfoss Betong AS, som har ein avdeling i Øvre Årdal som leverer ferdigbetong i Valdres og Indre Sogn. Ryfoss Betong har tilsette og bilar som er stasjonerte i Årdal og jobbar i Valdres.

Alternativet for Ryfoss Betong AS er å lukke avdelinga i Øvre Årdal og flytte bilar og tilsette til Valdres.

Eit anna slikt døme er Elektromontasje AS i Vang.

Frekvens på bussrute

Fv. 53 har i mange år vore livsnerve for kollektivreisande mellom Årdal og Austlandet. Trafikken med Valdresekspressen har i dei nesten 30 åra vore noko varierende og i takt med aktiviteten i Årdal. Ved ein eventuell vinterstenging av Fv. 53 vil folk i Årdal få ein svekka bussforbindelse aust/vest.

Valdresekspressen er avhengig av føreseielege tilhøve på strekningen for å kunne drive som i dag. Det vil vere vanskeleg å trafikere Årdal - Tyin - Fagernes t/r med same frekvens om strekninga vert vinterstengt.

Vedlikehald og tilsyn med hytter

Fjellovergangen har ekstremvêr fleire gangar kvar vinter. Det set ekstra krev til tilsyn og vedlikehald med hytter og tekniske installasjonar.

Verdifall

Det er alt i dag stor skilnad mellom prisnivået på hytter i Tyinkrysset/Filefjellområdet og dei områda som er avhengig av vinteropen veg. Årsaken er truleg at det er meir uføreseieleg å komme fram til hytta vinterstid.

Det er rimeleg å rekne med at moglege vinterstenging vil gjere området ennå mindre attraktivt, med påfølgjande verdifall. Effekten kan alt ha starta no, som følge av at utgreinga om kutt hjå fylkeskommunen som vegeigar vart kjent.

10.Kjelder og kontaktinformasjon

Kjelder

Trafikktala mm kjem frå Statens vegvesen.

Pendlingstal kjem frå Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.

Informasjon om hytter og ubygde tomtar kjem frå dei to kommunane.

Plandokument mm kjem frå Samferdsleavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Verksemder, hytteigarar og privatpersonar i Årdal og Vang har òg gjeve fråsegn og kome med innspel.

Kontaktinformasjon

Tabell 6 Dei viktigaste informantane

Leif Øyvind Solemsli	Intersport Filefjell AS	613 67 346	post@filefjell.intersport.no
Syver Øistuen Per Ove Fossheim	SVV		syver.oistuen@vegvesen.no per.fossheim@vegvesen.no
Kristoffer Kvame	JVB	911 11 119	www.jvb.no
Morten Odden	Tyin Filefjell Utvikling	480 66 279	morten@tyinfilefjell.no
Reidar Thune	Vang kommune	91 31 51 47	reidar.thune@vang.kommune.no
Arve Wangenstein	Vang Auto-Service AS	975 23 044	arve@vangautoservice.no
Marianne B. Berge	Ryfoss Betong AS	90 75 42 60	marianne@ryfossbetong.no
Odd Steinar Natvik	Hydro (Metallverket og Energi)		odd.steinar.natvik@hydro.com
Stine Mari Måren Elverhøi	Årdal kommune		stine.mari.maren.elverhoi@ardal.kommune.no
Anita Brenden Moshagen	Oppland fylkeskommune	909 15 1 69	anita.brenden.moshagen@oppland.org

11. Vedlegg

Tabell 7 Funksjonskrav vinterdrift

Vinterdriftsklasse DkD

DkD Metode for friksjonsforbedring	Sand skal nyttes på snø- og isdekke, også som preventivt tiltak. Salt skal kun nyttes i henhold til beskrivelse i kap. D2-ID9300a. for å forhindre glatt veg forårsaket av tynn is og rim.
--	---

Godkjent føreforhold <i>Godkjent føreforhold i høyere vinterdriftsklasse er også godkjent føreforhold</i>		DkD
Tilstand på vegen		Hardt og jevnt snø- og isdekke med maks 2 cm løs snø
Friksjon (gjelder stroareal)		større enn 0,25
Friksjon på strekninger med forsterket krav til friksjon (gjelder stroareal)		større enn 0,30
Hard snø/is	Tykkelse	mindre enn 3 cm
	Spordybde i snø/is-dekke (kravet gjelder foran krav til tykkelse)	mindre enn 2,5 cm Dersom spordybde i snø/is-dekket overstiger 2,5 cm, tillates ikke snø/is-dekke på toppen av ryggen mellom hjulspor og langs kant-/midtlinje.
	Ujevnheter	Ujevnheter i snø- og isdekket som kjettingspor, vaskebrett, o.a. skal være mindre enn 1,5 cm

Innsats ved værhendelse	DkD
Maksimal syklustid for brøyting	3 timer
Maksimal syklustid for strøing (inkl. henting av strømmedler)	4 timer
Start strøing (inkluderer også preventiv strøing)	Ved forventet friksjon lavere enn krav til godkjent føreforhold
Start preventiv strøing	Preventiv strøing skal starte tidsnok til at strøingen kan avsluttes og gi effekt i forhold til forventet værhendelse
Sandstrøing ifm snønedbør	Startes ved slutt snønedbør
Tidskrav for gjenopprettet godkjent føreforhold etter værhendelse	4 timer
Tidskrav for gjenopprettet godkjent føreforhold etter værhendelse med hensyn til tykkelse og ujevnheter på hard snø/is	48 timer

12. Tabellar og figurar

Tabellar

Tabell 1 Budsjett for fylkesvegane Sogn og Fjordane	4
Tabell 2 Nattestengd og mellombels stengd (t).....	8
Tabell 3 Årsdøgntrafikk	9
Tabell 4 Virkedøgntrafikk	9
Tabell 5 Prioriterte rassikringstiltak. Handlingsprogrammet. Regional transportplan	12
Tabell 6 Dei viktigaste informantane	22
Tabell 7 Funksjonskrav vinterdrift	23

Figurar

Figur 1 Kart over traseen.....	6
Figur 2 Vinterdriftklasser Indre Sogn	10
Figur 3 Snøskredtårn ved Tyinstølen	11
Figur 4 Pendling mellom Vang og Årdal	15
Figur 5 Påskeparkering ved Svegistølen (Foto: Kjell Arne Berntsen).....	18



Fylkesordfører
Leiar Samferdselsutvalet

Dok. ref.
08/423-55/K2-Q12//AIL

Dato:
16.06.2014

Uttale frå Årdal kommunestyre - Mogeleg vinterstenging av FV 53 Årdal-Tyin

I regjeringa sitt framlegg til kommuneproposisjon 2015 vil Sogn og Fjordane fylkeskommune få ein reduksjon i dei statlege overføringane på 25 mill. i 2015 og aukande til ein årleg reduksjon på 229 mill. frå 2019.

Mellom dei mange aktuelle innsparingane som er vurdert, er vinterstenging av Årdal – Tyin. Å vinterstenge denne viktige samferdselsåra vil få store negative konsekvensar for Årdal kommune og nabokommunane våre.

Vi har stor respekt for dei utfordringane fylkeskommunen står framføre, men ei stenging av denne viktige aust – vest samferdselsåra, vil vere ei katastrofe for innbyggjarane og næringslivet i Årdal kommune. Denne vegstrekninga er ein viktig føresetnad for positiv utvikling i framtida.

Det er gjort og planlagt store næringsinvesteringar i dette området som dannar grunnlaget for vekst og utvikling i kommunane knytt til vegen. Når slike forslag vert kasta fram, meir eller mindre tilfeldig, skapar dette stor uro i dei ulike næringsprosjekta og set desse naudsynte og viktige investeringane i fare.

Årdal kommune ønskjer å få fram kor viktige denne vegen mellom aust og vest er. Vi er overtydd om at dei negative konsekvensane på sikt i stor grad vil overgå innsparingspotensialet på å vinterstenge.

Vinterstenging av Årdal–Tyin vil få store negative konsekvensar for kommunen og heile region.

Årdal kommune vil følgja nøye med på utviklinga i fylkeskommunen sin innsparingsprosess.

Kommunestyret i Årdal

Arild Ingar Læg Reid

Ordfører

Kopi:

Sogn Regionråd

Ordføreren i Vang kommune

Samandrag:

1. Utgreiingstittel og –nummer

Kulturarv – nr 47

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Utgreiinga omfattar fylkeskommunen sitt arbeid innan kulturminneforvaltning og utvikling, drift og utvikling av Fylkesarkivet, tilskot til Musea i Sogn og Fjordane og tilskot til drift og utvikling av tusenårsstaden Gulatinget.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Utgreiinga viser konsekvensane av moglege reduksjonar på området med 5 mill. kroner (jf. også pkt 6 i utgreiinga).

4. Administrativt innsparingspotensiale

Dei fire døma på slutten av utgreiinga syner at det avhengig av omfang og form på reduksjonane, kan gje innsparing på 0-6 årsverk.

5. Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane:

Kvalitet i vidareførte oppgåver:

Viktig grunnprinsipp

Fylkeskommunen har høg kompetanse innan kulturminnefeltet og har ei tydeleg rolle som regional kulturminneutviklar. Denne kompetansen er etterspurt i regionalt og lokalt plan- og utviklingsarbeid. Reduksjonar vil ramme kapasitet og kompetanse, og dermed gi dårlegare kvalitet til utviklingsarbeid fagleg råd og rettleiingsarbeid til kommunar og private.

Dei som ev. vert råka av tilskotskutt (musea, tusenårsstaden), vil oppleve dårlegare rammevilkår for sitt faglege arbeid, og arbeidet ut mot publikum.

Spora etter levd liv er grunnlaget for identiteten vår, demokratiet vårt og er den historiske plattformen samfunnet står på. Kunnskapen om fortida gjev oss forståing av notida og kan gje oss retning inn i framtida. For at vi kan forstå og gjere oss nytte av kulturarven vår må den takast vare på og formidlast.

Oppgåve- og ansvarsdeling:

Viktig grunnprinsipp

Deler av oppgåvene innan kulturminneforvaltninga er delegert frå statleg nivå. I tillegg har fylkeskommunen eit sjølvstendig ansvar for ein regional kulturminnepolitikk. Musea vert finansiert gjennom eit økonomisk samarbeid mellom stat, fylkeskommune og kommune. Fylkesarkivet har eit fylkesdekkande ansvar knytt til å bevare og formidle foto, privatarkiv, musikk, stadnamn og ta vare på kommunale og fylkeskommunale arkiv etter avtale..

Arbeidet på kulturarvfeltet bidreg til at vi oppfyller kulturminnelova, plan- og bygningslova og kulturlova.

Funksjonelle bu- og arbeidsmarkn.reg.:

Mindre viktig grunnprinsipp

Dette prinsippet er mest relevant å vurdere i høve musea. Dei har sine avdelingar spreidd rundt om i fylket, og inngår i tilboda i ulike bu- og arbeidsmarknadsregionar. Fylkesarkivet er fylkesdekkande. Det same gjeld kulturminneforvaltninga.

Rolla i den regionale partnerskapen: Viktig grunnprinsipp

Rolla som regional kulturminneutviklar er vesentleg for å kunne tilpasse nasjonal kulturminnepolitikk til dei særtrekk, fortrinn og utfordringar som karakteriserer fylket. Det er også her det største politiske handlingsrommet ligg. Rolla som forvaltar av våre kulturminneverdiar gjer fylkeskommunen til arenabyggar, kompetansebyggar og nettverksbyggar.

Fylkeskommunen er kjernen i det regionale kulturarvbeidet. Dette skjer gjennom fylkeskommunen sitt forvaltning- og utviklingsarbeid, og gjennom samarbeid med statleg og kommunalt nivå om tilskot til drift av MISF og Tusenårsstaden.

Langsiktige avgjerder: Viktig grunnprinsipp

Reduksjonar vil kunne gjennomførast ned til eit visst nivå. Dersom reduksjonane vert så store at ei teneste må avviklast, ei museumsavdeling stengast, e.l. må vi truleg sjå på dette som ei varig ordning.

Alternative finansieringskjelder: Ikkje relevant

Fylkesdirektøren ser ikkje at det kan peikast på alternative finansieringskjelder til den delen som handlar om å finansiere offentlege forvaltningsoppgåver. Når det gjeld musea og tusenårsstaden vil større innslag av privat finansiering kunne vege opp noko, men ikkje erstatte den offentleg finansieringa.

6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

Om fylkeskommunen seier frå seg dei statleg delegerte oppgåvene innan kulturminneforvaltninga, vil desse gå tilbake til staten, og vi misse vårt regionale mynde på kulturminnefeltet. Det vil medføre at avgjerdene vert tekne på nasjonalt nivå, lengre vekk frå situasjonen og tiltakshavar. Den regionalpolitiske deltakinga i prosessane vil også bli redusert.

7. Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet

Forvaltningsansvaret innan kulturminneforvaltninga kan gå tilbake til staten. Fylkeskommunen gjev i så fall frå seg mynde til å påverke avgjerdene på dette området. Fylkesarkivet kan organiserast annleis og det er råd å sjå for seg at andre tek over denne oppgåva. I så fall må det greiast ut vidare. Det er mogleg å sjå for seg ei anna organisering og drift av MISF, og det er råd å vurdere om MISF kan dekke inn budsjettet sitt annleis enn i dag, m.a. ved å auka eigeninntektene. Denne utgreiinga er ikkje omfattande nok til å vurdere dette.

8. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

Det er naudsynt å drøfte ev. reduksjon i forvaltningsansvaret med Riksantikvaren og Klima- og Miljødepartementet. Ytterlegare reduksjonar i tilskotet til MISF må også drøftast med MISF, kommunane og staten.

1. SFJ 2019 KULTURARV – utgreiingsoppdrag nr 47

Utgreiinga omfattar fylkeskommunen sitt arbeid innan kulturminneforvaltning og utvikling, drift og utvikling av Fylkesarkivet, tilskot til Musea i Sogn og Fjordane og drift og utvikling av tusenårsstaden Gulatinget.

Kulturarv, kulturminne og kulturmiljø er viktige ressursar for kunnskap, oppleving og bruk. Dei kan gi grunnlag for kulturell, sosial, økonomisk og miljøvennleg utvikling og verdiskaping i lokalsamfunna. Å ta vare på kulturminna er ein viktig del av samfunnsbygginga. For fylkeskommunen er kulturarvfeltet både ei forvaltningsoppgåve og eit område for utviklingsarbeid der det også er rom for oppleving og verdiskaping.

Fylkeskommunen, Fylkesarkivet og musea har sine definerte ansvarsområder som samla sett skal dekke viktige deler av kulturarvfeltet i fylket. Utgreiinga er likevel ikkje uttømmende for det som kan definerast som kulturarvoppgåver/-politikk. Innan frivillig sektor vil det t.d. ligge oppgåver som fagleg sett vil kunne definerast som kulturarv.

Denne utgreiinga er delt inn slik at kvar fagområde (forvaltning/utvikling, Fylkesarkiv, museum, tusenårsstad) vert presentert i kvart sitt kapittel.

2. Kulturminneforvaltning og -utvikling

Fylkeskommunen har ei sentral rolle i forvaltninga av materielle og immaterielle kulturminne. Det å ta vare på historia vår bidreg til å skape identitet og vi utviklar samfunnet vårt med base i vår historie. Føremålet med tenesta er å gje kunnskap om kulturminne, forvalte ansvaret delegert frå staten, utvikle ein sjølvstendig regional kulturminnepolitikk, sikre at kulturminna våre vert teke vare på på ein god og riktig måte, og å vere rådgjevar for kommunane i deira lokale kulturminnearbeid

Fylkeskommunen forvaltar kulturminna i samsvar med forskrift om fagleg ansvarsfordeling etter kulturminnelova og i tråd med prioriterte nasjonale og regionale satsingar. Store deler av det delegerte ansvaret i høve kulturminnelova vert handtert som del av fylkeskommunen sine høyringsuttalar til kommunale planar etter plan- og bygningslova. Rettleiing og rådgjeving ut mot kommunane vert i tillegg prioritert.

2.1. Økonomisk innsparingspotensiale

Nettobudsjett 2014	5 920 000
Rekneskapsførte inntekter 2014	12 385 011
Bruttobudsjett 2014	18 305 011

Den fylkeskommunale løyvinga utgjer løns-/driftskostnader for tenesta. Inntektene er i hovudsak statlege tilskot, dels til satsingar som fylkeskommunen set i verk (verdiskapingsprosjekt), dels øyremerka tilskot til restaurering av freda bygg/anlegg i privat eige, til tiltak i verdsarvområdet og utvikling av lokale kulturminneplanar i kommunane. I tillegg har fylkeskommunen noko inntekter frå oppdragsregistrering av automatisk freda kulturminne. Kulturminneforvaltninga bidreg også gjennom kompetansehevingstiltak til inntekter som går direkte til mottakar. Eit døme er 5,4 mill. kroner som Norsk Kulturminnefond gjev til mottakarar i Sogn og Fjordane i 2015. Kursa vi held i søknadsskriving og oppfølging av konkrete søknader har bidrege til stor auke i slike tilskot.

Signalane frå Riksantikvaren er at fleire oppgåver skal delegerast til fylkeskommunane. Fylkeskommunen stiller krav om at staten dekkjer kostnadane med dette, jf. FU-sak 11/15.

Fylkeskommunen kan seie frå seg alle oppgåvene innan kulturminneforvaltninga. Dei statleg delegerte oppgåvene (arkeologi og freda bygg) vil i så fall gå tilbake til staten. Om fylkeskommunen seier frå seg dei statleg delegerte oppgåvene innan kulturminneforvaltninga, vil vi misse vårt regionale mynde på kulturminnefeltet. Det vil medføre at avgjerdene vert tekne på nasjonalt nivå, lengre vekk frå situasjonen og tiltakshavar. Den politiske deltakinga i prosessane vil også bli redusert, særleg på lokalt og regionalt nivå. I ein slik situasjon vil Riksantikvaren kunne overta oppgåvene. For å dekke inn ekstrakostnadane dei får ved dette, vil dei be Klima- og miljødepartementet finne finansiering. Det er ikkje kjent korleis departementet vil finne denne finansieringa. Dette må avklarast med dei, før ei mogleg økonomisk innsparing kan kvitterast ut. Andre oppgåver som fylkeskommunen utfører innan kulturminneforvaltninga (nyare tids kulturminne) vil då bli avvikla.

Konsekvensar ved reduksjon eller avvikling innan kulturminneforvaltninga er:

- Fylkeskommunen sin høge og varierte kompetanse på kulturminnefeltet vil bli redusert eller forsvinne frå fylkeskommunen.
- Kommunane og private vil ikkje lenger kunne hente fagleg råd og rettleiing gjennom det regionale forvaltningsnivået, og fylkeskommunen vil ikkje lenger ha kompetanse til å gi kulturminnefaglege uttaler til kommunale planer.
- Ein reduksjon av satsinga vil gje inntektstap. Dette er midlar som anten vert nytta til å finansiere fagstillingar i administrasjonen, eller går som tilskot til ulike tiltak i fylket.
- Fylkeskommunen har i dei siste åra fått gode tilbakemeldingar frå Riksantikvaren på det arbeidet vi gjer. Dette speglar seg og i omfanget av tilskot vi vert tildelt i høve andre fylkeskommunar. Ein reduksjon av satsinga på kulturminne vil redusere kvaliteten på vårt arbeid, og omfanget av tilskot vi og andre får vil bli redusert eller falle heilt i frå.
- Verdiskapings- og utviklingsprosjekta på kulturminnefeltet, og arbeidet med å utvikle dei lokale og regionale kulturminneverdiane vil bli sterkt redusert/falle vekk.
- Fylkeskommunen vil kunne sitje igjen med ei minimumsbemanning for å ivareta dei statlege delegerte oppgåvene knytt til dei nasjonale kulturminna (freda bygg og automatisk freda kulturminne).

2.2. Administrativt innsparingspotensiale

Dei økonomiske ressursane innan kulturminneforvaltninga er i stor grad knytt til stillingar. Det kan vurderast å redusere omfanget av tenesta ved at vi tek bort oppgåver som ikkje er omfatta av den delegerte mynda frå staten/lovpålagt. Dette kan maksimalt gje ei økonomisk innsparing på inntil 2,8 mill. kroner, tilsvarande 4 årsverk. Kvar enkelt stilling generer også inntekter, og netto innsparing vert redusert.

2.3. Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

2.3.1 Kvalitet i vidareførte oppgåver:

Fylkeskommunen har høg kompetanse innan kulturminnefeltet og har ei tydeleg rolle som regional kulturminneutviklar. Denne kompetansen er etterspurt i regionalt og lokalt plan- og utviklingsarbeid. Ved reduksjon i stillingar vil utviklingsarbeid på kulturminnefeltet bli vesentleg redusert eller falle heilt bort og kommunane vil ikkje kunne hente fagleg råd og rettleiing gjennom det regionale forvaltningsnivået.

I dei siste åra har Sogn og Fjordane fylkeskommune satsa på utvikling av lokale kulturminneplanar. Riksantikvaren seier no at vi er fremst i landet på dette og ber oss no gå vidare med eit verdiskapingsprosjekt der vi nyttar kulturminneplanane til lokal verdiskaping. Ved reduksjonar vil det ikkje vere rom får å delta i slike prosjekt og satsingar. Det vil også redusere omdømet vårt.

Kulturminneforvaltninga legg til rette for kompetanseheving. Forvaltninga bygger og infrastruktur for næringsutvikling, særleg innan reiseliv. I 2015 fekk Sogn og Fjordane tildelt 1,5 mill. av totalt 4,5 mill. av dei nasjonale midlane til verdiskapingsprosjekt på kulturminneområdet. I desse prosjekta vert det etablert partnerskap og samarbeid på tvers av fag- og sektorgrensar. Lokale bedrifter og frivillige lag og organisasjonar er aktive deltakarar i prosjekta.

2.3.2 Oppgåve- og ansvarsdeling:

Når det gjeld arbeidet fylkeskommune gjer innan kulturminnefeltet, er dette regulert gjennom Lov om kulturminne. I Forskrift om faglig ansvarsfordeling mv. etter kulturminnelova blir fylkeskommunen si rolle definert. Stillingsreduksjonar knytt til dei delegerte oppgåvene, vil ha som konsekvens at vi ikkje kan utføre dei oppgåvene staten har delegert til fylkeskommunane, og vi kan misse vårt regionale mynde på kulturminnefeltet. Det vil medføre at avgjerdene vert tekne på nasjonalt nivå, lengre vekk frå situasjonen og tiltakshavar. Den politiske deltakinga i prosessane vil også bli redusert.

2.3.3 Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:

Kulturminneforvaltninga dekkjer heile fylket. Kulturminna våre utgjer ein viktig identitetsskapar i lokalsamfunn og der vi bur. Å ta vare på desse er viktig for lokalsamfunn og region.

2.3.4 Rolle i den regionale partnerskapen:

Fylkeskommunen har den høgaste kompetansen og det største nettverket innan kulturarv i fylket. Kommunane har i liten grad slik kompetanse og støttar seg i stor grad på våre tenester både i plansaker, konkrete oppdrag knytt til ivaretaking av kulturminne og gjennom ulike utviklingsoppgåver og satsingar.

Rolla som regional kulturminneutviklar er vesentleg for å kunne tilpasse nasjonal kulturminnepolitikk til dei særtrekk, fortrinn og utfordringar som karakteriserer fylket. Det er også her det største politiske handlingsrommet ligg. Rolla som forvaltar av våre kulturminneverdiar gjer fylkeskommunen til arenabyggar, kompetansebyggar og nettverksbyggar.

2.3.5 Langsiktige avgjerder:

Riksantikvaren har gjeve signal om at han ynskjer å delegere fleire oppgåver til fylkeskommunen. Fylkeskommunen føreset at staten dekkjer dei meirkostnadane dette påfører fylkeskommunen, jf. FU-sak 11/15. Innan fagfeltet nyare tids kulturminne er fylkeskommunen allereie underbemanna i høve forventningane, og det er sterkt behov for arkitektkompetanse.

2.3.6 Alternative finansieringskjelder:

Dei omtalte oppgåvene i dette kapitlet handlar om offentlege forvaltnings- og utviklingsoppgåver. Fylkesdirektøren kan ikkje peike på alternative finansieringskjelder for denne typen oppgåver med mindre drøftingar med Riksantikvaren om anna finansiering av dei oppgåvene som vert delegert til fylkeskommunane kan gi resultat. Kapasitet og kompetanse på feltet kan gi grunnlag for prosjekt- og utviklingsmidlar til etterspurt aktivitet i fylket.

2.4 Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

Stillingsreduksjonar bør greiast ut vidare. Konsekvensane av dette er ikkje utgreidd full ut. Det er også naudsynt å drøfte ein ev. reduksjon i forvaltningsansvaret med Riksantikvaren og Klima- og Miljødepartementet.

3 Fylkesarkivet

Fylkesarkivet har eit fylkesdekkande ansvar knytt til å bevare og formidle foto, privatarkiv, musikk, stadnamn, m.m. I samarbeid med kommunane er det etablert ei kommunearkivordning som tek vare på dei kommunale og fylkeskommunale arkiva. Kommunearkivordninga er sjølvfinansierande.

Fylkesarkivet vart etablert i 1986. Kjeldetypar som folkemusikk, arkiv etter lag, organisasjonar, private verksemder, foto, munnleg tradisjon og stadnamn m.m. hadde lenge mangla tilfredstillande rutinar. Det var eit gap mellom biblioteka sitt ansvarsområde og musea sitt ansvar. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har sidan etableringa vore sterkt involvert i den nasjonale arkivsatsinga og vore med å prega denne. Det er rett å seie at Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har vore leiande på sitt felt over lang tid.

Fylkesarkivet har vore og er ein sentral støttespelar og tenesteytar til alle dei 26 kommunane i fylket. Arkivet tek vare på dei kommunale arkiva (Fylkesarkivet er eit tilbod til kommunane i å løyse deira pålegg om å ta vare på sine arkiv), yt faglege tenester i handteringa av både dei manuelle og dei digitale arkiva i fylket. Gjennom den felles digitale infrastrukturen som Fylkesarkivet har etablert, får kommunane tilgang til sentrale tenester for å formidle si eiga historie og sitt eige arkivmateriale.

3.1 Økonomisk innsparingspotensiale

Nettobudsjett 2014	7 169 000
Rekneskapsførte inntekter 2014	4 939 080
Bruttobudsjett 2014	12 108 080

Det er råd å få til ei økonomisk innsparing ved å avvikle alle eller nokre av tenestene som er etablert for å ta vare på og formidle foto, privatarkiv, musikk, stadnamn, m.m. Nettobudsjettet for desse tenestene i 2014 var på 7, 169 mill. kroner. Eigeninntektene knytt til desse oppgåvene er om lag 0,5 mill. kroner pr. år. Det er mogleg å redusere tenesta med reduksjonskravet på opp til 5 mill. kroner. Då må alle tenestene og stillingane forutan kommunearkivordninga, avviklast.

Magasinlokala som Fylkesarkivet disponerer vart tekne i bruk i 2006. Fylkeskommunen kosta då ei investering på om lag 21 mill kroner. I Fylkesarkivet sitt budsjett er det lagt inn 2 mill. kroner i årleg husleige til Fylkeshuset (til å dekke renter og avdrag på lån). Desse kostnadane vil vi ikkje kunne sjå bort frå.

Kommunearkivordninga er sjølvfinansierande, og ei avvikling av denne ordninga vil ikkje bidra til økonomisk innsparing for fylkeskommunen.

Konsekvensar ved reduksjonar er:

- Reduksjon i løyvingane til Fylkesarkivet vil bety reduksjon/avvikling av tenester; innsamling, ta vare på, formidle foto, musikk, privatarkiv, m.m.

- Reduksjon vil også bety at det innsamla materialet i svært liten grad vil vere tilgjengeleg for publikum. Lag, organisasjonar og enkeltpersonar som sit med verdifulle dokumentsamlingar vil ikkje ha noko stad i fylket å avlevere slikt materiale.
- Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har vore leiande i landssamanheng, og delteke i EU-prosjekt på sitt område. Ein reduksjon i løyvingane vil rokke ved denne posisjonen, og gjere det mykje vanskelegare å hente ut t.d. statlege prosjekt- og utviklingsmidlar til aktiviteten.
- Dersom ingen overtek funksjonane kan ein i bestefall håpe på ei pasifisering, det vil seie at samlingane blir plassert i eit godkjent lokale. Dette vil uansett ikkje kunne vere ei varig løysing, all den tid digitalt materiale uansett vil krevje årleg vedlikehald. Med eit slikt scenario må ein rekne med at materialet, heile eller deler av det, vert kassert.

3.2 Administrativt innsparingspotensiale

Det er i dag 11 årsverk knytt til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Ingen av desse stillingane er knytt til sentraladministrasjonen. Fem stillingar er knytt til kommunearkivordninga som er sjølvfinansierande. Dei seks andre stillingane, inkludert Fylkesarkivaren, kan avviklast. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane vert då i praksis avvikla, og vi sit att med kommunearkivordninga.

3.3 Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

3.3.1 Kvalitet i vidareførte oppgåver:

Fylkesarkivet tek i vare mange av våre immaterielle kulturminner. Fylkesarkivet bidreg slik både til at fylkeskommunen følgjer kulturminnelova og kulturlova. Fylkesarkivet arbeider målmedvite med å digitalisere desse kjeldene, og har i 30 år vore førande på digital lagring og formidling av arkivmateriale. Vi vert rekna for å vera leiande i utviklinga nasjonalt på dette feltet.

Kompetansen ved Fylkesarkivet har vore og er leiande i nasjonal samanheng. Fylket vil misse denne kompetansen om tenesta vert avvikla. Ein reduksjon ved Fylkesarkivet vil setje oss ut av stand til å gjennomføre oppgåva vår, jf. kulturlova og stortingsmeldinga om arkiv. Det må og leggjast vekt på at det ikkje er andre i fylket som er i stand til å ta seg av verken privatarkiv, foto, stadnamn eller musikkarkiv i monaleg grad, med mindre dette vert lagt til musea å utføre. Alternativ løysing vil kunne vere å overføre oppgåvene til andre regionale arkiv. Overføring av oppgåvene til andre, vil mest truleg krevje løyvingar på om lag same nivå som i dag.

3.3.2 Oppgave- og ansvarsdeling:

Om fylkeskommunen ikkje tek vare på desse kulturminna, må nokon andre gjera det og det må avklarast kven som gjer dette i framtida. Fylkesdirektøren meiner einaste reelle alternativet innanfor Sogn og Fjordane er at kommunane overtek ansvaret. Det er urealistisk å tru at enkeltkommunar vil ta på seg eit fylkesansvar for musikktradisjonen, biletsamlingane, stadnamnsamlingane og privatarkiva. Ein risikerer difor at det vil vere vilkårleg kva for kommunar som tek vare på arkiva for sitt område. Ei betre løysing ville vere om kommunane fann saman i eit interkommunalt samarbeid for i fellesskap å verne om desse arkiva. Det vil likevel vere svært usikkert om kommunane vil ta på seg dette ansvaret, og endå meir usikkert om alle kommunane i fylket ville slutte seg til ei slik ordning. I så fall vil det igjen vere usikkert kva som blir teke vare på, og fylkesdokumentasjonen vil soleis forvitte som eit resultat av dette.

Ei løysing utanfor fylket vil vere at staten overtek samlingane. Det vil truleg medføre pasifisering og at regionen vert prisgitt nasjonale prioriteringar i bevaring, innsamling- og formidlingsarbeidet. Både dei kommunale og dei statlege løysingane som er skissert her, har det til felles at dei er tufta på ein hypotese om at dei vil ta på seg dette ansvaret. Vidare vil det i begge tilfella vere ein viss grad av

tilfeldighet i forhold til kva arkiv som vil bli teke vare på og korleis dei vil verte formidla. Om staten og/eller kommunane vil ta kostnadane med dette, er eit ope spørsmål.

3.3.3 Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:

Fylkesarkivet tek vare på lokalsamfunna og regionen sin hukommelse. Vi finn att historia til samfunnet vårt i desse lokala. Dei ressursane vi nyttar på stillingar har fokus på å gjere kunnskapen tilgjengeleg på enklaste måte. Det er ein ressurs for samfunnet bidreg til å gjere det funksjonelt. Korleis vil eit samfunn utan hukommelse fungere?

3.3.4 Rolle i den regionale partnerskapen:

Fylkesarkivet har etablert eit samarbeid med 26 kommunar og ein rekke private aktørar om ivaretaking av arkiv og kulturminne. Difor er det og Fylkesarkivet som er den sentrale partnaren for slike oppgåver. Det er ingen andre i partnerskapen som kan overta desse oppgåvene, nettopp fordi ein gjennom samarbeid har utvikla Fylkesarkivet til denne rolla.

3.3.5 Langsiktige avgjerder:

Også i framtida vil det skapast kjelder som bør takast vare på for ettertida. Om det regionale arkivarbeidet vert redusert eller lagt ned, er faren stor for at desse kjeldene ikkje vert tekne vare på, på ein god måte. I samband med forvaltningsreforma i overgangen frå ei papirbasert til ei elektronisk dokumenthandsaming står offentleg sektor framfor store utfordringar. Her vil Fylkesarkivet vere ein viktig ressurs for å sikre at dokumentasjon ikkje går tapt.

3.3.6 Alternative finansieringskjelder

Fylkesarkivet kan gå gjennom avtalane sine med kommunane for å sjå om dette kan gje meir inntekter. Det kan også vere aktuelt å ta betalt for tenester som Fylkesarkivet gjer, t.d. utlån av bilete, musikk og andre kjelder. Det kan tenkjast at enkelte oppdrag innan privatarkiv, foto og musikk vil kunne gjerast innan rammene av privatfinansierte oppdrag. Fylkesarkivet er elles aktive i å utvikle og søkje nasjonale og internasjonale prosjektmidlar til sin aktivitet. Alternative finansieringskjelder vil vere å sjå på som er eit supplement til å halde oppe aktiviteten, og vil krevje at det er ein stabil finansiering i botnen.

3.4 Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

Ei endring av driftsforma og organiseringa av Fylkesarkivet kan vurderast. Det er ikkje kjent om dette vil gje ei økonomisk innsparing. Det må i så fall greiast ut vidare.

4 Musea i Sogn og Fjordane (MISF)

Dei fem store musea i fylket vart konsoliderte til Musea i Sogn og Fjordane (MISF) 1. januar 2009 ved avtale og vedtekter dagsette 14. januar 2009. Følgjande sjølvstendige museum gjekk inn i den konsoliderte eininga:

- De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, eigd av stiftinga De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum og etablert av Gert Falch Heiberg i 1909.
- Kystmuseet i Sogn og Fjordane (1980)
- Nordfjord Folkemuseum, eigd av Nordfjord Sogelag etablert i 1920

- Sogn og Fjordane Kunstmuseum (inkludert Astruptunet, Eikaasgalleriet, Sogn kunstsenter og Anders Svor Museum)
- Sunnfjord Museum, eigd av Sunnfjord sogelag og etablert i 1926

Alle musea har underavdelingar eller museum med eigne namn. Til dømes er Norsk reiselivsmuseum eigd av stiftinga De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. Norsk kvernsteinsenter vart ein del av MISF i 2013.

Musea i Sogn og Fjordane forvaltar om lag 200 000 antikvariske gjenstandar og om lag 200 bygg. Tilsette ved musea utfører om lag 50 årsverk (konservatorar, bygningsforvaltning, formidling, leing og kontorstøtte). Musea i Sogn og Fjordane hadde i 2014 eit samla besøkstal på i underkant av 60 000.

Musea utgjør saman med arkiv og bibliotek hovuddelen av vårt kollektive samfunnsminne. Hovudoppgåvene til musea er å samle inn, forske i og formidle kunnskap om materielle og immaterielle vitnesbyrd frå både naturen og menneska i fortida. Det er store forventningar til musea sitt fornyingsarbeid, det å gjere seg relevante for dagens publikum.

MISF deltek i fleire nasjonalt nettverk, og museumsoppgåva vert sett på som eit viktig nasjonalt tiltak. Den nasjonale museumsreforma som vart sett i verk frå 2001 har ført til ei styrka finansiering av museumsdrifta. Dei offentlege inntektene til musea kjem frå eit samarbeid mellom stat, fylka og kommunane. Omfanget vert i stor grad styrt av vedtak i statsbudsjettet, der staten seier at dei kan dekke inntil 60 % av offentlege tilskot om regionalt og lokalt forvaltningsnivå dekker det resterande.

4.1 Økonomisk innsparingspotensiale

Nettobudsjett 2014	15 837 000
Rekneskapsførte inntekter 2014	
Bruttobudsjett 2014	15 837 000

Denne tenesta inneheld fylkeskommunen sine løyvingar til Musea i Sogn og Fjordane. Staten sitt tilskot til musea kan utgjere inntil 60% av det offentlege tilskotet. Resten må finansierast lokalt/regionalt. Det er forhandlingar mellom musea og kommunane om ny finansieringsavtale der kommunane sine samla løyvingar ligg på 15% f.o.m. 2017, og fylkeskommunen si løyving utgjør 25%.

Det fylkeskommunale tilskotet til MISF er allereie vedteke redusert med 3 mill. kroner i høve budsjettet 2014. Reduksjonen er fordelt med 1 mill. kr årleg i 2015, 2016 og 2017. Det er råd å redusere tilskotet ytterlegare. MISF vil då risikere å tape 4 gangar så mykje samla sett, som det fylkeskommunen vel å redusere med.

Konsekvensar ved reduksjon i tilskotet er:

- Om fylkeskommunen reduserer ytterlegare vil det kunne føre til store inntektstap for musea i fylket, då kvar million fylkeskommunen reduserer med, gir eit samla tap for musea på fire millionar kroner.
- Om fylkeskommunen reduserer sitt tilskot med 5 mill. kroner i tillegg til dei allereie vedtekte reduksjonane vil Musea i Sogn og Fjordane miste 8 mill. kroner i fylkeskommunal støtte. Det vil etter gjeldande ordning gi eit samla tap på 24 mill. kroner. Det vil halvere drifta av Musea i Sogn og Fjordane.

- Store deler av MISF sitt budsjett går til stillingar, og ein slik reduksjon vil kunne medføre avviking av over 20 stillingar (av totalt 50 stillingar).
- Basisfunksjonar innan samlingsforvaltning/bygningsvern må takast i vare (statlege føringar), samstundes som ressursar til merkantil drift som rekneskap, lønn, personale og leiging må prioriterast.
- Opningstider for publikum og formidling gjennom aktiv bruk av samlingane vert redusert, og barn og unge i fylket får redusert tilgang til den historieforteljinga som musea kan bidra med.
- Minimumsbemanning ved dei ulike museumsavdelingane må avklarast, og alle spesialfunksjonar må truleg fjernast eller organiserast som fellesstillingar.
- Ein konsekvens kan vere redusert drift ved alle musea, ev. at tal på museumsavdelingar må vurderast. Færre avdelingar vil kunne gi reduserte kommunale driftstilskot og dermed også reduksjon i statlege bidrag.

4.2 Administrativt innsparingspotensiale

Fylkeskommunen sin administrative innsats knytt til musea er avgrensa. Det inneheld å halde seg oppdatert på nasjonal politikk på området, årlege kontakt- og dialogmøte med styret/leiinga av musea, ev prosjektoppfølgjing, tilskotsbrev, utbetaling av tilskot, m.m.

4.3 Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

4.3.1 Kvalitet i vidareførte oppgåver:

I denne samanhengen vil det vere kvaliteten i dei vidareførte oppgåvene hos Musea i Sogn og Fjordane som er mest relevant å reflektere over, og gjennom det også kvaliteten i tilbodet ut til publikum. Reduksjon i det fylkeskommunale tilskotet til musea, utan at dette vert kompensert med auka inntekter frå andre, vil medføre redusert aktivitet ved musea, redusert bemanning, og redusert høve til å tilby kvalitativt gode tenester til publikum. Redusert bemanning vil også kunne gå ut over drifta av nybygg (Balestrand, Lærdal, Førde), og vedlikehald av eksisterande bygningsmasse ved musea, og musea sin evne til å ta vare på gjenstandsmassen. Kvalitet kostar, og kvalitetskravet vert sett under press ved store reduksjonar i løyvinga til Musea i Sogn og Fjordane. Å finne kvar smertegrensa går, krev ytterlegare utgreiingar.

4.3.2 Oppgave- og ansvarsdeling:

Gjennom nasjonal kulturpolitikk har fylkeskommunen saman med stat og kommunar eit ansvar for å bidra til å ta vare på materielle og immaterielle kulturminne. Musea er uttrykk for eit sterkt frivillig engasjement med innsamling av gjenstandar og etablering av museumsanlegg. Dei offentlege tilskota til drift av musea har utvikla seg frå 1970-talet og fram til i dag. Staten har vore førande i å utvikle denne ordninga, og kommunar og fylkeskommunar har slutta seg til ordninga ettersom staten har sett krav om regional/lokal medverknad.

4.3.3 Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:

Enkeltmusea i MISF utgjør eit partnerskap som fordeler seg geografisk over heile fylket og gjev tilbod til innbyggjarane og tilreisande. MISF er den sentrale og einaste aktøren som har denne rolla og gjev tilbod om museumsoppgåver og -opplevingar i dette omfang i fylket.

4.3.4 Rolle i den regionale partnerskapen:

Fylkeskommunen fyller to roller i partnerskapen med MISF. Den eine er som økonomisk bidragsytar. Den andre er som utviklar. Gjennom dialog og ulike faglege samarbeid meiner fylkesdirektøren at vi bidreg til å utvikle musea i fylket. Det er også slik at vår rolle som kulturminneforvaltar og den kompetanse vi difor har gjer oss til ein aktuelle samarbeidspart.

4.3.5 *Langsiktige avgjerder:*

Etablering av fellesmagasin og nye fasilitetar ved Sunnfjord Museum vil, uavhengig av eigarforhold, belaste drift til museet ytterlegare. Utan økonomisk hjelp frå fylkeskommunen - som igjen kan utløyse auka statlege midlar - vil realisering og drift vere lite realistisk i driftsperioden fram til 2019.

4.3.6 *Alternative finansieringskjelder*

MISF har allereie fått til oppgåve å føre drøftingar med kommunane, slik at dei innfrir sine 15 % av samla tilskot, slik gjeldande avtale seier. Til no har ikkje kommunane innfridd dette, og dei fylkeskommunale reduksjonane vert eit økonomisk tap for MISF.

Å endre på den %-vise fordelinga mellom staten og fylkeskommune/kommunane er ei utfordrande oppgåve. Fylkesdirektøren har på administrativt nivå lufta spørsmålet om endra %-vis fordeling mellom staten og fylkeskommune/kommunar med Kulturdepartementet. Departementet viser til at dette er ei %-fordeling som vert lagt til grunn i Stortinget sitt vedtak i samband med vedtak av statsbudsjettet. Skal vi gå vidare langs den linja må det skje politisk.

4.3 Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

I denne utgreiinga har vi ikkje gått i detalj på konsekvensane ved ei reduksjon av tilskota til MISF. Om dette vert aktuelt i det vidare arbeidet er det difor naudsynt med eit grundigare utgreiingsarbeid i samarbeid med MISF for å setje lys på korleis dei faktisk kan løyse ei slik utfordring og kva konsekvensar det vil få.

5 Tusenårsstaden Gulatinget

Gulatinget, tusenårsstaden i Sogn og Fjordane, er ei av dei eldste og største tingsamlingane i Norden, truleg skipa i Gulen av kong Harald Hårfagre (ca. 872–932). Gulatinget var ei årleg tingsamling som fann stad frå ca. 900-1300 e.Kr. I byrjinga møttest bønder frå Vestlandet for å drøfta politiske saker, som skattlegging, vegbygging, kyrkjebygging, militære plikter og ei rad andre spørsmål. I tillegg brukte dei tinget til dømme i sivile tvistemål og kriminalsaker. Gulatinget er opphavet til dei norske styringstradisjonane der representantar for distrikta møttest for å delta i den politiske styringa.

Gulatinget spelte ei sentral rolle då Noreg vart samla til eitt rike. Kongemakta var lokalisert på Vestlandet i mellomalderen, og det var med utgangspunkt i tingsamlingane at kongen kunne få støtte for ei samling av riket. Tinget var også utgangspunktet for kristninga av Noreg.

Ved overgangen til nytt årtusen vart Tusenårsstaden etablert som prosjekt i eit samarbeid mellom Gulen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Tusenårsstaden er i dag ein arena for læring, eit reisemål og ein arrangør av ulike kulturarrangement. Føremålet med drifta er m.a. å bidra til å auke kunnskapen om dei idear, verdiar og tradisjonar som ligg bak framveksten av eit demokratisk system, fremje forståinga for betydinga av ytringsfridom, sjølvstyre og grunnleggjande rettsstatsprinsipp.

Tusenårsstaden Gulatinget var saman med fylkeskommunen var leiande i det internasjonale THING-prosjektet i perioden 2009-2012, og deltek aktivt i vidareføringa av det internasjonale tingstadnettverket knytt til Nordsjø-/nord-Atlanter-området. Tusenårsstaden Gulatinget er no i førarsetet for å organisere eit nasjonalt tingstadnettverk.

5.1 Økonomisk innsparingspotensiale

Nettobudsjett 2014	1 040 000
Rekneskapsførte inntekter 2014	
Bruttobudsjett 2014	1 040 000

Det er råd å redusere tilskotet til Tusenårsstaden Gulatinget. Det vil gje ei direkte nettoinnsparing for fylkeskommunen, men vil råke drifta av tusenårsstaden. Fylkeskommunen og Gulen kommune har avtale om drift, vedlikehald og utvikling av Tusenårsstaden Gulatinget som går fram til 2016. Tilskotet frå fylkeskommunen skal utgjere inntil 70% av driftsbudsjettet. Gulen kommune bidreg med 30% til driftsbudsjettet for tusenårsstaden.

5.2 Administrativt innsparingspotensiale

Vårt arbeid med tusenårsstaden består av ulike møter for å følgje opp utviklinga av staden og den konkrete utbetalinga av tilskotet. Det er lite administrativt innsparingspotensiale i dette.

5.3 Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

5.3.1 Kvalitet i vidareførte oppgåver:

Kvaliteten på oppgåvene Tusenårsstaden kan yte er i stor grad knytt til tilskotet frå fylkeskommunen. Midlane vert nytta til ei stilling som skapar kvalitet og kontinuitet i utvikling og tiltak. Vert midlane redusert eller fjerna står stillinga som dagleg leiar for fall, heilt eller delvis. Det vert krevjande å drive ein slik stad vidare på frivillig basis og samstundes oppretthalde aktivitet og kvalitet.

5.3.2 Oppgåve- og ansvarsdeling:

Fylkeskommunen har inngått ein samarbeidsavtale med Gulen kommune om drifta av og aktiviteten på Tusenårsstaden. Vi har to representantar i styringsgruppa og bidreg aktivt til utviklinga av Gulatinget slik det er i dag. Vi har og ei viktig rolle som økonomisk bidragsytar og fagleg støttespelar.

5.3.3 Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:

Tusenårsstaden Gulatinget markerer ein stad i fylket som ber i seg ein betyding for heile nasjonen. Den er ein del av vår kulturarv og symboliserer på mange vis starten av demokratiseringa av Noreg. Dette bidreg til å skape identitet og kvalitet i fylket vårt.

5.3.4 Rolle i den regionale partnerskapen:

Tusenårsstaden Gulatinget er resultat av utviklingsarbeid over lang tid, og er også godt eigna for vidare utviklingsarbeid. Gulatinget var vår fyrste demokratiske arena. I dag er den ein regional kulturarena som gjev kunnskap og opplevingar. Fylkeskommunen i saman med Gulen kommune står for drifta av senteret.

6 Alternativ for reduksjon innan programområdet

Tabellane under syner fire dømer på korleis det er råd å redusere utgreiingsområdet. Vi nyttar heile utgreiingsramma, og vi syner korleis den samla reduksjonen for fylkeskommunen kan verte.

Det er råd å redusere både meir og mindre enn det døma syner. Utgreiingsramma på 5 mill. kroner utgjer 16,69 % av samla nettobudsjett for området. Alle tal er henta frå 2014.

Døme 1, prosentvis fordeling

	Nettobudsjett	Inntekter frå rekneskap	Brutto-budsjett	Netto reduksjon	Brutto reduksjon	Nytt nettobudsjett
Fylkesarkivet	7 169 000	524 740	7 693 740	1 196 189	1 283 821	5 972 811
Kommunearkivordn.		4 414 340	4 414 340			-
Kulturminneforv.	5 920 000	12 385 011	18 305 011	987 785	3 056 082	4 932 215
Tilskot MISF	15 837 000		15 837 000	2 642 495	2 642 495	13 194 505
Tilskot Gulatinget	1 040 000		1 040 000	173 530	173 530	866 470
SUM	29 966 000	17 324 091	47 290 091	5 000 000	7 155 928	24 966 000

Døme 2, alt på ei teneste, Fylkesarkivet

	Nettobudsjett	Inntekter frå rekneskap	Brutto-budsjett	Netto reduksjon	Brutto reduksjon	Nytt nettobudsjett
Fylkesarkivet	7 169 000	524 740	7 693 740	5 000 000	5 525 000	2 169 000
Kommunearkivordn.		4 414 340	4 414 340			
Kulturminneforv.	5 920 000	12 385 011	18 305 011			5 920 000
Tilskot MISF	15 837 000		15 837 000			15 837 000
Tilskot Gulatinget	1 040 000		1 040 000			1 040 000
SUM	29 966 000	17 324 091	47 290 091	5 000 000	5 525 000	24 966 000

Døme 3, tilskot til MISF og Gulatinget

	Nettobudsjett	Inntekter frå rekneskap	Brutto-budsjett	Netto reduksjon	Brutto reduksjon	Nytt nettobudsjett
Fylkesarkivet	7 169 000	524 740	7 693 740			7 169 000
Kommunearkivordn.		4 414 340	4 414 340			
Kulturminneforv.	5 920 000	12 385 011	18 305 011			5 920 000
Tilskot MISF	15 837 000		15 837 000	4 691 888	4 691 888	11 145 112
Tilskot Gulatinget	1 040 000		1 040 000	308 112	308 112	731 888
SUM	29 966 000	17 324 091	47 290 091	5 000 000	5 000 000	24 966 000

Døme 4, maksimalt Kulturminne

	Nettobudsjett	Inntekter frå rekneskap	Brutto-budsjett	Netto reduksjon	Brutto reduksjon	Nytt nettobudsjett
Fylkesarkivet	7 169 000	524 740	7 693 740	1 700 000	1 824 740	5 469 000
Kommunearkivordn.		4 414 340	4 414 340			
Kulturminneforv.	5 920 000	12 385 011	18 305 011	2 800 000	9 500 000	3 120 000
Tilskot MISF	15 837 000		15 837 000	500 000	500 000	15 337 000
Tilskot Gulatinget	1 040 000		1 040 000			1 040 000
SUM	29 966 000	17 324 091	47 290 091	5 000 000	11 824 740	24 966 000

FRIVILLIG SEKTOR – UTGREIINGSOPPDRAG #48

Samandrag:

1. Utgreiingstittel og –nummer

Frivillig sektor – #48

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Utgreiingsoppdraget omfattar kultursektoren sine tilskot til og arbeid for det frivillige kulturarbeid i fylket, dvs. tilskot til lag og organisasjonar, festivalar, tiltak, idrett, m.m.

Sentrale utfordringar innan feltet er å:

Følgje opp nasjonal frivilligpolitikk med 3. sektor sin eigenverdi i fokus. Synleggjere funksjonsfordelinga mellom stat, fylke og kommune i høve til ansvaret for frivillig sektor, der fylkeskommunen har ansvar for regionale samanslutningar.

Styrke rolla til frivillig sektor lokalt og regionalt, jf. regional planstrategi.

Bidra til å styrke den frivillig aktiviteten i fylket gjennom driftsstøtte til laga sin eigenaktivitet. Fylkeskommunen prioriterer særleg lag og organisasjonar som arbeider med og for born og unge.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Økonomisk innsparingspotensiale for fylkeskommunen vil vere mellom 1,5 mill. kr og 2 mill. kroner avhengig av kva modell ein vel. Ved avvikling av programområdet kan ein spare 6,019 mill. kroner (det er då teke omsyn til at UKM og FTU/UPU skal prioriterast). I tillegg spare inn eit halvt årsverk tilsvarande 0,35 mill. kroner.

Uavhengig av modell kan ein ev. reduksjon gjennomførast over 2-4 år.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Administrativt innsparingspotensiale ved å legge ned tenesta er rekna til 6 månadsverk i året til forvaltning av ordningane. Ved reduksjon i tenesta må alle funksjonar likevel utførast i litt mindre omfang.

5. Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane:

Kvalitet i vidareførte oppgåver:

Viktig grunnprinsipp

Reduksjon av det fylkeskommunale tilskotet til frivillig sektor vil resultere i vanskelegare arbeidsvilkår, særleg for fylkesleddet i organisasjonane. Dette vil i råke fylkesleddet si rolle som tilretteleggar og utviklar innan sin organisasjon i fylket, og såleis også ramme den lokale aktiviteten. Kvalitet og kompetanse kostar, men det vil vere umogleg å trekkje ei grense for kvar eit mogleg bortfall av fylkeskommunal støtte til frivillig sektor vil slå inn og ramme kvaliteten i utført arbeid hos den enkelte organisasjon.

Oppgave- og ansvarsdeling:

Mindre viktig grunnprinsipp

Sogn og Fjordane fylkeskommune følgjer opp nasjonal frivilligpolitikk ved å legge til rette for at frivilligheita skal ha ei sjølvstendig stilling i samfunnet og vere mest mogleg fri frå politisk styring, (armlengds avstand). Utgreiingsoppdraget har vist at det ikkje ser ut til å vere andre aktørar som vil kunne matche fylkeskommunen sitt økonomiske engasjement.

Funksjonelle bu- og arbeidsmarkn.reg.:

Mindre viktig grunnprinsipp

Sogn og Fjordane er ein region i perspektivet vi ser på her. Det er ein del av frivillig sektor sin autonomi å organisere seg slik dei meiner er best.

Rolla i den regionale partnerskapen: Viktig grunnprinsipp

Fylkeskommunen har fleire roller ovanfor frivillig sektor:

- tilskotsytar/-formidlar
- rettleiing og utviklingsaktør
- støtte opp om 3. sektor sin eigenverdi
- stimulere til at frivillig sektor bidreg i sitt arbeid til å oppnå regionale mål
- synleggjere verdiskaping som skjer i frivillig sektor.

Langsiktige avgjerder: Mindre viktig grunnprinsipp

Det er ei tverrpolitisk semje om ein sterk offentlig kulturpolitikk og ein oppfatning av at å delta i sivilsamfunnet bygger gode samfunn. Det vert sett på som ein viktig grunnpilar i bygginga av lokalsamfunna våre og også som ein sentral arena for å bygge folkehelse. Frivillig sektor skapar arenaer for inkludering i samfunnet for alle menneske også særlege grupper som treng ekstra tilrettelegging.

Alternative finansieringskjelder: Ikkje viktig grunnprinsipp

I dag vert frivillig sektor finansiert gjennom eit spleiselag, der regionale midlar også utløyser andre midlar som statlege, kommunale og private midlar. Sjølv om signala frå sektoren tilseier at ingen vil gjere det, så kan ein sjå for seg at andre kan ta større andelar, som kommunane, nasjonaleddet eller private sponsorar.

6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

Skal ein framleis stimulere frivillig sektor sin eigenart og denne verdiskapinga gjennom offentlege tilskot til drift, eller vri stønad til prosjektstønad?

7. Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet

Fylkesdirektøren ser ikkje at det er noko å hente på alternativ organisering av området.

8. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

Følgje opp undersøkinga om organisasjonsfylket Sogn og Fjordane frå 2003 – er Sogn og Fjordane framleis annleisfylket?

Utarbeide ein felles plattform for frivillig sektor i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

1 SFJ2019 FRIVILLIG SEKTOR – utgreiingsoppdrag nr 48

Dette utgreiingsoppdraget omfattar kultursektoren sine tilskot til og arbeid for det frivillige kulturarbeid i fylket, dvs. tilskot til lag og organisasjonar, festivalar, spel, tiltak, idrett, m.m.

Fylkeskommunen si rolle i høve frivillig sektor vert drøfta. Satsingane fylkesting for ungdom, ungdomspolitisk utval og Ungdommens kulturmonstring skal ikkje greiast ut.

Fylkeskommunen løyvde kr 6,019 millionar kr til frivillig sektor i 2014. Midlane vert lyst ut og det er ein årleg søknadsfrist 15.januar. Den avsette løyvinga skal dekke tilskot til Sogn og Fjordane idrettskrins, andre fylkesdekkande frivillige kulturorganisasjonar, festivalar, spel, m.m. Løyvinga er også føresett å skulle dekkje ev. eigne fylkeskommunale tiltak, slik som ungdommens kulturmonstring, fylkesting for ungdom/ungdomspolitisk utval og andre satsingar som fylkeskommunen går inn i. Kunstnarstipend og fylkeskulturpris ligg også her.

Gjennom utgreiingane skal fylkesdirektøren få fram konsekvensane av ein reduksjon på 2 millionar på feltet. Ein slik reduksjon kan gjerast på fleire måtar. Vi skisserer 3 alternativ i pkt. 3.

Økonomisk innsparingspotensiale for fylkeskommunen vil vere mellom 1,5mill. kroner og 2 mill. kroner avhengig av kva modell ein vel. Ved avvikling av programområdet kan ein spare 6,019 mill. kr og i tillegg spare inn eit halvt årsverk i lønn, tilsvarande 0,35 mill. kroner. Det er då teke høgde for at løyvingar til ungdommens kulturmonstring (UKM) og fylkesting for ungdom/ungdomspolitisk utval (FTU/UPU) skal skjermast.

2 Sentrale utfordringar og dilemma

Det er eit særtrekk ved den norske kulturpolitikken at den i hovudsak er avtalebasert; ikkje lovregulert. Dette gir politisk handlingsrom bygd på måla fylkeskommunen set for samfunnsutviklinga.

Gjennom breie og samansette satsingar held Sogn og Fjordane fylkeskommune seg innanfor gjeldande lovverk på kulturområdet, statlege krav og forventningar, og det er rom for lokale og fylkesvise politiske prioriteringar.

Det er mange typer frivillig arbeid. Dette utgreiingsoppdraget handlar i stor grad om innsats i høve til:

- drift av lag og organisasjonar med kulturelt føremål
- prosjekt der kulturutvikling er i fokus
- regelmessig hendingar som konsertar, festivalar og spel

Frivillig sektor i Sogn og Fjordane har vore karakterisert av stor og brei organisasjonsdeltaking og høg aktivitet. Dette har vore eit kjenneteikn som har skilt oss frå resten av landet. Organisasjonslivet er i endring.

Det har vore viktig å følgje opp nasjonal frivilligpolitikk med 3. sektor sin autonomi og eigenverdi i fokus.

Gjennom dette synleggjer ein funksjonsfordelinga mellom stat, fylke og kommune i høve til ansvaret for frivillig sektor, der fylkeskommunen har ansvar for regionale samanslutningar

Dersom fylkeskommunen framleis skal styrke rolla til frivillig sektor lokalt og regionalt må ein utvikle ei heilskapleg tilnærming og ansvar for frivillig sektor i Sogn og Fjordane fylkeskommune (plattform) som gjeld for alle sektorane i fylkeskommunen som har ansvar for frivillig sektor. Gjennom denne kan fylkeskommunen bidra til å styrke den frivillig aktiviteten i fylket ved driftsstøtte til laga sin eigenaktivitet. Fylkeskommunen prioriterer særleg lag og organisasjonar som arbeider med og for born og unge. Fylkeskommunen må også utfordre frivillig sektor til å bidra til å arbeide for å oppnå regionale mål. Difor vert det inngått utviklingsavtalar med enkelte lag der dei i tillegg til å ha rammer for å utvikle ordinær aktivitet også arbeider med løysingar på utvalde utfordringar i fylket eller regionen.

Verdiskapinga som skjer i frivillig sektor er stor, og relativt små tilskotsordningar utløyser viktige bidrag til samfunnsutvikling gjennom frivillig arbeid. Regionale organisasjonar har eit behov for føreseielege vilkår og stønad til å bygge administrativ kapasitet. Dette frigjer ressursar i organisasjonane til å følgje opp lokallaga. Aktiviteten i laga har ringverknader, både omsetting, næringsliv, lokal identitet og finansiering av andre frivillige lag gjennom dugnadsbetaling,

Fylkeskommunalt tilskot til frivillig sektor har vore uendra over lang tid, og behovet er stort. Tilskota til frivillig sektor har ikkje følgt kostnadsauken i samfunnet elles. Det gjer at fylkeskommunen sine tilskot i røynda monnar mindre enn før. Vi ser og at det veks fram nye tiltak som til dømes gode festivalar som det i liten grad er rom for å støtte opp om.

Kultur for alle er eit sentralt omgrep, der fylkeskommunen som regional utviklingsaktør kan ta, og tek eit ansvar for å motivere for særlege grupper sin inkludering i lokalsamfunna gjennom deltaking i kulturlivet.

Kultur har ingen grenser. Det er eit ønske at ein i Sogn og Fjordane, også fylkeskommunen, kan delta i internasjonale satsingar innan kultursektoren, til dømes innan ungdom, demokrati og deltaking, kunstproduksjon og kulturformidling.

Det som særmerkjer tilskotsordningane ved kultursektoren er at relativt små tilskot bidrar til å skape mange og gode kulturtiltak. Desse avgrensa midlane vert sett pris på av mottakar. Det styrkjer omdømet til fylkeskommunen.

3 Økonomisk innsparingspotensiale - alternativ for reduksjonar innan programområdet – konsekvensar

Fylkesdirektøren har sett nærare på 3 ulike modellar for ein ev. reduksjon på dette området.

Konsekvensane av reduksjonane kan grupperast slik (ikkje uttømmende):

- brukarkonsekvensar
 - fylkesledda i dei frivillige organisasjonane får dårlegare rammevilkår for sitt arbeid
 - aktivitetsnivået i fylket vert redusert
 - redusere moglegheitene til at regionleddet styrker lokalleddet
 - born og unge får mindre høve til å delta i aktivitet
- samfunnsmessige konsekvensar
 - Møteplassar forsvinn og med det mindre integrering og fellesskap i lokalsamfunna.
 - tap av omdøme og identitet
 - demokratiopplæring i frivillig sektor får dårlegare vilkår
- økonomiske konsekvensar
 - ringverknadar(/omsetning for andre næringar vert redusert
 - meir økonomisk risiko for arrangørar
- fylkeskommunale tenester
 - redusert høve til å arrangere eigne kurs og konferansar
 - mister ein viktig samarbeidspart/-arena i utviklingsarbeid

Konsekvensane som kjem som ei følge av redusert aktivitet er rimeleg like uavhengig av kva alternativ ein vel. Dersom ein vel ei trappetrinnstenking for innføring av reduksjonar (t.d. 0,5 mill. første året, 1 mill. neste år osv.) vil konsekvensane verte meir tydelege etter kvart som reduksjonane aukar.

Alternativ 1 – «Status quo»

Her bruker ein osthøvelen og fordeler ein ev. reduksjon i prosent etter dagens tilskotsfordeling.

	2014 løyving	Reduksjon kr	%	Ny løyving
Tilskot Sogn og Fjordane idrettskrins	1 250 000	415 375	33,2	834 625
Driftstilskot regionale skianlegg	200 000	66 460	33,2	133 540

Utviklingsmidlar idrett	28 000	9 304	33,2	18 696
Kulturmidlar 4,541 mill	4 541 000		33,2	3 032 026
<i>Kulturorganisasjonar</i>	<i>1 755 000</i>	<i>583 187</i>		<i>1 171 814</i>
<i>Div . Tiltak</i>	<i>620 000</i>	<i>206 026</i>		<i>413 974</i>
<i>Festivalar, spel, arr</i>	<i>870 000</i>	<i>289 101</i>		<i>580 899</i>
<i>Fylkeskommunal tiltak(skjøtsel kulturminne, UKM, Harmonien)</i>	<i>310 000</i>	<i>103 013</i>		<i>206 987</i>
<i>Kurs og konferansar</i>	<i>200 000</i>	<i>66 460</i>		<i>133 540</i>
<i>Administrative vedtak</i>	<i>616 000</i>	<i>204 697</i>		<i>411 303</i>
<i>Kunstnarstipend, kulturpris</i>	<i>170 000</i>	<i>56 491</i>		<i>113 509</i>
SUM	6 019 000	2 000 114		4 018 886

Konsekvensar

Konsekvensane er at alle tilskotsmottakarane får mindre løyvingar enn i dag. Behovet for løyvingar er større enn det fylkeskommunen kan støtte i dag, og konsekvensen kan bli at organisasjonar legg ned aktivitet eller at heile organisasjonen på sikt forsvinn. Potten til kulturmidlar vert også brukt til fylkeskommunale tiltak som Harmonien sine besøk i fylket. Den vert også brukt til kurs og konferansar som fylkeskommunen arrangerer for kommunar og frivillig sektor i fylket. Høvet til å arrangere, og via det, skape nettverk, auke kompetanse og kunnskap blant kulturarbeidarar og frivillige i Sogn og Fjordane vert mindre. Det får også konsekvensar for fylkeskommunen si rolle som regional utviklar.

Alternativ 2. «Politisk prioritering» innan frivillig sektor

Her fordeler ein ulike alternative reduksjonar på ein eller fleire typar frivillig sektor. Her er mange kombinasjonar, men dei mest relevante vert vist her. Dei lag og organisasjonar som ikkje vert rørt av eit ev. reduksjon vert føreset at dei lever vidare under same driftsvilkår som no.

I dette alternativet er det høve til politisk styring og prioritering mellom frivillig sektor sine tilbod.

2.1. Reduksjon idrettsorganisasjonane og fysisk aktivitet

Dersom ein vel å redusere på feltet fysisk aktivitet vil ein ikkje kunne nå kravet til reduksjon.

	2014 løyving	Reduksjon kr	%	Ny løyving
Tilskot Sogn og Fjordane Idrettskrins	1 250 000	1 250 000		-
Driftstilskot regionale skianlegg	200 000	200 000		-
Utviklingsmidlar idrett	28 000	28 000		-
Kulturmidlar 4,541 mill				4 541 000
<i>Kulturorganisasjonar</i>	<i>1 755 000</i>			<i>1 755 000</i>
<i>Div . Tiltak</i>	<i>620 000</i>			<i>620 000</i>
<i>Festivalar, spel, arr</i>	<i>870 000</i>			<i>870 000</i>
<i>Fylkeskommunal tiltak</i>	<i>310 000</i>			<i>310 000</i>
<i>Kurs og konferansar</i>	<i>200 000</i>			<i>200 000</i>
<i>Administrative vedtak</i>	<i>616 000</i>			<i>616 000</i>
<i>Kunstnarstipend, kulturpris</i>	<i>170 000</i>			<i>170 000</i>
SUM	6 019 000	1 478 000		4 541 000

Konsekvensar

Kulturorganisasjonane vil ha same driftsvilkår som i dag. Idrettskrinsen vil misse ¼ av driftsmidlane sine. I 2013 hadde dei ei omsetning på 4,9 mill. kr. Av dette var 3,3 mill. kr offentlig tilskot. Totalt var 1,5 mill. tilskot frå fylkeskommunen i drifts- og prosjekttilskot. Dei vil miste mykje av slagkrafta si ovanfor idretten i Sogn og Fjordane, men vil mest truleg overleve.

Dei 4 skianlegga som mottek driftstilskot vil få vanskelegare driftstilhøve. Dette tilskotet er også fastsett i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017. Det kan vere grunnlag for å vurdere om dette tilskotet, uavhengig av modell i denne utgreiinga, kan avviklast f.o.m. 2018.

Det vil ikkje vere mogleg å sette i gong utviklingstiltak med fylkeskommunal eigenfinansiering.

2.2. Reduksjon kulturorganisasjonane og –aktivitet

Ein reduksjon på kulturfeltet på 44 % vil støtte kravet om reduksjon på 2 mill.

Alternativ 3, reduksjon kulturmidlar	2014 løyving	Reduksjon kr	%	Ny løyving
Tilskot Sogn og Fjordane Idrettskrins	1 250 000			1 250 000
Driftstilskot regionale skianlegg	200 000			200 000
Utviklingsmidlar idrett	28 000			28 000
Kulturmidlar 4,541 mill	4 541 000	2 000 000	44,0	2 541 000
<i>Kulturorganisasjonar</i>	<i>1 755 000</i>	<i>772 200</i>		<i>982 800</i>
<i>Div . Tiltak</i>	<i>620 000</i>	<i>272 800</i>		<i>347 200</i>
<i>Festivalar, spel, arr</i>	<i>870 000</i>	<i>382 800</i>		<i>487 200</i>
<i>Fylkeskommunal tiltak</i>	<i>310 000</i>	<i>136 400</i>		<i>173 600</i>
<i>Kurs og konferansar</i>	<i>200 000</i>	<i>88 000</i>		<i>112 000</i>
<i>Administrative vedtak</i>	<i>616 000</i>	<i>271 040</i>		<i>344 960</i>
<i>Kunstnarstipend, kulturpris</i>	<i>170 000</i>	<i>74 800</i>		<i>95 200</i>
SUM	6 019 000	1 998 040		4 019 000

Konsekvensar

Feltet fysisk aktivitet vil ha same rammevilkår som i dag. Konsekvensane er at andre tilskotsmottakarar får mindre løyvingar enn i dag. Behovet for løyvingar er større enn det fylkeskommunen kan støtte i dag, og konsekvensen kan bli at organisasjonar legg ned aktivitet eller heile organisasjonen. Potten til kulturmidlar vert også brukt til fylkeskommunale tiltak som Harmonien sine besøk i fylket. Den vert også brukt til kurs og konferansar som fylkeskommunen arrangerer for kommunar og frivillig sektor i fylket. Høvet til å arrangere og via det skape nettverk, auke kompetanse og kunnskap blant kulturarbeidarar og frivillige i Sogn og Fjordane vert mindre. Det får også konsekvensar for fylkeskommunen si rolle som regional utviklar.

Alternativ 3 – «Flat fordeling»

Ei flat fordeling av ein ev. reduksjon på høvesvis kulturmidlar og midlar til fysisk aktivitet utgjer 1 mill. kroner pr. programområde.

	2014 løyving	Reduksjon	%	Ny løyving
Tilskot Sogn og Fjordane Idrettskrins	1 250 000	922 000	73,8	328 000
Driftstilskot regionale skianlegg	200 000	50 000	25,0	150 000
Utviklingsmidlar idrett	28 000	28 000	100,0	-
Kulturmidlar 4,541 mill	4 541 000	1 000 000	22,0	3 541 000
<i>Kulturorganisasjonar</i>	<i>1 755 000</i>	<i>386 100</i>		<i>1 368 900</i>
<i>Div . Tiltak</i>	<i>620 000</i>	<i>136 400</i>		<i>483 600</i>
<i>Festivalar, spel, arr</i>	<i>870 000</i>	<i>191 400</i>		<i>678 600</i>
<i>Fylkeskommunal tiltak</i>	<i>310 000</i>	<i>68 200</i>		<i>241 800</i>
<i>Kurs og konferansar</i>	<i>200 000</i>	<i>44 000</i>		<i>156 000</i>
<i>Administrative vedtak</i>	<i>616 000</i>	<i>135 520</i>		<i>480 480</i>
<i>Kunstnarstipend, kulturpris</i>	<i>170 000</i>	<i>37 400</i>		<i>132 600</i>
SUM	6 019 000	2 000 000		4 019 000

Konsekvensar

Dette utgjør ei hard belastning på programområdet idrett som vil få ein reduksjon på ca 75 %. Konsekvensane er at alle tilskotsmottakarane får mindre løyvingar enn i dag. Behovet for løyvingar er større enn det fylkeskommunen kan støtte i dag, og konsekvensen kan bli at organisasjonar legg ned aktivitet eller heile organisasjonen.

Oppsummering

I tillegg til dei viste alternativa kan ein sjå for seg ei trappetrinnstenking der ein skildrar ein reduksjon på høvesvis ½, 1 og 2 mill. kr. Dette er ikkje gjort fordi det er låge summar, og konsekvensane er rimeleg like for all reduksjon innan feltet.

Konsekvensane ved reduksjon er lægre aktivitetsnivå og at kostnadane ved å oppretthalde eit regionalt nivå innan frivillig sektor i Sogn og Fjordane vert lagt på lokal eller nasjonalnivået. Kvar «smertegrensa» for frivillig sektor går i høve til eigenfinansiering er vanskeleg å vurdere. Behovet for ytterlegare offentleg finansiering er i alle fall uttrykt klart frå aktørane i 3. sektor på regionalt nivå.

Å bruke ostehøvelprinsippet slik det er vist i alternativ 1 gir at ein med størst mogleg sikkerheit kan seie at alle har moglegheit for å drive vidare med eit redusert tilbod. Alternativ 2 og 3 gir moglegheit for ei sterkare politisk tydelegheit og vilje til å prioritere mellom ulike kulturuttrykk. Der alternativ 3 vil føre til størst negative konsekvensar for idrett og fysisk aktivitet.

4 Administrativt innsparingspotensiale

Satsinga på frivillig sektor krev at fylkeskommunen held seg oppdatert på kva som skjer innan feltet både nasjonalt, lokalt og regionalt. Det er viktig å vere i dialog med aktørane på feltet, både å delta på deira arenaer og å ta initiativ til eigne dialogmøter. I tillegg kjem arbeidet knytt til sakshandsaming, budsjettarbeid og utbetalingar. Det er hovudsakleg 2 tilskotsordningar, kulturmidlar og kulturutviklingsmidlar.

Administrativt innsparingspotensiale ved å legge ned tenesta knytt til sakshandsaming av fylkeskommunale tilskot til, og samhandling med frivillig sektor i fylket er rekna til 6 månadsverk i året. Ved reduksjon i tenesta må alle funksjonar likevel utførast i litt mindre omfang.

5 Grunnprinsippa si innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

Fylkesdirektøren ser institusjonane sitt virke i Sogn og Fjordane slik i høve til dei 6 grunnprinsippa:

5.1 Kvalitet i vidareførte oppgåver

Frivillig sektor vel sjølv korleis dei organiserer seg og på kva måte dei samhandlar mellom deira ulike nivå. Reduksjon av det fylkeskommunale tilskotet til frivillig sektor vil resultere i vanskelegare arbeidsvilkår, særleg for fylkesleddet i organisasjonane. Dette vil råke fylkesleddet si rolle som tilretteleggar og utviklar innan sin organisasjon i fylket, og såleis også ramme den lokale aktiviteten. Kvalitet og kompetanse kostar, men det vil vere umogleg å trekkje ei grense for kvar eit mogleg bortfall av fylkeskommunal støtte til frivillig sektor vil slå inn og ramme kvaliteten i utført arbeid.

Fylkeskommunen samhandlar i hovudsak med regionleddet til organisasjonane. Gjennom samhandling med frivillig sektor følgjer fylkeskommunen opp dei mål, verdivar og strategiar som frivillig sektor arbeider etter. Der fylkeskommunen ser behov for spesielle satsingar og tiltak går fylkeskommunen i dialog med frivillig sektor. Dette dreier seg i særleg grad der ein ser at frivillig sektor kan vere ein aktør som bidreg med sin kompetanse og nettverk for å oppnå regionale mål. Utviklingsavtalar er eit verktøy som no vert utprøvd i samhandlinga med den 3. sektor.

Kvaliteten i vidareførte oppgåver heng også saman med at fylkeskommunen set av eigne ressursar til dialog og oppfølging, og kan sjå samanhengen mellom frivillig sektor sin samfunnsinnsats opp mot offentleg og privat sektor i fylket.

5.2 Oppgåve- og ansvarsdeling

Sogn og Fjordane fylkeskommune følgjer opp nasjonal frivilligpolitikk ved å legge til rette for at frivilligheita skal ha ei sjølvstendig stilling i samfunnet og vere mest mogleg fri frå politisk styring, (armlengds avstand).

Kulturfeltet er avtalebasert. Kulturlova som kom i 2007 er ei rammelov. Utover denne finst det ikkje lover som regulerer det frie kulturfeltet. Dette gir stort rom for å utøve politisk skjønn og –prioriteringar i og med at fylkeskommunen, i tillegg til lovpålagde oppgåver, har høve til å ta på seg oppgåver som ikkje er eksplisitt lagt til eit anna forvaltningsorgan. Innan kulturfeltet har fylkeskommunen teke på seg slike oppgåver både i høve kommunane og frivillig sektor som ei lekk i det å utvikle fylket. Ei satsing på frivillig sektor som ein viktig del av ein heilskapleg berekraftig kulturell infrastruktur i fylket er eit utslag av dette.

Frivillig sektor driv kompetansebygging, både innan interessefeltet deira men også demokratibyggning. Å støtte opp om regionleddet bygger administrativ kapasitet hos organisasjonane og fører til at dei kan bygge lokal aktivitet. Tredje sektor har ein komplementærkunnskap til offentleg og privat sektor som er verdifull i eit ope og mangfaldig samfunn. Nivådelinga i frivillig sektor fører til spørsmålet kva som vil skje om det regionale leddet ikkje fungerer, kan fylkeskommunen hoppe bukk over det regionale leddet og kva konsekvensar får det for heile samfunnet?

Utgreiingsoppdraget har vist at det ikkje ser ut til å vere andre aktørar som vil kunne matche fylkeskommunen sitt økonomiske engasjement. Jf. punkt 5.6. Ein ser jf. kapittel 3 og vedlegg 1 konsekvensane av eit redusert fylkeskommunalt økonomisk engasjement, der fleire scenarior ser ut til å føre til dårlegare råmer for frivillig sektor.

5.3 Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar

Sogn og Fjordane er ein region i perspektivet vi ser på her. Frivillig sektor på regionalt nivå er organisert i fylkesdekkande organisasjonar eller funksjonelle geografiske inndelingar t.d. Norges musikkorpsforbund Nord Vest som består av fylka Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. På andre områder orienterer organisasjonar i Sogn og Fjordane seg mot Hordaland. På nokre områder kan vi også vise til vestlandssamarbeid (Vestnorsk Jazzsenter, Vestnorsk filmsenter, Vestlandsutstillinga).

Det er ein del av frivillig sektor sin autonomi å organisere seg slik dei meiner er best. Fylkesdirektøren ser ikkje at det finns uhensiktsmessige organiseringar for Sogn og Fjordane.

5.4 Rolle i den regionale partnerskapen

I fylkeskommunen sitt budsjett for 2014 heiter det: «Frivillig sektor er ein av berebjelkane i det lokale og regionale kulturlivet i Sogn og Fjordane. Det er viktig for Sogn og Fjordane fylkeskommune å styrkje rammevilkåra for frivillig sektor.»

Eit moderne utviklingsamfunn treng ei tydeleg satsing på kunst og kultur. Det er ein del av det å vere attraktiv for innbyggjarar, tilreisande og mogelege tilflyttarar. Kulturlova stadfestar dette ved å fastlegge offentlege styresmakter sitt ansvar for å fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle får høve til å delta i kulturaktiviteter og oppleve eit mangfald av kulturutrykk. § 4 i kulturlova gir desse oppgåvene: «Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt.»

Fylkeskommunen har fleire roller ovanfor frivillig sektor:

- regional planmynde
- forvaltar av statlege midlar til feltet
- tilskotsytar/-formidlar
- rettleiing og utviklingsaktør
- støtte opp om 3. sektor sin eigenverdi
- stimulere til at frivillig sektor bidreg i sitt arbeid til å oppnå regionale mål

Fylkeskommunale planar og føringar for frivillig sektor

Eksisterande planstrategi viser overordna mål og strategiar for fylket 2013–2016. Det overordna målet er å auke folketalet i perioden fram til 2016 til 112 000.

Det er peika ut strategiar for å bidra til å nå målet. Nokre av desse omhandlar frivillig sektor sitt virke:

- Styrke attraktiviteten til kommune- og regionsentra
- Styrke utviklinga av lokalsamfunn med vekt på kultur, trivsel, tryggleik og god helse
- Styrke rolla til frivillig sektor lokalt og regionalt
- Styrke samhandlinga mellom stat, region og kommunar
- Auke merksemda om bruk av natur og kulturarven som verdiskapar

Kulturstrategi 2015 - 2018

Frivillig sektor er ein av tre satsingsområde i strategiperioden, og vert omtala slik: «**Frivillig sektor – bygge samfunnet frå botnen av.** Frivillig aktivitet har stått – og står framleis – sterkt i Sogn og Fjordane. Likevel viser undersøkingar på nasjonalt nivå at frivilligheita forvitrar, og tek nye spor. At lagslivet endrar seg, treng ikkje å vere negativt, så lenge aktiviteten vert oppretthalden på rett nivå og stettar innbyggjarane sine behov. Fylkeskommunen forhold seg til regionale lag og organisasjonar som fylkesledd og fylkesomfattande kulturorganisasjonar.

Mål for fylkeskommunen sitt arbeid vil vere å:

- bidra til å styrke den frivillig aktiviteten i fylket gjennom driftsstøtte til laga sin eigenaktivitet. Fylkeskommunen prioriterer særleg lag og organisasjonar som arbeider med og for born og unge.
- utfordre frivillig sektor til å bidra til å arbeide for å oppnå regionale mål. Difor vert det inngått utviklingsavtalar med enkelte lag der dei i tillegg til å ha rammer for å utvikle ordinær aktivitet også arbeider med løysingar på utvalde utfordringar i fylket eller regionen.»

5.6 Langsiktige avgjerder

Det er ei tverrpolitisk semje om ein sterk offentleg kulturpolitikk og ein oppfatning av at å delta i sivilsamfunnet bygger gode samfunn. Frivillig sektor vert ofte nytta som eit døme på eit særtrekk ved den norske demokratibygginga og det er uttrykt sterk nasjonal og regional vilje på å framleis styrke frivillig sektor. Det vert sett på som ein viktig grunnpilar i bygginga av lokalsamfunna våre og også som ein sentral arena for å bygge folkehelse. Frivillig sektor skapar arenaer for inkludering i samfunnet for alle menneske. Særlege grupper som treng ekstra tilrettelegging er t.d. arbeidsinnvandrarar/innvandrarar og funksjonshemma.

5.7 Alternative finansieringskjelder

I dag vert frivillig sektor finansiert gjennom eit spleiselag, der regionale midlar også utløyser andre midlar som statlege, kommunale og private midlar.

Ein kan tenkje seg at det er 3 andre grupper som kan tenkje seg å gå inn og ta eit større ansvar dersom fylkeskommunal finansiering av regionsleddet vert redusert eller fell vekk. Dette er:

- Lokalledd eller nasjonalledd av same organisasjon
- Kommunane
- Privat marknad, eigenbetaling, sponing eller auka sal av billetter e.l. tenester.

Endra finansiering innan same organisasjon

Dei fleste organisasjonar er organisert i nivå, der ein har eit lokalt ledd, eit regionalt og eit nasjonalt ledd. Ofte også eit internasjonalt ledd. Aktiviteten vert organisert slik at lokalt nivå er tettast på medlemmane og driv konkret aktivitet med og for medlemmane. Regionalt og nasjonalt nivå driv utvikling i organisasjonen, overordna aktivitet og strategiarbeid. Finansiering speglar ofte også nivåtenkinga, der medlemskontingent vert fordelt dei ulike nivåa etter behov. Innanfor dette er det mogleg å sjå for seg at organisasjonane som vert rørd av ev. endringar i fylkeskommunal stønad må sjå heilskapleg på sin organisasjon og ev. kan vere i stand til å finansiere regionalleddet sjølve.

Kommunane

Kommunane finansierer (i større eller mindre grad) lokalt frivillig arbeid, fylkeskommunen finansierer regionalt ledd. Å rokke ved denne ansvarsdelinga fører truleg ikkje til betre tilhøve for fylkesleddet i organisasjonane. Tilbakemeldingar frå kommunane er at dei ikkje har nok midlar til å støtte behovet for lokale organisasjonar.

Private sponsorar

Næringslivet i fylket bidreg aktivt til lokal aktivitet i regi av frivillig sektor. Det er likevel ikkje dei store summane det her gjeld. På fylkesnivå finn vi også noko samarbeid mellom frivillig sektor og private sponsorar, men dette vil vere knytt til gjennomføring av konkrete prosjekt, lite på driftssida.

Tal frå Sponsor Insight viser at kulturektoren har opplevd stagnasjon i sponsorinntektene i perioden 2010 til 2013. Ifølge sponsorkonsulent Jacob Lund skyldast dette at kulturlivet ikkje forstår kva som skal til for å få støtte frå næringslivet. Kulturlivet er for dårlig forberedt når dei går i møte med næringslivet. Dei store norske aktørane skal ha innteningsmoglegheiter ved sponing.

Informasjonen vert støtta av samtalar med dei største aktørane i Sogn og Fjordane. Dei opplever at det er vanskeleg å hente inn sponsormidlar, og det vert frå fleire påpeika mangelen av «rike onklar» både i fylket og i kultursponing generelt. Enkelte peikar også på at større institusjonar med mykje statsstøtte har «overtatt» sponsorar frå frie festivalar, noko som viser at marknaden er stram.

NRK har 24.03.14 ein artikkel om at kulturlivet slit med staten sin sponpolitikk. Her kjem det fram at «*På tross av regjeringens arbeid for å få næringslivet til å sponse kulturektoren er det vanskeligere enn noen gang å få sponsormidler fra private aktører*». Det fortel eit titals kulturinstitusjonar innan teater, film og musikk til NRK.

Vellukka døme på privat finansiering som har kome i stand ved hjelp av fylkeskommunen sine administrative ressursar er klatreparkar og rehabilitering av ballbingar.

6 Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

Ein må vurdere dei synergjar ein kan oppnå ved å samarbeide med frivillig sektor om å oppnå felles mål opp mot frivillig sektor sin autonomi og eigenverdi. Dette gjer ein m.a. i dag ved at driftstilskotet til frivillige lag og organisasjonar vert gitt utan bindingar utover at laget skal arbeide for sitt føremål og etter vedtekne årsplanar og budsjett. I tillegg kan laga motta prosjektmidlar gjennom ein utviklingsavtale for å bidra til å løyse regionale utfordringar og mål

7 Alternativ organisering

Fylkesdirektøren ser ikkje at det er noko å hente på alternativ organisering av området.

8 Ev behov for ytterlegare avklaringar

Einaste samla undersøkinga av omfanget av frivillig sektor i Sogn og Fjordane vart utført i 2003 av Møreforskning (på oppdrag frå Sparebanken Sogn og Fjordane). Undersøkinga vart gjennomført som del av Næringsbarometeret. Det ville vore interessant om fylkeskommunen, saman med andre regionale aktørar, kunne følge opp undersøkinga om organisasjonsfylket Sogn og Fjordane og sjå om Sogn og Fjordane framleis er annleisfylket som har høg organisasjonsgrad og stor variasjon og mangfald i frivillig sektor.

Ut over dette kan det vere aktuelt å utarbeide plattform for samspel og samarbeid mellom frivillig sektor – og Sogn og Fjordane fylkeskommune (etter modell frå KS og Frivillighet Norge).

Nasjonal frivilligpolitikk

«Frivillighet står sentralt i regjeringa si politiske plattform. Regjeringa ønskjer at frivilligheita skal ha ei sjølvstendig stilling i samfunnet og vere mest mogleg fri frå politisk styring. Frivilligheita er meir enn målbar innsats, og bidreg til å skape tillit og fellesskap. Samfunn som byggast nedanifrå er gode samfunn, og kjenneteiknast av at menneske har tillit til kvarandre og tek ansvar for kvarandre. Frivillighet er ein viktig del i det norske sivilsamfunnet. Samtidig fører samfunnsendringar til at det frivillige engasjementet endrar form. Tradisjonelt har legitimiteten til det sivile fellesskapet vore knytt til deira demokratiske struktur, til at det gir trening i politisk og demokratisk deltaking, styrkjar sosiale band, formidlar lokalt engasjement og fungerer uavhengig av stat og marknad. Forsking tyder på at klassisk frivillig organisering no er under press frå mange hald også i lys av digitalisering og nye sosiale media. Eit nytt forskingsprogram «Sivilsamfunn og frivillig sektor 2013 – 2017» skal bidra til ny kunnskap og nye perspektiv, og følgje utviklinga på sivilsamfunnsfeltet.» (st.m. 5 2014-2015. Nordisk samarbeid).

«Fellesskapet er en av våre viktigste vaksiner, mener helseminister Bent Høie som i disse dager legger fram ny folkehelsemelding. Frivilligheten er selve hjørnesteinen i fellesskapet vårt. Norge er verdensmestere i frivillighet, men vi må få flere til å delta – spesielt folk med lavere sosioøkonomisk status. Frivillighet er viktig for et levende lokalsamfunn og demokrati i velferdssamfunnet – og er dermed utslagsgivende for folkehelsen i Norge.»
pressemelding i høve til utlegging av folkehelsemeldinga.

Den raud-grøne regjeringa la fram *St.meld. nr. 39 (2006-2007) Frivillighet for alle*. Dette er den siste meldinga om frivillighet som er lagt fram. Den gir desse overordna prinsippa:

«Arbeid til alle, gode velferdsordninger og å styrke fellesskapet er avgjørende for å skape et godt samfunn. En god og velfungerende offentlig sektor kan bidra til dette. Men uten et sterkt sivilsamfunn hvor enkeltmennesker sammen bidrar til gode lokalsamfunn, kan vi ikke lykkes i arbeidet for et samfunn hvor alle er med.

Regjeringen ønsker å sikre utviklingen av et levende sivilsamfunn gjennom å utvikle et nært samspill med frivillige organisasjoner og ved å legge til rette for frivillig engasjement. Gjennom frivillig arbeid kan folk delta i meningsfylt og samfunnsnyttig virksomhet. Frivillige organisasjoner yter uvurderlige bidrag til samfunnet, både gjennom tjenesteproduksjon og omfattende ulønnet innsats. Verdien av denne innsatsen er enorm. Frivillig virksomhet er i endring, blant annet på grunn av moderniseringsprosesser og en generell individualisering i samfunnet. Dette bidrar til å sette frivillig sektor under press. For å opprettholde en omfattende frivillig sektor i Norge, er det nødvendig med flere tiltak for å sikre rekruttering av aktive og tillitsvalte.

Regjeringen vil sikre en helhetlig frivillighetspolitikk gjennom:

- Å sikre frivillighetens uavhengighet og mangfold
- Å legge til rette for at alle kan delta i frivillig arbeid
- Å sørge for bedre vilkår for frivillig virke lokalt
- Å øke kunnskapen og oppmerksomheten om frivillighetens rolle og betydning for samfunnet
- Å samordne og utvikle statlig frivillighetspolitikk
- Politikken skal også tydeliggjøre frivillig sektor som en selvstendig sektor i samfunnslivet.»

Kulturpolitikken er avtalebasert og er utmeisla gjennom eit samvirke over ein lengre tidsperiode, frå seint 1800-tal. Det har utmeisla seg ei funksjonsfordeling der staten har ansvar for nasjonale organisasjonar som t.d. Norges idrettsforbund. Fylkeskommunen har ansvar for regionleddet, som for vår del er Sogn og Fjordane

idrettskrins. Kommunane har ansvaret for tilhøva til dei lokale idrettslaga. Samvirket vert påverka av dei ulike nivåa sin aktivitet og initiering av nye tiltak. Men frivilligheita sin eigenverdi og rolle som ein sjølvstendig sektor i samfunnet vert respektert og haldt fram som ein særeigen kvalitet ved det norske samfunnet. Ordet dugnad vart i 2004 kåra til Norges nasjonalord.

Frivillig sektor i Sogn og Fjordane

Det er stor aktivitet i kulturlivet i fylket. Dei frivillige organisasjonane har tradisjonelt vore rygggrad i kulturlivet, og har enno ein sterk posisjon i Sogn og Fjordane, ikkje minst når det gjeld aktivitet for barn og unge. Dei frivillige organisasjonane skaper engasjement og fellesskap lokalt, og dei er viktige bidragsytarar i haldningsskapande arbeid og i arbeidet med trivsel og kulturarbeid i lokalsamfunnet.

Også organisasjonslivet er i endring. Krav til profesjonalitet vert større. Koplinga mellom betalt arbeid og dugnad vert vanlegare. Også konkurransen med kommersielle aktørar/tiltak merkast. Fleire tiltak vert større og meir profesjonalisert. Det har og utvikla seg stor breidde og ulikskap i kor profesjonelle organisasjonane er. Det er ei rekke store profesjonelle organisasjonar med sterke nettverk nasjonalt, men og mange mindre med ein meir uformell og ad hoc prega organisasjonsstruktur.

Mykje av det frivillige kulturarbeidet går også i større grad enn tidlegare føre seg utanfor dei tradisjonelle kulturorganisasjonane. Framveksten av festivalar er eit godt døme på dette. Store kulturtiltak er ofte eit samarbeid mellom eldsjeler, frivillige, lokalt næringsliv og offentleg støtte. Framveksten av Frivilligsentralar har også vore med på å endre deler av det frivillige arbeidet. Variasjonane og ulikskapane innan ulike deler av kulturlivet er stor. For lag og organisasjonane vert det ofte trekt fram, saman med økonomi, at det er ei utfordring å rekruttere leiarar, organisatorar og ansvarspersonar.

Dei store utfordringane for fylket er knytt til å gi det frivillige arbeidet gode rammevilkår og skape balanse mellom den offentlege innsatsen og det frivillige arbeidet. Det blir derfor viktig å vere tydeleg på kva forventningar det offentlege har til det frivillige arbeidet, og finne gode koplingar mellom dei virkemidla fylkeskommunen har og dei frivillig sektor har. Dei frivillige sin innsats vil vere nært kopla til eigeninteressa og eigenmotivasjon, mens fylkeskommunen vil ha fokus på regionale strategiar. Innan kulturlivet vil det vere behov for gode koplingar mellom dei ulike aktørane for å få til det mangfaldet og den kreativiteten som skal til for å utvikle kulturlivet.

Organisasjonsfylket Sogn og Fjordane

Frivillig sektor står sterkt i vår region og skapar eit mangfald av tilbod til barn, unge og vaksne i absolutt heile fylket. Å vere frivillig er vurdert høgt, det bidreg til samfunnsutvikling samstundes som det er ein viktig måte å delta i samfunnet på. Det skapar viktige sosiale arenaer både for den som opplever, og den som deltek som frivillig.

Frivillig sektor i Sogn og Fjordane - større enn fylkeskommunen?

I Fylkesbarometeret av 12.11.2003. kan ein lese at *«trendforskarar har utpeikt frivillig sektor til ei av dei viktigaste drivkreftene for samfunnsutvikling i vår tid. Her får menneska løyst oppgåver som det offentlege ikkje vil eller kan utføre. Her blir det utvikla fellesskap, trivsel og idear som gjev livet mening og verdi.*

Sogn og Fjordane har ein rik flora av lag og foreiningar og er kjent for store løft gjennom dugnad og frivillig innsats som til dømes dei årlege TV-aksjonane. Er det her fylket har ein av sine fremste føremoner? Er det bygder med levande lags- og organisasjonsliv som vil klare seg best i ei sentraliseringstid? Har lokalsamfunn med stor dugnad og lagsaktivitet eit godt klima for vekst og næringsutvikling? Dette er ikkje lett å svare eksakt på.

Professor Douglas Caulkins frå IOWA i USA har lenge vore opptatt av spørsmåla. Han reiste til Ørsta og Volda på slutten av 60-talet for å hente materiale til ein doktorgrad. I år 2000 kom han tilbake for vidare studiar og har gjort interessante funn. Han trekker fram at regionar med eit rikt og variert organisasjonsliv har vore heimstad for ein langt meir suksessrik industri og politisk styring, enn regionar med svak frivillig sektor. Frivillige lag og organisasjonar er ein skule i arbeid, samarbeid og demokrati, slår Caulkins fast. Her lærer ungdommen seg roller som tillitsvalde og korleis ein kan nå felles mål. Her utviklar folk nettverk og kontaktar som forskarane kallar «sosial kapital». Caulkins har påvist at samfunn med høg sosial kapital og mange frivillige organisasjonar har betre helse og høgare arbeidsinnsats enn samfunn med låg sosial kapital. Han har også konstatert at sjansen for næringsutvikling og etablering av nye bedrifter er betre i samfunn med stor frivillig innsats. Han viser til at mange kommersielle idear spring ut av frivillige prosjekt, hobbyar og gode nettverk.»

Undersøking i Sogn og Fjordane

Møreforskning i Volda har på oppdrag frå Sparebanken Sogn og Fjordane og SND Sogn og Fjordane studert frivillig sektor i fylket. Dessverre har det ikkje vore mogleg å skaffe ei fullstendig oversikt over den frivillige aktiviteten. Til det er registreringar over medlemmer og aktivitetar for dårleg. Særleg arbeidsinnsatsen er det vanskeleg å få gode tal på i dei fleste lag og organisasjonar bortsett frå idretten. Men indikasjonen er klar: Sogn og Fjordane er eit organisasjonsfylke med aukande medlemsaktivitet i motsetnad til landet sett under eitt. Forskarar anslår det frivillige gratisarbeidet i fylket til rundt ein milliard kroner kvart år. Svært mykje av innsatsen blir verken målt eller registrert, men frivillig sektor i Sogn og Fjordane kan truleg måle seg med aktiviteten i dagens fylkeskommune som i år (2003) har eit driftsbudsjett på 1,2 milliardar kroner. Kva frivillig innsats betyr for trivsel, samhald og livskraft, kan vi berre ane.» Du får ein peikepinn i to reportasjar i det same Fylkesbarometeret. Den eine frå bygdene på Nordsida i Stryn, som har reist store kulturanlegg på dugnad og fått mange nye innflyttarar siste åra. Den andre frå Sogndal Fotball, der hobbyen til nokre fotballfrelste har blitt til 50 årsverk.

Sogn og Fjordane idrettskrins er den organisasjonen i fylket som organiserer det mest omfattande frivillige arbeidet i fylket. Dei er også kanskje den som har best rutinar for å registrere og kvantifisere denne innsatsen. I 2014 gjennomførte idretten i Sogn og Fjordane frivillig arbeid tilsvarande 760 årsverk. Denne innsatsen er om lag stabil kvart år.

Kva er frivillighet?

På 1980-talet vart omgrepet tredje sektor / frivillig sektor tatt i bruk. Dette varslar ein endring i synet på frivillig innsats. I heile etterkrigstida har oppfatninga av frivillige organisasjonar som ide- og interesseberarar stått sterkare enn økonomisk fokus¹. At frivillig innsats no i større grad vart sett på som den 3. sektor, som eit motstykke til offentleg og privat sektor varslar endringar der ein er meir interessert i organisasjonen sine egne bidrag, ikkje berre som idé- og interesseformidlar, men som produsent av t.d. velferd og sosiale fellesskap.

Frivillighet Norge definerer frivillig virke som «virksomhet, som for det vesentligste er basert på frivillige gaver/innsamlede midler og/eller frivillig tidsbruk, og som har et ikke-kommersielt formål.»

International labor organization definerer frivillig arbeid som: "ikke-obligatorisk arbeid, det vil si den tiden en person bruker på å utføre en eller flere aktiviteter - enten gjennom en organisasjon, eller direkte overfor andre utenfor egen husholdning - uten å ta betalt."

I tillegg til eigenverdien av den aktiviteten frivillig sektor driv, kan ein sjå på frivillig sektor som ein leverandør av 3 hovuddimensjonar i samfunnsutviklinga. Det er ein struktur for sosial integrasjon, demokrati og økonomi.

I fylkeskommunen legg vi vekt på den 3. sektor sin autonomi. Dvs. at frivillig arbeid er noko som oppstår av eit behov som kan løysast gjennom ei fri organisering der dei som deltek er villige til å bidra. Kompensasjon for innsatsen er oppleving, eigenverdien i å drive med ein aktivitet, fellesskap og sosial kapital. Den

¹ Wollebeck, Selle og Lorentzen, 2000

oppgåveløysinga som går føre seg i frivillig sektor bidreg til å utfylle samfunnslivet, gir verdiskaping og samfunnsutvikling, samt bidreg med komplementær kunnskap . Det er også ei opplæring i demokrati og gir kompetanse i organisasjon og leiing.

Motiva folk gir for å ta del i frivillig arbeid kan delast i 3; personleg utfalding, sosial kontakt og materielle eller andre typar individuelle fordelar. Dette er i tråd med grunngevingane fylkeskommunen har for å støtte opp om frivillig sektor.

Forskning viser likevel at frivillig sektor i dag er i endring. Ein ser at organisasjonslivet i dag i mindre grad enn før kompensere for skeivheiter, men speglar meir generell ulikskap og struktur i samfunnet. Det er særleg 4 tilhøve som vert tatt fram:

- Yngre sine endra haldningar og åtferd. Dei har eit meir resultatorientert og instrumentelt syn på deltakinga. Innsatsen er motivert ut i frå personleg utfalding. Dei legg i mindre grad vekt på institusjonelle rammer, er ikkje opptatt av frivillig sektor sin autonomi og særpreg og ser få problem knytt til betaling for frivillig arbeid. Dette er i sum uttrykk for haldningar og åtferd som har stått det tradisjonelle frivillige Noreg fjernt.
- Skeiv sosial rekruttering til organisasjonane. Sosiale skeivheiter aukar samtidig med at høgstatusgrupper i liten grad ser ut til å vere opptatt av å hjelpe andre. Kvinner er underrepresentert i dei framveksande organisasjonstypar (aktivitetsorienterte og kultur og fritidslag), men overrepresentert i eldre typar. Mange passive medlemmer som forventar service og bistand. Organisasjonane følgjer ikkje deg lenger frå vogge til grav med heilskapelege livsalternativ (t.d. slik religiøse organisasjonar gjer). Organisasjonane dekkjer interessefelt, dette gjer det lettare å skifte mellom organisasjonar i ulike livsfasar. Dette gir meir valfridom men også eit meir uoversiktleg område der ein treng å manøvrere seg fram. Er du utanfor arbeidslivet er du gjerne også utanfor organisasjonslivet. Denne sosiale sementeringa er viktig å ha klart for seg dersom ein ser på organisasjonslivet som ein viktig arena for sosial integrasjon og vedlikehald av demokratiet.
- Tilhøvet mellom aktiv og passiv deltaking. Passiv deltaking aukar samtidig som mange vekslar mellom å vere aktiv og passiv. Dette treng ikkje å vere uheldig. Det å delta breitt i lagslivet kan styrke sosial kompetanse og nettverk (**sosial kapital**), det kan verke integrerande, skaper mangfald og demokratiopplæring gjennom at ein «møter seg sjølv i døra» gjennom å ha fleire roller i samfunnslivet.
- Sterk lokal orientering. Aktiv deltaking i frivillige organisasjonar er primært retta mot lokalsamfunnet. Passive medlemmar er sterkare retta mot nasjonale og internasjonale spørsmål. Dette kan bli sett på som urovekkande for organisasjonane si integrerande og demokratiserande effekt på samfunnsnivå, der ein tenkjer at det er naudsynt med openheit mot omverda og band utover det lokale.

Oppsummering

Samanliknar ein Caulkins sine undersøkingar med Wollebeck, Selle og Lorentzen sine undersøkingar gjort på same tid, ser ein ulike konklusjonar, særleg ang. demokrati. Dei er likevel samstemte i forholdet til sosial kapital. Som tidlegare nemnt har frivillig sektor i Sogn og Fjordane vore karakterisert av stor og brei organisasjonsdeltaking og høg aktivitet, dette har vore eit kjenneteikn som har skilt oss frå resten av landet. Organisasjonslivet er i endring. I den samanheng er det interessant å undersøke om dei same endringane skjer i Sogn og Fjordane, eller om ein frameis ser andre utviklingstrekk i fylket enn landet.

Samandrag:

1. Utgreiingstittel og –nummer

Kunstproduksjon – nr 49

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Utgreiinga omfattar fylkeskommunen si satsing på å bygge ein kulturell infrastruktur i fylket gjennom sterke kulturinstitusjonar. Institusjonane som er omfatta er knutepunktfestivalane Førdefestivalen, Norsk Countrytreff, Opera Nordfjord og Sogn og Fjordane teater.

Det er to sentrale utfordringar og dilemma som er drøfta i utgreiinga:

- om innbyggjarane i Sogn og Fjordane skal ha høve til å oppleve heilårleg, regelmessig profesjonell kultur i eige fylke
- konsekvensar ved å rokke ved eit økonomisk samarbeid mellom stat, fylke og kommune

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Fylkeskommunen kan spare mellom 4,1 mill. og 5,76 mill. kroner, avhengig av kva modell ein går inn for. Samtidig vil institusjonane tape statleg finansiering mellom 8,25 mill. og 14 mill. kroner og kommunal finansiering mellom 1,37 mill. og 1,5 mill. kroner. Fylkesdirektøren skisserer 3 ulike modellar for innsparing:

Alternativ 1: «Flat fordeling» – (nesten) same sum på alle

Alternativ 2: «Status quo» - ei %-vis innsparing

Alternativ 3: «Politisk prioritering» mellom institusjonane

- 3.1. Sogn og Fjordane teater: All innsparing på teater fører til nedlegging
- 3.2. Førdefestivalen og Norsk Countrytreff – knutepunktinstitusjonane vil kunne overleve som festivalar, men knutepunktstatusen vil truleg forsvinne.
- 3.3. Sogn og Fjordane teater og Opera Nordfjord – kunstproduksjonen i fylket står for fall
- 3.4. Sogn og Fjordane teater vert skjerma – festivalane kan overleve, operaen blir truleg nedlagt

Uavhengig av modell kan ein ev. reduksjon gjennomførast over 2 - 4 år.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Forvaltninga av ordninga er anslått til inntil 1 månadsverk i året.

5. Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane:

Kvalitet i vidareførte oppgåver:

Viktig grunnprinsipp

Dei fire institusjonane har allereie oppnådd strenge kvalitetskrav som knutepunktfestival og som direkte mottakar av tilskot over statsbudsjettet. Alle institusjonane har og bidrege til sterke og profesjonelle fagmiljø innan sitt felt og syter for eit profesjonelt kunsttilbod i fylket. Det er naturleg å forvente at ein finn slike tilbod i regionen. Kvalitet kostar, og kvalitetskravet vert sett under press ved store reduksjonar i løyvinga til den enkelte institusjon.

Oppgåve- og ansvarsdeling:

Mindre viktig grunnprinsipp

Kulturfeltet er avtalebasert. Avtalar om finansiering mellom stat og region gjeld til anna er avtalt.

Funksjonelle bu- og arbeidsmarkn.reg.:

Viktig grunnprinsipp

Ein ser på Sogn og Fjordane som ein region i dette perspektivet. Det er ikkje naturleg å sjå for seg at publikumsgrunnlag og behov gjer at fleire av same type institusjon vert etablert i Sogn og Fjordane. Dei tilfører regionen spisskunnskap som løfter Sogn og Fjordane. Dei har betydning både for sentrumsfunksjonar, urbanitet og det å ha eit variert tilbod til innbyggjarane.

Rolla i den regionale partnerskapen: Viktig grunnprinsipp

Utgreiingsoppdraget har vist at det ikkje ser ut til å vere andre aktørar som vil kunne matche fylkeskommunen sitt økonomiske engasjement i høve til institusjonane. Jf. punkt 4. Både vertskommunane og staten v/kulturdepartementet har avvist å erstatte fylkeskommunale bidrag. Konsekvensane av eit redusert fylkeskommunalt økonomisk engasjement vil vere at i alle fall 2 av scenarioa ser ut til å føre til nedlegging av ein eller fleire av institusjonane.

Langsiktige avgjerder: Viktig grunnprinsipp

Satsing på profesjonelle kulturtilbod er eit aktivum i bygginga av sentra/urbanitet. Det er varsla omleggingar av finansieringsmodell for knutepunktfestivalane. Reduksjon i eit omfang som gjer at ein eller fleire av institusjonane må avvike drifta er å sjå på som ein permanent situasjon.

Alternative finansieringskjelder: Viktig grunnprinsipp

Desse institusjonane har i dag eit breitt finansieringsgrunnlag gjennom det offentlege partnerskapet og gjennom eigeninntekter. Avtale om finansiering av institusjonane er basert på forholdstal. Dersom fylkeskommunen reduserer gjer stat og kommune tilsvarande.

6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

Kulturfeltet er avtalebasert, ikkje lovregulert. Kulturlova gir ramma der fylkeskommunen og kommunen skal gi informasjon, økonomiske og strukturelle rammer slik at innbyggjarane skal kunne oppleve profesjonell kultur og kunne delta i kulturaktivitet.

7. Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet

Fylkesdirektøren ser ikkje at det er noko å hente på alternativ organisering av området.

8. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

Ei ringverknadsanalyse for kulturfeltet i Sogn og Fjordane vil kunne få kartlagt verdiskapinga av kulturaktiviteten i fylket. Ein ev. endring av finansieringsavtalar mellom stat, fylke og kommune krev at ein går vidare gjennom politiske avklaringar.

1 SFJ 2019 KUNSTPRODUKSJON – utgreiingsoppdrag nr 49

Dette utgreiingsoppdraget gjeld fylkeskommunen si satsing på å bygge ein kulturell infrastruktur i fylket gjennom sterke kulturinstitusjonar. Institusjonane er: Førdefestivalen, Norsk Countrytreff, Opera Nordfjord og Sogn og Fjordane teater. Den enkelte institusjon er nærare omtalt i vedlegg 1. Gjennom utgreiinga skal fylkesdirektøren få fram konsekvensane av ein reduksjon på 4,5 millionar på feltet. Ein slik reduksjon kan gjerast på fleire måtar. Vi skisserer 3 alternativ, jf. pkt. 3.

Den fylkeskommunale løyvinga til dei 4 institusjonane i 2014 er 11,5 millionar. Dersom ein vel å legge ned heile tenestea vert innsparingspotensialet 11,5 mill. Dette vert ikkje vidare drøfta i saka i og med at utgreiingsramma er inntil 4,5 millionar kr.

Økonomisk innsparingspotensiale for fylkeskommunen vil vere mellom 4,1 mill. og 5,76 mill. kroner avhengig av kva modell ein vel. Samtidig vil institusjonen tape statleg finansiering på mellom 8,25 mill. og 14 mill. kr og kommunal finansiering på mellom 1,37 mill. og 1,5 mill. kroner.

2 Sentrale utfordringar og dilemma

2.1 Satsinga på store kulturinstitusjonar

Kulturinstitusjonane utgjer ein viktig del av ein kulturell infrastruktur i fylket som gir eit profesjonelt kulturtilbod til heile regionen. Dei bidreg til profesjonell kunst- og kulturproduksjon i Sogn og Fjordane. Tilgang til kunst- og kulturopplevingar og ønsket om å uttrykke seg gjennom kunst og kultur skal ikkje vere avhengig av geografi eller sosiale skiljeliner og institusjonane sikrar at innbyggjarane får høve til å oppleve profesjonelle kulturuttrykk der dei bur, til liks med innbyggjarar i andre delar av landet. Slik oppfyller ein kulturlova som fastlegg «offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk» jf. § 1. Dei sikrar at det bur folk i regionen med særleg kunnskap i kunst- og kulturformidling, profesjonelle kulturarbeidarar. Sogn og Fjordane har eit rikt frivillig lagsliv. Samarbeid og møte mellom profesjonelle og amatørar løfter aktiviteten i det frivillige feltet.

Eit moderne utviklingssamfunn treng ei tydeleg satsing på kunst og kultur. Det er ein del av det å gjere seg attraktiv for innbyggjarar, tilreisande og mogelege tilflyttarar. Kulturlova sin § 4 fastset fylkeskommunen sitt ansvar: «Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt». Kulturlova og andre lover knytt til kulturfeltet definerer ikkje eit minstenivå på ytingane. Fylkesdirektøren vurderer likevel at innhaldet i lovene dels set krav, og dels set forventningar til fylkeskommunen si kultursatsing på eit høgt og utviklande nivå.

Det er elles eit særtrekk ved den norske kulturpolitikken at den i hovudsak er avtalebasert; ikkje lovregulert. Dette gir rom for politiske prioriteringar bygt på dei mål stat, fylkeskommune og kommunar set for samfunnsutviklinga, og verdier ein legg til grunn for ei ønska utvikling for individ og samfunn. Gjennom breie og samansette satsingar bidreg kultursektoren til at Sogn og Fjordane fylkeskommune i dag held seg innanfor gjeldande lovverk på kulturområdet. Vi følgjer opp statlege krav og forventningar, og vi har rom for å gjere lokale og fylkesvise politiske prioriteringar. Sentraliseringa i kulturlivet er ei utfordring for eit distriktsfylke som Sogn og Fjordane. Institusjonaliseringa kan vere eit gode i distriktssamanheng gjennom at det er mogleg å etablere profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar i heile landet. Slik sett kan også distrikta sikre seg profesjonelle produsentar/utøvarar/formidlarar på kunst- og kulturområdet.

2.2 Institusjonane si betydning for regionen

Dei 4 store profesjonelle institusjonane i Sogn og Fjordane bidreg til profesjonell kunst- og kulturproduksjon. Dei er svært viktige for regionen både med tanke på å gi gode og mangfaldige kulturtilbod til innbyggjarane og at vi i fylket har profesjonelle aktørarar både som arrangørar og utøvande kunstnarar. Institusjonane sikrar oppfylling av kulturlova sitt krav om tilrettelegging for oppleving ved at innbyggjarane i Sogn og Fjordane har same moglegheit som innbyggjarar i resten av landet til å oppleve profesjonell kultur på heimlassen. Det gir også ei opplæring som publikum, slik at born og unge som veks opp i Sogn og Fjordane har sosial kompetanse

når dei reiser ut i verda. Kulturinstitusjonane bidreg i stor grad til å marknadsføre fylket vårt og skapar eit positivt omdøme gjennom sine kvalitetstilbod.

Sogn og Fjordane har eit rikt frivillig lagsliv. Å ha enkelte kulturelle fyrtårn der profesjonelle kan bidra til å heve amatørkulturen gjennom fagkunnskap, opplevingar og i direkte samarbeid styrker frivillig sektor. Frivillige lag og organisasjonar tener også pengar på frivillig arbeid på t.d. Norsk Countrytreff og Førdefestivalen, noko som kjem lagsdrifta til gode. Totalt vert det arbeid 36 000 dugnadstimar pr. år totalt for alle dei 4 institusjonane.

Institusjonane er ein arbeidsplass for over 50 personar i fylket, i totalt 46,7 årsverk. Dei sikrar at det bur folk i regionen med særleg kunnskap i kunst- og kulturformidling.

Institusjonane har ei årleg omsetning på 56 millionar i 2013. Ringverknadane for næringsliv, særleg innan handel og reiseliv er store. T.d. genererer Førdefestivalen 900 overnattingsdøgn med heilpensjon, i tillegg kjem publikum sine overnattingar. Gjennom ei ringverknadsanalyse for kulturfeltet i Sogn og Fjordane kan ein få kartlagt verdiskapinga av kulturaktiviteten i fylket.

Ut frå denne kulturpolitiske tilnærminga er det ønskeleg og naudsynt at institusjonane samarbeider seg imellom, med andre institusjonar i fylket, og over fylkesgrenser med tanke på eigenutvikling/kompetansebygging og for å hente ytterlegare tilbod til innbyggjarane i Sogn og Fjordane.

2.3 *Avtalebaseret samarbeid*

Det som særmerker kultursektoren både i Sogn og Fjordane og i andre fylker er eit omfattande økonomisk samarbeid mellom nasjonalt, regionalt og kommunalt nivå. Dette vert enten gjort gjennom konkrete samarbeidsavtalar eller ved at staten delegerer ansvar og oppgåver til regionalt nivå.



Sogn og Fjordane fylkeskommune tek del i denne nasjonale politikken. Staten har etablert eit %-vis nivå for sin del av driftstilskotet (70% for scenekunst og 60% for knutepunktfestivalar). Det er opp til kommunane og fylkeskommunen å finne ei høveleg deling av sitt %-vise driftstilskot. Sogn og Fjordane fylkeskommune har så langt teke ein relativt større del av driftstilskotet til dei regionale kulturinstitusjonane enn det andre fylkeskommunar har gjort.

Den nasjonale avtalebaserete kulturpolitikken har vore positiv for utviklinga av kulturpolitikken i Sogn og Fjordane. Denne politikken har gjort at vi har kunna etablere og bygge opp profesjonelle institusjonar i fylket, og gjennom dette gitt innbyggjarane våre tilgang på profesjonelle kunstopplevingar som dei elles ikkje ville ha fått i eige fylke. Statlege midlar er kanalisert til aktivitet i fylket. Så er det ei utfordring, ikkje minst økonomisk, at staten over år har lagt lite vekt på dialogen med samarbeidspartane (kommunar og fylkeskommunar) når det gjeld løyvingnivå og prioriteringar. Dette har ført til at fylkeskommunen og kommunane kjenner på at det er staten som prioriterer for oss i desse sakene.

Å tenkje at vi skal rokke ved eit etablert økonomisk samarbeid om tilskot mellom stat, fylke og kommune er utfordrande. %-fordelinga når det gjeld det offentlege tilskotet til desse institusjonane er basert på eksplisitt vedtak i Stortinget (som del av statsbudsjettvedtaket). Tilskotspartane er ansvarlege for sin prosentdel, og endring av denne hos ein part fører til tilsvarande endring hos dei andre finansieringspartane. Eit anna høve som også må vurderast er staten si «smertegrense». Kvar går grensa for reduksjon i tilskot før staten seier opp knutepunktstatus eller statleg tilskot til fordel for andre institusjonar?

2.4 *Profesjonell kunstoppleving i fylket?*

Ei anna vurdering er om innbyggjarane i Sogn og Fjordane skal ha høve til å oppleve heilårleg, regelmessig profesjonell kultur i eige fylke, eller om det er akseptabelt å berre oppleve dette gjennom korte hendingar som festivalar og tilfeldig turnerande kunst og kultur samt ved å reise ut til t.d. Bergen og Oslo eller London? Kulturlova og stortingsmeldingar viser at tilgang til kunst- og kulturopplevingar og ønsket om å uttrykke seg gjennom kunst og kultur skal ikkje vere avhengig av geografi eller sosiale skiljeliner. Tabellane under syner tal arrangement og publikumstal for enkelte av dei fire institusjonane i 2013 og 2014.



2.5 Sponsing/private bidrag

Tilbakemeldingar frå bransjen og sponsormarknaden sjølv indikerer at kultursponsinga faktisk er på vikande front og at sponsorar trekker seg ut av kultursponsing. Kampen om sponsorar har hardna til også internt mellom kulturinstitusjonane. Næringslivet i fylket og strukturen gjer det vanskeleg å få større avtalar sidan det er få store bedrifter i fylket.

3 Økonomisk innsparingspotensiale - alternativ for reduksjonar innan programområdet - konsekvensar

Fylkesdirektøren har sett nærare på 3 ulike modellar for ei ev. innsparing på dette området.

Konsekvensane – som ikkje er uttømmende - kan grupperast slik:

- Redusert kulturaktivitet og –tilbod i fylket
- Kunstproduksjonskompetanse og kapasitet i fylket vert redusert/forsvinn
- Kulturhusa i fylket misser viktige tilbod
- Redusert økonomisk aktivitet
- Fylket tapar statlege midlar til kulturell aktivitet i fylket
- Opptil 50 arbeidsplassar kan forsvinne
- Negative samfunnsmessige konsekvensar
- Negative ringverknader for lokalt næringsliv
- Redusert aktivitet i kulturhusa, reduserte tilbod til elevar og kulturskulane misser verdfulle samarbeidspartar

I dei tre ulike alternativa for reduksjon vert konsekvensar som er meir spesielle for kvar institusjon omtala.

Alternativ 1 – «Flat fordeling» - (nesten) same sum på alle

Ei flat fordeling av ein ev. reduksjon på alle 4 institusjonane utgjer 1,125 mill. kr pr. institusjon. Her kan ein maksimalt redusere med 4,22 mill. kr sidan NCT ikkje får så mykje i fylkeskommunalt tilskot.

	2014 løyving (mill. kr)				Døme på fylkeskom. reduksjon	Ny løyving				Total reduksjon
	Fylket	Stat	Komm	Totalt		Fylket	Stat	Komm	Totalt	
FF	3 258	6 556	1 093	10 907	1 125	2 133	4 266	711	7 110	3 797
NCT	849	1 697	283	2 829	849	-	-	-	-	2 829
ON	1 193	3 708	397	5 298	1 125	68	212	23	302	4 996
SOFT	5 757	17 913	1 919	25 589	1 125	4 632	14 411	1 544	20 587	5 002
SUM	11 057	29 874	3 692	44 623	4 224	6 833	18 888	2 278	27 999	16 624

Konsekvensar

Dette fører til at ein ikkje klarar innsparingskravet og at NCT misser alt offentleg tilskot. NCT er den institusjonen med minst offentleg tilskot, ca. 36% av omsetninga. Det er difor vanskeleg å fastslå at konsekvensen av at tilskotet fell vekk vert at festivalen vert lagt ned. Men innhaldet i tilbodet vert endra, aktivitetsnivået går ned, også fordi knutepunktstatusen då truleg fell vekk. Opera Nordfjord sitt offentlege tilskot er så lite at det truleg ikkje vert mogleg å drive opera. Konsekvens vert mindre turnering i og spreieing av profesjonelle kulturtilbod utover fylket. Resultat av dette vert eit samla redusert kulturtilbod i fylket og at det totale årlege økonomiske tapet for institusjonane vert på 16,62 millionar kroner (stat, fylkeskommune, kommune). Førdefestivalen sin sterke status som nasjonal institusjon med internasjonal tyngde vert redusert.

Alternativ 2: «Status quo» - ei %-vis innsparing

Her bruker ein osthøvelen og fordeler ein eit ev. reduksjon i % etter dagens tilskotsfordeling.

	2014 løyving (mill. kr)				Døme på fylkeskom. reduksjon	Ny løyving				Total reduksjon
	Fylket	Stat	Komm	Totalt		Fylket	Stat	Kom	Totalt	
FF	3 258	6 556	1 093	10 907	1 326	1 932	3 864	644	6 440	4 467
NCT	849	1 697	283	2 829	346	503	1 007	168	1 678	1 151
ON	1 193	3 708	397	5 298	486	707	2 201	236	3 144	2 154
SOFT	5 757	17 913	1 919	25 589	2 343	3 414	10 621	1 138	15 173	10 416
SUM	11 057	29 874	3 692	44 623	4 500	6 557	17 693	2 186	26 436	18 187

Konsekvensar

Resultat av dette vert at det totale årlege økonomiske tapet for institusjonane vert på 18,18 millionar kroner. Norsk countrytreff og Opera Nordfjord vil kunne halde oppe statleg tilskot. Konsekvensane er her hardare både for Førdefestivalen og særleg SoFT enn ved alternativ 1, men det vert likevel vurdert slik at alle institusjonane kan drive aktiviteten vidare med dette økonomiske nivået. Det vert likevel eit endra innhald i tilbodet og eit redusert aktivitetsnivå. M.a. vert turnering og aktivitet spreidd over heile fylket redusert og kulturtilbodet vert difor meir sentralisert.

Alternativ 3. «Politisk prioritering» mellom institusjonar

Her fordeler ein ulike alternative ev. reduksjon på ein eller fleire institusjonar. Her er mange kombinasjonar, men dei mest relevante vert vist her. Dei institusjonane som ikkje vert rørt av eit ev. reduksjon vert føreset at dei lever vidare under same driftsvilkår som no. I dette alternativet er det høve til politisk styring og prioritering mellom kulturinstitusjonar og kulturuttrykk.

3.1. Sogn og Fjordane teater: All innsparing på teater fører til nedlegging

Dette er einaste institusjon som får eit fylkeskommunalt tilskot som er større enn utgreiingskravet. Dersom SOFT tek heile innsparinga vil dette føre til ein total reduksjon i tilskotet på over 20 mill. kroner. Dette er det

alternativet som vil føre til den største reduksjonen i tilskot. Dette fordi teateret får 70 % statleg tilskot og mottak det største tilskotet. Ei innsparing berre på teateret vil føre til at Sogn og Fjordane teater ikkje har eit driftsgrunnlag. Det tydar også på at dersom ein vel denne strategien kan fylkeskommunen trekke attende heile tilskotet på 5,75 mill. kr og difor ta ein monaleg større innsparing.

	2014 løyving (mill. kr)				Døme på fylkeskom reduksjon	Ny løyving				Total reduksjon
	Fylket	Stat	Komm	Totalt		Fylket	Stat	Komm	Totalt	
FF	3 258	6 556	1 093	10 907	-	3 258	6 516	1 086	10 907	0
NCT	849	1 697	283	2 829	-	849	1 698	283	2 829	0
ON	1 193	3 708	397	5 298	-	1 193	3 712	398	5 298	0
SOFT	5 757	17 913	1 919	25 589	4 500	1 257	3 911	419	5 587	20 002
SUM	11 057	29 874	3 692	44 623	4 500	6 557	15836	2 186	24 579	20 002

Konsekvensar

Konsekvensane ved å ikkje ha eit teater i Sogn og Fjordane:

- Eitt av tre nynorskteater i landet forsvinn
- Nynorsk som scenespråk misser ein arena
- Det vert skapt mindre ny nynorsk dramatik
- Innbyggjarane vil berre ved tilfeldige høve kunne oppleve profesjonelt teater i heimfylket
- Tap av 26 arbeidsplassar og viktig kulturformidling og skapingskompetanse
- Omdømme til Sogn og Fjordane vil verte svekka

3.2. Førdefestivalen og Norsk Countrytreff – knutepunktinstitusjonane vil kunne overleve som festivalar, men knutepunktstatusen vil truleg forsvinne.

Knutepunktinstitusjonane har særlege oppgåver som leiande institusjon innan sin sjanger i Noreg.

Knutepunktinstituttet er under evaluering og endring er varsla frå 2016. Ordninga føreset deling av finansiering mellom stat og region, denne vert endra høvesvis dersom fylkeskommunen endrar si finansiering. Dersom ein vel å ta heile innsparinga på desse to institusjonane vil ein ikkje nå utgreiingskravet.

	2014 løyving (mill. kr)				Døme på fylkeskom reduksjon	Ny løyving				Total reduksjon
	Fylket	Stat	Komm	Totalt		Fylket	Stat	Komm	Totalt	
FF	3 258	6 556	1 093	10 907	3 258	0	0	0	0	10 907
NCT	849	1 697	283	2 829	849	0	0	0	0	2 829
ON	1 193	3 708	397	5 298	0	1 193	3 708	397	5 298	0
SOFT	5 757	17 913	1 919	25 589	0	5 757	17 913	1 919	25 589	0
SUM	11 057	29 874	3 692	44 623	4 107	6 950	21 622	2 317	30 889	13 736

Konsekvensar

Institusjonane totalt mister kr 13,73 mill. i offentleg tilskot. Ein annan konsekvens vert at statusen som knutepunkt fell vekk i og med at avtalen mellom stat og region er broten. Ein vil ha mindre tilgang på fagleg ekspertise og institusjonell kraft i fylket. Eit tap av omdømme i høve til at Sogn og Fjordane i dag er einaste fylke som huser to knutepunktfestivalar. Festivalane vil truleg overleve, men i ei anna form. Truleg får det minst konsekvensar for NCT som har minst offentleg finansiering i høve til omsetninga. Det vil likevel vere endra innhald i tilbodet og redusert aktivitetsnivå som konsekvens. Ein ser også for seg oppseiingar av tilsette.

3.3. Sogn og Fjordane teater og Opera Nordfjord – kunstproduksjonen i fylket står for fall

Opera og teater får 70 % av tilskotet frå staten. Det vert føreset at regionen bidreg med 30 %. Sogn og Fjordane teater står truleg for den største eigenproduksjonen av kultur i fylket gjennom både initiering av ny norsk dramatik og i eigenskap av å vere arbeidsgivar for mange kulturarbeidarar som bur i fylket. Det siste gjeld også Opera Nordfjord som sysselset mange busette profesjonelle kunstnarar i sine produksjonar, sjølv om dei ikkje i så stor grad skapar ny musikk. Knutepunktinstitusjonane hentar i mykje større grad inn utøvarar og deira

kulturuttrykk inn til fylket, men produserer også enkelte framsyningar i tilknytning til festivalane og engasjerer også kunstnarar knytt til og busett i fylket i desse.

	2014 løyving				Døme på fylkeskom reduksjon	Ny løyving				Total reduksjon
	Fylket	Stat	Komm	Totalt		Fylket	Stat	Komm	Totalt	
FF	3 258	6 556	1 093	10 907	0	3 258	6 556	1 093	10 907	0
NCT	849	1 697	283	2 829	0	849	1 697	283	2 829	0
ON	1 193	3 708	397	5 298	1 000	193	600	64	858	4 440
SOFT	5 757	17 913	1 919	25 589	3 500	2 257	7 022	752	10 031	15 558
SUM	11 057	29 874	3 692	44 623	4 500	2 450	7 622	817	10 889	19 998

Konsekvensar

Ei fordeling av ein ev. reduksjon på desse institusjonane fører til at dei totalt mistar 18,83 mill. i stønad Opera Nordfjord vil truleg ikkje kunne overleve, mens Sogn og Fjordane teater er heilt på grensa av kva som ville vere føremålstenleg for å kunne skape teater.

Konsekvensane ved å ikkje ha eit teater i Sogn og Fjordane:

- Eitt av tre nynorskteater i landet forsvinn
- Nynorsk som scenespråk misser ein arena
- Det vert skapt mindre ny norsk dramatik
- Innbyggjarane vil berre ved tilfeldige høve kunne oppleve profesjonelt teater i heimfylket
- Tap av 26 arbeidsplassar og viktig kulturformidling og -skapingskompetanse
- Omdømme til Sogn og Fjordane vil verte svekka

Konsekvensar ved å ikkje ha Opera Nordfjord

- Tap av tilbud frå eit «smalt kulturtilbod»
- Tap av arbeidsmoglegheiter for profesjonelle kunstnarar i fylket
- Mindre turnering og spreiding utover fylket

3.4. Sogn og Fjordane teater vert skjerma – festivalane kan overleve, operaen blir truleg nedlagt

Å skjerme Sogn og Fjordane teater betyr at ein må redusere dei andre sine tilskot med 85 %.

	2014 løyving				Døme på fylkeskom reduksjon	Ny løyving				Total reduksjon
	Fylket	Stat	Komm	Totalt		Fylket	Stat	Komm	Totalt	
FF	3 258	6 556	1 093	10 907	2 765	493	986	164	1 643	9 264
NCT	849	1 697	283	2 829	720	129	258	43	430	2 399
ON	1 193	3 708	397	5 298	1 015	178	554	59	791	4 507
SOFT	5 757	17 913	1 919	25 589	-	5 757	17 911	1 919	25 587	
SUM	11 057	29 874	3 692	44 623	4 500	6 557	19 708	2 186	28 451	16 170

Konsekvensar

Desse institusjonane vil ha ein samla reduksjon i offentleg tilskot på 16,17 mill. kr. Det vil vere ei hard belastning på driftsmoglegheitene til institusjonane. Opera Nordfjord og Førdefestivalen vil truleg kunne overleve i ei anna form, men truleg ikkje som knutepunkt i og med at avtalen mellom stat og region er brote. Ein vil ha mindre tilgang på fagleg ekspertise og institusjonell kraft i fylket. Eit tap av omdømme i høve til at Sogn og Fjordane i dag er einaste fylke som huser to knutepunktfestivalar. Truleg får det minst konsekvensar for NCT som har minst offentleg finansiering i høve til omsetninga. Det vil likevel vere endra innhald i tilbodet og redusert aktivitetsnivå som konsekvens. Ein ser også for seg oppseiingar av tilsette.

Oppsummering

I tillegg til dei viste alternativa kan ein sjå for seg ei trappetrinnstenking der ein skildrar ein reduksjon på høvesvis 1, 2 og 3 mill. kr. Dette er ikkje gjort fordi konsekvensane er rimeleg like for all reduksjon innan feltet. Den statlege og kommunale finansieringa vert redusert høvesvis, tilbodet til publikum vert svekka og det vert meir usikre arbeidstilhøve å produsere og skape kunst i Sogn og Fjordane. Som ein ser av utgreiingane så ligg det ein stor fare for at institusjonar og tilbod vert lagt ned som ein konsekvens av ei innsparing på 4,5 mill. kr på feltet. Det viser at det er her smertegrensa for kunstproduksjonen i Sogn og Fjordane faktisk ligg, og ei mindre reduksjon vil flytte konsekvensane lengre vekk frå smertegrensa, men ikkje forhindre konsekvensar ved reduksjon.

Eit anna høve som også må vurderast er staten si «smertegrense». Kvar går grensa for reduksjon i tilskot før staten seier opp knutepunktstatus eller statleg tilskot til fordel for andre institusjonar?

Å bruke ostehøvelprinsippet slik det er vist i alternativ 1 og 2 viser berre små ulikheiter og justeringar mellom alternativa. Det er også her ein med størst mogleg sikkerheit kan seie at alle institusjonane har moglegheit for å drive vidare med eit redusert tilbod. Alternativ 3 gir moglegheit for ei sterkare politisk tydelegheit og vilje til å prioritere mellom ulike kulturuttrykk og mellom ulike institusjonar.

4 Administrativt innsparingspotensiale

Satsinga på dei profesjonelle kunstinstitusjonane krev at fylkeskommunen held seg oppdatert på statleg politikk på området, deltek i dialogmøter mellom stat, fylkeskommune, kommune og institusjon, og organiserer og gjennomfører eigne dialogmøter. I tillegg kjem arbeidet knytt til budsjettarbeid og utbetalingar. Innsatsen har ingen store administrative konsekvensar for fylkeskommunen, men fylkesdirektøren vil stipulere medgått arbeidstid til inntil 1 månadsverk pr. år.

5 Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

Fylkesdirektøren ser institusjonane sitt virke i Sogn og Fjordane slik i høve til dei 6 grunnprinsippa:

5.1 Kvalitet i vidareførte oppgåver

Kvaliteten i vidareførte oppgåver kan knytast til kvaliteten i fylkeskommunen sine oppgåver, kvaliteten i institusjonane sine vidareførte oppgåver og/eller kvaliteten i høve publikum. På dette feltet vil det først og fremst vere relevant å reflektere rundt kvaliteten i dei vidareførte oppgåvene hos institusjonane, og gjennom det også deira handlingsrom for å tilby kvalitativt gode tilbod til publikum. Det er då å seie at dei 4 institusjonane allereie har oppnådd strenge kvalitetskrav som knutepunktstatus og direkte tilskot over statsbudsjettet. Dei vert målt og kontrollert årleg gjennom rapportering og gjennom krav som er stilt til kunstnarisk oppnåing, god økonomiforvaltning og kvalitet i alle ledd. Tre av institusjonane er evaluert av departement i løpet av dei 2 siste åra, med gjennomgåande gode resultat. For knutepunktinstitusjonane har dei ei leiande rolle i sin sjanger på nasjonalt nivå. Kompetansen deira kjem regionen til gode. Teateret og operaen turnerer i eige fylke og gir eit heilårs kunsttilbod til publikum. Alle 4 institusjonane bidreg til sterke og profesjonelle fagmiljø innan sitt felt. Det er institusjonar som syter for eit profesjonelt kunsttilbod i fylket og det er naturleg å forvente at ein finn slike tilbod i regionen. Det er likevel ikkje naturleg å sjå for seg ein meir desentralisert ordning, det er t.d. lite truleg at det er «plass» til nok eit profesjonelt teater i Sogn og Fjordane.

Kvalitet kostar, og kvalitetskravet vert sett under press ved store reduksjonar i løyvinga til den enkelte institusjon, både kvaliteten i institusjonane sitt interne arbeid, og ikkje minst kvaliteten i det som dei skal tilby publikum.

5.2 Oppgåve- og ansvarsdeling

Kulturfeltet er avtalebasert. Kulturlova som kom i 2007 er ei rammelov som fastlegg «*offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk*» jf. § 1. Utover dette finst det ikkje lover som regulerer det frie kulturfeltet. Dette gir stort rom for å utøve politisk skjønn og –prioriteringar i og med at fylkeskommunen, i tillegg til lovpålagde oppgåver, har høve til å ta på seg oppgåver som ikkje er eksplisitt lagt til eit anna forvaltningsorgan. Innan kulturfeltet har fylkeskommunen teke på seg slike oppgåver både i høve kommunane og i høve andre samarbeidspartar som ei lekk i det å utvikle fylket. Ei satsing på institusjonane som ein viktig del av ein profesjonell kulturell infrastruktur i fylket er eit utslag av dette. Utreiingsoppdraget har vist at det ikkje ser ut til å vere andre aktørar som vil kunne matche fylkeskommunen sitt økonomiske engasjement i høve til institusjonane. Konsekvensane av eit redusert fylkeskommunalt økonomisk engasjement er at i alle fall 2 av scenarioa ser ut til å føre til nedlegging av ein eller fleire av institusjonane.

5.3 Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar

Sogn og Fjordane er ein region i perspektivet vi ser på her. Det er ikkje naturleg å sjå for seg at publikumsgrunnlag og behov gjer at ein vil ha fleire av kvar institusjon. Knutepunktordninga er under vurdering, og ev endringar i denne er varsla i framlegg til statsbudsjett for 2016.

Desse profesjonelle institusjonane er sentralt plassert i fylket, dei tilfører regionen spisskunnskap som løfter Sogn og Fjordane. Dei har betydning både for sentrumsfunksjonar, urbanitet og det å ha eit variert tilbod til innbyggjarane.

5.4 Rolle i den regionale partnerskapen

Fylkeskommunen har i denne samanheng fleire viktige roller, nokre av desse heng også tett saman.

- finansiell aktør, det er andre som utfører og skaper tenestene til innbyggjarane i fylket.
- Arenabyggar der samhandlinga mellom stat, fylke og kommune gir regional meirverdi
- Utviklingsaktør gjennom eigarskap og styrerepresentasjon i institusjonane.

I Sogn og Fjordane ser det ut til at ingen andre kan ta på seg denne rolla som utviklingsaktør og som medfinansjør. Samarbeidsmodellen ein har kome fram til skapar finansiell og institusjonell styrke.

5.5 Langsiktige avgjerder

Det er tverrpolitisk semje om ein sterk offentleg kulturpolitikk og ei sterk satsing på store kulturelle investeringar og tiltak. Satsing på profesjonelle kulturtilbod er eit aktivum i bygginga av sentra /urbanitet. Frå regjeringa er det varsla moglege endringar knutepunktordninga f.o.m. 2016.

5.6 Alternative finansieringskjelder

Desse institusjonane har i dag eit breitt finansieringsgrunnlag i dag gjennom det offentlege partnerskapet og gjennom eigeninntekter. For kvar krone fylkeskommunen legg i potten vil stat og kommune bidra med i gjennomsnitt 3 kroner, slik at ei krone vert fire kroner å produsere kunst og kultur for. Institusjonane har ei forventning på seg til å hente inn privat kapital til drifta, i tillegg til billettinntekter. Ei nedbygging av dei profesjonelle kulturinstitusjonane reduserer òg monaleg evna til og krafta til å konkurrere om private sponsormidlar.

Andre finansieringsmodeller

Ein kan sjå for seg ulike alternativ finansiering som kan dekke opp for ei reduksjon av fylkeskommunale midlar. Dette dreier seg i hovudsak om:

- Endra finansieringsmodell gjennom at
 - Kommunane aukar opp sin del
 - Staten aukar opp sin del
- Private aukar opp finansiering.

- Institusjonane aukar inntektene

Endra finansieringsmodell

Endra finansieringsnøkkel mellom staten og fylke/kommune er eit av tiltaka som har vore vurdert i utgreiinga. Eit ev. auka handlingsrom for fylkeskommunen kunne skapast gjennom endra %-vis fordeling av tilskota til kulturinstitusjonane der både stat og kommunar tok ei større del av løyvingane. For staten sin del vil dette bety at fylkeskommunen må arbeide for å få endra staten si maksimumsgrensa for sin del av løyvingane til kulturinstitusjonane. I tillegg vil dette krevje nye forhandlingar med kommunane om endra %-fordeling mellom kommunane og fylkeskommunen. Vertskommunane for institusjonane er klare på at det ikkje er aktuelt frå kommunane si side å kompensere for ei ev. reduksjon av fylkeskommunalt tilskot. Den %-vise fordeling av finansiering for dei aktuelle institusjonane er knytt opp mot eksplisitt vedtak i Stortinget i deira vedtak i statsbudsjettet. Fylkesdirektøren har hatt administrative drøftingar med kulturdepartementet om ei ev. endring i tilskotsfordelinga. Kulturdepartementet ser det ikkje som føremålstenleg å drøfte dette vidare på administrativt nivå. Dersom fylkeskommunen skal gå vidare på dette sporet, må det skje som politisk initiativ. Fylkeskommunen må elles legge større trykk på forventningar om dialog mellom partane i høve løyvningsnivå og prioriteringar.

Privat finansiering

Ei utviding av staten si gåveforsterkingsordning til å gjelde andre institusjonar vil kunne slå positivt ut for institusjonane. Dette føreset sjølvstøtte at ein har sponsorar som ønskjer å satse nett på denne institusjonen, og kan sjølvstøtte slå veldig tilfeldig ut frå år til år.

Institusjonane aukar inntektene

Ein kan sjå for seg at t.d. Sogn og Fjordane teater og Opera Nordfjord kan auke sine inntekter noko ved at alle kommunane som tek i mot turnear betalar noko eigenandel slik som vertskommunen gjer i dag. Ein kan sjå for seg noko auka publikumsbetaling, gjennom høgare billettprisar og andre tiltak som t.d. venskapsgivarar, der institusjonen kan motta små beløp i året frå mange. Ei statleg incentivordning gjennom skattefordelar for slike gåver vil styrke dette.

Konsekvensane som kjem som ei følge av redusert aktivitet er rimeleg like uavhengig av kva alternativ ein vel. Dersom ein vel ei trappetrinnstenking for innføring av reduksjonar (t.d. 1 mill. første året, 2 mill. neste år osv.) vil konsekvensane verte meir tydelege etter kvart som reduksjonane aukar.

6 Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

Kulturfeltet er avtalebasert, ikkje lovregulert. Kulturlova gir ramma der fylkeskommunen og kommunen skal gi informasjon, økonomiske og strukturelle rammer slik at innbyggjarane skal kunne oppleve profesjonell kultur og kunne delta i kulturaktivitet.

7 Alternativ organisering

Fylkesdirektøren ser ikkje at det er noko å hente på alternativ organisering av området.

8 Ev behov for ytterlegare avklaringar

Ei ringverknadsanalyse for kulturfeltet i Sogn og Fjordane vil kunne få kartlagt verdiskapinga av kulturaktiviteten i fylket. Ei ev. endring av finansieringsavtalar mellom stat, fylke og kommune krev at ein går vidare gjennom politiske avklaringar.

Vedlegg 1 - Omtale av kvar institusjon

Førdefestivalen

1. Bakgrunn

Førde Internasjonale folkemusikkfestspel vart skipa i 1991 av Førde kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Førde næringsutvikling, Landslaget for spelemenn, Sog og Fjordane folkemusikklag, Førde ungdomslag og Indre Sunnfjord spelemannslag.

Den første festivalen gjekk av stabelen i 1990. Initiativet kom frå folkemusikkmiljøet i Sunnfjord etter mal frå fleire internasjonale folkemusikkfestivalar, m.a. i Falun, Sverige og Kaustinen i Finland. Initiativet vart støtta opp av fylkeskommunen, og festivalen vart den første av sitt slag i Noreg.

Etter langvarig arbeid lukkast det for Folkemusikkfestivalen å få status som knutepunktfestival frå 2005. Dette vart sett på som ei storhending for musikklivet i Sogn og Fjordane, og ein honnør til eldsjeler og dugnadsfolk som har utvikla festivalen organisatorisk og innholdsmessig til eit nivå der også nasjonale styresmakter tok eit større ansvar.

Førdefestivalen er i dag den største festivalen for akustisk verdsmusikk i Skandinavia. Som knutepunktinstitusjon skal festivalen vere ein spydspiss innan sin sjanger, og eit kompetansesenter innan/for andre arrangørar innan sjangeren og i eigen region. Festivalen er medlem i nasjonale og internasjonale nettverk.

Det er ein familiefestival som nyttar ei rekkje faste og mellombelse scenar i Førde og omegn for å gjennomføre festivalen.

2. Føremål

Festivalen sitt føremål er å fremje kunnskap om og interesse for norsk og internasjonal folkemusikk og –dans gjennom konsertar, kurs og andre tiltak. Festivalen skal vere med på å auke generell kunnskap om andre lands kulturar, og medverke til fred og forståing mellom ulike folk og nasjonar ved å gjere Førde og Sogn og Fjordane til ein møtestad for utøvarar frå heile verda.

Visjonen er at Førdefestivalen skal vere den viktigaste arenaen i Norden for oppleving av tradisjonsmusikk frå heile verda – ein magnet og møteplass for alle interesserte og nysgjerrige blant publikum, artistar og media. Festivalen skal glede, røre, overraske, utfordre og opne for ny erkjenning og kunnskap.

3. Om knutepunkt

Kulturdepartementet gir status som knutepunkt. I 2014 er det totalt 16 knutepunkt i Noreg. 12 av desse er musikkfestivalar, der 2 av dei er i Sogn og Fjordane. Norsk Countrytreff og Førdefestivalen.

Det vert stilt klare forventningar til verksemder med status som knutepunkt. Samfunnsoppdraget gir både eit kunstnarisk ansvar for sjangeren og eit ansvar for å følgje opp andre arrangørar innan sjangeren. Knutepunkta har det til felles at dei har fått oppgåver ut over si ordinære kunstnarlege verksemd og lokale forankring. Departementet legg særleg vekt på følgjande kriterium som grunnlag for vurdering og evaluering av knutepunkta:

- forankring til stad
- festivalaktivitet kvart år
- kunstnarleg leiande
- koordinering og samarbeid
- nasjonal og internasjonal orientering
- nyskapande og utviklingsorientert
- publikumsutvikling
- god ressursutnytting
- regional medverknad.

Knutepunkta har ei felles statleg og regional finansiering etter ei fordeling 60 - 40 %.

4. Organisering

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival er ei ideell stifting. Dei er organisert med eit styre og eit representantskap (med representantar frå stiftarane). H.K.H. Kronprinsesse Mette-Marit er festivalen sin høge beskyttar.

5. Tilsette - frivillige

Festivalen har 6 tilsette, til saman 5,6 stillingar. 350 frivillige bidreg før, under og etter festivalen.

6. Publikum

Totalt var det om lag 31 800 publikumarar som fann vegen til dei 110 ulike programtilboda i 2014, ei lita auke frå året før der publikumstalet var 28 500 på 110 arrangement.

7. Evaluering

Kulturdepartementet har evaluert Førdefestivalen som knutepunkt i 2014. Departementet har innhenta vurderingar frå fleire hald. Kulturrådet sin konklusjon på deira evaluering er at «Førdefestivalen fyller sine formål på en meget god måte og fremstår som kunstnerisk ledende på sitt felt i nasjonal sammenheng, samtidig som den kan hevde seg godt internasjonalt.»

Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune evaluerte festivalen saman. I fylkesutvalet si handsaming av evalueringa vart dette vedteke: «Førdefestivalen er i dag ein kulturinstitusjon med sterk forankring lokalt og regionalt og med klare overføringsverdiar. Knutepunktinstituttet har gjort dette mogleg. Sogn og Fjordane fylkeskommune konkluderer med at Førdefestivalen på ein god måte oppfyller kriteria for knutepunkt. Førdefestivalen har nasjonal og internasjonal relevans og festivalen sitt tilbod bør vidareførast som eit knutepunkt.» Departementet vil i løpet av 2015 gå gjennom knutepunktinstituttet og ev. endringar vil settast i verk frå 2016.

8. Finansiering / økonomi

Etter avtale får knutepunktfestivalen eit statleg tilskot på 60 % av det offentlege tilskotet. Dette føreset at regionen bidreg med 40 %. Fylkeskommunen og Førde kommune har ein avtale der den regionale delen av løyvinga vert fordelt mellom kommunen og fylkeskommunen etter same modell som for teateret (25% på kommunen og 75% på fylkeskommunen) slik at kommunen går inn med 10% og fylkeskommunen med 30% av samla offentlig finansiering.

I 2015 utgjer dette høvesvis:

	Stat	%	F.kom.	%	Komm	%	Sum
Førdefestivalen	6 557 000	60	3 259 000	30	1 093 000	10	10 909 000

Førdefestivalen si omsetning (inntekt) var i 2013 på 14,753 mill. 9,108 mill. var offentlig stønad, dette er 62 % av omsetninga.

9. Avtaler

Avtale om Førdefestivalen, Stat, kommune og fylkeskommune vart inngått i mai 2005 mellom stat, fylke og kommune. Den regulerer tilskotsfordelinga, budsjettamordning og avtaleperiode.

§ 5 om budsjettamordning seier at dersom fylke/kommune einssidig reduserer tilskotet slik at det vert lågare enn avtala, vil statstilskotet verte redusert tilsvarande prosentvis fordeling, dvs. 60 %. Avtalen vert automatisk fornya dersom han ikkje blir sagt opp. Vi gjekk inn i ein ny avtaleperiode 01.01.2015. Avtalen må seinast seiast opp 1 ½ år før utløpet av perioden, dvs. 30.06.2018.

Norsk Countrytreff

1. Bakgrunn

Norsk Countrytreff har vore arrangert årleg i Gloppen sidan 1995. Arrangementet har utvikla seg til å bli eit av dei største årlege kulturarrangementa i fylket.

Stiftinga Norsk Countrytreff vart etablert i 2004 Breimsbygda Idrettslag, Byrkjelo Ungdomslag, Breim Bygdeungdomslag, A/L Breimshallen og Stiftelsen Norsk Fjordhestgard vart med vidare frå oppstart og inn i stiftinga. I tillegg er Breim Countryklubb, Gloppen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune medstiftarar. Seinare er det bygd ut ei større scene og festivalområde i samråd med Norsk Fjordhestgard. Frå å ha 2 000 betalande det første året, vart det i 2009 satt publikumsrekord med 13 100 betalande.

Frå 2012 har Norsk Countrytreff status som knutepunktfestival.

2. Føremål/visjon

Norsk Countrytreff er ein knutepunktinstitusjon med eit sjangeroppdrag, og skal ha ein leiande posisjon innanfor country-sjangeren. I framtida skal NCT vere den kvalitetsmessig beste festivalen i Norge, og å kunne tilby dette kulturtilbodet til fastbuande og til besøkande frå inn- og utland

Å arrangere eit årleg countrytreff i Gloppen kommune. Arrangementet har eit overordna mål å presentere nasjonale og internasjonale artistar og grupper på høgt musikalsk nivå, vidare skal arenaen vere open for regionale og lokale etablerte og nye artistar og grupper som på den måten kan få presentere seg i eit større miljø.

Å kunne vere arrangør eller vere medarrangør i andre lokale, regionale og nasjonale country-konsertar gjennom året, med det som føremål å auke interessa for countrymusikk, og dermed legge grunnlag for auka interesse for den årlege countryfestivalen. Å oppretthalde og vidareutvikle det gode og attraktive miljøet, og å kunne tilby fleire tilbod for heile familien under den årlege countryfestivalen.

3. Om knutepunkt

Kulturdepartementet gir status som knutepunkt. I 2014 er det totalt 16 knutepunkt i Noreg. 12 av desse er musikkfestivalar, der 2 av dei er i Sogn og Fjordane. Norsk Countrytreff og Førdefestivalen.

Det vert stilt klare forventningar til verksemdar med status som knutepunkt. Samfunnsoppdraget gir både eit kunstnarisk ansvar for sjangeren og eit ansvar for å følgje opp andre arrangørar innan sjangeren. Knutepunkta har det til felles at dei har fått oppgåver ut over si ordinære kunstnarlege verksemd og lokale forankring. Departementet legg særleg vekt på følgjande kriterium som grunnlag for vurdering og evaluering av knutepunkta:

- forankring til stad
- festivalaktivitet kvart år
- kunstnarleg leiande
- koordinering og samarbeid
- nasjonal og internasjonal orientering
- nyskapande og utviklingsorientert
- publikumsutvikling
- god ressursutnytting
- regional medverknad.

Knutepunkta har ei felles statleg og regional finansiering etter ei fordeling 60 - 40 %.

4. Organisering

Verksemda har eit representantskap som er sett saman av ein representant frå kvar av stiftarane og møtast ein gong i året. Styret er det øvste organ i stiftinga og har fem medlemmer. Sogn og Fjordane Fylkeskommune vel to styremedlemmer og utpeiker styreleiar. Gloppen kommune vel eitt styremedlem. Representantskapet vel to styremedlemmer.

Hovudkomiteen består av vel 40 frivillige som har kvar sine ansvarsområde.

5. Tilsette

Den daglege leiinga av stiftinga skal ivareta kast av ein dagleg leiar i 100 %. I tillegg har ein 50 % administrativ stilling. Nokre administrative tenester innanfor økonomi og web/IT er kjøpt inn. Alt anna administrativt- og arrangementsarbeid føregår på dugnad.

6. Publikum

Samla besøkstal i 2013 var 11 600 fordelt på 38 framsyningar. Arrangementet var redusert med ein dag i forhold til tidlegare utan at publikumstalet gjekk ned. Det er aukande tal på besøkande på gratisarrangement. Mange bur på festivalcampen, ca 2 000. I 2014 gjekk publikumstalet ned til 10 750, med stableie 38 arrangement.

7. Evaluering som knutepunkt i 2014

Kulturdepartementet har evaluert Norsk Countrytreff som knutepunkt i 2014. Departementet har innhenta evaluering frå fleire hald. Kulturrådet sin konklusjon på deira evaluering er at «Norsk countrytreff ser ut til å være på høyde med sammenlignbare festivaler nasjonalt, men kan ikke vise til en kunstnerisk måloppnåelse i tråd med gjeldende kriterier for ordningen.»

Gloppen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune evaluerte festivalen saman. I fylkesutvalet si handsaming av evalueringa vart dette vedteke: «Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner Norsk Countrytreff har god forankring lokalt og regionalt, og oppfyller kriteria til knutepunkt. Norsk Countrytreff har hatt status som knutepunkt i 2 år, og vi ser at dei har potensiale for å utvikle seg vidare som knutepunktfestival. Vi meiner Norsk Countrytreff har nasjonal relevans og festivalen sitt tilbod bør vidareførast som eit knutepunkt.»

8. Finansiering / økonomi

Etter avtale får knutepunktfestivalen eit statleg tilskot på 60 % av det offentlege tilskotet. Dette føreset at regionen bidreg med 40 %. I 2015 utgjorde dette høvesvis:

	Stat	%	F.kom.	%	Komm	%	Sum
Norsk Countrytreff	1 753 000	60	877 000	30	292 000	10	2 922 000

Norsk Countrytreff si omsetning (inntekt) var i 2013 på 7,129 mill. 2,733 mill. var offentleg stønad, dette er 38 % av omsetninga.

9. Avtaler

Fylkeskommunen og Gloppen kommune har delt den regionale delen av løyvinga seg imellom etter same modell som for teateret (25% på kommunen og 75% på fylkeskommunen) slik at kommunen går inn med 10% og fylkeskommunen med 30% av samla offentlig finansiering.

Det er ikkje inngått ein tilsvarande knutepunktavtale mellom stat, fylkeskommune og kommune som i Førdefestivalen sitt tilfelle.

Opera Nordfjord

1. Bakgrunn

Opera Nordfjord såg dagens lys hausten 1998 då "Flaggermusen" vart sett opp på Nordfjordeid. Etter dette har det vore sett opp minst ei framsyning årleg. Oppsetjingane har vore eit resultat av eit lokalt initiativ, der profesjonelle utøvarar, amatørar og frivillige har delteke.

Målet for Opera Nordfjord er å skape eit blømande operamiljø i regionen, og i det omliggjande distriktet i Sogn og Fjordane og deler av Møre og Romsdal.

Opera Nordfjord turnerer enkelte framsyningar i fylket. Dei har også sett opp 15-års jubileumsframsyning i Operaen i Bjørvika, Oslo.

Dei første åra heldt Opera Nordfjord til i Aulaen på Fjordane folkehøgskule. Det var kummerleg og trøgt for så vel aktørar som publikum i samband med operaoppsetjingane. Også akustikken var problematisk.

I 2009 opna Operahuset på Eid. Operahuset er eit spleiselag mellom Eid kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune og huser m.a. kommunale tenester som kino og bibliotek og vidaregåande skule saman med Opera Nordfjord.

I tillegg til minst ein opera/operette i året samarbeider Opera Nordfjord med Eid vgs. Om ei årleg skuleoppsetting, dei har også sett opp ballett, og ønskjer å satse vidare på danseproduksjonar.

Opera Nordfjord arbeider vidare med å finne balansen mellom å våge å ta modige val for å lage eller presentere ny scenekunst og å tilby klassikarane, som også er ein del av oppdraget. Dei ønskjer å sette opp tingingsverk med jamne mellomrom, både for å gje samtidskunstnarar spennande oppgåver og for å oppdra publikum til å bli nyfikne og opne for nyskrive musikk.

2. Føremål/visjon

Stiftinga Opera Nordfjord har som føremål å skape eit blømande operamiljø i Nordfjord og omliggjande distrikt. Dette skal gjerast ved å sette opp opera, operette, musikal og eventuelt ballett av høg kvalitet i regionen, i samarbeid mellom amatørar, profesjonelle og frivillige.

3. Status

Opera Nordfjord mottek stønad over statsbudsjettet. Dei er definert som distriktopera jf. Stort.prop.nr. 1.

4. Organisering

Opera Nordfjord er organisert som ei stifting. Styret er stiftinga sitt øvste organ. Styret er samansett av fire representantar valde av årsmøtet og ein representant vald av Operaens Venner.

Styret har driftsansvaret for stiftinga Opera Nordfjord. Røysterett på årsmøtet har «Operaens Venner» og dei som har teikna andelar i stiftinga.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ingen andelar eller anna eigetilhøve til organisasjonen. I samband med løyving av fylkeskommunalt tilskot til Opera Nordfjord set hovudutval for kultur ev. føringar og prioriteringar, i 2015 gjeld dette særleg publikumsarbeidet.

5. Tilsette / frivillige

Det er 3 tilsette i totalt 1,8 årsverk. Det vert kjøpt inn tenester som t.d. marknadsføring. Det frivillige arbeidet er grunnkapitalen og sjølv konseptet til Opera Nordfjord. Det er ei hovudoppgåve å ta vare på engasjementet og interessa som dugnadsinnsatsen står for.

Med om lag 12.000 dugnadstimar fordelte på lokale dugnadsgrupper og skulesamarbeidet med Eid VGS, som står for om lag 5000 av desse dugnadstimane, er Opera Nordfjord godt rusta til å halde fram med krevjande produksjonar.

6. Publikum

I 2013 gjesta Opera Nordfjord Den norske opera og ballett for fyrste gong, og viste 3 framsyningar. Totalt besøkstal på alle framsyningar er 7 143 tilskodarar fordelt på 19 framsyningar. I 2014 var publikumstalet 3 898, ein relativt stor nedgang. Dette fordelt på 11 framsyningar.

7. Evaluering

Departementet har ikkje gjennomført evalueringar av Opera Nordfjord.

8. Finansiering / økonomi

Institusjonen eit statleg tilskot på 70 % av det offentlege tilskotet. Dette føreset at regionen bidreg med 30 %. Fylkeskommunen og Eid kommune har ein avtale der den regionale delen av løyvinga vert fordelt mellom kommunen og fylkeskommunen etter same modell som for teateret (25% på kommunen og 75% på fylkeskommunen) slik at kommunen går inn med 7,5 % og fylkeskommunen med 22,5 % av samla offentleg finansiering.

I 2015 utgjorde dette høvesvis:

	Stat	%	F.kom.	%	Komm	%	Sum
Opera Nordfjord	4 500 000	70	1 448 000	22,5	482 000	7,5	6 430 000

Opera Nordfjord si omsetning (inntekt) var i 2013 på 8,289 mill. 4,842 mill. var offentleg stønad, dette er 58 % av omsetninga.

9. Avtaler

Eid kommune og Sogn og fjordane fylkeskommune har ei avtale av 21.09.09 om finansiering av den regionale andelen på hhv 7,5 % og 22,5%. I høve til staten sine 70 %. Avtalen kan seiast opp med 1,5 års varsel.

Staten sin del vert fastsett årleg via statsbudsjettet. Det er ikkje inngått avtale som regulerer tilskotet. Det vert i Stort.prop. nr 1 2015 sagt at «Det er en forutsetning for statstilskuddet at regionen bevilger sin andel, jf. forslag til vedtak V, nr. 4.»

Måla for scenekunstheltet vert gitt i det årlege tilskotsbrevet frå Kulturdepartementet. For 2015 gjeld dette økonomistyring og publikumsarbeid.

Sogn og Fjordane teater

1. Bakgrunn

Sogn og Fjordane teater vart etablert i 1977 som regionteater. Det vart oppretta av Sogn og Fjordane fylkeskommune, Førde kommune og amatørteaterrørsla i fylket.

Administrasjon, scene og verkstad for teateret ligg i Førde. Teateret turnerar i Sogn og Fjordane, og satsar særleg på ny, norsk dramatik, historie frå regionen og politisk engasjerande framsyningar. Teateret bruker nynorske tekster og vestnorske taleformer som utgangspunkt og scenespråk.

Med si tematiske lokalforankring plasserer Sogn og Fjordane Teater seg sjølv i ein nisjeposisjon mellom Riksteatret og Den Nationale Scene, som i praksis står for dei andre teatertilboda for folk i Sogn og Fjordane.

2. Føremål/visjon

Visjonen til Sogn og Fjordane Teater er å røre folk med opplevingar dei ikkje har hatt før. Teatret skal vere engasjerande, inkluderande og modig.

LL Sogn og Fjordane Teater har til formål å drive teaterverksemd i Sogn og Fjordane fylke. Det kan også spele i andre fylke som lekk i utvekslingsprogram med andre teater. Teatret skal nytte nynorsk målform eller nynorske målføre. Teatret går inn som ein naturleg del av fylket sitt samla kulturtilbod. Det skal søkje å fremje amatørteaterarbeidet i fylket.

3. Regionteater

Eit regionteater er eit profesjonelt, fast offentleg støtta, teater. Verksemda er ei vidareføring av oppgåvene til Riksteatret som også styrte regionteatra dei første åra. Sidan vart regionteatera organisert som sjølvstyrde fylkeskommunale aksjeselskap. Sidan 1995 er finansieringa delt mellom staten (70 %) og regionen (30 %).

4. Organisering

Sogn og Fjordane teater er organisert som eit lutlag (LL). Fylkeskommunen eig 80% av aksjane, Førde kommune 20%. Styret har fem medlemmer. Av desse skal tre veljast etter framlegg frå luteigar Sogn og Fjordane fylkeskommune, ein av luteigar Førde kommune, og ein av dei fast tilsette.

5. Tilsette

Teateret har i dag 18 fast tilsette samt 2 stillingar på åremål. Dei engasjerer dessutan frilans scenekunstnarar og andre profesjonar som til saman utgjør 11,8 årsverk. I 2013 var samla årsverk 27,8. I følgje vedtektene skal det tilsetjast ein teatersjef som skal ha den kunstnarlege og administrative leiinga og det skal tilsetjast ein direktør.

6. Publikum

21 486 menneske såg teateret sine 10 produksjonar i 2013. Totalt vart det vist 246 framsyningar, 28 av desse var i eigne lokale i Førde. I 2014 var publikumstalet 17 054 fordelt på 122 framsyningar.

7. Evaluering som regionteater i 2012

Kulturdepartementet oppnemnde i 2012 eit evalueringspanel, og tinga ei evaluering av den kvalitative utviklinga ved m.a. Sogn og Fjordane Teater. Dette leia ut i Rapporten «Kvalitet for alle penga? Evalueringspanelet gir ros til teateret for målretta satsing på ny norsk dramatik. Sogn og Fjordane Teater sitt arbeid med tekstutvikling viser att i nasjonal målestokk. Panelet meiner vidare at teateret ikkje har vist like stor kunstnarleg vilje til å utforske scenekunsten breitt som det dei viser i høve tekstutvikling og scenespråk. Panelet saknar også noko større vilje hos teateret til å utforske sitt eige syn på publikum. Panelet si vurdering er at teateret har drive verksemda nøysamt, og med godt fokus på effektiv ressursbruk. Hovudinnvendinga frå panelet til Sogn og Fjordane teater er manglande overordna strategiplan for arbeidet.

Styret for Sogn og Fjordane teater tok hausten 2013 initiativ til arbeidet med ein overordna strategi for verksemda. Denne vart vedteke i mai 2014. Dette vert det overordna styringsdokumentet for teateret framover.

8. Finansiering / økonomi

Etter avtale får teateret eit statleg tilskot på 70 % av det offentlege tilskotet. Dette føreset at regionen bidreg med 30 %. Fylkeskommunen og Førde kommune har ein avtale der den regionale delen av løyvinga vert fordelt mellom kommunen og fylkeskommunen etter same modell som for teateret (25% på kommunen og 75% på fylkeskommunen) slik at kommunen går inn med 7,5 % og fylkeskommunen med 22,5 % av samla offentleg finansiering.

I 2015 utgjorde dette høvesvis:

	Stat	%	F.kom.	%	Komm	%	Sum
Sogn og Fjordane teater	18 327 000	70	5 890 000	22,5	1 963 000	7,5	26 180 000

Sogn og Fjordane teater si omsetning (inntekt) var i 2013 på 25,736 mill. 24,724 mill. var offentleg stønad, dette er 96 % av omsetninga.

9. Avtaler

Avtale om Sogn og Fjordane teater, stat, kommune og fylkeskommune regulerer tilskotsfordelinga, budsjettsamordning og avtaleperiode.

§ 5 om budsjettsamordning seier at dersom fylke/kommune einsidig reduserer tilskotet slik at det vert lågare enn avtala, vil statstilskotet verte redusert tilsvarende prosentvis fordeling, dvs. 60 %. Avtalen vert automatisk fornya dersom han ikkje blir sagt opp. Vi gjekk inn i ein ny avtaleperiode 01.01.2015. Avtalen må seinast seiast opp 1 ½ år før utløpet av perioden, dvs. 30.06.2018.

Arkivkode :
Dykkar referanse :
Vår referanse :

Til Sogn og Fjordane Fylkeskommune
v/Ingebjørg Erikstad

Kutt i støtte til Opera Nordfjord

Fylkeskommunen varslar kutt i løyvingane til Opera Nordfjord frå og med 2016, noko som kan gje store konsekvensar for løyvingane over statsbudsjettet. Dette vil kunne sette operaen sin eksistens i fare, og medføre store følgjer for musikk- og kulturlivet i fylket. Dette gjeld både for publikum, frilansmusikarar og for våre distriktsmusikarar.

Vi er svært uroa over dei varsla kutta i overføringane til Opera Nordfjord. Distriktsmusikarane i Sogn og Fjordane og Opera Nordfjord har hatt eit tett samarbeid i snart 17 år, og er gjensidig avhengige av kvarandre.

Distriktsmusikarane i Sogn og Fjordane har vore avgjerande i oppbygginga av Opera Nordfjord. Fylket har støtta operaen med m.a. distriktsmusikarar på fylkeskvoten heilt frå starten, og har vore med å gjere det økonomisk muleg å få til eit operahus i fylket vårt. Opera Nordfjord er på den andre sida ei svært viktig inntektskjelde for distriktsmusikarane, i tillegg til at dei er med å gjere det muleg å fylla distriktsmusikarstillingane med viktig kvalitativt og godt innhald. Opera Nordfjord er ein av dei få klassiske institusjonane vi har her i fylket, og står for ein kvalitet og eit tilbod vi må til dei store byane for å finne maken til.

Viss Opera Nordfjord må redusere sin produksjon, vil det få ringverknadar for distriktsmusikarane og deira kulturskular. Vi vil få vanskar med å fylla stillingane til musikarane, og vi vil få reduksjon i inntektene våre. Vi frykter kutt i muskarstillingar som følgje av dette, noko som vil ramme kulturskulane og lokalmiljøa hardt. DM i Gloppen er nært knytt opp mot Firda vgs, der alle våre distriktsmusikarar jobbar som instrumentallærarar. Får vi reduksjon i muskarstillingane våre, vil dette få konsekvensar også for Firda vgs. DM Førde har eit omfattande samarbeid med Helsetunet i Førde der dei gir om lag 70 konsertar per år som eit viktig helsefremjande tiltak. Dette står i fare dersom grunnlaget for muskarstillingane fell vekk.

I Sogn og Fjordane er vi svært avhengige av dei nettverka vi har bygd opp over mange år. Dei gjer at fylket vårt har gode og varierte kulturtilbod og mange høgt utdanna musikarar og kulturskulelærarar. Ein skal vere svært varsam med å kutte i enkeltdelar av desse nettverka, fordi ein då råkar alle involverte partar. Så konsekvensane av kutt i Opera Nordfjord vil råke langt fleire enn Opera Nordfjord sjølve. Derfor ber vi om at de vernar opera Nordfjord frå kutt slik at vi kan gle oss over gode samarbeidsproduksjonar også i åra framover.

Med helsing

Gloppen kulturskule

Førde kulturskule

Sogn kulturskule

Ann Karin W. Ose
Rektor

Trude Skarvatun
Rektor

Roar Sandnes
Rektor

Til Sogn og Fjordane Fylkeskommune
v/Kulturavdelinga

Nordfjordeid, den 24.03. 2015

INNSPEL VEDRØRANDE DISTRIKTMUSIKARORDNINGA I FYLKET

Opera Nordfjord har sidan oppstarten av Opera Nordfjord i 1998 kjøpt tenester frå distriktsmusikarordninga av vesentleg storleik. Gjennom snart 18 år har vi kvar haust og nesten kvar vår hatt store opera- og konsertproduksjonar, der kjøp av tenester frå DM-ordninga har vore avgjerande for å få høgt kvalifiserte musikarar til operaorkesteret innanfor ei avgrensa økonomisk ramme. Distriktsmusikarane har, saman med andre lokale, profesjonelle musikarar, danna stammen av operaorkesteret, som har vore svært stabil gjennom mange år. Dette har gjort at vi har fått ein viktig kontinuitet i orkesteret for å bygge ein god orkesterklang og skape ein god orkesterkultur. I dette har distriktsmusikarane vore ein viktig og verdsett bidragsytar.

Stort sett har vi nytta 8-10 distriktsmusikarar til kvar produksjon. Fylkeskvoten har vore ei viktig og kjærkomen ordning for å finansiere orkesteret, som er det mest kostnadskrevjande elementet i ein operaproduksjon pga. antal medverkande.

Opera Nordfjord er ein viktig kunde for vertskommunane, slik at dei vert sikra sal av DM-tenester. På grunn av det store forbruket av arbeidsdagar under ein operaproduksjon, vert ein god del dagar – alle dei som fylkeskvoten ikkje dekkjer – fakturert til kjøparen, t.d. Opera Nordfjord. Slik vert begge paratar viktige for, og avhengige av kvarandre.

Det er svært viktig å oppretthalde ein profesjonell orkesterkultur i fylket vårt. Opera Nordfjord set seg høge kvalitetsmål i alle produksjonar. Det vert difor sett høge krav til medverkande musikarar. Gjennom det gjensidig gode samarbeidet mellom ON og DM-ordninga gjer vi kvarandre gode. Vi tingar tenester av høg, kunstnarisk kvalitet, som dei leverer og dermed opprettheld høg, individuell kvalitet i sitt arbeid.

Distriktsmusikarane er òg viktige for rekruttering av nye talent, gjennom undervisning i arbeidsinstruksen. Vi har t.d.hatt jamn tilgang på dyktige slagverkelevar til orkesteret frå elevane til slagverkar Thomas Anonlie i Gløppen-gruppa. Dette har vore ein viktig ressurs for Opera Nordfjord.

Vi vonar at DM-ordninga held fram i både nær og fjern framtid, og at Opera Nordfjord og distriktsmusikarane skal halde fram med å lage gode kvalitetsproduksjonar i eit gjensidig og inspirerande samarbeid. Målet er at fylket sine innbyggjarar vert sikra gode opera- og konsertopplevingar på eit høgt kunstnarisk nivå og stor breidde i repertoar og sjanger.

Med vennleg helsing

A handwritten signature in blue ink that reads 'Kari Standal Pavelich'.

Kari Standal Pavelich
operasjef

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Kopi: Førde kommune
Kulturdepartementet
Sogn og Fjordane Teater

Vår ref.:15/67/ST

Dato: 10. februar 2015

Sogn og Fjordane Teater sin økonomiske situasjon – fråsegn frå Norsk teater- og orkesterforening

Norsk teater- og orkesterforening er kjend med at dei varsla endringane i inntektssystemet har ført til at Sogn og Fjordane fylkeskommune no set i gong utgreiingar om fylkeskommunen sitt framtidige engasjement og sin aktivitet innan alle sektorar, og at moglege innsparingskrav innafor programområde 772 *Kunstproduksjon* skal kartleggast og vurderast. Dette programområdet omfattar mellom anna Sogn og Fjordane Teater.

Slik det kjem fram i fylkeskommunen sine saksdokument til sak 0054/14 *Økonomiplan 2017-2019 - utgreiingar i høve mogleg langsiktige innsparingstiltak*, skal konsekvensar og mogleg innretning av ein langsiktig budsjettreduksjon på 4,5 mill. kroner for programområde 772 utgreiast. I følgje saksframlegget kan utgreiingane føre med seg tilrådingar om å redusere og/eller avvikle heile tenester, tilskot og satsingar.

I fylkeskommunen sitt *Budsjett 2015/Økonomiplan 2016 (17-18)* er det lagt inn ein samla reduksjon for programområde 772 på 0,5 mill. kroner allereie for 2016. Om denne reduksjonen vert fordelt prosentvis likt på dei fire institusjonane innafor området, fører dette til ein reduksjon på 125 000 kroner i den fylkeskommunale løyvinga for Sogn og Fjordane Teater.

Sogn og Fjordane Teater inngår i det statlige finansieringssystemet, som region-/landsdelsinstitusjon, med delt finansieringsansvar der dei offentlige løyvingane vert delt med 70 pst. på staten og 30 pst. på regionen. Det er ein føresetnad for statstilskotet at regionen løyver sin del. Ein eventuell framtidig reduksjon av den fylkeskommunale løyvinga vil altså føre til ein forholdsvis større reduksjon frå staten, og slik ein vesentleg reduksjon i den samla offentlige løyvinga.

Fylkeskommunen ville altså gå glipp av ei vesentleg statlig overføring. I tillegg kjem tap av arbeidsplassar, tapte skatteinntekter, tapt inntekt knytt til kjøp av varer og tenester, og tap av andre økonomiske ringverknader som statstilskotet utløyser.

I NTO si fråsegn til statsbudsjettet 2015 vektlegg foreininga verdien av at staten tek sitt ansvar for at kommunane og fylkeskommunane har økonomi til å følgje opp staten sine løyvingar til region- og landsdelsinstitusjonane, i samsvar med avtalen om 70/30-fordelinga, mellom stat og region.

Samstundes er det særst viktig at fylkeskommunane og kommunane tek sin del av ansvaret for at ordninga vert halde ved lag. Kvart kutt i fylkeskommunen sine løyvingar til Sogn og Fjordane Teater vil sette finansieringsavtalen under press og sette teatret i ein særst alvorlig økonomisk situasjon.

Vi vil understreke at Sogn og Fjordane Teater er ein viktig del av den nasjonale infrastrukturen på scenekunstmrådet. Samstundes er teatret ein særst viktig del av det lokale kulturlivet i Sogn og Fjordane – først og fremst i kraft av å produsere lokalt forankra scenekunst som vert formidla gjennom turnéverksemd i heile fylket, men også som eit kompetansemiljø og ein ressurs for kulturlivet elles i regionen. Sogn og Fjordane Teater er også eit av få teater i Noreg som har nynorsk som scenespråk.

Dagens finansieringsordning sikrar at dei institusjonane staten vektlegg som ein viktig del av den nasjonale kulturpolitikken har direkte løyvingar frå staten. Samstundes sikrar ordninga lokalt eigarskap og lokal forankring, og den sikrar at verksemdene ikkje er avhengige av éin finansieringspart aleine.

I den grad fylkeskommunen bidreg til å undergrave ordninga, kan ein risikere å sette staten si vilje til å finansiere eit regionteater i Sogn og Fjordane på prøve.

Norsk teater- og orkesterforening vil på det sterkaste oppmode Sogn og Fjordane fylkeskommune om å oppretthalde løyvinga til Sogn og Fjordane Teater og bidra til å sikre teatret si framtid.

Med beste helsing

Norsk teater- og orkesterforening

Bernt Bauge
styreleder

Morten Gjeltén
direktør

KULTURFORMIDLING – UTGREIINGSOPPDRAK NR 50

Samandrag:

1. Utgreiingstittel og -nummer

SFJ2019 Kulturformidling – utgreiingsoppdrag nr 50

2. Kort omtale av utgreiinga (ev. sentrale utfordringar og dilemma i konsekvensvurderingane)

Utgreiinga omfattar fylkeskommunen sine oppgåver og innsats når det gjeld:

- Den kulturelle skulesekken (DKS)
- Digital kulturformidling
- Fylkesbiblioteket
- Fylkesmusikarordninga
- Distriktsmusikarordninga
- Kultur og helse

Satsingane utgjer ei sentral rolle i utviklinga av regionale kulturtilbod som er skapt over tid i fylkeskommunal regi, eller i samarbeid med andre. Saman med andre regionale kultursatsingar utgjer dei kjernen i dei profesjonelle kulturtilboda i Sogn og Fjordane.

3. Økonomisk innsparingspotensiale

Utgreiinga viser konsekvensane av å redusere løyvingane i eit omfang av 5,5 mill. kroner (jf. også pkt. 8 i utgreiinga). Ein trinnvis reduksjon er mogleg, og kan anten skje ved at alle områda reduserer noko, eller at eit eller fleire område vert avvikla. Reduksjon kan gjerast over tid.

4. Administrativt innsparingspotensiale

Dei fem døma på slutten av utgreiinga syner at det avhengig av omfang og form på reduksjonane kan gje innsparing på 0-6 årsverk. Det er og råd å sjå for seg ei anna organisering og arbeidsform ved nokre av satsingane. Det kan gje rom for noko administrativt innsparingspotensiale.

5. Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane:

Kvalitet i vidareførte oppgåver:

Viktig grunnprinsipp

Kulturtilbod av høg kvalitet bidreg til livskvalitet og er ein naturleg del av eit moderne samfunn. Kulturformidlingstenestene som er skildra i utgreiinga held høg kvalitet. Vidareførte oppgåver skal halde same høge kvalitet. Omfang og variasjon i tenesta er også eit kvalitetskriterium.

Oppgave- og ansvarsdeling:

Viktig grunnprinsipp

Som utviklar er det viktig at fylkeskommunen også bidreg for å skape gode kulturtilbod og med det eit attraktivt samfunn (jf. kulturlova).

Funksjonelle bu- og arbeidsmarkn.reg.:

Mindre viktig grunnprinsipp

Dei ulike satsingane innan dette utgreiingsområdet er fylkesdekkjande. Gode kulturtilbod er ein viktig ingrediens for funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar.

Rolla i den regionale partnerskapen:

Viktig grunnprinsipp

Sogn og Fjordane har ingen store tettstadar som kan utgjera ein regional kulturaktør i seg sjølv, då gjennom både offentlege og/eller kommersielle kulturtilbod. Det gjer at fylkeskommunen har eit stort ansvar for å bidra til regionale kulturtilbod av høg kvalitet, slik at også vår region har slike tilbod.

Langsiktige avgjerder:

Viktig grunnprinsipp

Kultur er vår identitet. Kultur skaper og utviklar samfunn. Eit samfunn med eit mangfaldig kulturtilbod utviklar seg i positiv retning.

Alternative finansieringskjelder:

Mindre viktig grunnprinsipp

Det kan vere råd å auke inntektene noko hjå nokre av satsingane, det kan vere råd å ta seg meir betalt for tenestene vi yter og kommunane kan kanskje bidra meir. Fylkesdirektøren meiner at omfanget av dette vil vere så lite at det ikkje påverkar fylkeskommunen si rolle, vårt ansvar for kultursatsingar, og deretter konklusjonen desse prosessane fører fram til.

6. Andre prinsipp og særleg viktige omsyn knytt til tenesteområdet

7. Alternativ organisering eller innretning på tenesteområdet/-tilbodet

Fylkesdirektøren ser ikkje at det er noko å hente på alternativ organisering av området.

8. Eventuelle behov for ytterlegare avklaringar/utgreiingar

1. SFJ 2019 KULTURFORMIDLING – utgreiingsoppdrag nr 50

Denne utgreiinga omfattar satsingar som fylkeskommunen sjølv driv, aleine eller i samarbeid med andre. Dette gjeld: Den kulturelle skulesekken (DKS), digital kulturformidling, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek, fylkesmusikarordninga, distriktsmusikarordninga, kultur og helse.

Satsingane utgjer ei sentral rolle i utviklinga av regionale kulturtilbod som er skapt over tid i fylkeskommunal regi, og i samarbeid med andre. Satsingane vert finansiert gjennom samarbeid med stat og kommunar. Saman med andre regionale kultursatsingar utgjer dei kjernen i dei profesjonelle kulturtilboda i Sogn og Fjordane.

Kultur er vår identitet. Kultur skaper og utviklar samfunn. Eit samfunn med eit mangfaldig kulturtilbod utviklar seg. Eit samfunn som ikkje satsar på kultur utviklar seg ikkje. Kulturtilbod av høg kvalitet bidreg til livskvalitet og er ein naturleg del av eit moderne samfunn. Utan gode kulturtilbod forsvinn attraktivitet. Kulturlova pålegg fylkeskommunen å fylle denne rolla. Det er og slik at det i liten grad er andre som har hatt høvet, evna eller viljen til å utvikle regionale kulturtilbod i dette omfanget og med desse kvalitetane som fylkeskommunen kan bidra til.

2. Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken (DKS) vart vedteken starta av Stortinget i 2001. Dette er den fremste nasjonale satsinga på kunst og kultur for born og unge. Satsinga skal bidra til at alle elevar på alle trinn (1-13) i Noreg får møte, oppleve, gjere seg kjent med og utvikle forståing for profesjonell kunst- og kulturuttrykk av alle slag. DKS er eit varig samarbeid mellom kultur- og opplæringssektoren på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Satsinga er finansiert gjennom overskotet frå Norsk Tipping. Fylkeskommunane skal medverke til å utvikle ordninga i kommunane, og har gjennom ordninga teke på seg eit ansvar for å samordne tilbodet regionalt. (St.meld. nr.8 2007-2008)

2.1. Økonomisk innsparingspotensiale

Nettobudsjett 2014	2 300 000 kr
Rekneskapsførte inntekter 2014	8 250 000 kr
Bruttobudsjett 2014	10 550 000 kr

I teorien er det nok mogleg å redusere og avvikle fylkeskommunen si satsing og drift av DKS. Om det er råd med ei avvikling i det praktiske, må drøftast nærare med oppdragsgjevaren, som er Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet.

- Fylkeskommunen kan då spare inntil 2,3 mill. kr.
- Inntektstap til kulturformidling i fylket vil bli på over 8 mill. kr.

Fylkeskommunen tildeler kommunane 1/3 av dei samla midlane som fylket får til lokale tilbod i grunnskulen. I 2014 utgjorde det 1,6 mill. kroner. I den kommunale skulesekken er hovudvekta på formidling av lokal kultur og kulturminner.

Konsekvensar ved reduksjonar eller ei avvikling er:

- Barn og unge i Sogn og Fjordane vert dei einaste i landet som ikkje får ta del i denne nasjonale satsinga
- Barn og unge får langt mindre kjennskap til profesjonell kunst og kultur. Om Sogn og Fjordane misser dette tilbodet vil vere med på å gjere fylket mindre attraktivt, og våre barn og unge vil gå glipp av viktig kunnskap og erfaring
- Profesjonelle kunstnarar i og utanfor fylket vil misse oppdrag og få dårlegare vilkår
- Samarbeidspartar som teater, kunstorganisasjonar, kinoar, kulturhus, transport- og reiselivsnæringa m. fl. vil miste aktivitet og inntekter
- I fylkeskommunen sine Mål og strategiar for den vidaregåande opplæringa 2012 – 2015 «God – betre – best», er punkt 3.2.5 Danning delmål - «Alle elevar og læringar utviklar etisk, sosial og kulturell kompetanse...». Utan DKS vil ein svekke mogelegheitene til å nå målet om å gje elevane kulturell kompetanse.

2.2. Administrativt innsparingspotensiale

Det er knytt 3,4 årsverk til ordninga. Ved vidare drift kan det vurderast ein reduksjon. Det krev at arbeidsforma vert endra. Dette kan svekke vår attraktivitet som kjøpar/formidlar av tilbod av høg kvalitet.

2.3 Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

2.3.1 Kvalitet i vidareførte oppgåver:

Eit av måla med denne nasjonale satsinga er kvalitet. Barn og unge skal få oppleve kunst og kultur av høg kvalitet innan alle sjangrane, av profesjonelle kunstnarar. Det er og eit mål at elevane skal få tilgang til, gjere seg kjende med og utvikle forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag. Kulturstrategien for 2015-2018 held fram at «Det er viktig at born og unge i Sogn og Fjordane har dei same mogelegheiter som born i resten av landet til å delta i kunst og kulturaktivitetar der dei bur og å oppleve profesjonell kunst og kultur i lokalmiljøet. Det er særleg viktig å arbeide for å få born og unge til å bruke kulturtilboda og å lære seg å vere publikum i ung alder.»

DKS i fylket er både økonomisk og faglig pådrivar til lokale kunst og kulturproduksjonar, og med særskilt søkelys på produksjonar på nynorsk. Fylkeskommunen er gjennom arbeidet med DKS oppdragsgivar for m.a. kunstnarar frå eige fylke, og nedlegging av DKS vil føre til redusert tilgang på arbeid for denne gruppa og gi færre lokale kunst- og kulturproduksjonar.

Fylket kan bli mindre attraktiv å busetje seg i for kunstarar om talet på oppdrag vert redusert. I kulturstrategien heiter det: «Gjennom å legge til rette for at profesjonelle kunst – og kulturarbeidarar kan bu og produsere i fylket, kan vi bidra til at det vert skapt kunst som kan formidle vår eigenart og identitet.». DKS må også reknast som ein kvalitet inn i skuleverket, og kvaliteten på skulane våre vert svekka ved ein reduksjon eller avvikling av satsinga i vårt fylke.

2.3.2 Oppgave- og ansvarsdeling:

Det er råd å vurdere ei anna arbeidsform innan DKS. I dag organiserer fylkeskommunen sjølv kvar turné. Det er eit tidkrevjande arbeid som krev oversyn og god lokalkunnskap. Servicenivået som fylkeskommunen tilbyr kunstnarane kan vurderast, og vi kan forvente at dei som får oppdrag tek ein større del av den praktiske planlegging og tilrettelegging for eigen turne. Konsekvensane av det kan vere auka kostnad for kvar enkelt turne, og at Sogn og Fjordane vert mindre konkurransedyktige i høve ulike kunstnarar som ser på kva dei får tilrettelagt i andre fylke.

Det er mogleg å gå i dialog med kommunane i fylket for å drøfte om dei kan organisere meir av DKS sjølve. Nokre store kommunar (minimum 30 000 innbyggjarar), kalla direktekommunar, organiserer heile tilbodet sjølv (t.d. Alta, Bergen og Bodø.)

2.3.3 Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:

Alle skular, uavhengig av geografi, storleik og økonomi, får same tilbod frå DKS. DKS er ei viktig distriktspolitisk ordning og utan denne vil spesielt skular i grisgrendte område bli råka. DKS kan vere med å leggje til rette for at profesjonelle kunstarar vel å busetje seg i regionen.

2.3.4 Rolle i den regionale partnerskapen:

Fylkeskommunen er drivkrafta i og for Den kulturelle skulesekken i fylket. DKS er ei nasjonal satsing der fylkeskommunen er tildelt og har teke på seg oppgåva som regional koordinator. Dette vert gjort i tett samarbeid med kommunane og skulane direkte.

2.3.5 Langsiktige avgjerder:

DKS er den viktigaste nasjonale kultursatsinga for barn og unge. Det er ei satsing som vert rekna som ein suksess og som andre nasjonar etterspør informasjon om. Trenden er å satse på DKS som identitetsbygger, som utviklar av kreativitet og born som har forståing for at det finst ei rekke måtar å utrykke seg på og leve. DKS opnar dører mot ei mangfaldig verd.

2.3.6 Alternative finansieringskjelder

Også på dette kulturfeltet er det fylkeskommunen som tek på seg kostnadane med ei oppgåve delegert frå statleg hald. Staten pålegg oss oppgåver, men presiserer samstundes at tildelte midlar på ingen måte kan nyttast til administrasjon. Om ein ser til praksisen i andre departement, vil ein sjå at det ofte vert opna for at det er rom for å nytte delar av tilskota til administrasjon, ofte mellom 5-10 % av totalen. I denne ordninga ville dette kunne ha dekkja delar av fylkeskommunen sine kostnader med å administrere DKS. Det er råd å drøfte dette med staten, men det bør i så fall samordnast og gjerast i samarbeid med dei andre fylka.

3. Digital kulturformidling

Sidan 1992 har Sogn og Fjordane fylkeskommune vore ein leiande aktør innan digital kulturformidling. Prosjektet EDB i folkebiblioteka, Kulturnett Sogn og Fjordane, Kulturhistorisk Leksikon og Lokalhistorisk spørjevev er delar av dette. I tillegg til kulturnettenester som kulturkalender, database for kulturlenker, kulturmagasinet og institusjonsregister, har både arkiv, museum og bibliotek i fylket lenge hatt omfattande digitale databasar med informasjon og kjelder. På bakgrunn av dette vart prosjektet "Nettbasert kultur- og kunnskapsformidling" starta opp i 2005. Hovudmålet var å etablere Sogn og Fjordane som ein prøveregion for nettbasert kultur- og kunnskapsformidling i nært samarbeid med dei nasjonale aktørane ABM-utvikling og Kulturnett Noreg. Arbeidet vart frå 2008 vidareført som ABM Sogn og Fjordane. No vert satsinga kalla Digital kulturformidling.

3.1. Økonomisk innsparingspotensiale

Nettobudsjett 2014	866 000 kr
--------------------	------------

Rekneskapsførte inntekter 2014	88 000 kr
Bruttobudsjett 2014	9 961 000 kr

Det er mogleg å både avvikle og redusere satsinga. Budsjettet er i stor grad er knytt til stillingar og administrasjon og nedtak må gjerast ved reduksjon av stillingar. Ei avvikling av «øyremerka stillingar» reduserer administrasjonen med 1,4 årsverk.

Konsekvensar ved reduksjonar eller ei avvikling er:

- Fylkeskommunen vil ikkje kunne halde ved like og utvikle kulturtilbod på nett til innbyggjarar i og utanfor fylket, og informasjon om interne og eksterne kultursatsingar og kultursektoren vil nå ut til færre
- Fylkeskommunen vil ikkje følgje med på den nasjonale utviklinga innan digitale kulturtenester, og vi kan ikkje gjere kulturdata frå den nasjonale digitale infrastrukturen tilgjengeleg
- Fylkeskommunen vil misse ressursar og kompetanse til å utvikle nye digitale løysingar for å formidle arkivmateriale, faglitteratur, fakta, kulturstatistikk, kjeldesamlingar
- Samarbeid om digitale formidlingsprosjekt, med og utan ekstern finansiering, mellom kulturavdelinga, fylkesarkivet, fylkesbiblioteket, musea og andre vil svekkast, då tenesteområdet tek eit overordna ansvar for koordinering, prosjektutforming og søknader på eksterne midlar
- Digitale tenester som i dag vert brukt av kommunane, skuleverket, frivillige lag og organisasjonar, kulturinstitusjonar eller privatpersonar vil stå i fare for å forsvinne (t.d. GeoAtlas og Kulturnett Sogn og Fjordane), eller vil miste det regionale faglege oversynet og koordineringa (t.d. Digitalt fortalt)
- Sogn og Fjordane vil sakke akterut samanlikna med andre fylke som satsar på dette feltet

3.2 Administrativt innsparingspotensiale

Det knytt 1,4 årsverk til satsinga. Det er råd å redusere dette.

3.3 Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

3.3.1 Kvalitet i vidareførte oppgåver:

Gode digitale løysingar på tvers av kultursektoren skal gi brukarane ei meir heilskapleg oppleving av kultur og skal sikre betre tilgang til informasjon uavhengig av institusjonelle skiljelinjer. Digital formidling kan bidra til å styrke fagmiljø, bygge kompetanse, koordinere og samle sektoren, samt styrke omdømmet vårt som kulturaktør.

Det vert stadig viktigare å kunne tilby publikum digital tilgang til også kulturressursar, kulturarv og kulturaktivitetar. Brukarane er i fokus. Det er ein kvalitet at innbyggjarane i Sogn og Fjordane får tilgang til, og oversyn over tilgjengelege kulturtilbod digitalt. Utviklinga skjer raskt, og for å levere naudsynt kvalitet på infrastruktur, innhald og formidlingstenester treng vi kompetanse og jamlege oppdateringar. Digital kulturformidling aktualiserer og gjer folk merksame på den kulturarven vi forvaltar.

3.3.2 Oppgåve- og ansvarsdeling:

Ei viktig rolle for digital kulturformidling er rådgjevarrolla for museum, kommunar, bibliotek og skular. Det er ingen som har tilsvarande satsing og kompetanse og mange vil verta råka og få tilboda sine redusert om denne satsinga vert avvikla.

3.3.3 Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:

I eit fylke med store geografiske utfordringar vil dei digitale tenestene i framtida vere særskild viktig for å kunne gje alle likeverdige tilbod, også kulturtilbod. Film, litteratur, kunst og musikk er dømer på sjanstrar som i aukande grad vert formidla digitalt. Fylkeskommunen som utviklar, har ei viktig rolle med å leggje til rette for at alle får lik tilgang til slike tilbod. Kompetanseheving både hjå leverandørar av kulturtenester og potensielle brukarar er viktige tiltak i denne utviklinga.

3.3.4 Rolle i den regionale partnerskapen:

Det er ikkje andre som fyller denne rolla i regionen, og satsinga har vore ein viktig pådrivar for bruk av digitale formidlingsarenaer for kultur til dømes inn mot museum, kulturarv og skuleverket.

3.3.5 Langsiktige avgjerder:

Vi lever i større og større grad i ei verd prega og forma av digital informasjon. Dette er ein arena som både skaper kulturuttrykk og som gjev informasjon om kulturuttrykk og aktivitetar. Arenaen vil verte meir og meir mangfaldig og viktig å vere på. Dette gjeld frå dei som ynskjer å marknadsføre aktiviteten sin til informasjon og kunnskap om historia vår. Gjennom digitalisering av arkiva våre og museale gjenstandar opnar det seg ein arena for kunnskapsbygging som lettar tilgjenge betydeleg. Det same gjeld tilgang på litteratur, kunst, musikk og alle andre kulturuttrykk som har blitt, blir og vil bli produsert.

4. Distriktsmusikarordninga

Distriktsmusikarane vart oppretta i 1987, og var eit samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane Gloppen, Sogndal og Høyanger. I 1988 kom også Førde med. I dag er ordninga etablert i Førde, Gloppen og ved Sogn kulturskule. I alt tel ordninga no 15 årsverk.

Utgangspunktet for DM-ordninga var rapporten "Samla plan for musikklivet i Sogn og Fjordane." Denne konkluderte med at det var behov for å profesjonalisere musikklivet i fylket. Dette m.a. for å gje innbyggjarane høve til å oppleve og høyre musikk av høg kvalitet, for å styrkje kompetansen i dei kommunale kulturskulane og etablere og heve kvaliteten på viktige regionale kultursatsingar. Distriktsmusikarordninga er ei profesjonell musikarordning med musikarar busett i fylket. Kvar distriktsmusikar har 50% undervisning i kulturskulen og 50% utøvande verksemd.

Fylkeskommunen yter eit tilskot på 50% av utøvardelen, det vil seie 25% av lønskostnadene pr. stilling. Nokre av musikarane underviser ved den fylkesdekkande musikklinja på Firda vidaregåande skule og utgjer kjernen i dette skuletilbodet. Distriktsmusikarane er ei sentral kjerne i Sogn og Fjordane symfoniorkester, og dei er med i mange profesjonelle og semiprofesjonelle oppsetjingar/konsertar i fylket, m.a. Opera Nordfjord.

4.1. Økonomisk innsparingspotensiale

Nettobudsjett 2014	2 275 000 kr
Rekneskapsførte inntekter 2014	
Bruttobudsjett 2014	2 275 000 kr

Samarbeidet mellom fylkeskommunen og kommunane utgjer ei satsing på profesjonelle og utøvande muskar med eit samla nettobudsjett på kring 9,10 mill. kroner. Fylkeskommunen kan redusere eller trekke seg ut av dette samarbeidet og med det innfri eit innsparingspotensiale opp til 2,3 mill. kroner.

Konsekvensar ved reduksjonar eller ei avvikling er:

- Utøvardelen av dei 15 årsverka vil truleg verte avvikla. Dette har som konsekvens at stillingane vert mindre attraktive, og kvaliteten på tenestene vil verta redusert. Dette vil føre til sviktande rekruttering, og eit redusert samla opplæringstilbod for born og ungdom. På sikt vil rekrutteringa frå fylket til høgare musikkutdanning kunne bli redusert.
- Fylkeskvoten, fylkeskommunen sin kostnadsreduserte "musikarbank" til det friviljuge musikklivet, vil ikkje lenger eksistere. Samarbeidet mellom profesjonell og amatør (jf. Kulturstrategien) vil verte langt vanskelegare og dyrare å gjennomføre
- Opera Nordfjord, Sogn og Fjordane symfoniorkester, Gloppen Musikkfest kan ikkje lenger nytte tenesta distriktsmusikarane yter. Dei må eventuelt leige inn andre muskarar. Det vil føre til høgare honorar- og reiseutgifter for desse aktørane
- Den kulturelle skulesekken / Skulekonsertordninga / Rikskonsertane kan ikkje lenger bruke distriktsmuskarar til å produsere skulekonsertar og andre konserttilbod for born og unge
- Det vert ikkje råd å oppretthalde dagens profesjonelle orkesterkultur i fylket. SOFORK vil få færre orkestermuskarar, og den musikalske kvaliteten vil gå ned. SOFORK som rekrutterings- og praksisarena for fylket sine unge talent vil opphøyra eller verte redusert. Drifta kan stå i fare
- Distriktsmuskarane i Gloppen står for ein stor del av undervisninga ved Firda vidaregåande skule. Ved ei reduksjon eller avvikling av satsinga vil ungdom i fylket som ynskjer ei musikarkarriere få ein vanskelegare veg til å nå måla sine.

4.2. Administrativt innsparingspotensiale

Fylkeskommunen si oppfølging av ordninga inneber kontakt og samhandling med kommunane når det gjeld bruken av «fylkeskvoten», og også i samband med tilsetjingar i ledige stillingar. Midlane vert utbetalt to gonger i året som eit tilskot. Avvikling av denne ordninga gjev relativt lite innsparing i administrasjon.

4.3 Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

4.3.1 Kvalitet i vidareførte oppgåver:

Ei distriktsmuskarstilling vil i utgangspunktet vere meir attraktiv enn ei rein undervisningsstilling. Reduksjon i omfanget (tal) av stillingar bør i seg sjølv ikkje verke inn på kvaliteten i attverande stillingar. Vert heile ordninga lagt ned, vert kvaliteten redusert.

Til høgare kvalitet og kompetanse det er hjå dei utøvande og undervisande muskarane i fylket, jo betre vert tilbodet til innbyggjarande. Dette vil særleg gjelde tilbodet til barn og unge gjennom dei kommunale kulturskulane.

4.3.2 Oppgåve- og ansvarsdeling:

Dette samarbeidet er organisert slik at det er vertskommunane som er arbeidsgjevar. Konsekvensane ved ein reduksjon av vårt tilskot vil råke kommunane som arbeidsgjevar og brukarane av tilboda muskarane skapar.

4.3.3 Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:

Utøvande musikarar med høg kompetanse også innan undervisning er ein viktig ressurs for eit kvalitativt samfunn i utvikling. Dei løftar kvaliteten på ein rekke tilbod direkte med sin innsats, men også indirekte ved å løfte andre, både musikarar og barn og unge som får undervisning av både distriktsmusikarane og andre tilsette ved dei kommunale kulturskulane.

4.3.4 Rolle i den regionale partnerskapen:

Som samarbeidspart, initiativtakar ved etablering og økonomisk bidragsytar er fylkeskommunen årsaka til at ordninga eksisterer. Det er dette som er skilnaden mellom reine undervisningsstillingar ved kulturskulen og distriktsmusikarane som både tener kulturskulane og regionen.

4.3.5 Langsiktige avgjerder:

Tidsaspektet påverkar ikkje ei avgjerd om reduksjonar, anna enn at den utsett iverksetting.

4.3.6 Alternative finansieringskjelder

Reduserer fylkeskommunen tilskotet til DM-ordninga må kommunane ta ansvar for finansiering av stillingane sjølve. Det kan medføre at kommunane seier opp musikarane. Alternativt kan ein gjere om stillingane til reine undervisningsstillingar utan utøvardel, eventuelt med redusert utøvardel. Utøvardelen må vertskommunen i så fall finansiere sjølv. Ved reduksjon i utøvardelen vil kommunane få redusert inntektene frå sal av utøvartenester, konsertar, innslag, program til DKS/skulekonsertordninga mm.

5. Fylkesbiblioteket

Fylkesbiblioteka vart oppretta i 1972, men byggjer på eit system med sentralbibliotek tilbake til 1930-åra. Sogn og Fjordane fylkesbibliotek var samlokalisert med Førde bibliotek fram til 2012.

Fylkesbiblioteket legg ved rådgjeving, kompetanseheving og prosjektutvikling til rette for gode bibliotektenester til innbyggjarane i fylket. Ei hovudoppgåve er formidling av den nynorske litteraturen, særleg til barn og unge. Fylkesbiblioteket administrerer felles e-bokordning, felles katalogsøk og felles transportordning for biblioteka, har klassesettordning for skulane og driv aktiv formidling på nett. Formidling av lokal og lokalhistorisk litteratur er eit satsingsområde. Gjennom prosjekt og oppfølging av biblioteksaker i kommunane bidreg fylkesbiblioteket til å løyse ut statlege midlar.

5.1. Økonomisk innsparingspotensiale

Nettobudsjett 2014	6 853 000 kr
Rekneskapsførte inntekter 2014	2 265 000 kr
Bruttobudsjett 2014	9 118 000 kr

Bokbåttenesta er avvikla frå 01.09.2015. Ressursbruken til bibliotekføremål er med det redusert med 19 % i høve til 2014-budsjettet. Det er mogleg å redusere satsinga ytterlegare, men om tenesta fell heilt vekk, bryt fylkeskommunen biblioteklova.

Fylkeskommunen har etter Lov om folkebibliotek ansvar for å ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling. Biblioteklova pålegg fylkeskommunen å ha bibliotekfagleg kompetanse på leiarnivå. Lov og forskrift skisserer elles kva ansvar og oppgåver det er forventa at fylkeskommunen skal ivareta. Ansvaret inneber mellom anna å gi råd til lokale myndigheiter, yte bibliotekfagleg rettleiing, arrangere kurs og å kvalitetssikre og rapportere inn statistikk til Nasjonalbiblioteket. Ved budsjettreduksjon til eit minimum vil heilt grunnleggjande oppgåver som å svare på faglege spørsmål frå kommunane og sentralledet, delta i obligatoriske møte og kvalitetssikre bibliotekstatistikken måtte prioriterast.

Konsekvensar ved reduksjonar er:

Fylkesbiblioteket vil i liten grad kunne:

- Formidle nynorsk språk og litteratur til barn og unge og bidra til leseglede og leseforståing
- Bidra til å oppretthalde eit språkleg kulturfellesskap
- Bidra til deltaking i samfunnsliv og demokrati. Etter revidert biblioteklov (2013) skal biblioteka i sterkare grad fungere som møteplass og arena for offentleg samtale og debatt
- Bidra til utdanning og livslang læring
- Bidra til å utvikle bibliotektilbod til grupper med særlege behov.

Fagleg vil ei nedskjering innebere dårlegare bibliotektenester for innbyggjarane, fordi

- Folke- og skulebiblioteka vil ikkje ha tilgang på støtte til utviklingsarbeid
- Reduksjonar vil gradvis svekke kompetanseutviklinga på bibliotekområdet
- Grunnleggjande infrastruktur og fellesordningar for biblioteka vert råka, t.d. e-bokordninga, felles katalogsøk, transportordninga og klassesett-ordninga
- Det vil ikkje vere mogleg å utføre digital formidling i særleg grad.

5.2. Administrativt innsparingspotensiale

Storparten av fylkesbiblioteket sitt budsjett vert nytta til stillingar og administrasjon. Det er råd å redusere budsjettet trinnvis knytt til enkeltstillingar eller enkeltsatsingar. Fylkesbiblioteket har fram til bokbåttene vart avvikla hatt åtte tilsette fordelte på 7,6 stillingar. Éin tilsett går frå 01.06.15 over i anna stilling i fylkeskommunen i 70 %. Ved budsjettreduksjon til eit minimum vil det vere rom for personalressurs tilsvarende 1 til 1,5 stillingar.

5.3 Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

5.3.1 Kvalitet i vidareførte oppgåver:

Bibliotekdrift er ei lovpålagt oppgåve for kommunane. Fylkeskommunen kan gjennom sin innsats bidra til å utvikle kvalitet og omfang i tenestene. Kulturutredningen 2014 peikar på at biblioteka har vore underprioriterte og underfinansierte gjennom fleire år, og tek til orde for å styrkje sektoren. Biblioteka vert i utgreiinga definerte inn som ein del av den kulturelle grunnmuren. I Kulturstrategi 2015-2018 for Sogn og Fjordane er grunnmuren eit gjennomgåande perspektiv.

I Sogn og Fjordane har 17 folkebibliotek mindre enn 2 årsverk, 9 har 1 årsverk eller mindre. Halvparten av kommunane har ikkje fagutdanna biblioteksjef eller annan tilsett med fagutdanning i staben (2013-tal). Dei aller fleste av dei vidaregåande skulane og grunnskulane har mindre enn ei heil stilling knytt til biblioteket, og mange skular har ikkje bibliotekfagleg kompetanse representert i kollegiet. Det er dermed stort behov for kompetanseheving og jamleg fagleg oppdatering i vårt fylke. Fylkesbiblioteket bidreg med kompetanse ut i kommunane, og er hovudleverandør av kurs og faglege samlingar for biblioteka i fylket. Prioriterte område for kurs og konferansar i regi av fylkesbiblioteket er informasjonskompetanse, litteraturkunnskap, digital kompetanse, formidling og

leiingskompetanse. Arrangementsutvikling skjer gjennom kurs og konkrete samarbeidsprosjekt om kulturprogram og turnéar. Den fylkeskommunale innsatsen bidreg til å sikre kvalitet på bibliotekfeltet.

5.3.2 Oppgave- og ansvarsdeling:

Fylkeskommunen har etter biblioteklova eit ansvar for å ivareta fellesoppgåver og regional utvikling. For fellestenester som e-bokordninga, transportordninga og felles katalogsøk har fylkesbiblioteket rolla som regionalt leiande og koordinerande ledd, og bidreg også delvis til finansieringa.

5.3.3 Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:

Fylkesbiblioteket arbeider med å få på plass forpliktande, regionvise samarbeid mellom folkebiblioteka om drifts- og utviklingsoppgåver. Eininga samarbeider med ei rekkje aktørar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå, både i å utvikle prosjekt, skaffe finansiering og gjennomføre tiltak. Det skal etter biblioteklova vere folkebibliotek i alle kommunar. Biblioteka representerer eit lågterskeltilbod på kulturfeltet, og er dei meste desentraliserte av kulturinstitusjonane våre.

5.3.4 Rolle i den regionale partnerskapen:

Fylkesbiblioteket har ansvar for regionale bibliotekoppgåver og fellestenester, og skal initiere og samordne utviklingsarbeid i sektoren.

5.3.5 Alternative finansieringskjelder:

Delar av verksemda er finansiert ved refusjonar frå kommunane og andre, og ved eksterne utviklingsmidlar. Kapasiteten til å hente inn ekstern finansiering vil gradvis minke ved ev. budsjettreduksjonar.

6. Fylkesmusikarordninga

Fylkesmusikarordninga i Sogn og Fjordane vart oppretta i 1989 med tilskot frå Norsk Kulturråd dei tre første åra. Ordninga var den første av sitt slag her i landet. Fylkesmusikarordninga har som føremål å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i Sogn og Fjordane, og har i dag 3 fast tilsette fordelt på 2 stillingar som driv utøvande formidlingsverksemd, rekrutteringsarbeid og pedagogisk verksemd.

Fylkesmusikarordninga vart evaluert i 2012 og vart vedteken omorganisert året etter med fylkeskommunen som tilskotsytar til distriktmusikarstillingar med folkemusikk som arbeidsfelt. Denne endringa er no utsett i påvente av dei fylkeskommunale prioriteringane for åra framover.

6.1. Økonomisk innsparingspotensiale

Nettobudsjett 2014	1 642 000 kr
Rekneskapsførte inntekter 2014	280 000 kr
Bruttobudsjett 2014	1 922 000 kr

Det er råd å redusere eller avslutte fylkeskommunen si satsing på folkemusikk.

Konsekvensar ved reduksjonar eller ei avviking er:

- Ei reduksjon eller avviking av fylkesmusikarordninga vil gjere at fylkeskommunen ikkje lenger sjølv tek ansvar for å ivareta og vidareutvikle dei rike folkemusikktradisjonane i fylket
- Det vil verte utvikla færre talent innan folkemusikk i Sogn og Fjordane
- Musikklinja ved Firda vidaregåande skule får avgrensa tilgang på instrumentallærar på folkemusikkinstrument som hardingfele, song, trekkspel. Talentfull ungdom innan folkemusikk får ein meir krevjande veg for å kunne realisere måla sine, og rekrutteringa frå fylket til høgare musikkutdanning innan folkemusikk vil verte redusert
- Det vil også bli redusert tilgang på folkemusikarar til kulturinnslag
- Folkemusikkdelen i det profesjonelle musikklivet i fylket vil bli redusert
- Det vil bli vanskelegare å få til eit samarbeid mellom profesjonelle og amatørar

6.2. Administrativt innsparingspotensiale

Nettobudsjettet vert i all hovudsak nytta til å løne og drifte dei tilsette. Ved ein overgang til den vedtekne distriktsmusikarordning kan det og finnast rom for administrativ innsparingar. Det krev då at vi har tilstrekkeleg med midlar til å inngå eit samarbeid med aktuelle kommunar.

6.3 Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

6.3.1 Kvalitet i vidareførte oppgåver:

Skulle ordninga bli avvikla, er det ikkje relevant å drøfte dette punktet vidare. Omfanget av ordninga er i dag på eit minimumsnivå i høve det å halde oppe ei eiga ordning, men vi kan halde oppe kvaliteten på det nivå vi er i dag. Den kulturelle skulesekken / Skulekonsertordninga / Rikskonsertane misser profesjonelle musikarar til gjennomføring av skulekonsertar, barnehagekonsertar og andre konserttilbod. Dette vil også redusere det totale mangfaldet i programutvalet.

6.3.2 Oppgåve- og ansvarsdeling:

Det er allereie gjort eit vedtak om å endre denne ordninga. Det skjer ved at vi legg ned den fylkeskommunale ordninga med fylkesmusikarar og opprettar ei distriktsmusikarordning innan folkemusikk. Det vil gjere kommunane til arbeidsgjevar for musikarane som vert tilsett, tilsvarande eksisterande distriktsmusikarordning. Fylkeskommunen vil verte tilskotsytar. Det vil gjere at eit arbeidsgjevar ansvar forsvinn, og eit ansvar for organisering av tenesta. Dette kan skape rom for administrative innsparingar.

6.3.3 Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:

Det friviljuge musikklivet (kor, korps, spelemannslag) vil ikkje få tilgang på fylkeskommunen sine tenester som gjeld folkemusikarane, noko som vil føre til redusert aktivitet i spelemannslaga. Mellom anna blir det dyrare for spelemannslag å arrangere seminar med frilans folkemusikarar. Førdefestivalen vil ikkje kunne nytte fylkeskommunen sine folkemusikarar til konsertar. Mo-kurset i regi av Folkemusikklaget vil ikkje kunne nytte dei fylkestilsette folkemusikarane som lærarar.

7. Kultur og helse

Fylkessenteret for musikkterapi vart etablert i 1987, som eit samarbeid mellom kultur og helsesektoren i fylkeskommunen. Utgangspunktet for det heile var Gloppen-prosjektet som starta i

1983. Det prosjektet vart finansiert av Norsk kulturråd, Gloppen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Måla var betre inkludering og tilrettelegging for deltaking i kulturlivet for menneske med utviklingshemming eller andre funksjonshemmingar. Ein del av satsinga var musikkterapiutdanninga på Sandane frå 1988. Studiet vart flytta til Bergen i 2006.

No heiter satsinga «Kultur og helse» og har eit noko breiare fokus enn i starten. Kultur og helse handlar om tilrettelegging for og tilgang til kulturtilbod. Dette skjer gjennom rettleiing, kurs, direkte arbeid ut til kommunar på å leggje til rette aktivitet for utviklinghemma, innvandrarak, innan psykisk helsevern, kulturskule, lag og organisasjonar og eldreomsorg. Fylkeskommunen si rolle er rettleiing, å tilføre kunnskap, koordinere fylkesdekkande innsats, motivere for lokal aktivitet, og leggje til rette for erfaringsutveksling.

7.1. Økonomisk innsparingspotensiale

Nettobudsjett 2014	1 364 000 kr
Rekneskapsførte inntekter 2014	1 420 000 kr
Bruttobudsjett 2014	2 784 000 kr

Det er råd å gjennomføre ei økonomisk innsparinga anten ved å redusere aktiviteten eller ved å avvikle satsinga. Nettobudsjettet vert nytta til to årsverk og det kan vurderast ei trinnvis reduksjon. Delar av noverande inntekter kjem frå statlege midlar til Den kulturelle spaserstokken (kr. 1 131 000 i 2014). Desse skal fordelast til kommunane etter søknad.

Konsekvensar ved reduksjonar eller ei avvikling er:

- Det er eit behov for rettleiing, kurs, direkte arbeid ut til kommunar på å leggje til rette aktivitet for utviklinghemma, innan psykisk helsevern, kulturskule, lag og organisasjonar og eldreomsorg. Fylkeskommunen kan i ingen eller mindre grad dekke dette behovet ved reduksjonar
- Kultur og helse har skapt fokus denne brukargruppa sine behov inn mot kommunar, forskingsinstitusjonar og lag og organisasjonar. Den utviklingsrolla vil verte redusert eller forsvinne
- Ein viktig del av satsinga har vore å samarbeide med ulike høgskule- og universitetsmiljø med tanke på forskning knytt til effekten av tiltaka. Dette arbeidet vil verte redusert eller stogge opp
- Det auka fokuset på musikkterapienester i spesialisthelsetenesta aktualiserer behovet for oppfølging og bruk av musikk som ein kvardagsressurs i heim og lokalsamfunn, der samspel med kultursektoren vert heilt avgjerande. Fylkeskommunen vil i mindre grad kunne bidra i dette ved reduksjonar.

7.2 Administrativt innsparingspotensiale

Det er to årsverk knytt til satsinga. Det er råd å redusere satsinga med eit årsverk eller avvikle satsinga.

7.3 Grunnprinsippa sin innverknad på utgreiinga og konsekvensvurderingane

7.3.1 Kvalitet i vidareførte oppgåver:

Kulturlova seier tydeleg at ein skal leggje til rette for og gje tilgang til kultur for alle. Fylkeskommunen har her teke på seg eit utviklingsarbeid også for svakare grupper i samfunnet. Kvaliteten på arbeidet

har vore høg, noko som vert synleggjort gjennom tett samarbeid med ulike forskingsmiljø. Ved reduksjon av satsinga vil kvaliteten verte redusert og samarbeid med forskingsmiljø bli vanskelegare.

Statlege føringar er tydelegare enn tidlegare om samanhengen mellom kultur og helse, kultur og fritid tilgjengeleg for alle. For å ivareta dette og utfordringane i framtida er høg kompetanse viktig for å ivareta breidda som kultursektoren har eit ansvar for, samt kultur og helsekompetanse inn mot og helse- omsorgssektor.

7.3.2 Oppgåve- og ansvarsdeling:

Ansvaret for å legge til rette for gode levevilkår for alle innbyggjarane ligg til kommunane. Fylkeskommunen har vore og kan vere ein pådrivar for kultur for alle, ved å ha kompetanse og kapasitet.

7.3.3 Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:

Mange av dei tenestene som kultur for alle omfattar er eit kommunalt ansvar. Vår rolle har vore å støtte opp om og utvikle tiltak, spreie kunnskap og auke kompetansen i kommunen, slik at fokuset på behovet og naudsynte tiltak har vore aukande.

7.3.4 Rolle i den regionale partnarskapen:

Fylkeskommunen si rolle har endra seg frå å vera tenesyttar til å vere kompetansebank, på drivar og utviklar. Dette skjer gjennom samarbeid med kommunar, frivillige og ved samarbeid med ulike forskingsinstitusjonar.

8. Alternativ for reduksjon innan programområdet

I tabellane under syner fylkesdirektøren fem døme på korleis det reint økonomisk er råd å redusere utgreiingsområdet. Vi nyttar heile utgreiingsramma, og vi syner kva den samla reduksjonen for fylkeskommunen vil verte. Ved distriktsmusikarordninga vil dei samla reduksjonane kome hjå kvar av vertskommunane. Det er råd å redusere både meir og mindre enn det døma syner. Ei løysing med trinnvis nedtak er mogleg å gjennomføra. Utgreiingsramma på 5,5 mill. kr, utgjer 35,90 % av samla nettobudsjett for området. Alle tal er henta frå 2014. Bokbåten er vedteken nedlagd, og er med i alle døma.

8.1. Døme 1, prosentvis fordeling

	Netto- budsjett	Inntekter frå rekneskap	Brutto- budsjett	Netto reduksjon	Brutto reduksjon	Nytt netto- budsjett
DKS	2 300 000	7 777 153	10 077 153	825 718	825 718	1 474 282
Digital kulturformidl.	886 000	88 080	974 080	318 081	406 161	567 919
Distriktsmusikarordn.	2 275 000		2 275 000	816 743	816 743	1 458 257
Fylkesbiblioteket	6 853 000	2 265 376	9 118 376	2 460 281	2 710 281	4 392 719
Fylkesmusikarordn.	1 642 000	159 908	1 801 908	589 491	645 459	1 052 509
Kultur og helse	1 364 000	1 309 000	2 673 000	489 687	667 687	874 313
SUM	15 320 000	11 599 517	26 919 517	5 500 000	6 072 048	9 820 000

8.2. Døme 2: Digital kulturformidling, fylkesmusikarordninga, kultur og helse og fylkesbiblioteket

	Netto- budsjett	Inntekter frå rekneskap	Brutto- budsjett	Netto reduksjon	Brutto reduksjon	Nytt netto- budsjett
DKS	2 300 000	7 777 153	10 077 153			2 300 000
Digital kulturformidl.	886 000	88 080	974 080	886 000	974 080	
Distriktsmusikarordn.	2 275 000		2 275 000			2 275 000
Fylkesbiblioteket	6 853 000	2 265 376	9 118 376	1 608 000	1 758 376	5 245 000
Fylkesmusikarordn.	1 642 000	159 908	1 801 908	1 642 000	1 801 908	
Kultur og helse	1 364 000	1 309 000	2 673 000	1 364 000	2 673 000	
SUM	15 320 000	11 599 517	26 919 517	5 500 000	7 207 364	9 820 000

8.3. Døme 3: DKS, fylkesmusikarordninga og delar av kultur og helse og fylkesbiblioteket

	Netto- budsjett	Inntekter frå rekneskap	Brutto- budsjett	Netto reduksjon	Brutto reduksjon	Nytt netto- budsjett
DKS	2 300 000	7 777 153	10 077 153	2 300 000	10 077 153	
Digital kulturformidl.	886 000	88 080	974 080		974 080	886 000
Distriktsmusikarordn.	2 275 000		2 275 000			2 275 000
Fylkesbiblioteket	6 853 000	2 265 376	9 118 376	1 300 000	1 550 000	5 553 000
Fylkesmusikarordn.	1 642 000	159 908	1 801 908	1 642 000	1 922 000	
Kultur og helse	1 364 000	1 309 000	2 673 000	258 000	258 000	1 106 000
SUM	15 320 000	11 599 517	26 919 517	5 500 000	14 781 233	9 820 000

8.4. Døme 4: Fylkesbiblioteket til minimum

	Netto- budsjett	Inntekter frå rekneskap	Brutto- budsjett	Netto reduksjon	Brutto reduksjon	Nytt netto- budsjett
DKS	2 300 000	7 777 153	10 077 153			2 300 000
Digital kulturformidl.	886 000	88 080	974 080			886 000
Distriktsmusikarordn.	2 275 000		2 275 000			2 275 000
Fylkesbiblioteket	6 853 000	2 265 376	9 118 376	5 500 000	7 765 376	1 353 000
Fylkesmusikarordn.	1 642 000	159 908	1 801 908			1 642 000
Kultur og helse	1 364 000	1 309 000	2 673 000			1 364 000
SUM	15 320 000	11 599 517	26 919 517	5 500 000	7 765 376	9 820 000

8.5. Døme 5, Musikksatsingane og fylkesbiblioteket

	Netto- budsjett	Inntekter frå rekneskap	Brutto- budsjett	Netto reduksjon	Brutto reduksjon	Nytt netto- budsjett
DKS	2 300 000	7 777 153	10 077 153	283 000		2 017 000
Digital kulturformidl.	886 000	88 080	974 080			886 000
Distriktsmusikarordn.	2 275 000		2 275 000	2 275 000	2 275 000	-
Fylkesbiblioteket	6 853 000	2 265 376	9 118 376	1 300 000	1 550 000	5 553 000
Fylkesmusikarordn.	1 642 000	159 908	1 801 908	1 642 000	1 801 908	-
Kultur og helse	1 364 000	1 309 000	2 673 000			1 364 000
SUM	15 320 000	11 599 517	26 919 517	5 500 000	5 626 908	9 820 000

Uttale frå Førde, Sogn og Gloppen angående Distriktsmusikarordninga

Dette gjer distriktsmusikarane:

- ∞ 15 distriktsmusikarar (DM) har heile fylket som nedslagsfelt:
 - musikarane har sidan 1998 vore sentrale i **Opera Nordfjord** sine oppsetjingar. 7-8 musikarar i orkestret, songarar i roller på scena eller som forsterking av operakoret og i tillegg vert pianistane nytta som repetitør til innstudering for kor og solistar.
 - **Sogn og Fjordane Symfoniorkester** starta i 2004 med bakgrunn i DM sitt ønske om å bygge eit symfonisk miljø i fylket. Orkestret er ei suksesshistorie der det per i dag er 70 medlemmer. DM er sentrale som gode førebilete og fungerer som mentorar for musikantane – slik hevar dei sluttresultatet.
 - DM produserer og turnerar med skulekonsertar årleg for **Rikskonsertane Åmot operagard** i Bygstad er ein viktig samarbeidspart som nyttar DM-tenester fast frå Sogn og Førde gjennom «Viva la Diva», men har også produksjonar som omfattar fleire DM-arar.
- ∞ DM Gloppen utgjer ein stor del av instrumentallærarane på **Firda Vidaregåande Skule**. Samarbeidet mellom Gloppen kulturskule og Firda VGS gjer at musikklinja kan tilby instrumentalundervisning på nær sagt alle instrument. Firda har ingen mulegheit til å tilsetje instrumentallærarar sjølv på alle instrument, då dette er små stillingar som varierer til dels mykje frå år til år.
- ∞ Musikarordninga har eit høgt aktivitetsnivå: DM samarbeider breitt med grunnskular, kor, korps og **det frivillige kulturliv** i heile fylket med dirigenttenester, musikartenester, undervisning og som solistar. I tillegg er dei aktive i organisasjonsarbeide innom kulturfeltet
- ∞ Distriktsmusikarane er sentral drivar av **laurdagsskulen i Sogn og Fjordane** - ei fordjupingssatsing for talent innan musikk.
- ∞ DM Førde held 60-70 konsertar årleg på Helsetunet. Høgskulen i Sogn og Fjordane forskar på dette arbeidet.
- ∞ **Gloppen Musikkfest** – DM har fast samarbeid og held minst ein konsert under musikkfesten

Konkrete konsekvensar av ei nedlegging:

Å ha tilgang på eit profesjonelt kunstliv i fylket gir ringverknader som ikkje alltid er lett å måle, men vi peikar på nokre konsekvensar under.

For kommunen: Viss fylkeskommunen reduserer sitt engasjement i DM-ordninga, må inntektene aukast, då utgiftene er relativt stabile. Dette kan skje ved auka kommunal del eller auka salsinntekter. Dersom kommunane må ta ein større del, er det ein reell fare for at gruppene vert avvikla.

Kulturskulane vert hardt ramma av ei nedlegging av DM-ordninga med konsekvensar for hundretals elevar og for talent/ fordjupingstilbodet som vert drive. Ein lærar som også er aktiv musikar er eit svært viktig førebilete for elevane. Elevane får møte eksellensen tidlig i form av

profesjonelle utøvande musikarar på høgt nivå. Dette er ein av dei viktige faktorane for at unge, musikalske talent skal få utvikle seg.

For profesjonelle samarbeidsaktørar: Opera Nordfjord får ein kraftig kvalitativ og økonomisk svekking om desse stillingane fell vekk. DM har vore stammen i orkestret og har bidrege til den gode orkesterklengen og orkesterkulturen der.

For Rikskonsertane betyr det at alle skulekonsertar må hentast utanfrå. DM tilbyr kvalitative gode produksjonar. Desentralisering er ein eigenverdi; identitet, nærhet, kvalitet, kortreiste produksjonar.

Det får svært alvorlege konsekvensar for Firda VGS som ikkje vil greie å gje hovudinstrumentundervisning på dei instrumenta elevane spelar. Firda vil kunne tilby berre nokre få instrument, truleg song, piano og gitar. Dette vil føre til at mange av elevane anten må velje instrument dei ikkje har spelt før, eller at dei ikkje vil gå musikklinja. Vi ser ikkje at musikklinja vil overleve viss distriktsmusikarane forsvinn.

Operagarden sitt kulturtilbod til publikum vert svekka betydeleg.

For det frivillig kulturlivet: Dei misser viktig kompetanse innan direksjon, instruksjon og musikartenester. Store kulturproduksjonar kan falle vekk når tilgangen på profesjonelle krefter er vekke. I tillegg er fylkeskvoten ein viktig økonomisk stimulator for dei frivillige.

For fylket: Om slike kompetansearbeidsplassar fell vekk, mistar fylket kvalitativt gode tenester, og muligheten til å «bygge meir urbanitet og styrke tilboda i sentra» innoom kunst og kulturverksemd vert betydeleg svekka. Vi risikerer at DM flyttar frå Sogn og Fjordane dersom desse stillingane fell vekk. Musikardelen er ein stor motivator for å få tilsett personale med høg kompetanse.

Distriktsmusikarane ynskjer å vere ein positiv og konstruktiv medspelar for heile fylket!

Med helsing

Trude Skarvatun
Rektor Førde kulturskule

Ann Karin Ose
Rektor Gloppen kulturskule

Roar Sandnes
Rektor Kulturskulen i Sogn

SFJ 2019

Utgreiing nr. 52 - Internasjonalt arbeid

*Fylkesdirektør for Plan og samfunn
Sogn og Fjordane fylkeskommune, april 2015*

Innhald

1.0 Mandat for utgreiinga	3
2.0 Bakgrunn – om tenesteområda.....	3
2.1 Tenesteområde 7157	3
2.2 Tenesteområde 5201	3
3.0 Ressursbruk og organisering - oversikt	3
3.1 Tenesteområde 7157	3
3.2 Tenesteområde 5201	4
3.3 Øvrig ressursbruk.....	4
4.0 Problemstillingane i mandatet - oversikt	4
4.1 Medlemskap i internasjonale organisasjonar	4
4.2 Ressursbruk og aktivitetar– fordelt etter sektor	5
4.3 Intern koordinering av arbeidet	7
4.4 Oppfølging av eksterne samarbeidspartar	8
5.0 Problemstillingane i mandatet - drøfting	8
6.0 Innsparingspotensiale og konsekvensar.....	10
Alternativ 1: 100 % stillingsressurs og kr 1 200 000	10
Alternativ 2: kr 660 000	11
Alternativ 3: kr 540 000	11
Alternativ 4: 100% stillingsressurs.....	11
Alternativ 5: Heilskapleg politisk vurdering.....	12
7.0 Samordning og kompensierende tiltak	12
8.0 Konklusjon	12

1.0 Mandat for utgreiinga

Utgreiinga skal gje ei oversikt over internasjonalt retta arbeid i Sogn og Fjordane fylkeskommune, både i sentraladministrasjonen og innanfor vidaregåande opplæring. Dette omfattar tenesteområde 7157 og tenesteområde 5201.

Mandatet nemner følgjande aktuelle problemstillingar:

- ∞ Medlemskap i internasjonale organisasjonar samt reiseutgifter og tidsbruk knytt til dette
- ∞ Ressursbruk - stillingsressursar og eventuelt andre medarbeidarar sin tidsbruk
- ∞ Aktivitetar - internasjonalt retta prosjekt samt utgifter og tidsbruk knytt til dette
- ∞ Forholdet mellom sentraladministrasjonen og dei vidaregåande skulane sine aktivitetar
- ∞ Intern oppfølging og koordinering av internasjonalt retta arbeid
- ∞ Oppfølging av eksterne aktørar og samarbeidspartar

Vidare vil utgreiinga gje ei oversikt over innsparingspotensiale og mulege konsekvensar ved reduksjon i budsjett, samt ei kort vurdering av eventuelle vinstar ved meir samordning, kompenserande tiltak eller nye arbeidsmåtar.

2.0 Bakgrunn - om tenesteområda

Tenesteområda 7157 og 5201 er knytt til oppfølginga av Sogn og Fjordane fylkeskommune sin internasjonale strategi for 2014-2017 samt handlingsplanen for internasjonalisering i vidaregåande opplæring for 2014-2017.

2.1 Tenesteområde 7157

Den internasjonale strategien byggjer på fylkeskommunen sine andre overordna strategiar, og skal vere førande både for det politiske og det administrative arbeidet på den internasjonale arenaen. Visjonen er at Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom eit aktivt internasjonalt engasjement skal vere med å påverke rammevilkåra som er viktige for fylket, samt å hente kunnskap og nye impulsar for å nå måla om utvikling i fylket. Føremålet er å fremje Sogn og Fjordane sine interesser på internasjonale arenaer, bidra til å løyse felles utfordringar som er definert i overordna planar og strategiar for fylket, samt å gje ungdom internasjonal kompetanse, kulturforståing og erfaring.

2.2 Tenesteområde 5201

Nasjonale føringar legg vekt på at det internasjonale perspektivet skal vere med i alt læringsarbeid i den vidaregåande opplæringa. Handlingsplanen for internasjonalisering i den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane har som hovudmål å auke elevar og lærlingar sin internasjonale kompetanse, kulturforståing og erfaring, samt å auke kompetansen og involveringa frå skuleleiarar, lærarar og instruktørar. Ein skal aktivt nytte ekstern finansiering for internasjonale prosjekt og ta i bruk lokale ressursar i arbeidet. I tillegg er arbeidsinnvandrarar blitt viktige ressursar for bedrifter og lokalsamfunn i fylket, og handlingsplanen skal bidra til å styrke den fleirkulturelle kompetansen i det offentlege tenestetilbodet.

3.0 Ressursbruk og organisering - oversikt

3.1 Tenesteområde 7157

Budsjettet knytt til tenesteområde 7157 er på kr. 660 000 for 2015. Midlane er bunde opp i medlemsavgifter i internasjonale organisasjonar der fylkeskommunen deltek og reisekostnadar i høve dette. I tillegg skal midlane nyttast til å styrke den internasjonale kompetansen i fagavdelingane

og engasjere til politisk deltaking på viktige møteplassar. Dei folkevalde som representerer fylkeskommunen i ulike internasjonale samanhengar har eige reisebudsjett.

Tidlegare var det avsett ein 100 % stillingsressurs til koordinering av det internasjonale arbeidet og oppfølging av den vedtekte strategien. Denne ordninga er ikkje vidareført, men ein har oppretta ei tverrfagleg internasjonal gruppe som vert administrert av plan- og samfunnsavdelinga. Det internasjonale arbeidet i sentraladministrasjonen er såleis i hovudsak organisert gjennom sektorane og enkeltpersonar sitt engasjement i medlemsorganisasjonane.

3.2 Tenesteområde 5201

Tenesteområde 5201 har eit budsjett på kr. 540 000 for 2015. Dette vert nytta som grunnfinansiering for å løyse ut ytterlegare prosjektfinansiering innanfor vidaregåande opplæring, i hovudsak utvekslingsprogram for elevar og lærlingar, lærarar og inspektørar samt skuleleiarar.

Ein 100 % stillingsressurs er avsett til å hente inn midlar, koordinere dei ulike programma og følgje opp handlingsplan for internasjonalisering i vidaregåande opplæring.

3.3 Anna ressursbruk

I tillegg kjem fylkeskommunen si deltaking i ulike prosjekt, til dømes som partner eller prosjekteigar, der det er eit internasjonalt perspektiv. Slike prosjekt har ikkje eigen stillingsressursar og vert i hovudsak organisert gjennom sektorane. Dei er såleis ikkje knytt direkte til dei nemnte tenesteområda med tilhøyrande budsjett. Denne typen prosjektarbeid får difor berre ein kort omtale fordelt etter sektor, og vert ikkje omfatta av utgreiinga med tanke på innsparingspotensiale.

4.0 Problemstillingane i mandatet - oversikt

4.1 Medlemskap i internasjonale organisasjonar

Conference of Perhiperal Maritime Regions (CPMR)

Conference of Perhiperal Maritime Regions, CPMR, er ein medlemsorganisasjon for maritime utkantregionar i Europa. CPMR har medlemar frå 160 regionar frå 28 land, og har stor innverknad på politikkkutforminga i EU når det gjeld maritime spørsmål. Sogn og Fjordane har ikkje vore politisk aktive i CPMR siste åra, men administrasjonen har delteke på dei årlege generalforsamlingane.

Nordsjøkommisjonen (NSC)

Nordsjøkommisjonen består av 35 regionar frå åtte land. Kommisjonen søker å påverke politikkkutforminga i EU og EØS, mellom anna i samband med Nordsjøstrategien 2020, og frontar særleg interessene til dei maritime regionane inn mot ulike EU-organ. Erfaringsutveksling, felles idéutvikling og konkrete samarbeidsprosjekt er andre viktige sider ved arbeidet. NSC består av fem tematiske undergrupper; Marine Resources, Innovation and Education, Sustainable Development, Culture and Tourism og Transport. Dette er politiske interesseorganisasjonar og møteplassar for europeiske regionale styresmaktar. Sidan 2012 har Sogn og Fjordane delteke med ein politisk representant i to av dei fem tematiske gruppene i NSC; Innovation and Education og Marine Resources. I same periode har ein fagperson frå administrasjonen delteke i gruppa Marine Resources.

Euromontana

Euromontana arbeider med distrikts- og næringspolitiske saker, der felles landbrukspolitikk, europeisk samarbeid, berekraftig reiseliv og fornybar energi er døme på viktige satsingar. Fylkesordføraren er vald inn som styremedlem i Euromontana fram til 2016, og vert følgt opp av ein fagressurs frå administrasjonen i dette arbeidet. I 2014 har organisasjonen hatt mest fokus på tema landbruk. Saman med alliansepartar har ein fått gjennomslag i EU for eit regelverk som beskyttar fjellprodukt som omgrep knytt til marknadsføring av mat. Tanken er at nisjeproducentar skal kunne ta ut høgare pris på grunnlag av dokumentert kvalitet og positive assosiasjonar til reint miljø og

miljøvennleg produksjon. Gjennom Euromontana har fylkesordføraren òg hatt eit særleg ansvar for tema ungdom. I samarbeid med Ungt Entreprenørskap i Sogn og Fjordane er det sett i gang samarbeidsprosjekt både i Bulgaria og i Romania gjennom EØS-finansieringsordninga.

NORA

NORA er ein mellomstatleg organisasjon under Nordisk Ministerråd sitt regionalpolitiske samarbeidsprogram. Organisasjonen består av Grønland, Island, Færøyene og Kyst- Norge (dei ni kystfylka frå Finnmark til Rogaland). NORA skal bidra til å styrke samarbeidet i regionen for å gjere Nord-Atlanteren til ein kraftfull nordisk region, kjenneteikna av ei sterk, beredyktig økonomisk utvikling. Dette skjer mellom anna ved å styrke samarbeidet mellom økonomisk verksemd og forskings- og utviklingsorganisasjonar på tvers av landegrensene. Frå 2012 har Sogn og Fjordane fylkeskommune hatt sekretariatsfunksjonen på vegne av Vestlandet inn mot NORA, då det i regelen er Vestlandsrådet som er medlem i organisasjonen. Arbeidet knytt til sekretariatsfunksjonen består i hovudsak i å vidareformidle informasjon og å gjere vurderingar av prosjektsøknader som kjem to gongar i året.

Vest-Noregs Brüsselkontor (VNB)

Vest-Noregs Brüsselkontor er ein støttespelar for fylkeskommunen ved at kontoret arbeider for å fremje regionen sine interesser, styrke kontakten og samarbeidet med andre europeiske regionar, finne partnarar til prosjekt og samarbeid, hente heim relevant informasjon og lærdom samt å auke regionen si deltaking i EU-program og –prosjekt. Meir konkret opnar regionkontora dører for næringsliv, kultur, opplæring og utveksling til Europa. VNB og tilsvarande kontor for heile Europa jobbar for å auke regionane sin påverknad og medverknad i EU. I tillegg til fylkeskommunen er det fem medlemskommunar frå Sogn og Fjordane i VNB. Desse er Balestrand, Fjaler, Gloppen, Høyanger og Jølster. VNB har jamn og personleg oppfølging av fylkeskontaktane. To gongar i året arrangerer VNB ressursforum/medlemsmøte for fylkeskommunane og kommunane. Dette er ein arena for idé- og erfaringsutveksling og nettverksbygging, samt koordinering av internasjonalt arbeid mellom medlemene og VNB.

Vestlandsrådet

Vestlandsrådet vart etablert i 2003 av dei fire fylkeskommunane på Vestlandet, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det er eit politisk samarbeidsråd for fylkeskommunane på Vestlandet. Eit hovudmål for Vestlandsrådet er å styrkje landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt. Sogn og Fjordane fylkeskommune er gjennom Vestlandsrådet med i ei internasjonal gruppe på tvers av vestlandsfylka. Internasjonal gruppe skal møtast jamleg og jobbe tett saman, til dømes mot VNB, NSC og CPMR. Regionane i Europa gjennomfører i aukande grad utviklingsoppgåver saman på tvers av landegrenser gjennom europeiske program, og Vestlandsrådet skal vere aktiv i dette arbeidet.

Interreg

Interreg-programma er ein innfallsvinkel til å engasjere seg i EU sin regionalpolitikk. Denne type program er ei kjelde til prosjektfinansiering. Deltaking kan gje viktige internasjonale erfaringar, nye impulsar, bidra til nettverksbygging og auka kompetanse – inkludert kjennskap til andre program og finansieringskjelder som er relevante for norske kommunar og fylkeskommunar. Politikarar på regionalt nivå får mulegheit til å treffe dei som er med på å utforme EU-politikk og etablere eigne internasjonale nettverk.

4.2 Ressursbruk og aktivitetar- fordelt etter sektor

Plan- og samfunnsavdelinga

Fylkeskommunen hadde ein 100 % stillingsressurs som internasjonal koordinator. Stillinga vart kopla til andre oppgåver og utgjorde om lag ei 50 % stilling ut 2013. Denne ordninga er ikkje vidareført, men Plan- og samfunnsavdelinga har likevel det interne koordinerande ansvaret i fylkeskommunen, og nyttar ein fagressurs på om lag 20 % til dette. Reisekostnadar knytt til denne rolla er på om lag

25 000 kroner i året. I tillegg er leiar av avdelinga Vestlandsrådet sin representant i NORA, og har i 2014/2015 nytta omlag 10 % av arbeidstida til oppfølging av sekretariatoppgåver, av di han har vore ein del av AU i NORA. Utgifter til reiser og opphald i samband med funksjonen vert dekkja av NORA. Plan- og samfunnsavdelinga har i dag ingen internasjonalt retta prosjekt, men har prioritert intern koordinering av internasjonal tverrfagleg gruppe samt oppfølging av eksterne samarbeidspartar i dei ulike organisasjonane.

Kulturavdelinga

Det er ingen stillingsressurs kopla direkte til internasjonalt arbeid i kultursektoren, men medarbeidarar nyttar nødvendig tid til å knyte og halde ved like internasjonale kontaktar og nettverk, og til å følgje opp internasjonale prosjekt. Slike oppgåver vert til ei kvar tid vurderte opp mot andre prioriterte gjeremål. Av internasjonale prosjekt den seinare tid bør EØS-prosjektet «HOME: Heritage of my Environment» nemnast. Dette er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Vågsøy og Eid kommunar samt ulike partnerar i Polen. Målet med prosjektet er å styrke lokal kulturminneforvaltning ved å betre rettleiarar og rådgjevingsmaterieil for kulturminneplanarbeidet i kommunane. Eit anna prosjekt er «Coast Alive», som vart avslutta i 2013. Der var målet å utvikle strategiar og framgangsmåtar for å få fleire til å bruke lokale stiar og utandørs fasilitetar til rekreasjon og trening. Reisekostnadar knytt til desse prosjekta vert dekkja gjennom den eksterne prosjektfinansieringa.

Næringsavdelinga

Næringsavdelinga har ingen eigen stillingsressurs til internasjonalt arbeid, men samla tidsbruk på avdelinga svarer om lag til eit halvt årsverk. Aktivitetane er avgrensa til deltaking i dei faste organisasjonane og internasjonale programma, samt opplæring og kompetanseheving om internasjonale tilhøve. Fagressursar frå næringsavdelinga engasjerer seg i den marine ressursgruppa i NSC og støttar fylkesordføraren i hennar arbeid i Euromontana. I styrevervet har fylkesordføraren teke eit særleg ansvar for satsing på ungdom, og engasjerer seg i ulikt påverknadsarbeid, til dømes reglane for statsstøtte og forhandlingane om TTIP og TISA. Reisekostnadar for dei administrative fagressursane går frå tenesteområde 7157 og ligg på om lag 50 000 kr i året, medan dei politiske representantane har eige reisebudsjett.

I tillegg brukar avdelinga om lag eit halvt årsverk på kurs og avklaringar om statstøtteregelverket, noko som bidreg til å heve den internasjonale kompetansen. Mykje av arbeidet med næringsutvikling er internasjonalt retta. Til dømes er fylkeskommunen medeigar i Fjord Norge AS og Innovasjon Norge, der rolla som eigar og oppdragsgjevar krev at fylkeskommunen har internasjonal kunnskap. Gjennom Ungt Entreprenørskap er avdelinga involvert i to prosjekt saman med internasjonale partnerar, og to prosjekt er under utvikling knytt til gjennomføring av verdiskapingsplanen. Desse satsingane vert dekkja av avdelinga sine eigne budsjett eller har ekstern finansiering.

Mesteparten av tida brukt på internasjonalt arbeid går med til å hevde fylket sine interesser i organisasjonane og oppfølging av dei politiske representantane. Næringsavdelinga har difor ikkje prioritert eigne prosjektaktivitetar ut over dei nemnte.

Opplæringsavdelinga

Det er sett av ein 100 % stillingsressurs hjå fylkesdirektør for opplæring som rådgjevar for ungdom og internasjonalisering. I tillegg er det eit budsjett på kr. 540 000 til drift av stillinga, prosjektutvikling og eigendelar i dei ulike utvekslingsprosjekta i den vidaregåande opplæringa. Av desse vart 240 000 overført frå tenesteområde 7157 i 2011. I 2014 vart det tildelt 183 773 euro (ca. 1,5 million kroner) i hovudfinansiering, henta frå EU programmet ERASMUS + (tidlegare Leonardo da Vinci). Midlane vert nytta til aktivitetar og ikkje løn eller andre administrative kostnader. Dette er rekna som eigendel i programmet.

Ansvarsområda til rådgjevaren omfattar sakshandsaming, planarbeid, koordinering av aktivitetar, utvikling av prosjekt, skriving av søknadar og rapportar, kompetansebygging og nettverksutvikling, opptre som kontaktperson for finansieringsprogramma for ungdom og opplæring (ERASMUS+, NORDPLUS, Aktiv Ungdom, Fredskorpset, Vennskap Nord Sør, Gjør Det, Troll), representere fylkesdirektøren i Ungt Entreprenørskap sitt styre samt tilby rådgjeving og hjelp til skular, opplæringskontor, kommunar, lag og organisasjonar og ungdommar.

I samband med oppdatering av handlingsplan for internasjonalisering av vidaregåande opplæring vart det laga ei fullstendig oversikt over status og utviklinga innan internasjonale aktivitetar i perioden 2000 til 2013 (politisk sak 5/2014-vedlegg 4). Seks av skulane har sagt at dei nytta eigen ressurs knytt opp imot internasjonale aktivitetar. På fire skular er dette ein ressurs på 10 %, på to skular er det 15 %. Skular som nyttar egne ressursar har best resultat på tal involverte elevar og eksternfinansiering. Eit av opplæringskontora sette i 2014 av ein eigen ressurs til arbeidet, dette var ei mindre prosjektstilling. Aktiviteten er i stor grad prega av friviljug arbeid. I alle prosjekta legg involverte leiarar, lærarar og lærlingansvarlege ned mykje tid som dei ikkje får ein økonomisk kompensasjon for. Dei får dekka kostnader til reiser, opphald og mat gjennom egne avtalar med skulane. I undersøkinga seier skulane at dei i perioden 2011 til 2013 nytta omtrent 2,7 millionar i egne midlar eller bidrag frå opplæringskontor og bedrifter.

Rådgjevaren som er tilknytt fylkesdirektør for opplæring deltek ikkje i egne internasjonale prosjekt, då hovudaktiviteten er konsentrert om å rådgje og koordinere aktivitetar retta mot brukarane (skular, opplæringskontor og bedrifter). Undersøkinga frå 2013 syner at Sogn og Fjordane har teke ei leiande rolle nasjonalt, målt i kroner per innbyggjar, innanfor prosjekt finansiert av EU sitt ERASMUS+ program. Dette har blitt oppnådd ved å koordinere aktivitet og søknadar.

Nedanfor følgjer ei oversikt over prosjektaktiviteten i dei vidaregåande skulane og ved skulekontora:

- ∞ Fire opplæringskontor og åtte skular deltek i prosjekt retta mot fagopplæringa, koordinert av fylkesdirektøren.
- ∞ Fire skular har samarbeid med land i sør (Malawi, Zambia, Uganda og Sør Afrika). Prosjekta vert i stor grad styrt av elevgrupper eller ungdomsbedrifter og eigen koordinator på skulen og dekkjer både kompetansemål i læreplanverket og i lokalt planverk. Noko stønad vert gitt til utgifter for vidareutvikling av prosjekta, som ikkje vert støtta av eksterne finansieringskjelder.
- ∞ Eit årleg varierende tal skular er med på samarbeid med skular i Europa, i mange tilfelle vert prosjekta styrt av partnarar i utlandet. Tal deltakarar varierer årleg. Finansieringskjeldene for desse prosjekta er stort sett NORDPLUS, ERASMUS+, TROLL og Gjør Det.
- ∞ Skulane møter no utfordringar for prosjekt som ikkje er retta mot fagopplæring. Dette sidan EU sitt ERASMUS + program vert mest konsentrert om fagopplæring for å auke gjennomføring og redusere fråfall og arbeidsløyse.
- ∞ I 2014/2015 er 7 ungdomsbedrifter involvert i internasjonale samarbeid gjennom Ungt Entreprenørskap (UE) si satsing Enterprise Without Borders. I UE sitt formål står det: «Stimulere til samarbeid over landegrensene». Dette er elevstyrte aktivitetar med støtte ifrå lærar.
- ∞ Alle skulane arrangerer Operasjon Dagsverk eller Internasjonal dag / Solidaritetsdag. Dette er i hovudsak elevstyrte aktivitetar med støtte frå lærar.

4.3 Intern koordinering av arbeidet

Koordineringsansvaret internt i fylkeskommunen når det gjeld internasjonalt arbeid ligg hos ein fagressurs på plan- og samfunnsavdelinga, som brukar om lag 20 % av tida si til dette og andre oppgåver. Gjeremål knytt til denne funksjonen er å administrere den tverrfaglege internasjonale gruppa i fylkeskommunen, ta i mot og vidaresende internt relevant informasjon frå

medlemsorganisasjonane, koordinere eventuelle høyrings svar eller fråsegner til politiske saker og bidra til konkrete prosjekt eller arrangement i regi av fylkeskommunen.

Utover medlemsavgifter og kostnader forbunde med det internasjonale engasjementet skal budsjettet på kr. 660 000 nyttast til kompetansehevingstiltak og støtte til dei politiske representantane i viktige saker. Særleg «søkarkompetanse» i høve dei ulike EU/EØS-finansieringsordningane har det vore eit uttalt behov for, i tillegg til eigne rutinar for informasjonsdeling og oppfølging av dei politiske representantane. Situasjonen med reduserte personalressursar på plan- og samfunnsavdelinga har likevel gjort det vanskeleg å prioritere og gjennomføre slike tiltak.

4.4 Oppfølging av eksterne samarbeidspartar

Gjennom sitt tenestetilbod og rolla som regional utviklingsaktør skal fylkeskommunen legge til rette for ei god samfunnsutvikling i Sogn og Fjordane, i samspel med kommunar, næringsliv, organisasjonar og andre. Samfunnsutviklinga i distrikta vert i stor grad påverka av det omfattande norske samarbeidet med EU og tilknyttinga gjennom EØS-avtalen. Eit døme er regelverket for offentlege innkjøp og ulike reguleringar innanfor internasjonal handel. Dette gjev både mulegheiter og avgrensingar for fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar, men òg for det regionale næringslivet og kommunane. For å kunne følgje opp kommunar, næringsliv og andre eksterne samarbeidspartar har ein difor lagt vekt på at fylkeskommunen skal vere internasjonalt orientert i sitt arbeid, delta på ein internasjonal arena og vere oppdatert på EU-saker av relevans for regionen.

I tillegg har fylkeskommunen ei utvida rolle som støttespelar på område der mange kommunar ikkje har ressursar til å bygge opp eigen kompetanse og tiltaksapparat. Internasjonalt samarbeid, finansieringsmulegheiter, kompetanse om EU og EØS-avtalen (til dømes reglane for statsstøtte og offentlege innkjøp) og korleis dette påverkar rammevilkåra til kommunar og næringsliv er døme på område der fylkeskommunen kan gje rettleiing.

Oppfølginga av dei internasjonale samarbeidspartane skal i hovudsak skje gjennom engasjementet i dei ulike medlemsorganisasjonane eller konkrete prosjekt, der fagressursar frå sektorane og den vidaregåande opplæringa etablerer og utviklar eigne nettverk og relasjonar. Vidare opptreir internasjonal koordinator på plan- og samfunnsavdelinga som samlande kontaktperson for mellom anna VNB, Vestlandsrådet si internasjonale gruppe og sekretariatet i NORA. Denne rolla har ein òg måtta nedprioritert på grunn av manglande kapasitet. Særleg sekretariatsfunksjonen for Vestlandsrådet inn mot NORA har vore prega av dette.

5.0 Problemstillingane i mandatet - drøfting

I høve vedtakinga av internasjonal strategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2014-2017 vart det gjennomført ei evaluering av arbeidet i perioden 2010-2012. Denne konkluderte med at det var viktig å delta på sentrale samlingspunkt, men at fylkeskommunen ikkje hadde ressursar til å vere den mest aktive i dei internasjonale organisasjonane. Samstundes har ein fjerna ein stillingsressurs til koordinering av arbeidet (stillinga står vakant), og redusert budsjettet frå 1,0 mill. kr i 2009 til 0,660 i 2015. Samstundes heiter det i den nye strategien at fylkeskommunen skal drive målretta internasjonalt arbeid gjennom engasjement, påverknad og å hente inn kunnskap.

Dette er bakteppet for dagens situasjon i det internasjonale arbeidet, jamfør utgreiinga ovanfor:

- ∞ Både den administrative og den politiske aktiviteten på dei faste internasjonale møteplassane er redusert, med unntak av dei møteplassane der ressurspersonar i sektorane engasjerer seg og tek ansvar for å følgje opp politiske representantar.

- ∞ I fråveret av ein eigen stillingsressurs til koordinering av det internasjonale arbeidet fungerer den tverrfaglege gruppa og den interne samhandlinga på eit minimumsnivå. Dette fører med seg manglande oversikt og usikkerheit knytt til om det samla internasjonale arbeidet i fylkeskommunen faktisk er i tråd med den vedtekne strategien.
- ∞ Fagressursen som no har koordineringsansvar utfører desse oppgåvene i tillegg til sin fulltidsjobb på plan- og samfunnsavdelinga, noko som ikkje er ei tenleg løysing på sikt.
- ∞ Det er framleis noko prosjektaktivitet i sektorane, som i hovudsak vert planlagt og gjennomført av fagressursar ved behov.
- ∞ Manglande kapasitet på plan- og samfunnsavdelinga gjer at det er mindre fokus på oppfølging av kommunane og den regionale koordineringsrolla.
- ∞ Ein har manglande kapasitet til å følgje opp eksterne samarbeidspartar, med unntak av relasjonsbygginga, samhandlinga og kommunikasjonen som skjer i høve konkrete prosjekt, då først og fremst i sektorane.
- ∞ Det er framleis høg prosjektaktivitet og omfattande ekstern finansiering innanfor vidaregåande opplæring.

Nedanfor følgjer ei vurdering av tenesteområda sett i lys av grunnprinsippa for *SFJ 2019*:

1. Kvalitet i alle vidareførte oppgåver

Det internasjonale engasjementet er gradvis blitt lågare dei siste åra, parallelt med reduserte budsjett og manglande stillingsressursar. Arbeidet held seg no på eit minimumsnivå, med unntak der administrative eller politiske representantar har eit særleg ansvar i dei internasjonale organisasjonane. Dette kan føre til at kvaliteten på oppgåvene varierer. Det internasjonale arbeidet som eventuelt skal vidareførast må difor vere gjenstand for ei grundig evaluering, prioritering, kvalitetssikring – og kanskje omorganisering.

2. Tydeleg oppgåve- og ansvarsdeling

Vurderingar knytt til oppgåve- og ansvarsdeling mellom aktørar i den regionale partnerskapen er omtala under pkt. 4. Situasjonen internt i fylkeskommunen er at koordinatorfunksjonen i praksis er svært redusert, og ein er difor avhengig av at fagpersonane ute i sektorane tek mykje ansvar for arbeidet i organisasjonane og i konkrete prosjekt. I dei ulike avdelingane sit folk med årelang erfaring frå internasjonalt arbeid og eigne fagnettverk, så dette er i utgangspunktet ei rasjonell og truleg ønskeleg arbeidsfordeling. Der er likevel nokre utfordringar knytt til dette. For det første, utan ein person med overordna ansvar for det internasjonale arbeidet, er det vanskeleg å kontrollere om fylkeskommunen sitt samla internasjonale arbeid er i tråd med den vedtekne strategien. For det andre er det vanskelegare å oppnå gevinstane ved god samordning utan ein koordineringsfunksjon. Døme på oppgåver som fell utanfor ansvarsområda til sektorane er tiltak for kompetanseheving, organisering av større tverrfaglege prosjekt, intern samordning og oppfølging av eksterne samarbeidspartar. Ved eventuelle kutt i det internasjonale budsjettet må ansvaret for desse oppgåvene difor fordelast i organisasjonen på annan måte.

3. Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar

Funksjonelle bu- og arbeidsmarknader er eit vilkår for ei god regional samfunnsutvikling, og fylkeskommunen har behov for eit relevant, oppdatert og faktabasert kunnskapsgrunnlag for å kunne bidra til dette. Samstundes møter ein stadig krav til omstillingsevne i måten å løyse denne oppgåva. Koplinga mellom eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og behovet for omstilling byr på mulegheiter for å utvikle nye og smartare måtar å drive planprosessar for regional samfunnsutvikling. Bu- og arbeidsmarknader og det regionale utviklingsperspektivet er eit viktig tema også i internasjonal samanheng – ein snakkar ofte om eit Europa av regionar – og fleire nettverk og finansieringsprogram har eit særleg fokus på nettopp dette. Eit internasjonalt engasjement frå fylkeskommunen si side vil

såleis kunne oppdatere og styrke kunnskapsgrunnlaget som trengs for å drive målretta og god samfunnsutvikling gjennom sterke bu- og arbeidsmarknadsregionar.

4. Tydeleg rolle i den regionale partnerskapen

Fylkeskommunen har ikkje tatt ei tydeleg rolle i partnerskapen for å drive fram eit sterkt internasjonalt arbeid i fylket. Særleg overfor kommunane kunne ein teke ei meir samordnande rolle. Arbeidet er i stor grad prosjektretta, der ulike aktørar er deltakarar, men då på lik line i høve eigen prioritering og ressursbruk. I konkrete prosjekt har fylkeskommunen tatt ei tydeleg koordinerande og leiande rolle, på vegne av andre aktørar i fylket.

5. Langsiktige avgjerder

På lang sikt vil det truleg svare seg å oppretthalde eit visst aktivitetsnivå på den internasjonale arena. Økonomisk i form av ekstern prosjektfinansiering, administrativt i form av internasjonal kompetanse i organisasjonen og politisk i form av nettverk og mulegheiter for medverknad i prosessar som er viktige for regionen. Ei ytterlegare nedbygging av dette arbeidet kan føre til at fylkeskommunen må gå vegen om nasjonale kanalar for å få den same påverknaden i EU/EØS-systemet, men med avgrensa mulegheit til å etablere og vedlikehalde eigne nettverk.

6. Alternative finansieringskjelder

EU- og EØS-systemet har eit stort potensiale for prosjektfinansiering, til dømes EU sitt program Horisont 2020. Med unntak av vidaregåande opplæring og enkelte satsingar i sektorane, har ein ikkje nokon stor internasjonal prosjektportefølje i fylkeskommunen i dag. Omfattande kutt i det internasjonale arbeidet vil truleg avskjere fylkeskommunen frå fleire av finansieringsordningane, då ein er avhengig av internasjonale partnarar og nettverk for å kunne søke. For å kunne hente inn ein større del av slike midlar enn det ein gjer i dag, må vi først og fremst auke «sørkarkompetansen» internt, men òg truleg setje av meir tid og ressursar til internasjonale prosjekt.

6.0 Innsparingspotensiale og konsekvensar

Nedanfor følgjer ei oversikt over dei mest omfattande alternativa for innsparing av administrative og økonomiske ressursar, samt ei vurdering av konsekvensane dei ulike alternativa kan få:

Alternativ 1: 100 % stillingsressurs og kr 1 200 000

Tenesteområde	Innsparing stillingsressurs	Innsparing budsjett
7157	0 %	660 000,-
5201	100%	540 000,-
Totalt	100%	1 200 000,-

Dette er det mest omfattande alternativet, og inneber at alt strategisk internasjonalt arbeid i fylkeskommunen vert lagt ned. Ein kan framleis halde oppe aktivitet som ikkje krev økonomiske verkemiddel, til dømes informasjonsdeling og rettleiing, dersom ein fordeler oppgåver og ansvar for dette i organisasjonen. Sektorane sin eventuelle prosjektaktivitet må då finne budsjettdekning frå dei relevante tenesteområda. Innanfor vidaregåande opplæring vil ein truleg få ein stor reduksjon i stønaden frå eksterne finansieringsprogram, som vanlegvis ligg mellom 1,3 og 2 millionar kroner årleg. Internasjonal aktivitet retta mot fagopplæringa kan verte redusert med mellom 80 og 100 %. I sentraladministrasjonen er den internasjonale aktiviteten allereie redusert i høve ambisjonsnivået i den vedtekne strategien. Konsekvensen av å kutte resten av budsjettet vert mellom anna at fylkeskommunen misser «inngangsbiljetten» til viktige internasjonale møteplassar og organisasjonar, noko som vil gjere det vanskeleg å oppretthalde nettverk, drive påverknad og hente inn kunnskap.

Alternativ 2: kr 660 000

Tenesteområde	Innsparing stillingsressurs	Innsparing budsjett
7157	0 %	660 000,-
5201	0 %	0,-
Totalt	0 %	660 000,-

Dette alternativet inneber ei nedprioritering av intern og ekstern koordinering av det internasjonale arbeidet, kompetanseheving i organisasjonen og mobilisering av dei politiske representantane. I tillegg betyr det ei avvikling av vårt engasjement på internasjonale møteplassar, då fylkeskommunen må melde seg ut av dei internasjonale organisasjonane. Dette vil gjere det vanskeleg å oppretthalde nettverk, drive påverknad og hente inn kunnskap. Som for alternativ 1 kan ein framleis oppretthalde aktivitet som ikkje krev økonomiske verkemiddel, til dømes intern informasjonsdeling og rettleiing, dersom ein fordeler oppgåver og ansvar for dette i organisasjonen. Sektorane sin eventuelle prosjektaktivitet må då finne budsjettdekning frå dei relevante tenesteområda. Samstundes inneber alternativ 2 at ein held fram med dagens ressursnivå og aktivitetar innanfor internasjonalisering i vidaregåande opplæring. Ein vil då framleis kunne løyse ut ekstern finansiering til internasjonale prosjekt både innanfor studiespesialiseringa og i fagopplæringa.

Alternativ 3: kr 540 000

Tenesteområde	Innsparing stillingsressurs	Innsparing budsjett
7157	0 %	0,-
5201	0 %	540 000,-
Totalt	0 %	540 000,-

Alternativet inneber at arbeidet innanfor vidaregåande opplæring vert avgrensa til at rådgjevaren fungerer som ein koordinator, mellom anna ved å hjelpe skulane og skulekontora med søknadar og rettleiing, men den eksterne prosjektfinansieringa vert truleg redusert då ein ikkje lenger har midlar til drift av stillinga, prosjektutvikling og eigendelar i dei ulike prosjekta. Alternativet betyr derimot at ein held oppe dagens ressursnivå og aktivitetar i det internasjonale arbeidet i sentraladministrasjonen. Det kan likevel vere eit behov for evaluering, prioritering, kvalitetssikring og omorganisering av arbeidet, mellom anna for å auke «søkarkompetansen» og slik hente inn meir eksterne midlar, frigjere meir tid til internasjonale prosjekt og tydeleggjere oppgave- og ansvarsfordelinga.

Alternativ 4: 100% stillingsressurs

Tenesteområde	Innsparing stillingsressurs	Innsparing budsjett
7157	0 %	0,-
5201	100 %	0,-
Totalt	0 %	0,-

Dette alternativet inneber at ein ikkje opprettheld rådgjevarstillinga for internasjonalisering i vidaregåande opplæring. Midlane til prosjektutvikling og eigendelar i dei ulike utvekslingsprosjekta kan truleg fordelast på skulane som er engasjert internasjonalt, men då fell også alt arbeidet med å skaffe ekstern prosjektfinansiering på skulane bort. Nokon vil kanskje vidareføre sitt internasjonale engasjement utan rådgjeving, medan andre er meir avhengig av mobilisering og støtte. Samstundes betyr dette alternativet at ein held oppe dagens ressursnivå og aktivitetar i det internasjonale arbeidet i sentraladministrasjonen. Det kan likevel vere eit behov for evaluering, prioritering, kvalitetssikring og omorganisering av arbeidet, mellom anna for å auke «søkarkompetansen» og slik hente inn meir eksterne midlar, frigjere meir tid til internasjonale prosjekt og tydeleggjere oppgave- og ansvarsfordelinga.

Alternativ 5: Heilskapleg politisk vurdering

Tenesteområde	Innsparing stillingsressurs	Innsparing budsjett
7157	0 %	660 000,-
5201	100 %	540 000,-
Totalt	100 %	1 200 000,-

Dette alternativet inneber at ein må vurdere sentraladministrasjonen sitt internasjonale arbeid og satsinga i den vidaregåande opplæringa under eitt, for å prioritere kva for ein skilde aktivitetar, prosjekt og organisasjonsarbeid som skal vidareførast og eventuelt leggjast ned. Det må først gjerast ei evaluering av arbeidet med utgangspunkt i den internasjonale strategien for 2014-2017 og handlingsplanen for internasjonalisering i den vidaregåande opplæringa. Basert på denne kan ein gjere den økonomiske prioriteringa og samstundes vurdere ulike tiltak for meir effektiv ressursbruk og organisering. Døme på avvegingar som bør inngå i prosessen:

- ∞ Nytteverdien av deltaking i dei ulike organisasjonane
- ∞ Behovet for kompetanseheving i organisasjonen
- ∞ Innsparing ved meir samordning og samarbeid med dei andre vestlandfylka
- ∞ Innsparing ved meir samordning mellom administrasjonen og den vidaregåande opplæring

7.0 Samordning og kompenserande tiltak

Uavhengig av om det internasjonale arbeidet vert gjenstand for innsparing eller ikkje er der nokre openberre forbetringstiltak som kan og bør bli gjennomført:

- ∞ Det ideelle må vere at alle fagmedarbeidarar i sektorane med ansvar for utviklingsarbeid har ei internasjonal kontakflate og har «søkarkompetanse» for ekstern prosjektfinansiering. Eit kompenserande tiltak for eventuelle kutt i koordineringsfunksjonen kan difor vere å satse meir på nettverk og kompetanseheving i sektorane.
- ∞ Det administrative og det politiske miljøet treng ei felles forståing for vilkåra for regional samfunnsutvikling. Det er nødvendig med kunnskap om korleis politikken og regelverket som påverkar regionen vert utvikla, og fylkeskommunen sitt internasjonale arbeid bidreg til å skaffe slik kunnskap. Ein mogleg samordningsvinst vil vere å jobbe målretta med ei slik felles forståing av internasjonal politikk og korleis den påverkar oss, til dømes ved å kople dette opp mot arbeidet med regional planstrategi.
- ∞ Ved eventuelle kutt i budsjettet, og særleg i koordineringsfunksjonen, bør vi kompensere for dette ved å fordele ansvaret for kompetanseheving, organisering av større tverrfaglege prosjekt, intern samordning og oppfølging av eksterne samarbeidspartar i sektorane.
- ∞ Satsinga på internasjonalisering i den vidaregåande skulen har alt eit godt etablert samarbeid med næringslivet og andre regionale aktørar. Fleire prosjekt har ført til konkrete og gode resultat, til dømes der reiselivsbedrifter i fylket får full faglært bemanning i sesongen på grunn av rekruttering gjennom utvekslingsprogramma. Ein kan få til ein samordningsgevinst ved å styrke og vidareutvikle denne satsinga, som ein kanal for rekruttering og integrering av framtidige arbeidsinnvandrar til fylket. Dette vil gagne fleire føremål i fylkeskommunen sitt arbeid med regional utvikling.

8.0 Konklusjon

Innanfor tenesteområde 5157, den internasjonale satsinga i sentraladministrasjonen, er aktiviteten med nokre unntak allereie på eit minimumsnivå. Ytterlegare kutt i budsjettet vil truleg medføre at ein ikkje lenger kan arbeide strategisk og målretta på ein internasjonal arena. Sjølv med uendra budsjett

bør vi gjennomføre ei evaluering, prioritering, kvalitetssikring – og mogleg omorganisering av arbeidet.

Innanfor tenesteområde 5201, internasjonalisering i den vidaregåande opplæringa, er det mykje aktivitet og høg grad av ekstern prosjektfinansiering. Kutt i budsjetta vil truleg ikkje fjerne alt internasjonalt engasjement ute i opplæringsinstitusjonane, men vil føre til redusert prosjektfinansiering. Dei gode resultatane innanfor vidaregåande opplæring bør kunne brukast til å styrke det andre utviklingsarbeidet til fylkeskommunen.

SFJ 2019

Utgreiing nr. 59 – Klima og miljø

Tenesteområde 7163

*Fylkesdirektør for Plan og samfunn
Sogn og Fjordane fylkeskommune, april 2015*

Innhald

Tenestoområde 7163	1
1.0 Mandat for utgreiinga	3
2.0 Bakgrunn – om tenestoområdet	3
3.0 Problemstillingane i mandatet - oversikt	5
3.1 Ressursbruk og aktivitetar – fordelt etter sektor	5
3.2 Tilskotsordningar	7
3.3 Utviklingsavtalar med eksterne samarbeidspartar	7
3.4 Intern koordinering av arbeidet	7
3.5 Oppfølging av eksterne samarbeidspartar	8
4.0 Problemstillingane i mandatet - drøfting	8
5.0 Innsparingspotensiale og konsekvensar.....	10
Alternativ 1: Innsparing av 100 % stillingsressurs og kr 900 000	10
Alternativ 2: Innsparing kr 900 000	10
Alternativ 3: Innsparing 100 % stillingsressurs.....	10
Alternativ 4: Delvis innsparing gjennom heilskapleg politisk vurdering	11
6.0 Samordning og kompensierende tiltak	11
7.0 Konklusjon	11

1.0 Mandat for utgreiinga

Utgreiinga skal gje ei oversikt over arbeidet med klima og miljø i Sogn og Fjordane fylkeskommune, tenesteområde 7163.

Totalbudsjettet for tenesteområdet er på kr. 1 900 000. Av dette er kr. 900 000 fylkeskommunale driftsmidlar. Innsparingspotensialet er såleis på kr. 900 000. For å gje eit fullstendig bilete av klima- og miljøarbeidet er likevel heile tenesteområdet teke med i utgreiinga.

Mandatet nemner følgjande aktuelle problemstillingar:

- ∞ Ressursbruk - stillingsressursar og eventuelt andre medarbeidarar sin tidsbruk
- ∞ Aktivitetar - eigne prosjekt samt utgifter og tidsbruk knytt til dette
- ∞ Tilskotsordningar og utviklingsavtalar med eksterne samarbeidspartar
- ∞ Intern oppfølging og koordinering av klima- og miljøarbeid
- ∞ Oppfølging av eksterne aktørar og samarbeidspartar

Vidare vil utgreiinga gje ei oversikt over innsparingspotensiale og moglege konsekvensar ved reduksjon i budsjett, samt ei kort vurdering av eventuelle vinstar ved meir samordning, kompenserande tiltak eller nye arbeidsmåtar.

2.0 Bakgrunn – om tenesteområdet

Fylkesdelplanen for klima og miljø vart vedteken i 2009. Planen gjev ei ramme for korleis regionale styresmakter kan bidra til ei berekraftig samfunnsutvikling i Sogn og Fjordane. Handlingsprogrammet til fylkesdelplanen vart rullert i 2013 og gjeld fram til 2016.

Handlingsprogrammet er ei konkretisering av dei overordna måla i fylkesdelplanen og inneheld tiltak fordelt på tre kategoriar; utsleppsreduksjon, klimatilpassing og ei «sjekklister» for kommunane basert på nasjonale føringar. Fleire av tiltaka rettar seg mot fylkeskommunal drift og verksemd, medan andre tiltak gjeld område som Fylkesmannen, Innovasjon Noreg, Statens Vegvesen, NVE og andre aktørar har ansvaret for.

Fylkeskommunen sitt arbeid med klima og miljø tek utgangspunkt i handlingsprogrammet, og er delt i 5 hovudsatsingsområde:

- ∞ Styrking av friviljuge lag og organisasjonar som driv klima- og miljøarbeid
- ∞ Støtte og rådgi kommunane om korleis drive berekraftig lokalsamfunnsutvikling
- ∞ Vere pådrivar for det grønne skiftet og stimulere til ei berekraftig næringsutvikling
- ∞ Legge til rette for ei miljøvenleg samferdsle i fylket
- ∞ Redusere utslepp frå fylkeskommunal aktivitet og verksemd

I hovudutvalet for plan og næring sitt møte den 17.02.15 vart det lagt fram ein statusrapport for klima- og miljøarbeidet. Utvalet tok rapporten til vitande og gjorde følgjande vedtak, som vert rettleiande for klima- og miljøarbeidet fram til rullering av handlingsprogrammet hausten 2015:

Hovudutvalet ser at det i arbeidet med å rullere handlingsprogrammet hausten 2015 er behov for å få gjennomført ei evaluering av både tiltak og løysingar, gjennomføring og arbeidsmetode, samt mål og samfunnseffektar i klimaarbeidet.

Hovudutvalet ser at det er behov for å greie ut og konkretisere korleis fylkeskommunen kan bidra i omstillinga til eit berekraftig samfunn og samstundes peike på utfordringar og mulegheiter for næringsliv, kommunar og andre aktørar i denne omstillingsprosessen.

Hovudutvalet ber om at det i samband med revidering av handlingsprogrammet kjem konkrete framlegg til korleis fylkeskommunen kan ta ei tydeleg rolle på dei områda fylkeskommunen har makt til å styrke klimaarbeidet. Til dømes ved innkjøp samt anbod på buss, båt og bygg.

Dette gjev følgjande satsingar med tilhøyrande budsjett for klima- og miljøarbeidet i 2015 (i tillegg kjem prosjekt som berre har ekstern finansiering, lista opp nedanfor):

Tema	Aktivitet	Budsjett	Merknad
Koordinering av klima- og miljøarbeidet	Oppfølging av handlingsprogrammet til fylkesdelplan for klima og miljø		Bruk av interntid i oppfølging av arbeidet i sektorane
Samfunnsbyggande organisasjonar og fjerde sektor	Utviklingsavtalar med to friviljuge organisasjonar	200 000	4H og Naturvernforbundet
	Prosjekt: «Møteplass for mangfald»	150 000	Samarbeidsprosjekt med UWC og Ungt Entreprenørskap
Berekraftig lokalsamfunnsutvikling	Prosjekt: «Samhandling for lokal klimaomstilling»	300 000	Samarbeidsprosjekt med FM,KS og VF. Budsjett 300 000 + 3 mill. ekstern finansiering
Det grønne skiftet/ næringsliv	Prosjekt: «Samfunnsansvarleg næringsliv»	100 000	Etablering av klimapartnerskap i samarbeid med ressursgruppa for samfunnsansvarleg næringsliv
	Prosjekt: «Verdinettnettverk fornybar energi – hydrogenteknologi i maritim sektor»	400 000	Forprosjekt i samarbeid med KPSF og Maritim Foreining
	Utviklingsavtale med Ungt Entreprenørskap	50 000	Til gjennomføring av Energi for Framtida, klimapris og andre satsingar innafør klima og miljø
Miljøvenleg samferdsle	Tilskotsordning for ladepunkt	300 000	Tilskotsordning knytt til prosjektet + frie midlar til utlysing.
Klima- og miljøarbeid i fylkeskommunal verksemd	Undervisningspakke om klima for VGS	250 000	Samarbeid med Norsk Bremuseum, 4H og UWC om eit pilotprosjekt på Firda VGS
	Fagsamling om miljøarbeid	150 000	For sentraladministrasjonen og einingane
TOTALT		1 900 000	

I tillegg kjem prosjekt som berre brukar interntid og/eller har ekstern finansiering:

- ∞ Samfunnsbyggande organisasjonar, i samarbeid med Sparebanken Sogn og Fjordane
- ∞ Miljøkonferanse for reiselivsbedrifter, i samarbeid med Lærdal kommune og HiSF
- ∞ Forvaltning i eit endra klima, i samarbeid med Riksantikvaren

- ∞ Matskulen for barn, i samarbeid med 4H, Øyrane VGS og Sogn Jord- og hagebruksskule

3.0 Problemstillingane i mandatet - oversikt

3.1 Ressursbruk og aktivitetar – fordelt etter sektor

Plan- og samfunnsavdelinga

Budsjettet knytt til tenesteområde 7163 er på kr. 1 900 000 for 2015. Av desse er det dei fylkeskommunale driftsmidlane på kr. 900 000 som potensielt kan sparast inn.

Midlane vert nytta til aktivitetar, satsingar, prosjekt, nettverk, tilskotsordningar og samarbeid som bidreg i gjennomføringa av handlingsprogrammet til fylkesdelplanen for klima og miljø, jamfør oversikta med tilhøyrande budsjett ovanfor.

Det er sett av ein 100 % stillingsressurs til koordinering av dette arbeidet og oppfølging av det vedtekne handlingsprogrammet. Kjerneoppgåver for denne rolla er å:

- ∞ Følgje opp tiltaka i handlingsprogrammet samt koordinere intern og ekstern aktivitet
- ∞ Bidra til at utsleppa frå aktivitet i den fylkeskommunale verksemda vert redusert
- ∞ Samarbeide om tiltak for utsleppsreduksjon med andre regionale aktørar, kommunar, lag og organisasjonar samt næringslivet i fylket
- ∞ Styrke kunnskapsgrunnlag og forskning rundt utsleppsreduksjon og klimatilpassing på regionalt og lokalt nivå

Samferdsleavdelinga

Det er ingen stillingsressurs kopla direkte til arbeid med klima og miljø innanfor samferdsle, men medarbeidarar nyttar nødvendig tid, i samarbeid med koordinatoren, til å følgje opp konkrete oppgåver. Til dømes ved planlegging av anbudsutlysing, deltaking i ulike FoU-prosjekt og oppfølging av eksterne samarbeidspartar.

Av FoU-prosjekt som bør nemnast er ein mulegheits- og barrierestudie av miljøteknologi i passasjerbåtar, der klima- og miljøkoordinatoren i Sogn og Fjordane fylkeskommune er prosjektleiar. Føremålet er å kome opp med ei brukarvenleg oversikt og forklaring på kva miljøteknologi som er optimal på dei enkelte båtrotene. Fleire fylkeskommunar deltek, og prosjektet vert fullfinansiert med kr. 500 000 frå Enova. Reisekostnadar knytt til prosjektet vert dekkja gjennom budsjettet for tenesteområde 7163. Ei tilsvarande studie vert gjennomført på ferjer, i regi av Statens Vegvesen og Enova, der fylkeskommunen er med som interessent.

Kulturavdelinga

Kulturavdelinga har ikkje eigne stillingsressursar sett av til arbeid med klima og miljø, men har fleire eigne ansvarsområde der slike omsyn er viktige. Eit døme er plansaker, der ein har eit tverrfagleg samarbeid om konkrete problemstillingar og utforminga av høyringssvar. Eit anna døme er utviklingsarbeid knytt til natur- og kulturarven som verdiskapar, der fylkeskommunen bidreg til ulike aktivitetar i fylket. Elles vert klima- og miljøkoordinatoren kopla på konkrete prosjekt ved behov.

Til dømes prosjektet «Forvaltning i eit endra klima», i regi av Riksantikvaren, der fylkeskommunen deltek saman med prøvekommunen Aurland. Klima- og miljøkoordinatoren og tre fagressursar frå kulturavdelinga sit i prosjektgruppa. Føremålet er å få erfaring og kunnskap i korleis regional kulturminneforvaltning og kommunane bør utvikle si forvaltning av kulturminner og – miljø i eit endra klima. Prosjektet har eit eige budsjett på kr. 270 000, medan fylkeskommunen sine reisekostnadar vert dekkja gjennom tenesteområde 7163.

Opplæringsavdelinga

Ein fagressurs som er knytt til Sogn Jord- og hagebruksskule er utnemnt som kontaktperson i klima- og miljø-satsinga mot dei vidaregåande skulane. Vedkomande nyttar om lag 10 % av tida si til dette arbeidet, som omfattar både haldningsskapande aktivitetar og formidling av klimakunnskap.

Av prosjekt som skal bidra til gode haldningar og vanar blant elevane, trekk vi fram samarbeidet med Sogn Jord- og Hagebruksskule, Dale vidaregåande skule og United World College. Dette er eit pilotprosjekt for auka bruk av økologisk mat i kantine, der ein òg har lagt vekt på folkehelseperspektivet og avfallshandtering.

Når det gjeld klimakunnskap skal fylkeskommunen saman med samarbeidspartane Norsk Bremuseum, 4H og United World College utvikle ein undervisningspakke til bruk i skulane. Firda vidaregåande skule, som nyleg har starta opp ei særleg klimasatsing, vert pilot for utprøving av undervisningspakken.

Begge desse prosjekta vert finansiert gjennom budsjettet til tenesteområde 7163, og i tillegg har ein søkt eksterne midlar hjå Miljødirektoratet/Den naturlege skulesekken på kr. 180 000.

Næringsavdelinga

Næringsavdelinga har ingen eigne stillingsressursar tilknytt arbeidet med klima og miljø, men fagpersonar brukar nødvendig tid, i samarbeid med koordinatoren, på oppfølging av konkrete oppgåver. Døme på tverrfaglege ansvarsområde med klima- og miljøperspektiv er satsinga på berekraftig reiseliv, nettverket for samfunnsansvar i næringslivet, miljøsertifisering av bedrifter og oppfølging av omstillingskommunane. I tillegg har næringsavdelinga eigne ansvarsområde der miljøomsyn er på agenda, til dømes innanfor marin næringsutvikling og fornybar energi.

Det grønne skiftet er ei av hovudsatsingane til fylkeskommunen. Som ein del av dette har ein nyleg starta opp eit prosjekt der ein skal kartlegge potensialet for å etablere eit lokalt nullutslepps-verdinettverk knytt til hydrogen som energibærer. Vi tek utgangspunkt i bruken av hybride framdriftssystem (brenselcelle – og batteriteknologi) i maritim sektor. Ein viktig del av prosjektet vil vere kartlegging av tilgjengeleg og lokal fornybar energi til produksjon av hydrogen. Målet er å skaffe oversikt over aktørar som kan inngå i eit slikt verdinettverk, samt å hjelpe bedriftene til å utvikle konkrete forretningsmulegheiter basert på behovet for eit grønt skifte. Prosjektet vert finansiert frå klima- og miljøbudsjettet, tenesteområde 7163, med ei ramme på kr. 400 000. Klima- og miljøkoordinatoren er prosjektleiar, og samarbeider tett med næringsavdelinga samt eksterne aktørar som Maritim Foreining og Kunnskapsparken SF.

Fylkeskommunal drift

Dei enkelte driftseiningane har ikkje eigne stillingsressursar avsett til klima- og miljøarbeid, men nyttar nødvendig tid til oppfølging av tiltak i handlingsprogrammet. Klima- og miljøkoordinatoren er samarbeidspart eller vert kopl på konkrete prosjekt ved behov.

Døme på slike tverrfaglege samarbeid er kompetanseheving, særleg innanfor miljøstandardar og nye energiløysingar i bygg. Når det gjeld miljøkrav i innkjøp vert større utlysingar kvalitetssikra av koordinatoren. Oppfølging av arbeidet med Miljøfyrtårn er eit anna døme på intern samordning av klima- og miljøarbeidet. Med unntak av ENØK-satsinga i den fylkeskommunale bygningsmassen, som har eige budsjett, dekkjer tenesteområde 7163 eventuelle kostnader knytt til desse aktivitetane.

Anna ressursbruk

I tillegg kjem fylkeskommunen si deltaking i ulike prosjekt, til dømes som partner eller prosjekteigar, der klima- og miljøperspektivet er eitt av fleire. Slike prosjekt har heller ikkje eigne stillingsressursar, og vert i hovudsak organisert gjennom sektorane, med støtte frå koordinatoren ved behov. Prosjekta er ikkje knytt direkte til tenesteområde 7163, og vert difor ikkje omfatta av utgreiinga med tanke på innsparingspotensiale.

3.2 Tilskotsordningar

Det er oppretta to tilskotsordningar i klima- og miljøarbeidet. Ei som går til utbyggerar av hurtigladepunkt for el-bil, og ei som går til bedrifter som ønskjer å miljøsertifisere seg.

Tilskot til utbygging av hurtigladepunkt fungerer som utløysande finansiering, og vert gjeve berre dersom søkjar får hovudfinansiering frå Enova. Det er i dag bygd hurtiglading på Oppedal kai, i Førde, på Vassenden og på Sandane, medan stasjonar på Nordfjordeid og i Florø er under planlegging. Det er ikkje lyst ut midlar for 2015, grunna uvisse kring dei nye stønadsordningane for privattransport etter fusjonen mellom Transnova og Enova. Hovudutvalet for plan og næring godkjende i møte den 09.04.15 ei endra disponering av desse midlane til ei anna miljøsertifisering, innanfor samferdsle og næringsutvikling – «Hydrogen som energibærer».

Tilskotsordninga for miljøsertifisering gjev søkarbedrifter som oppfyller krava, inntil kr. 20 000 i støtte til gjennomføring av sertifiseringa. Midlane vart lyst ut i november 2014, og 6 bedrifter har fått tilskot hittil. Ordninga er basert på INU-midlar, og vert i 2015 ikkje henta frå tenesteområde 7163.

3.3 Utviklingsavtalar med eksterne samarbeidspartar

Plan- og samfunnsavdelinga har utviklingsavtalar med to fylkesdekkande organisasjonar, 4H og Naturvernforbundet. I tillegg til økonomisk støtte frå fylkeskommunen, kr. 100 000 til kvar organisasjon, legg avtalane opp til gjensidige ytingar, mellom anna i form av prosjektsamarbeid og kunnskapsdeling. Denne type avtalane er vurdert i utgreiing nr. 24, samhandling med fylkesdekkande organisasjonar. Kostnadane til desse to avtalane vert henta frå klimabudsjettet, teneste 7163, og vurdering av innsparingspotensialet er difor med i denne utgreiinga.

Fylkeskommunen har og samarbeidsavtalar med Sogn Jord- og hagebruksskule om satsinga på økologisk mat i dei vidaregåande skulane, med United World College om prosjektet «Møteplass for mangfald» samt kunnskapsdeling og internasjonale klimavitnemål, i tillegg til samarbeidet med Ungt Entreprenørskap om det grønne skiftet og ein pris for beste klimatiltak blant ungdomsbedrifter.

3.4 Intern koordinering av arbeidet

I tillegg til å bidra i dei nemnte interne samarbeida om konkrete oppgåver og prosjekt, skal koordinatoren for klima- og miljøarbeidet administrere den tverrfaglege klimagruppa. Gjeremål knytt til denne funksjonen er å ta i mot og vidaresende relevant informasjon, samordne eventuelle høyringssvar eller fråsegnar til politiske saker, vere pådrivar for ein felles fagleg plattform og nødvendige kompetansehevingstiltak, samt å motivere og engasjere til arbeid for klima og miljø.

Gruppa fungerer som eit treffpunkt der medlemmane vert oppdatert på arbeidet elles i organisasjonen, eit diskusjonsforum og ei kjelde til fagleg påfyll. Nyleg starta ein opp med å invitere inn ein ekstern fagressurs til møta, som ein måte å bygge kunnskap og ei felles referanseramme.

3.5 Oppfølging av eksterne samarbeidspartar

Det er koordinatoren som tek seg av kommunikasjon med eksterne interessentar i klima- og miljøarbeidet, med nokre unntak i større prosjekt der fylkesdirektørane for næring eller plan og samfunn har leiande roller.

Dei sentrale interessentane i klima og miljøarbeidet er regionale styresmakter, forskings- og utdanningsinstitusjonar og aktørar med ansvarsområde i handlingsprogrammet, som Fylkesmannen, NVE, Statens Vegvesen, Innovasjon Noreg, HiSF, Kunnskapsparken SF og Vestlandsforskning. Kommunane, lag og organisasjonar samt næringslivet er andre viktige samarbeidspartar.

4.0 Problemstillingane i mandatet - drøfting

Fylkeskommunen sitt klima- og miljøarbeid hadde i 2010 eit budsjett på kr. 2 200 000. I 2015 er budsjettet redusert til kr. 1 900 000. I mellomtida er det vedteke eit omfattande handlingsprogram som føreset brei involvering både eksternt og internt. I 2014 hadde ein to 100 % stillingar knytt til plan- og samfunnsavdelinga i oppfølginga av dette, der den eine var prosjektfinansiert. For 2015 er personalressursane redusert til ein 100 % stilling.

På bakgrunn av dette har ein for 2015, som vist ovanfor, samla fleire av tiltaka i handlingsprogrammet i større satsingar. Samstundes har politikarane bedt om at det vert utvikla tydelegare styringssignal for vidareføring av arbeidet, noko som vart konkretisert gjennom vedtaket i HPN den 17.02.15, i samband med rapportering av status på handlingsprogrammet.

I tillegg til evalueringa som vert gjort i høve rulleringa av handlingsprogrammet hausten 2015, vil det såleis kome konkrete framlegg til korleis organisasjonen kan ta ei tydeleg rolle på dei områda fylkeskommunen har makt til å styrke klimaarbeidet. Til dømes ved anbod på buss, båt og bygg.

Dagens situasjon i fylkeskommunen sitt arbeid med klima og miljø kan summerast opp slik, jamfør utgreiinga ovanfor:

- ∞ Grunna personalsituasjonen på plan- og samfunnsavdelinga (ei langtidssjukmelding og fleire som slutta i stillingane sine) fekk ein ikkje nytta midlane på 2014-budsjettet fullt ut.
- ∞ Føringsane ein har fått frå hovudutvalet for arbeidet fram mot rullering hausten 2015 er tilpassa ressurstilgangen.
- ∞ Det er høg aktivitet og intensitet i det eksterne arbeidet, og ein jobbar med ein eigen informasjons- og kommunikasjonsstrategi for å nå ut med klima- og miljøbodskapen til fleire interessentar i fylket. Særleg kommunane, næringslivet og friviljug sektor sine bidrag til det grønne skiftet og fylket sitt framtidsbilete vil bli vektlagt. Kontakta og samhandlinga med aktørar som KS og Fylkesmannen er styrka og vert vidareutvikla.
- ∞ Internt er ein i ferd med å etablere ei felles forståing, god samhandling og tenlege prosessar i arbeidet. Oppfølginga av handlingsprogrammet er på enkelte område avhengig av initiativ frå koordinatoren, medan sektorane og driftseiningane i stor grad er sjølvgåande innafor andre oppgåver.

Nedanfor følgjer ei vurdering av tenesteområdet sett i lys av grunnprinsippa for *SFJ 2019*:

1. Kvalitet i alle vidareførte oppgåver

Handlingsprogrammet for klima og miljø er omfattande og føreset brei involvering både eksternt og internt. Dersom fylkeskommunen skal imøtekome dette ambisjonsnivået, og såleis gje eit reelt bidrag til det grønne skiftet, må ein syte for kvalitet i oppgåvene som vert utført. Ved eventuelle kutt i budsjettet bør ein difor gjere ei grundig evaluering, prioritering og kvalitetssikring av oppgåvene, for

å kunne vurdere om ein skal justere ambisjonsnivået og/eller omorganisere arbeidet. Uavhengig av budsjettssituasjon kan kvaliteten på oppgåvene stadig forbetrast, og ein mogleg strategi er å skape ein felles fagleg kunnskap om klima og miljø i organisasjonen. Innlegg frå eksterne aktørar på møta i den tverrfaglege klimagruppa kan bidra til dette.

2. Tydeleg oppgåve- og ansvarsdeling

Vurderingar knytt til oppgåve- og ansvarsdeling mellom aktørar i den regionale partnerskapen er omtala under pkt. 4. Når det gjeld den interne oppgåve- og ansvarsdelinga, gjev ordninga med å ha ein samlande koordinatorfunksjon god oversikt over framdrift og om vi når mål i klima- og miljøarbeidet. I tillegg fører det truleg til mindre usikkerheit knytt til oppgåve- og ansvarsdelinga, då det i hovudsak er slik at koordinatoren har ei pådrivarrolle og bidreg til praktisk gjennomføring av oppgåver ved behov. Der bør vere ein gjensidig avhengigheit mellom sektorane og koordinatoren, der ein utfyller kvarandre med kunnskap, kompetanse og perspektiv. Samstundes er det tenleg for arbeidet at sektorane får auka innsikt i korleis klima og miljø er relevant innanfor deira ansvarsområde.

3. Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar

Klima og miljøomsyna står sentralt i utviklinga av funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar. Kunnskap om konsekvensane av klimaendringar for ulike utbyggingsstrategiar, tilrettelegging for kollektivtransport og energiforsyning er avgjerande for å ta rette val i organiseringa av samfunnet. Kunnskapsutvikling og informasjon om utsleppsreduksjon og klimatilpassing vil difor kunne ha stor påverknad på arealbruk, transportstrategiar og den overordna samfunnsplanlegginga, om målet er sterkare og meir funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar.

4. Tydeleg rolle i den regionale partnerskapen

Klima- og miljøarbeidet på regionalt nivå er delt mellom aktørar som fylkeskommunen, Fylkesmannen, NVE, Innovasjon Noreg, KS, Statens Vegvesen. Fylkeskommunen har hatt ei samlande og koordinerande rolle i dette arbeidet gjennom sekretariatsfunksjonen til styringsgruppa for klimasamarbeid. Denne rolla vert styrkt og vidareutvikla gjennom eit klimaprojektet retta mot kommunane, der ein no ventar på handsaming av søknad om ekstern finansiering. Prosjektet er tenkt starta opp i 2015.

5. Langsiktige avgjerder

Klimaendringane vil få omfattande konsekvensar for fylket, til dømes i form av auka nedbørsmengde, havnivåstiging og meir flaum og skred. Kommunar, næringsliv og privatpersonar vil bli råka. Sogn og Fjordane må ta sin del av ansvaret for å bremse denne utviklinga, både i form av utsleppsreduksjon og klimatilpassingstiltak. Forskinga viser at det hastar med å omstille seg og innføre dei langsiktige tiltaka. Med dagens utvikling er vi på veg mot 4-6 grader global oppvarming, og ikkje 2 grader, som er dagens mål. Dette betyr at dersom vi ventar i 10 år med å gjennomføre omfattande tiltak, vil vi frå 2025 til 2050 måtte redusere utsleppa av klimagassar med 90% i året globalt. Dette vil medføre stadig strengare nasjonale krav til regional og lokal gjennomføring av klimapolitikk. Arbeidet med utsleppsreduksjon bør difor trappast opp monaleg allereie no. Samstundes viser forskinga at over halvparten av framtidige arbeidsplassar og yrker enno ikkje er skapt, og det grønne skiftet kan gje gode mulegheiter for langsiktig utvikling i fylket.

6. Alternative finansieringskjelder

Dei fleste store finansieringsordningane ser det grønne skiftet som ei sentral samfunnsutfordring. Ved å vere tydeleg på målsetjingar innanfor klima og miljø kan fylkeskommunen, åleine eller saman med

regionale eller internasjonale partnerar, hente inn betydelege midlar til vidare arbeid. Dette krev at koordinatoren og ansvarspersonar ute i sektorane har «søkarkompetanse» og får sett av tid og ressursar til å finansiere opp konkrete prosjekt.

5.0 Innsparingspotensiale og konsekvensar

Nedanfor følgjer ei oversikt over dei mest omfattande alternativa for innsparing av administrative og økonomiske ressursar, samt ei vurdering av konsekvensane dei ulike alternativa kan få. Det er sjølvsagt mogleg å lage ei rad modellar mellom desse ytterpunkta, men det blir meir ein politisk diskusjon om kva ein ynskjer stå att med av fylkeskommunalt ansvar og oppgåver.

Alternativ 1: Innsparing av 100 % stillingsressurs og kr 900 000

Tenestoområde	Innsparing stillingsressurs	Innsparing budsjett
7163	100 %	900 000,-
Totalt	100%	900 000,-

Dette er det mest omfattande alternativet, og inneber at handlingsprogrammet til fylkesdelplan for klima og miljø ikkje kan gjennomførast slik det er lagt opp til i dag. Budsjettet vert bortimot halvert og stillingsressursen fell bort. Arbeidet som eventuelt vert vidareført og som rettar seg mot dei eksterne aktørane, slike som den regionale partnerskapen, kommunane, organisasjonar og næringslivet, må då bli redusert til eit nivå som er tilpassa ein avgrensa tilgang på økonomiske verkemiddel. I tillegg må både dei eksterne oppgåvene og ansvaret for den interne klima- og miljø-satsinga fordelast i organisasjonen. I dag er det er arbeidsfordeling mellom koordinatoren og fagpersonar i sektorane, der dei utfyller kvarandre. Sidan fleire av prosjekta er finansiert av tenestoområde 7163, bør ei eventuell strukturell omorganisering gjennomførast gradvis og over tid.

Alternativ 2: Innsparing kr 900 000

Tenestoområde	Innsparing stillingsressurs	Innsparing budsjett
7163	0%	900 000,-
Totalt	0%	900 000,-

Dette alternativet inneber at både det interne og eksterne klima- og miljøarbeidet vert redusert til eit nivå som er tilpassa ein avgrensa tilgang på økonomiske verkemiddel, då budsjettet vert bortimot halvert. Enkelte satsingar i handlingsprogrammet kan framleis vidareførast, men vi bør gjere ei politisk evaluering, prioritering og kvalitetssikring av kva tiltak dette skal vere.

Alternativ 3: Innsparing 100 % stillingsressurs

Tenestoområde	Innsparing stillingsressurs	Innsparing budsjett
7163	100 %	0,-
Totalt	100%	0,-

Dette alternativet inneber at aktivitetsnivået internt og eksternt kan oppretthaldast der ein ikkje er avhengig av koordinatorfunksjonen for å gjennomføre prosjekta. Truleg vil ein misse noko av samordningsgevinsten og framdrifta ved å ha ei koordinatorstilling, og dette må ein i tilfelle kompensere for ved å fordele dei samordnande oppgåvene i organisasjonen. Konsekvensen kan og bli at meir av prosjektmidlane vil bli nytta til prosjektstyring og mindre til gjennomføring av tiltaka.

Alternativ 4: Delvis innsparing gjennom heilskapleg politisk vurdering

Tenesteområde	Innsparing stillingsressurs	Innsparing budsjett
7163	?%	?,-
Totalt	?%	?,-

Dette alternativet inneber at ein må gå inn og gjere ei heilskapleg politisk vurdering av klima- og miljøarbeidet til fylkeskommunen – kva satsingsområde ein bør prioritere og kva behov ein har for eventuelle stillingsressursar. Eit viktig moment i denne vurderinga er kva for område fylkeskommunen står i ein sentral posisjon til å bidra i det grønne skiftet. Ut frå ein slik debatt kan ein då legge eit nivå på stillingsstorleik og frie midlar til prosjekt. Fylkesdirektøren meiner ei slik vurdering må skje gjennom ein politisk prosess, og kan være eit neste steg i omstillingsarbeidet.

6.0 Samordning og kompenserande tiltak

I og med at klima- og miljøarbeidet i fylkeskommunen har ein koordinator og ei tverrfagleg klimagruppe er nokon av dei potensielle samordningsgevinstane allereie teke ut, til dømes kontroll med framdrift og om vi når måla i høve til handlingsprogrammet. Likevel er der rom for forbetring:

- ∞ Fagpersonar i sektorane som har oppgåver der klima- og miljøperspektivet er relevant bør ha ein grunnleggande kunnskap om dette området, og i tillegg ha «søkarkompetanse» for å kunne hente inn ekstern prosjektfinansiering.
- ∞ Det administrative og det politiske miljøet treng ei felles forståing for korleis klimaendringane vil påverke fylket, og kva som kan gjerast for å møte utviklinga. Fylkeskommunen sitt klima- og miljøarbeid bidreg til å skaffe nødvendig kunnskap, men denne kunnskapen kan med fordel utnyttast endå betre i den regionale samfunnsutviklinga. Klima- og miljøomsyn er eit gjennomgåande perspektiv i all aktivitet, og ein mogleg samordningsvinst kan til dømes vere å kople dette betre saman med regionale planar.
- ∞ Ved eventuelle kutt i koordineringsfunksjonen bør ein kompensere for dette ved å fordele ansvaret for kompetanseheving, organisering av større tverrfaglege prosjekt, intern samordning og oppfølging av eksterne samarbeidspartar i sektorane.

7.0 Konklusjon

Handlingsprogrammet for klima- og miljøarbeidet i fylkeskommunen er omfattande, medan stillingsressursar og budsjett er gradvis redusert. På grunn av tydelegare politiske styringssignal og ei samling av fleire tiltak i større satsingar har ein klart å tilpasse arbeidet til desse rammene. Betydelege innsparingar i budsjettet vil truleg ikkje bety ei nedlegging av klima- og miljøarbeidet i fylkeskommunen, men vil krevje ei atskilleg tøffare prioritering av aktiviteten og muleg omorganisering av ansvar- og oppgåvefordeling.